

Velkommen til Gardssogene



Band 3

SYKKYLVEN
Gardssoga III

[Til innhald](#)

2

Til innhald

Sats, trykk og innbinding:
Norbok a/s, Oslo/Gjøvik
ISBN 82-990986-0-2

SYKKYLVEN

GARDSSOGA III

AV MARTIN GJÆVENES
UTGJEVEN AV SYKKYLVEN SOGENEMND

1983



Martin Gjævenes

INNHALD

Forord av Sykkylven Sogenemnd	7
Forord	9
Forkortingar	13
Mynt, mål og vekt	14
Fisket (sjå Hundeidvik)	485
Blakstad gnr 44	365
Erstad gnr 37	134
Gjævenes gnr 57	669
Hatlemark gnr 49	461
Hellen gnr 40	241
Hovden gnr 52	528
Hundeide gnr 56	650
Hundeidvik	482
Ikornnes Indre gnr 41	255
Ikornnes Ytre gnr 42	279
James gnr 43	316
Kurset gnr 50	490
Kursetgjerde gnr 51	513
Midtgård gnr 55	614
Myrset gnr 53	549
Riksheim gnr 36	74
Riksheimgjerde gnr 35	61
Stave gnr 38	175
Straumsheim gnr 34	18
Svartebekk gnr 48	444
Sætre gnr 39	199
Sørestranda	17
Tu gnr 47	429
Tusvik gnr 46	402
Tusvikbygda	365

Utgård gnr 54	563
Våtmyr gnr 45	393
Bumerke	695
Kjelder	698
Rettingar til «Utvandrarane frå Sykkylven»	700
Rettingar til Gardssoga I	702
Rettingar til Gardssoga II	703

FORORD AV SOGENEMNDA

Dei to første banda av Gardssoga for Sykkylven kom ut i 1972 og 1975. Då forfattaren, Gustav Weiberg Aurdal, døydde før band 2 var klart til trykking, tok lektor Martin Gjævenes på seg fullføringa og han har sidan arbeidd vidare med gardssoga for resten av bygda (Gnr. 34 - gnr. 78) Omfanget av alt dette gjorde det nødvendig å dele stoffet på to bøker: Band 3 som omfattar Sørestranda til Gjævenes og band 4 med dei tidlegare ørskoggardane, (Ramstaddal, Søvikdal og Furstranda.)

Sogenemnda vil takke alle som har hjelpt til med opplysningar og med foto - ein stor del av bileta i desse to banda er ved Jon Hole. Likeeins vil vi takke bankane i Sykkylven for kjærkomen stønad, det meste av kostnaden ved skriving og utgjeving av gardssoga er elles dekt av Sykkylven kommune.

Ved sida av forfattarane er det formannen i nemnda gjennom ei årrekkje, Leif O. Ramstad, som har stått for den største innsatsen og det var eit hardt slag for oss då han fall i frå i 1981.

Sykkylven, november 1982.

SYKKYLVEN SOGENEMND

Agnes Eidem, Per Arne Aursnes, Norvald Fet

Trygve Straume, Hans Tu, Hans Petter Tynes,

Sverre Andestad, formann.

Til innhald

FORORD

Som nemnt i fororda til band 1 og 2 av gardssoga for Sykkylven hjelpte eg til litt med bd 1, og noko meir med bd 2, sidan eg då var pensjonist og budde nær Riksarkivet.

Då Gustav Weiberg-Aurdal på grunn av sjukdom ikkje kunne fullføre gardssoga, ville han at eg skulle ta på meg det, og det var vel han som fekk Sykkylven Sogelag til å vende seg til meg. Rett nok skreiv eg den første boka Sogelaget gav ut, «Utvandrarane frå Sykkylven» (1957), men det var «i ei anna gate» og eg var yngre.

Det var under stor tvil eg tok på meg dette arbeidet. Eg var over 70 år og sjuk (emfysem og kronisk bronkitt). Eg kan nemne at eg måtte søkje om dispensasjon frå parkeringsforbodet ved hovudinngangen til Riksarkivet fordi det var ei for stor påkjenning å gå opp bakken frå Sognsvann. Lokalkjende vil då forstå at det stod heller dårleg til, og at sjukdom og høg alder har seinka arbeidet.

Eg fann fort ut at eg måtte følgje same opplegget som Gustav Weiberg-Aurdal hadde brukt. Dette ikkje berre for einskapen si skuld, men fordi ei gjennomarbeiding av stoffet slik eg hadde gjort det i utvandrarboka ville ha mindre interesse når ikkje heile bygda var med.

Gardane er ordna etter gardsnummer, bruka etter bruksnummer. Men alle bruk som er utskilde frå eit hovudbruk vert tekne med før neste hovudbruk. Dei utskilde bruka kjem då først og fremst i kronologisk orden. Men dersom eit utskilt bruk, t.d. bnr 5, sjølv har eitt eller fleire utskilde bruk, kjem desse like etter bnr 5, før ein går vidare med dei utskilde bruka frå hovudbruket. Avvik frå kronologisk orden kan det verte når ein brukar har jordstykke frå meir enn eitt bruk. Då vert alle stykka nemnde under denne brukaren, og dessutan under dei bruk stykka er utskilde frå. Omtalen av Kraftverket står sist under Riksheim, utan omsyn til bruksnummer. Plassar utan bruksnummer vert tekne med der det høver best kronologisk.

Som døme på ordninga kan eg nemne Erstad. Der er 4 hovudbruk, 1, 3, 4 og 5 (bnr 2 er ein plass utskild frå bnr 1). Ein skulle då få rekkja 1, 2, 3, 4, 5. Men bnr 3 og 5 kjem frå same eldre bruk A og må kome etter

kvarandre. Då har ein valet mellom 1, 2, 3, 5, 4 og 1, 2, 4, 3, 5. Eg har valt det siste. - Melset er døme på at bruk av bokstavar A, B osv. er nyttige som nemningar på eldre bruk som utviklar seg til to eller fleire nyare bruk. *Sjå elles rekkjefølgja av bnr etter kvar gard.*

Dei tala eg oftast har teke med frå arkivkjelder er slike som gir ein peikepinn på storleiken av eit bruk, ved bygsling oftast mællag. Frå 1600-talet og 1700-talet nemner eg for visse år også tienda, men den må ikkje brukast til å rekne ut storleiken av avlingane.

Dei store fabrikkane har ført til at svært mange fabrikkarbeidarar har kjøpt seg tomt og bygt seg hus. Slike vert stundom for spøk kalla «husmenn». Mange fagfolk, som gjerne vil ha med mest mogleg om «skikkelege» husmenn, synest det fører for langt å ta med slike nye «husmenn». Eg synest dei bør vere med. På Sætre er eit stort bruk delt opp i hustomter. Det fortel sitt i gardssoga, på same måten som gamle gardsbruk kan høyre heime i ei bysoge. Dessutan høyrer svært mange av desse huseigarane til dei gamle slektene i bygda.

Her må nemnast at dei husmennene frå først på 1600-talet som er nemnde til slutt under mange gardar, ikkje alltid var det vi til vanleg meiner med husmenn. Både på 1600-talet og før vart «husmenn» brukt om fleire kategoriar: mindre gardbrukarar, handverkarar og andre jordlause. Omgrepet «husmann» var altså på den tida nokså utflytande. (Sjå Andreas Holmsen: Gård, skatt og matrikkel).

I band I og II er brukt dialektordet «truske» i staden for «treskje». Eg har valt å gjere det same.

Fleire stader vil lesaren treffe på ordet «ihlje» = litle. Utan spesielle fonetiske teikn veit eg ingen betre måte å gi att dialektuttalen på. Etter *i* kjem ein kort *h*, så det som vi filologar kallar kviskrande *l*, så ein svak *j*-lyd før *e*. Den kviskrande *l* vert laga ved at luftstraumen går ut på eine sida av tunga, (hjá forfattaren på venstre sida). Når folk som ikkje kjenner denne dialekt-uttalen prøver å seie «ihlje», vert det gjerne «ilkje», som er feil. Her er ingen *kj*-lyd. Sjå elles omtalen av gardsnamnet Hatlemark (gnr 49).

Mange ser ut til å tru at berre dei brukar mange nok *a*'ar vert det god nynorsk. Eksempel frå TV-tekst: Han lukka døra = han lét at døra. Mange verb som før har hatt *-e* i fortid, ser ein meir og meir med *-a*. Døme: Han flytte til byen. Dei gifte seg. Eg meiner eg har ein god dialekt å byggje på når eg brukar *-e* i slike verb.

Det ville føre for langt å nemne alle som fortener takk for å ha hjelpt til på ein eller annan måte. Eitt namn skil seg så tydeleg ut at eg får takke dei andre samla og unemnde.

Den eine er Lars O. Utgård frå Ytstemyr. Nærare om den innsatsen han har gjort finn ein under bnr 10 Utgård. Eg takkar han hjarteleg for den eineståande hjelpa med innsamling av stoff frå Hundeidvik.

Noko av stoffet kritikarar vil sakne er å finne i «Sykkylven i eldre tid I» av Ola Tandstad. I ein samtale på Norsk Lokalhistorisk Institutt nemnde eg at tydinga av gardsnamn var å finne i Tandstad si bok. Då sa fagmannen: Ta det med likevel i gardssoga, det er der det høyrer heime. Namnetydingane i Tandstad si bok er det lektor Thomas Vinje som har skrive. Han er fagmann på området, og i fleire høve har eg vist til sidetalet der særleg gode tydingar finst. Sjølv har eg kunna rette på Rygh sin omtale av den lokale uttalen, der han ofte tek feil når det gjeld tonelaget. *Kart over bygda* finn ein i boka «Utvandrarane frå Sykkylven» av Martin Gjævenes.

Eg seier som Hans Strøm til «strenge Dommere»: Eg ber dei «sætte sig i mine omstendigheder, og selv lægge Haand paa saadant Værk»

Martin Gjævenes

FORKORTINGAR

alb. - albus (liten mynt)
bd - band (t.d. av gardssoga)
Bhl - Bergenhus lensrekneskap
blk - blandkorn, halvbygg
bnr - bruksnummer
br - brukar, bruk
Bst - Bergens Stiftamtsstuerrekneskap
d - død
dg - dag(ar), døgn
dlr - dalar, i samansetjingar: skylddlr, slettdlr
dp - døypt
ek. - enkje
em. - enkjemann
f - fødd
fj - fjerding, fjerdingskar
fm - formyndar
g - gift med, gift; garden, i slutten av bruksnamn: Peg.
gn. - gammalnorsk
g p br, g p pl - gift på bruket (plassen)
grf - gravferd
k. - kone
kf - konfirmert, konfirmasjon
lm - leiermål, samlege
lnr - løpenummer
lv - lagverje
M - skyldmark
mnd - månad (er)
mk - mark, merker
MFR - Møre Fylkes Ruteselskap
Mpls - Minneapolis
MRF - Møre og Romsdals Fylkesbåtar

NRF - (ein kurase)
NSSTb - Nordre Sunnmøre Sorenskriveris Tingbok
pd - pund
pk - pakke
R - i Løset R = Løset i Ramstaddalen
RA - Riksarkivet
rbd - riksbankdalar
rd - riksdalar
rev. - revidert
S - i Løset S = Løset i Søykdalen
SB - Statsarkivet i Bergen
SET - Sykkylven i eldre tid I. av Ola Tandstad.
SHLT - Sunnmøre historiske lags tidsskrift
sk. - skifte
skill. - skilling
Sm. Fb - Søndmøre Folkeblad
Smp - Sunnmørsposten
spd - spesidalar
SS Billag - Stranda og Sykkylven Billag
SSTb - Sunnmøre Sorenskriveris Tingbok
ST - Statsarkivet i Trondheim
Stranda III - bygdebok for Stranda bd 3 (do.v/ andre bygder)
t - tønne
uavh. dok. - uavhentede tinglyste dokument frå sorenskriveren på Sunnmøre (fleire pk i ST).
u f r - utan frådrag (i skylda)
ug - ugift
utvs nr - utvandrarsoge-nummer: personnummer i Utvandarane frå Sykkylven av Martin Gjævenes.
v - våg
Å.H.& Sj. - Ålesunds Handels- og Sjøfartstidende

1 riksdalar = 4 ort eller 6 mark = 96 skill
1 riksbankdalar = 6 riksbankmark = 96 riksbankskilling
(særleg 1813-1816).
1 spesidalar = 5 ort = 120 skilling
1 slettdalar = 4 slettmark à 16 skill. dansk.

1 bytønne = 4 mæler - 16 fjerdingar = 162 l
1 mæle = 40,51 l, 1 fjerding = 10,3 l
(Både på 1600-talet og seinare finn ein
døme på at korntønna vart delt i 3 mæler).
1 tønne = 8 skjepper
1 våg = 3 pund = 72 mark
1 våg = 4 mællag = 72 mark
1 alen = 62,8 cm til 1824, sidan 62,75 cm
1 rode = 5 alen
1 stang = 3,796 m

[Til innhald](#)

Til innhald

SØRESTRANDA

Dei gardane det skal forteljast om i band III, har gardsnummer frå 34 til 57. Desse reknar ein høyrer til tre ulike grender: Sørestranda, Tusvik-bygda og Hundeidvik.

Til Sørestranda høyrer gardane på sørsida av Sykkylvsfjorden, frå og med Straumsheim til og med Jarnes. Det er om lag ei mil mellom desse to gardane, og mellom dei ligg, rekna innanfrå og utover, Riksheimgjerde, Riksheim, Erstad, Stave, Sætre, Hellen, Indre Ikornnes og Ytre Ikornnes.

Kring midten av 1800-talet stod det dårleg til med vegsambandet i denne delen av bygda. Ikkje var der bru over Straumen mellom Fitjavatnet og fjorden. Og vegen mellom Jarnes og Myrset var nesten ferdig før kommunestyret fann at tida var inne til å kome i gang med Sørestrandvegen. I 1842 ville fylkesstyret vite om vegen frå Myrset til Jarnes skulle forlengjast innover Sørestranda. Kommunestyret ville vente til ein såg om fylket vedtok at postvegen skulle gå gjennom Sykkylven. I 1844 søkte brukarane på begge sider av Straumen om å ta bru over, og i 1849 fekk dei lov av formannskapet å ta material som vart til overs frå Aure-brua. Etter ein søknad frå Johannes Stave om bygdeveg på Sørestranda, fekk han dette svaret (1850): «Selv om billighet taler for at en bygdevei oparbeides fant man dog betenkelighet ved å anbefale andragendet, dels på grund av at arbeidsstyrken på bygdeveien mellem Tusvik og Hundeidvik ville svekkes, dels befrykter man at prosjektet ville forvolde nye og betydelige udgifter for kommunen, då terrenget mellem Ekornes og Riksem er av den beskaffenhet at flere nye broer . . . måtte opføres». Vedtaket i kommunestyret var då at søkjarane bør garantere at kommunen ikkje får utgifter til vegen, og dei må sjølve ta på seg arbeidet, elles må «prosjektet frarådes». Ny søknad i 1866. Samrøystes vedtak i kommunestyret: «Veien erkjendes ikke for offentlig vei, men ansees veien uvedkommende for den fælles kommune».

Sørestrandarane gav seg ikkje, og i april 1867 gjorde kommunestyret vedtak om at denne vegen kunne opparbeidast på det vilkår at gardbru-

karane avstod grunn og fyll utan vederlag og at dei bygde dei bruene som trøngst.

Det kan sjå ut som om kommunestyret var lite interessert i vegspørsmål. Men vegbudsjettet var størst på kommunebudsjettet kvart år i denne tida.

I 1871 søkte sørestrandarane om utstikking av den påtenkte vegen på kommunen si rekning. Svar: Der skal oppnemnst tre mann til utstikkinga, og for deira arbeid løyver kommunen 2 spd og «reserverer sig mod enhver anden udgift i anledning denne vei».

Samrøystes vedtak i kommunestyret 2/12 1876: Ein godkjenner veglinja på det vilkår at vedkomande bygdelag innan utgangen av 1877 har arbeidt opp vegen utan utgift for kommunen.

Så vart då vegen endeleg opparbeidd, men vart enno i mange år nokså uferdig. I 1889 vart det vedteke at Knut T. Stave skulle få lov til å leggje om vegen gjennom tunet sitt dersom det ikkje kom til å koste kommunen noko. Same året skulle der byggjast «kloppe- og hellebro» ved Riksheim og ved Stave. Då rådde veginspektøren kommunestyret til å godta tilbodet frå Brunstad-Magnus om å byggje brua ved Riksheim for 20 kr. og den ved Stave for 30 kr. mot vanleg pliktarbeid.

Den ytste delen av Sørestranda, frå og med Sætre til og med Jarnes, har endra seg meir enn nokon annan del av bygda. Og grunnen er klar nok: Her ligg Ekornes Fabrikker.

Gnr 34 STRAUMSHEIM [Til innhald](#)

Garden har namn etter «den korte strøm mellem fjorden og Fetvandet» (Rygh). Av eldre former kan nemnst Strømsym (1520), Strømsim (1629), Strømsimb (1634) og Strømsemb (1680). Seinare i lang tid Strømsem. Og etter at forma Strømsheim vart vanleg på 1800-talet, og forma Straumsheim vart teken i bruk då landsmålet tok til å vinne fram i skulen, har desse to formene begge vore brukte som familienamn. Men i talemålet har vel namnet alltid hatt «au» i første staving. Hundeidvikarar har sagt «innj onde Strauma» når dei meinte Straumsheim eller dei andre gardane ved enden av Sykkylvsfjorden.

Både gardsnamnet og lægjet tyder på at dette er ein gammal gard. Vi finn elles namnet i dei gamle sunnmørsættlegga frå 1100-1200-talet. Men garden kan vere mykje eldre. Det er prova at det fanst gardar med namn som enda på -heim før 500 e. Kr., og der er endå eldre spor etter åkerbruk på Sunnmøre.

Straumsheim ligg inst inne ved Sykkylvsfjorden og ved nordenden av



Dei 4 hovudbruka på Straumsheim. Frå venstre: Andersgarden, Tormodgarden, Olagarden og Ellendgarden. I bakgrunnen ein snipp av Fitja-vatnet, til høgre fotballplassen.

Fitjavatnet. Rett overfor garden ligg det over 3000 fot høge Straumshornet som stengjer noko for morgonsola. Midtsommars slepp solskinnet ned til garden ved ½8-tida. Garden har eit sentralt lægje, og tuna ligg frå 100 til 200 m frå hovudvegen. Grensar til Fet, som ligg ved andre enden av Fitjavatnet, men avstanden dit er så stor at ein ikkje gjerne tenkjer på Fet og Straumsheim som grannegardar.

I aust ligg utmark og fjell, i nord Riksheimgjerde; og fjorden og vatnet, med den korte Straumen i mellom, dannar grensa mot Straume og Straumgjerde.

Frå tidleg på 1600-talet hadde Straumsheim 4 jamstore bruk, og før utskiftinga i 1834 låg alle tuna tett i lag søraust for elva. For å få slutt på den gamle teigblandinga møttest alle brukarane i forlikskommissjonen, men det lukkast ikkje å kome til ei semje om ei utskifting «i mindelighed». Brukarane ville ha saka for retten etter lov av 17. august 1821. Den 6. august 1834 tok utskiftinga til og vart avslutta 4. oktober. Skjønnsmenn var Martinus Pedersen Dravlaus, Nils Andreas Olsen Fet, Klaus Amundsen Hole og Bendik Rasmussen Skarbø. Ein brukar måtte flytte ut frå gamletunet, og alle ville helst sleppe, for på den staden det eine

bruket skulle flyttast til såg det så armt ut, utan ei einaste åkerbot. Men lægjet var elles framifrå, og brukaren av Andersgarden såg vel at der kunne det bli til noko, Han gjekk med på å flytte og fekk sitt i eitt stykke. Det same fekk Ellendgarden, og dei to andre bruka fekk sitt i to stykke.

Husa stod den tida onnorleis enn i dag. Ovanfor Ola-stova heiter det Tuftene. Der stod truleg Anders-stova. Der stod og seinare stova til Brunstad-Berte, enkja etter Torstein Styrkensen Brunstad. Berte hadde kår av Ellendgarden, som mannen hennar åtte. Løene til Olagarden og Ellendgarden stod tett i lag. Ellend-løa stod delvis på Olagarden sin grunn heilt til 1911. «Løtropa» til Ellendgarden gjekk opp til gardsvegen på den eine sida, og stovetrappa til Olagarden gjekk ned til veggen på den andre sida. Stabburet i Tormodgarden stod midt i geila for krøtera.


I tida fram til siste århundreskiftet og litt lenger vart krøtera alltid gjette. Til utmarka følgde dei geila. På Straumsheim låg utmarksgarden så nær fram med elva at geila vart kort.

Setra ligg 1400 m i luftlinje frå garden, 300 m over havet. Berre ein nokså bratt sti fører til setra. Ei tid sende dei mjølka ned med streng. Alle hovudbruka hadde sel. Stølen er sameige. På stølen har det ikkje vore slege, og med seterdrifta vart det slutt kring 1937.

Men om dei ikkje slo på setra var småhøyslåtten omfattande og tidkrevjande. Kwart bruk hadde sine slætte. Andersgarden hadde eitt i Gjerda, innlagt av sams utmark. Kwart bruk hadde småhøymark oppe i bakkane, men her er ikkje minne om innlegg. Andersgarden hadde Teigen mot Riksheimgjerde. Tormodgarden hadde slåttemark rundt Bendikplassen, og Olagarden hadde slætte der br nr 11 kom sidan. Ute i Hesfonnene var sams slåteteigar. Inn mot Fitjabytet var eit slætte dei kalla Okseslættet. Der skulle den slå som heldt okse. Ellendgarden og Andersgarden hadde slætte saman, og Olagarden og Tormodgarden var saman om eit anna. Der brukte dei meiser for å ta graset ned til Øyrane og tørke det der. Så vart såtene delte mellom bruka. Ellendbruket åtte tørkeplassen. Slik slått vart det slutt med kring 1900. Kårfolket slo i Kolhammar-slættet inne i setremarka.

Før siste århundreskifte og ei tid utover brukte dei ikkje slåttemark til beite. Først i seinare tid tok dei til å gjerde inn til kalvebeite og anna. Den siste inngjerdinga av småhøymark vart gjord kring 1950.

Om trusking på Straumsheim fortel Petter O. Straumsheim i Ellendgarden: Som på andre gardar i bygda brukte dei langt ut på 1800-talet gamle, primitive reiskap, som har mange namn. Dei la kornbanda i ein ring på låven med kornet inn. Så slo dei på kornet med «tustre» ei stund. Sidan tok dei kvart nek opp i handa og då vart skjeddå brukt.



Gamle kvernhus på Straumsheim. I forgrunnen Ola-kvernhuset, lenger oppe Anders-kvernhuset. No er alle kvernhusa vekk.

Kring 1900 var der ei stor demning oppe på Straumsheimbakkane. Dei leidde Kolaelva ned, og så hadde dei eit stort vasshjul nede i garden med snor til truskehjulet. Etter utflyttinga med ny løe i Ellendgarden i 1911 vart vasshjulet nedlagt. Dei lyfte no opp øvste steinen på kverna og hadde hjul på kvernkallen og snor derifrå til truskemaskinen. Kring 1920 kom den elektriske motoren i bruk, og under siste verdskrigen kom det truskeverk på garden.

Skog og beite har vore sameige. Ein stad i utmarka går det ei fonn i same verlag som løyste ut fonn på Hjortdal og på Rise i Hjørundfjord. Fonnområdet er enno hopemark. For lang tid sidan var der torvmyr til garden, og den var og sameige.

Først på 1900-talet tok dei til med skogplanting, og der er rikeleg til eige bruk. Før kunne eit bruk ha 20 skogteigar, men ved siste utskiftinga (1968) vart skogen bytt etter skylda og kvart bruk fekk sitt samla. Men det vart særlege vedtak for barskogen.

Ei tid var der 9 kvernar på Straumsheim. Men ikkje alle hørde garden til. Straumgjerde og Straume hadde og kvernar her. - På 1700-talet var der mange saker mellom Straumsheim på den eine sida og Straume og Straumgjerde på den andre, og heile tida galdt det kvernbruk på Straums-

heim, som brukarane på dei andre gardane hevda dei hadde rett til etter ein gammal avtale om at Straumsheim-karane i staden fekk hogge i Straume sin skog til husvøling så lenge der var noko å finne.

Men Abelset-familien som åtte Straumsheim, tok til å krevje betaling for kvernbruken.

Det som gjorde tvisten akutt kring 1760 var at kverna til Tormod Straumsheim heldt på å forfalle slik at Lars Straume fann at han ikkje kunne bruke kverna lenger og måtte slutte å male der. Men han hadde i si tid vore med å kjøpe kverna og ville ha godtgjort det han hadde lagt ut.

I eit brev datert 6. juni 1761 skreiv Christopher Abelset til brorsonen Jørgen Abelset, som då var eigar av Straumsheim, at han syntest kravet til Lars Larssen Straume var rimeleg, og at Jørgen burde få ei nøytral nemnd til å fastsetje godtgjersla til Lars.

Men tvisten heldt fram, og særleg i åra 1777-1779 var saka framme på tinget gong etter gong. Etter ei synfaring på staden ser det ut til at det kom til ei semje. (SSTb nr 35 a-b).

Etter siste krig har det ikkje vore dyrka korn på garden.

Fiske har vore ei attåttnæring. Havfiske etter sild og torsk, og notbruk i fjordane. Saman med grannegardar var Straumsheim-karane med på den såkalla stornota, og hadde dessutan ei slengjenot berre for garden, «Straumsheim-slengjå». Dei siste basane på den var Lars Petter og Bernt Straumsheim. Fitjavatnet er òg fiskerikt. For ein mannsalder sidan kunne ein gardbrukar her selje laks og pjakk for bortimot 3000 kr. på eitt år.

Bedarlaget rakk ikkje utanom garden. Innan garden var det vanleg med «juledrikking». Det heitte «å drikke jul» like godt om der ikkje fanst øl eller anna sterkt.

Alle plassane under Straumsheim ligg utanfor hovudbruka, mellom desse og Riksheimjerde. Men tomter er selde både der og nærare hovudtuna.

EIGARAR

I dei gamle sunnmørsætlegga, som G. Storm gjorde greie for i Kristiania Videnskabsselskabs Forhandling (1875), går det fram at det budde ein rik jordeigar på Straumsheim mot slutten av 1100-talet. Det var Hedin Karlsson, som åtte både Straumsheim, Hjortdal og «Haffuenes» (som kanskje var Tjønes). Faren, Karl Berdorson på Straumsheim var gift med Tueid som var av herseslekta på Hjortdal. På denne tida var der truleg berre eitt bruk på Straumsheim. I 1626 vart Straumsheim kalla bondegods. I 1661 åtte Jakob Melchiorsen halve Straumsheim. Han var son til

Melchior Jakobsen i Hemne, som var gift med Mille Audensd., mor eller stykmor til Jakob. Frå henne fekk Jakob dette jordegodset i arv.

Den andre halvta av Straumsheim hadde Lars Olsen Abelset fått ved giftarmålet med Margrete Lagesd. Riksheim, dotter til handelsborgar Lage Jenssen Gamst på Riksheim. I 1672 var Lars Olsen Abelset eigar av heile Straumsheim, og sonen, Ole Larssen Abelset, fekk garden ved sk. etter faren i 1687. I 1699 vart Margrete Lagesd. skriven som eigar.

Ved sk. etter Ole Larssen Abelset var det sonen Jens som ervde Straumsheim. Han døydde ugift i 1754, og ved sk. etter han vart garden delt mellom to brorsøner, Jørgen Abelset med 3 v 9 mk og Mats med 1 v 1 pd 3 mk. I 1772 selde Mats Olagarden med bygsel og landskyld til presten Ebbe Karsten Tønder, og hadde då berre att eitt mællag, som Jørgen tok over kort tid etter. I 1787 selde enkja etter Jørgen, Ragnhild f Høeg, sin part i Straumsheim til futen Andreas Nordløv. I 1790-åra vart Nils Wind eigar av denne parten, men Nordløv må ha kjøpt alt tilbake før 1798, for ved skiftet etter Nordløv det året fekk dottera Anne Nordløv heile denne parten i Straumsheim, verdsett til 400 rd. Olagarden gjekk ved skøyte frå fru Tønder til dottera Elen Malene i 1797. Denne parten vart i 1802 verdsett til 180 rd. *Ein* eigar høver det vel her å omtale nærare sidan han var frå garden, men ikkje kjem med under Brukarar. Det var Ole Jakobsen Straumsheim frå Olagarden, betre kjend som kjøpmann O. Strøm i Ålesund. Han kjøpte farsgarden og dreiv først bygdehandel i kort tid frå ca. 1810. I 1815 var han komen til Ålesund og var ein av dei som søkte regjeringa om kjøpstadsrett for Ålesund. Han handla på Brunholmen og på Slinningen, der han og dreiv gjestgiveri. Han kjøpte alle hus på Brunholmen av Gunder Veibust for 600 spd i 1825, og kjøpte jord fleire stader, såleis hovudbruket på Giske og garden Vegsund. Desse bruka dreiv han med paktarar. Han arbeidde for å få vekk fisketienda, og Romsdals Budstikke har ei rekkje artiklar om den saka, særleg i 1845. O. Strøm åtte fleire farty, sluppar, skonnertar og briggar. Siste året han levde vart han likna for ei inntekt på 30 000 spd. Han døydde siste dagen i 1853 og lét etter seg ei eige på 80 000 spd.

MATRIKKELGARDEN

I 1717 var gnr for Straumsheim 133. Det neste 139, deretter 132, 135 og 95. Tidleg på 1600-talet hadde Straumsheim ei skyld på 3 v fiskeleige og dette heldt fram til kring 1660 då garden skatta av 4 v og var i skatteklasse «heil gard». I dei første åra på 1600-talet finn ein garden snart førd med smørskyld, snart med fiskeskyld. Ein finn begge jamvel på same liste, slik

at heile garden er førd med smørskyld, men kvar av brukarane med fiskeskyld. I 1667 vart skylda auka til 4 ½ v fisk og heldt seg på det til 1838, då den nye skylda vart 11 dlr 2 ort 8 skill. Ved matr. i 1890 vart skylda M 20, 55. Tienda var i 1667 5 t havre, ½ t bygg og 2 ½ pd ost. I 1717 5½ t havre, 1 t bygg og 2 pd ost. I 1774 var tienda 2 ort 16 skill. på kvar av dei 4 brukarane.

Leidangen var frå tidleg på 1600-talet 1 geiteskinn og 2 kalveskinn. I 1683 2 geiteskinn og 2 kalveskinn. I 1724 vart leidangen sett til 72 skill., ein auke frå 1683 med ein leidang som etter prisane då svarte til 48 skill., med 20 skill. for eit geiteskinn og 4 skill. for eit kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 3 mann

1604: 4 mann

1626: 4 mann. Sår 12 t havre.

1657: 4 mann. Krøtortal: 4 hestar, 1 okse, 39 kyr, 14 sauer og 17 geiter.

1667: 4 mann. Sår 16 t havre, avlar 55 t, kan fø 57 kyr og 4 hestar.

Brennefang.

1717: 4 mann. Sår 16 t havre, 2 t bygg, avlar 56 t havre, 10 t bygg. Kan fø 4 hestar og 44 kyr.

1724: 4 mann. Sår 3 t bygg, 16 t havre, avlar 10 t bygg, 56 t havre. Kan fø 44 kyr og 4 hestar. Nok skog til brenneved. Viss til korn. Lettbrukt. Seter.

1802: 4 mann. Bjørkeskog til brensel, sommararbeite i utmarka, nokså årviss kornavling.

1845: Sår 4 t bygg, 8 t blk, 14 t havre, 4 t poteter. Fôrar 4 hestar, 40 kyr, 64 sauer, 24 geiter, 4 griser.

1865: Åker og eng av god kvalitet. Meir jord kan dyrkast. Sår 19 t blk, 21 t havre, 19 t poteter. Avlar 110 t blk, 111 t havre, 92 t poteter. Fôrar 4 hestar, 43 storfe, 112 småfe. Særs god hamnegang, Litt lauvskog som førsurrgat. Litt bjørk til sal. Brennefang. Lettbrukt. Lett å kome til veg, sjø og marknad.

1875: Sår 14 t blk, 34 t havre, 18 t poteter. Fôrar 4 hestar, 3 føl, 48 kyr, 16 kalvar, 109 sauer, 9 geiter og 5 svin.

BRUKARAR

I eit tingsvitnemål frå 1577 (trykt i bd 2 s. 296) er tre mann frå Straumsheim nemnde. Det er Lars Eriksen, Paul og Anders. Dei er ikkje nemnde

som brukarar, og treng ikkje vere frå tre ulike bruk, men er det truleg likevel. I så fall kan ein prøve å plassere dei på kvar sitt bruk. Både i 1577 og i 1603 er der tre namn. I 1603 er dei Anders, Jon og Ole. Frå 1606 finn vi mest heile tida 4 hovudbruk på Straumsheim. La oss gå ut frå at det er den same Anders vi finn i 1577 og i 1603. Dette er dess meir sannsynleg når vi finn ein Anders også i 1591, som ved hyllinga av Christian IV møtte på Ørskog 7. mai. I 1606 er der to brukarar Anderssen. Det ligg då nær å tru at Anders sat med eit bruk som på denne tida vart delt mellom to brør. Er dette rett, må dei to brørne, ut frå det vi veit om seinare brukarar, ha fått bruka som kom til å heite Olagarden bnr 1 og Ellendgarden bnr 2. Dei to andre brukarane nemnde i 1577, Lars Eriksen og Paul, må då høyre heime på dei bruka som vart til Tormodgarden bnr 3 og Andersg. bnr 5. Kan vi plassere den eine, plasserer den andre seg sjølv. I dei to første ti-åra på 1600-talet finn vi ein Jon Paulsen, som vi veit høyrer heime i Tormodgarden, og han er truleg son til den Paul som er nemnd i 1577. Dermed får vi Lars Eriksen som brukar i Andersg. i 1577. Men det er lett å sjå at her er usikre faktorar.

Bnr 1 OLAGARDEN

Anders

nemnd i 1577, truleg brukar av dette bruket og det som seinare vart til Ellendgarden, frå kring 1570 til kring århundreskiftet.

Ole Anderssen

Br. ca. 1595-1623

Han la 2 ½ fj i korntiend i 1606, sidan i fleire år 1 mæle. Saman med Jakob Riksheim br. B reidde han ut Jon Paulsen Straumsheim til Kalmarkrigen i 1611. Ettermannen hans på bruket var

Lars Ellingsen

Br 1623 - 1664

I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei jente. I 1657 skatta han av den største buskapen på Straumsheim med 1 ½ rd 16 skill. for 1 hest, 1 okse, 14 kyr, 10 sauer og 11 geiter. Han brukte 3 mællag i 1655, 4 i 1660. Var lagrettemann. Sonen tok over.

Peder Larssen Straumsheim

Br 1664 - 1683

Etter aldersoppgåva i 1666 skulle han vere fødd ca. 1615. Truleg vart han

fødd noko seinare. Han brukte garden saman med faren 1663-1664. Sidan brukte han 4 ½ mællag. Neste brukar var son hans.

Elling Pedersen Straumsheim f. ca. 1660 d 1741
g Marte Torsteinsd. Ytre Tandstad f ca. 1653 d 1733
Br 1683 - 1717

Born: 1. Berte f ca. 1692 d. 1771, g Ole Pedersen Nedre Søvik f Fet ca. 1684. Bustad Andersg. Straumsheim.
2. Synneve f ca. 1696 d 1771, g 1. Rasmus Olsen. Bustad Ellendg. Straumsheim, g 2. 1744 Jakob Olsen Tandstad (Jakobg.) f ca. 1684 d 1764.

Etter aldersoppgåva i 1666 skulle Elling vere f 1663, medan oppgåva i manntalet 1701 peiker mot 1656. Ingen av borna tok over Olagarden.

Knut Olsen (Flisnes?) f ca. 1699 d 1752
g Marte Larsd. Straumsheim (bnr 3) f ca. 1683 d 1771
Br 1717-1749

Born. 1. Ole f 1719, g p br
2. Knut f 1721 d 1783, g 1767 ek. Inger Pedersd. Indre Tandstad f Skutvikbotten f 1712 d 1776. Knut hadde dottera Berte f 1745 (mor: Marte Knutsd. Lervik).
3. Anne f 1725. Ho hadde dottera Guri f 1757 (far Peder Amundsen Velle (Åmundg.)). Guri vart døypt 4 dg etter at faren gifte seg med Anne Larsd. Hjortdal. Anne Knutsd. g 1760 til Gjævenes bnr 2.

Knut Olsen fekk bygselsetel i 1717 frå Jens Olsen Abelset. Sk. etter Knut 13/9 1752: Brutto 64 rd, gjeld 10 rd. Enkja fekk kår hjå sonen på Tandstad.

Ole Knutsen Straumsheim f 1719 d 1788
g 1751 Gjertrud Olsd. Riksheim (Tømmesg.) (1728-1784)
Br 1749 - 1787

Born: 1. Marte f 1752 d 1809, g 1776 Peder Olsen Straume (1751-1819).
2. Jakob f 1754, g p br
3. Anna f 1756 d 1757, «ligget ihjel».
4. Knut f 1758, d i Fredrikstad som soldat 1789.
5. Brit f 1760, d ug 1790
6. Anne f 1763, d u g 1804
7. Olave f 1766, d 1769, 2 år 16 veker.

Ole Knutsen fekk bygselsetel frå Jens Abelset 27/10 1749. Første året han var brukar brann løa hans ned. Det var ei grannekone som sette fyr på huset.

I 1776 var Ole den einaste Straumsheim-brukaren som la «frivillig avgift». Sk. etter kona 5/7 1784: Brutto 121 rd, netto 106 rd. Sk. etter Ole 1788: Brutto 8-4-4. netto 6-1-».

Jakob Olsen Straumsheim f 1754 d 1838
1787 g Tyri Pedersd. Velle (Åmundg.) (1762-1839).
Br 1787 - 1817

Born: 1. Ole f 1786 d 1853. Kjend under namnet O. Strøm som storkjøpmann i Ålesund, g 1. 1815 ek. Anne Elisabet Ågnesen f Hasund, d 1832. G.2. ek. Ulrikke Antonette Adamsd. Rønneberg f Jalles. (Sjå under Eigargar).
2. Peder f 1789, d 15 veker.
3. Knut Martinus f 1790 d 1791.
4. Gjertrud f 1794, d 1839, g 1811 Jens Rasmus Ols. Strømmegjerde (1780-1835). g 2. 1837 Martinus Gulliks. Tjønes f 1810. Hennar son i 1. ekteskap, Jakob, var første utvandraren frå Sykkylven. Sjå utvs. nr. 843 og s. 9-10.

Jakob Olsen fekk bygselbrev frå prostinne Tønder 20. aug. 1787. Han dreiv litt med kjøp og sal av jordegods og lånte ut pengar med pant i jord. Han åtte jord i Ålvik som han først bygsla bort og sidan selde. Han åtte og 2 pd 6 mk i Flisnes som han selde til dottersonen Jakob Strøm i 1833. Jakob Olsen var ein av dei tolv menn som med underskrifta si gjekk god for bodet på sykkylvskyrkja då ho vart seld på auksjon i 1809 til «Søkelvens kirkesøgende Almue» for 3510 rd. Han var og ein av dei som reparerte kyrkja i 1798. Sk. etter Tyri i 1839 synte ei eige på 148 spd, gjeld 13 spd. I 1840 var der auksjon etter Tyri med sal for vel 115 spd, m.a. tinntallerkar, 3 tinnfat. 3 tinnkrus med lok, 1 massingstake, 3 «undersenger med fjærfill» (ca. 3 spd for kvar), og 4 kyr,

No kom der nye folk i Olagarden. Jordaguten hadde gjort bymann av seg og systema vart som nemnt gardkone i Straumgjerde. Dei nye var

Karl Eriksen Ramstad (bnr 2) f 1783
g 1817 Anne Margrete Olsd. Larsgård, f ca 1780.
Br 1817 - 1837

Han pakta bruket av Ole Strøm 16. juni 1817.

Born: 1. Olave Birgitte f 1818. Ho vart dauv i 30-årsalderen. I 1865 var ho veveriske og ug. huseigar i Ålesund.
2. Elias Martinus f 1822, g 1848 Anne Marte Larsd. f Erstad bnr 4 i 1824. Bustad Riksheim, bnr 17 Løken.

Karl Eriksen budde ei tid i Ålesund. I 1815 tente både han og Anne

Margrete Larsgård hjå eigaren av Olagarden, kjøpmann Strøm på Slinningen.

Karl sat vanskeleg i det økonomisk og måtte gi frå seg bruket. Den nye eigaren, enkja etter Jens R. O. Strømmegjerde, prøvde først å få ein annan paktar, men ingen var liebhaver. Karl selde husdyr og anna på auksjon 7. mai 1836. Brorson hans, Erik Eliassen Ramstad, var mellom kjøparane. Grannane kjøpte husdyr. Høgste bød for ei ku var 7 spd 2 ort 10 skill. Båtar, vevstol, koparkjel, i alt for 45 spd. Snart etter flytte Karl med huslyd attende til Ålesund. Frå 1838 fekk dei kår av den nye brukaren.

Bernt Amundsen Velle f 1800 d 1884

g 1836 Johanne Larsd. Brøvoll (Larsg) f 1811 d 1871

Br 1837 - 1863

Før ekteskap hadde Bernt desse borna:

1. Olave f 1820 på Stranda (mor: Marte Olsd. Engeset) (1787-1849).

Olave g 1849 Ole Steffensen Myrset f Bjørnevik 1805.

2. Amund f 1823 (mor: Berte Olsd. Riksheimgjerde). Han g 1. 1864 ek.

Marte Larsd. Riksheim, g 2. 1881 ek. Marte Oline Pettersd. Riksheim f Stenvåg 1827. Bustad Riksheim, Bytningane under bnr 3.

Born i ekteskap:

3. Jakob Ludvik Thomas f 1838, g p br

4. Ole Andreas Severin f 1847 d 1918, g 1876 ek. Karoline

Johannesd. Velle f. Hole 1836. Bustad Velle.

Bernt bygsla bruket i 1837 av Jens R. Olsen Strømmegjerde si enkje som den 15. februar, dagen før, hadde kjøpt det av broren O. Strøm i Ålesund for 300 spd. Snart etter fekk sonen Jakob Strøm bruket for takst 300 spd. Av han kjøpte Bernt bruket i 1842. Han la eid til konstitusjonen i 1843. I 1845 var krøtertalet 1 hest, 10 kyr, 16 sauer, 6 geiter og 1 gris. Sånad: 1 t bygg, 2 t blk, 3 ½ t havre og 1 t poteter.

Jakob Berntsen Straumsheim f 1838 d 1931

g 1863 Johanne Marie Olsd. Velle (Jakobg.) f 1845 d 1921

Br 1863-1911

Born: 1. Ole *Bastian* f 1864. Invalid. Dreiv handel ei tid i Tørjerbuda, og dreiv garden til broren Andreas kom heimatt frå Amerika.

Bastian vart drepen av lagsoksen i utmarka 8/6 1910.

2. Martinus *Johan* f 1867 g 1899 Anna Karlsd. Brunstad (Bøknutg.) f 1878 d 1957. Bustad Larsg. Straume. Flytte til Bergane etter utskifting. Johan døydde i 1954.

3. Peter Andreas f 1872 d 1952. Utvs nr 867 g 2. 1909 Sofie

Tomasine Andreasd. Erstad (Følvplass) f 1884. Gbr i Ødegård, Nordfjord, sidan i Fyllingen. 1.-kona var frå Nordfjord.

4. Jens Tomas Johan f 1875 d ug 1892

5. Andreas Martinus f 1877, g p br

Då Jakob tok over bruket var der 25 dekar åker og dyrka eng og 90 dekar natureng. Sånad i 1860-åra: 4 t blk, 5 t havre og 4 t poteter. Husdyr: 1 hest, 10 storfe, 28 sauer og geiter og 1 gris. Folketeljinga 1865 har desse tala: 1 hest, 14 kyr, 18 sauer, 6 geiter, 1 gris. Sånad: ½ t bygg, 3 t blk, 5 t havre og 3 t poteter.

Kåret til Bernt og kone: 5 v bygg, 11 v halvbygg, 16 v havre, ein liten åker og det markstykket som Peter Gregoriussen hadde brukt utpå Øyrane, 2 t poteter, 2 ½ kufoster, 8 smaler, fri brensel. Som attåtning dreiv Jakob fiske.

Ein gong var Jakob oppe i utmarka. Då kom bjørnen jagande med nokre sauer ut gjennom ei rås som heiter Langebenken. På ein plass er der svært trangt, og der for bjørnen utfor og slo seg i hel. Bjørnen vart teken til gards og dei hadde kjøt heile vinteren.

Andreas Jakobsen Straumsheim f 1877 d 1941

g Anne *Helene* Olsd. Sletvoll f 1886 på Stranda, d 1948.

Br 1911 - 1941

Born: 1. Margit f 1917 d 1919.

2. Hjalmar f 1920, p br

3. Olav f 1924, p br

Skøyte frå faren i 1911 mot kår: Litlestova med eit kammers, litlestovekjellaren og rom på stabburet, rom i naustet til ein færing og fiskevegn, fri bruk av markstykket Skjervabakken, 5 sauer, rett til å hogge for sal 1 mål famneved, etc. I 1914 bygde Andreas ny stovebygning. Utvs. nr 866.

Hjalmar Andreassen Straumsheim (f 1920)

Brukte garden saman med mora og broren Olav til dei to brørne fekk heimel på bruket i 1952. Frå då av dreiv brørne i lag til Olav gifte seg og bygde sin eigen heim. Sidan har Hjalmar drive garden åleine. Han arbeider og på fabrikk.

Olav Karsten Andreassen Straumsheim (f 1924)

g 1974 ek. Valborg Samsonsens f Vik 1917, frå Kvam i Hardanger. Brukte lenge garden saman med broren. Bygde hus på Øyra i 1976 som hus nr. 2 på garden. Han er arbeidsformann på Stave Bygg.

Bnr 9 ÅMOT

Utskilt frå bnr 1 i 1918, skyld 0,24
Ole Knutsen Hjorthol (Peg.) f 1865 d 1953
g Berte Pettersd. Aure (Knutg.) f 1880 d 1955.

Dei dreiv landhandel i Straumgjerde. Ole fekk skøyte på dette bruket frå Andreas Jakobsen Straumsheim for 2500 kr. Av det som vart utskilt er hovudparten den delen av hovudbruket som ligg på søraustre sida av Straumen. Vidare er med eit stykke på 9 ½ dekar av Gjerdsteigen og ein skogteig i Slettegjerdet. Sjå elles bd 2 s. 318.

Bnr 17 SKOGLY

Utskilt frå bnr 9 i 1943, skyld 12 øre
Petter Olsen Hjorthol f 1912
1943 g Agnes Dyb f 1912 på Godøy.
Br 1943-

Barn: Harald Ole f 1953 d 1966. Omkom ved ei tragisk ulukke med skulebussen.

På bruket fødde dei først 2 kyr, seinare berre sauer. Bygde ny løe i 1946, nytt vånehus i 1951. I 1943 kjøpte Petter dette bruket og eit grustak på bnr 1 for 1500 kr. og fekk same året skøyte frå faren på Straumgjerde bnr 15 og 31 for 2000 kr.

Bnr 11 VONHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1935, skyld 0,93
Hans Berntsen Straumsheim f 1902 d 1975
1930 g Kaspara Olsd. Sletvoll f 1903 på Stranda, syster til Anne Helene i Olagarden.

Born: 1. Annbjørg f 1931, g p br
2. Kjellaug f 1934, g 1954 Frivald Holst f 1932 på Alstadhaug. Sjå bnr 24 under bnr 3.

Hans bygde løe og våningshus i 1937 og eit tilbygg til stova i 1959. Ved sida av gardsbruket dreiv han vegarbeid, var på ishavet, og 11 vintrar på silde- og torskefiske. Frå 1929 arbeidde han på korgmøbelfabrikk. Frå 1936 til 1969 ved Emdal Fabrikker, dei siste åra som tilskjerar. Med leigd hjelp dyrka han 12 dekar jord, planta gran på 10 dekar i innmarka og 20 dekar i utmark. Bruket har ein skogteig i Hesfonna og ein i Ytsteremen. Hans gav frå seg bruket til versonen.

Magnus Arne Skrede f 1933 i Hornindal. 1960 g Annbjørg Hansd.
Straumsheim f 1931. Br 1970 –
Born: 1. Eldbjørg f 1961
2. Helge f 1964
Magnus Skrede er møbeltapetserer.

Bnr 12 RINGEN og Bnr 21 RINGEN II

Utskilt frå bnr 1 og andre bruk, skyld 2 øre.
Idrottslaget Ringen

Bnr 31 STRAUMSHEIMØYRA II

Utskilt frå bnr 1 i 1970, skyld 3 øre

Bnr 32 STRAUMSHEIMØYRA III

Velledalen Fabrikker

Verksemda, som starta i 1946 hadde før kjøpt Velledalen meieri, som vart påbygt fleire gonger, og arbeidsstokken var komen opp i 70 då dei i 1970 kjøpte 24 dekar av Straumsheimøyra og bygde nytt fabrikkbygg der. Produksjonshalla er på 4000 m², den største i landet for stoppa møblar. Administrasjonsfløya med matsal er på 400 m².

Produksjonsleiar er Jon Hjortdal og disponent er Fr. Drabløs.

Bnr 2 ELLENDGARDEN

Halvard Anderssen Straumsheim d 1631

g Marit

Br ca. 1605 - 1631

Anders, nemnd under bnr 1, var truleg far både til Halvard og brukaren av Olagarden. Saman med grannen i Andersgarden reidde Halvard ut Peder Fet til Kalmarkrigen i 1611, men Jon Olsen Fet gjekk ut i staden for Peder.

Enkja Marit

Br 1631 - 1640

Sonen Ole er nemnd som brukar i 1637, og tre år seinare tok han over for godt.

Ole Halvardsen Straumsheim

ca 1640 g Anne Olsd.

Br 1640 - 1657

I 1639 fekk han ei bot på 10 rd for å ha lege for tidleg med Anne Olsd. I 1645 la han koppskatt for seg og ei tenestjente og var vel då alt enkjemann. I 1655 var han mellom dei mange som vart stemnde for å ha forsømt skyssplikta si.

Hans Olsen f ca. 1615

Br 1657-ca. 1684

Det var Hans som betalte krøterskatt i 1657, 72 skill. for 1 hest og 8 kyr. Han brukte 4 mællag i 1660, 4 ½ mællag i 1675. Ettermannen hans på bruket var truleg sonen, men det er lite vi veit om

Torstein (Hanssen Straumsheim?)

Br ca. 1684-ca. 1695

Brukarperioden som er oppført her er nokså usikker, men det er sikrere at det var sonen som kom etter, nemleg

Hans Torsteinsen Straumsheim f ca. 1642 d 1731

g Synneve Pedersd sk. 9/4 1715

Br ca. 1695-1716

Hans var korporal. I 1711 la han 16 skill. i lønsskatt for ei lita jente med 1 rd i årsløn. I sk. etter Synneve var brutto vel 34 rd, gjelden 3 rd. 6 kyr, 5 sauer, 4 geiter, 1 lita brun ung merr. «Den brøstfældighed som på gårdens huse kand befindes lovede manden efter hånden forsvarlig at reparere».

Barn: Kari f ca. 1698, g p br

Rasmus Olsen

g Synneve Ellingsd. Straumsheim f ca. 1696 (Olag.)

Br 1716 - 1721

Synneve Ellingsd. vart som enkje i 1744 g Jakob Ols. Tandstad og flytte dit. (Sjå bd 2 s 265).

Ole Ellingsen Linge f ca. 1689 d 1768

1721 g Kari Hansd. Straumsheim f ca. 1698 d 1771.

Br 1721 - 1749

Born: 1. Elling f 1719, g p br

2. Hans f 1721, 1755 g Marte Styrkersd. Nedre Voldstad. Bustad Ellingsøya.

3. Synneve f 1724, unemnd i kf.listene.
4. Eli f 1727 d 1790, 1764 g Guttorm Olsen Erstad (Hansg. br B).
5. Elling f 1729 d u g 1752
6. Ole f 1732 d 1734, 1 ½ år
7. Peder f 1735 d 1792. Fri for militærtjeneste, g 1764 ek.
Synneve Knutsd. Hjortdal f Velle 1732 d 1797. Bustad
Hjortdal (Peg.)
8. Marte f 1735, (tvill.), unemnd i kf.listene.
9. Marta f 1739, levde som ek. i 1800
10. Synneve f 1745 d ug 1800.

Ole Ellingsen vart i 1738 stemnd saman med 5 velledalingar fordi dei reiste forbi Borgundkyrkja ein langfredag utan å møte opp i kyrkja. Dei hadde vore til kyrkje på Roald dagen før og var på heimveg frå fiske. Dei sa dei hadde tenkt å nå eiga kyrkje, men i Sykkylven var det ikkje preike den dagen og det måtte dei vite. Bøter. (SSTb nr 17a).

I 1745 stod Ole til rest med betaling for «undsætningskorn» og er nemnd mellom dei fattige.

Ole og dei andre brukarane på Straumsheim vart stemnde av Paul Abelset for ulovleg skoghogst i Ramstadstranda og for ikkje å ha retta seg etter eit forlik frå året før. Sonen Hans vart som soldat stemnd fordi han etter altergang gjekk til bryllaups og drakk med dei andre gjestene. Han «fortryder hjertelig at han på dend dag haver søgt sådant compagnie» og betaler 12 rd til dei fattige i bygda (1751).

Elling Olsen Straumsheim f 1719 d 1795

g 1749 Borni Sjursd. Ødegård f 1724 på Stranda, d 1781.

Br 1749 - 1774

- Born: 1. Berte f 1750 d 23 veker
2. Berte f 1751, g p br
3. Ole f 1753 d 1756
4. Ole f 1756 d 1765

Borni vart ved trulovinga og i eit skifte kalla Ragnhild. Elling fekk bygselsetel frå Jens Abelset. Var korporal, utkommandert under oberst Rodtvith.

Då han i 1774 avstod bruket til versonen fekk han dette kåret: 2 t bygg, 6 t havre, 2 kufoster, 2 geiter, 2 sauer, fri brenneved og fritt hus.

Hans Hanssen Aure (Pihlg.) f 1744 d 1819

g 1774 Berte Ellingsd. Straumsheim f 1751 d 1827

Br 1774 - 1809

- Born: 1. Olave Marie f 1775 d 1830, g 1799 Torstein Styrkersen
Brunstad f 1780 d 1854.

2. Tyri f 1777. g 1808 em. Knut Jakobsen Kursetgjerde f 1783, Tyri d 1839.
3. Elling f 1779, g p br
4. Hans Rasmus f 1781 d 1856, g 1811 Anne Marie Ellevsd. Strømmegjerde. Han tente i sjøetaten.
5. Lars f 1784 d 1835. 1 ,67 høg, krokut og stiv finger på høyre hand, g 1. 1827 ek. Ingeborg Pedersd. Tandstad f ca. 1782 d 1829, bustad Tandstad. G 2. 1830 Karen Olsd. Myrset (bnr 2) f Midtgård (bnr 1) 1803 d 1850.
6. Ole f 1787, d 1814 på lasarett i Skiptvet.
7. Hans Petter f 1791, p br etter broren Elling.

Elling Hanssen Straumsheim f 1779 d 1827 ,ulukke.
 g 1. 1811 Ingeborg Styrkersd. Brunstad (1792-1825)
 g 2. 28.10 1826 Sylvia Larsd. Andeberg (1794-1827)
 Br 1809 - 1827

Born i 1. ekteskap: 1. Olave f 1815 d 1827
 2. Hansine f 1821 d 1827

I sk. etter Ingeborg 7/4 1826 fekk Elling vel 1 pd 11 mk jordegods for takst 99-1-15, dottera Olave fekk vel 21 mk og Hansine 1 pd. Ved første sk. var brutto 413 spd, gjelden 96 spd.

Heile huslyden omkom 1. februar 1827. Denne tragiske hendinga må ha skaka folket i grannelaget, ja i heile bygda. Enno kan folk fortelje det dei har høyrte av eldre korleis det gjekk til. Men etter over 150 år er eitt og anna vorte endra eller gløymt. Arkivkjelder kan rette på det tradisjonen har forvanska, særleg med omsyn til kven som kom vekk og når. Desse kjeldene, samanhaldne med det som vert fortalt, syner at det må ha gått slik til:

Elling Hanssen med mor si Berte Ellingsd., andrekona Sylvia og dei to døtrene frå første ekteskap skulle på vitjing til Lars, bror til Elling, som budde i Pålg. på Tandstad. Dei skulle gå over fjordisen og må ha kome til is som ikkje heldt. Somme fortel at dei gjekk på ei råk ved Sandneset, andre at dei i snøkaven svinga til høyre og innatt mot land der isen var tynnare. På Tandstad sende dei drengen neste dag til Straumsheim for å høyre kvifor dei ikkje kom. Det var då klart at ei ulukke hadde hendt. Alle hadde gått gjennom isen. Dei fann dei att. Men no var det berre tenarar att i Ellendgarden.

Sk. etter dei omkomne 11/2 1827: Brutto eige 565 spd, netto 393 spd. Off. auksjonar 27/4 og 2/6 1827. Hans R. Hanss. Str.gj. kjøpte bruket for

201 spd. Elling Hanssen hadde ein bror som var sersjant og budde i Bergen, og han flytte snart til Straumsheim og tok over bruket. Det var

Hans Petter Hanssen Straumsheim f 1791 d 1841.

g 1. 1821 Anne Marie Pedersd. Rolquen frå Bergen f ca. 1800 d 1833.

g 2. 1835 Anne *Cecilie* Olsd. Midtgard (Br 1) f 1811 d 1865.

Br 1828 - 1841

Born: 1. Hans *Peder* f 1821, plm Straumsheim, (Tuepl.)

2. Olai Martinus f 1824

3. Olai Martinus f 1826. Flytte til Trondheim. Stor forretningsmann, modell for Stor-Per i Peter Egges roman «Han og hans døtre».

4. Berte Elina f 1828. Blind frå 8-årsalderen, fekk ein kvist i augo.

5. Ingeborg Olave f 1828, (tvill.), d som speb.

6. Knut Martinus f 1831. Flytte til Trondheim, arb. hjå broren Olai. Etterslekt m.a. i Bærum, i Trondheim og i USA.

Born i 2. ekteskap:

7. Ludvik Andreas f 1835, g til Breivika.

8. Tomas Olaus f 1837 g Randine Bjørnsund f 1844. Han bleiv med seglskute. Ho dreiv hotell i Ålesund. Budde i Sorenskrivar Bullsgt. 1 i 1909.

Petter Hanssen bygsla ein del av bruket av Torstein Styrkensen Brunstad og resten av Hans Rasmus Ols. Strømmegjerde. Kår til Torstein og k. Off. auksjon 16/9 1842. 1 sølv halskjede, fleire kopar- og tinnsaker, 1 raud-blakk hest, ei ku Gulldokka, 6 andre kyr, småfe, 1 færing med segl, partar i sildenot og slengjenot. - Enkja gifte seg att i 1843 med

Ole Martinus Hanstensen Fauske f 1816 d 1892

g 2. 1872 Karoline Karolusd. Tandstad (Jakobg.) f 1840 d 1927

Br 1843 - 1868

Born i 1. ekteskap:

1. Peter Karolus f 1844, g p br

2. Lovise Susanne f 1846, g 1872 Ole Olsen Ekornes (Ytre) f Helset 1840. (Kjereplass)

3. Hansine Petrine f 1849, g bnr 7 Utgård (Lerskog).

4. Karolus Martinus f 1852, g 1874 ek. Ingeborg Anna Bastiansd. Riksheim (bnr 3) f 1849. ek. etter Jakob Larssen Erstad. Siden til bnr 7.

Barn i 2. ekteskap:

5. Karl Andreas f 1873, 1897 g til Tu (bnr 2).

Martinus fekk byggesetel frå Torstein Brunstad og Hans Strømmegjerde. Kår til Torstein Brunstad og kone.

I 1845 var sånad og buskap slik: 1 t bygg, 2 t blk, 3 ½ t havre, 1 t poteter. - 1 hest, 10 kyr, 16 sauer, 6 geiter og 1 gris. 1865: ½ t bygg, 3 t blk, 5 t havre og 3 t poteter, 1 hest, 13 kyr, 20 sauer, 6 geiter, 1 gris. Martinus bygde ny stove. Var mykje vekk på arbeid. I 1854 døydde ein av eigarane av Ellendgarden, Torstein Brunstad. Parten hans vart då delt mellom enkja, Berte Olsd. (som selde sin part til Ole Knutsen Brunstad) og sonen Peter Torsteinsen Brunstad, som døydde i 1858. Parten hans vart delt mellom enkja Pernille Jakobsd. og dei to døtrene, Anne (g Ole Larssen Brunstad) og Johanne Marie (g Jakob Larssen Fet). Heile bruket var på 1 v 9 mk og Brunstad-parten på litt under 1 pd 22 mk, som Jakob Larssen Fet kjøpte i 1864, med tilsvarende part i husa og dei to plassane til Lars Petter Jonsen og Peder Pettersen, som sjølvv åtte plassehusa. Jakob Larsen Fet betalte 410 spd og hadde sjølv fått i arv ein part til 60 spd. Berte Olsd. Brunstad (1799-1871), som var frå Haug-Olag. på Blindheim, fekk kår av Ellendg.

Martinus tok seg stort kår og hadde ei kårstove nede på Ellendbakken.

På denne tida var det ikkje mange stader ungdomen kunne samlast. Dei møttest av og til i ei av dei største stovene. Ein gong var der oppsetekveld, som dei kalla det, i Ellendgarden. Ungdomen sat kring langbordet i storstova. Husbonden Peter Martinussen og kona låg i ei seng i same stova og Martinus, som då var enkjemann, låg i ei anna seng der. Best det var tok Martinus til å snakke i søvne og sa: «No e` eg so kominj at eg må ha meg et menneske, kvar eg no tek hinnje». Ungdomen sette i ein skratlåt. Peter reiste seg i senga og sa: «Viss døyke ikkje no er role' so følk fær søve so ska anj «so og so» skysse døyke på dør.» «Hyss», sa dei og fortalde kva Martinus snakka om i søvne. Peter kremta, snudde seg mot veggen og la seg til å sove alt. (Fortalt av Ellend-Anna i 1950). Like etter denne hendinga fór Martinus ut i Jakobg. på Tandstad og «fekk seg ti et menneske», Karolina.

Martinus var kårmann, og i den tida var det vanleg å vere ute med «slengjå» mellom onnene. Det var Olagjerd-Lars som var bas og det var gut som sette seg i respekt. «Ro no! Vil døyke ro!» var eit av kommando-ropa hans. Og då rodde karane så dei fekk blodsmak i munnen. Ein dag vart Martinus utkommandert til tur med «slengjå». Han vart noko hefta og ropte på kjerringa: «Karolina, Karolina, gå ut i skinnskotet og ta vedabrokja mi, røta i skreva, hine karane er komne ut for Tjønset!»

På denne tida vart husdyra alltid gjette. Ein gong hadde dei ein liten gjetargut på 8 år frå Lom. Han var komen til bygda saman med ei eldre

syster som tente på Brunstad. Og kvar morgon når han skulle av stad, trykte han hatten godt ned over augo så dei ikkje skulle sjå at han gret. Det var visst sjeldan at han kom ned att med alle dyra. Men ein dag meinte han visst å ha alle og sa: «Det er utruleg mange sauer i kveld. Han er her bjellesauen hennar Cecilia òg.» Så lite merkverdig dette er, har det vorte attfortalt til den dag i dag, minst 120 år seinare, lenge etter at forteljarane har gløymt kven Cecilia var. (Ho var førstekona til Martinus Hanstensen i Ellendgarden).

2. kona Karoline g Knut Jonsen Narvik, Svartebekk.

Petter Karolus Martinussen Straumsheim f 1844 d 1927

1868 g Berte *Oline* Jakobsd. Straumsheim (Tormodg.) f 1849 d 1932

Br 1868 - 1908

Born: 1. Ole Johan f 1874 d 1875, 1 ½ år

2. Ole Andreas f 1876, g p br

3. Jensine *Eline* f 1879 d 1958, 1899 g em. Jakob Ols. Vestre (Jakobg.) f 1875

4. Karl Petter f 1882 d 1883

5. Karl Martinus f 1885 d ug 1963

6. Anne *Marie* f 1888, 1909 g Petter Johan Severinsen Sjøholt f 1880 i Vatne.

Petter Martinussen bygsla bruket i 1868 av Jakob Larssen Fet og Amund Larssen Tandstad som hadde kjøpt kvar sin part i bruket. Kår til faren. I 1889 gjekk Tandstad-parten til systerborna til kona då han vart enkjemann, mot at han fekk avgifta av eigedomen så lenge han levde. I 1893 fekk Petter Karolus skøyte på 4/9 av bruket. Matrikkelførebuingsarbeidet i 1860-åra har desse opplysningane: 36 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet, 107 dekar god natureng, hamnegangen er særst god. Avling: 30 t blk, 30 t havre, 24 t poteter. Krøtortal: 1 hest, 11 storfe, 28 småfe. Litt bjørk til sal, litt lauvskog som fôrsurrat. 1875: 1 hest, 1 føl, 8 kyr, 3 kalvar, 13 sauer, 3 geiter, 2 griser. Sår 5 t blk, 6 t havre 4 t poteter. Kårmannen hadde 3 kyr og 6 sauer.

Ole Andreas Pettersen Straumsheim f 1876 d 1957

1908 g Anna Jensine Gregoriusd. Straumsheim f 1887 d 1973

Br 1908 - 1942

Barn: Petter Gregorius f 1909, g p br

Ole gjekk i omgangsskule, og læraren hans, Peter Amundsen Aure,

budde ei tid i Ellendgarden, der stova vart mykje nytta som skulestove.

Kvar «tur» varde 2-3 veker. Frå 17-årsalderen var Ole med på havfiske,

var rorskar for 60 kr. året. Dreiv fiske frå Giske i 16 år. Var med i båtlaget til Ingebrigt H. Strømme. Var òg skogplantar. Bygde løy på ny tomt i 1911. Bygde ny stove i 1923, også på ny tomt, gamlestova stod 5 m bak den nye, d.v.s. nærare hovudvegen og fjorden. Då Ola var ferdig med husbygginga, tok han for alvor til med jorddyrking. Der var mykje våt jord som måtte grøftast. Ole har vorte kalla ein trugen slitar som arbeidde garden godt fram.

Petter Gregorius Olsen Straumsheim f 1909

1940 g Astrid Emilsd. Korsnes f 1917 på Hildre.

Br 1942 - 1973

Born: 1. Ove Anders f 1940, g p br

2. Inger f 1942, 1963 g Lars Peder Ludvigsen, son til Karl Ludvigsen, Riksheim, bustad Erstad (bnr 9).

3. Anne f 1946, 1977 g Mark Leichty f 1950 i Ohio. Ho er lærarinne, han fabr.arb. Bustad Tusvik.

4. Marit Palma f 1951

5. Per Atle f 1958

Petter er interessert i slekt og har samla ymse saker frå eldre tid i ei kjellarstove, eit lite gardsmuseum. Eit hjørneskap oppattmåla av Ingebrigt, far til statsråd Ole Strømme; eit langbord, ein slagbenk, brødkorg frå 1867, ei tine, ei bomme med beslag av smijarn, sverdet til «sjersanten» som kom frå Bergen og tok over garden; ein rokk, osteformer, etc.

I tida 1930 til 1940 var Petter korgmakar.

Ove Anders Petterson Straumsheim f 1940

1962 g Solbjørg Olufsd. Strømmegjerde f 1942

Br 1973 –

Born: 1. Geir Ove f 1963

2. Jens Petter f 1964

3. Ragnhild Astrid f 1964, (tvill.)

4. Anne Birte f 1968

5. Ole Elling f 1969

I 1968 starta Ove ei verksemd i glasmaisterfaget i kjellaren i Ellendgarden. Ved innflyttinga i nye lokale i 1974 hadde han 5 arbeidarar på heiltid, no er der 12. Fabrikken, Ove Straumsheim A/S, står på grunn som er utskild frå Ellendgarden og har fått bnr 32/34. Til årsskiftet 1978-79 var firmaet eit reint entreprenørfirma, men i 1979 starta dei å fabrikere sjølve det dei hadde bruk for av vindauge og dører i aluminium. Fabrikken har ei golvflate på 800 m² og har no ei glasmaisteravdeling, ei aluminiumsavdeling og ei avdeling som tek seg av fuge- og tettingsoppdrag.

DEI ELDSTE TUE-PLASSANE

Lars Petter Jansen Høgres f 1800 d 1872

g 1. 1838 Marie Severine Olsd. Midtgård br 1 (1803-1850).

g 2. 1851 ek. Anna *Marta* Pedersd. Eidem f Hellen 1798 d 1873.

Førstekona til Lars Petter var syster til andrekona på hovudbruket, Ellendgarden. Denne plassen låg innafør Kola-elva og var ein del av den seinare Tueplassen. Far til Lars Petter var frå Ytsteøggaren, men hadde sidan budd både på Høgres og på Bergane på Straume (Berge-Jan), og mor til Jan var syster til Snikkar-Anders (Anders Davidsen Blakstadnes). Jan var tambur og Lars Petter felespelar.

I 1865 hadde dei 2 kyr og 7 sauer og sådde 1 t blk, 1 t havre og ½ t poteter.

Neste mann på Tuepl. under Ellendgarden var

Hans Peder Pettersen Straumsheim (frå br 2) f 1821 d 1897

1853 g Laurentse Olsd. Klokk br 6. f 1829 d 1894. Sjå bd IV s 233

Br ca. 1853 - 1891

Born: 1. Anne Petrine f 1855, 1886 g em. Ole Severin Pedersen Longva i Ålesund. Ho d 1925.

2. Petter Elias f 1857, d 8 dg.

3. Berte Oline f 1858, g p pl.

4. Lars Petter f 1860, til Bendikplass. br 4.

5. Ole Andreas f 1863 d 1936, styrmann, landhandlar. Sjå bd 2 s. 358.

6. Anne Marie f 1866, syerske, bustad Trondheim.

7. Petter *Johan* f 1868 d 1955, 1895 g Agnete Olsd. Myren eller Spjelkaviknes f 1875. Budde på Kanelespl. Spjelkaviknes.

8. Olave Petrine f 1871, 1897 g Peter Jenss. Riksheimgjerde (Stølen) f 1866

I torskefiskja 1861 kollsiglde båten han var med og berre han vart berga. Var veikhelsa etter det, og det var så smått i heimen at borna leid vondt (Sjå Sykkylvsbladet 30/1 1953).

I 1865 sådde dei på plassen 1 t blk, 1 t havre og 1 ½ t poteter og fødte 2 kyr og 4 sauer.

1875: 4 kyr, 10 sauer. «Livnærer sig delvis ved at skjære tømmer».

Bnr 6 TUEN

Bernt Johan Hanssen Fet f 1868 d 1930

1891 g 1. Berte Oline Pedersd. Straumsheim 1858-1893.

1895 g 2. Anne Pernille Gregoriusd. Straumsheim br 5, f 1871 d 1917.

1918 g 3. Anne Ingeborg Karolusd. Riksheim br 5 f 1872 d 1955. Sjå bd.

II s. 685. Førstekona hadde eit barn før ekteskap: Olivia Sofie f 1884 d 1970 (far: Severin Larssen Sjøholt). Sjå utvs nr 860.

Br 1891 - 1930

Born i 1. ekteskap:

1. Lovise f 1891 d 1918

Born i 2. ekteskap:

2. Bernhard Gregorius f 1896 utvs nr 862, 1919 g Emma Sætre f 1897.
3. Ingvald Johan f 1898, g p br
4. Anton Sigurd f 1900, utvs nr 861
5. Hans Oskar f 1902, tapetserar, 1930 g Kaspara Olsd. Sletvoll f 1903. Sjå bnr 11, under bnr 1.
6. Bjarne Kornelius f 1904, d 1927, utvs nr 863.
7. Laura Petra f 1907 d 1924 på Sjøholt.
8. Ingeborg Olivie f 1910. fabr. arb. g 1941 Emil Bøe f 1915 i Stangvik. Bur Nakkegerde. Sjå bd 2 s. 64.
9. Berta Kornelia f 1912, syerske, g 1941 Bjarne Knutsen Enstad f 1913 i Lesjaskog. Bustad Vik. Bd 2 s. 125.

Born i 3. ekteskap:

10. Anne Lovise f 1919, g Odd Enoksen Ose f 1912 i Volda.

Plassen vart fråskylddelt bnr 2 i 1896 og fekk bnr 6. Tueplassen var då på ca. 20 dekar, skyld 0,86. Bernt dreiv jakt og fiske. Var medeigar i båt og var med på båtlaget til Ingebrigt H. Strømme frå 1890-åra. Dei var for det meste 6-8 mann om bord. I 1919 fekk Bernt skøyte på plassen frå Fredrik M. Fet for 4000 kr.

Ingvald Berntsen Straumsheim f 1898 d 1970

1936 g Hjørdis Karlsd. Lyshol br 2 f 1905.

Br 1930 - 1970, enkja 1970 - 1974

Adoptivbarn: Hilde f 1949 i Skien, g p br.

Skøyte frå faren i 1930 for 3000 kr mot kår til foreldra. Ingvald bygde stovehus i 1934 og har bygt smie. Dreiv plassen saman med mora til han gifte seg. Ei tid smiarbeid som attåttnæring, sidan ved madrassfabrikken Ligg Godt. - Utvs nr 864.

Per Grønli f 1944 i Solum
1975 g *Hilde Straumsheim* f 1949
Br 1974 -
Born: 1. *Kristin* f 1976
2. *Erlend* f 1978
Bygde tilbygg til stovehuset i 1977.

Bnr 29 STRENGEFESTET

Utskilt frå bnr 6 i 1970, skyld 3 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 26 VIKA

Utskilt frå bnr 2 i 1964, skyld 7 øre
Håkon Olsen Emdal f 1936 på Stranda
1956 g *Karin Johanne Hauge* f 1938 i Bremanger.
Born: 1. *Kristine Johanne* f 1957, g *Kato Eidem*
2. *Egil Andreas* f 1960, g *Grete Brunstad*
Bygde stovehus i 1965 og verkstad, lager og garasje i 1974

Bnr 30 STRAUMSHEIMØYRA

Utskilt frå bnr 2, skyld 2 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 33 ØYRA

Verkstadtomt utskilt frå bnr 2, skyld 2 øre
Ove Straumsheim
Frå 1974 heiter tomta TANGHOLMEN.

Bnr 34 GODSTERMINALEN

Utskilt frå bnr 2 i 1975, skyld 2 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 35 GJERDSRUD

Utskilt frå bnr 2 i 1975, skyld 2 øre
Odd Gjerdsrud f 1930
1968 g *Olaug Petersd. Fet (Nilsg.)* f 1942

Firmaet heiter Odds Karosseriverksted. Leigde først lokale av H. Emdal.
Ny verkstad frå 1978. Bustad Fet.

Bnr 3 TORMODGARDEN

Ole f ca. 1500 d ca. 1575

Barn: Paul

Paul Olsen Straumsheim f ca. 1535 d ca. 1600

Br. i 1577

Var truleg ein eldre bror til Helge Olsen Straume.

Jon Paulsen Straumsheim

Br ca. 1603 - 1615

Jon for til Kalmarkrigen i 1611, utreidd av brukaren i Olagarden og Jakob Riksheim. I 1615 var det Jon som var utreiar i staden for Riksheim-mannen, og då var «knekten» den 24-årige sonen til Jon Paulsen. Ein annan son tok over bruket. Det var

Tormod Jonsen Straumsheim f ca. 1590 d ca. 1665

Br 1615 - 1664

Born: 1. Jon f ca. 1625

2. Berit f ca. 1630. Lm med Mikkel Rasmussen Straume. Siden g
Lars Straume.

3. Lars f ca. 1638, g p br

Tormod brukte 3 mællag i 1655, 4 mællag i 1660. I 1627 la han størst skatt av Straumsheim-brukarane. I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei tenestjente. Tormod vart stemnd i den store skyssferdsaka i 1655, men slapp å betale bot. I 1657 la han 1 rd 16 skill. i krøterskatt av 1 hest, 11 kyr, 4 sauer og 6 geiter.

Lars Tormodsen Straumsheim f ca. 1638 d 1694

g 1 N.N. Halsteinsd. Straume

(dotter til Halstein Olsen Straume og k. Lisbet Steinsd.)

g 2. Siri Larsd. Erstad (bnr 4) f ca. 1657 d 1741

Br 1664-1694

Born:

1. Berte f ca. 1663 d 1725, g Peder Jonsen Øvre Søvik f 1693 d 1725.

(Etter lektor Strømmes notater, Strømmes Samlinger, SB).

2. Lars f ca. 1669, g p br

3. Tormod
4. Randi, g til Hundsvær
5. Anna, g Rasmus Arnesen Notevik
6. Rasmus f ca. 1673 d 1766, g Marie Olsd. Vestre f ca. 1675 d 1759
7. Kari f ca. 1674 d 1754, g Knut Jonsen Myrset (bnr 2) f ca. 1680 d 1761
8. Marte f ca. 1683, g Knut Olsen Straumsheim (Olag.)
9. Guri f ca. 1684 d 1752, g 1.1724 Ole Steffensen Flesje (Sula), g 2.
Jetmund Jonsen Bjørdal d 1749.
10. Siri f ca. 1686, g 1716 Peder Jakobsen Straume f Dravlaus ca. 1687
d 1749. Siri d 1768.

Det er usikkert kven som er av 1. og kven av 2. ekteskap. Rekkjefølgja er og heller uviss.

Dottera Guri hadde i 1715 teke mot festepengar av Kristofer Aurdal, men møtte ikkje til teneste. Bror hennar, Lars, sa han hadde bruk for henne sjølv og hadde sendt pengane tilbake. Dom: Guri skal ta tenesta eller betale $\frac{1}{4}$ årsløn, 1 rd.

I Lars si brukstid vart dei tunge skattane (ekstraskattane) avskaffa og ei frivillig avgift kom i staden. Men lite kom inn på den måten. Dei som ikkje la frivillig avgift vart oppførde som fattige. I 1673 var Lars mellom dei, grannane betalte 8-10 skill.

Lars Larssen Straumsheim f ca. 1669 d 1746
g Anne Jonsd. Myrset (bnr 2) f ca. 1671 d 1749
Br 1694-1727

- Born: 1. Tormod f ca. 1705, g p br
2. Knut f ca. 1715 d 1783. g 1784 Brit Arnesd. Austrem f 1718 d 1786. Bustad Kvassnes.
3. Lars f ca. 1718 d 1788, g til Straume.
4. Anna f 1721 d 1722, 11 veker.

Tormod Larssen Straumsheim f ca. 1705 d 1770
g 1. 1729 Helge Larsd. Straume f ca. 1702 d 1740
g 2. 1741 Ragnhild Olsd. Brunstad (ca. 1702-1785)
Br 1727-1762

Born i 1. ekteskap:

1. Anna f 1730, 1771 g em. Peder Larssen Høgres f Klokkehaug (ca. 1736-1794). Sjå bd 1 s. 133.
2. Sylvei f 1732, unemnd i kf. listene.
3. Lars f 1735, g p br

4. Jon f 1735, (tvill.) d 1797, g 1768 Brit Pedersd. Grebstad (1736-1774) g 2. 1775 Anne Olsd. trulova 3. 1797 ek. Berte Eriksd. Grebstad f ca. 1724 d 1808. Sjø bd 1 s. 176 og s. 169.

Born i 2. ekteskap:

5. Helge f 1744 d ug 1763
6. Ole f 1749 d ug 1788. Bustad Klokkehaug.
7. Tormod f 1754 d 1799, 1797 g Berte Jakobsd. (ca. 1755-1820). Bustad Klokkehaug. (Bd 2, s. 30).

I 1734 møttest eigarar og brukarar av Straumsheim og nokre andre gardar for å få avgjort om desse gardane hadde smør- eller fiskeskyld. Tormod viste bygselsetelen sin og landskyldboka si som synte at han hadde landskyld av fisk, og ombodsmannen Jens Abelset la fram skiftebrev som stadfeste dette, og at dei andre bruka på Straumsheim og hadde fiske-skyld. (SSTb nr 16b).

Lars Tormodsen Straumsheim f 1735 d 1803
1764 g Berte Pedersd. Erstad (br 3) f 1728 d 1803
Br 1762-1787

Hans barn før ekteskap:

1. Ole f 1752 (mor: Marte Knutsd. Lervik).

Born i ekteskap:

2. Helge f 1764, g p br
3. Johanne f 1768 d 1771
4. Signi f 1775, 1795 g tambur Jan Pedersen Høgres f Tandstad 1767. Bustad Høgres og Ytre Tandstad.

Lars var kjøpar på mange auksjonar. Kjøpte såleis kyr på tre pantegods-auksjonar 1778-1781 til prisar frå 3-3-20 til 4-4--». Sjø bd I s. 133.

Jon Olsen Straume f 1735 d 1810
g 1787 Helge Larsd. Straumsheim f 1764 d 1840
Br 1789-1810

Born: 1. Ole f 1787, g p br

2. Lars Karolus f 1789 d 1792
3. Johanne f 1791 d 1876, g 1827 Peter *Severin* Ols. Ytre Fauske f 1804 d 1859
4. Lars f 1793, sjå bnr 1 Midtgård (Hansg.).
5. Kristen f 1797 d 1881, g 1. 1823 Gjertrud Pedersd. Tjønes (Larsg.) f 1784 på Straume (Fausag.) d 1837, g 2. 1843 Olave *Petrine* Olsd. Høgset f 1808 d 1894. Budde på Tjønes.
6. Tyri f 1799 d 7 veker

7. Siri f 1800 d 10 dg

8. Peter Johannes f 1802 d ug 1889. Han søkte formannskapet om løyve til å drive anna enn gardsarbeid. Avslag. «Det kan føre til løsgjengeri og bli til skade for jordbruget». Peter tente hos apotekar Øwre i Ålesund i mange år.

Fekk bygselbrev frå enkja etter Jørgen Abelset. I sk. etter Jon Olsen i 1810 var brutto 286 rd, netto 162 rd.

Helge gifte seg att i 1811 med

Jetmund Ellingsen Kjemphol f 1773 d 1837

Br 1811-1822

Bygselsetel 13/2 1811 frå sorenskrivar Staboe. Ingen born. Syster til Jetmund var Tyri Ellingsd. Midtgård. Ettermannen til Jetmund var eldste son frå første ekteskapet til kona. Det var

Ole Jonsen Straumsheim f 1787 d 1860

g 1. 1821 Olave Ellingsd. Kjemphol f 1780 d 1832

g 2. Berte Marie Nilsd. Ørjasæter f ca. 1803 d 1876

Br 1822-1844

Barn i 1. ekteskap: 1. Jakob Johan Andreas f 1823 g p br

Barn i 2. ekteskap: 2. Olave Jensine f 1836 d 1910, g 1863 Johan Larss.

Midtgård bnr 2.

Fekk bygselsetel 8/5 1822 frå sorenskrivar Staboe. Ole var medlem av det første formannskapet 1838-1840. Krøtortal og sånad 1845: 1 hest, 10 kyr, 16 sauer, 6 geiter og 1 gris. - 1 t bygg, 2 t blk, 3 ½ t havre og 1 t poteter. Sk. 11/2 1833 etter Olave Ellingsd.: Brutto ca. 139 spd, gjeld 38 spd.

Jakob Olsen Straumsheim f 1823 d 1905

g 1848 Jakobine *Eline* Syversd. Grebstad f 1829 d 1899

Br 1844-1894

Born: 1. Berte *Oline* f 1849, g Peter Karolus Martinussen Straumsheim (Ellendgarden) f 1844.

2. Peter Martinus f 1852, g 1876 Karoline *Berte Marie* Karolusd. Riksheim f 1855. Bustad Riksheim bnr 1.

3. Ole Severin f 1854 d 8 dg

4. Susanne Olave f 1855 d 1940, g 1875 Peter Severin Peders. Straume (Sølmong.) d 1905, 56 år.

5. Berte *Jensine* f 1860 d 1878, g 1878 Peter Kristensen Vik f 1851 d 1936. Jensine levde knapt 6 mnd etter bryllaupet.

6. Ole Johan f 1866, g p br

Jakob bygsla bruket av kapt. Schjølberg mot kår til foreldra. Schjølberg hadde fått bruket ved sk. etter ek. Oluffa Staboe for 400 spd. I 1850 kjøpte Jakob bruket på auksjon for 370 spd. Ved dette kjøpet gav Jakob obligasjon til Peter Jonsen Ullavik for 400 spd, og i 1854 skreiv han under ein kontrakt som m.a. gav kår av Tormodgarden til Peter Jonss. Ullavik og kone Marte Knutsd. mot at dei betalte 200 spd. Det er uklart om dei med noko av dette kjøpte seg inn i bruket.

Ole Johan Jakobsen Straumsheim f 1866 d 1929
g 1892 Karoline Jensd. Riksheim (bnr 10) f 1869 d 1957
Br 1894-1934

Born: 1. Petter Johan f 1892 d 1950, utvs nr 876
2. Ole Petter f 1894, utvs nr 873
3. Elen Petrine (Lina) f 1896 utvs nr 870
4. Anna Karoline f 1899, g 1927 Peder Overå f 1896, kjøpmann i Trondheim.
5. Jakob Johan f 1901, utvs nr 871
6. Jens f 1907 d 1928, utvs nr 872
7. Klara Olivie f 1909, g p br
8. Karen Tomasine f 1913, g 1935 lærar Trygve Straume f 1903.

Skøyte frå faren for 2900 kr mot kår. Ole var med i båtlaget til Ingebrigt H. Strømme. Fekk statsbidrag til skogplanting 1904-1905.

Lars Johansen Strømmegjerde f 1908
g 1932 Klara Olivie Olsd. Straumsheim f 1909 d 1983
Br 1934-1976

Born: 1. Jostein f 1934. g p br
2. Ola Kjetil f 1939. g Ragnhild Bigseth. Han er maskinist i MRF.
3. Leikny f 1942, g Martin Aasgard. Ho var ei tid samaritt ved Ullevål Sykehus.

Lars bygde driftsbygning i 1943, stovehus 1951-52. Han hadde drive fram tømmer frå eigen skog og kjøpte berre til bordkledning og til hjellane. Planta mykje skog før utskiftinga i 1968 og ca. 15 000 grantre etter utskiftinga. Slutta med mjølkeproduksjon i 1974 og har sidan hatt berre ungdyr og sauer. Etter at bnr 10 og 15 vart lagde til bruket att vart skylda M 4,05.

Frå 1956 til 1974 hadde Lars ekspedisjonen på kaia i Straumgjerde.

Jostein Larssen Strømmegjerde f 1934
1958 g Margot Kjellaug Jensd. Bonesmo f 1933
Br 1976-

Kjøpte garden av foreldra. Arbeider ved Velledalen Fabrikker.

Born: 1. Tormod f 1959

2. Jan f 1963

3. Kari Lovise f 1967.

Bnr 4 BENDIKPLASSEN

Stykke utskilt i 1854, plassen fråskylddelt med eige bnr i 1886, skyld 2 ort, 2 skill., sidan 74 øre.

Hans Bendik Syversen Nakken f 1824 i Stordalen d 1917

g Johanne Regine Hansd. Øvrebust, f 1824 d 1891, dotterdotter til Sve-Nils, diktaren.

Br 1854-1886

Born: 1. Olave Sofie f 1851, g p pl

2. Berte Helene f 1854 d 1951, g 1898 Tor Fjørtoft frå Ålesund, der dei budde.

Hans Bendik bygsla eit urudt stykke av brukaren i Tormodgarden. Han betalte 20 spd i bygsel. Hadde han hatt 5 spd til kunne han ha fått bygsla like mykje til, men av ringare kvalitet. Huset dei sette opp var kjøpt i Stordalen og ført i båt til Straumsheim, og dei måtte bere materialen på ryggen opp dei bratte bakkane. Den første tida fødde dei 3-4 sauer som dei hadde i kjellaren. Føret hadde dei i eit skur ved stova. Dei «truska» kornet på stovegolvet. Nokre år seinare bygde dei løe. Hans Bendik var bygningsmann og dreiv det yrket særleg om sommaren. Kunne elles litt av kvart. Var skinnfellmakar, rivemakar, laga kjerald av tre, laga stolar o.a. Kona spann garn av ull, hamp og stry, vov, sydde og tente litt på det. «Av noko fær ein noko», var ordtaket hennar. På hovudbruket hadde dei ei veke pliktarbeid vår og haust. I 1865 fødde dei 2 kyr, 8 sauer og 3 geiter og sådde 1 ½ t blk, 1 ½ t havre og 1 ½ t poteter. Dei sådde i 1875 2 t havre og 2 t poteter, og fødde 2 kyr, 1 kalv og 12 sauer. Hans Bendik døydde på dagen 63 år etter at han kom til Straumsheim, jonsokdag 1917, 93 år.

Lars Petter Pedersen Straumsheim f 1860 d 1953

1886 g Olave Sofie Bendiksd. Straumsheim (1851-1944).

Br 1886-1927

Born: 1. Berte Johanne f 1888, 1911 g Lars Petter Knuts. Klokk (Sylfestg.) f 1886.

2. Peder Martin f 1890, utvs nr 869, d 1976.

3. Karl Johan f 1893 d 1979, 1917 g Jensine Andreasd. Tandstad f 1893 d 1918. Han utv. til Amerika, utvs nr 868.

4. Laura f 1897, g p pl.

Lars Petter betalte 200 kr i bygsel i 1886 og 16 kr i årleg landskyld. Pliktarbeidet var 3 arbeidsdagar vår, sommar og haust. Kåret var eit kufôr, 3 sauefôr, 20 v havre og ein potetreit. Brukaren i Tormodgarden selde plassen i 1887 til Karolus Torsen Riksheim for 480 kr. og i 1906 vart plassen seld til Ole Jenssen Sætre og Ole Ingebrigtsen Strømme for 650 kr. Nokre år seinare selde Ole Jenssen Sætre sin part til Ole I. Strømme. Av han kjøpte Lars Petter plassen i 1916 for 2200 kr.

I 1887 kjøpte Lars Petter av Kristian Ekornes ei gammal stove for 160 kr som han bygde oppatt på plassen same året. I 1919 bygde han ny løe. Etter mykje rydding og jorddyrking fødde dei no 4 kyr og nokre sauer. Fekk i 1898 premie for kua Lukkelilje. Lars Petter dreiv òg fiske.

Ole Johan Jenssen Drotninghaug f 1895 1927 g *Laura Olivia Larsd.*

Straumsheim f 1897. d. 1981 Br 1928-

Born: 1. *Leiv Ottar* f 1928, 1963 g *Irene Johansd. Grebstad* f 1933. Han er verkseigar i *Straumgjerde*.

2. *Anna Jorunn* f 1931, 1953 g *Ingebrigt Ljøen*, f 1925, gbr *Sunnylven*.

3. *Else Oddlaug* f 1938, 1960 g *Roy Kristensen* f 1935, forretningsmann i Oslo.

Ole fekk skøyte på plassen med hus for 3000 kr mot kår. Bygde våningshus i 1930 og eit tilbygg i 1970. Dyrka mykje jord, m.a. ei myr på fleire mål ovanfor husa. Kjøpte vinsj i 1939. Då hadde dei selt hesten. *Astrid Fiskerstrand*, dotter til *Anna* og *Ingebrigt Ljøen*, kjøpte bruket i 1974, men *Ole Drotninghaug* kjøpte det tilbake i 1976.

Bnr 8 VÅRVON

Utskilt frå *Tormodg.* i 1909, skyld 0,03

Ungdomslaget «Samhald».

Bnr 10 FREDLY

Utskilt frå bnr 3 *Tormodg.* i 1932. skyld 0,28

Klara og Lars J. Strømmegjerde

Sjå bnr 3, som bruket vart slege saman med i 1966.

Bnr 13 OVERAA

Utskilt frå bnr 3 i 1938, skyld 0,04

Peder Overaa f 1896

g *Anne Karoline Olsd.* f *Straumsheim* 1899.

Sonen *Jens Pedersen Overaa* f 1929. Mor hans var frå *Tormodgarden*.

Dette bruket er eit plantefelt. Der er ikkje hus.

Bnr 14 MIDTLID

Utskilt frå bnr 3 i 1938, skyld 1 øre

Trygve Tomassen Straume f 1903

1935 g *Karen Tomasine Straumsheim* f 1913. Dette er 1/3 av det store plantefeltet rett ovanfor *Bendikplassen*, ca. 15 dekar, udyrka og utan hus.

Bnr 15 STOREGJERDET

Utskilt frå bnr 3 i 1938, skyld 1.12

Klara og Lars J. Strømmegjerde

Eit jordstykke på 85 dekar som i 1968 vart slege saman med bnr 3.

Bnr 16 NYLUND II

Utskilt frå bnr 15 i 1939, skyld 0,28

Konrad Straumsheim

Sjå bnr 7 under bnr 5.

Bnr 22 VIGSTADTUN og Bnr 23 VIGSTADTUN II

Utskilt frå bnr 15 i 1954, skyld 2 øre

Osvald Vigstad f 1923 i *Ålesund*

g 1947 *Gunvor Vikene* f 1927 på *Larsnes*

Born: 1. *Toril Kristin* f 1948, g 1971 *Steinar Horten*.

2. *Astrid Kjellbjørg* f 1949, g 1968 *Arvid Magne Aure* frå *Grebstad* f 1945.

3. *Magnar Sevald* f 1951, g 1975 *Aud Runde* f 1950.

Vigstad er fabrikkarbeidar. Bygde stovehus i 1959.

Bnr 24 SOLGLYTT

Utskilt frå bnr 15 i 1959, skyld 1 øre

Friwald Jarle Holst f 1932 i *Alstadhaug*.

g 1954 *Kjellaug Hansd. Straumsheim* f 1934

- Born: 1. Ragnhild f 1955
2. Kjellrun f 1958
3. Frode f 1961
4. Anne Merethe f 1966

Holst er møbeltapetserar. Bygde stovehus i 1961.

Bnr 25 TUSSEBO

Utskilt frå bnr 15 i 1959, skyld 1 øre *Olger Karlsen Lade* f 1924
g 1950 *Jessy Johnsen* f 1931 i Bø i Vesterålen

- Born: 1. Per Kjartan f 1950
2. May Lis f 1953, g
3. Bjørn f 1959, g 1982 *Marit Anita Hallbrend* f 1961. Br 33
Sætre.
4. Trude f 1962
5. Kai Ove f 1965
6. Tommy f 1971

Arbeider i møbelindustrien. Bygde hus i 1961.

Bnr 18 ELVESTRØM

Utskilt frå bnr 3 i 1946, skyld 1 øre
Einar Edvardsen Lade f 1917

g 1939 *Signe Nautnes* f 1915 i Aukra

- Born: 1. *Edolf* f 1939, g 1964 *Karin Randi Urke* f 1939 i Hjørundfjord.
2. *Inger Svanhild* f 1941, g 1963 *Lars Kornberg* f 1935 i Volda.
3. *Liv Karin* f 1943, g 1968 *Tor Ulvestad* f 1943, postkasserar i
Spjelkavik.
4. *Sissel* f 1947, g 1969 *Harald Sølvi* f 1946 i Aukra.
Fabrikkarbeidar.
5. *Lilly Janne* f 1954, g 1977 *Einar Per Løkken* f 1946 i Herøy.

Bygde nytt hus på gnr 23 bnr 92 i 1970 og flytte dit.

Bnr 19 HAUGLY

Utskilt frå bnr 3 i 1947, skyld 1 øre
Johan Astrup Olsen f 1905

g 1941 *Selma Strømmegjerde* f 1921

- Born: 1. *Judith* f 1943, g 1966 *Knut Vollstad* frå Sandane, f 1931. Kontor-
sjef.

2. Steinar f 1945, g 1967 Ann Karin Anderssen f 1947.
3. Kjell f 1951, g 1971 Solveig Arntsen frå Lofoten.
4. Anne Lise f 1955, d 1955.

Bygde stovehus i 1951. Jord- og steinarbeidar, sidan fabrikkarbeidar.

Bnr 20 BADETUN

Utskilt frå bnr 3 i 1948, skyld 1 øre
Straumgjerde Folkebad, bygt ca. 1950.

Halvard Harstad stod som eigar då det vart selt i 1975. Den som overtok
huset var

Odd Kåre Borvik f 1945 i Molde
g 1967 May Ellingsen f 1948 i Kristiansund.

Born: 1. Siv f 1967

2. Tanja f 1969

3. Lise Therese f 1973

Borvik er langtransportsjåfør, køyrer møblar frå Sykkylven til Trond-
heim.

Bnr 5 ANDERSGARDEN

Lars Eriksen

Han er nemnd i eit tingsvitne frå 1577 og var truleg brukar på dette
bruket.

Lars Paulsen d 1633

Br ca. 1600-1633, enkja Siri til 1637

I lag med brukaren i Ellendgarden reidde han ut ein gut frå Fet til
Kalmarkrigen i 1611

Askjell

Br 1637-1657

Han vart truleg gift med enkja Siri, og ettermannen hans var nok hennar
son frå første ekteskap. Det ser ut til at Askjell var vekk, kanskje i
militærtjeneste, i tida 1638—1640, og i desse åra vart Siri førd som brukar
på nytt. Askjell skatta av 3 mællag fiskeleige som dei andre på
Straumsheim. La koppskatt for seg og kona i 1645. Dei hadde ei dotter
Berte, f ca. 1640, d ug 1726.

Paul Larssen Straumsheim

Br 1657-1683

I 1655 var han mellom dei som vart stemnde for skysspliktforsøming. La i 1657 3 ½ slettmark i krøterskatt av 1 hest og 6 kyr. Betalte kyrkjetieni i 1664 med 4 ½ f j korn og 12 mk ost.

I brukstida hans auka skylda frå 3 v fisk til 2 v smør eller 4 v fisk. Sonen er neste brukar.

Lars Paulsen Straumsheim f ca. 1658

Br ca. 1683-1697

Born: 1. Guri f ca. 1684, g p br

2. Jon, bustad Giere (Spjelkavik?)

3. Knut f ca. 1691 d 1715. Han drukna utanfor Vegsundrabben då han tente hjå sorenskrivaren. Samtidig omkom Knut Olsen Sellereite, 25 ½ år.

Ole Jonsen Myrset (bnr 2)

g Guri Larsd. Straumsheim f ca. 1684 d 1752 på Flisnes.

Br 1695-1714

Born: 1. Peder f ca. 1705 d 1783, g 1. Berte Olsd. Blindheim d 1746, 48 år. G 2. Guri Pedersd. f ca. 1730 d 1784, Gbr på Rasmusg, på Flisnes. I 1730 selde Peder 1 mællag utan bygsel i Myrset til Nils Astrup i Spjelkavik for 9 rd. Dette mællaget hadde han fått i tenarløn hjå morbroren Jon Larssen Giere.

2. Jon f 1706 d 1772, g 1741 Edel Marie Brath f 1713. Han vart gbr på Fiskergården i Borgund.

3. Berte f ca. 1715 d 1793, g 1741 Rasmus Olsen Strømmegjerde f ca. 1714 d 1772. Bustad Straumgjerde.

Ole fekk bygselsetel av Margrete Lagesd. Abelset. I 1711 la han 18 skill. i skoskatt for seg og kona og eit barn. I 1721 gav han skøyte på 18 mk i Myrset til broren Knut Jonsen.

Ole Pedersen Nedre Søvik f Fet (Jog.) 1684 d 1755

g Berte Ellingsd. Straumsheim (bnr 1) f ca. 1692 d 1771

Br 1714-1737, så halve br til 1742

Born: 1. Peder f 1723 d ug 1776. Vart friteken for militærtjeneste og har vel ikkje hatt helse til ta over bruket. Det var mor hans som dreiv bruket til nye folk tok over.

Ole Pedersen var visst ikkje brukar i Nedre Søvik, men han har vel budd der i lang nok tid til å byte namn. Han hadde elles ein namnebror i Nedre Søvik som var 5 år yngre og vart brukar der.

Knut Jonsen Drotninghaug

1735 g Lene Larsd. Stave (bnr 1) f 1710

Br 1737-ca. 1770 (halve br)

Born: 1. Johanne f 1735, d 8 dg

2. Jon f 1737 d 1802, g 1768 Anne Paulsd. Vik f ca. 1735 d 1800.
Budde på Straume.

3. Lisbet f 1740 d 1743

4. Lisbet f 1743 d 1818, g 1769 Ole Jørgensen Blakstad (bnr 3).
Bustad Uren. Bd 1 s. 108.

5. Ole f 1746

6. Sara f 1747 d 1768, g 1767 Jon Pedersen Andestad f 1736. Bustad
Lyshol (Rasmusg.).

Bygsla 2 $\frac{3}{4}$ mællag i Straumsheim i 1737. I 1742 er han nemnd mellom dei skysspliktige bøndene.

Kona Lene vart i 1752 stemnd fordi ho natt til 2. påskedag 1750 sette fyr på løa på Straumsheim bnr 1, noko ho hadde truga med og som ho vedgjekk. Ho «levde et kivaktig liv, havde i 10 år været negtet nadverd formedelst sit ustadige sind og raseri.» Dom: «Tukthus på livstid, livsvarig ophold på spindehuset.»

Året etter søkte mannen om reduksjon av straffa for kona. «Hun er nu fornuftig, og der er uforsørkede barn.»

I 1869 vart Knut stemnd av Jørgen Abelsest fordi han stod til rest med 12 års grunnleige.

Korleis det sidan gjekk med Knut og Lene er ukjent.

Anders Pedersen f ca. 1711 d 1787

g 1746 Marte Olsd. Tandstad (Pålg.) f ca. 1717 d 1777

Br 1746-1780

Born: 1. Guri f 1747 d 1775, g 1774 Lars Larssen Straume f 1750 d 1823.
Sjå bd II s. 343.

2. Johanne f 1749 d 1824, g 1790 Tore Olsen Velle bnr 10.

3. Marte f 1752 d 1815, g 1805 em. Lars Knutsen Brunstad f
Dravlaus 1757, d 1828.

4. Peder f 1754, g p br

5. Nils f 1760, kf 1779, 18 år.

Det var denne Anders bruket fekk namn etter. Han bygsla 24 mællag av Jens Abelsest. Resten av bruket hadde Knut Jonsen. Det er noko uvisst kva år Anders tok over den delen av bruket Knut hadde brukt. Anders var legdsman for 15. legd.

Sk. etter kona: Brutto 120 rd, netto 108 rd.

Peder Anderssen Straumsheim f 1754 d 1831

g 1779 Anne Jørgensd. Velle (Knutg.) f 1758, døydde etter mannen.

Br 1780-1809 og 1812-1821

Born: 1. Marte Gurine f 1780, g p br

2. Anna f 1784. Barn Lars Martinus f 1813 (far: Jakob Jakobsen Ørsnes).

3. Siri f 1787 d 1874, g 1815 Peder Pedersen Dravlaus (Toreg.) (1783-1847).

4. Johanne f 1790 d 1858, g 1818 Karolus Jakobsen Dravlaus f 1790 d 1861.

5. Ingebrigt Olaus f 1793, til Borgund 1825.

6. Nils Petter f 1796. Barn Knut Andreas f 1824 (mor: Kristine Knutsd. Vik), g 1828 Ingeborg Pedersd. Ålesund f 1803.

7. Anne Cecilia f 1799 d 1845, g 1. 1817 Peder Pedersen Lade f 1790, g 2. 1829 Andreas Olsen Høgset (Pålg.) f 1798 d 1879.

8. Guri f 1803. 1830 g Karl Martinus Peders. Vadset f 1800.

Bruket hans vart i 1802 taksert til 180 rd. Neste brukar gifte seg med dotter til Peder og tok over bruket. Det var

Gregorius Pedersen Tjønes f 1778 d 1810

1809 g Marte Gurine Pedersd. Straumsheim f 1780 d 1812

Br 1809-1810

Gregorius kjøpte bruket av sorenskriver Staboe 22/3 1809 med landskyld og bygsel for 290 riksdalar.

Born: 1. Petter Karolus f 1809, g p br.

Då Gregorius døydde, fekk enkja 1 pd 7 2/13 mk av bruket for takst 260 rd og sonen fekk 2 pd 2 11/13 mk. Sidan fekk sonen mora sin part for takst 400 rbd. I alt fekk han i arv 1165 rbd. Noko av det Gregorius lét etter seg vart selt ved off. auksjon. Prisane verkar svært høge når ein samanliknar med rd.-prisar frå nokre år før. Ei kvige gjekk for 39 rbd. og ei ulsblakk hoppe for 275 rbd.

Enkja gifte seg att 23/6 1811 med

Amund Olsen Velle f 1785-1864

Br 1811-1812

Amund var skulehaldar frå 1807, og hadde tatt skøyte på Karig. i 1810. Han flytte til Straumsheim då han gifte seg, men då Marte Gurine døydde 23/2 1812, flytte han tilbake til Velle. Han gifte seg att i 1815 (sjå Bd 2 s 454). Då måtte den 58 år gamle svigerfaren ta over bruket att, som han dreiv til 1821. Då var dottersonen enno berre 12 år. Så vart bruket pakta bort til

Ingebrigt Jørgensen Velle f 1794 d 1859

1821 g Johanne Jakobsd. Dravlaus f 1801 d 1859,

Br 1821-1828

Born fødte på Straumsheim: 1. Jakob f 1822, 2. Anne Marie f 1824.

Kontrakt mellom formyndaren for Petter Karolus Gregoriussen og Ingebrigt Jørgensen: Ingebrigt skulle få pakte bruket til Petter Karolus vart 18 år. At det vart han som fekk pakte kan kome av at mor til kona hans var frå dette bruket på Straumsheim.

Då Petter Karolus var klar til å ta over bruket sjølv, flytte Ingebrigt med familie tilbake til Velle (Knutg.).

Petter Karolus Gregoriussen Straumsheim f 1809 d 1884

1827 g Olave Petrine Pedersd. Fet (Jog.) (1806-1882).

Br 1828-1866.

Born: 1. Marte Gurine f 1830 d 1878, 1851 g Lars Petter Ols Fet

(«Gamlelarspetter»), 1826-1913.

2. Petter Karl Johan f 1812, g p br

3. Olave *Petrine* f 1835 d 1914, g 1. Petter Jørgensen Blakstad (Tollevg.), g 2. Nils Kristiansen Blakstad frå Sandvik.

4. Anne Severine f 1838 d 1926. 1875 g 1. Jens Bastian Larss. Brudevoll (Larsg.). 1878 g 2. em. Petter Ols. Eidem f Blindheim (1843-1922).

5. Gregorius Syver Martinus f 1841 d 1897, g Ingeborg Jørgensd. Aurdal (1833-1889).

6. Jakobie Karoline dp 8/1 1844 d 1849.

7. Jakob Andreas f 1846, 1874 g Anne *Oline* Olsd. Kurset, f 1846. Bustad Nedre Kurset.

8. Jakobie Petrine f 1851 d 1888, 1869 g Karl Johan Karolussen Brunstad (Monsg.) (1844-1929).

Som nemnt måtte Andersgarden flytte ut ved utskiftinga i 1834. Sidan den tid har bruket dels vore kalla Andersgarden, dels Nymarka. Petter la eid til konstitusjonen i 1836. Om utskiftinga sjå NSSTb nr 5 fol. 17-28.

Den jorda Petter Karolus fekk ved utskiftinga låg uvanleg fint til, med stort sett flatt lende og med fin utsikt både til fjorden og til Fitjavatnet. Tunet vart lagt ca. 200 m frå den gamle husklynga og ca. 30 m over havet, om lag der husa står i dag. Løa som vart bygd, gjorde teneste i ca. 60 år. Gamlestova og stabburet vart flytte frå gamletunet.

Det vert enno fortalt små stubbar som på den eine sida syner optimismen til brukaren, på den andre sida at det frå først av var fattigsleg på Nymarka.

Verfaren frå Fet kom på vitjing og Petter Karolus fann verfaren sitjande nede ved vatnet. Då han bad verfaren bli med heim til huset, sa denne: «Du he kje so mykje som ei åfalljrengje å by meg.» Mannen svarte: «Det kan so vere, men det kjem den tida då det er to i Nymarkjinnje når det er ei heim i gara.»

Den tida var det skikk at gjester skulle sjå kva dei hadde av utstyr og mat på stabburet. Ved ei slik «syning» sa kona Olave: «Det er ikkje for augo alt so' etast skal her, det e` neri vatna». Ho visste det, ho var frå Fet.

Ei lita sak fortel mykje om den tida: Olave hadde arbeidt 7 ½ veke for Tore Sivertsen Brunstad og skulle ha 9 skilling pr. dag. Tore hadde betalt 2 spd., altså hadde ho til gode 1 spd 1 ort 21 skilling. I forlikskommisjonen gjekk Tore med på å betale 3 ort og sakskostnader.

Peter Gregoriussen vart i 1849 vald til oppsynsmann i rode 20, for å få gjort det som var nødvendig om ein koleraepidemi skulle kome.

Buskap og sånad 1845: 1 hest, 10 kyr, 16 sauer, 6 geiter, 1 gris. - 1 t bygg, 2 t blk, 3 ½ t havre og 1 t poteter.

1865: 1 hest, 12 kyr, 20 sauer, 5 geiter og 1 gris. - ½ t bygg, 3 t blk, 5 t havre og 3 t poteter.

I 1860-åra hadde bruket 36 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet og 107 dekar god natureng. Matr.førebuingarb. har desse oppgåvene: Sånad 5 t blk, 5 t havre, 4 t poteter. Avling 25 t blk, 26 t havre og 20 t poteter. Krøter: 1 hest, 11 storfe, 28 småfe. Hamnegangen «meget god i enhver henseende». Litt bjørk til sal og litt lauvskog til fôrsurrgat. Lettbrukt gard. Godt tilgjenge til veg, sjø og marknad. Sonen Petter, som var berre eit par år då dei flytte til Nymarka, tok over bruket.

Petter Petterson Straumsheim f 1832 d 1882

g 1866 Karoline Berntsd. Lyshol (Peg.) f 1847 d 1892

Br 1866-1882

Born: 1. Petter Bastian f 1868, g p br

2. Olave f 1871, g 1897 Petter Jenssen Riksheimgjerde br 2.

3. Jens Petter f 1875 d 1949, byggmeister i Ålesund. G 1902
Johanne Olsd. Blindheim, syster til kona til broren Petter Bastian.

4. Ole Martinus f 1879 d 1967. Utns nr 876.

Petter fekk skøyte på bruket med hus, bortsett frå kvernhus og naust, for 700 spd. mot kår til foreldra.

Rettt for kårmannen til å drive halve bruket så lenge han ville. Eit av borna skulle ha rett til å kjøpe ein part av bruket for 100 spd.

Karoline g 2. i 1884 med bror til førstemannen hennar.

Gregorius Pettersen Straumsheim f 1841 d 1897

B r 1882-1893

Han dreiv Larsg. på Aurdal i tida 1870-1881 og var g 1. (1870) ek. Ingeborg Jørgensd. Aurdal f 1833 på Brunstad (Jørng.).

Sjå bd I s. 322.

Born i hans 1. ekteskap:

1. Anne Pernille f 1871, d 1917, g 1895 Bernt Hanssen Straumsheim. (bnr 6)
2. Olave Marie f 1873, meierske på Riksheim, døydde brått 25/6 1899, ug.

Born i hans 2. ekteskap:

3. Petrine Marie f 1885, g Ole Græsdal. Sjå utvs nr 865.
4. Anna Jensine f 1887, g Ole P. Straumsheim, Ellendgarden (1876-1957). Gregorius bygde løe på garden. Brorsonen tok over etter han.

Petter Bastian Pettersen Straumsheim f 1868 d 1946

1893 g Anne Johanne Martinusd. Blindheim (Larsg.) f 1873 d 1940.

B r 1893-1937

Born: 1. Karoline Antonie f 1894 d 1965, g 1916 Ole Jørgen Jenssen Hjortdal (Peg.) f 1888 d 1972. Sjå bd 2 s. 476.

2. Martin Gerhard f 1898, g p br

3. Petter Laurits f 1900, utvs nr 877.

4. Lovise Amalie f 1902 d 1907.

5. Lovise Amalie f 1908, g 1928 Erling Ingvald Kolberg f 1903 i Ålesund, maskinist til sjøs.

Petter Bastian fekk skøyte frå farbroren 7/7 1893 for 3200 kr. Kår til seljaren og rett for to av borna til å løyse kvar sitt stykke av bruket. I 1894 bygde han ny løe. Dreiv mykje nydyrking. Vart kjend over heile bygda som «hestekar». Dreiv hesteoppdrett og hadde i lang tid stell av alshingstar og for rundt på gardane med dei. Han var og på utstillingar, såleis i Kristiania i 1914 med Dalegubben. Under første verdskrig stod han for provianteringa for Sørestranda og Velledalen. Var ikkje sjøsterk, men dreiv litt borgundfjordfiske. Med alle sine gjeremål fekk han likevel tid til å vere med i kommunalt styre og stell. Han var religiøst interessert og samla inn ca. 10 000 kr til Straumgjerde bedehus.

Når dei hadde mykje høye ute sa Anne Johanne ofte: «Ha det kjime enj liten tirlar innja vatna no.» Ein bris frå vatnet gav god terre. Dei dyrka og mykje korn, og dei skar på gamlemåten med sigd då ein slektning som var

på besøk frå Amerika i 1925 såg på. «Ditta e' 'kje arbeid for annja enn slavar det i Amerika», sa han.

Martin Pettersen Straumsheim f 1898 d 1980
g 1930 Klara Sivertsd. Aure (Bakkane) f 1906
Br 1937-1976

Born: 1. Astri Karoline f 1931, g 1954 Odd Olufsen Strømmegjerde f 1928. Sjøå bd II s. 303.

2. Petter Sivert f 1935, g p br

Fekk skøyte frå faren i 1939 for 8000 kr. Kår. Som faren var Martin lite sjøsterk og måtte finne noko anna enn fiske som attåtning. Han arbeidde frå 15-årsalderen hos Johan Erstad på Ikornnes for 25 øre timen. Sidan arbeid på sjøbu i Ålesund. Deretter bygningsarbeid hos farbroren som var byggmeister i Ålesund. Fekk 50 øre timen den første tida og var der i 8 ½ år.

I 1925 tok han til med sølvrevavl, dreiv det i 22 år og gjorde det godt. Prøvde og med blårev frå Alaska, men tapte mykje på den.

Bygde stovhus saman med faren i 1935. Hadde i 1939 13 mjølkekyr og 7-8 sauer.

Som attåtning kan ein rekne fiske av laks og pjakk i Fitjavatnet. Fekk laks på opp til 24 kg.

Martin og faren fôra lagshingstar i 21 år.

Under siste verdskrig hadde Martin 20 dekar med korn. Bygde fleire siloar og to naust. Kjøpte traktor i 1956. Nydyrka ca. 17 dekar.

Hadde mange ombud i bygdestyret, t.d. med i forsorgsstyre, sjukeheimstyre, forstandarskapet i banken, formann i bondelaget. Kasserar i hestetrygdlaget i lang tid. Medlem av styret i Sunnmøre Meieri.

Petter Martinsen Straumsheim f 1935
1963 g Lilla Norveig Hole f 1941 i Sør-Aukra.
Br 1976-

Born: 1. Morten f 1964

2. Anders f 1968

Petter har realskule og kona realskule og handelsskule. Ho har vore kontordame ved Ringstad Fabrikker på Stranda. Petter er salsmann ved Emdalfabrikken og reiser mykje.

Bygde ny driftsbygning 1976-1977, med plass til 20 mjølkekyr og 24 ungdyr. Men til vidare har dei berre oksar, ca. 40 til kvar tid. Løa er moderne, med automatisk utmoking, silotalje til å ta ut fôret med, og alt er elles gjort så lett vint å arbeide med som mogleg. Siloane har ein kapasitet på 300 m³. I 1979 bygde dei eit tilbygg til løa på ca. 150 m² slik at samla golvflate på driftsbygningane er 500 m². Dette tilbygget er tenkt nytta til høyplass og

reiskapslager. Bruket har ca. 90 dekar dyrka jord av det vart 10 dekar dyrka i 1979.

Husmannsplassen *Teigen*.

Jetmund Olsen Tvergrov f 1803 d 1876, legdslem

g 1841 Laurentse Olsd. Riksheimgjerde f 1799 d 1876, legdsl.

Born: Ole f. 1827 på Frøland i Hjørundfjord, bustad Hoggaplassen på Straume, d 1900, g 1856 Else Hansd. Midtgård f 1819 d 1887. Sjå bd II s. 345.

Oppfostringsborn:

Berte Kristensd. (Tvergrov-Berte) f 1856. Ho var dotter til Kristen Hanssen Grebstad og Johanne Olsd. Riksheimgjerde. Else Hansd. og Kristen Hanssen var sysken (far: Sagar-Hans, sjå Midtgård).

Denne Teige-plassen er den same som Severin Straumsheim kjøpte seinare, men plassen til Jetmund rakk berre eit lite stykke opp frå sjøen. Stovehuset var berre eitt rom og ein liten gang og med løe bygd inn til stova. Slik var husa på dei andre gamle plassane òg. Jetmund fødde 2 kyr på plassen, men det vert fortalt at han var svært uheldig og miste i alt 11 kyr ved skade i marka eller på annan måte. Hadde i 1862 2 kyr og 2 sauer, og sådde ½ t blk, ½ t havre og 1 t poteter. Jetmund levde i 8-9 månader som enkjemann og var på legda den tida.

Bnr7 NYLUND

Bruket vert til dagleg kalla Teigen (med stum g) og største delen av det vart utskilt frå bnr 5 Straumsheim i 1897 med skyld 0,74. Namnet skriv seg frå grannebruket som høyrer Riksheim til der første brukaren av Nylund var frå. Ein del av plassen hadde vore brukt av Jetmund Olsen, men husa hans var vekk.

Severin Martinus Johansen Riksheim f 1863 d 1934

1891 g Anne Marie Heljesd. Drabløs (Barbrog.) f 1866 d 1947.

Br 1896-1931

Severin pakta først Lånabøplassen på Vik (bd 2 s. 88). Etter nokre år der og kortare tid eit par andre stader, kjøpte han eit skrinmarkestykke på Straumsheim og vart bureisar. Han fekk skøyte på plassen frå Petter Bastian Straumsheim 7/1 1897 for 1250 kr. Fekk kjøpt stova etter Erik Olsen Kvammen på Velle (bd 2 s 418), (og flytte den til Straumsheim. Bygde så løe. I 1931 sette sonen Henrik Straumsheim opp nytt våningshus, medan gamlestova vart flytt først til Dravlaus, sidan til Dravlausstølen som hytte. Henrik hadde før bygt ny løe (1927).

Born: 1. Henrik f 1893 d 1975, 1918 g Oline Pettersd. Tandstad. Han var lengste tida lærar og sidan styrar ved folkehøgskulen i Ørsta.
2. Ola f 1895, 1920 g Anne Øynebråten frå Gol f 1895 d 1954. Ola var lenge lærar ved folkehøgskulen på Sørumsand.
3. Petter Hermann f 1898 d 1948, 1932 g Olaug Uri frå Ålesund f 1903. Han dreiv glasmagasinet i Ålesund.
4. Konrad f 1902 d 1980, g p pl
5. Olava f 1904, 1927 g Martin Jenssen Riksheim (Peg). Bustad Riksheim.

Severin dyrka med handemakt 15 dekar jord i brattlende. Gjødsele sveiva han opp bakkane på løypestreng med handspel. Stein til lømurar bar han på ryggen.

Bnr 7 NYLUND, Bnr 16 NYLUND II og Bnr 28 NYLUND III

Konrad Severinsen Straumsheim f 1902 d 1980
1932 g Karoline Pettersd. Riksheimgjerde f 1910 d 1973.

Br 1931-1969

Born: 1. Stein f 1933, 1961 g Kjellaug Persd. Årviknes f 1935. Han er sivilingeniør.

2. Turid f 1937, g p br

3. Per f 1948, g Margit Lein f 1953. Han er kiropraktor på Gjøvik.

Halvparten av Nylund II er dyrka og brukt til beite. Elektrisk vinsj og motorslåtmaskin er tekne i bruk. Til hovudnæring er bruket for lite. Konrad var i lang tid disponent for glasmagasinet som broren Petter starta i Ålesund. I 1960-åra vart det fråsett litt jord til bnr 22. I 1967 vart stovehuset utvida.

Kårdes Gudmund Hagen f 1932 på Ellingsøya.
g Turid Konradsd. Straumsheim f 1937.

Br 1969-

Born: 1. Rune f 1959

2. Kari Margrethe f 1963

3. Torkjell f 1968

Han er møbelagent.

Bnr 27 VIGSTADTUN

Utskilt i 1966 frå bnr 16, skyld 1 øre

Osvald Vigstad

Sjå bnr 22.

HUSMENN PÅ STRAUMSHEIM

Ingebrigt

var husmann på Straumsheim på 1700-talet. I 1772 vart han stemnd for 5 rd 3 ort 8 skill. i gjeld til Iver Høegs dødsbu. Men i tingboka står det at «han er i så fattige og yderlige omstendigheder at han ikke har det aller ringeste at underholde sig med, men går omkring i bygden og betler sit brød».

I første halvdel av 1800-talet og ut i 1850-åra var der ein plass dei kalla

«Griggåsplassen»

som låg på ytste sida av Kola-elva. Mannen heitte Petter og kona Anne. Dei hadde to døtre, som etter tradisjonen vart gifte til Skjåk eller Lom, der dei først var tenestjenter.

På plassen greidde dei å fø ei ku berre ved å skaffe attåt-fôr ved å skjere og tørke blom (bregner). Då mannen og kona vart gamle måtte dei ha hjelp av snille grannar. Kona til Hans Bendik på Bendikplassen var der ofte og hjelpte dei. Ho var der òg den dagen mannen døydde og hjelpte til med å lik-kle han. Dette hende då dotter til Bendik-kona var 8 år, altså kring 1859.

Denne vesle plassen låg ovanfor Straumsheim-nausta.

Sjå elles husmannspl. Teigen s. 59

Straumsheim.

Bnr 1, 9, 17, 11, 12, 21, 31, 32,

2, 6, 29, 26, 30, 33, 34, 35

3, 4, 8, 10, 13, 14, 15, 16, 22, 23, 24, 25, 18, 19, 20

5, 7, 16, 28, 27.

Gnr 35 RIKSHEIMGJERDE [Til innhald](#)

På 1600-talet vart denne garden nemnd saman med Riksheim: Riksheim med Gjerde, og første gong ein brukar av Gjerde vert nemnd med namn er i 1645. Endå mot slutten av 1600-talet heiter det at Gjerde vert drive av brukarane på Riksheim. Men av namn på brukaren og storleiken på bruket kan ein skilje ut Gjerde frå Riksheim sjølv om dei er nemnde under eitt.

Både det som er nemnt ovanfor og sjøelve namnet tyder på at garden frå først av har vore ein del av Riksheim.

Det var først i 1819 at Riksheimgjerde fekk eige gnr som vart teke i bruk. Matrikkelutkastet av 1724 gjorde framlegg om eige gnr for Riksheimgjerde, det vart ikkje sett i verk då. I 1819 heiter det: «Riksem med Gjerde



Parti frå Riksheimgjerde 1982.

matr. nr 136 var forhen anført under ett matr. nr., men da Ole Pedersens bruk ligger aldeles adskilt frå den øvrige eiendom, får hans bruk eget matr. nr 135 under navn Riksemgjerde og de øvrige 3 jordbrug matr. nr 136 undernavn Riksem.»

Dette året vart Riksheimgjerde sett litt høgre enn kvart av Riksheimbruka, med forholdstalet 37 for Riksheimgjerde, og 35 for kvart Riksheimbruk.

I matr. av 1626 står det ved kvar einaste gard i Sykkylven: Fiskeri til havs. Om dette stemmer kan vel vere tvilsamt. Men sikkert er det at der etter kvart vart fleire gardar der brukarane dreiv mindre fiske, i allfall havfiske. Likevel har fiske vore ei så viktig attåttnæring at det burde ha større plass enn det vert høve til her. Når eg vel å ta med noko om fiske akkurat under Riksheimgjerde, er det fordi fleire kjende høvedsmenn på havfiske og basar for fjordfiske er komme herifrå. Lensmann Tandstad har fortalt dette:

Gjerde-Lars var vel den mest kjende høvedsmannen for åtrings-lag på havfiske. Far til Tandstad var med på dette båtlaget. Lenge var det berre kald mat å ta under sjølve fisket, inga kaffe-koking. Dei drakk kaldt skyr og myseblende. Den siste tida dei dreiv med åtring fekk dei omn om bord. Dei sette han i skuten, og Teige-Knut (Riksheim) sa då: «No e' det vandelaust å drive sjøen når 'anj kanj få fjølge mat ut på hava.» Dei som låg i fiskja hadde som regel kokke som laga middag til alle, elles heldt kvar mann seg

med mat. Dei hadde med seg kiste og skrin med flatbrød og sul (spekekjøtt, mør og kanskje litt heimesmør, men det var det ikkje alle som hadde). Dei måtte selje smøret for å kunne betale landskylda, «sporveskatten» som dei og kalla det.

Til å drive etter silda brukte dei garn. Dei hadde ikkje oljeklær den tida, men klær av geiteskinn og saueskinn. Og dei kom vel med nede i båten om nettene.

Båtane brukte dei og til noko som heller ikkje har spesiell tilknytting til Riksheimgjerde. Utanom fisketida vart åtringane mykje brukte til å føre gjødsel frå privetane i byen i tønner. Dei hadde spesiellaga «kjerrer» med plass til ei tønne til å få gjødselen ned til båtane med. Og når dei kom til bygda med ein last måtte gardbrukarane kome og hente det dei skulle ha. Dei la gjødselen i kompost i mold-dungar og blanda det ut, og det stod og gjæra ei tid før dei hadde det ut over åkrane. Slik moldblanda gjødsel brukte dei ikkje til enga, for der var for mykje stein i molda. Dette sistnemnde heldt fram lenge etter at det vart slutt med gjødselfrakting frå Ålesund.

Med sitt sentrale lægje er det ikkje rart at garden, som lenge hadde berre ein plass utanom hovudbruket, no har fått nokså mange «husmenn». No går Straumsheim og Riksheimgjerde i eitt når det gjeld bebyggelse, og Riksheim ligg «like om hjørnet».

EIGARAR

Midt på 1600-talet åtte Lars Abelset $\frac{1}{2}$ v 1 pd fisk i Riksheim med Gjerde og Jakob Melchiorson 5 mællag 6 mk. På denne tida brukte mannen i Riksheimgjerde $3\frac{1}{2}$ mællag. Frå 1672 vart Riksheimgjerde og Riksheim i det heile Abelset-eige, og gjekk i arv i slekta, til Nikolai Astrup vart eigar av Riksheimgjerde mot slutten av 1700-talet. Han selde garden til Jørgen Jørgensen Vik for 124 rd i 1787, og J. J. selde så bruket i 1833 til brukaren.

MATRIKKELGARDEN

Matrikkelframlegget frå 1724 med eige gardsnr. 140 for Riksheimgjerde vart ikkje realisert. Det sams gardsnr. frå tidlegare heldt fram. Først i 1819 fekk Riksheimgjerde eige gardsnr. 35.

Før 1667 var matrikkelskylda $\frac{1}{2}$ v 27 mk fisk, og vart då sett til $\frac{1}{2}$ laup smør. Noko meir eller mindre enn dette har vore oppført i ymse matriklar, såleis 1 v 18 i 1717 og 2 pd 15 i framlegget i 1724. Men oftast var det 1 v fisk.

Den nye skylda vart 2 skylddlr 1 ort 18 skill. for hovudbruket og 3 ort 9 skill. for Stølen. Rev. skyld i 1890 M 4,17 og 0,69 for Stølen.

Tienda var i 1666 1 t ½ mæle havre, ½ mæle bygg og 18 mk ost. I 1717 1 t havre, 4 skjepper bygg og 18 mk ost eller 22 skill.

Leidangen var i 1666 3 kalveskinn, i 1717 1 ort 14 skill., sidan 3 kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1626 Unemnd som Riksheimgjerde, vart rekna saman med Riksheim

1645 1 mann

1667 1 mann sår 3½ t havre, haustar 12½ t. kan fø 1 hest og 12 kyr.

1717 1 mann sår 4 t havre, 4 skjepper bygg, avlar 15 t havre og 5 t bygg. Fôrar 1 hest og 11 kyr. Brennefang.

1724 1 mann sår ½ t bygg, avlar 6 ½ t, sår 3 t havre, avlar 14 t.

1802 1 mann Nok brenneved. Sommarbeite i utmarka og i seterdalen. Årviss kornavling. Bruket verdsett til 180 rd.

1845 1 mann sår 1 t bygg, 1 t blk, 5 t havre og 1 t poteter. Fôrar 1 hest, 11 kyr, 16 sauer, 8 geiter, 1 gris.

1864 1 mann + 1 plassemann. Hovudbruket har 29 dekar åker og dyrka eng, 138 dekar natureng, er lettbrukt. God men farleg hamnegang. Plassen Stølen: 3 dekar god åker og dyrka eng, 19 dekar natureng. Lettbrukt. Skredfare.

1865 1 mann 1 plass øyde etter ras. Sår 5 i blk, 5 t havre, 3 t poteter. - 1 hest, 12 kyr, 20 sauer, 10 geiter, 1 gris.

1875 1 bruk drive av 2 mann i lag. 1 plassemann. Sår 6 t blk, 8 t havre, 8 t poteter. - 1 hest, 11 kyr, 4 kalvar, 12 sauer, 2 griser.

BRUKARAR.

Bnr 1

Den første ein kjenner til som brukar av Riksheimgjerde er

Ole Olsen Erstad (Olag.) f ca. 1610 d 1687

Br ca. 1645-1687

Born: 1. Ole f ca. 1648, g p br

2. Tomas f ca. 1650, til Riksheim (Tømmesg.)

3. Jørgen f ca. 1655, g p br

4. Lauge f 1662, «tullen i hofdet».

Bruket til Ole var i 1645 på 3 mællag. Han er nemnd det året i koppskattlista, er då enno ugift og skattar- for seg og ein dreng. I 1657 la han 5 ort 6 skill. i krøterskatt av 2 hestar, 10 kyr, 1 okse, 10 sauer og 10 geiter. Aldersopp-

gåva for Ole i 1666 tyder på fødselsåret 1605, men han var nok fleire år yngre, medan dei oppgitte fødselsåra for sønene nok er meir å stole på.

Ole Olsen Gjerde d.y. f ca. 1648

Br 1687 - ca. 1692

Byggesetel frå Troels Christensen i 1687 «på den jordpart som hans far for sin alderdoms skyld oplod». Alt etter 5 år tek ein yngre bror over.

Jørgen Olsen Gjerde f ca. 1655

Br ca. 1692-1734

I ei einskild liste er Jørgen nemnd som brukar alt i 1682. Er dette rett, var han kanskje brukar først nokre år saman med faren og sidan saman med den eldre broren. Men frå ca. 1692 vart han brukar åleine.

Born: 1. Margrete f ca. 1698 d 1769, g 1733 Lars Jørgensen Fet (Jørng.). f 1708 d 1774.

2. Gjertrud, d ug på Molde Hospital i 1722. Spedalsk.

3. Siri, f 1703

4. Ole f ca. 1704, g p br

5. Sylvi f ca. 1710, d 1731

Jørgen var mykje nytta som takstmann ved skifte. Han har nok vore ein av dei fremste menn i bygda. Er såleis med som underskrivar både på klagebrevet frå 1707 over norsk stål som ikkje duger til ljå, og på klaga over ymse ulemper for bøndene (1711). Den sistnemnde klaga var retta til kongen og hadde desse klagemåla: 1. «Soldaterhold» er ei av dei største «besvær-ligheder». 2. «Servis» til offiserane. 3. «Oppebørsler» til ombudsmennene. 4. Ber om løyve til å kjøpe korn når kornskuter kjem.

I 1732 tok tenestjenta til Jørgen livet av seg. Slik er det omtalt: Ho har «ved en halvknuds tilknydelse ombragt sig selv. Da dette ikke er gjort i raseri eller sygdom, skal hun ikke begraves på kirkegården og hendes hovedlod skal være forbrudt til kongens kasse.»

I 1734 vart Jørgen bøtelagd fordi han ikkje møtte då han vart innkalla til eit møte på Stranda. Dei skullefå greie på kva bruk som hadde smør-skyld. Han måtte betale 1½ rd til Molde Hospital.

Ole Jørgensen Riksheimjerde f ca. 1704 d 1767, 63 år - 1 dg

1735 g Madli Persd. Øvre Sjøvik f ca. 1711 d 1796.

Br 1734-1767, enkja 1767-1769

Born: 1 Sylvi f 1736 d ug 1812.

2. Marte f 1738, g 1. 1764 Tore Larss. Tu br 1, g 2. 1778 Peder Johannessen Tu br 1.

3. Peder f 1740. g p br
4. Ingeborg f 1742. g Hans Jons. Gjævenes br 1.
5. Malene f 1744, d ug 1785
6. Jørgen f 1747, d ug 1803
7. Anna f 1749, d 14 dg..
8. Ole f 1750, d ug 1789
9. Nils f 1753, d 5 dg
10. Anne (tvill.) d 3 dg
11. Nils f 1754, g 1811 Berte Ellingsd. Lid., også kalla Birgitte.

Før han gifte seg hadde Ole eit barn Johanne f 1730, med Katrine Iversd. Storholmen.

Skaut bjørn i 1733 og i 1749.

Sk. etter Ole: Brutto 142 rd. netto 103 rd.

Peder Olsen Riksheimgjerde f 1740 d 1810

g 1770 Berte Pedersd. Ekornes Indre (br 2) f 1743 d 1808

Br 1769-1794

Born: 1. Ole f 1770, g p br

2. Peder f 1773, d ug 1802, 28 ½ år

3. Magli f 1777, g 1822 Sven Stenersen Hatlemark (bnr 2).

4. Marte f 1779, g 1819 Jon Olsen Langfarnes eller Vågnes, f Sørsylte ca. 1792. Før ekteskap hadde ho barn Anne Petrine f 1817 (far: Peder Olsen Velle).

5. Nille f 1782 d 1786

6. Lars f 1785, d 16 dg

7. Anne Pernille f 1788 d ug 1812.

Bygselsetel frå Mats Abelset 1769. Den 13. okt. 1810 var det auksjon etter Peder og selt for 131 rd. Prisane syner inflasjonen: 1 geit 2 rd, ei ku 21.

Ole Pedersen Riksheimgjerde f 1770 d 1836

g 1798 Berte Larsd. Fet (Hansg.) f 1775 d 1840

Br 1794-1833

Born: 1. Anne *Laurentse* f 1799, g 1894 Jetmund Olsen Tvergrov f 1803, plm. Teigen (Straumsheim, u. br 5).

2. Johanne *Laurentse* f 1801. Barn Karen Petrine f 1823 (far: Lars Salmundsen Brunstad).

3. Peter Johannes f 1803, plm Lille-gjerde, Riksheim br 12.

4. Berte Eline f 1805. Barn Amund Andreas f 1823 (far: Bernt Amundsen Velle). Berte Eline g 1851 em. Knut Larssen Kipperberg f 1804.

5. Lars Olaus f 1808, g p br
6. Gjertrud Petrine f 1811, d ug 1858, legdslem
7. Johanne Jakobie f 1816, g 1878 em. Severin Johnsen Gjævenes, plm under bnr 1. Ho hadde eit barn før ekteskap, Ole Martinus, f 1847, med Peter Jenssen Fausa på Riksheim (Kalvegjerde) pl. under br 3,
8. Oline f 1818, til Ålesund for å tene i 1842.
9. Anne Oline f 1820, d 1908 på Emlen. 1844 g Ole Ingebrigtsen Hafsås f ca. 1811, bustad Ikornnes Ytre br 4.
10. Olave Birgitte f 1823, d 1897 på Blakstad. Ug.

Buet etter Ole Pedersen var fallitt, brutto eige 25 spd, gjeld 36 spd. Ved auksjon 15/10 1836 vart det selt m.a. smi-reiskap, ½ i ei raudblakk merr, 1/22 i ei sildenot, 1 slengjenot med drettetau, båt, dregg og naust, ½ i eit gammalt kvernhus, Møllers huspostill, ein bibel som var hjå bokbindar i Ålesund, 1/50 i kornmagasinet på Jarnes. Netto ved auksjonen 18-1-5.

Lars Olaus Olsen Riksheimgjerde f 1808 d 1896
 1831 g 1. Berte Kristensd. Riksheim br 1 (1809-1837)
 1838 g 2. Lisbet Marie Hansd. Midtgård (1821-1892) frå Toreg. (br 6)
 Br 1833-1864.

Born i 2. ekteskap:

1. Andreas f 1840, d 3 dg
2. Berte Tomasine f 1841, d 7 dg
3. Berte Kristiane Severine f 1842, g p br
4. Henning Olaus f 1845, g til Midtgård br 4.
5. Lars Kristoffer f 1848, d 1 mnd
6. Lars Kristoffer f 1852, g p br
7. Jens Bastian f 1855, g 1883 Jensine Olsd. Kurset Nedre f 1862. Flytte til Peg. på Riksheim (br 3).
8. Jakob Andreas f 1858, g 1886 Severine Henningsd. Utgård br 9 (1863-1922). Budde i Emlensvåg og døydde der i 1944.
9. Tomas Andreas f 1862, d 1946, g 1890 Anne Jakobine Andreasd. Giske (1867-1941). Budde på Giske og vart kjend som ein dugande fiske-skipper under namnet Sørn-Tomas.

Lars Olaus fekk bygselsetel frå Jørgen Jørgensen Vik i 1833 mot kår til Ole Pedersen og kone. Lars Olaus la eid til konstitusjonen i 1839. Alle sønene hans var flinke sjøfolk. Lars og Jens hadde ein åttring i lag, Henning hadde eigen åttring som han førde. Tomas var kjend som fiskar med motorbåten «Tordenskjold».

Ein gong hadde Lars Olaus fått seg ei 2-3 drammar konjakk. Då sa han:

«E kjennje det, det e meiningslaust å drikke nøke annja når 'anj e' tyste.»

Lars Olaus Hanssen Fet (Nilsg.) f 1832 d 1916

1865 g Berte Kristiane Larsd. Riksheimgjerde f 1842 d 1911

Br 1864-1875

Barn: 1. Johanne *Marie* f 1866 d 1939, 1882 g Andreas Martinus Nilssen Eidem f 1856 d 1953. Gbr. Eidem.

Eigaren Jørgen Jørgensen Vik hadde døtrene Johanne Riksheim, Karoline Vik og Kanutte Furnes, og det var mennene deira som gav bygselsetel til Lars Olaus 1/10 1864. Han vart til dagleg kalla Ola-Gjerd-Lars. Han heldt ute båt, ein åttring, og stasjonerte på Ytreland på Valderøya.

På garden var Lars Olaus dei første åra brukar saman med verfareen, sidan ei tid saman med svogeren. På bruket var eige kårhus.

Lars Olaus var og trondheimshandlar og likte å fortelje om ferdene sine. Han fortalde og gjerne om dei gamle norske kongane. Interessa hans for dei og for norsk soge i det heile fekk ein ny kveik då Eilert Sundt vitja Sykkylven.

Neste brukaren var son til Lars Olaus Olsen Riksheimgjerde, nemleg

Lars Kristoffer Larssen Riksheimgjerde f 1852 d 1943

1875 g 1. Marte Sofie Olsd. Kurset (1849-1897).

1899 g 2. Anne *Pemille* Jensd. Riksheim br 10, (1875-1974).

Br 1875-1919

Born: 1. Lovise f 1876 d 1966, 1896 g Petter Andreas Ols. Brunstad (Jørng.) (1864-1955).

2. Jensine Bastiane f 1878 d 1879, 3 mnd.

3. Jens f 1890, g p br.

Lars fekk bygselsetel frå arvingane til Jørgen Jørgensen Vik. Kår til Lars Olaus Hanss. og kone. I 1876 fekk han skøyte frå Paul Ols. Furnes på 1/3 av Riksheimgjerde for 210 spd. I sk. etter Marte Olsd. fekk Lars denne tredjeparten med 1/3 av husa for takst 1200 kr mot panterettsutlegg til sonen Jens for 540 kr. dat. 15/12 1899. I 1910 fekk Lars så skøyte på resten av bruket frå Ole Petersen Riksheim m.fl. for 2000 kr.

I 1881 vart Lars vald til i sin krins å passe på at krøtera fekk skikkeleg stell. I hans brukstid var der forlik om hamning mellom Straumsheim og Riksheimgjerde (27/6 1876) og grenseregulering i utmarka mellom Riksheim og Riksheimgjerde (tgl. 18/3 1897 av regul. 29/5 1894).

Lars heldt ute båt, stasjonerte på Ytreland på Valderøya og var ein av dei mange høvedsmennene frå denne delen av bygda.

I 1909 bygde Lars og sonen Jens ny løe.

Jens Bastian Larssen Riksheimjerde f 1890 d 1932
1916 g Anne Pettersd. Tandstad (Instøggaren) f 1890.
Br 1919-1932, enkja 1932-1938

Born: 1. Lars Marius f 1916 d 1919
2. Gudrun Julie f 1918, g p br
3. Marte f 1921, 1946 g Harald P. Godø f 1918. Gbr. Myrstad,
Godøy.
4. Randi Lydia f 1923, 1944 g Olav P. Jarnes.

Jens fekk skøyte frå faren 24/11 1919 for 1000 kr. mot kår. Bygde stovehus
1921-1922, lenger nede enn det gamle, om lag 100 m frå sjøen.

Peder Harald Petersen Jarnes f 1908
1938 g Gudrun Julie Jensd. Riksheimjerde f 1918
Br 1939-

Born: 1. Inger Astrid f 1939, 1961 g Erling Ols. Fet f 1929, Sjø nedanfor.
2. Jens Leiv f 1941, sjå nedanfor.
3. Petter Arne f 1944, 1967 g Sylvia Taraldsen frå Frøya f 1948. Han er
fabr. arb.
4. Grete Petrine f 1951, 1972 g Per Asbjørn Pedersen Utgård, f 1946,
sjåfør.
5. Geir f 1958, ug sjømann
6. Roger, (tvill.), ug sjømann.

Den første tida dreiv dei garden saman med Anne Pettersd., mor til Gud-
run. Peder har ominnreidd stova og har bygt ny køyrebru og silo og bygt om
fjøsen. Dei slutta med setring ca. 1943. No har dei slutta både med kyr og
sauer og har berre oksar.

Før Peder vart gardbrukar var han fiskar og skipper.

Erling Hjalmar Olsen Fet (bnr 6 Fritun) f 1929 1961 g Inger Astrid
Pedersd. Jarnes f 1939.

Born: 1. Dag Otto f 1964
2. Linda Helen f 1966

Bygde stovehus på tomt frå hovudbruket i 1960 og kjøpte eit stykke til i
1978. Møbeltapetserar.

Jens Leiv Pedersen Jarnes f 1941
1965 g Ragnhild Skotte f 1941 i Stordalen.
Adoptivbarn: Rune André f 1971 i Colombia. Tidl. namn Jorge Alberto
Celis.

Jens er sjåfør. Bygde stovehus i 1964.

EIN GAMMAL Plass UNDER RIKSHEIMGJERDE

Lars Pedersen Riksheim f 1749 d før 14/7 1806.

1772 g Marte Pedersd. f ca. 1740 d 1818, legdslem.

Born: 1. Guttorm f 1772 d 1822, kf på Skodje. Var ei tid «ute i hardt vêr». Straffa for tjuveri i 1799. 1811 g Johanne Olsd. Høgset (1777-1838). Sjå bd 2 s. 684.

2. Peder f 1774 d 1822, 1802 g Guri Pedersd. Fet. (Jog.) (1795-1854) Fekk bygsle gardpart på Velle (Jog). Wallin, ein av jordeigarane, protesterte og sa at Peder hadde fare med svindel. Hadde med seg vitnet på at han var trulova med enkja Ane Velle, «og så går han hen og gifter sig med et andet Fruentimmer.» (Forliksprot. 6/8 1802).

3. Sjur f 1776, tambur, 1803 g Anne Jonsd. Tjønes. Bustad Solevågseid. Vart forhøyrd etter borgaropprøret i Borgund i 1817, vart då kalla Sivert Larssen Eide. Han hadde ikkje gjort noko straffbart, hadde ikkje ein gong ropt hurra.

4. Lars f 1779.

Både Lars Pedersen og kona skreiv seg for Riksheim, men av eit sk. går det fram at dei budde i Riksheimgjerde. Det er uvisst kvar plassen låg, mest truleg der Stølen ligg no. Men på Stølen kom sidan ei anna slekt.

Lars Pedersen vart fleire gonger klaga for tjuveri, første gongen som soldat i 1778. I 1786 var der sak mot han og Karl Pedersen Grebstad (Sjå bd 1 s 183), På to turar til Borgund med famneved hadde dei vore på farten både her og der og stole. Lars budde då på Grebstad som innerst. I retten fortalde dei om ei lang rekkje tjuvetokter, og tjuvegods vart funne hjå dei. Like før jul i 1786 fekk Lars denne domen ved ekstrarett i Kolvika: «Bør stryges til kagen og arbeide i jern i nærmeste Fæstning sin Livs Tid.» Lars anka til høgare rett. Denne saka er mest utførleg å finne i SSTb nr 25 (10/4 1786).

Bnr 2 STØLEN

Jørgen Petter Hanssen Ekornes Indre (br 1). f 1794 d 1838

g 1826 Margrete Marie Olsd. Melset br C. f 1781. Omkom ved skred-
ulukke 11/9 1865

Br 1824-1833

Barn: 1. Severine Kristiane f 1824, d 1854, g 1842 Sivert Iversen Tjønes (1817-1859). Han g 2. Ingeborg Andersd. Melfot, dotter til Anders Halsteinsen Hauge, Sunnylvn.

Festesetel på eit stykke mark 11/10 1824 frå Jørgen Jørgensen Vik. (NSSTb nr 3).

Sk. etter Petter 1838: Brutto 377 spd, gjeld 81 spd.

Enkja Margrete gifte seg att i 1840 med

Jakob Olsen Ørnes, f 1803 d 1865. Enkjemann. (Førstekona hans var Massi Kristensd. Riksheim (br 1) (1767-1838). Jakob omkom ved ovannemnde skredulukke 11/9 1865.

Festesetel en hans på Stølen var frå Jørgen Jørgensen Vik. dat. 22/6 1841. Om ulukka står det i kyrkjeboka: «Omkom ved Stenfald som omstødte Huset.» Ordrett etter eldre sykkylving: «Dei kom vekk i ei vass-svøre so gjekk.» Slik gjekk det til: Då Jens Petersen Riksheim flytte til Riksheim med kona, skulle dei bu hjå Jakob og Margrete på Stølen. Natt til 9. september 1865 låg Jens og kona i kammerset og Jakob og Margrete i stova. Det var eit fælt uver, og Jakob kom ut i kammerset og sa det var best å kome seg ut av huset. Jens og Anne sprang ut. Jakob skulle hjelpe Margrete som var sjukleg, men skredet kom og tok dei begge. Liket til Jakob vart attfunne.

Jens Bastian Petersen Riksheim f 1842 i Tømmesg., d 1881 1865

g Anne Olave Larsd. Lyshol (Øvsthus) f 1845 d 1928

Br 1865-1881, enkja til 1897

Born: 1. Peter Johan f 1866. g p pl

2. Johan Laurits f 1867, Utv. nr 755. Bustad Giske.

3. Karoline f 1869 d 1908, 1898 g em. Rasmus Mikals. Blindheim (Reitebakk) f 1854 i Engebø, Hornindal, 1854-1935. Han g 3. 1916 Petrine Pettersd. Riksheim f Stennes 1870, ek. etter Jakob *Andreas* Riksheim br 7, f 1875.

4. Berte Oline f 1871 d 1930. Utv. nr 747.

5. Kristiane Jensine f 1873. Utv. nr 749.

6. Karen Marie f 1876. Utv. nr 749.

7. Johanne Marie f 1878, utv. nr 748.

9. Lars Petter f 1880 d 1884.

10. Jensine Oline f 1881 d ug 1919. Meierske.

Brukte i midten av 1860-åra 3 dekar god eng, 19 dekar god natureng og hadde meir jord som var dyrkbar. Sådde 1 t havre, 2 t poteter, avla 41 havre, 10 t poteter. Fødde 3 storfe og 13 småfe.

Etter skredulukka som dei opplevde og overlevde flytte Jens og Anne til Tømmesgarden på Riksheim. I 1878 fekk Jens skøyte på 1/3 av Riksheim-gjerde og eit sel på Løsetsetra frå Paul Ols. Furnes for 200 spd.

Buskap i 1875: 3 kyr, 2 kalvar, 8 sauer, 12 geiter. Sånad: 1 t blk, 3 t havre,

3 t poteter. Etter at Jens Petersen døydde dreiv enkja plassen til eldste sonen gifte seg og tok over.

Peter Johan Jenssen Riksheimgjerde f 1866 d 1955

1897 g Petrine Petersd. Staumsheim (br nr 5) f 1871 d 1949.

Br 1897-1936

Born: 1. Jens Peter f 1898 d 1899.

2. Jens Kornelius f 1900, g p pl.

3. Petter Olaf f 1902 d 1964. ug fabr.arb. Bustad gnr 23 bnr 36.

4. Alfred Oluf f 1905 d 1977 i Idaho. Utvs nr 784, Skreiv seg for Riksheim.

5. Karl Sigurd f 1907, 1935 g Petra Kjørstad f 1912. Han var skreddar i Spjelkavik.

6. Karoline f 1911 d 1973, g Konrad Straumsheim bnr 7.

7. Tonny Petrine f 1912 d 1929.

8. Anna Lovise f 1914. Ug. Bur gnr 23 bnr 36.

Peter Jenssen fekk skøyte frå Johanne Jørgensd. Riksheim m.fl. for 1900 kr i 1899. I 1910 fekk plassen to skogteigar etter ei tidlegare skylddeling. I 1933 bygde han nytt våningshus.

Han dreiv lenge torskefiske, både i open båt og med dekksbåt.

Jens Kornelius Peters. Riksheimgjerdet f 1900 d 1968, utvs nr 785.

1936 g Arna Gunnarsd. Krogsæter f 1910 i Vatne.

Br 1936-1968

Born: 1. Ingunn Tonny f 1937, sjå bnr 5. Tunvang

2. Per Olav f 1941, g p pl.

Jens Petersen var vegarbeidar i kommunen. Han bygde stovehus i 1933 og bygde på og utbeta løa. Dyrka ein god del jord og opparbeidde ny gardsveg. Planta noko skog. Gav kår til foreldra i 1936.

Arna har gift seg att; med Edvin Fiskarstrand, men skriv seg for Riksheimgjerde.

Per Olav Jenssen Stølen f 1941

1966 g Anne Margrete Halvarsd. Ville f 1943 i Skodje.

Br 1968-

Born: 1. Jens Petter f 1967

2. Kari Anne f 1968

Bygde løe i 1968.

Bnr 5 TUNVANG.

Utskilt frå bnr 2 i 1962 ca 1,3 dekar, skyld 2 øre.

Gustav Normann Dalseth f 1924 på Nordfjordeid
1956 g *Ingunn Tonny Jensd. Riksheimgjerde* f 1937.

Born: 1. *Anne Jorunn* f 1957
2. *Stein Gregor* f 1962

Dalseth flytte frå Naustdal til Sykkylven i 1951. Han er snikkar. Bygde våningshus 1963 - 1966

Bnr 3 DALEBØEN

Utskilt frå bnr 1 i 1910, skyld 2,08

Karl Andreas Johansen Riksheim (br 8) f 1869 d 1957
g 1896 *Lovise Marie Hansine Larsd. Ytre Ekornes* br 3 (1876-1951)

Br 1910-1949

Born: 1. *Karl Johan* f 1896 d 1954, g 1922 *Helga Knutsd. Stave* br 2 f
1897 d 1955. Dei budde lenge på småbruket til besteforeldra
hans på Ikornnes.

2. *Bernhard Olai* f 1900, g 1937 *Solveig Steimler* f 1910. Han
flytte først til Bergen, sidan til Oslo, der kona var frå. Musikar.
Tannteknikar.

3. *Ingvald Henry* f 1904 d 1967. Utvs nr 335.

4. *Lina* f 1907 d 1979. sjå bnr 4 Dalheim.

5. *Arthur Marius* f 1918, g p br

Før Karl Andreas kom til Dalebøen dreiv han skreddaryrket på Ikornnes
nede ved kaia der det var landhandel.

Fekk skøyte frå *Lars Larssen Riksheimgjerde* på halvparten av
garden med part i husa bortsett frå stovebygninga. Kår. På Dalebøen
bygde han løe i 1912 og våningshus i 1922.

Arthur Marius Karlsen Riksheim f 1918

1941 g *Anne Sletteberg* f 1920 i Borgund.

Br 1949-

Born: 1. *Karstein Lorents* f 1943, g 1969 *Pernille Ugelstad* f 1946 i
Eide. Han har bygt nytt hus på garden.

2. *Alvhild Reidun* f 1947, g 1967 *Ivar H. Røyset*, kjøpmann på
Hareid.

Skøyte frå faren i 1949 for 6000 kr mot kår. Fabrikkarbeidar frå 1935.
Tilbygg til stovehuset i 1974.

Bnr 4 DALHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1949, skyld 1 øre, Dalheim II utskilt i 1964, skyld 1 øre.

Ole *Arthur Hellevik* f 1913 i Haram

1945 g Lina Karlsd Riksheim f 1907 på Ikornnes d 1979.

Bom: 1. Oddvar Eigil f 1946. 1972 g Eva Kåsin frå Drammen.

Bustad Drammen. Han er statsmeteorolog.

2. Kjell f 1948, 1973 g Lidvor Farstad frå Lepsøy. Han er ved Møre Data i Ålesund.

3. Laila f 1949, 1971 g Einar Tafjord, bilmekanikar i Eidsdalen.

Hellevik er møbeltapetserar. Bygde våningshus i 1949.

Bnr 6 NYSTAD

Utskilt frå bnr 3 i 1963, skyld 1 øre.

Asbjørn Johannessen f 1927 i Bø i Vesterålen.

1952 g Alma Antonsen f 1929 i Bø.

Born: 1. Arnstein Edgar f 1956

2. Bernt Marvin f 1957, 1979 g Herdis Susanne Ekornes. f 1958

3. Wenche Anita f 1960

4. Trude f 1963

5. Eva Merete f 1965.

Johannessen er maskinsnikkar. Bygde stovehus i 1964.

Riksheimgjerde. Bnr 1, 2, 5, 3, 4, 6.

Gnr 36 RIKSHEIM [Til innhald](#)

Namnet finst i kjelder frå kring år 1200, dativforma Rikisheimi, og Rygh trur at første lekk kjem av gn. riki, som tyder makt. gjævleik og at namnet såleis tyder «ein stor, gjæv gard». Frå 1520 finn ein forma Rigesym, i 1603 Rigsem, i 1617 Rigsemb og sidan i lang tid Riksem eller Rixem. Overgangen frå Riksem til Riksheim gjekk parallelt med overgangen frå Strømsem til Strømsheim. Og Riksheim vart då einerådande, medan formene Strømsheim og Straumsheim enno konkurrerer som familienamn. Heimendinga tyder på at begge desse gardane er gamle.

Om fornfunn fortel Johan P. Riksheim i 1977: For nokre år sidan vart her | gjort 2 steinalderfunn. Ei flintøks ca. 15 m frå vånehuset til bnr 3 i sørvestleg



Riksheim med Riksheimfossen. På høgda til høgre: Høgebakken.

retning. Under arbeid med gravemaskin på veg til den nye brua kom øksa til syne. Det andre funnet var på bnr 6, ei flintskrape vart funnen under grøftearbeid. På bnr 4 var der ein stor, rund haug dei kalla «Røysa» som vart utgraven og jamna, og der fann dei eit sverd som for lenge sidan er burtkome. Ved sjøen der kloppegrova renn ut er ein haug som ser ut som den er opplagd av folk. men der har ikkje vore grave. Denne haugen er på bnr 1.

Riksheim ligg ved Sykkylvsfjorden, utanfor Riksheimgjerde og innanfor Erstad. Gjennom garden renn Riksheimelva, som i gammal tid dreiv sag og kvernar, og som etter temjing av fossen gir bygda elektrisk kraft.

Tømmereksperten først på 1600-talet er vel kjend. Kva tid den tok til er uvisst, men kva tid den slutta veit vi på året så å seie. Dei som dreiv saga måtte betale ei årleg avgift, 2 rd, og dessutan levere $\frac{1}{10}$ av produksjonen, såkalla tiendebord, som vart selde og såleis omgjorde til skattepengar. T.d, vart 6 tylfter tiendebord i 1612-1613 selde for $4\frac{1}{2}$ rd. I tida 1600-1640 varierte produksjonen frå 80 tylfter i 1611-1612 til 10 tylfter i slutten av 1620-åra. Det meste på 1630-talet var 40 tylfter. Men brått var det slutt. I 1640-41 var sagskatten 1 rd, men ingen på Riksheim saga noko det året. 1650-51: «Ringe bekkesaug som bønderne bruger til at forbedre deres huse med». (Bhl pk 118). I 1647 vart alle eigarane av Riksheim-saga stemnde for skuldig sagskatt, og då dei ved ny stemning i 1654 vart spurde kvifor dei

ikkje hadde betalt, var svaret at «de hadde aldeles ingen saugbrug uden dennem iblandt kunde skjære en fjæl eller to til husbehov av et tørt træ som dog neppelig er med stor besværing og umage udi fjeldene at bekomme, thi så stor mangel er der nu er på tømmerkog så de for den årsag ei kunde give saugskat. Det samme profet også en stor del udaf almuen.» (SSTb 1654).

I 1818 vart det oppført ei ny sag på Riksheim. Brukarane av dei tre hovudbruka åtte saga, som stod på deira eigen grunn ved Riksheimelva, på sørsida eit stykke frå sjøen, der lendet er heller flatt. Difor vart det lagt ned mykje arbeid på sagveita, som enno er godt synleg.

I 1819 var der synfaring på saga. Då hadde dei søkt om løyve, men enno ikkje fått svar. Saga kunne berre drivast i flaumtida, og på sine egne gardar hadde dei ikkje eit einaste tre til tømmer. Heller ikkje på grannegardane fanst det skog. Alt tømmer til å skjere måtte førast dit frå Borgund på den andre sida av Storfjorden, 1½ til 2 mil borte. Skurden, meinte dei kunne bli 10 tylfter årleg til ca. 40 spd.

Også kvernane vart drivne med vasskraft frå elva. Av forliksprotokollen frå 1797 går det fram at brukarane på Straume og Straumgjerde også mol kornet sitt på Riksheim. Seinare kom andre til. Fram til 1910 var der 10 kvernar. På sørsida av elva, 100 m frå sjøen stod Tømmeskverna og Tandstad-kverna som Johannesgarden og Jakobgarden hadde i lag. Litt lenger oppe stod ei beinmylne. Kvernane ovanfor stod på nordsida av elva. Kring 100 m nedanfor brua stod kverna til Riksheimgjerde, litt lenger oppe Krissen-kverna og kverna til Olag. på Erstad. Like ovanfor brua stod Pekverna og kverna til Simog. på Tandstad.

80 m lenger oppe stod Riksheim meieri som starta i 1897. Det var brukarane frå og med Tandstad og rundt fjorden til og med Erstad som var med i meierilaget. Meieriet stod på tomt frå bnr 3.

Frå midten av 1600-talet har det for det meste vore 3 hovudbruk på Riksheim. Nemnde med den lokale uttalen vart dei seinare kalla Krissengarden (av mannsnamnet Kristen). Tømmesgarden (av mannsnamnet Tomas) og Pegarden (av Per eller Peder).

Det gamle 3-manns-tunet låg fritt til oppe på ei høgd som strekkjer seg nedover med svak halling. Men noko nedanfor tunet er der ein bakke ned til flata ved fjorden. Dette er Løbakken. Derifrå er det god utsikt over fjorden, og der stod nok ein eller annen ofte på speiding etter silda. Både havfiske og heimefiske har vore viktige attåtningringar for Riksheim, som har att mange særst dugande sjøfolk. Meir om dette vert nemnt under Brukarar. Her kan nemnast at staden der ei jakt vart sett på land, syner enno. I Romsdals Budstikke frå 1840 kan ein lese ut ein fiskebåt frå Riksheim, «Den vandrende Lykke», reiste til Bergen med sild den 29. august. Om det var

denne som forliste er uvisst. Men tradisjonen fortel at ei Riksheim-jakt ein gong på veg heimatt frå Bergen kappsigla med ei nordlandsjakt, forliste og miste heile farmen; det einaste dei hadde med seg til gards var vottene. Riksheim Notlag var kjent for framifrå fiske og sjømannskap. Samanheng med notlaget har stadnamnet Bytningane. Når dei hadde brukt sildenota la dei til lands på neset innanfor notanaustet, tok fangsten på land og bytte lutane. Det var 23 mann som åtte nota, og mannslut og notalut vart lagde utover marka. Ein mann fekk bind for augo og ein annan gjekk og peika på ein og ein lut og spurde: «Kven skal ha denne?» Slik gjekk bytinga for seg og slik vart stadnamnet til. Notlaget eksisterte heilt til 1917. Den 15. januar var det tillyst auksjon over naust og andre eignalutar utan at nokon baud på det. Men den 24. mai same året vart notlaget oppløyst og all eigeedom seld for kr. 1784,73.

Det ein veit om den gamle tunskipnaden er at stovehusa stod øvst oppe i bakkehellinga, Krissenstova lengst i sør, så Tømmesstova og så Pestova. Det var berre plass til veg mellom stovene. Løene stod nedanfor, innanfrå og utover i same rekkjefølgje som stovene. Krissenløa stod heilt ut til bytet mot Tømmesgarden og dei to andre løene var samanbygde under eitt tak. Mellom Krissenløa og Tømmesløa var køyreveg.

Ved utskiftinga i midten av 1880-åra var det ingen som flytte ut, men tunet har vorte regulert noko seinare. Ein del av Krissengard-stova (gamlestova) vart flytt opp til ein husmann. Før utskiftinga av innmarka var slåttemarka teigbytt, men det var store teigar, noko som kan tyde på at der hadde vore ei utskifting tidlegare. Kvart bruk hadde eit samla stykke av den gamle åkeren på Fløten, som låg til sides og ned for tunet. Denne åkeren var skild frå slåttemarka ved eit gjerde. Når dei sleppte krøtera på bøen om hausten stengde dei ei grind i gjerdet og lét krøtera beite på slåttemarka inn mot Riksheimgjerde. Det var ikkje gjerdt mot Riksheimgjerde, og då det ikkje var sambeite mellom dei to gardane, måtte dei på Riksheimgjerde passe på å jage riksheimkrøtera vekk frå si mark. Det var først rundt siste århundre-skifte at det vart sett opp gard på bømarka mellom Riksheim og Riksheimgjerde. Mot Erstad har der vore hagard frå gammalt av.

Teigen under Riksheim var eit slåttemarkstykke mellom Straumsheim og Riksheimgjerde. Der er ikkje minne om korleis Riksheim har fått det mark-stykket. Teigen rekk midtvegs opp til bøgarden. Der er ikkje sett opp gjerde mellom Teigen og Straumsheim.

Setermarka grensar mot setermarka til Midtgård, Hundeide og Gjøvenes. Der er ikkje gjerde. På Riksheim-stølen var innhegna slåttemark med sams slått utan teigar, og seterhusa låg om kvarandre. Segna seier at Riksheim ein gong hadde vårseter på Straumsheim.

I 1894 var det utskifting av torvland på Riksheim. Torvlandet vart til vanleg kalla Stormyra, og den var delt av ein bekk som kallast Løken i ein nord-vestre og ein sør-austre del. I den førstnemnde delen fekk gardbrukarane 3-4 teigar kvar, plassingane 1 teig kvar. I den andre delen fekk somme av plassingane 2 teigar. Gardbrukaren og ein plassemann frå Riksheimgjerde møtte og gjorde krav på part i myra, men det sette riksheimbrukarane seg bestemt i mot.

Som vi skal sjå vart der etter kvart nokså mange plassemenn på Riksheim, og eit kommunestyrevedtak som galdt dei, gjekk ut på at alle plassemenn som ikkje brukte matrikulert jord og som ikkje fekk stønad frå fattigstellet, skulle betale 12 skill. i året til skulekassa. I 1888 vart det vedteke at alle plassemenn med skyldsett jord skulle ta del i skulehushaldet og andre utgifter til skulen in natura med $\frac{1}{4}$ mot gardbrukarane. Då plassemennene protesterte mot dette gjorde heradstyret vedtak om at så lenge der var omgangsskule, skulle plassemenne betale for ein eller to dagar, og kvar dags skulehald vart sett til 25 øre.

Før siste krig vart det grave ein stor kanal på Riksheimmyrane av alle brukarane på Riksheim, slik at meir jord kunne dyrkast. I 1940 vart bøgarden flytt, og med det vart heile dei flate myrane lagt til innmarka. Alle brukarane tok då til med nydyrking.

EIGARAR

Frå eit blad av ei gammal jordebok veit vi at Munkeliv kloster åtte jord på Riksheim i mellomalderen. (Sjå òg Dipl. Norv. XII s. 222). Av tiendpenninglista frå 1520-1521 ser vi at Arne på Rigesym la «8 lod sølf och $2\frac{1}{2}$ mark for jordegodz. Oluf ib. $\frac{1}{2}$ lod sølf for jordegodz». Dette kan gjelde jord på Riksheim. Før midten av 1600-talet åtte enkja Mille Audensd. på Hitra ein del av Riksheim, jordegods som gjekk i arv til sonen (styksonen) Jakob Melchiorsen. Resten av Riksheim åtte lensmann Laurits (Lars) Olsen Abelset, som var g Margrete Lagesd. frå Riksheim, dotter til Lage Jenssen Gamst. Lensmannen må ha fått dette jordegodset ved giftarmålet.

I 1661 var dei to Riksheim-partane slik: Jakob Melchiorsen åtte 5 mællag 6 mk. Laurits Abelset 2 $\frac{1}{2}$ v $\frac{1}{2}$ pd og bygsla alt.

I 1671 vart heile Riksheim Abelset-eige, og ved århundreskiftet var enkja Margrete eine-eigar av Riksheim, som då hadde ei skyld på 4 v 1 pd 12 mk. Sonen Ole Larssen Abelset var neste eigar, og garden var Abelset-eige på heile 1700-talet. på slutten ved Christen Møller Abelset, g Birgitte Margrete Brandal. Ho var faster til kaptein Rasmus Brandal i Sunnfjord, som ved testament vart eigar av Riksheim. I 1810 selde han garden til brukarane.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr. 134, 140, 136.

I lang tid hadde Riksheim og Riksheimgjerde sams matrikelnr. og vart, som nemnt, oftast kalla Riksheim med Gjerde. Dette sams gnr var i 1717 134. I 1724 fekk Riksheim gnr 140 og Riksheimgjerde 141, men desse vart ikkje tekne i bruk. Først på 1700-talet fekk desse gardane 136 som sams gnr, og det var i bruk til 1819 då dei fekk kvar sitt gnr, Riksheimgjerde 35 og Riksheim 36.

Riksheim med Gjerde vart førd i skatteklasse halv gard i 1661, men heil gard i 1664, endå skylda var den same, 4 v fisk. I 1667 vart garden førd med smørskyld, 1½ laup 18 mk smør, men vart alltid sidan førd med fiskeskyld og då for det meste med 4½ v når Riksheimgjerde var medrekna og 3½ v elles. I 1836 vart den nye skylda 8 dlr 3 ort, og i 1890 M 15,87.

Tienda var i 1666 3½ t havre, ½ mæle bygg og ½ v 8 mk ost, i 1717 4 t havre, 4 skjepper bygg og ½ v ost eller 54 skill.

Leidangen var i 1604 1 geiteskinn 4 kalveskinn, i 1612 2 geiteskinn, i 1624 5 kalveskinn, i 1666 2 geiteskinn, i 1680 8 kalveskinn og i 1715 5 mark 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 3 mann

1606: 3 mann

1626: 2 mann. Sår 10 t havre. Er bondegods. Fiske til havs. Skattar årleg av ei sag.

1657: 3 mann. Buskap 3 hestar, 2 oksar, 29 kyr, 14 sauer, 21 geiter.

1667: 2 mann. Sår 12 t havre, avlar 36½ t, kan fø 40 kyr og 2 hestar. Brennefang.

1717: 3 mann. Sår 10½ t havre, 5 skjepper bygg, avlar 40 t havre 5½ t bygg, Fôrar 30 kyr og 3 hestar. To små bekkekvernar.

1724: 3 mann. Sår ½ t bygg, avlar 6 t, sår 11 t havre, avlar 44 t. Viss til korn, lett driven. Nok skog. Seter.

1791: 3 kvernar.

1802: 3 mann. Sår 12 t havre, 3 t blk, 6 foll. Fôrar 24 storfe, 3 hestar, 60 småfe. Nok brenneved, og beite i utmark og seterdal. Årviss kornavling.

1845: Sår 3 t bygg, 6 t blk, 9 t havre, 4 t poteter. Fôrar 3 hestar, 30 kyr, 42 sauer, 21 geiter og 3 griser.

1865: Sår 1½ t bygg, 14½ t blk, 23 ¾ t havre og 19 t poteter. Fôrar 3 hestar, 52 kyr, 102 sauer, 58 geiter og 5 griser.

1875: Sår 2 t bygg, 22 ¼ t blk, 25 ¼ t havre og 30 ½ t poteter. Fôrar 3 hestar, 1 føl, 1 okse, 51 kyr, 14 kalvar, 65 sauer, 71 geiter og 6 griser.

BRUKARAR

To brukarar er nemnde i 1520, Arne og Oluf. Dei første åra på 1600-talet er der tre. I 1626 er der berre to brukarar, og i siste halvdel av 1630-åra berre ein. Frå 1640 er der atter to og til desse kjem i 1645 den første brukaren ein veit om i Riksheimgjerde. - Midt på 1650-talet er der 4 br. og med det har vi dei 3 hovudbruka på Riksheim og det eine i Gjerde. Dei 3 bruka først på 1600-talet kallar vi bruk A, bruk B og bruk C.

BRUK A

Peder Jonsen Indre Standal

Br 15. - 1615, 1619 - 1629

Av to utrykte diplom, eitt frå 1568 og eitt frå 1598, ser vi at bestefar til Peder heitte Amund Jenssen og faren Jon Amundsen Standal. Og diplommet frå 1598 viser at Peder Jenssen kjøpte eit mællag jord på Indre Standal av Ole Jonsen Fet, som i si tid hadde kjøpt det av Amund Jonsen Standal. Lagrette-mennene som sette segla sine på dette dokumentet var Peder Aurdal, Jørgen Riksheim, Elling Hundevik, Størker Hundevik, Anders Erstad og Iver Grebstad. Peder Jonsen Riksheim hadde desse borna: Karen, Peder og Ole. Ein Tandstad-gut kom til å skryte av at han hadde lege med Karen. Han vart ikkje trudd og måtte ut med 15 rd. I 1615 måtte Peder Jonsen reie ut knekt, og det vart hans eigen son som då var 29 år. (RA Danske Kanselli, skap 9, 351 a). Den andre sonen var

Ole Pedersen Riksheim

Br 1615-1618

Han la 20 rd i førstebyggsel av 7 mællag i 1615, men etter få år tok faren over att.

Peder Jonsen

Br 1619-1629

Peder åtte meir jord enn det eine mællaget på Indre Standal, men det er uvisst kvar han hadde det andre jordegodset sitt. I 1611 skatta han av 4 mællag og i 1614 av 2. Han dreiv og sagbruket, mest medan sonen Ole dreiv

jorda. I 1626 har han visst berre Standal-mællaget att av jordegods. Etter Peder Jonsen ser det ut til at brukaren på grannebruket Lage Jenssen tok over dette bruket òg, til han i 1640 gav frå seg br A til ein som truleg var gift med dotter hans. Den nye brukaren vert kalla svoger til Lage, ei nemning som ikkje var eintydig på den tida og godt kan tydst som svigerson. Den nye brukaren er Simen Hanssen, og bruket hans vart sidan til bnr 1 Krissengarden.

BRUK B

Jakob

Br 1606-1621

I 1611 var han saman med Ole Straumsheim (br 1) om å reie ut knekten Jon Paulsen Straumsheim. I 1617 brukte han 4½ mællag, som er 15 mk mindre enn tredjeparten av heile garden. Han åtte 14½ mællag jord i 1618. Sonen Anders hadde pengar i ei kiste. Ein kar frå Nørvesund tok pengane og brende opp kista (1620).

Lage Jenssen Riksheim (Gamst)

Br 1621-1664

Var ei tid på Hanken hjå Rasmus Stud og i kort tid på Jarnes før han kom til Riksheim. Handelsborgar i Bergen frå 1620.

Han åtte mykje jordegods saman med folk frå Hitra og Hemne. Etter tradisjonen tente han seg rik på trelasthandel på Riksheim, og det er rett nok at han dreiv sagbruket der og selde trelast. Men rikdomen hans skreiv seg vel like mykje frå jordegods han åtte før han kom til Sykkylven. Og det at slekta hans åtte jord på Riksheim var kanskje hovudgrunnen til at han kom og slo seg til der.

Som før nemnt var det Mille Audensd., enkja etter Melchior Jacobsen i Hemne som åtte jord på Straumsheim og Riksheim på denne tida. Lage Jenssen skatta av 40 mællag den første tida han var på Riksheim. Noko av dette var på Sunnmøre. Somme har meint at Lage Jenssen åtte jord på Vadset, Støråk på Skodje, etc. etter det som står i odelsjordebok for Bergenhus len i 1624. Men slik det er ført der trur eg ikkje Lage Jenssen hadde noko med dette å gjere. Bruken av skiljeteikn var ofte onnorleis på den tida, og det som avsluttar opprekninga: «. . . som han har gjenløst av Nils Eggesetter i Romsdalen» kan gå på den sistnemnde. Helge Lande, og ikkje på Lage Jenssen.

Lage Jenssen var truleg gift med ei av døtrene til Sjur Helgebostad på Hitra. Vi kjenner namn på tre av dei: Lisbet, Adelus og Berte. Men det kan

vere ei fjerde dotter som vart gift med Lage. Sikkert er det at kona til Lage var av slekta som på 1500-talet åtte jordegods i Sykkylven.

I 1645 la Lage koppskatt for seg og kona, ein dreng og to tenestjenter. Sonen Ingebret la 5 rd i bot for å ha krenkt Ane Pedersd. som han skulle gifte seg med. Ei dotter, Johanne, vart gift med Lars Jakobsen Erstad, og ei anna, Margrete, vart gift med lensmann Lars Ols. Abelset som fekk jordegods på Riksheim ved giftarmålet. Jetmund Lagesen Riksheim må vel og vere av denne familien. Man er nemnd i manntalet for 1701. Då er han 49 år og tenar på Storvik i Ørskog.

I 1630- og 1640-åra var Lage den dominerande brukaren på Riksheim. Ei tid i 1630-åra brukte han heile garden. Det er difor ikkje uventa at alle dei tre hovudbruka på Riksheim har ein eller annan samanheng med Lage-bruket. I dei første 1650-åra kjem det ein ny brukar til Riksheim, Anders Jetmundsen, og etter som Lage sitt bruk minkar tilsvarande, ser vi at Lage-bruket skil ut det som seinare vart kalla Pegarden. Men den delen av Lage-bruket han sat med til han døydde vart til Tømmesgarden. Samanhengen med Krissengarden er nemnd under br A,

I 1657 la Lage krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 6 sauer og 5 geiter, med 1 rd.

Så seint som 1666 er Lage nemnd som brukar på *ei* liste, men siste året hans som brukar var nok 1664.

BRUK C

I eit tingsvitnemål frå 1577 som er trykt i band 2 av gardssoga s. 296 er tre menn frå Riksheim nemnde. Det er lensmann Ole Pedersen, Peder Olsen og Jørgen Pedersen. Dei må alle ha høyrte heime på dette bruket, og då truleg slik at Peder Olsen er son og Jørgen Pedersen bror til lensmann Ole Pedersen.

Ole Pedersen Riksheim

Br 15..-ca. 1590

Han var lensmann frå 1570-åra til 1589, og det var truleg sonen Peder Olsen som vart gift til Aurdal og vart lensmann etter faren, frå 1590 til 1605.

Jørgen Pedersen Riksheim

g Magdalene

Br ca. 1590-1612

Som nemnt truleg bror til lensmannen Ole Pedersen. Han vart skriven Jørgen Risom då han var utsending til møtet på Ørskog i 1591 i høve hyllinga

av Christian IV (Aktstykker Til de norske stændermøders historie, bd 1 s. 52). Saman med grannen Peder Jonsen reidde han ut Anders Nilssen Løset som knekt til krigen i 1611. Anders gjekk ut i staden for Jakob Erstad. I 1590-åra var Jørgen medeigar i 11 mællag jord i Søvik, Løset S. og Løvoll.

I eit gammalt skinnbrev vert det fortalt at det på eit ting i Borgund 12/9 1598 vart handsama ei sak om dette jordegodset, som brukarar av dei nemnde Søvikdals-gardane meinte karane frå Riksheim og Erstad ikkje lenger kunne gjere krav på. Men Ole Erstad og Jørgen Riksheim la fram «et velbeseglet pergamentbrev frå aar 1586 den 12. mai indeholdende at bemeldte Anders Gulliksen og hans sande medarvinger havde samtykket det første kjøb, og hvilket kjøbebrev hans arvinger selv havde bestilt og ombudet 12 mænd at besegle med dem.»

Og seljarane «har oppebaarit fyldest i penge efter samme kjøbebrevs udvis og indhold. Thi sagde vi for Ret, . . at bemeldte Ole Pedersen og hans sande arvinger og medarvinger skal herefter frelseligen nyde og bruge og behalde bemeldte 11 mællaugs leie udi de tre gaarde som før er sagt, al den stund at bemeldte kjøbebrev staaer ved magt.» (Utdrag etter referat av Peder Fylling).

I 1603 skatta han av 12 mællag odelsgoods. Saman med andre brukarar av til saman 52 mællag jord var han med å reie ut ein hakeskyttar (d.e. ein som skyt med hakebørse).

Ved sida av jordbruket dreiv Jørgen saga på Riksheim og skar eit år 80 tylfter. Dei siste åra han levde skar han kvart år 60 tylfter. Han var lagrettemann. På ei liste over tiendekorn i 1612 vart enkja førd åleine som brukar. Så tok sonen over.

Peder Jørgensen Riksheim Br 1612-1625

Han brukte 5½ mællag og la i 1620 same korntiend som grannane på Riksheim, 1½ mæle. I 1626 er Peder ikkje nemnd, og Riksheim er førd med berre 2 brukarar. Nokre år seinare er det truleg sonen som er nemnd.

Jørgen Pedersen Riksheim

Br 1630-1634

Medan han var brukar var han den einaste ved sida av Lage Jenssen, men det er tydeleg at det var Lage som hadde største bruket. Lage la 2½ mæle i korntiend i 1630 mot Jørgen ½ mæle 1 fj. Etter 1634 høyrer vi ikke meir til Jørgen, og ved sida av Lage er det i dei neste 6 åra nemnd berre ein husmann, Lars. Lage har vel då tatt hand om dette bruket òg.

Ein av sønene til den første brukaren vi veit om i Riksheimgjerde heitte

Jørgen. Kanskje er det ætta frå bruk C som held fram der. I så fall må ei dotter av Jørgen Pedersen ha vore gift med Ole, første brukaren i Riksheim-gjerde.

Bnr 1 KRISSENGARDEN

Simen Hanssen f ca. 1608 d ca. 1690

Br 1640-1685

Born: 1. Kristen f ca. 1651

2. Iver f ca. 1654

3. Lisbet f ca. 1662, g p br

Simen var truleg gift med dotter til Lage Jenssen Gamst på Riksheim. Han kom dit då det var om lag slutt med trelasteksporten. Koppskattlista i 1645 syner at han var gift og hadde både dreng og taus. Han brukte i 1648 5 mællag. I 1653 vart Lage Jenssen stemnd for gjeld (1 tylft bord), og «hans svoger Simen ib sa at Lauge vedstod».

I 1657 betalte Simen krøterskatt med 5 ort 8 skill. for 1 hest, 1 okse, 12 kyr og 8 geiter.

I 1661 vart han vald til å reise til kongehyllinga. Han eller Asmund Øvre Lande skulle reise saman med Hans Ringstad. Om Simen reiste er ukjent. Han var lagrettemann. Fødselsåret nemnt ovanfor er etter aldersoppgåva frå 1666. Truleg vart han fødd seinare, etter som han var brukar heilt til 1685.

Hover Jetmundsen

g Lisbet Simensd. Riksheim f ca. 1662 d 1729

Br 1685-1690

Born: 1. Simen f ca. 1687, gbr på Valle frå 1716.

2. Gunhild, d før 1729, g Ole Bertelsen Langlo.

Hover fekk som gift mann barn med tenestjenta si Anne Pedersd. Ho fødde i løynd, og fortalde det 14 dagar seinare til broren som tente i grannegarden. Ho sa at barnet var dødfødt. Snart etter gjekk Hover gjennom isen og drukna.

Om desse tragiske hendingane finn ein dette i tingbok nr 1 (1689-1691) frå s. 73 b:

«Den 31 Marty udy Valde Schibrede paa Ofre, holt Kongl. Ma: Foget Sr. Anders Hansen Møller it Extra ordinaire Sageting, neruerende doms oc Laug Rettismend Peder Pedersen Brunstad, Steener Rasmussen Giere, Sifuer Olsen Blindem, Christen Jonsen Ofrdal, Iens Aschildsen Vaxvig, Olle Olsen Søeholt, Botolf Knudsen Tøsse oc Iffuer Jaeobsen Hojem.

Fogden «lod for Retten fremstille it quindfolch ved Nafn Anne Peders-

daatter tienendes Hofuer Ietmundsen paa Rixem en ægtemand, som sig med han^m udi Lejermaal har forseet oc aflet barn. Bem^{te} quindfolch blef tilspurt, om hun ingen anden barnefader hafde, huilchet hun højlig benegter, blef oc tilspurt, om der var nogen som wiste at hun var med barn, huortil hun suarede at der war ingen som wiste deraf, uden alleene barnefaderen Hofuer Ietmundsen Rixem, som hafuer hende saaledis tilsagt at naar hun føde barnet, schulle hun det i hendis Kiste foruare om det vaer dødfød til hand kom hiem igjen, da wille hand sette det hen i Kierchen, oc ydermere sagde saa til hende at hun det for ingen schulle obenbare, saa frembt hun det giorde, schulle hand enten gjøre schade paa hende, eller tage schade. Har saa bem^{te} quindfolch Anne Pedersdaatter en Maaned nest forleden udi Hofuer sit Fæhuus, da dog ingen folch var hos hende, fød it drengebarn, som hun siger at schall vere død fød, huilchet hun strax tog oc suøbte i Kleder oc lagde det i en Kiste med Laas for, huilchet laa saaledis fordult oc ingen deraf wiste før fiorten dage dereffter, da hun det for hendis broder, Iørgen Pedersen, som tiener Tommis Rixem obenbarede, oc hand strax dereffter gaf granderne det tilkiende. Huorda samme barn strax blef besigtiget at Berette Ionsd. oc Maren Torsd. Rixem, som bekiender oc widner at dj effter tilkaldelse besiktigede samme barn, som blef optagen af forⁿ Anne Pedersdaatters Kiste. Da befantis barnet, med alle sine Leed oc Lemmer, oc kunde ey sees nogen Manch eller schade det af Mennischers hender at hafue bekomit, mens enten det var lefuendis eller dødfød wiste dj iche. Samme barn blef oc nu for Retten frembaaren, war udj alle maader fuldkommen oc welschabt. Moderen til barnet lagde sin haand derpaa, oc bad Gud derom at saa frembt hun har det ombragt, at det maatte gifue Kiendetegn fra sig, som ingenledis kunde sees eller fornemmis.

Huad barnefaderen Hofuer Ietmundsen Rixem anbelanger da har hand fiorten dage effter at det blef obenbarit at forⁿ quindfolch har fød barnit d: 16 Marty som var en Søndag gaaet af sit Huus oc neder til Søn, huor da laa Is landene imellem, oc schal vere derpaa Vdgaen, som meenis at hand Wille gaa ofuer til den anden Side at besøge sine Vener, oc er saa kommen igienom Isen, og derpaa blefuen ombragt fra Lifuet. Thorsdagen dereffter da kongl: Ma: Foget war ind reist, at fornehmme om detz beschaffenhed, kom neder af dahlen Kolben Holle, Aren Brunstad oc Peder Ionsen Brudeuold, som ville fare vd til Borgensund, oc falt deris Wej frem med Rixem Side, huor dj da fant beim^{te} Hofuer ligendis i Søbredden nedenfor Rixem det dj strax til fogden oc besiderne paa Rixem aabenbarede. Tog saa samme forbem^{te} 3^{de} Mend, med andre Trende, nemblig Steener Giere, Sifuer ib oc Olle Laursen Stafue, som bem^{te} Hofuer Ietmunds. besigted, oc effter deris flittig ofuerfaring oc siun, widner dj oc for Retten Bekiender at dj paa hans

døde Legeme ey kunde fornehme eller see nogen Saar eller schade, widere end at hand war noget lidet riblet i sin pande, som dj meener at were giort af Isen. Ellers fantis paa hannem 2^{de} seie Knifue i sin Slire indstuchet, saa hand dermed ey har kundet giort sig nogen schade, mens hans hender laae ofver Huer Andre. Huoreffter Samme døde Legemme blef optagen oc hensat i it Nøst ved Rixem, til widere Rettens Kiendelse.

Kongl: Ma: Foget satte i Rette om bem^{te} quindfolch iche bør lide effter Lovens 6. bog 6. Capt. 7. oc 8. Art. Da effter foromrørte omstendighed oc quindfolchis Egen Bekiendelse.

Afsigis for Retten:

At efftersom forbem^{te} Anne Pedersdaatter sig ey som Christeligt oc tilbørligt med sin barnefødsel har omgaaed oc dertil brugt dj ordentlige mideler, men det udj løndom fød oc siden i en Kiste henlagt, bør Hun derfor . . . at Strafis paa sit Lif oc hendis hofuiet at settis paa en Stage, Andre til it afschyeelig Exempel oc hendis formue til Sit herschab at vere forbrut. Dog vill Vj dene Woris afsigt, effter Lowens maade Allerydmygeligst til Woris gunstige Weledle ofuerdomere oc Laug Mand Hendrich Koch til Confirma-tion hafue indstillet.

Belangende foromrørte quindfolch Anne Pedersdaatters beschylte barne-fader Hofuer Ietmundsen Rixem, som saaledis schal were ombragt oc død funden:

Afsiges for Retten

Effter Lowens Siette Bogs. 6. Cap. 21 Art. at hand ey bør begrafuis i Kierche eller Kierchegaard, vden den gunstige høge øfrighed, formedelst hans fattige bedrøfuede Kone oc smaa faderløse børn det wil tillade, oc ellers hafue Hans Hofuitlod forbrut til Sit herschab det Vj oc til Voris Gunstige ofuerdomeris paakiendelse til confirmation ydmygeligst wil hafue henstillet.»

Av sakefallsliste går fram at Anne Pedersd. ikkje lét etter seg anna enn 2 rd som ho hadde til gode i løn, og at buet etter Hover hadde ei netto eige på 13 rd 5 ort. Av det fekk enkja og kongen kvar sin halvpart. Mester-mannen, Anders Persen Setter frå Hjørundfjord, fekk 3 rd 60 s for avrettinga.

I Riksheimgjerde er der ein stad dei kallar Grava, og folk har meint det var gravstaden til Hover. Det er vel ikkje utenkjeleg, men korleis enn tilhøva ved hans død vart tolka, hadde dei iallfall lov til å gravleggje han ved sida av kyrkjegarden.

Enkja etter Hover gifte seg oppatt med

Knut Olsen f ca. 1662 d 1742

Br ca. 1692-1712

I 1711 betalte han skoskatt av 8 par skor og hadde då to born. Utanom Ole

som tok garden veit vi om dottera Guri. Mora Lisbet døydde i 1729. Sk. etter henne hadde ei netto eige på 23 rd.

Ole Knutsen Riksheim f ca. 1692 d 1772
1721 g Synneve Bertelsd. Langlo f ca. 1687 d 1752
Br 1712-1747

Born: 1. Lisbet f 1722 d 1800, 1745 g Jon Jonsen Aure f 1723 d 1774.
(Sjå bd 1 s. 410).
2. Kristen f 1724 g p br
3. Knut f 1728 g 1758 ek. Guri Larsd. Erstad (br 4). Han flytte til Erstad.

Ole Knutsen bygsla først 3 mællag i 1712, og så 3 mællag til i 1720 av Chrf. O. Abelset.

Far til Synneve Bertelsd. var nærskyld med lensm.-slekta på Langlo, og både han og kona ætta frå riddar Erik på Overå.

Kristen Olsen Riksheim f 1724 d 1799
1749 g Marte Larsd. Sjøholtstrand f 1721 d 1776.
Br 1747-1788

Born: 1. Lars f 1750 d ug 1781
2. Synneve f 1752 d 1778 g 1. Ole Ibesen Solnørddal, 1786 g 2. Paul Paulsen Hatlen (1759-1809).
3. Ingeborg f 1754 d 1815, 1781 g Paul Paulsen Fet (Pålg.)
4. Ole f 1757 d 1781
5. Siri f 1759 g 1. Hans Hansen Sætre (br 2), g 2. Knut Torsteinsen Standal (Sætre br 2).
6. Kristen f 1762 g p br.
7. Marte f 1764 g Jon Ols. Midtgård bnr 3.
8. Massi f 1767, 1791 g 1. Tomas Larssen Riksheim br 2, 1830 g 2. Jakob Ols. Ørsnes f 1803.
9. Ole f 1769 g ek. Marte Pedersd. Erstad br 1.
10. Kirsten f 1774, 1800 g Peder Svendsen Myrset br 1.

Kristen Olsen var legdsman for 16. legd i 1771. Sk. etter Marte Larsd. 1777: Brutto 107 rd netto 96 rd.

Kristen Kristensen Riksheim f 1762 d 1848
1789 g Berte Olsd. Tjønes f 1769 d 1849, sk. 21/11 1850.
Br 1788-1813 og 1814-1820
Bygselsetel på 1 v 12 mk i 1788, skøyte på bruket frå major R. Brandal 9/7 1810 for 300 rbd. I 1802 vart bruket verdsett til 187 rd.

Born: 1. Lars Olaus f 1790, på br. Sidan til Midtgård (Hansgarden).
2. Ingeborg Severine f 1791, 1818 g Elias Jonsen Blakstad. (br 1).
3. Kristen Olaus d 1795, 1½ år.
4. Kristen Olaus f 1795 g p br.
5. Marte Severine f 1797, 1817 g Lars Martinus Jons. Stave (br 1)
f 1786.
6. Lars f 1799 d 1804.
7. Charlotte *Severine* f 1802, g overtoll. Sivert Hatlemark (br 1),
Vegsund, f 1782.
8. Laurentse Marie f 1805, g 1831 Størker Størkensen Myrset (br 1)
f Utgård (br 1).
9. Berte Kristiane f 1809, g Peder Olsen Riksheim (br 2) f Stave.
Kristen Kristensen var legdsmann. Sk. etter han i 1848:
63-»-10- 12-3-5 = 50-2-5. Sk. 1850 etter kona: 43-1-÷ -17-4-4.

Lars Olaus Kristensen Riksheim f 1790 d 1860.

Br 1813-1814.

Først lét faren han få bygsle 1 pd 18 mk av bruket i 1813. Men i futens kassabok frå same tid er Lars Olaus førd med 1 v 12, altså heile bruket, så han hadde nok teke over det heile då han 20/6 1814 gifte seg med ek.Tyri Ellingsd. Midtgård (Hansg.) og flytte dit. Då tok faren over att Krisseng. nokre år.

Kristen Olaus Kristensen Riksheim f 1795 d 1843

1821 g Johanne Helene Jørgensd. Vik (1801-1899)

Br 1820-1843

Born: 1. Berte Marie *Kristiane* f 1824, g Lars Olaus Olsen
Riksheimgjerde f 1808

2. Tomasine f 1830, g p br.

3. Juliane Petrine f 1834 d 1912, g 1. 1852 Peter Johs. Ols. Aure
(Bøen) f 1834-1854), g 2. 1855 Amund Carlsen Aure (1825-
1910).

Faren gjekk over på kår då han gav Kristen skøyte på bruket 12/10 1820 for 200 spd.

Kristen Olaus la eid til konstitusjonen i 1832 og fekk stemmerett. Ved skiftet etter han i 1844 vart garden utlagd til enkja Johanne og dottera Kristiane for takst 300 spd mot panterettsutlegg til dei to andre døtrene, kvar 71 spd. Skiftet synte ei brutto eige på vel 483 spd, netto vel 246 spd. Enkja gifte seg att 1845 med

Peter Elias Iversen Velle (Åmundg.) f 1817 d 1878

Br 1845-1857

La eid til konstitusjonen i 1845, Det året sådde dei 1 t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Krøtertalet var: 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 7 geiter og gris.

Peter åtte $\frac{1}{3}$ i garden Riksheimgjerde.

Den 19. november 1878 skulle Peter Elias til byen med flesk, forliste og omkom ved Sula.

Johanne vart 99 år. Ho var åndsfrisk og rørig til det siste, las utan briller, gjekk utan stav, og hadde barnebornsbarneborn, Ho fortalde at då ho var småjente var det uår (grønår) og at foreldra hennar gjekk rundt åkerkantane og plukka dei mognaste aksa for å blande med bork til mjøl.

Karolus Toresen Hundeide (br 1) f 1820 d 1894

1852 g Tomasine Kristensd. Riksheim (1830-1913)

Br 1857-1879

Born: 1. Karoline *Berte Marie* f 1855 d 1943, g p br

2. Peter Johan f 1864, d 22 veker.

Karolus fekk skøyte på bruket av Peter Olsen, Peter Iversen og Johanne Jørgensd. for 320 spd. Kår til Peter Iversen og kone Johanne Jørgensd. i 1857.

I 1860-åra var bruket på 30 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet og 129 dekar god natureng. Bruket hadde meir dyrkbar jord, god hamnegang, skog og litt torv til brensel. Lettbrukt. I 1865 var sånaden $\frac{1}{2}$ t bygg, $3\frac{1}{2}$ t blk, $4\frac{1}{2}$ t havre og 3 t poteter. Krøtartal: 1 hest, 13 kyr, 20 sauer, 10 geiter og 2 griser.

1875: Sår 1 t bygg, 7 t blk, 3 t havre og 4 t poteter. Buskap: 1 hest, 1 unghest, 11 kyr, 4 ungdyr, 14 sauer, 16 geiter og 1 gris.

Peter Jakobsen Straumsheim (br 3) f 1852 d 1890

1876 g Karoline *Berte Marie* Karolusd. Riksheim f 1855 d 1943

Br 1879-1890

Skøyte på bruket med hus frå Karolus Toresen for 400 spd. Kårbrev til Tomasine Kristensd. 1883.

Born: 1. Johanne Marie f 1874 d 1875, $\frac{1}{2}$ år.

2. Johanne Marie f 1876, 1897 g Ole Jenssen Sætre br 1 (1875-1921).

3. Petrine Jensine f 1879 d 1910, 1901 g Ole Ingebrigtsen Strømme f 1876 d 1936, statsråd, stortingsmann.

4. Tomas Karolus f 1884 d 1912. I 1905 hadde han og Hans Fredrik Erstad prøvt å leie vatn frå Skarsvaelva og kom i skade for å hindre sandverksemda til B. A. Løvoll og med-eigarar. Tomas lovde då at elva skulle få renne der ho alltid hadde runne.

Tomas hadde dottera Petrine f 1910 (mor: Hanna Ellingsd. Hole).
Petrine fekk skøyte på Løken bnr 17 frå farmora for 2000 kr i
1925. Ho selde plassen same året til Karen Andersen for 2500 kr.
Petrine g 1933 fabrikkkeigar Jens E. Ekornes.

Petter Jakobsen dreiv litt trondhjemshandel. Medlem av heradstyret.
Bygde nytt stovehus i 1884. Enkja dreiv bruket 1890-1894. Ho vart g 2.
med

Petter Martinus Berntsen Erstad (br 1) f 1863 d 1901

Br 1894-1901

Petter Berntsen var ein dugande gardbrukar, dreiv mykje nydyrking, Var
mykje med i bygdestyret. I kjellaren dreiv han snikkararbeid, og der finst
enno ein dreiebenk, ein høvleбенk og ein heil del verkty frå hans tid.
Han dreiv lenge torskefiske på havet.

Son til Petter Jakobsen, Tomas, var ei god hjelp på garden utover frå
1901 til han vart sjuk og døydde av tæring. Etter Ålesunds-brannen i
1904 sette han i gang med sandlevering, sette opp vassrenne og vaska
sanden ned til sjøen. Det var og han som fekk planta det første
plantefeltet på bruket 1907-1908. Elles var det Berte Marie som dreiv
bruket, sjølvsagt med leigd hjelp, til Petter Sætre kom til garden. Fast
slåttekar i mange år var Iver Blakstad. Så lenge Berte Marie dreiv bruket
vart korndyrkinga halden ved lag etter gammal tradisjon. Kornavlinga
var årleg 30-40 t. Truskemaskinen vart driven med vasskraft.

Petter Johan Olsen Sætre (bnr 1) f 1898 d 1977

g 1923 Lovise Olivie Olsd. Brunstad f 1898

Br 1921-1967

Born: 1. Ola Torleif f 1925, g p br

2. Borghild Solveig f 1925, (tvill.), g 1947 Leif Ekornes f 1919.

3. Oddbjørg f 1927, g Erling Rasmussen Vassbotn f 1917 i Haram.
Fabrikkarbeidar.

Petter kom til Riksheim i 1917 for å hjelpe bestemor si som var enkje.
Om vintrane dreiv han havfiske etter sild og torsk. I 1925 var det
utskifting av utmarka, og 300 dekar på Riksheim-myrane vart delt etter
skyld og lagt til dei einskilde bruka. I alt dyrka Petter ca. 25 dekar jord.
Då tunnelen til Storevatnet vart laga, dreiv han transport med hest saman
med mange andre. I 1930 bygde han ny løe og vølte seinare på stovehuset
som vart bygt i 1884.

I 1946 slutta dei med seterdrift. Kulturbeita på heimebøen vart no nytta
til hamn for buskapen. På same tid vart det slutt med småhøyslåtten.

Alt i dei første åra av brukstida si la Petter att til eng det meste av dei

gamle åkrane, dyrka berre litt bygg og havre til eige bruk. Under siste krig vart det ein mellombels auke i kornproduksjonen, og den gode kverna i Krissengarden vart mykje nytta og registrert som mylnelagskvern for Sørestranda mylnelag. Omlegging til grasdyrking og husdyrhald kom særleg på grunn av utviklinga i meieribruket og omsetnadstilhøva for husdyrprodukt. I 1948 gjekk Petter over til traktordrift, og traktoren vart i mange år nytta til leigekøyring. I 1950 kjøpte han mjølkemaskin. I 1952 vart det slutt med hestehald, og i 1958 vart det og slutt med sauehald. Gradvis gjekk dei over frå høytørking til silobruk, som vart einerådande då dei i 1965 fekk fôrhaustar.

Ola Pettersen Sætre f 1925

1961 g Ester Olaug Varland f 1931 i Finnøy, d 1981

B r 1967-

Born: 1. Gjertrud Lovise f 1966

2. Peter Harald f 1969

3. Olaug f 1970

Ola Sætre har landbruksskule frå 1946 og hadde mykje av fjøsarbeidet frå 1947. I tida 1955 til 1970 hadde han deltidsarbeid på fabrikk. Tankhenting av mjølka starta i 1972. Eit markestykke på 20 dekar er under oppdyrking, og han har skaffa seg mange nye hjelpemiddel. Bygde tilbygg til løa i 1975 og tilbygget til fjøsen vart ferdig i 1977.

Bnr 16 KRISSENTEIGEN

Utskilt frå bnr 1 i 1918, skyld 0,24.

Lars Knutsen Riksheim

Sjå bnr 8 under Pegarden, lnr 313 d.

(Seinare bnr 17) LØKEN

Elias Martinus Karlsen Straumsheim (br 1) f 1822 d 1896

1848 g Anne *Marte* Larsd. Erstad br 4 f 1824 d 1889.

Born: 1. Anne *Marie* f 1846, 1873 g Martinus Rasmussen Skarbøvik f ca. 1847. Budde i Ålesund.

2. Lars Karl f 1849 d 1918, 1875 g Lovise Jensine Larsd. Erstad (Peg.) f 1851.

3. Berte Jensine f 1851, d 1½ mnd

4. Karl Andreas f 1853, d ug 1877

5. Berte *Jensine* f 1856, g p pl

6. Severine Oline Karoline f 1859, g i Åles. Hennar barn, Karen Marie f 1882 (far: Karl Knuts. Svartebekk). Sjå Svartebekk bnr 4.
7. Edvard Kristoffer f 1862. Utvs nr 746.
8. Berte Johanne f 1865, d som spebarn.
9. Berte Johanne f 1867, 1895 g Johan Hjellbakk (Hatlemark).

Elias tente i Krissengarden og fekk ta seg frå eit stykke jord då han gifte seg. Stykket låg «fram i Løka» som dei sa den tida.

I 1865 hadde dei denne buskapan: 2 kyr, 5 sauer, 3 geiter, og sådde 1 t blk, 1 t havre og 1 t poteter.

I 1875: 2 kyr, 1 kalv, 4 sauer, 4 geiter.

Sånad: 1¾ t blk, ½ t havre og 2 t poteter.

Ole Severin Pettersen Fet (Jog) f 1861 d 1956
1885 g *Berte Jensine Eliasd. Riksheim* (1856-1951)
Br ca. 1885-ca. 1925 (?)

Hennar barn før ekteskap: Karl f 1879

(Far: Rasmus Sivertsen Tjønes).

Born i ekteskap:

1. Olivia Severine f 1885. utvs nr 781. Barn: Elias Hjalmar f 1903 (far: Johan Jenssen Sætre br 1).
2. Karen Marie f 1888, g Karl Anderssen; dei budde først i Bergen, sidan på Riksheim.

Ole var ei kjempe og vart ofte kalla Store-Løken. Han var gråsteinsmurar og bygningsmann.

Vart i 1886 vald som ein av dei som i sin krins skulle ta seg av arbeidet mot skabb på sau.

Han og kona flytte til dottera i Bergen, men kom heim att då krigen braut ut.

Bnr 17 LØKEN

Karen Marie Olsd. Riksheim f 1888
g Karl Anderssen

Barn: Ottar Johan f 1916 i Bergen, 1936 g Olave Larsd. Drabløs frå Straum-gjerde f 1913. Bustad Straumgjerde bnr 2. Fekk skøyte frå mora mot at ho fekk burett på Løken. Det var ho som kjøpte Løken i 1925. Plassen vart utskilt) frå bnr 1 i 1922, skyld 0,60 . (Sjå Krisseng. bnr 1, Petter Jakobsen, og Løken II bnr 22 under Tømmesg.).

Ottar Johan er hennar barn med Petter Tomas Larsen Riksheim, Sjå bnr 14 s. 113.

Ottar Johan Riksheim f 1916

Han tok over bnr 17 og bnr 22 i 1976. Bd 2 s. 307.

Bnr 18 HØGEBAKKEN INDRE

Sjå Høgebakken bnr 10 under Pegarden bnr 3.

Bnr 19 VÅRTUN I og bnr 27 VÅRTUN II

Vårtun I vart utskilt frå bnr 1 i 1924 med skyld 0,25 og Vårtun II vart kjøpt frå bnr 1 i 1950 og utskilt som bnr 27 i 1969 med skyld 0,05.

Bastian Eliassen Blindheim f 1880 d 1968

1920 g Anna Karoline Jensd. Drotninghaug f 1893

Br 1924 - 1967

Born: 1. Johanne f 1920, 1952 g Georg Sivertsen f 1910 i Trøndelag.

2. Olav f 1921, 1956 g Gerd Rokvam Olsen f 1932 i Fredrikstad.
Sivilingeniør.

3. Einar Bjarne f 1923, g p br

4. Astrid f 1928, 1953 g Jon Romstad frå Røra i Nord-Trøndelag.
Gartnar.

Bastian Blindheim var lærar i folkeskulen. Han gjekk ut frå lærarskulen i Volda i 1903. Sidan lærar i Hundeidvik, Tandstad, Tusvik og Riksheim krinsar i Sykkylven.

Jordstykket han kjøpte på Riksheim i 1924 var på 8 dekar og han bygde både vånehus og løe i 1927. Dyrka snart opp heile stykket. Hagekurs på Amdam i 1914. Dreiv skogplanting fleire stader saman med elevane. Skipa planteskule på Riksheim og jordbruksklubb, og var med å skipe Sykkylven Hagebrukslag. Fekk diplom og sølvpokal frå Møre Landbruksselskap.

På jordstykket dyrka han bær, frukt og grønsaker. Hadde ei ku og nokre sauer til 1957, sidan berre sauer. I 1977 fekk borna Johanne, Olav og Astrid eigedomsretten til huset med tomt, og sonen Einar eit jordstykke.

Einar Bjarne Blindheim f 1923

1964 g May Berg f 1929 i Ballstad i Lofoten.

Br 1967-

Adoptivborn: 1. Inga Agnes Xuan f 1966 i Vietnam.

2. Anton Ragnvald f 1971 i Vietnam.

Bygde hus i 1971. Brukar jordstykket om lag som faren. Fekk skøyte i 1976. Er møbeltapetserar.

Br 31 NYTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1955, skyld 0.01

Erling Rasmussen Vassbotn f 1917 i Haram

1950 g Oddbjørg Pettersd. Sætre f 1927 frå Krisseng. Riksheim.

Born 1. Lisbet Petrine f 1950 g Per Robert Tafjord frå Klokk.

2. Sidsel Jørgine f 1952

3. Eli Oddveig f 1959

Vassbotn var snikkar og fabrikkarbeidar. Bygde hus i 1955.

Bnr 2 TØMMESGARDEN

Sjå bruk B og bruk C. Ein del av jorda til Tømmesgarden kom frå bruk B, medan slekta kom frå bruk C.

Da Lage Jenssen døydde, heldt enkja fram med gardsdrifta nokre år. Kva år der kom ny brukar veit ein ikkje sikkert. Men då den nye brukaren var fødd ca. 1650 og kona hans ca. 1654, tok dei nok ikkje over før ca. 1673. Den nye brukaren var

Tomas Olsen Riksheimgjerde f ca. 1650 d 1736

g *Brite Jonsd.* f ca. 1654 d 1732

Br ca. 1673-1674 (heile), 1714-1716 (halve)

Born: 1. Jon f ca. 1678 d 1744, g 1721 *Guri Nilsd. Høgset* f ca. 1673 d 1755.

2. *Gjøri* f ca. 1680 d 1745, g *Johannes Isaksen Sætre* f ca. 1640 på bnr 1. d 1709.

3. *Ole* f ca. 1687, g p br

4. *Hans* f ca. 1692, d 1749, g 1.1716 *Brit Monsd. Aure* d 1739 g 2. 1740 *Tyri Pedersd. Aure*, som gifte seg att i 1749 med *Lars Pihl*.

Tomas Olsen og broren *Ole Olsen Riksheimgjerde* brukte garden i lag (Tømmesg. og Riksheimgjerde) i 1675, til saman 7 mællag. I 1683 er inga samdrift nemnd, og då var Tømmesg. på 6 mællag og Riksheimgjerde på 4 mællag.

Tomas Olsen har nok vore ein av dei fremste bøndene i bygda. Var mykje brukt som takstmann ved skifte. Og han var ein av underskrivarane på tre viktige skriv: Bønnskriftet til kongen i 1704 med klage over utgiftene til soldathald. Brevet til amtmann *Hans Nobel* i 1707 med klager over skattane. Og same året klageskrivet om det norske stålet og søknad om å få bremerstål «til at arbeide deres græss Leer av»; til det var det norske stålet ubrukeleg. «Vi vil tilsætte voris Helse ved sådan forgjævis Slæb og inden kort tid overgive huus og jord».

Kona til Tomas var med på å «besiktige» liket til eit barn som tenestjenta i Krissengarden hadde fødd i løynd.

Hans Tomassen Riksheim f ca. 1692 d 1749

Br 1714-1716 (halve)

Han fekk bygselbrev 8/8 1714 på 3 mællag frå Christopher Olsen Abelset.

Men alt i 1716 flytte han til Pihlg. på Aure. Sjå bd 1 s. 386.

Ole Tomassen Riksheim f ca. 1687 d 1767

g 1. 1719 Gjertrud Larsd. Kalvestad (Sula) (ca. 1695-1725).

g 2. 1727 Brit Jakobsd. Gudmundset f ca. 1693 d 1770

Br 1716-1749

Born i 1. ekteskap:

1. Tomas f 1722 d 1744

2. Lars f 1725, g p br

Born i 2. ekteskap:

3. Gjertrud f 1728, g Straumsheim br 1.

4. Anne f 1729 d 1744

5. Sjur f 1732 d 1738

6. Brit f 1734 d 1735, 15 veke.

7. Brit f 1736 d 1811, g 1. 1759 Ågne Ols. Blindheim, g 2. 1796 Mons
Johansen Magerholmsvik f Korsedal (1750-1812).

Sk. etter Gjertrud 1726: 1 sølvbelte 7 rd, 1 borse og tasak, 4 kyr, 1 kvige,
4 geiter, 8 sauer, 1 gammal merr.

Brutto 57 rd, netto 48 rd.

Garden Kalvestad var ytste garden på nordsida av Sula og har lege
øyde frå ca. 1790.

Lars Olsen Riksheim f 1725 d 1810

g 1752 Brit Jonsd. Nedre Glomset f 1731 d 1805

Br 1749-1791

Born: 1. Tomas f 1753, g p br

2. Ole f 1755 f 1813, g 1782 ek. Berte Knutsd. Velle (Karig.) f
1739 d 1815.

3. Jon f 1757 d 1833, g 1790 Kari Jonsd. Ålvik (Oppigarden) f
1765.

4. Gjertrud f 1760 d 1802, g 1789 Bottolf Ols. Dravlaus, d 1825, 64 år.

5. Lars f 1762. Unemnd i 1805.

6. Jørgen f 1765, bygselmann på Lindset frå 1800.

7. Mari f 1767 d 1824, g 1788 Peder Helgesen Dravlaus (Barbrog.)
(1763-1830).

8. Berte f 1770, g 1800 Sven Stenersen Hatlemark br 2.

9. Paul f 1776, g 1808 Barbro Jørgensd. Blakstad br 3.

Byggesetel frå Chrl. Abelset 1749. Kårkontrakt mellom Lars Olsen og Tomas Larsen 1791. Sk 1805 etter Brit Jonsd.: Brutto eige 51-1-14, netto 35-3-2. I sk. etter Lars Olsen er brutto eige og gjeld like, 6-2-8.

Tomas Larssen Riksheim f 1753 d 1828

g 1791 Massi Kristensd. Riksheim br 1 (1767-1838)

Br 1791-1828

Born: 1. Berte Laurentse f 1792 d 1831, g 1814 Ole Pedersen Stave br 2.
Bustad Stave.

2. Lars f 1796, g 1819 Emte Juliane Winje, Tusvik.

Byggesetel frå Chr. Abelset i 1791. Kår til foreldra. - I 1801 kom Tomas tilbake frå ei bergensferd med ei jakt, og då dei landa i Aure-bukta vart alle samde om at varer ikkje måtte takast vekk før alle var til stades. Ein av laget braut lovnaden, og Jørgen oppdaga at han hadde vorte fråstolen ein god del lin. Saka kom for forlikskommissjonen og vart ordna der. - I 1810 kjøpte han bruket av major R. Brandal for 200 rd. I 1814 hadde Tomas selt varer, som mange andre, til bergensskipparar som handla ulovleg i Sykkylven, og «hadde sine solgte varer for brutt». Tomas åtte jakta «Massine Kristine Sykkylvine» saman med Lars Nilssen Aurdal. Det var konene sine og heimbygda dei kalla oppatt. Sk. etter Massi: Brutto 231-4-19, gjeld 28-1-21. Sk. etter Tomas: 402 spel, netto 317 spd. Bruket vart verdsett til 250 spd. Av det fekk enkja 50 spd, sonen Lars 180 spd og Berte 20 spd. - Enkja gifte seg att i 1830 med

Jakob Olsen Ørsnes (1803-1865)

g 2. 1840 enkje Margrete Olsd. Riksheimgjerde (Stølen) f Melset 1781

Br 1830-1841

Ingen born. Førstekona Massi døydde i 1838. Andrekona omkom i 1865 saman med mannen i ei ras-ulukke. Sjå Riksheimgjerde bnr 2 Stølen.

Peter Olsen Stave (br 2) f 1819 d 1898

1841 g 1. Johanne Marie Martinusd. Drabløs (Barbrog.) (1819-1842)

1843 g 2. Berte Marie *Kristiane* Kristensd. Riksheim (1824-1909)

Br 1841-1882

Barn i 1. ekteskap:

1. Jens Bastian f 1842 (Støle-Jens), g Anne Olave Larsd. Lyshol (Øvst-hus).

Born i 2. ekteskap:

2. Karl Johan Severin f 1844 d ug 1867, 23 ½ år.
3. Ole Peder Edvard dp 1/1 1847, 1877 g Lovise Jensine Olsd. Hellen f 1856. Bustad Riksheim bnr 12
4. Johanne Marie f 1853 d 1876, 1875 g Severin Larssen Brunstad (Bøen)(1849-1941).

Peter bygsla bruket av handelsmann Tommesen i Tusvik 8/6 1841.

Sk. etter førstekona 1843: Brutto 210 spd, netto 148 spd.

1845: Krøtortal: 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 7 geiter, 1 gris.

Sånad: 2 t blk 1 t bygg, 3 t havre, 1 t poteter.

I 1845 la Peder eid til konstitusjonen og fekk stemmerett.

1865: Krøtortal: 1 hest, 13 kyr, 20 sauer, 7 geiter, 1 gris. Sånad: ½ t bygg, 3½ t blk, 4½ t havre, 3 t poteter.

I 1860-åra hadde Tømmesgarden 30 dekar god åker og dyrka eng og 129 dekar god natureng, og meir kunne dyrkast. Hamnegangen var god på alle måtar, og garden var lettbrukt. Årleg avling var 4 t bygg, 20 t blk, 24 t havre og 20 t poteter.

Krøtortal og sånad i 1875: 1 hest, 1 føl, 1 okse, 8 kyr, 4 kalvar, 12 sauer, 15 geiter, 1 gris. - 1 t bygg, 7 t blk, 3 t havre, 4 t poteter.

Jens Knutsen Stave (br 2) f 1843 d 1928

1878 g Lovise Petersd. Erstad br 4 (1859-1912)

Br 1882-1921

Born: 1. Karl Johan f 1879, utvs nr 339. Bustad Erstadbakkane (Inste)

2. Johanne f 1881

3. Kristiane Tomasine f 1882 d 1883

4. Johanne Marie f 1885 d 1905. Sjø s 124 l 12 o.

6. Petter Tomas f 1888 g p br

7. Petrine Hansine f 1891 d 1910

8. Knut Johan f 1893 d 25/1 1916. Drukna i Ålesund.

9. Lovise Jensine f 1896, 1924 g Johan Solberg, bustad Bergen

10. Severin Kornelius f 1898 d 1978, bustad Bergen.

11. Johan Henrik f 1904 d 1905

Jens fekk skøyte mot kår.

Petter Tomas Jenssen Riksheim f 1888 d 1943. Utvs nr 757

1919 g Inga Lovise Larsd. Hole (Jørng) 1892-1977

Br 1921-1943

Born: 1. Jon Arne f 1920 p br
2. Judit Lovise f 1921, g Lars J. Tusvik br 2.
3. Leif Johan f 1925 d 1939
4. Karstein Palmar f 1927, p br og fabr. arb.
5. Trygve Inge f 1936, d 24/7 1938. Overkøyrd av bil.
Petter Tomas bygde løe i 1924.

Jon Arne Pedersen Riksheim f 1920

Br 1943-

Gbr. Linjearbeidar for Sykkylven Kommunale Kraftverk. Bygdehus i 1963. Kjøpte bruket i 1975.

Bnr 13 LYBÆK

Namnet skriv seg frå den tyske byen Lubeck, der eit beinfirma hadde Hans Fredrik Erstad som agent. Han sende dit sekker med bein som vart malne til mjøl.

Utskilt frå bnr 2 i 1901, skyld 5 øre.

Hans Fredrik Berntsen Erstad (br 5)

(Meir under Erstad). Fekk skøyte på denne parsellen 18/1 1902 og starta ei beinmylne der, driven av vasskraft. Der var og beinknuser og tørkeri. Dette var hans særreige, slik at då han døydde gjekk Lybæk i arv til foreldra hans. Bernt O. Hanssen Erstad gav i 1922 skøyte til sonen kommandersersjant Peter Erstad. Seinare vart huset rive og sett oppatt som løe på Stave.

Bnr 15 GYLJANE

Nils Jakob Nilsen Skarbøvik f 1822 i Bergen, d 1885
g 1847 Anne Johanne Olsd. Velle (Toreg.) (1814-1892).
Br 1847-1885

Born: 1. Nikoline f 1844 d 1909, g 1863 Petter Andreas Larssen Erstad (Peg.) f 1841.
2. Karl Andreas f 1848 d 1858. Leikte seg på isflaka på fjorden og drukna.
3. Ingeborg Oline f 1850 d 1909, g 1872 skipper Carl Andersson f ca. 1849, svenske i Ålesund. Budde òg i Flora.
4. Jens Tomas Ludvik f 1853 d 1928. Lærarskule i Tromsø, lærar i Lofoten og på Senja, lærar og klokkar i Valberg til 1903. Ordførar. Lærar og klokkar i Vefsn og Mosjøen. G 1. Gudrid Dybvåg frå

Sørreisa d 1891. G 2. Petrine Marie Ellingsen frå Valberg (1860-1939).

Før han kom til Riksheim var Nils matros. Det var han som rudde plassen. Han for utanskjers og utanlands om somrane, og dreiv vinterstid fiske på Sunnmøre som høvedsmann på eigen åttring med mannskap frå grannegardane. Det var for det meste kona som dreiv plassen. Då Nils døydde flytte enkja til sonen i Nordland og er gravlagd i Valberg.

Krøtertall og sånad i 1865: 2 kyr, 5 sauer, 5 geiter, 1 t havre, 1 t blk, 1 t poteter.

1875: 3 kyr, 1 kalv, 7 geiter. – 2½ t havre, 2½ t poteter.

Johan Severin Sivertsen Tjønes f 1861 d 1931

1887 g Petrine Karoline Pedersd. Erstad (Peg.) (1863-1949)

Br 1887-1931

Born: 1. Anna Nikoline f 1888 d 1966, 1913 g Petter Hanss. Langeland f 1867 i Sunnlyven, d 1929.

2. Tomas Severin f 1890, g p br

3. Petter Johan f 1898, utvs nr 759

4. Jens Nilvard f 1907, utvs nr 758

Johan fekk bygselbrev på plassen i 1887 frå Jens Knuts. Riksheim, skyld 1,68, og skøyte i 1905 for 1900 kr. frå den same.

Tomas Severin Johansen Riksheim f 1890 d 1951

1914 g Karen Sofie Sivertsd. Langlo (1887-1964).

Br 1931-1950

Born: 1. Sverre Kornelius f 1914 g p br

2. Mindor f 1918, 1944 g Petra Olsd. Løvoll f 1916 i Skodje.

3. Petter Normann f 1920, sjå Riksheim bnr 26.

4. Petra f 1924, 1944 g Jarle Skinnes frå Ulstein. Bur på Riksheim. bnr 24.

Tomas bygde våningshus i 1933.

Sverre Kornelius Tomass. Riksheim f 1914 d 1973

1937 g Jensine Sofie Pettersd. Riksheim br 6 f 1913

Br 1950-1973

Born: 1. Svanhild Turid Johanne f 1938, 1956 g Arne Magnesen Kvam f 1936. Bur Straumgjerde.

2. Per Birger f 1943. g p br

Sverre fekk skøyte frå faren for 6000 kr. Kår. Dreiv fabrikkarbeid attåt gardsbruket til 1966.

Per Birger Sverresen Riksheim f 1943

1966 g *Sølvi Petrine Kjøhlås* f 1946.

Br 1973

Born: 1. *Renathe Belinda* f 1966

2. *Monica Vibeke* f 1967

Fram til 1966 hadde dei hatt hest og 4-5 kyr, om lag det same som på Tomas si tid. Men etter 1966 har der ikkje vore husdyr. Onkel til Per, Jarle Skinnes har slege plassen. Per er mekanikar.

Bnr 18 HØGEBAKKEN INDRE

Sjå bnr 10 HØGEBAKKEN under Pegarden bnr 3.

Bnr 24 NYTUN

Utskilt frå bnr 15 i 1947, skyld 0,33

Jarle Joakimsen Skinnes f 1922 i Ulstein,

1944 g *Petra Tomasd. Riksheim* f 1924

Br 1947-

Born: 1. *Tor Jan* f 1948, ing. ved Sykkylven Stålindustri. 1978 g *Ragnhild Heggedal* f 1953 i Bryggja. Har bygt hus nr 2 på bruket.

2. *Jens Petter* f 1950, 1976 g *Sonja Vollan* f 1951 på Vestnes. Arbeider i oljebransjen. Bygde seg hus på Sætre 1980.

3. *Arvid Ståle* f 1959. Yrkesskule.

4. *Karete Betty* f 1964.

Jarle Skinnes kjøpte plassen av *Petter N. Riksheim*. Bygde løy i 1950 og våningshus i 1955. Driv bnr 15 attåt og har 6 mjølkekyr og nokre ungdyr. Kjøpte plassen Gylet bnr 9 på Riksheim av syskena til *Petter Nikolaisen* i 1970. (Sjå bnr 9 Gylet under Riksheim bnr 3).

Bnr 26 LØVOLL

Utskilt frå bnr 15 i 1950, skyld 1 øre. Vert til dagleg kalla Instegyljane.

Petter Normann Tomassen Riksheim (br 15) f 1920,

1952 g *Olivie Sigrid Larsd. Myrset* br 2 f 1921.

Born: 1. *Torstein* f 1952, skogteknikar, driftsleiar i Hønefoss.

2. *Lidun* f 1953, 1974 g *Paul Tangen* f 1954 på Ørlandet.

3. *Oddvar Birger* f 1953. Fabrikkarbeidar.

Bnr 43 H ALLRO

Utskilt frå bnr 15 i 1973.

Arne Harry Magnesen Kvam f 1936

g *Svanhild Sverresd. Riksheim* br 15 f 1938.

Born: 1. *Haldis* f 1956, g *Knut Andreassen* f 1955 i Båtsfjord. Begge er f abrikkarbeidarar

2. *Robert* f 1958. fa br. arb. g 1982 *Ellen Hoprekstad*. Dei kjøpte hus i *Straumgjerde* 1982.

Då det vart kluss med vegrett, flytte *Svanhild* til *Str. gj.* og bygde der.

Knut Andreassen f 1955

Som nemnt ovanfor flytte svigermor hans til *Straumgjerde*, og han kjøpte tomta av dei og bygde hus der 1979-1980. Då var vegspørsmålet løyst på ein eller annan måte. Dei har ei dotter.

Bnr 22 LØKEN

Utskilt frå bnr 2 i 1930. skyld 1 øre.

Karen Andersen f 1888

(Sjå *Løken I* bnr 17 under *Riksheim* bnr 1). Ho fekk skøyte på tomta frå *Petter Jenssen Riksheim*.

Bnr 25 ÅSLY

Utskilt frå bnr 2 i 1948, skyld 1 øre.

Johan Alfred Fausa f 1903 på *Stranda*. Lærer.

1937 g *Lorentse Skogeng* f 1907 i *Balsfjord*.

Born: 1. *Marie Sofie* f 1939, kontordame, g *Leif Martin Sjøholt* f 1938 på

Ikornnes. Arbeidsformann ved *Ekornes Fabrikker* og bur på *Ikornnes*.

2. *Liv Johanne* f 1944, EDB-operatør. 1964 g *Otto Backe*, dansk. Han er servitør og dei bur i Danmark.

3. *Eldbjørg Jenny* f 1948 kontordame, 1973 g *Ragnar Kristian Ramsvik* f 1946 i *Overhalla*. Kokk. Bustad *Straumgjerde*.

Familien *Fausa* flytte frå *Stranda* til *Dravlaus*. *Johan Fausa* tok lærareksamen ved *Nesna*, tok sidan lærarhøgskulen og studier ved musikk-konser-vatoriet. Lærer 1926 til 1945 i *Seljelv* i *Balsfjord*. Måtte evakuere til *Sykkylven* i 1945. Lærer i *Riksheim* krins ca. 15 år. Bygde hus på *Riksheim* i 1951. Då *Riksheim* krins vart nedlagd, vart han lærar ved *Tandstad skule*.

Bnr 30 FAUSATUN og bnr 36 FAUSATUN II

Ole Jørgen Olsen Fausa f 1897 på Stranda, bror til Johan Alfred.
1932 g *Laura Kaspara Brunstad* f 1911. Ole Jørgen døde i 1976.

Born: 1. Ole Johan f 1937. Ungdomsskulelærer på Vestnes.

2. Turid f 1938, g Olav Aurvåg f 1934. Bur på Austlandet.

Ole Jørgen hadde lærarhøgskule og var lærar i Malvik, Vestrefjorden og på Lepsøya. Bygde hus på Riksheim i 1955.

Bnr 32 SKOGÅS

Utskilt frå bnr 2 i 1957, skyld 1 øre.

Karstein Rye Jentoftsen Skog f 1922 i Rossf jord

1943 g *Edny Nilsd. Skogeng* f 1922 i Balsfjord, d 1982.

Born: 1. *Eva Rigmor* f 1942, 1966 g *Arne Valderhaug* f 1938 i Ålesund. Bankfullm. Bustad Skarbøvik.

2. *Karstein* f 1952 d 1956

3. *Øystein Ole* f 1959

4. *Aage Harald* f 1960

Skog er fabrikkarbeidar. Bygde stovehus i 1958.

Bnr 33 NYGAARD (SJØTUN)

Utskilt frå bnr 2 i 1959, skyld 1 øre.

Alfred Einar Nygaard f 1929 i Davik

1953 g *Bjørg Jorun Martinsd. Riksheim* br 23 f 1928

Born: 1. *Ingunn Olaug* f 1953

2. *Magne Kjetil* f 1956

3. *Anne Barbro* f 1961

Nygaard er fabr. arb. ved Emdal & Co. Bygde stovehus i 1960.

Bnr 47 BJØRKLY

Utskilt frå bnr 2 i 1975, skyld 1 øre

Inga Riksheim: no Karstein P. Riksheim

Bnr 49 SOLTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1978, skyld 1 øre

Ragnar Kristian Ramsvik f 1946, (Sjå bnr 25).

Bnr 3 PEGARDEN

Anders Jetmundsen f ca. 1615

Br ca. 1655-1683

Barn: Jetmund f ca. 1659.

Dette er første brukaren vi sikkert kan vite høyrde heime i Pegarden. Fødselsåret er etter aldersoppgåve i 1666, det er lite å rette seg etter. Han var truleg fødd seinare. I 1657 la Anders 1 rd 8 skill. i krøterskatt av 1 hest, 9 kyr, 8 sauer og 8 geiter. På denne tida brukte han 4 mællag.

I 1666 brukte han 5 mællag og la 1½ mæle i korntiend. Av ukjent grunn minka bruket mot slutten av brukstida til Anders, slik at han både i 1680 og 1683 brukte berre 2 mællag, medan både Krissengarden og Tømmesgarden då var på 6 mællag.

Det kom og nye folk på bruket. Det var

Jakob Larssen Erstad d. 1705 sk.

g Mari Toresd. Hundeide br 1 d 1706 sk.

Br 1683-1705.

Foreldra til Jakob var Lars Jakobsen Erstad og kone, Johanne Lagesd.

Riksheim, dotter til Lage Jenssen.

Born: 1. Lars f ca. 1684, g p br

2. Tore f ca. 1694

3. Johanne

4. Marit

5. Lisbet

Mari Toresd. var i 1690 med å «besiktige» liket av barnet som tenestjenta i Krisseng. hadde fødd i løynd.

I 1691 stemnde Jakob Larssen Jon Knutsen Ytre Standal fordi han meinte kona hans ikkje hadde fått den arven ho skulle ha, og ved dom vart det fastsett at der skulle haldast skikkeleg skifte.

Sk. etter Jakob 5/5 1705:

8 kyr 24 rd, 3 kviger 5 rd 3 ort, 1 gammel merr 2 rd, 7 vaksne geiter med kje 3 rd 3 ort, 12 vaksne sauer, 6 rd, 2 bukkar 4 ort 8 skill, 1 ny koparkjel 9 rd, sengklede 14 rd, 4 tønner tjøre 8 rd, etc. i alt 88-5-12, gjeld 7"-8.

I ei kjelde kan det sjå ut som der er berre 2 døtre, ei Johanne Marit og ei Lisbet. Men summen av brorlottar og systerlottar i skiftet syner at der må vere 3 døtre.

Sk. etter Mari Toresd. 4 okt. 1706: Brutto 92 rd, gjeld 7 rd. 1 gammel merr, 10 kyr, 1 kvige, 1 okse, 2 kalvar, 10 sauer, 4 lam, 9 geiter, 8 kje.

Lars Jakobsen Riksheim f ca. 1684 d 1764 1707 g Siri Pedersd. f ca. 1680 d 1750

Br 1706-1748

- Born:
1. Jakob f ca. 1707, d 1783, 1734 g Berte Knutsd. Aure (ca. 1709-1776). Budde på Ørsnes.
 2. Mari f ca. 1710, 1745 g Størker Ols. Reiakvam (Matvik ved tru-
loving). Mari hadde lm. med Paul Hovers. Velle 1734.
 3. Marte f ca. 1712, 1735 g Ole Torsen Hole (sjå bd 2 s 447).
 4. Peder f ca. 1715. g p br
 5. Johanne f ca. 1719 d 1721, 2 år ÷ 14 dg.
 6. Synneve f 1721
 7. Johanne f 1722 d 1794, g.1. 1748 Jørgen Larssen Møllerup
(ca. 1711-1752) g.2. 1753 Jørgen Jørgensen Vik. d 1772, 44 år.
 8. Tore f 1725, g til Tu. bnr 1.

Ein militærrulle frå 1709 har fødselsåret 1687 for Lars. Han var soldat i kaptein Grans kompani. Etter aldersoppgåvene ved død skulle han og kona vere jamaldra. Møllerup var capitaine des armes (utt. kapitæn desárm). Då Lars Jakobsen tok over bruket var det på 3 mællag. I 1732 var det på 2 pd 2 mk, men enno mykje mindre enn nabobruka.

Peder Larsen Riksheim f ca. 1715 d 1791
1748 g Siri Pedersd. Bårdsgjerde (1726-1798)

Br 1748-1780

- Born:
1. Lars f 1749, pl. under Riksheimgjerde.
 2. Peder f 1752, g p br
 3. Jørgen f 1753, g til «Modske». Vatne.
 4. Jakob f 1756 d 1814, 1779 g Marie Larsd. Honningdalsnes f
1742. Bustad Nonsvik. Omkom i febr. 1814 «ved en vandflom
og jordgang der tog kvernen hvori han var og malede. Stenerne
under kvernen gled ud.»
 5. Ole f 1758. Var g gbr 25 år gl. Unemnd 1806.
 6. Siri. f 1762, d 11 veker.
 7. Siri f 1763 d 1774
 8. Magnild f 1767 d 1806, 1804 g Rasmus Stenersen Uren el.
Fauskehagen.

Då Peder Larssen bygsla bruket av Christopher Abelset i 1748 var det jamstort med dei to andre Riksheimbruka. Peder Larssen var korporal.

I 1772 gav Peder obligasjon til Anders Luth på vel 69 rd og sette i pant m.a. 6 mjølkekyr, 3 kviger, 14 sauer,

. 6 geiter, 1 grå merr, 20 torskegarn, 30

famnar torskegarnstreng, $\frac{1}{3}$ i ein fjørendfar, 1 færing, $\frac{1}{30}$ i ei stor sildenot, 1 kvern med kvernhus. I 1775 vart han dømd til å betale vel 65 rd til Anders Luth.

Peder Pedersen Riksheim f 1752 d 1829

1780 g 1. Anne Pedersd. Helset (Fredriksg.) (1744-1818)

1818 g 2. ek. Anne Pedersd. Fr. Fjørstad f ca. 1747

Br 1780-1801

Born: 1. Anne f 1780

2. Peder f 1782, g p br

3. Anne Petrine f 1785, 1805 g Elling Larssen Hjelle. Foreldra til ein plm. i Kalvegjerde (s.d.)

Bygsla 1 v 12 mk av Chr. M. Abelset i 1780. Kår.

Ein søndagstur Peder tok til Hole i 1798 fortel eitt og anna om denne tida. Etter den turen melde han Knut Pedersen Hole i Knutgarden fordi han skulle ha «ilde begjægnat ham» og slege han blodig då Peder kom dit for å levere tilbake festepengane som tenestjenta Ingeborg Brunstad hadde fått av Peder, som ho hadde lova årsteneste, men sidan hadde ombestemt seg, teke teneste hos Knut Hole og sendt pengane tilbake til Peder. Peder var hardt i beit for tenestjente og «fandt sig noget fornærmet». Så gjekk han til Hole med pengane for å «betyde» jenta at ho burde ta teneste hos han til våren. Knut sa at han på ingen måte hadde slege eller «ilde begjægnat» Peder og hadde Lars Hole med seg som vitne, han hadde vore til stades den søndagen.

Det kom til forlik. Peder som reiste til Hole på ein søndag og yppa trette og klammeri, skulle betale 1 ort til dei fattige, medhjelparen Jon Hole skulle gi pengane til den fattigaste i bygda. Og Knut Hole, som visste at tenestjenta hadde teke mot festepengar av Peder Riksheim og likevel tok henne i teneste, skulle betale sakskostnader til forliks-kommisjonen.

Peder Pedersen Riksheim f 1782 d 1858

g 1802 Siri *Jakobie* Pedersd. Erstad (Peg.) f 1784.

Br 1801-ca. 1840

Born: 1. Nikoline Lovise Severine f 1806 d 1880, g 1828 Petter Ols.

Riks-heimgjerde.

2. Peter Andreas f 1808, d 20 veker.

3. Bastian f 1809, g p br

4. Lars Petter f 1812. Fekk barn med Petrine Pedersd. Velle: Jens Petter Gregorius f 1838, g 1. Ingeborg Skytterholm g 2. 1878 Marta Ellingsd. Gamlemshaug og vart fiskar i Ålesund. Lars Petter g 1841 Eline (Helene) Pedersd. Erstad f 1818. Bustad Erstad. (Peg.)



Frå Riksheimsetra 1928, Krissen-selet.

5. Jakob f 1815 d 1822
6. Lydiane Katrine f 1817, g 1846 Christofer Asmundsen Tøsse f 1815. Riksheim br 6.
7. Ingeborg Marie f 1820, g 1841 Klemet Pedersen Kvammen f ca. 1814 i Innvik. Skomakar i Ålesund.
8. Jakob Andreas f 1823, g 1. 1851 Pernille Amundsd. Høgset f 1810. då (1851) flytte Jakob til Ålesund. G 2. Marte B. Stenvåg.
9. Gurine Petrine f 1827, d 8 dg.
10. Petter Andreas f 1828 d 16 veker.

Bygselsetel 1801 frå C.M. Abelset. Kår. Ny bygselsetel i 1810 frå Rasmus Brandal som hadde fått notarialskøyte på bruket i 1807. Han gav skøyte til Peder i 1810 for 300 rd. - Peder var skrivekunnig. Dreiv bergenshandel med råsegljekta «Søkelven». Var og bas på fiskebåt. Dreiv litt med kjøp og sal av gardar. Då det var utskifting på Eidem i 1830 åtte Peder eit av bruka der. For å skaffe seg kontantar pantsette han jordegods. Han skaffa seg då stor gjeld, særleg til bergenskjøpmannen Dankert Krohn. Alt i 1823 hadde Peder skrive garden over på sonen Bastian, som då berre var 14 år. Dette protesterte Dankert Krohn mot, og Peder vart dømd til å gi ein panteobligasjon på 500 spd med 1. prioritet i bruket på Riksheim og på 1½ mællag i Høgres, som han hadde fått ved gåvebrev frå verfare i 1806. Også «Søkelven»,

råsegljekta, måtte han setje i pant i 1826 med obl. til Dankert Krohn. I 1839 var der offentlig auksjon på Riksheim over lausøyre som var uteksekvert hjå Peder for gjeldskrav frå Iver Ols. Kongshaug, m. a. ein nesten ny storfæring med nytt segl, og ei kvern. - Peder vart spedalsk.

Bastian Pedersen Riksheim f 1809 d 1873

1840 g Marte Oline Pedersd. Straumgjerde (1822-1901)

Br ca. 1840 - 1868

- Born:
1. Petter Johan f 1841. Ukjend opphaldsstad då faren døydde, ug han vart etterlyst.
 2. Jens Ludvik f 1843, g p br
 3. Petrine *Marie* f 1846, 1882 g Knut Petersen Hjortdal (1837-1922). Bd II s. 562.
 4. Ingeborg *Anna* f 1844, g 1867 Jakob Larssen Erstad br 3 f 1843. Gn 2. 1874 Karolus Martinussen Straumsheim. Bustad Riksheim br 7.
 5. Lovise Jensine f 1851, 1878 g Lars Karlsen Kurset f 1853. Bustad Hundeide (Ånes)
 6. Karl Andreas f 1853, d ug 1876
 7. Berte Marie f 1855, «gift synnjafyre» (t.d. i Hordaland).
 8. Karoline Jensine f 1858. «gift synnjafyre».
 9. Gurine Petrine f 1858, (tvill.).
 10. Anne Jensine f 1861, 1883 g Peter K. Almås f 1840 i Stordalen.
 11. Karoline Elisabet f 1863 til Bergen 1886.

Fekk skøyte på bruket 14 år gammal. Tok truleg over ca. 1840. Det året står det i futens kassabok om Pegarden: «Bruges formentlig av Bastian Pedersen». I 1843 la Bastian eid til konstitusjonen og fekk stemmerett.

I 1845 var sånaden 1 t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Krøtortal: 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 7 geiter, 1 gris. I 1865: Sånad: ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 2½ poteter. Buskap: 1 hest, 10 kyr, 20 sauer, 10 geiter, 2 griser. I 1960 åra hadde bruket 44 dekar god åker og dyrka eng og 135 dekar god natureng. Stovehuset var på 2 etasjer, hadde 3 vegger av bindingsverk og var bygt før 1849. Løa vart bygd ca. 1872. Ved sk. etter Bastian Pedersen i 1875 fekk enkja eigedomsretten til løa.

Jens Ludvik Bastiansen Riksheim f 1843 d 1925 i Ålesund.

1868 g Jensine Jørgensd. Brunstad f 1845

B r 1868-1874

- Born:
1. Berte Johanne Marie f 1868, g Marius Petersen, Ålesund.
 2. Peter Johan Edvard f 1871, utvs nr 756

3. Anne Jensine Petrine f 1873 d 1967, g Marinius Jensen.
Ålesund.

4. Karen Marie Tomasine f 1876 g Lars Fiksdal.

Her er berre tekne med born som vart fødde i Sykkylven. Ein av sønene hans, Hjalmar, var frisør for Charlie Chaplin i Hollywood.

Jens fekk skøyte frå faren 27/11 1868 for 700 spd med hus, mot kår til foreldra. I 1871 var der skylddelingsforretning med oppdeling av Pegarden i hovudbruket og 5 plassar, med kvar sitt løpenr. Karolus Toresen Riksheim åtte to av plassane.

Jens selde Pegarden i 1874 til Bastian Jørgensen Brunstad for 600 spd. Unnatekne var lòa til Marte Oline Pedersd. og ½ i eit kvernhus. Jens ville og ha rett til å ta material i skogen til ei lõe. Og kjøparen måtte gi kår til plasse-enkja Johanne Larsd. Til seg sjølv tok Jens frå ein plass som vart kalla Lillegjerde, dit han og flytte. Kring 1887 selde han denne plassen og, for å flytte til Ålesund med familien. Dei budde i Giskegt. 22.

Bastian Jørgensen Brunstad f 1838 d 1915

1875 g 1. Severine Nilsd. Brunstad (1842-1879)

1880 g 2. Berte Marie Larsd. Erstad (1848 - 1890)

(Dotter til ungkar Lars Larssen Erstad (br. 4) og Massi Hansd. Tjønes.)

Br 1874-1883

Born i 1. ekteskap:

1. Peter Nikolai f 1875

2. Jensine Karoline f 1877

3. Petrine Marie f 1879, d 3 veker.

Born i 2. ekteskap:

4. Marte Severine f 1881 d 1883

5. Johan f 1882

6. Martin f 1884

7. Lars f 1885

8. Nikoline f 1887 d 1888, 1 mnd.

9. Hans Johan, (tvill.), d 1888, 1 år.

10. Nikoline f 1888 d 2 mnd

11. Bastian Peter f 1890

I 1875 hadde Bastian slik buskap og sånad: 1 hest, 5 kyr, 1 kalv, 9 sauer, 4 geiter og 1 gris. – 3½ t. blk, 3 t havre, 4 t poteter. Kårkona: 2 kyr, 2 sauer 4 geiter. I 1877 kårkontrakt med Marte Oline Petersd.

Ved sk. etter førstekona i 1880 var brutto kr 4229. Jordvegen vart sett til 2000 kr. plassen Slettereiten utan hus til 700 kr og Kjæreplassen til 520 kr. Ingen av plassane var skyldsette då. Av krøter er nemnde 1 tre-års brun-

blakk hoppe 128 kr., 5 kyr, 2 kviger, 6 sauer, 2 geiter, ½ i ei kvern er sett til same verd som ei ku: 48 kr.

Bastian hadde vanskeleg for å greie seg økonomisk. Dei to siste åra hans i Pegarden var der mange eksekusjonsforretningar hjå han, og han gjorde som forgjengaren, selde garden og tok seg ein plass (bnr 4 Kjerane). Den som kjøpte Pegarden var

Jens Bastian Larssen Riksheimgjerde f 1855 d 1941

1883 g Jensine Olsd. Kurset br 2 f 1862 d 1948

Br 1883-1923

Born: 1. Olivia f 1884, ug. Budde heime, d 1972.

2. Lars f 1886. Omkom på havet utanfor Kristiansund 20/11 1906.

3. Berte Oline f 1888, 1915 g Peter Larssen Riksheim f 1886 d 1947. Frå Kjerane. Bustad bnr 14 Birkebakke.

4. Johan Alfred f 1890, g p br

5. Lovise f 1893, 1924 g Ole Jenssen Lade, bnr 2, f 1897, bustad Lillegjerde, Riksheim.

6. Martin Bernhard f 1899, 1928 g Olava Straumsheim (Teigen) f 1904. Budde på Riksheim.

7. Hjalmar f 1902. Utsv nr 752.

Skøyte frå Bastian Jørgensen 30/10 1883. Gav i 1897 festesetel til Riksheim Meieriselskap på tomt fram med elva til meieribygning, som då alt var oppsett. Dreiv skogplanting med statsstøtte i 1910. Jens var bygningsmann, og i 1914 bygde han seg ny løy.

Johan Jenssen Riksheim f 1890 d 1980

1937 g Tordis Rasmusd. Sandøy f 1912 i Aukra.

Br 1923-1973

Born: 1. Jens Bjørn f 1938, fekk skøyte på bruket i 1973, men bur i Oslo. Ingeniør.

2. Eli Rigmor f 1940, g på Molde.

3. Rolf Agnar f 1942 g bur i Trondheim. Ingeniør.

4. Leif Ragnar f 1945. Budde ei tid i Trondheim, flytte til Ålesund i 1980. Sosialøkonom.

Johan fekk skøyte frå faren for 8000 kr i 1923, Kår. Hadde år om anna 5-6 kyr, hest og sauer. Kjøpte seinare traktor. Bygde verkstad for trevarer nede ved sjøen saman med broren Martin. Etter 1973 vart bruket slege av andre.

Som døme på at ein kan finne humor der ein minst ventar det, siterer eg frå ein branntakst eg fann i biblioteket på Folkemuseet på Bygdøy, skriven av Trygve S. Stølan i Trondheim 1/11 1942:



KALVEGJERDE

Husmannsplass under bnr 3: Plassen låg fram med elva på nordsida, nede i ein dal framanfor Høgebakkane.

Lars Petter Severin Ellingsen Hjelle f 1816 d 1860
g 1845 *Marte Olave Larsd. Velle (Askjellg.)* (1811-1881)
Br 1850-1860

Born: 1. Eline f 1840

2. Lars Petter Martinus f 1841, til Utgård bnr 10. (i kyrkjeboka er mora kalla Berte).

Born i ekteskap:

3. Berte Laurentse f 1845, g Kristian Amundsen Gjævenes, Bøen.

4. Olave Tomasine Jensine f 1848. Spedalsk.

Dei budde nokre år på Ytre Ikornnes, der dei bygsla ein plass av kaptein Schjølberg i 1845. Etter nokre år flytte dei tilbake til Riksheim. Borna heldt mykje til hjå besteforeldra på Velle. Før dei flytte til Ikornnes hadde dei ikkje jord på Riksheim.

Petter var spedalsk. Sjølv meinte han at han fekk sjukdomen av å ete for mykje feit fisk,.

Marte Olave gifte seg att med Amund Berntsen Straumsheim. Dei budde på Bytningane på Riksheim.

Den neste i Kalvegjerde var

Jens Petter Jenssen Fausa f 1824 d 1872

1851 g Johanne Larsd. Velle (Askjellg.) (1805-1898)

Br 1860 - ca. 1870

Petter var son av Jens Pedersen Fausa og Sigrid Pedersd. Sve. Johanne var syster til Marte Olave, kona til føremannen på plassen.

Dei hadde ikkje born, men før ekteskap hadde Petter sønene

1. Ole Martinus f 1847 (mor Johanne Olsd. Riksheimgjerde)

1870 g Charlotte Katrine Berntsd. Erstad f 1851 (br 1). Ole Martinus voks opp i Kalvegjerde, men han og kona vart buande på Erstad (Myrtegen under br 1).

2. Andreas Karolus f 1849 (mor Johanne Olsd. R.) d ½ år.

I 1865 sådde Petter $\frac{3}{4}$ t blk, $\frac{3}{4}$ t havre og 1 t poteter. Dei fødde 1 ku, 2 sauer og 2 geiter. Petter var spedalsk. Han låg mykje ute på fjorden og fiska. I 1862 prøvde dei å få han inn på ein pleieheim, men «han var ikke til at formaa til at lade sig optage paa en Pleiestiftelse». Kona og sonen vart ikkje smitta. Familien levde i stor armod i eit dårleg hus. Plassen låg på ei myrlendt flate like under ei høg fjellstrekning med evig snø og is.

BYTNINGANE

Amund Andreas Berntsen Straumsheim (br 1) f 1823 d 1882

1864 g 1. ek. Marte Olave Larsd. Riksheim, Kalvegjerde, f 1811 d 1881.

1881 g 2. ek. Marte Oline Petersd. Riksheim f 1827, dtr til Peter Anderss. Stenvåg.

Ingen born.

Br 1864-1882

I 1865 sådde dei ½ t blk, ½ t havre, 1 t poteter, og fødte 1 ku, 2 sauer og 2 geiter.

I 1875: ½ t blk, 1½ t havre, 1 t poteter. - 2 kyr, 1 sau, 5 geiter.

Namnet Bytningane har ikkje vore brukt eintydig. No vert Ytre og Indre Sletteiteien kalla Bytningane og ligg ut mot Erstad-bytet.

Kalvegjerde og plassen til Amund Berntsen var husmannsplassar. Husmenn på Riksheim i eldre tider vert nemnde seinare.

Plassingane som budde utanfor hovudbruka mot Erstad, hadde ikkje samarbeite med hovud bruka haustane og kunne såleis ikkje føre krøtera sine inn på hovudbruka.

Bnr 4 KJERANE

Utskilt frå bnr 3 og skyldsett i 1883, skyld 23 skill. rev. 1 ort 2 skill. M 0,38

Bastian Jørgensen Brunstad f 1838 d 1915

Br 1883-1893

Han budde «uti Kjerå», som dei sa, etter ut han flytte frå Pegarden. Men då Jørgarden på Hjortdal vart til sals, kjøpte han den og flytte dit.

Lars Bernt Pettersen Erstad (Larsg.) f 1867 d 1905

1888 g Johanne Severine Jensd. Åsen (1863-1908) Br 1893-1905

Born: 1. Petter Tomas f 1886 d 1947. Utvs nr 774. Kjøpte både bnr 4 og bnr 14 av Inger Johannesd. Erstad. Sjå bnr 14.

2. Johanne Nikoline f 1888, 1919 g Iver Pedersen Gaupset frå Kvernes (1877-1930). Budde i Ålesund.

3. Jens Petter f 1890). utvs nr 772, d 1977.

4. Maria f 1891 d 1908

5. Jakob f 1896, utvs nr 774. Bustad Våtmyr.

6. Lars Johan f 1899 d 1914, 14 år.

Lars og Johanne budde ei tid i Åsen før dei flytte til Riksheim. Fekk bygselsetel frå Inger Johannesd. Erstad i 1893. Inger hadde kjøpt bruket same året av Nikolai Karolussen for 1350 kr.

Bnr 45 LARSSTAD I

Utskilt frå bnr 4 i 1964, skyld 2 øre. Selt til

Liv Riksheim f 1922 (sjå bnr 14)

Bnr 46 TRAF0-TOMTA

Utskilt frå bnr 4 i 1975 og selt i 1976 til
Sykkylven Kommune.

Bnr 14 BIRKEBAKKE

Utskilt frå bnr 3 i 1904. skyld 0,12

Petter Tomas Larss. Riksheim (Kjerane) bnr 4 f 1886 d 1947

1915 g Berte Oline Jensd. Riksheim (Peg.) (1888 -1976)

Br 1908-1947

Born: 1. Johanne Petra f 1914, 1937 g Erling Petersen Tandstad f 1909.

Sjå bd2 s 241.

2. Marie Karoline f 1917, 1938 g Knut Ols. Hjorthol f 1904. Bur
Straumgjerde bnr 16

3. Lars Petter f 1919, g p br

4. Jensine Agnes f 1922, 1943 g Tore Ols. Bøe f 1919. Bur Straume
bnr 34.

Halvbror til desse er

5. Ottar Johan f 1916, (mor: Karen Andersen) 1936 g Olave
Larsd. Drabløs frå Str.gj. Formann for Billaget. Bur
Straumgjerde.

Petter Tomas fekk skøyte på pl. med hus for 1050 kr i 1908. Bygde nytt
stovehus i 1928.

Lars Pettersen Riksheim f 1919

1943 g Livie (Liv) Sivertsd. Hjertvik f 1922 i Aukra i Romsdalen.

Br 1947-

Born: 1. Per Sigmund f 1944, 1964 g Marte. Sivilingeniør. Bustad
Ålesund.

2. Lindis Berit f 1947, lærar, g skulestyrar Roald Solheim. Bur i
Hundeidvik.

3. Asbjørn Noralf f 1951, 1975 g Ingunn Arnesd. Flø f 1953. Bur
på Sætre. Bnr 120.

4. Borgny Johanne f 1953, g Asbjørn Tennfjord f 1950. Ingeniør.
Bur i Tusvik.

Då Lars tok over bruket hadde dei 4 kyr og nokre sauer. Nær vånings-
huset er fabrikkbygget med 8 arbeidarar. Dei lagar stolføter, rokokko-
føter, tresko, hammarskaft etc. og har kundar over heile landet. På gards-
bruket har dei no berre sauer.

Bur 5 INDRE SLETTEREITEN

(Har òg vore kalla Elvabakken og Karolesgarden.) Utskilt frå bnr 3 i 1883 med skyld 20 skill., rev 23 skilling.

Hans Karolus Larss. Erstad br 4 (Elva-Karoles) f 1832 d 1903

1867 g *Marte Jensine* Larsd. Klokkehaug (pl) (1840-1918)

Br 1868-1891

Bygselsetel frå Bastian Peders. Riksheim på fleire markstykke, tomter og ein skogteig i 1868.

Barn før ekteskap:

Marte Sofie f 1865 (mor: Inger Magnusd. Døving).

Born i ekteskap:

1. Nikolai Ludvik f 1866, g p br

2. Lars Bernt f 1869. Bustad: Reiten, Erstad bnr 9.

3. Anne Ingeborg f 1872, g Bernt Hanss. Fet, budde på Straumsheim bnr 6.

4. Berte Johanne f 1882, g Elias Veddegjerde. Dei budde i Langevåg. Karolus var ein hendig kar, laga m.a. truskemaskinar. Han bygde stovehus i 1869 med stove, kammers og gang. I 1879 sette han både stovehuset og lòa i pant og i 1880 var der eksekusjonsforretning hjå han med utlegg i husa, 6 t korn og 6 t poteter av avlinga det året. I 1875 sådde han 3 t havre og 2 t poteter. Fødde 2 kyr, 2 sauer og 4 geiter.

Nikolai Ludvik Karoliuss. Riksheim f 1866 d 1909

1889 g *Elen Petrine* Hansd. Emmedal f 1867 d 1918.

Br 1891-1909, enkja 1909-1917

Skøyte frå Bastian Jørgens. Riksheim i 1891. Kår til foreldra.

Born: 1. Helen Marie f 1889 d 1917.

2. Karen Marie f 1891, 1917 g Johan Joakimsen Brathaug f 1888.

Sjå Borgund III s 303.

3. Mathea Helene f 1893, g p br

4. Nilla Petrine f 1896 d 1910, 13 år.

5. Petra Johanne f 1898, g Mathias Løddøen, Ålesund. Underbrannmeister.

6. Martin f 1901, d 1914.

7. Karl f 1903, d som spebarn.

8. Petter Elias f 1904, utvs nr 779

9. Lars Hjalmar f 1907 d 1908

10. Nilla f 1909, d 12 år gl.

Ole *Maninus Ols. Vestre* f 1893 på Ørskog, d 1979

1917 g Mathea Nikolaisd. Riksheim (1893-1973)

Br 1917-1974

Born: 1. Hildur Klara f 1917, g Bernt Veddegjerde (sjå Borgund III s 289).

2. Petrine Nikoline f 1920. Bur på Riksheim.

3. Olav f 1923, møbeltapetserer.

4. Reidar Martin f 1927, sjå bnr 34.

Ole Vestre dreiv plassen og elles fiske og vegarbeid. Bygde løe i 1928. Under og etter 1. verdenskrig var han ca. 4 år i Amerika. I seinare år arbeidde han òg på fabrikk, og bygde stove i 1949.

Bnr 34 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1960, skyld 1 øre

Reidar Ols. Vestre f 1927

1960 g Ester Karlsd. Solvik f 1937 i Hornindal.

br 1974 - av bnr 5. Fabr. arb. som hovudnæring.

Born: 1. Kjell Ove f 1961

2. Bård f 1963

3. Rune f 1966

4. Ola Magne f 1969

Bnr 6 REITEN

(òg kalla GRØNGØTA og GRØNGOT). Utskilt frå bnr 3 i 1846 med lnr 313b. skyld 1 ort 14 skill., rev. M 0,62.

Kristoffer Asmundsen Tøsse 1815 d 1858

1846 g Lydiane Katrine Pedersd. Riksheim bnr 3 (1817-1899)

B r 1846 - 1858

Born: 1. Andreas Britanus f 1846, 1871 g Ingeborg Nilsd. Ytreid f ca. 1842 i Norddal. Bustad: Buholmstrand. Skomakar.

2. Jensine Severine f 1848, d 14 dg

3. Anne *Jensine* Oline f 1849, 1874 g Hans Hanss. Røbek f ca. 1851 i Bolsøy.

4. Karl *Ludvik* f 1855, g p br

5. Johanne *Elisabet* f 1853, g Ole Petter Berntsen Erstad frå Olag. Budde Øvsteteigen, Stave br 3.

Ved sk. etter Kristoffer fekk enkja husa og lausøyre for takst 82 spd mot panterettsutlegg til m.a. borna, i alt 61 spd. Husa var ei stovebygning med gang og kammers, takst 40 spd, og ei løe og ein fjøs av tømmer, takst 20 spd.

Enkja Lydiane g 2. 1858 med

Karl Elias Martinussen Storås f 1828 i Skodje, d 1891
br 1859-1881, halve br 1881-1891.

Karl Elias var son til Martinus Eriksen Ydal f 1797 i Norddalen og Karen

Severine Guttormsd. Hjellegjerde,

Fekk bygselsetel frå Bastian Pedersen 2/5 1859. Sådde i 1865 2½ t havre og 2 t poteter, og fødde 3 kyr, 10 sauer og 5 geiter.

I 1875 sådde dei 1½ t blk, 1½ t havre og 3 t poteter. Fødde 4 kyr, 1 kalv, 7 sauer og 4 geiter.

I Karl si brukstid fekk bruket ny eigar. Jens Bastiansen selde plassen i 1872 for 260 spd til Karolus Toresen Riksheim, som i 1881 bygsla bort plassen til son til Kristoffer Asmundsen mot bruksrett av halve bruket for Karl Martinussen og kone. Den nye brukaren var

Karl Ludvik Kristoffersen Riksheim f 1855 d 1896.

Drukna på havet under sommarfiske.

1882 g Berte Karoline Petersd. Velle (Rasm.bøen) f 1859 d 1933

Br (½) 1881-1891, heile 1891-1896

Born: 1. Lovise f 1883 d ug 1906

2. Karl Johan Bastian f 1886, utvs nr 775, budde på Erstad (Reiten).

3. Lars Karl Johan f 1888, utvs nr 776

4. Peter Andreas f 1891, utvs nr 777, d 1974. Bustad Blindheim. Bd II s. 158.

5. Andreas Sigurd Johan f 1894 d 1966. Bustad Tjønes bnr 10. Bd II s. 224.

6. Laurits Bernhard f 1896 d 1916.

Ludvik bygde ny stove i 1891. Ved tvangsauksjon i 1895 vart lausøyre, krøter og hus selde til bortflytting, salsum 1097 kr. Familien fekk den gamle Krissenstova til å bu i.

I Å.H. & Sj. 2/9 1896 står: «I forrige uge kantrode skøiten «Parats» baad paa Storeggen, hvorved desværre en mand frå Søkelven fandt sin død i Bølgerne».

Johan Erstad gav Berte eit lite jordstykke der ho sette poteter og fekk fôr til sauene som ho hadde i kjellaren. Ho arbeidde på gardane for mat

til borna. Då borna var vaksne reiste ho til Langevåg og tok arbeid hjå Devold.

På Grøngøta kom nye folk.

Petter Andreas Johansen Riksheim (br 8) f 1866 d 1925
1893 g 1. Jensine Lovise Petersd. Erstad br 3 (1873-1908)
1912 g 2. Berte Petersd. Håjem (1873-1960)

Br 1897-1925

Petter var son til «Andsta-Johan» og var skreddar før han fekk skøyte på dette bruket for 2400 kr.

Born i 1. ekteskap:

1. Nilla Birgitte f 1896, 1919 g Laurits Moldnes f 1893 på Vигра.
2. Emma Petrine f 1897. Utnvs nr 782, d 1958, 1920 g Knut O. Fylling.
3. Johan Ludvik f 1899, g p br
4. Alfred Karl f 1906, utnvs nr 783, 1939 g Randi Edvardsd. Tandstad.

Sjå bd 2 s 284, 358.

Born i 2. ekteskap:

5. Jensine Sofie f 1913, 1936 g Sverre Tomassen Riksheim (br 15).
6. Petter Martinus f 1915, 1947 g Anne Marie Torgeirsd. Hestholm f 1922 i Herøy.

Petter Johansen var den første som «passa lysverket» i Sykkylven. I sk. etter førstekona vart bruket taksert til 2200 kr. (1911).

Johan Petersen Riksheim f 1899 d 1979

1926 g Petra Jensd. Vik f 1903 d 1962

Br 1925-1962

- Born: 1. Jorunn Bergljot f 1927, 1951 g Hans Steinarsen Kyrkjerud f 1922 i Flatdal. Bur der.
2. Per f 1930, g p br
 3. Astrid f 1934, 1960 g Robert Vik f 1934.

Johan var fiskar frå 1916 til 1923. Då tok han over som maskinmeister ved Kraftstasjonen på Riksheim og heldt fram med det til 1955. Ved utskifting av heimeutmarka vart det på Riksheim innlagt i alt 360 dekar og av det fall 14 dekar på dette bruket. Johan dyrka det meste av dette, og utvida og moderniserte løa.

Per Johansen Riksheim f 1930

1953 g Bodil Gerd Karlsd. Kavli f 1933 i Norddal.

B r 1962-

Born: 1. Odny Kristin f 1953, 1973 g Jarl Berg f 1951.

2. Inger Anne f 1957, g 1980 Geir Steinar Tandstad f 1955.
3. Per Jarle f 1961
4. Siv Berit f 1963

Bnr 7 SLETTEREITEN

(også kalla Annaplassen og Heiegarden)

Utskilt frå bnr 3 med lnr 313c, skyld 1 ort 10 skill. rev. 0,56.

Jakob Severin Larssen Erstad (Peg.) f 1843 d 1872, sk. 1874.

1867 g Ingeborg *Anna* Bastiansd. Riksheim (1849-1917)

Br 1866-1872

Jakob fekk bygselsetel frå Bastian Pedersen og forkjøpsrett til plassen for 150 spd. I 1896 fekk han skøyte for 180 spd. Han sette plassen i pant ved ein obligasjon på 190 spd til Ole Larsen Brunstad. Ved sk. etter Jakob fekk enkja plassen for 280 spd mot panterettsutlegg til borna og Ole L. B. Denne plassen ligg i den nordvestlege delen av Pegarden og grensar til Amund Berntsens plass og i nordvestleg retning til grensa mot Erstad. Jakob skulle ha rett til å ta lø-material i skogen, og brenneved i Koldateigen. Ein dags pliktarbeid om våren utan kost. 3 spd i årleg landskyld. Fri hamnegang mot gjeting 6 dg i året. Bygselsum 80 spd.

Enkja g 2. 1874 med

Karolus Martinussen Straumsheim (br 2) f 1852 d 1937

1918 g 2. Karen Tomasine Karlsd. Fet (1871-1950)

Br 1874-1921

Born: 1. *Jakob Andreas* f 1875, utvs nr 766, d 1913. 1900 g Petrine Petersd. Stennes (1870-1949)

2. Peter Bastian f 1877, omkom ved Titranulukka 14. okt. 1899. Ikkje funnen.

3. Ole Karl f 1878, utvs nr 768. Eigar av farsgarden 1905-1910.

4. Berta f 1880, utvs nr 761

5. Karl Andreas f 1881, utvs nr 767

6. Lovise Jensine f 1884, utvs nr 763, g Ole Ekornes.

7. Josefina f 1891, utvs nr 762

8. Anna Tomasine (Sina) f 1889, utvs nr 765.

9. Petra *Mathea* f 1892, utvs nr 764

I 1875 sådde dei på plassen 2 t havre og 1 t pot. Og fødde 2 kyr, 2 sauer, 5 geiter.

Karolus hadde ei tid vanskeleg for å greie seg økonomisk. Alt i 1880

måtte han pantsetje krøter og part i notbruk, i 1882 også husa. Den 26. sept. 1882 fekk Karolus bygselsetel på plassen frå Karl Martinussen Erstad som kjøpte plassen av Karolus same dag. I 1905 fekk Ole Karolussen Riksheim skøyte på plassen frå Inger Johannesd., enkja etter Karl Martinussen Erstad, for 1300 kr. med atterhald om bruksrett for Karolus og kona. Ole bygde løe, og gav kårbrev til foreldra i 1909. Året etter skøyte han plassen over til Hans Fredrik Berntsen Erstad for 4000 kr. I 1911 selde Hans Fredrik plassen for same pris til Karolus Martinussen.

Jakob Sivertsen Hole f 1881 d 1964

1916 g Karen Olave Jensd. Hjorthol (Peg.) (1890-1974)

Br 1921-1960

Kjøpte plassen av forgjengaren Karolus for 10 300 kr. Kår til seljaren og kone.

Born: 1. Sigmund Olaf f 1918, utvs nr 786

2. Gunvor Kaspara f 1921, 1950 g Oskar Ols. Nybø frå Ørskog f 1915. Bur på Aure.

3. Jon Kaspar f 1929, g p br

Jakob Hole var hjørundfjording. Han var førar av mjølkebåten «Aure» og av «Sykkylvsfjord». I 1936 bygde han nytt våningshus. Sonen tok over bruket.

Jon Kaspar Jakobs. Hole f 1929, møbeltapetserar.

1953 g Solveig Tordis Karlsd. Svartebekk f 1928.

Br 1960-

Born: 1. Kjellrun f 1955, 1974 g Odd Harald Hovde 1955

2. Jostein f 1958, sjømannsskule. Er i MRF

3. Kolbjørn f 1965

B nr 21 BYTINGSVIKA

Utskilt frå bnr 7 i 1929, skyld 2 øre

Sykkylven Kommune

Bnr 29 RIKSHEIM TREVAREFABRIKK

Utskilt frå bnr 21 i 1953, skyld 1 øre

Johan og Martin Riksheim

Fabrikken har elektrisk tørke, lager, rom for dreiebenk, maskinsal med

kappsag, sirkelsag, pinnemaskin og pussetrommel. Dei gjorde makeskifte

med Sykkylven Kommune, maskinistbustaden. Fabrikkbygning med tomt vart i 1975 ført over frå Olave Riksheim til sonen Svein .

Bnr 50 ANNAVIKA

Utskilt frå bruk nr 7 i 1974, skyld 1 øre, fabrikktomt.

Svein Martinussen Riksheim f 1936

Sjå bnr 23 Bakken under Peg. 3.

Tomta vart først byksla i 1954. Tok over i 1975, kjøpte til ei tomt frå bnr 5. Lagar delar til møbelindustrien, treverk til lenestolar, etc. 3 mann i fabrikk.

Bnr 8 TEIGEN

Lokal uttale Teien. Vart først skrive Agardsteig, som må vere det same som Hagardsteig. Skyld 14 skill., rev 0,23 Lnr. 313 d.

Johan Knutsen Andestad f 1823 d 1904

1854 g Bertine Nilsd Midtgård br 4 f 1828 d 1875

Br 1858-1880

Born: 1. Knut f 1853 g p br

2. Anna *Karoline* f 1856 d 1905, g 1. 1887 Johan Nikolaisen
Abelset f 1854, g 2. 1892 Nikolai Nilss. Sjøholt f 1841.

3. Bastian Martinus f 1860, 1884 g Marie Petersd. Abelset f 1841.
Budde på Ørskog.

4. Severin Martinus f 1863, 1891 g Anne Helgesd. Drabløs
(Barbrog.) f 1866. Budde på Staumsheim.

5. Petter Andreas f 1866, 1891 g Jensine Pettersd. Erstad f 1873.

6. Karl Andreas f 1869 d 1957, g Lovise Marie Larsd. Ytre
Ekornes (br 3) (1876-1951).

Johan vart til dagleg kalla Andsta`-Johan. Han var bygdevektar, kyrkje-tenar, skreddar og skinnfellmakar. Det var i 1867 han søkte posten som «fattigvektar og politiassistent» etter Høgga-Pe (Peder Ols. Utgård). Han fekk jobben. Det var ein kårde etter han som hørde med til utstyret, men den er bortkomen. Bøndene skulle gi bygdevektaren 6 mk havre kvar

i løn, men han måtte sjølv hente det på gardane.

I 1865 fødde dei på plassen 2 kyr og to sauer og sådde 1 t havre og 1 t poteter. I 1865 same sånad, men no var sauetalet 4.

Mange historier vert fortalde etter Andsta`-Johan. Ein gong hadde han bøtt buksa si med ei raud bot, og ein granne sa: «E` ser du he` ei avlita bot på buksene dine». «Støtt slik so naså di» sa Johan.

Ein gong barberte han seg midt i veka og svigerdottera spurde: «Raka' du de" midt i vikinnje?» «Ja, e' gjere det». «Ska du nøkinj sta'?» «Ja, e' ska nøkinj sta'». «Kvart du ska då?» «E' ska neri fjørå og rullje stein».

Knut Johansen Riksheim f 1853 d 1938

1878 g Guri Larsd. Straume f 1851 d 1918

Br 1880 - 1920

Born: 1 Johan Bastian f 1877, utvs nr 770, 1902 g Anna Knutsd. Aure (Bøen).

2. Berte Jensine f 1879, utvs nr 769, 1906 g Oskar Hansson, svensk.

3. Anna Lovise f 1885, d 1960, 1920 g m. Karl M. Blindheim frå Brunstad (1870-1941). Første kona hans var frå Midtgård, bnr 1

4. Anne f 1889 d 20 dg

5. Johanne, tvill., d 1 mnd

6. Lars f 1892, g p br.

Teigen ligg til bytes med Straumsheim, innanfor Riksheimgjerde. Her hadde Riksheim bnr 1 og 3 kvar sin slåtteteig frå gammalt, frå sjøen og halvvegs opp mot bøgarden. Desse to teigane vart så bygsla bort til Johan Knutsen, og Knut tok over etter faren. Knut kjøpte plassen alt i 1874 på auksjon for 71 spd. Knut var flink til å skrive, hadde Karl Habostad til lærar, og han la vekt på skrive-faget. Knut vart mykje nytta som talar i gravøl og som kjøkmeister. Her kan nemnast noko av det ein «kjømester» skulle gjere. Han skulle vere med å dele opp skrotten av slakt til bryllaupet og også hjelpe kokkane. Han skulle rope inn til måltida og få gjestene til bords og sjå til at alle kom på rett plass. Så skulle han syngje før og etter måltidet, men og til andre tider. Han gjekk mellom stovene og song, lettare stoff der det var mest unge. Han hadde raude skjorte-ermer og vest med blanke knappar. Siste bryllupsdagen ropte han opp kva kvar gav «atti skåla», og ein annan skreiv det opp. Då var det kø av folk som ville høyre kva kjøkmeisteren ropte opp. Det kunne vere over 200 gjester i eit bryllaup. Knut var religiøs og brukte ikkje dei skalkevisene andre kunne bruke som kjøkmeistervisar.

Knut heldt ute båt. Av mannskapet kan nemnast broren, Teige-Severin, og Lars Karl Ekornes.

Lars Knutsen Riksheim f 1892-1980 1920 g Laura Jensd. Aure f 1897 Br 1920-1974

Fekk skøyte frå faren i 1920 for 1500 kr. Kår.

Born: Gunvor Kirsti f 1920. 1948 g Harald Andreassen Roald f 1918 på Vigra. Begge har vidaregåande skule.

Lars Riksheim var lenge vegvaktar i Sykkylven. Bygde våningshus i 1971. Felespelar og songar. Dottera vart eigar av bnr 8 og bnr 16 i 1974.

Bnr 9 GYLET

Utskilt frå bnr 3 i 1871, skyld 16 skill. Lnr 313e. Rev. skyld M 0,17.

Nikoline Pedersd. Riksheim

enkje etter Petter Ols. i Lillegjerde, Riksheim br 12.

Br 1871

Året etter vart ho kårkone i Gylet, som vart bygsla av

Petter Andreas Ellingsen Løvoll f 1834 d 1892

1872 g Jensine Petersd. Riksheim (Lillegjerde) br 12 f 1846 d 1914

Br 1872-1892

Barn før ekteskap:

1. Berte Karoline f 1864. Hennar barn, Marte Nikoline f 1883, voks opp i Gylet. (Far: Magnus Andreassen Abelset f 1856). Marte 1913 g Lars Jenss. Drabløs, Straumgjerde.

Born i ekteskap:

2. Marte f 1872 (unemnd 1881)
3. Petrine Karoline f 1878, g p pl

Andreas fekk bygselbrev frå Jens Bastiansen Riksheim på plassen med skogteig, hamnegang, brenneved og moldtak 28/5 1872. I 1874 kjøpte Andreas plassen på auksjon for 77 spd, men selde att i 1881 (plassen utan hus) til Karl Martinussen Erstad og tok plassen på bygsel.

I 1875 fødde dei 2 kyr, 1 kalv og 4 sauer, og sådde 2½ t havre og 2 t poteter.

Nikolai Petersen Grebstad f 1861 d 1930

1895 g Petrine Andreasd. Riksheim (1878-1933)

Br 1892-1930, enkja 1930-1933

Born: 1. Anne Jensine f 1896 d 1978.

2. Peter Martin Kornelius f 1898, utvs nr 780, d 1949.
3. Lina Birgitte f 1900, 1921 g Ole Fylling, Langevåg (1897-1956).
4. Karl Bernhard f 1903 d 1971, 1931 g Karoline Lillebø (1913-1978). Dalsfjord.
5. Jenny Signe f 1905, 1927 g Anton Sandvik (1900-1967). Bustad Langevåg.
6. Laura Petra Elvida f 1908, 1928 g Kari Nikolai Røssevoll (1903-1974).

7. Andreas Nikolai f 1910, utvs nr 778.
8. Nils Petter f 1912 d 1969. Brann inne. Budde i Straumgjerde.
9. Margit Helene f 1916. Dreiv bruket saman med mora 1930-1933. 1946 g Ragnar Garm (1912-1953). Budde i Volda.

Ved århundreskiftet arbeidde Nikolai som bygningsmann i Ålesund. Nye eigarar av bruket i 1914: Gunder Johannessen Grebstad, Oline Johannesd. Relling. Marit Johannesd. Åsen og Ellen Johannesd. Ullavik, med ¼ på kvar, ved gåvebrev frå Inger Johannesd., enkja etter Karl Martinussen Erstad. Desse 4 gav i 1920 skøyte til

Peter Nikolaisen Riksheim f 1898 d 1949

Br 1920-1923

I 1921 sette han plassen og husa i pant ved eit lån frå Sykkylven Sparebank og i 1923 ved ny panteobl. til Jens P. Grebstad. Same året reiste Peter til Amerika og kom ikkje att. Broren Nils såg etter plassen, men bruket vart ikkje drive. Syskena til Peter selde bruket i 1970 til Jarle Skinnes. No er der ikkje folk lenger og husa er vekk.

Bnr 10 HØGEBAKKEN

Peder Endresen Stølen f 1812 i Hjørundfjord, d 1862, kom vekk under sildefiske sør for Stad.

1839 g Pernille Syversd. Nordang f 1815.

Br ca. 1842-1862

- Born:
1. Endre Severin f 1840 på Nordang, d 1884, 1865 g Lovise Marie Karlsd. Dypvik f Gjethammer ca. 1840. I 1874 budde dei på Buholmstrand.
 2. Anne Marie Birgitte f 1843, g p pl
 3. Dorteia Regine f 1846, 1871 g Erik Ols. Belsvik f 1846, sjømann frå Hemne. Bustad Buholmstrand.
 4. Pernille *Marte* f 1851 d 1892, g Ole Gundersen Døving (1849-1926).
 5. Peder Johannes f 1855 d 1932. Flytte til Gåseid ca. 1880, g Marit Pedersd. Grindheim frå Vågå (1847-1910). Peder var kjend over heile Sunnmøre som Gåsi-smeden. Var spesialist på fjører til hestekjerrer.

Pernille Syversd. vart g 2. med Hans Olsen Erstad f Bjørke. Sjå Erstad.

Jens Hanssen Erstad f 1841 d 1933

1865 g Anne Marie Pedersd. Riksheim (1843-1923)

Br ca. 1863-1921

Born: 1. Hans *Petter* f 1866, d 1894

2. Karoline f 1869 g Ole Johan Jakobs. Straumsheim (bnr 3).

3. Fredrik Olaus f 1872, g Fina Sunde (1877-1958).

4. Anne *Pernille* f 1875, 1899 g Lars Kristoffer Larss.
Riksheimgjerde (1852-1943).

5. Karen Marie f 1878 d 1958, 1909 g Lars Syvers. Lerstad
(1884-1923) gbr Nedstenakken, Borgund frå 1910.

6. Johanne Marie f 1880. 1925 g Petter Pauls. Fylling f 1897 i
Skodje.

7. Karl *Johan* f 1883, utvs nr 754. Ein son Petter f 1903, utvs nr
761, (mor: Johanne Marie Jensd. Riksheim bnr 2 f 1885).

8. Endre f 1883. utvs nr 751 (der feil fødselsår), 1916 g Juliane
R. Ansok f 1891.

I 1865 sådde dei 1 t blk, 1½ t havre, 1½ t pot. Fødde 3 kyr, 5 sauer, 6
geiter.

I 1875: Sånad 1 t blk, 1 t havre, 2 t poteter. Buskap: 4 kyr, 6 sauer, 4
geiter, 1 gris.

Det var først i 1871 plassen vart fråskylddelt. Det året vart Pegarden
delt i hovudbruk på 2 skylddalar og plassane Reiten, skyld 1 ort 14
skill. Slettereiten skyld 1 ort 10 skill. Teigen, skyld 34 skill. Jøllen
(Gylet) skyld 10 skill. og Højbakken (Høgebakken) skyld 8 skill.

I 1872 selde Jens Bastiansen Riksheim denne pl. til Karolus Toresen
Riksheim for 53 spd. I 1897 gav enkja etter Karolus plassen til Tomas
Pettersen Riksheim mot at ho fekk den årlege landskylda så lenge ho
levde. I 1886 fekk Jens festesetel på plassen frå alle hovudbruka på Riks-
heim, med ⅓ frå kvar. Jens var med og bygde Sykkvlvs-kyrkja. Då dotter
til brukaren. Johanne Jensd. kjøpte plassen for 1887 kr. var desse
seljarar: Jens Knuts. Riksheim, Berte N. Karolusd. Riksheim og 4
barneborn av Peter Jakobs. Riksheim (1921). Året etter vart dette bnr
10 slege saman med bnr 18 Høgebakken Indre til eitt bruk.

Petter Paulsen Fylling f 1897 i Skodje 1962

G 1. 1918 Marta K Tomrem f 1895 d 1923

1925 g Johanne Jensd. Riksheim f 1881 d 1967

Br 1921-1960

Høgebakken Indre (med skyld 56 øre) som vart slege saman med
resten av plassen, var utskilt frå bnr 1 og 2 med om lag ½ av kvar.

Born i 1. ekteskap:

1 Petra f 1919 g 1943 Karl K Emlen

2 Paul f 1921. g p pl

Petter Fylling var elektrikar og gardbrukar. Tilsett ved Kraftverket ca. 1930,
Reservemaskinist der frå 1954. Fora på plassen 4 kyr 5 sauer til 1950, sidan ingen
dyr til 1960 då dei starta med berre sauer.

Paul Kaspar Pedersen Fylling f 1921
g 1952 Judith Alfhild Bjørlo frå Strand f 1923
Br 1960-1981

Born: 1. Margrethe f 1954, sjukepleier.

2. Jens Petter f 1955 g 1982 Marit Ramsevik f 1958 i Husvågøy.

Fylling bygde våningshus i 1960, løe i 1963. Løa brann ned i 1974 og vart oppattbygd same året. Paul var først tapetserar ved Ekornes Fabrikker, sidan eiga forretning med lastebil, mest sandkøyning.

Jens Petter Paulsen Fylling f 1955

Br 1981-

Har bygt hus nr 2 på bruket. Er ingeniør og tilsett ved kraftverket.

Bnr 11 Riksheim Kvernbruk

Utskilt frå Peg. 1872. Det var eit lite kvernhus framanfor gamlebrua. Amund Andersen Tandstad fekk skøyte på det i 1872 for 10 spd. Skylda var 1 skill. Petter B. Ols. Tandstad kjøpte kverna i 1900, og sidan har etterkomarane hans ått det. Pål Tandstad flytte kvernhuset til Tandstad.

Bnr 12 LILLEGJERDE

Plassen låg under Peg.. rev. skyld 0,87

Første brukaren var

Petter Johannes Olsen Riksheimgjerde f 1803 d 1869

1828 g Nikoline Lovise Pedersd. Riksheim br 3 (1816-1880)

Br ca. 1828-1869

Born: 1. Petter Olaus f 1828 til Haram i 1853.

2. Anne Lovise f 1834, kf 1849.

3. Jens Bastian f 1839 d 1840, ½ år.

4. Lovise Petrine f ca. 1842. Hadde barn Berte Jensine f 1862 som voks opp hjå besteforeldra (far: Bornå Bornåsen Åsen frå Grytten). Lovise Petrine g 1870 Ludvik Ingebrigts. Valde f 1844. Vart kalla Auskjer-Ludvik, laga auskjer til fiskarane.

5. Jensine Bastiane f 1846, 1872 g Petter *Andreas* Ellings. Løvoll br 5 f 1834. Budde i Gylet, Riksheim.

I 1865: Sånad 1 t blk, 1 t havre, 1 t pot. Krøter: 2 kyr, 4 sauer, 2 geiter.

Jens Bastiansen Riksheim f 1843 d 1923

Br 1874-1879

Som nemnt selde han Pegarden og tok seg frå denne plassen. Her fødte

han i 1875 1 føl, 3 kyr, 1 kalv, 3 geiter og 1 gris. Sådde 5 t blk, 2 t havre og 2 t pot. Alt i 1879 flytte han med familien til Ålesund og selde Lillegjerde også.

Ole Pettersen Riksheim (Tømmesg.) f 1847 d 1918

1877 g Lovise Jensine Olsd. Hellen f 1856 d 1925.

Br 1879 - 1918

Barn: Petter Johan f 1877 d ug 1897.

Ole Pettersen kjøpte plassen for 3760 kr. I 1904 var ein kommisjon samla i huset hans for å ta avgjerd i ei sak mellom han og Karolus M. Riksheim på bnr 7, som var skulda for ulovleg skoghogst i teigen til Ole. Prøve på forlik i forlikskommisjonen hadde mislukkast. No vart det synfaring i marka og grensene mellom teigane vart presiserte og avmerka. Det galdt Eneteigen (bnr 7) og Fossekvitlane (bnr 12).

Ole Johan Jenss. Lade f 1896 d 1950

1924 g Lovise Jensd. Riksheim (Peg.) f 1893

Br 1919-1950. enkja 1950-1957

Skøyte frå Lovise Olsd. Riksheim for 3760 kr. Kår.

Born: 1. Bergljot Olaug f 1929, g Arne Myrbostad frå Fræna.

2. Jostein f 1934, p br

Ole bygde nytt stovehus i 1928.

Jostein Olsen Lade f 1934

Br 1957

Skøyte på bruket i 1957, bygde løe same året. Er systemarbeidar ved J. E. Ekornes Fabrikker. Han driv og bruket på Lade som onkelen Oskar brukte.

Bnr 23 BAKKEN

Utskilt fra bnr 3 i 1936, skyld 5 øre.

Martin Jenssen Riksheim (Peg.) f 1899 d 1957

1928 g Olava Severinsd. Straumsheim (Teigen) f 1904.


Born: 1. Bjørg Jorun f 1928, 1953 g Alfred Karlsen Nygaard f 1929 i Davik.

2. Aaslaug f 1931, 1954 g Sivert Bjørkedal Rem f 1923 i Flatanger, Gbr. i Valldalen.

3. Svein Jarle f 1936, g p br.

Dreiv trevarefabr. saman med broren Johan. Bygde stovehus 1937.





1. Mynte-Bern. kjøkkmeister. Bern Straume
3. Jakob Hole. Riksheim, (frå Hjørundfjord, skipper påfylkesbåtane),
4. Karen (gift med nr 3 Hole, frå Peg. Hjortdal no Riksheim
5. Ole J. Lade (brudgom) frå Jetmundg., gift på Riksheim
- 6 Lovise Riksheim(brud) Peg..
7. Anne J. Lade. Jetmundg.
8. Jensine Riksheim. Peg., Riksheim 39
9. Marit-(Maia) Riksheim, seinare gift med Knut Hjortho 41
10. Johanne Riksheim, seinare gift med Erling Tandstad
11. Jens L. Riksheim, Peg.. Riksheim
- 14 14 Asbjørn A. Lade. Haug-Knutg Lade.
15. Gunvor Hole. gift Os kar Nybø
17. Hjalmar A. Lade. Haug-Knutg., Sigmund Hole på Riksheim?
18. Berta Straumsheim, gift Enstad, Tue-pl.
19. Anne Straumsheim, gift i Ørsta
20. Julie Lade, Hanug-Knutg., gift Synnes.
22. Petrine (Trine) Riksheim, gift Jens Ekornes
- 23.
- 24.
25. Hildur Vestre. Kurolusg. Riksheim
26. Tonni Riksheimgjerde. Stølen:
27. Petrine Vestre, Karolusg. Riksheim
28. Berte Sætre, Einane
29. Hans Sandvik, (Gjerdsvoll på Erstad.
30. Leif Nakken, oppfostra på Høgebakkane, Riksheim
- Tomas Giske. gift på Giske, frå Riksheimgjerde
 Lovise Riksheim, gift Stavseth, Tynesstranda
 Sunnøve Sandvik. gift m presten Eggesbø
 Hansg. Erstad 36. Petra Riksheim», Reitepl. Erstad
 37 Lærer Bastian Blindheim
 Oddleiv Riksheim. Tynes -,son til nr 4».
- Andreas Riksheim, Grøngot. Riksheim, har budd på Tynes.
- Klara Erstad, Peg. Erstad
 Emma A. Aure. Pihlg>.
 Petter O, Saure. Riksheim. Krisseng.
 Lovise Sætre gift med nr 43 f Brunstad i Tøsteing.
- Karl O. Erstad. Myretegane
 Johanne Lade gift med nr. 46. Haug-Knutg. f Hole
 Ole Petter Blakstad
 50 Petter A, Aure, Pihlg.
 51 Johanne Aure. gift med nr. 5 f Reite. frå Vaksvik
- 53 Elen Lade. gift med nr. 56. f Fausa, Jog. på Lade
 54 Inga Riksheim fl Hole i Jørng. i Tømmesg. Riksheim
 55 Karsten Riksheim (son til nr. 54)
 56 Lars Martinus Lade. Jog.
 57 Olivia Riksheim, Peg. Riksheim
 58 Johanne Riksheim, Høgebakkane
 59 Jens Riksheim. Høgebakkane
 60 Emilie Våge. Erstadbakkane

61. Anna Straumsheim, gift m Peder Overå, Trondheim, Tormodg.
62. Matilde Hole, Ikornnes, gift med Sverre Hole.
63. Petter R. Aurdal, Fjordeg., Aurdal
64. Alfred P. Riksheim, Grøngotg.. Riksh.
65.
66. Palma Erstad. Erstad-bakkane
67. Hans Tandstad, Simog.
68. Nils Tandstad frå Ytste-Øggar'n, budde på Grebstad
69.
70. Oskar J. Lade, J etm. g.
71. Lars Erstad. Peg.
72. Jente frå Valderøya?
73. Karl Roald, Jang., Aure
74. Berle Jensine Erstad, frå Kurset, gift med nr. 71
75. Jente frå Valderøya ?
76. Jens. J. Riksheim, «Gyljane», 1925 til Amerika
77. Petter Severin Fet. Nilsg.. Fet
78. Lars J. Riksheim, Våtmyr, Tusvik
79. Berte Johanne Riksheim, frå Jog. Fet, Våtmyr
80. Martin Riksheim, Bakkjin, Riksheim
81. Berte Fet, Nilsg. Fet, gift med Ole Brudevoll, Amerika
82. Ole Solvik, Nilg. Fet, budde på Tandstad
83. Johanne K. Lade, Olag.. frå Nakkeberg Brunstad
84. Anne J. Lade, Jetm.g.
85. Sina J. Lade, Jetm.g.
86. Sina Erstad, gift m/Karl Ludvigsen, Reiten på Erstad
87. Olave O, Hole, Knutg,
88. Lars Hellen
89. Olave Erstad, gift i Bærum
90. Henrik Maude, handelsmann i Str.gj.
91. Lina Straumsheim, gift m/Karl Rostad
92. Hanna Maude, f. Grebstad, gift med nr. 90
93. Borghild K. Hole, frå Olag., gift med Nils Tandstad
94. Johan Riksheim, Grøngotg.
95. Anton A. Tandstad, Yste-Øggar'n
96.
97. Severin Straumsheim, Teigen
98. Hans P. Erstad, Peg.
99.
100. Lars Karl Tandstad?
101. Ole Riksheim, Løke-Ole,
102. Jensine Riksheim, gift m nr. 101
103. Karl L. Hole, Olag.
104. Jakob Kurset, frå Andersg. på Straumsheim, gift til Kurset
106.

Frå bryllaupet til Ole J. Lade og Lovise Riksheim i 1924. Biletet er teke attmed Pegarden, ved elva, nedanfor brua.

Svein Jarle Martinsen Riksheim f 1936

1965 g Olbjørg Henny Olavsd. Ramstad br 3 f 1939

Born: 1. Odd Martin f 1966

2. Berit Oddny f 1967

3. Terje Olav f 1971

4. Elin Mari f 1979

Svein driv trevarefabrikk nede ved fjorden. Sjå meir under bnr 50
Anna-vika utskilt frå bnr 7 og under Peg. bnr 3. Bygde tilbygg til
vånings-huset i 1971.

Bnr 28 FOSSHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1953, skyld 1 øre u.fr.

Maskinisthustad for Sykkylven Kommunale Kraftverk. Bygd i 1954.

Oddbjørn Lianes.

Før han har desse budd her som maskinmeister etter 1950: Endre
Torheim, Sivert Kalvatn, Torbjørn Alvik, Johan Listhaug og Jan
Hildre.

Bnr 37 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1967, skyld 1 øre.

Jens Bjørn Johansen Riksheim br 3 f 1938

Bnr 38 BAKKFN

Utskilt frå bnr 3 i 1967, skyld 1 øre

Rolf Johansen Riksheim br 3 f 1942

Bnr 39 HJELLEN

Utskilt frå bnr 3 i 1967, skyld 1 øre

Eli Johansd. Heddal f Riksheim br 3 1940

Bnr 40 UTSYN

Utsk. frå bnr 3 i 1967, skyld 1 øre

Leif Johansen Riksheim br 3 f 1945

Bnr 41 BAKKETUN

Utsk. frå bnr 3 1969, skyld 1 øre
Bjarne Brekken f 1933 i Stangvik.
g *Solveig Hofstad* f 1932 i Sparbu.

Born: 1. *Solfrid* f 1955

2. *Ann Mari* f 1958

3. *Bjørn* f 1960

4. *Heidi Anita* f 1968

Brekken kom til Sykkylven i 1956. Bygde hus i 1969.

Bnr 42 KRINSTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1972, hustomt, skyld 1 øre
Riksheim Krins.

Husmenn på Riksheim på 1600-talet.

1603: *Jakob*

1617: *Torstein Olsen*

1618: *Jon*

1624: *Anders Olsen*. Til *Ørsnes* ca 1625

1624-1632: *Amund Olsen*. Bot i 1624 fordi han slo *Jørgen Peders*. ib
«i begge deres gårder» med eit stykke tre.

1632: *Jørgen*

1639-1645: *Lars*

1647: *Ole* (Bhl. pk 104).

Bnr 20 SYKKYLVEN KOMMUNALE KRAFTVERK

Utskilt 1929 frå alle bruk på Riksheim, Erstad og Riksheimgjerde, skyld 6 øre.

Kraftstasjonen vart sett i drift 22/1 1918. og har hatt så mykje å seie for bygda, også for jordbruket, at ein knapt kan tenkje seg korleis bygda hadde sett ut i dag utan denne kraftkjelda.

Det første vesle kraftverket i Sykkylven vart bygt av *Johan O. Erstad* på *Ikornnes*. Det var eit lågspantanlegg og det var først planar om å starte fleire slike. Men høgspantanlegg andre stader fekk sykkylvingane til å gå inn for eit slikt, og då var det *Riksheimfossen* med ei fallhøgde på 250 m som såg mest lovande ut. Ei 5-manns «fossenemnd» vart vald i 1913 med *Ole Strømme* som formann, og fagfolk granska alternativ og kostnader.

I 1915 vart det samrøystes vedteke i kommunestyret å kjøpe Riksheimfossen av grunneigarane, og med 14 mot 6 røyster vart det vedteke å byggje eit kommunalt kraftverk. Sørestranda fekk elektrisk lys i jan. 1918, og i det høvet fekk handelsmannen Hans Ekornes til ein lysfest på skulehuset på Jarnes.

I 1920 valde kommunestyret eit kraft verkstyre med Johan O. Erstad som formann. I styret var m.a. Elling Ekornes med. Kraftverket kom til å koste tre gonger så mykje som det ein frå først av hadde kalkulert med, og den økonomiske stoda vart etter kvart kritisk.

Trass i den økonomiske depresjonen som starta med krakket på børsen i New York hausten 1929 og spreidde seg til alle verdsdelar, varde det ikkje lenge før unge sykkylvingar tok til med små industriverksemdar. Men det synt seg at der var for lite vatn til å skaffe nok elektrisk kraft til industrien, og ein plan ein hadde tenkt på før vart no sett i verk. Det var å lage ein tunnel inn til Storevatnet, og til dette store og vanskelege arbeidet trongst det ei mengd materialar. Gardbrukarar frå bygda fekk til så pass veg at dei kunne transportere slike materialar med hest og vogn, og den 12. sept. 1940 vart gjennomslaget gjort. Også denne gongen var det glede og fest etter vellukka arbeid. Men snart tetta tunnelen seg, noko som hende tre gonger til. Av dei som var med på dei farlege jobbane med å få til opning att kan nemnast Jon Sandvik, Ole Drotninghaug og ikkje minst Lars J. Tusvik. Frå sommaren 1942 var tunnelen open for godt.

I 1954 vart det bygt ein maskinistbustad på Riksheim. Maskinistar har vore Peter J. Riksheim, Johan P. Riksheim, Sivert Kalvatn o.fl.

Etter kvart vart det klart at kraftverket ikkje kunne skaffe all den kraft ein hadde bruk for, og ein avtale om kjøp av straum frå Tafjord Kraftselskap vart godkjend av regjeringa.

Etter krigen var det på tale å byggje ut fallet i Ramstaddalen. Sykkylven hadde elles rett til kraft frå Fausa etter konsesjonsvilkåra for Nysetervatnet. Eit kraftlag for Dalane vart skipa, og i 1952 fekk Ramstaddalen og Søvikdalen elektrisk kraft. I åra som følgde vart det bygt mange transformator kioskar og fleire høgspente linjer vart ferdige, såleis høgspente linja frå Løvoll til Furstranda, som fekk elektrisk kraft i 1959.

Utviding av stasjonen på Riksheim og installering av nye aggregat var fullført i 1958.

Men industrien auka og med den bustadbygginga og stadig meir kraft trongst. I 1956 gjekk Sykkylven difor med i L/L Tussa Kraft, og frå 1962 fekk bygda elektrisk kraft derifrå òg. Elles kom Sykkylven med i Vestlandske Kraftsamband i 1959.

Av formenn og medlemar i kraftverkstyret kan nemnast Olav L. Ram-

stad, Jens E. Ekornes og Per Kroka. Peder N. Frøysa var driftstytar 1920-1935. Petter Fylling og Jon Riksheim var lenge linjemontørar.

I dei første 1950-åra kom veglyslampar, og sidan den tid stadig fleire og betre gate- og veglykter.

(Utdrag frå eit interessant jubileumshefte utarbeidd av ei nemnd med Thomas Vinje som forfattar.)

Riksheim.

Bruk A, B, C,

1, 16, 17, 18, 19, 27, 31

2, 13, 15, 18, 24, 26, 43, 22, 25, 30, 36, 32, 33, 47, 49

3, Kalvegjerde, Bytningane, 4, 45, 46, 14, 5, 34, 6,

7, 21, 29, 50, 8, 9, 10, 11, 12, 23, 28, 37,

38, 39, 40, 41, 42, 20 (Kraftverket). [Til innhald](#)

Gnr 37 ERSTAD

Første lekk i namnet er mannsnamnet *Erik*, og då skulle ein tru at den uttalen ein finn hos Rygh, med to-stavings tonelag, er rett. Men den lokale uttalen er med einstavings tonelag og med open e. I denne samanheng kan nemnast at Sykkylven har desse gardnamna med endinga -stad: Andestad, Grebstad, Blakstad, Ramstad, Tandstad, Brunstad og Erstad. Av desse har den lokale uttalen tostavings tonelag på dei 4 første, einstavings tonelag på dei 3 siste. Til dette er å merke at det for Andestad gjerne vert brukt ei kortform Annsta', og då er uttalen med einstavings tonelag. Her har Rygh feil uttale, likeeins ved Tandstad, Brunstad og Erstad. Men der er ingen tvil om at namnetydinga for Erstad hos Rygh er rett, endå han ikkje nemner gamle former som syner det. Slike former finst, m.a. frå 1603 og 1626: Erichstad. I militære rullar vart skrive Ejerstad, m.a. i 1796. Elles finn ein for det meste forma Erstad også i gamle kjelder.

Utsiftinga frå 1904 greier ut om grensene for Erstad si innmark slik: Grensar i aust til Sykkylvsfjorden, i sør mot Riksheim, i nord mot Stave si innmark og i vest mot utmarka til Erstad. Her ordrett om utmarka: «Utmarken er for det meste utilgjengelig for storfe og vanskelig for småfe.» Og dette trur ein gjerne når ein ser dei bratte fjella. Men der er no plass til to setrar. Då vil ein heller stusse ved denne karakteristikken av lægjet som står i matrikkel-førebuingarbeidet frå 1860-åra. Der det gjeld tilgjenge til sjø og veg står det: «Til sønen god, til vei mindre

bekvem.» For å skjønne noko av dette må ein kjenne til vegane på den tida. Ei utgreiing om vegbygging her står i avsnittet om Sørestranda. I dag kan ikkje tilgjenget til veg for Erstad bli betre. Asfaltert hovudveg går rett gjennom garden. Det gode tilgjenget til sjøen vert vel mindre nytta i dag enn tidlegare.

Den første utskiftinga ein veit om var i 1832. Futen hadde utnemnt fire upartiske menn til å ordne med utskiftinga, som gjekk for seg «i minde- lighet». I mai 1829 møtte alle brukarane i forlikskommisjonen der dei sa seg stort sett nøgde med framlegget til utskifting, men dei ville gjerne ha nokre endringar ved delinga av enga, slik at dei som fekk minst åker skulle få vederlag ved markbytet. (NSSTb nr. 6 a s. 176). Ny utskifting av innmarka vart det i 1903-1904. Då var der i alt 8 bruk med stort og smått, og av dei 8 var det berre tre plassemenn som hadde sitt i eitt stykke kvar (bnr 2, 6 og 8). Ved utskiftinga fekk bnr 1 og 4 sitt i eitt stykke kvar, og bnr 3, 5 og 7 fekk sitt i to stykke kvar. Det vart sagt at vanskelege lokale tilhøve gjorde at det var uråd å få til ei betre samling. Ingen måtte flytte ut, men fleire hus måtte flyttast, særleg på dei bruka som fekk sitt i eitt stykke. Eit gjerde mot den gamle geila var noko av grensa mellom Peg. og Hansg. No vart geila inndregen og lagt til Hansg. Grensa mellom innmark og utmark vart regulert, slik at noko vart innlagt og noko utlagt.

Med truskemaskinvatn vart det ordna slik: Bnr 1 fekk vasskrafta si frå bekken i Aksladalen, eit djupt gjel fram og opp for tunet. Bnr 3 fekk rett til å føre vatn ned frå utmarka i ei stor veggrøft på flata ned til røra og derifrå nedover til eigen lott og til sjøen. Bnr 4 hadde høve til truskema- skindrift på eigen lott i den bekken som kjem ned frå Grovadalen.

Mot Stave har der frå gammalt vore ein steingard mot bømarka. Ved utskiftinga i 1904 vart gjerdeplikta her delt mellom Pegarden og bnr 7 (Sandvik). Det har ikkje vore samarbeite med grannegardane.

Som nemnt hadde Erstad to setrar, Heimsetra og Framsetra. Til Heim- setra flytte dei rundt jonsok, seinare på sommaren derifrå til Framsetra, der det ikkje var fjøsar.

Ei tid på slutten av 1700-talet var der lakseverpe på Erstad.

EIGARAR

I 1626 og utover i lang tid åtte Sykkylvs-kyrkja ca. halve Erstad og Ørskog prestebord resten med bygselrett til heile garden. Prestebordet sin «halv- part» var litt større, 117 mk mot kyrkje parten 99 mk., til saman 3 våger i 1724. Det var Larsg. og Hansgarden som var kyrkjegods. Desse bruka følgde med i salet av kyrkja til major Rømer i 1725, og likeeins i 1744 då

*Erstad 1982. Frå venstre Olagarden, Pegarden, Sandlvik-huset, Larsg, og
huset til Hans Sand vik. I bakgrunnen
Erstadbakkane.*

presten Hiort kjøpte kyrkja. Nokre år etter at Rømer hadde kjøpt kyrkja stemnde presten Hiort brukarane av Larsg. og Hansg. fordi han meinte dei stod til rest med den årlege avgifta. Brukarane sa frå at dei hadde betalt til Rømer som stadfeste dette. I 1729 vart det slege fast at Rømer var eigar, men at kyrkja hadde bygselretten til 99 mk.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gardsnr. 136, 142, 135, 138, 98. På 1600-talet vart Erstad rekna i skatteklasse «halv gard». Skylda var i 1620-åra 2½ v ½ pd 6 mk. i 1636 3 v 18 mk. i 1640-åra 2½ v 18 mk (det same som i 1620-åra skrive på ein annan måte), frå 1650-åra til 1666 3 v, frå 1667 3½ v. I 1838 vart skylda sett til 9 dlr 20 skill. og i 1890 til M 19,07.

Ti enda auka frå 1 mæle ½ fj i 1606 til 3 mæler 1 fj i 1620. I 1667 3 t 3 mæler havre, ½ t bygg, 1 pd 20 mk ost. I 1717 4 t havre ½ t bygg ½ v ost eller 54 skill.

Leidangen var i 1606 1 geiteskinn 1 kalveskinn i 1660 1 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1667 1 geiteskinn 4 kalveskinn, i 1705 2 ort 8 skill., og i 1714 5 ort 4 skill.

I 1838 fekk dei 4 hovedbruka løpenr 314-317 i rekkefølge Olag., Peg., Larsg. og Hansg.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1603: 2 brukarar.
1609: 3 mann
1626: 3 mann. Sår 10 t havre.
1657: 4 mann. Fôrar 2 hestar, 1 okse, 26 kyr, 8 sauer og 3 geiter.
1666: 4 mann. Sår 12 t havre, avlar 40 t. Kan fø 4 hestar og 36 kyr.
Brenneved.
1717: 4 mann. Sår 12 t havre 1 t bygg, avlar 40 t havre og 5 t bygg.
Kan fø 4 hestar og 28 kyr.
1724: 4 mann Nok brenneved, seter ¼ mil frå garden, 1 kvern. Lettdreven og viss til korn.
1770: 1 bekkekvern
1774: 5 mann.
1794: 2 kvernar.
1802: 5 mann. 3 bruk på 2 pd 15 mk. kvart verdsett til 151 rd, og 2 bruk på 1 pd 7½ mk. kvart verdsett til 75 rd. Brensel, nok sommarbeite i utmarka og i seterdalen. Nokså årviss kornavling, men stundom noko lett (mager).
1845: 4 mann. Kvar brukar sår $\frac{6}{8}$ t bygg, 1½ t blk, 2½ t havre og 1 t poteter. Kvart br har 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 6 geiter.
1865: 4 hovudbruk, 1 matrikulert plass. Krøtertal: 4 hestar, 42 kyr, 59 sauer, 66 geiter og 6 griser. Sår ¼ t bygg, 14 t blk, 17 t havre og 12 t poteter.
Matr. føreb. i 1860-åra: 4 hestar, 49 storfe, 122 småfe. Sånad ¼ t bygg, 17 t blk, 17 t havre, 13½ t poteter. Avling: 2 t bygg, 92 t blk, 92 t havre, 90 t poteter.
1875: 4 hovudbruk, 3 plassar. Krøter: 4 hestar, 2 fø1, 32 kyr, 14 ungdyr, 44 sauer, 65 geiter, 6 griser. Sånad: 15 t blk, 25½ t havre, 22½ t poteter.

BRUKARAR

I åra 1561 og 1577 er nemnd ein Elling Erstad som er lagrettemann. Kva jord han brukte er ukjent. I 1603 er der to brukarar på Erstad, Ole og ei enkje. Tienda tyder på at enkja hadde langt det største bruket. Og av det bruket kom tre av dei seinare bruka på Erstad. Men som vi skal sjå vart denne delen av Erstad snart 3, snart 4 bruk.

Bnr 1 OLAGARDEN

Ole Pedersen ca. 1545 - ca. 1615

Br 15..-1615

Born: 1. Ole f ca. 1570, p br

2. Peder f ca. 1580, til Løset S.

3. Lars f ca. 1585, til Erstad bruk A.

I 1591 var han representant for bøndene på hyllingsmøtet for Christian IV (den 7. mai). Eit utrykt diplom frå 1598 fortel at Ole saman med Jørgen Riksheim åtte 11 mællag jord i Søvikdalen og at folk der ikkje ville godta retten deira til jordegodset. Men dei kunne leggje fram eit kjøpebrev frå 1586 som slo fast at dei hadde kjøpt og betalt jordegodset.

I 1603 åtte Ole Pedersen 12 mællag jord. Av dette var truleg om lag halvparten andre stader enn i Søvikdalen. I 1610 åtte han berre 1½ mællag.

Ole Olsen Erstad f ca. 1570 d ca. 1635

Br 1615-1634, enkja 1634-1637

Ole vart skriven for 2 mællag odelsgoods i 1624 og skatta i 1626 av ½ v fiskeleige.

Born: 1. Ole f ca. 1610 d ca. 1687. Vart første mannen i Riksheimgjerde.

2. Peder f ca. 1615. Var for ung til å ta over etter faren med det same, men hjelpte mora med gardsdrifta eit par år til han tok over åleine.

Peder Olsen Erstad f ca. 1615 d ca. 1660.

Br 1637-ca. 1660

I 1645 brukte han 3 mællag og la koppskatt for seg og kona og ei tenestjente. Ingen born. I 1657 la han 2½ slettmark 6 skill. i krøterskatt for 1 hest, 4 kyr og 3 geiter. På slutten av brukstida hans var der 4 jamstore bruk på Erstad, kvart på 3 mællag.

Peder Eriksen f ca. 1622

Br ca. 1660 - ca. 1682

I hans tid auka skylda og kvart Erstad-bruk vart på 3½ mællag. I 1675 la han 2 pd 8 mk havre i korntiend. Han hadde ein son, Erik f ca. 1664.

Peder Hanssen Stave (br 1) f ca. 1658 d 1722

Br heile ca. 1682-1716, halve 1716-1722.

G 1. N.N. Olsd. Erstad på br A.

G 2. Else Pedersd.

Barn i 1. ekteskap: 1. Anne (ca. 1692 - ca. 1729)

Born i 2. ekteskap: 2. Hans f ca. 1695, g p br

3. Guri f ca. 1697 d 1767

Ørskog prestebord åtte bruket, så han fekk bygselsetel frå presten Troels Christensen Krag i 1694, men hadde då vore brukar i mange år. I 1706 la han slik tiend: 6 mk bygg, 1 mæle havre og 5 skill. i småtiend. I 1711 betalte han skoskatt for seg og kona og eit barn, og han hadde tenestjente med 1 rd i årsløn. I sk. etter han var brutto vel 67 rd, gjelden 6 rd, 1 sølvbelte 8 rd, 2 sølvskeier 2 rd, ½ i ei kvern, 1 kjempefæring, 5 kyr, 1 kvige, 1 fjorskalv, 4 geiter, 6 sauer, 2 lam, 1 hest.

Hans Pedersen Erstad f ca. 1695 d 1749

g 1724 Berte Larsd. Løset R (bnr 2) f ca. 1693 d 1773

Br 1716-1722 (halve), heile til 1749.

Born: 1. Peder f 1725 d 1 dg

2. Peder f 1726, g p br

3. Else f 1730, g 1. 1762 Elling Ellingsen Brøvoll f Velle, g 2. 1775
Anders Olsen Mo. Bd 2 s. 513.

4. Peder d.y. f 1733 d 1752

Hans Pedersen fekk bygselbrev på 1½ mællag 1 mk i Erstad frå Ibe Rafns-berg i 1716 og på 2 pd 15 mk i 1723 av Hans Hiort. Den første bygsel-setelen galdt noko mindre enn ½ bruket, men då faren døydde tok Hans over resten av bruket og.

Peder Hanssen Erstad f 1726 d 1788

g 1. 1751 Mari Jetmundsd. Kurset (bnr 2) f 1728 d 1765

g 2. 1766 Siri Monsd. Erstad (Hansg. br C) f 1736 d 1802.

Br 1749-1784

Born i 1. ekteskap:

1. Johanne f 1751, g 1787 Jon Jakobsen Myrset (bnr 2), f 1750,
sidan bustad Sunde.

2. Pernille f 1753 d 1800, legdslem.

3. Hans f 1755, g til Jarnes, br 1.

4. Marte f 1758, g p br

5. Peder f 1761, g til Midtgård (Toreg. br. B).

Born i 2. ekteskapet:

6. Marie f 1766 d 1838, 1833 g Lars Knuts. Jarnes frå Vik.

7. Berte f 1769, g 1. 1809 em. Knut Ols. Tjønes (1761-1810). G 2.

1811 em. Anders Jonsen Aurdal f 1755. Dei flytte til Tjønes.

8. Jørgen f 1755, 1797 g til Kurset (Nedre).

9. Elling f 1877, d 12 veker.

Peder fekk bygselsetel frå Ørskog mensal ved Hans Hiort på 3½ mællag i 1749. Legdsmann for 17. legd frå 1767. Sk. etter Mari 1765: Brutto vel 73 rd, netto 65 rd. Sk. etter Peder 1788: Brutto vel 24 rd, gjeld vel 21 rd. Sk. etter Siri 1802: Brutto 14-2-3, netto 4-2-7.

Bernt Olsen Utgård f 1758 d 1801

1784 g Marte Pedersd. Erstad f 1758 d 1834

Br 1784-1801

Born: 1. Marte f 1784, d 1861. 1804 g Lars Larss. Brunstad (Bøen) f 1780 d 1849. Bustad Straume.

2. Berte Pernille f 1788, g 1809 Ole Jørgens. Kurset (Nedre).

3. Olave *Petrine* f 1791, 1834 g Jakob Jørgensen Innvik (han var frå Kurset bnr 2). Petrine hadde dottera Berte Olave f 1816 (far Mons Olsen Hundeide). Berte Olave g til Utvik.

4. Inger Helene f 1795, g 1821 Jørgen Ols. Blakstad br 3.

5. Ågne f 1798, d 1 dg

6. Bernt *Ågne* f 1799, g p br

Bygselsetel frå Nils Astrup i 1784. Kwart år la brukaren 1 t 1½ fj bygg til Ørskog mensal. I 1793 kjøpte Bernt Simobruket på Tandstad for 122 spd.

Bernt var ein av dei som representerte bygdefolket då kyrkje-eigarane ville ha godtgjort utgifter ved reparasjonen av kyrkjetårnet. Dei meinte det var kjøpt materialar til for høg pris som kyrkja hadde kunna skaffa frå eigen skog i Hesseberg. Bygdefolket meinte at eigarane som tok mot tienda hadde plikt til å halde kyrkja ved like. Retten gav dei medhald i dette ved domen i 1800.

I sk. etter Bernt vart jorda delt slik: Sonen Ågne fekk 1 pd ¾ mk verd 60 rd, systrene hans fekk kvar ¼ av resten, kvar lott verd 15 rd. Brutto ved sk. 588-5-10. netto 549-1-14.

Enkja gifte seg att i 1802 med

Ole Kristensen Riksheim (br 1) f 1769 d 1850

Br 1802-1811, enkja til 1821.

Bygselsetel frå pastor Nikolai Astrup. I 1806 vart Ole stemnd av major Synnestvedt fordi han ikkje hadde levert landslott av eit notkast der det

vart fanga 60 t sild, Ole hevda at landslotten var lagd til dei som budde ved den staden nota stod stengd.

Ole gifte seg att med ek. Karen Petrine Gulliksd. Tu f Viset 1783. Ho døydde på Tu i 1859. Det var etter denne Ole bruket fekk namn.

Ågne Berntsen Erstad f 1799 d 1862

1821 g Ingeborg *Marie* Olsd. Blakstad br 3 (1791-1880),

Br 1821-1848

Born: 1. Bernt Olaus f 1822, g p br

2. Karoline f 1823, 1849 g Karl Knuts. Utvik f ca. 1815.

3. Jørgen Andreas f 1826, d 5 dg

4. Berte Petrine f 1829, g 1861 Lars Johs. Nilssen Klokkehaug f
Fet 1831. Bustad Sætre. Br 4.

5. Agnete Marie f 1832, d 12 dg

6. Tørr Marie f 1835 d 1914. g 1862 Johan Eliassen Grebstad f 1834
(Eliassg.).

Ågne bygsla bruket først, men kjøpte det i 1832 for 180 spd mot årleg jordavgift til Ørskog presteborei 1 t 1/3 fj bygg. Faren Bernt hadde kjøpt Simog. på Tandstad av Abelsættta i 1793. I 1832 selde Ågne ein del av dette bruket til Simon Olsen Skylstad. I 1837 la han eid til konstitusjonen og fekk stemmerett.

1845: Sjø opplysningar om garden. På den tida var der ein husmann under dette bruket.

Bernt Olaus Ågnesen Erstad f 1822 d 1904

g 1849 Berte Marie Larsd. Stave (Utigarden) f 1824 d 1905

Br 1848-1882

Born: 1. Anne Birgitte Marie f 1849 d 1925, g 1876 Jens P. Simonsen
Blindheim f 1851. Bustad Sætre. Br 5.

2. Charlotte Katrine f 1851 d 1930, g 1879 Ole Pettersen
Riksheim (Kalvegjerde). Budde på Erstad, Myrtegen bnr 12
under bnr 1.

3. Johanne Lovise f 1852 d 1930, g 1890 Bernt Olaus Olsen Sætre
f Ikornnes Ytre br 3 («Mynte-Bern»). Bustad Straumgjerde,

4. Susanne Kristiane f 1854, g 1880 Andreas Karlssen Kurset f
1850. Bustad Bakkane, Midtgård (under br 3)

5. Berte Lovise f 1856 d 1902, g 1880 Ole Larssen Tjønes. Bustad
Dynhaug, Blindheim.

6. Ole Petter Bastian f 1858 d 1942, g Johanne *Elisabet* Stave f
Reiten. Riksheim br 6 1853, d 1945. Bustad Øvste-teigen,
Stave br 3.

7. Karl Johan f 1858 (tvill.), d 4/6 1890. Omkom på havet under
fiske, ved same ulukka der Rasmus Larssen Blakstad omkom.
Jens Petter Sætre vart redda.

8. Johan f 1860, g p br

9. Petter Martinus f 1863, d 1901, g 1894 ek. Karoline *Berte Marie* Riksheim f 1855. Bustad Riksheim br 1 (Krisseng.).
10. Marte Sofie f 1866 d 1950, g 1891 Lars Karolussen Riksheim, bustad Erstad bnr 9. under Larsg. (br 4)

Fekk skøyte frå faren for 220 spd i 1848.

Bernt Ågnesen var fiskar, bygningsmann og smed. Han sette opp mange løer, og smia hans stod til bortimot 1930. Det var han som leigde bort tomt til sildenotnaustet som vart sett opp i 1860-åra, og han leigde bort eit stykke mark ved naustet der dei kunne tørke og setje i stand nøter, ved festesetel til notbruket i 1882. Frå jonsok til 26/7 hadde notlaget ikkje tilgjenge der med nøtene sine. Var det eit år svært om å gjere å kome dit med nøtene i den perioden, skulle dei få lov mot ei høveleg godtgjersle.

Midt på 1800-talet var der både bjørn og ulv i bygda. Ein gong skulle Bernt køyre ved frå «Svøda», der El-verket står no, og ulvane hylte slik at han kraup under ein så han hadde med seg på sleden. Litt etter kom fleire ulvar i følgje. Dei stakk labbane inn under såen og Bernt hogg etter dei med øksa. Då ulvane såg blodet, gjekk dei laus på kvarandre, og Bernt kom seg heim att.

I kornåkeren laga ungdomen store bål laurdagskveldane for å halde ulven vekk frå åkrane. Ein gong Berte Marie skulle opp på Framsetra etter mjølk som stod att, hadde ho hunden Krusmann med seg. Då ho kom eit stykke framanfor Vårsetra høyrde ho noko som tassa etter seg. Ho kalla på hunden, og det vart eit basketak. Dei for opp i Fonnalaupet, og då hunden, sveitt og såra, kom att, gav ho han mjølk i dalle-loket. Ho sette mjølkebøra inn i vårseterselet og kom seg heimatt i mørkret. Mannen hennar gjekk opp i marka dagen etter, og då såg han ein stor bjørn.

Bernt kurerte sjuke dyr. Folk kom t.d. frå Emlomsbygda og henta han til krøter som feilte eitt eller anna. Han hjelpte også folk som hadde vondt i føtene. Han lét dei setje føtene i varmt vatn, og så brukte han ein «snippert» så blodet rann. Ofte kom pasientane att og takka han for hjelpa.

Bruket hadde i 1860-åra 22 dekar god åker og dyrka eng og 87 dekar god natureng. Sånaden var ¼ t bygg, 3½ t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter. Avlinga 2 t bygg, 20 t blk, 20 t havre og 15 t poteter. Buskap: 1 hest, 9 kyr, 12 sauer, 12 geiter og 1 gris. Ein merkjer seg at hamnegangen vert kalla god på alle måtar, medan ei anna kjelde fortel at store deler av utmarka var «utilgjengelig for storfe». Garden var lettbrukt.

I 1875 var krøtertalet 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 3 ungdyr, 10 sauer, 7 geiter

og 1 gris. Kårkona hadde då 1 ku, 1 sau og 3 geiter. Sånaden var 8 t havre, 1 t bygg og 3 t poteter.

Kona til Bernt, Berte Marie, var uvanleg flink til å syngje. Catharinus Elling hadde høyrte om henne, og sommaren 1901 kom han til Erstad og spurde etter «sangerinden». «Å ja banj, det e' ej det», sa ho, då 77 år, «ej ska kome, øss ska gå fram i nyestøvå». Ho song, og komponisten skreiv ned melodiane.

Johan Berntsen Erstad f 1860 d 1923

1882 g Lovise Olsd. Nedregotten f 1862 d 1932

Br 1882-1923

- Born:
1. Ole Andreas f 1886 d 1969. Utvs nr 338. Var sjukleg etter eit forlis og ville ikkje ta garden. I 1921 g Lovise Ohnstad.
 2. Olave f 1893, 1918 g Ole Larssen Velle.
 3. Bernt Petter f 1895 d 1967. 1924 g Gudrun Jensd. Aure f 1899, Han var kjemiingeniør, og lengste tida produksjonssjef i Vinmonopolet. Bustad Oslo.
 4. Petter f 1902, d 1 mnd, tvill. med
 5. Johanne f 1902, g p br

Som så mange born i den tida måtte Johan ut i teneste i 10-årsalderen, m.a. på Sætre og Stave.

Då han låg på det siste kom Helga Stave og prata med han, og han takka henne for alle «rjomebitane» han fekk då han tente dei som smågut. I ungdomen lærde han snikkararbeid, fekk seg dreiebenk og laga møblar, rokkar og vevstolar. Han fekk 10 kr. for ein rokk.

Var interessert skyttar og formann i skyttarlaget Glimt.

I 1890-åra fekk Johan i oppdrag å ta i land passasjerar frå rutebåten og fekk 5 øre for kvar passasjer. Båten kom ein gong i veka. Når nokon ringde til han i telefonen, kom Johanne Overå roande over fjorden frå Aure og sa frå, og han tok færingen og rodde til Aure. Seinare kom det stasjon i Straumgjerde, og Berte Jensine kom ofte med bod. «Borna finn eg vel att når eg kjem inn att», sa ho ofte.

Johan dreiv sjøen i 43 vintrar, stasjonerte på Alnes og Giske. Han heldt ute båt, og med på båten var m.a. broren Ole og Lars Riksheim frå Bytningane. Før han fekk eigen båt førde han båtar for andre. Han var ute Solon-natta. 11. des. 1901, då så mange kom bort. Då var han med og berga mange. Under landlege på grunn av storm lærde han av Per Bolstad sen. å spele fele etter notar.

Ved utskiftinga i 1904 fekk Olag. sitt i eitt stykke, men måtte flytte løa,

Ola-garden på Erstad, med store sandtak.

ei kårstove og eit stabbur. Etter Ålesundsbrannen det året var han med i eit selskap som selde sand til oppatt-bygginga av byen.

I Olag. dreiv dei lenge med klippfisk-tørking, og så seint som i 1917 rodde dei frå Erstad til Ålesund med klippfisklast.

Johan var ikkje minst ein dugande gardbrukar, og han var tidleg ute med innkjøp av slåmaskin, hesterive og høyvendar.

Han fekk òg tid til å vere med i heradstyret og kommunale utval. - I 1898 bygde han stovehus, og stod i fullt arbeid med lø-bygging då sjukdom gjorde slutt på eit aktivt liv.

Severin Larsen Welle f 1898

g 1925 Johanne Marie Johansd. Erstad f 1902

Br 1925-1975

Utv. nr 1002. Bygde ferdig løa det året han tok over garden. Dyrka ca. 10 dekar jord i 1930-åra. Attåtnæringar har vore pelsdyral og sanddrift. Dessutan var han med å strekkje den første kraftlina i Sykkylven i 1917, og har sidan til ymse tider hatt arbeid for Kraftverket. I 1948 vart setra nedlagd og kulturbeite rydda.

Born: 1. Johan Leif f 1926, g p br

2. Lewis Gunnar f 1928. Driv sanddtak på Erstad. Bnr 19.

3. Gerd Fredlaug f 1930, g 1951 Hans Lauritssen f 1919 i Ulstein.
4. Aasmund Sigurd f 1932, Mekanikar på Kongsberg.
5. Steinar Jan f 1937, g 1961 Solveig Skui f 1938.
6. Arnljot f 1941. Tilsett ved Liaaen si avdeling i Volda. Flytte sidan tilbake til Erstad. Bnr 20.

Johan Leif Severinsen Welle f 1926

g 1957 Sigrid Haraldsd. Varland frå Fogn i Rogaland.

Br 1975-

- Born:
1. Svein f 1959
 2. Jan Lennart f 1960
 3. Harald f 1962
 4. Gunnar f 1965 d 1982
 5. Sigrun f 1970

Etter realskuleeksamen gjekk Johan Welle landbruksskule og har seinare gjennomgått ei rekkje kurs innan landbruk og organisasjonsarbeid både her i landet, i Danmark og i USA.

Var først kontrollassistent i Sykkylven og arbeidde så i fleire år på Jæren som agronom, sveiser og fjørferøktar. Arbeidde i 2 år i Minnesota på moderne farmar, m.a. hos visepresidenten for Minnesota Farmbureau, Charles Winzer. Tok del i kurs i St.Paul.

Reiste til Jylland og arbeidde der på gard og maskinstasjon 1955-1956.

Reiste så heim til Erstad. Moderniserte stovehuset og driftsbygninga i 1958 og 1959. Dreiv bruket 1960-61 og var med i styret for ei rekkje faglege og politiske organisasjonar. Vart i 1962 fast tilsett som fylkessekretær for Senterpartiet i Møre og Romsdal.

Vart innvald i kommunestyret og formannskapet i 1966 og er ordførar frå 1976.

Bygde nytt våningshus på bruket i 1970.

Kona Sigrid er utdanna sjukesyster og har arbeidd ved sjukehus i Stavanger, Drammen, Tønsberg, Ålesund og i Albert Lea, USA.

Bnr 2 INSTEBAKKEN

Bernt Gregorius Eriksen Verpesdal f 1807 i Norddalen, d 1893

1835 g 1. Olave Toresd. Overå f 1810 i Liabygda, d 1839

1840 g 2. Gjertrud Gurine Larsd. Almeskar (1803-1877)

Br 1836-1866

Born i 1. ekteskap:

1. Oline f 1835 på Stranda, g 1888 John Lassesen Tusvik (Øvremyren) f 1818 i Flo i Stryn.
2. Petter Bastian f 1838, d 1918, g 1. 1869 Johanne Marie Nilsd. Fet (1839-1878), g 2. 1880 Nikoline Nilsd. Fet (syster til 1. kona) f 1845 d. 1903. Bustad Grebstad (Myren).

Barn i 2. ekteskap:

3. Ole Martinus f 1844, g p br

Bernt var den første på plassen. I all omtale av han heiter det at han var svært punktleg, i det heile ein ordensmann.

I 1865 sådde han 1 t blk, 1 t havre, 1 t poteter. Buskapen var 2 kyr, 7 sauer og 7 geiter. Som kårmann hadde han i 1875 1 ku, 2 sauer og 2 geiter.

Ole Martinus Berntsen Erstad f 1844, d 1918
1868 g Olave Larsd. Brunstad (Jakobg.) (1846-1936)
Br 1866-1915

Born: 1. Bernt Olaus Johannes f 1868 d 1869, 3 mnd
2. Karl Johan Olaus f 1870 d 1875, 5½ år
3. Olivia Bergitte f 1874 d 1875, 10 mnd
4. Berte *Olivia* f 1876, g p br
5. Karl *Johan* f 1878. Fabrikkeigar. Budde på Ikornnes.

Ole fekk skøyte på plassen av Bernt Agnesen Erstad i 1866, same året som plassen vart åtskild frå Olag. bnr 1 som bnr2 med skyld 1 ort 6 skill., rev. 0,38.

Ole har vorte kalla ein «tusenkunstnar», men han fortener ein betre karakteristikk enn det. Han hadde tydeleg kunstnargivnad og kunne i ei anna tid og eit anna miljø nådd langt på meir enn eitt område. Han var 1,90 høg og ein staseleg kar, men raga over folk flest på andre måtar enn det. Han var uvanleg musikalsk. Alt som 12-åring var han mellom dei beste på fela og var ofte i lag med den landskjende Loms-Jakob som spelemann i bryllaup i mange bygder. Fekk lov av presten til dette, men då måtte faren vere med. Etter ei tid slutta han med felespelet, og om dette kan tradisjonen fortelje: Det var ikkje så lenge sidan han hadde mist to born som døydde av skarlagensfeber då han var på heimtur frå eit bryllaup i Ramstaddalen. Då gjorde hesten eit byks, felekassa datt ned på vegen og gjekk i knas, men fela var like heil. Han tok dette som eit varsel, la bort fela for godt og starta snikkarverkstad i kjellaren. Dette er ikkje heilt rett. Verkstaden starta han alt i 1871, medan skarlagensfeber-epidemien først kom i 1875.

Adresseavisen for 24. mai 1971 har eit stykke med denne overskrifta:

Felespilleren som grunnla Sunnmøres møbelindustri. 100 år siden Ole Berntsen Erstad begynte møbelverksted i Sykkylven.

Her må ein vere klar over at dette ikkje var ein fabrikk, men ein snikkarverkstad. Han laga senger, kommodar, stolar, benker og bord, og tente seg etter måten rik på det og kunne sidan hjelpe sonen med fabrikkens hans når det trongst.

Ole var også litt av ein oppfinnar. Han fann ikkje opp orgelet, men han laga to orgel etter eiga «oppskrift». Tangentane var laga av leggbein av ku. Han sette dei inn med syre og la dei ut i sola til bleiking. Det eine orgelet er på Erstad, det andre selde han til klokkaren i Borgund. Han laga ein velociped (sykkel) så tidleg som først i 1880-åra med felgar sett saman av ei mengd trestykke og med kjede av massing.

Han dreiv og skredderi som attåtyrke, medan kona Olave var kjend for dei fine huene ho sydde.

Plassen hadde i 1860-åra 2 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet og 11 dekar god natureng. Plassen hadde meir dyrkbar jord. Såaden var 1 t blk, 1 t havre og 1 t poteter, avling 5 t blk, 4 t havre og 7 t poteter. Buskap: 2 storfe, 6 småfe. Plassen var lettbrukt.

I 1875 var såaden 1 t blk, 1 t havre og 2½ t poteter. Då fødde dei 3 kyr, 3 sauer.

Etter vedtak i kommunestyret i 1888 måtte Ole ta på seg 2 skulehaldsdagar, kvar sett til 25 øre.

Karl Johan Jenss. Riksheim (Tømmesg.) f 1879 d 1956.

1900 g Berte Olivie Olsd. Erstad f. 1876 d 1955.

Br 1915-1946

Utvns nr 337. Fekk skøyte frå verfare i 1915 for 2000 kr. utan snikkarverkstaden, mot kår. Bygde ny stove i 1909 og løe i 1928. Var 3 gonger i Amerika.

Born: 1. Jenny f 1898, utvns nr. 339, g Sigurd Lindal.

2. Palma f 1901 d 1977. Arb. ved Ekornes Fabrikker.

3. Oskar f 1903, d i USA. Utvns nr .140.

4. Olava Jensine (Lava) f 1909, g Kjell Kjellås, Sandvika.

5. Leif Petter f 1915. På br først, så USA.

6. Knut Bjørn f 1916. Kona frå Lillesand. Bustad Stavanger.

7. Kaspara f 1918. Utvandra til USA i 1958.

8. Tonny Petra f 1920 d 1926

9. Johan Sigmund f 1923. Budde i Stavanger.

Karl Johan lærde snikkaryrket før han utvandra, men arbeidde mest i skogs-campar i Wash. Heim for godt i 1927.

Leif Petter Karls. Erstad f 1915

Br 1946-1958

Skøyte frå faren for 2000 kr i 1946 mot husvisst for foreldra. Utvandra til USA i 1958. Frå den tid vart garden bortleigd til grannar.

Bnr 12 MYRTEGANE

Utskilt frå bnr 1 i 1930, skyld 37 øre.

Ole Martinus Petters. Riksheim f 1847 d 1917 (son til Petter Jenssen Riksheim frå Fausa og Johanne Larsd. Velle. (Sjå Kalvegjerde, Riksheim.) 1879 g Charlotte Berntsd. Erstad (bnr 1) f 1851 d 1930.

Br 1879-1917.

Born: 1. Berte Marie Petrine f 1879, g p br

2. Karl Johan f 1891. Var brukar saman med mora før han flytte til Ikorndes, der han arbeidde hjå Johan Erstad.

G 1916 Ingeborg Bastiansd. Erstad f 1891.

Charlotte

Br 1917-ca. 1922, saman med dottera ca. 1922-1930. Dei hadde oftast noko leigehjelp.

Berte Marie Petrine Olsd. Erstad f 1879 d 1962

Som nemnt ovanfor var det først no bruket vart skyldsett, Året etter.

1931, fekk Berte Marie skøyte på bruket frå Sykkylven kommune etter heradstyrevedtak (etter jordlova av 1928. kap. 13) for 2000 kr.

Br 1930-1938

Bygde løe 1935-1936. Gifte seg i 1938 med

Laurits Peder Sivertsen Hole f 1879 d 1967

Br 1938-1954

Han var hjørundfjording, og det var òg ettermannen hans, systersonen

Syver Mork f 1918

g 1949 Karoline Skjåstad f 1919

Br 1954-1978

Born: 1. Sigbjørn f 1949. Bur på Sætre bnr 64.

2. John Ivar f 1951, g p br

3. Grete Karin f 1956, g 1981

Syver fekk skøyte på bruket frå Berte Marie Hole for 8000 kr mot kår til henne og mannen.

Syver var snikkar og gbr. Bygde stovehus i 1960.

John Ivar Syversen Mork f 1951
1975 g *Ingrid Oline Oseberg* f 1954 i Syvde,
B r 1978-
Born: 1. *Helen* f 1976
2. *Stian* f 1979

Bnr 17 FLATEBØ

Utskilt frå bnr 12 i 1954, skyld 2 øre
Berte Marie Olsd. Erstad f 1879
(sjå bnr 12)

Bnr 19 SANDVOLL

Utskilt frå bnr 1 i 1962, skyld 1 øre.
Lewis Gunnar Severins. Welle f 1928 (Erstad br 1)
1966 g *Ragnhild Bjørneset* f 1932 i Volda.
Born: 1. *Ståle* f 1967
2. *Roger André* f 1968
3. *Solgun Janet* f 1970
4. *Linda Rose* f 1974
Driv sandtak på Erstad. Bygde hus i 1962.

Bnr 20 ARNBORG

Utskilt frå bnr 1 i 1967, skyld 2 øre
Arnljot Severinsen Welle f 1941 (Erstad br 1)
1964 g *Arnhild Kjellrun Haugen* f 1945 i Volda.
Born: 1. *Karin* f 1964
2. *Janita* f 1967
3. *Hilde* f 1973
Har maskinistskule og har arbeidt hjå Liaaen. Bygde hus i 1966.

Bnr 4 LARSGARDEN

Ein kan gå ut frå at Larsgarden har sitt opphav i det store bruket ei enkje sat med i 1603.

I 1609 var der på Erstad to bruk utanom Olagarden. På det eine av desse med brukaren Jakob kan vi følge brukarrekka til vi møter det vi

veit er Larsgarden. På det andre var brukaren Anders, og i tida etter var der snart eitt. snart to bruk, og ei tid samdrift. Dette bruket kallar vi br A, og skriv om det etter bnr 4.

Jakob Olsen

Br 1607-1655

Born: N.N. (ei dotter)

Lars, f ca. 1613, g p br

Ole

Knut, utskriven til flåten i 1655.

Jakob, g Ingeborg Andersd. Hovden. Først dømd for lm med henne.

Dette bruket var om lag jamstort med Olagarden. Jakob Olsen var ein av dei mange som fekk bot for ikkje å stanse for å høyre gudsteneste i ørskogkyrkja i 1630. I 1620-åra var han lagrettemann. Han åtte 3 mællag jord i 1610, i 1623 8 mællag, i tida 1624-1636 2 mællag, og sidan til 1652 3 mællag. Då var ½ v av dette i Søvik.

Lars Jakobsen Erstad f ca. 1613

ca. 1649 g Johanne Lagesd. Riksheim

Br 1655-ca. 1675

Born: 1. Ole f ca. 1655, p br

2. Peder f ca. 1656

3. Siri f ca. 1657, g Straumsheim br 3.

4. Jakob f ca. 1658

Brukte 3 mællag, la 1 mæle i korntiend i 1666. På eit ting i 1655 møtte Lars, som hadde vore i kongens teneste og skikka seg vel. På tinget spurde han Ole Løset og Lars Pedersen Brunstad om dei ikkje hadde høyrte far hans seie før han døydde at Lars skulle få bruket etter han. Det hadde dei.

I 1657 la han 2½ ort i krøterskatt av 6 kyr, 4 sauer og 4 geiter.

Ole Larssen Erstad f ca. 1655 d 1733

g Siri Torsteinsd. d 1738, oppgitt alder 74 år.

Br ca. 1675-1711

Barn: Synneve f ca. 1693, g til Indre Ikornnes bnr 1.

Etter manntalet i 1701 skulle Ole vere fødd ca. 1658. Det er truleg feil;

han tok nok ikkje over bruket 17 år gl. Aldersoppgåve for kona ved dødsfallet er nok heller ikkje rett. Om så er, må han ha brukt garden som ungkar i mange år. Sikkert er det at han er førd som brukar alt i 1675. Han brukte 3 ½ mællag, og la 10 mk bygg og 2 pd 8 mk havre i korntiend i 1675.

I 1711 la han skoskatt for seg og kona og to born. Av borna kjenner vi til sonen som tok over bruket, og Synneve f 1693, g 1721 Peder Ols. Ekornes Indre d 1729. Ho g 2. 1730 Peder Pedersen. I 1719 selde Ole eit mællag jord i Indre Årsnes i Hjørundfjord for 8 rd til Ingebrigt Olsen Hatlemark.

Lars Olsen Erstad f 1693 d 1770

ca. 1715 g 1. Brite Sjursd. Lade (ca. 1692-1729) 1730 g 2. Barbra Pedersd. f ca. 1691 d 1767

Br 1711-1746

Born: 1. Knut f ca, 1714 d 1728

2. Ole f ca. 1720 d 1764

3. Guri f 1725, g p br

Lars Olsen bygsla først ½ v 4 mk av Ibe Rafnsberg i 1711, så 1½ mællag av major Rømer i 1728. Same året vart han og grannen Guttorm og fleire andre stemnde av presten Hans Hiort til å betale «årleg tage» som dei stod til rest med for mange år. Dei hadde betalt til Rømer.

Peder Sjursen Veibust f 1721 d 1757

1747 g Guri Larsd. Erstad f 1725 d 1772

Br 1746-1757

Born: 1. Berte f 1748

2. Anna f 1749, g til Hansg. br C (Lars Monssen)

3. Lars f 1752 d 1801, 1784 g ek. Ingeborg Amundsd. Indre Skodje f 1754. Eit par år før var han lensmannsdrang i Honningdal. Skreiv seg for Skoue. Lét etter seg stor formue. Fylling: «Man fandt i hans gjemmer 60 rd bare i sølvpenge som han i de 19 år han boede på stedet havde modtaget av en nabo bare for brændevin.»

Peder Sjursen, med far frå Nedre Kurset, fekk først bygselsetel på halve bruket, dat. 28/12 1745 (1 pd 7½ mk), men bygsla sidan resten. Sk. etter han synte ei brutto eige på 78 rd, gjeld 4 rd. Enkja g 2. i 1758 med

Knut Olsen Riksheim br 1 f 1728 d 1791

1758 g 1. ek. Guri Larsd. Erstad

1774 g 2. Anna Larsd. Hole f 1732 d 1812

Br 1758-1780

Barn i 1. ekteskap: 1. Berte f 1759, g p br

Knut bygsla bruket av prosten H. Hiort. Var legdsman for 18. legd frå 1761. I sk. etter 1. kona var eiga 117 rd, gjelden 9 rd. Sk. etter 2. kona, «eldgammel og sengeliggende», var fallitt.

Peder Olsen Veibust f 1750 d 1788

1783 g 1. Berte Knutsd. Erstad f 1759 d 1787

1788 g 2. Marte Olsd. Brunstad f 1759 d 1838

Br 1780-1788

Bygsla bruket av presten Nils Astrup. Peder levde berre 3 md etter at han

gifte seg andre gongen. Han omkom på sjøen, «udi avvigte Martii måned». Ingen born. Sk. etter han: Brutto 101 rd, netto 52 rd. Enkja gifte seg att i 1788 med

Hans Knutsen Jarnes f 1759 d 1827

Br 1788-1821

Born: 1. Berte Petrine f 1789 d 1804

2. Ole f 1791 d 1810, 18 år

3. Berte Marta f 1794, g p br

4. Helene Petrine f 1800 d 1875, 1822 g Jørgen Ols. Brunstad (Jørng.) (1798-1876)

Bygselsetel frå prost Astrup 25/8 1788. I 1816 kjøpte han Klekhammerens lakseverpe under Nedregotten saman med Peder Paulsen Hellen av Chr. Wallin for 70 spd.

Lars Andreas Larssen Aurdal f 1798 d 1855

1821 g Berte Marta Hansd. Erstad f 1794 d 1865.

Br 1821-1855, enkja 1855-1860

Born: Før ekteskap hadde han: Gurine f 1821 (mor: Kristine Pedersd. Aurdal)

I ekteskap:

1. Petter Olaus f 1822, g p br

2. Anne *Marte* f 1824 d 1889, g 1848 Elias Karls. Riksheim (Løken) bnr 17. Frå br 1 Straumsheim.

3. Lars Elias f 1827. Hadde barn Berte Marie f 1848, med Mads Hansd. Tjønes. Berte Marie g Bastian Jørgensen Brunstad (Riksheim br 3). Lars Elias flytte til Ålesund i 1852, snart etter til Tromsø, g Margrete Abrahamsd. frå Alta.

4. Berte Hansine f 1829, 1862 g Johan Larsen Utgård br 7.

5. Hans *Karolus* f 1832, 1867 g Marte Jensine Larsd. Klokkehaug f 1840.

Lars Andreas kjøpte bruket på Erstad for 180 spd i 1832. Seinare same året selde han Jørng. på Brunstad, arv etter faren, til Jørgen Ols. Brunstad for 190 spd. Hadde likevel vanskeleg for å betale gjeld, og vart stemnd rett som del var for forlikskommissjonen i mindre gjeldssaker, t.d.

i 1839, då tenestjenta Karen Guttormsd. Hjellegjerde kravde løn for 5½ års teneste. Lars Andreas gjekk med på innan 4 veker å betale 6 spd, og seinare same året 12 alner vadmål, 20 alner strie og eit par skor.

I 1845 var der 2 hushald og i alt 11 personar i Larsgarden. Sjå elles Opplysningar om garden.

I 1848 selde han bruket til Bastian Martinussen Velle for 270 spd.

Petter Olaus Larssen Erstad f 1822 d 1897

1857 g Johanne Petrine Severinsd. Indre Ekornes br 1 f 1835 d 1900. Br 1860-1889

Born: 1. Lovise Tomasine f 1859, 1878 g Jens Knuts. Stave br 2 f 1843.

Bustad Riksheim br 2.

2. Sivert *Bastian* f 1863, g p br

3. Lars Bernt f 1867, 1888 g Johanne Severine Jensd. Åsen f 1863.

Budde først i Åsen, sidan i Kjerane, Riksheim br 4.

Byggselsetel frå Bastian Velle, kår til mora. Ved kontrakt i 1860 fekk eitt av borna til Petter Olaus førsterett til å bygsle Larsg. og til å kjøpe bruket til rimeleg pris.

Buskap i 1865: 1 hest, 9 kyr, 10 sauer, 12 geiter og 1 gris. Sånad: 3 t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter.

Matrikkelførearbeidet i 1860-åra har m.a. desse oppgåvene: 24 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet, 98 dekar god natureng, og meir dyrkbar jord. Den årlege avlinga er 20 t blk, 25 t havre og 21 t poteter. Lettbrukt. 1875: 1 hest, 1 føl, 6 kyr, 3 ungdyr, 4 sauer, 13 geiter og 2 griser. Sår 3½ t blk, 3½ t havre og 3 t poteter.

Sivert Bastian Pettersen Erstad f 1863 d 1942

1889 g Ane Lovise Petrine Johannesd. Tjønes f 1864 d 1920

Br 1889-1933

Born: 1. Johanne Karoline f 1890, 1914 g Karl Pettersen Giske, gbr.

2. Petter Johannes Bastian f 1892 d 1912

3. Ingeborg Jensine f 1894, g Karl Olsen Erstad, bustad Ikornnes br 8.

4. Anna Bastianne f 1898, g Enok Hatløy, Ulsteinvik.

5. Severin Johan Petter f 1902, 1939 g Bjørg Toresd. Gangnat

f 1917 i Kristiansund. Bustad Hellen bnr 8.

Ved utskiftinga i 1904 fekk Larsg. sitt i eitt stykke, men løa stod delvis på Hansg. sin grunn og måtte flyttast.

Bastian var bygselmann til 1913 då han kjøpte bruket av Ole Drabløs m.fl. Om dette kjøpet fortel Sykkylvsbladet for 17. april 1953 m.a.:

Olav Oliversen Haugen f 1901 i Hornindal
1941 g Anna Olsd. Saure f 1914 i Hjørundfjord.
Br 1933-1973

Born: 1. Oddvar Jørgen f 1941, g p br
2. Eli Solveig f 1944, butikkdame, 1964 g mekanikar Ingbert Indrestrand, Brattvåg.
3. Oddny Liv f 1946, kontordame, 1965 g mekanikar Per Justsen f 1942. Brattvåg.
4. Ruth Oddveig f 1948, 1972 g mekanikar Sverre Kalvatn f 1952. Bustad Sætre br 59.
5. Turid Vigdis f 1951, 1974 g lærar Jon Inge Sverresen Brunstad f. 1948. Bustad Ikornnes.
6. Gunn Norunn f 1955, praktikant ved Åse Dagheim, 1979 g Jens Øvrehaugen f 1950 gbr i Fardal i Sogn.

Før han kom til Erstad reiste Olav Haugen nokre år som inspektør i Norges Sølvrevavlslag. Dreiv sjølv sølvreval i 25 år. Elles fabrikkarbeid ved sida av arbeidet med garden. Dyrka ca. 15 dekar jord og overflate-dyrka ca. 30 dekar kulturbeite. Støypte låvebru, laga øvstelåve og bygde silo. Vølte vånehuset.

Oddvar Olavsén Haugen f 1941
1963 g Liv Elsa Gusdal f 1942 i Syvde.
Br 1977-

Born: 1. Runar Geir f 1964
2. Unn Kristin f 1968
3. Gro Lisbet f 1968 (tvill.)

Haugen er adjunkt med lærarprøve og vidareutdanning i pedagogikk, biologi og økologi. Var lærar ymse stader og i 10 år rektor i Barstadvik. No tilsett som lærar på heiltid. Gardsdrifta er attåttnæring. Driv berre sauehald. Kona er og adjunkt, med lærarprøve og vidareutdanning i tysk, pedagogikk og tekstilforming. Lærar i Sykkylven frå 1977.

Bnr 9 REITEN

Utskilt frå bnr 4 i 1912.

Nikolai Jenssen Fauske f 1801 d 1891

g 1. *Siri Evensd. Åsgård* f 1801 d 1839

g 2. *Pauline Sivertsd. Veibust* f 1803 d 1880

Br ca. 1847-1871

Born i 2. ekteskap:

1 *Ivar Severin* f 1841, g p br.

2. *Jens Jakob* f 1844, g 1872 *Lovise Marta Jonsd. Ramstad* f ca. 1849.
Bustad Ramstad br 8.

3. *Anne Pernille* f 1847 d 1929, g 1876 *Jens Petter Jørgensen Aure* eller *Blindheim (Dynhaug)* f 1845 d 1928. Sjå bd 1 s 66 og 214.

Nikolai budde først på *Fauske*. Som 20-åring var han i Bergen. Etter faren ervde han jordeigedom på *Eidem* med *Ole Pedersen* som leiglending. Det bruket selde han i 1831 for 200 spd. 1. april 1840 fekk han tingsvitne på at *Siri* hadde testamentert alt til han. Var fanejunker og heldt «eksis» med soldatane kvar preikesundag og møtte då i full uniform. Våpna var i våpenhuset i kyrkja. Han var flink å skrive og vert omtala som ein ordensmann. Det ser likevel ut til at han hadde vanskeleg for å halde orden på økonomien. Vart ofte stemnd for forlikskommisjonen for smågjeld.

I 1856 og 1868 var det branntakst på husa hans. Stovehuset hans på *Erstad* var av tømmer og bordkledt utvendig. Det var 11 alner langt og $9\frac{3}{4}$ alner breitt. Der var stove med 2 fag vindaug à 12 ruter. Ved sida av stova var eit kammers med eitt fag vindaug med 8 ruter, og eitt kammers tilendes med stova med eitt fag vindaug med 12 ruter. Kjøkkenet med skorsteinspipe av gråstein og med eitt fag vindaug med 8 ruter. Mellom dette kammerset og kjøkkenet var ein gang. 2. etasje var inndelt i tre rom med tømmervegger og med eitt fag vindaug i kvar ende av huset med i alt 18 ruter. Under huset var kjellar av gråstein, og ved søre enden av huset var tilbygt ei sval av honved utan bordkledning, men med skråtak av bord, hon og torv. Huset vart taksert til 120 spd i 1868. Løa med fjøs var også av tømmer, $10\frac{1}{2}$ alner lang og $6\frac{3}{4}$ alner brei. Løa var ikkje bord-kledd, hadde tak av hon og torv og låg ca. 10 alner frå stovehuset. Til næraste grannehus var det 75 alner.

I 1865 sådde dei 1 t havre og 1 t poteter, og fôra 1 ku, 2 sauer og 3 geiter.

Iver Severin Nikolaisen Erstad f 1841 d 1886

g 1871 *Emte Severine Andreasd. Jarnes (Brauta)* (1844-1920)

Br 1871-1886, enkja til 1890

Born: 1. Anne *Nikoline* Lovise f 1871 d 1886

2. Peder Fredrik Kornelius f 1875 d 1886

3. Elen Severine f 1881 d 3 veker

4. Jens Jakob Laurits f 1882 d 1883

5. Jakob Edvard Nikolai f 1886, flytte til Haram 1910, g Petrine Uri. Bustad Hurlen.

Severin fekk skøyte frå faren på stovehuset og fjøs- og lø-bygninga 3/10 1868 for 70 spd mot rett for foreldra til fritt husrom på levetid med tilsyn og pleie.

Den 2. juli 1886 var Severin på heimtur frå Ålesund og hadde med seg borna Nikoline og Peder. Dei forliste på Flisfjorden og alle omkom.

- Som enkje dreiv Emte med spinning.

1875: 2 kyr, 2 sauer, 6 geiter. Sådde 2 t havre, 2 t poteter.

Lars Bernt Edvard Karolussen Riksheim f 1869 d 1954

g 1891 Marte Sofie Birgitte Berntsd. Erstad bnr 1 (1866-1950)

Br 1890-1929

Born: 1. Karl Nikolai Paul f 1891 d 1906

2. Peter Bastian Severin f 1894 d 1952, g 1918 Jensine Pettersd. Grebstad bnr 11 f 1893. Småbruk i Urkevik, Borgund.

3. Bernt Karolus Peter f 1897 d 1909, tæring.

4. Berte Jensine f 1901, g p br

5. Peder Bernhard Kornelius f 1904 d 1966. Sjø Sætre bnr 13.

Lars Bernt var frå bnr 5 Indre Slettereiten. Fekk feste plassen 8/9 1890 av Bastian Martinussen Velle mot kår til Emte Andreasd. I 1912 vart plassen fråskylddelt, fekk bnr 9 og skyld 82 øre. Skøyte på br fekk han i 1919 for 1725 kr.

Karl Johan Bastian Ludviksen Riksheim (Grøngot) (1886-1974)

g 1926 Berte Jensine Emilie Larsd. Erstad (1901-1974)

Br 1929-1974

Born: 1. Lorentz Johan Bernhard f 1923, g Borghild Lønnum. Han er banksjef i Postsparebanken. Bur i Oslo.

2. Solveig f 1926, g Knut Agnar Sigurdsen Skarberg. Sjø Sætre bnr 13.

3. Lars Peder f 1928, g p br

4. Kjellaug f 1930, g Ottar Jon Kjærstad f 1920. Han er fiskar. Bustad Lepsøy.

5. Birger f 1933, g Liv Karin Kjersheim f 1938. Han er maskin-reparatør. Bustad Gåseide.

6. Liv Borgny f 1938, g Johan Kristian Skålbones f 1930, skogreisingsleiar, bustad Sætre.

Sjå utvs nr 775. Fekk skøyte på plassen med hus for 2500 kr. i 1929 frå verfaren og kone, med rett for dei til i 5 år å drive plassen saman med kjøparen, og deretter få kår, og rett for sonen Peder til å dele husrom med seljaren og kone så lenge dei lever.

I 1933 kravde Karl samanslåing av bnr 9 og bnr 13. Dei grensa til kvarandre, og etter samanslåinga fekk plassen M 1,00 i skyld.

Karl bygde både stovehus og løe på plassen.

Lars Peder Ludviksen f 1928

g 1963 Inger Pettersd. Straumsheim bnr 2 f 1942

Br 1974-

Han er lønningssjef ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 10 URATEIG

Utskilt frå bnr 4 i 1919 med skyld 4 øre og like etter slege saman med bnr 9.

Bnr 13 STORSTEINTEIGEN

Utskild frå bnr 4. Karl Ludviksen fekk skøyte på denne teigen for 600 kr i 1933 frå Bastian P. Erstad.

Bnr 22 SKOG RO

Utskilt frå bnr 4 i 1968, skyld 1 øre

Oddny Justsen (sjå Olav Haugen, bnr 4).

Bnr 23 BJØRKHAUG

Oddvar Jørgen Olavsens Haugen

Sjå bnr 4. Bygde våningshus i 1975.

BRUK A

I 1598 er nemnd ein Anders Erstad som er lagrettemann. Han kan ha vore mannen til enkja som brukte det største Erstad-bruket i 1603, men det er uvisst. Vi har sett at Jakob Olsen tok over den delen av enkja sitt bruk

som vart til Larsgarden, Det er resten av enkjebruket, den største delen, vi kallar bruk A.

Anders

Br 1607-1612 (heile)

Br 1612-1616 (halve)

I 1611 la han 1½ mæle i korntiend, brukarane i Olagarden og Larsgarden berre 1½ fj kvar. Også andre tiendlistar syner at Anders var største brukaren på Erstad i desse åra. Saman med brukaren i Olag. reidde Anders ut ein knekt i 1611, Lasse Stave. Frå 1612 er Anders førd utan korntiend, berre eit av siste åra han er nemnd la han atter ½ mæle.

Lars Olsen Erstad frå Olagarden, ca. 1585-ca. 1665

Br 1612-1616 (halve) 1616-1655 (heile)

Born: 1. Synneve, lm 1640 med Elling Ramstad.

2. Ingebrigt f ca. 1614. g p br

3. Ellen, sk. i 1705, g Ole Knutsen Sulebust.

4. Maritte, ug i 1705

5. Kristi, d før 1705, har born som skal «være at finde syndenfor Bergen».

Lars la koppskatt for seg og kona, ein son og ei dotter i 1645. I 1647 vart heile Erstad førd med 2½ v 18 mk. Av det brukte Lars halvparten. I 1650 brukte han 5½ mællag, dei to grannane 3 mællag 1 fj kvar, til saman 3 v. Etter Lars vart bruket delt, slik at enkja heldt fram på den største delen og sonen Ingebrigt på den minste. Lars var lagrettemann.

Bnr 3 PEGARDEN

Ingebrigt Larssen Erstad f ca. 1614 d ca. 1675

Br ca. 1655-ca. 1674

Born: 1. Mari f ca. 1645, g Lars Pedersen Blakstad (br 3) f ca. 1651

2. Ole f ca. 1650, flytte til Tandstad.

3. Tyri f ca. 1670, g til Hansg. br B.

I åra 1661-1664 vart Ingebrigt førd som brukar saman med Lars av 6 mællag, det vil seie at Pegarden vart driven saman med Hansgarden. Brukaren der var truleg bror til Ingebrigt. Men alt seinare på året 1664 var der ny brukar i Hansgarden, og samdrift av dei to bruka høyrer vi ikkje meir til.

Anders

Br ca. 1674-ca. 1690

Arne f ca. 1660

Br ca. 1690-ca. 1702

I manntalet for 1701 vert det nemnt at han har vore soldat og var 41 år.

Anders

Br ca. 1702-1708

Han brukte 3½ mållag og la i 1706 i tiend 6 mk bygg, 1 mæle havre og 5 skill. for ost.

Peder Anderssen Sætre f 1675 d 1749

g 1. Berte Olsd. f ca. 1661 d 1725

g 2. (1726) Gyri Jakobsd. Mo f 1689 i Hjørundfjord, d 1778.

Br 1708-1749

Barn i 1. ekteskap: I 1711 la Peder skoskatt for seg og kona og eit barn.

Born i 2. ekteskap:

1. Jakob f 1726, g p br

2. Berte f 1728, 1764 g Lars Tormodsen Straumsheim br 3

3. Marte f 1732, 1751 g Jørgen Olsen Hellen

Peder fekk bygselsetel 4/1 1708 frå presten Ibe Rafnsberg på 3½ mællag. I 1709 åtte han eit sølvbelte som ein mann frå Dale skipreide hadde fått tak i, og selt for 17 rd. Sk. etter Peder: 116-3-4, ingen gjeld.

Jakob Pedersen Erstad f 1726 d 1803

1751 g Sylvei Olsd. Hellen f 1729

Br 1749-1781

Born: 1. Peder f 1755, g p br

2. Ole f 1760, d 14 veker.

Bygselsetel frå Ørskog mensal ved prost H. J. Hiort. Jakob åtte jordegods på Dravlaus, Tandstad, Løvoll, Sandvik og Kurset. Skaut minst 7 bjørnar.

Peder Jakobsen Erstad f 1755 d 1821, omkom på sjøen.

1728 g Lisbet Larsd. Fauske f 1762 d 1849.

Br 1781-1820

Born: 1. Jakob f 1783, d ½ år

2. Siri Jakobie f 1784, 1802 g Peder Pedersen Riksheim, (br 3)

3. Karen Gurine f 1789, d 14 veker

4. Kristine Gurine f 1792, d 1793

5. Jørgen Severin f 1794, d 14 dg
6. Peder Severin f 1797, d 3 veker
7. Laurentse f 1798, g p br

Kona var dotter til Lars Olsen Fauske, pleieson til Fauske-Jyden. Mor hennar var frå Eidem og Lisbet ervde jordegods der. Farsarven hennar var 164 rd. Peder Jakobsen åtte jord på Høgres, i Nakkegjerde og på Tandstad. Noko av dette jordegodset selde Lisbet då ho vart enkje, noko fekk dei to versønene Peder Pedersen Riksheim og Peder Larssen Erstad. To kvernar kom til på Erstad i hans brukstid.

Peder Larssen Karbø f ca. 1786 i Sunnlylven, d 1862

g Laurentse Pedersd. Erstad f 1798 d 1882

Br 1820-1842

Born: 1. Helene f 1818, g p br

2. Sivert Andreas f 1820, d 1½ år

3. Lydiane Petrine f 1823, 1842 g Elias Ols. Birkevoll f ca. 1813. Buholmstrand.

4. Lovise Trine f 1826, g 1. sjømann Sivert Mortens. Høydal f ca. 1817, g 2. Ludvig Ingebrigtsen Valle f 1844 d 1928. Bustad Emlemsvåg.

Peder bygsla bruket først, men fekk kjøpe det i 1832 for 180 spd mot kår til vermora. Alt same året sette han bruket i pant ved ein obl. til Peter Torsteinsen Brunstad. Første året han budde på Erstad fekk han skøyte frå verfaren på 2½ mællag i Eidem. Det bruket selde han i 1826. La eid til konstitusjonen i 1837. Stod til rest med landskyld i 1840 og vart stemnd av presten. I 1841 selde han Pegarden til Peter Torsteins. Brunstad for 180 spd og tok bruket på bygsel. Peder var halvbror til Klaus Larss. Eidem.

Lars Pedersen Riksheim (Peg.) f 1812 d 1881

1841 g Helene Pedersd. Erstad f 1818 d 1897 (også kalla Eline)

Br 1842-1864

Born: 1. Petter Andreas f 1841, g p br

2. Jakob Severin f 1843 d 1872, 1867 g Ingeborg *Anna* Bastiansd. Riksheim f 1849 br 3, budde bnr 7

3. Jens Peter Ludvig f 1846, d 10 dg

4. Lars Andreas f 1849 d 1850

5. Lovise Jensine f 1851, 1875 g Lars Karl Eliass. Riksheim br 17

6. Lydiane f 1854 d 1936, 1881 g 1. Fredrik Ingebrigts. Fet (1850-1885), g 2. 1887 Martinus Ols. Fet (1863-1948). Sjå Bd II s. 741

7. Anne f 1857 d 1859

8. Ole f 1860 d 1862

Byggselsetel 30/6 1843 frå Peter Torsteins. Brunstad. Måtte vente til då fordi han stod til rest med byggselsummen.

I 1845 var der 3 hushald med i alt 9 personar. Der var ein husmann under bruket. I matr. førebuiingsarbeidet var bruket ført med 24 dekar dyrka eng og åker og 98 dekar natureng, alt av god kvalitet. Meir dyrkbar jord. Dei sådde 4½ t blk, 4½ t havre og 4½ t poteter. Avling 27 t blk, 23 t havre, 30 t poteter. Lettbrukt.

Petter Andreas Larssen Erstad f 1841 d 1925

1864 g Nikoline Nilsd. Riksheim (Gyljane) f 1844 d 1909

Br 1863-1899. Lnr 315, skyld 2-1-11, rev. 3,82.

- Born:
1. Petrine Karoline f 1863 d 1949, 1887 g Johan Siverts. Tjønes f 1861. Budde på Riksheim (Gyljane)
 2. Emte Marie f 1864 d 1948, 1890 g skipper Johan Larss. Fylling f 1867, d 11. des, 1901 (Solon-natta, så kalla etter båten Solon der Fylling var skipper. Bustad Fyllingen i Borgund.
 3. Johanne Marie f 1867 d 1931. Arb. Langevåg
 4. Lars Nikolai f 1869, g p br
 5. Jensine Lovise f 1873 d 1908, 1893 g Petter Johans. Riksheim (Reiten) f 1866
 6. Andreas f 1875 d 1884
 7. Nils Ludvik f 1879 d ¾ år
 8. Nikoline (*Lina*) f 1881, 1913 g Lars Kjemphol, Tusvik br 1
 9. Nils Andreas f 1885, frikyrkjemann. Budde i Ørsta. Sidan abtistprest i Verdal. Til Langesund ca. 1925 og døydde der.
 10. Gjertrud Hansine f 1891. Utvs nr. 345

I 1865 fødde dei 1 hest, 9 kyr, 12 sauer, 12 geiter og 1 gris. Dei sådde 3 t blk, 34 t havre, 2½ t poteter.

1875: 1 hest, 2 kyr, 4 sauer, 6 geiter, 1 gris. For andre fødde dei: 1 okse, 1 ku, 1 kalv. Kårmannen hadde 2 kyr, 8 geiter. Laurentse Pedersd. hadde 2 kyr, 1 sau, 3 geiter. Sånaden var 3 t blk, 6½ t havre og 4 t poteter.

Petter Andreas dreiv mykje fiske og var ein kjend notbas, både for notlag på vintersildfiske og for lag med slengjenot på seifiske i fjorden.

Lars Nikolai Pettersen Erstad f 1869 d 1952

1894 g 1 Bastiane Oline Hansd. Indre Ekornes br 1 f 1864 d 1908

1912 g 2. Berte Jensine Jakobsd. Kurset br 2 (1875-1951)

Br 1899-1937

Born: 1. Peter Johan Tomas f 1895, g Oline Andreasd. Dyb f 1902. Han

var kaptein på rutebåter og ferjer, kjend av svært mange og godt likt av alle. Store kunnskapar om slekter. Bustad Åse i Borgund. D ca. 1980.

2. Nilla Karoline f 1897 d 10 dg
3. Klara Emilia f 1898, sydame. Er død.
4. Hans Karl f 1900, g p br
5. Nilla Johanne f 1903

I 1899 gav han kårbrev til foreldra saman med jordeigaren Johanne M. Fet. Fekk skøyte på bruket i 1908 av Fredrik Fet for 3000 kr. Næraste granne, «sandkongen» i Hansg. hadde tømt bakkane sine for sand og såg seg om etter andre sandbakkar. Ein dag reiste han til Fet og sa til Fredrik at han ville kjøpe Larsg. på Erstad for 6000 kr. Men Fredrik Fet ville først snakke med dei som budde i Larsg. Der fortalde han om tilbodet frå «sandkongen» og la til: «Kan de betale 3000 kr for garden, skal de få han for det.» Då tok mor til å gråte.» sa sonen som var liten gut då dette hende og seinare fortalde om det. Erstadfolket kjøpte garden for 3000 kr.

Ved utskiftinga i 1904 fekk Pegarden sitt i to stykke, det eine den nordlegaste teigen på Erstad innmark, og der fekk òg gamlefolket kårstykket sitt. Elles fekk Pegarden teigar oppe på bakkane i Einekagteigmarka. I 1910 var der utskifting att både av innmark og heimeutmark.

Lars dreiv havfiske med motorbåt frå Alnes frå han var berre ungguten. I 1917 skadde han eine foten under bygging av kraftverket på Riksheim. Lars var medlem av heradstyret og kommunale utval.

Hans Karl Larssen Erstad f 1900. Utsv nr 343.

1937 g Ingrid Emma Ellingsd. Seljeset frå Hornindal, f 1914.

Br 1938-

- Born:
1. Lars Bernhard f 1938, p br
 2. Einar Sigmund f 1940, 1962 g Berit Kristiansd. frå Fåberg. Han er radioteknikar, sambandsoffiser i det militære. Hamar.
 3. Bård Per f 1943, sjå bnr 11.
 4. Nella Elisa f 1946 d 1949
 5. Halvard Inge f 1949, sjå bnr 24
 6. Dagrún f 1954, 1975 g Steinar Myrseth frå Hundeidvik. Bur på Åneset, Hundeid.

Hans har drive heimefiske (notbruk) og har funne opp ei ny livbåt-type.

Lars Bernhard Hanssen Erstad f 1938

gbr. saman med faren og industriarbeidar ved Ekornes Fabrikker. Fekk skøyte på bruket i 1974 for 49 000 kr. Gardsdrifta er redusert. Dei har 4-5 kalvar og 7-8 sauer som faren passsar. Elles har Lars fått hjelp til gards- - drifta av brørne Bård og Halvard.

YTSTEBAKKEN

Anders Annaniassen Storsæter f ca 1803 d 1851

1836 g Marte Torine Knutsd. Brunstad (1793-1874)

Br 1836-1851, enkja 1851-1853.

Anders var frå Skodje og var første brukaren på Ytstebakken. Enkja gifte seg att i 1853 med

Karl Johan Martinussen Hjellegjerde

f 1828 i Storås i Norddalen, d 1892.

1878 g 2. Inger Marta Johannesd. Berge f 1828 i Norddalen, d 1920.

Br 1853-1875.

Fekk husmannssetel frå Bernt Ågnesen Erstad 16/6 1870. Karl Johan var son til Martinus Eriksen Yddal og Karen Severine Guttormsd. Hjellegjerde (1798-1882).

I 1865 fødde dei 2 kyr, 4 sauer, 10 geiter, og sådde 1 t blk, 1 t havre, 1½ t poteter.

I 1875: 3 kyr, 1 kalv, 9 sauer, 9 geiter, 1 gris. Sånaden var 1½ t blk, 1½ t havre og 3 t poteter. Karl var krøterhandlar og slaktar, flink til å dreie fat og bollar, var felespelar og springdansar. Inger flytte til Erstad og hadde tent hjå Karl i fire år då dei gifte seg. I 1890 kjøpte dei to plassar på Fauske, bnr 7 Kamben og bnr 13 Skuggen. Enkja selde begge plassane i 1906.

Stova deira vart flytt til Kjerane og vart kårstova til gamle Kjere-Ole. Stova stod der enno i 1945, men 9. okt. det året brann ho ned.

Bnr 8 MOEN

Utskilt frå bnr 3 i 1903, skyld 65 øre.

Lars Karl Eliassen Riksheim (Løken) (1849-1918)

1875 g Lovise Jensine Larsd. Riksheim (1851-1938)

Br 1875-1918, enkja 1918-1922.

Born: 1. Jensine Oline f 1875 d 1877, drukna i brunn.

2. Karen Marie f 1877, g Moldvær. Langevåg.

3. Jensine Karoline f 1879. Utvs nr 341, g Andreas Knuts. Frøland, utvs nr 348.

4. Edvard f 1881, utvs nr 342. «Lang og tynn og låk av gikt.» Brev vart sendt om at han kunne kome heim og ta plassen. Han døydde før brevet kom fram (1938).

5. Martin Ludvik f 1888 d 3 veker.

6. Martin Tomas f 1889 d 1937. Utvs nr 344.

7. Emilie Lovise f 1894, g p pl.

Lars Karl kjøpte plassen av arvingane etter Karl Martinussen for 2100 kr.

Lars Karl dreiv mykje fiske.

Fredrik Olsen Waage f 1881 i Sande på Sunnmøre, d. 1935.

1922 g *Emilie Lovise Larsd. Riksheim* f 1894 d 1965.

Br 1922-ca. 1935, enkja ca. 1935-1965.

Born: 1. *Fredrik* f 1930, p pl

2. *Lillian* f 1932, fabr.arb.

Fredrik Olsen bygde stovehus i 1931.

Bror til *Emilie*, *Edvard*, hadde fått skøyte på plassen alt i 1905 av *J. Fredriksen* for 1500 kr. I 1930 gav *Edvard*, som var i USA, *Peder Molvær* fullmakt til å overføre plassen til *Emilie Waage*, og ho fekk same året skøyte for 2500 kr.

Fredrik Fredriksen Waage f 1930

Br 1965-

Arbeidde på fabrikk som polerar til ca. 1972. Hadde dårleg syn og tok augeoperasjon. Har ca. 12 sauer, mindre då han arbeidde på fabrikk. Har fått hjelp av grannar, og ein av dei har fått slå plassen.

Bnr 16 BAKKEBO

Ved skyldskifte i 1952 vart denne plassen utskild frå bnr 8 med skyld 1 øre

Olav Ostnes f 1910 i Ålesund

g *Randi* f 1913 i Ålesund d 1973

Barn: *Dagfinn* f 1947

Olav Ostnes er no pensjonist.

Dagfinn Ostnes f 1947 i Ålesund

g *Britt* f i Ålesund.

Dei tok over dette br i 1980.

Bnr 11 FRØYSATUN

Utskilt frå bnr 3 i 1929, skyld 1 øre.

Peder Nilssen Frøysa f 1893 i Sunnlyven, d 1935

g *Helga Marie Olsd. Helset* f 1896

Born: 1. *Nilla* f 1920, g *Einar O. Frøysa*

2. *Petra* f 1923

3. *Aslaug* f 1925, g *Nils E. Frøysa*

4. *Nils Oskar* f 1928

5. *Åse* f 1930, g *Erling Hole*

Peder Frøysa var driftsstyrar av Kraftverket på Riksheim. Skøyte på hus-

tomta frå Lars Peters. Erstad i 1930. Då han døydde, flytte familien til Sunnylven.

Ludvig Larssen Hole f 1900
Utv. nr 597. Sjå også bd 2 s. 102.

Bård Per Hanssen Erstad (Peg) f 1943
g 1969 Grete Johanne Bonesmo f 1945 i Straumgjerde.
Born: 1. Børt Erik f 1969
2. Stine f 1972
3. Terje f 1976
Tilbygg til stovehuset i 1973. Bygningssnikkar.

Bnr 24 BAKKETUN

Utskilt frå bnr 3 i 1978, skyld 1 øre
Halvard Inge Hanssen Erstad (Peg) f 1949
g 1973 Anne Lise Myrvåg frå Aure. Han er kontormann.

Bnr 5 HANSGARDEN

Sjå bruk A i innleiinga til bnr 3 PEGARDEN Enkja etter siste mannen på bruk A, Lars Olsen, heldt fram nokre år på den delen av bruket som vart til Hansgarden.

Enkja etter Lars Olsen
Br 1655-ca. 1659
I 1657 la ho 1 rd 18 skill. i krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 12 kyr og 2 sauer.
Det var største buskapen på Erstad da. Han som tok over bruket etter enkja var sonen og altså bror til Ingebrigt Larssen i Pegarden.

Lars Larssen Erstad
Br ca. 1659-1664
I den korte tida han var brukar jamna storleiken på dei to partane av bruk A seg ut til to like store bruk. Men som vi skal sjå vart Hansgarden i tida som kom ofte delt i to bruk.

Rasmus Iversen Straume f ca. 1616 d ca. 1694
g 1. N.N.

Gamle Hans-stova på Erstad. Frå venstre: Bernt Olaus, Jensine f Blakstad, Johanne Marie Sandvik f Erstad, på hesteryggen Hans Sandvik, ved sida av hesten Peder Sandvik f 1909 og Jenny Sandvik, så Synnøve Sandvik og Berta Erstad, i kanten av biletet Hans Fredrik.

g 2. Synneve Knutsd. d 1705

Br 1664-1683 (heile), til ca. 1694

Barn i 1. ekteskap:

1. Iver f ca. 1657 d 1742. Bustad Hole. Sjå bd II s. 622.

Born i 2. ekteskap:

2. Mali

3. Tyri.

Rasmus la i 1675 2 pd 8 mk havre i korntiend, likt med dei andre Erstad-brukarane.

Enkja gifte seg att med Jon Kolbeinsen Mo. Men her må først nemnast

Peder Olsen

Br 1683-ca. 1694.

Han var brukar av 1 pd 3 mk av Hansgarden. På denne tida var der, såvidt ein veit, for første gong 5 brukarar på Erstad.

Jon Kolbeinsen Mo f ca 1665 i Hjørundfjord, d 1733.

Br ca. 1694-1710 (heile), til ca. 1724 (halve).

I 1701 vart Kolbein Jonsen Mo frå Hjørundfjord førd som tenar i Hansg., 12 år gl. Han var nok son til Jon Kolbeinsen. I 1705 var der auksjon etter Synneve Knutsd. 4 vaksne kyr 12 rd, 2 kviger, 1 merr 3 rd, 2 geiter med kje 1 rd, 8 sauer med lam 4 rd, 1 2-års okse, $\frac{1}{3}$ i ei kvern. Gjeld m.a. to års landskyld 1 rd 8 skill. Enkjemannen får 1 rd for hans «udferd imod den sal. kvinde» (d.v.s. hans utlegg til gravferda). Sk. brutto 48-3-6, gjeld 27-1-14. Etter som Hansgarden frå 1710 vart delt i to bruk for lang tid, kallar vi den helvta Jon Kolbeinsen gav frå seg i 1710 for Br B, og den han heldt fram på for br C.

HANSGARDEN br B

Guttorm Larssen Apalvik f ca. 1673 d 1752

g Tyri Ingebrigtsd. Erstad f ca. 1670 d 1746, frå Pegarden.

Br 1710-ca. 1724 (sidan heile Hansg. til 1735).

Br 1735-1743.

Born: 1. Synneve f ca. 1701 d 1749, 1741 g Ole Ellings. Hjortdal (Pålg.) (ca. 1720-1766). Han g 2. 1750 Guri Olsd. Midtgård br 3 B f Ytre Ikornnes br 1 1712.

2. Ole f ca. 1713, g p br

3. N.N. (dotter) f ca. 1720 d 1733.

Fekk bygselsetel av Ibe Rafnsberg i 1710 på $1\frac{3}{4}$ mællag i Erstad. Guttorm brukte br B i 22 år og både br B og C i ca. 11 år. Mor hans heitte Gjertrud og vart i 1720 enkje etter Peder Bertilsen Abelvig.

Sk. etter Guttorm: 32-5-12, ingen gjeld.

Ole Guttormsen Erstad f ca. 1713 d 1744, sk. 1745.

1741 g Kari Jakobsd. Brunstad (ca. 1700-1777).

Br 1743-1744, enkja 1744-1746.

Barn: 1. Guttorm f 1744, g p br.

Bygsla bruket B av H. J. Hiort i 1743, og vart brukar i 1 år og 4 dagar

I sk. er nemnt 3 kyr, 3 sauer, 3 geiter, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar, $\frac{1}{2}$ i ein kjempføring. Brutto 44-5-8, gjeld 3 rd.

Enkja gifte seg att i 1746 med

Peder Pedersen Espenhjelle f ca. 1703 d 1771.

Br 1746-1762.

Bygselsetel av Hiort. Hadde bruket til son til føremannen hans var gamal nok til å ta over farsgarden.

Guttorm Olsen Erstad f 1744 d 1827

1764 g Eli Olsd. Straumsheim br 2 f 1727 d 1790.

Br 1762-1787.

Byggesetel frå Nils Astrup 4/10 1762 på 1 pd 7½ mk i Erstad. Guttorm var 2 mnd då faren døydde.

Barn: Siri f 1766, g p br.

Lars Toresen Saltkjelsvik f 1752 d 1810,

1788 g Siri Guttormsd. Erstad f 1766 d 1830.

Br 1787-1805. Byggebrev frå sykkylvskyrkja.

Br 1805 -1810 (heile Hansg.).

Byggesetel frå pastor Kielstrup 10/1 1805.

Kår til Knut Olsen frå br C.

Born: 1. Guttorm f 1789, utviklingshemma.

2. Jørgen Elias f 1794, til Hovden br 2, g Marte Hansd. Sætre br 2

3. Peder Kristian f 1802. Til Borgund i 1829.

Den 6. nov. 1806 var Lars, sonen Jørgen Elias, då 12 år, og verfarens Guttorm Olsen på reis frå Solnør på ein trering lasta med bord. Dei kollsigde og sat 1½ time på kvelvet før dei vart redde av tre mann frå Valle.

Dei siste fem åra han levde betalte han årleg landskyld til sykkylvskyrkja med 2 ort 2 skill. I 1811 var der off. auksjon etter Lars. Der vart selt m.a. ein sølvtomling, og 2 kyr, ei for 90 rd og ei for 82 rd.

Lars Toresen hadde ein eldre bror i Jog. på Hole. Sjå bd 2 s. 618. Der er namnet skrive Salkjelsvik etter uttalen.

Bernt Iversen Overvoll f 1774 på Stranda, d 1851

g 1. 1811 ek. Siri Guttormsd. Erstad f 1766 d 1830

g 2. 1831 ek Janike Olsd. Årsnes f 1767 d 1851, same dag som mannen.

Br 1811-1835 (heile Hansg.)

Ingen born.

Janike var enkje etter Fredrik Steinarsen Årsnes. Bernt var bror til Peder Iversen Gjævenes bnr 2.

Som nemnt var det føremannen hans på bruket, Lars Toresen, som «samla» Hansg. til eitt bruk i 1805, og Bernt tok over det heile då han bygsla bruket av presten Kjelstrup 12/3 1811. Kår til Guttorm Olsen og Knut Olsen. Bernt har som ein ser ikkje berre bruk B, men det synest naturleg å ta han med her, sidan han vart gift med enkja etter føremannen. - Bernt la ut gift for ulven, og i 1818 hadde ein «creperet deraf».

HANSGARDEN bruk C.

Som nemnt før brukte Guttorm Larssen Apalvik først halve Hansgarden, medan Jon Kolbeinsen brukte andre halvta. Så brukte Guttorm heile Hansg. fram til 1735, deretter igjen berre halvparten. På den andre halvta, som vi kallar bruk C, kom

Mons Ellingsen Lyshol f 1688

g 1734 Synneve Jonsd. d 1774, 69 år.

Br 1735-1768, saman med sonen til 1774.

Born: 1. Jon f 1734 d 1801, g 1763 ek. Inger Hansd. Tjønes f 1736 d 1797, ek. etter Ole Larssen Tjønes. Jon flytte til Tjønes. Sjø bd II s. 213.

2. Siri f 1736, g 1766 em. Peder Hanssen Erstad (br 1).

3. Berte f 1738, d 3 dg.

4. Gjertrud f 1738, (tvill.) d 16 dg.

5. Lars f 1739, g p br.

6. Elling f 1739, (tvill.) d 10 dg.

Mons bygsla 1 mællag 13½ mk i Erstad av Hans Hiort.

Lars Monssen Erstad f 1739 d 1791, omkom på sjøen.

1769 g 1. Inger Knutsd. Lade f 1739 d 1775.

1777 g 2. Anna Pedersd. Erstad br 4 f 1749 d 1820.

Br 1768-1791.

Til 1774 var han brukar saman med faren. Lars bygsla bruket av Nils

Astrup 26/5 1768, 1 pd 7½ mk.

Skiftet etter han syner ei brutto eige på 46 rd, netto 32 rd. Enkja gifte seg att i 1792 med

Knut Olsen Utgård br 1 f 1752 d 1833.

Br 1791-1805.

Bygselsetel frå prost Astrup 14/7 1791.

Fekk kår av Lars Toresen som til då hadde vore brukar av br B og no tok over br C òg. Med det var Hansg. eitt bruk att.

Etter at kona døydde, sat Knut i uskift bu etter testament av 31/10 1807. Dei hadde ingen born, og det vart halde auksjon etter Knut 13/7 1833. Ei ku Skautefrue gjekk for 8-2-12, ei raudåla geit med kje, ei revesaks, 5 t havre, 9 torskegarn, 1 haglgevær, 1 sølvstaup, 7 sølvort, 1 sølv spesidalar, 2 15-skillingar, 2 8-skillingar, 1 sølvtomling. Brutto 108-2-». Netto 95-4-14.

(Nordre Sunnmøre auksjonsprot. nr 2). Skifte etter begge 16/7 1833.

I tida 1805-1835 var Hansgarden samla under ein brukar, først Lars Toresen, så Bernt Iversen. Sjå sist under br B.

Hans Olsen Bjørke f 1804 d 1890

g 1. 1833 Fredrikke Fredriksd. Tørlen f 1804 d 1873

g. 2. 1875 ek. Pernille Sivertsd. Riksheim (br 10) f 1815 på Nordang.

Br 1835-1864.

Born: 1. Bernt Olaus f 1834, g p br.

2. Johanne Fredrikke f 1835, g 1862 Ole Karl Eliassen Øye, f 1831 i Sunnlyven.

3. Petter Andreas f 1838, g 1867 Marte Olsd. Myrset br 2.

4. Jens Severin f 1841, g 1865 Anne Marie Pedersd. Riksheim br 10, f 1843, dotter til hans seinare vermor Pernille. Bustad Riksheim.

5. Anne Oline f 1844 d 1902, g 1873 Karl Martinussen Habostad f 1847. Sjå Ytre Ikornnes bnr 5.

6. Dorte Hansiane f 1846 d 1890, g 1875 Nils Nilssen Eikrem f 1840 d 1931.

Kona til Bernt Iversen Erstad, Janike Olsd. Årsnes frå Hjørundfjord, var enkje etter Fredrik Steinarsen Årsnes, sidan Tørlen. Janike vart først oppattgift med David Olsen Nedregota, d 1828, sidan med Bernt Iversen. Førstekona til Hans Olsen Bjørke kom altså til mor si på Erstad.

Hans Olsen fekk kongeskøyte på bruket i 1835 for 180 spd. I 1860-åra hadde bruket 22 dekar god åker og dyrka eng og 89 dekar natureng og hadde meir jord som kunne dyrkast. Sånad: 3½ t blk, 3½ havre og 2½ t poteter. Avla 20 t blk, 20 t havre og 17 t poteter. Buskap: 1 hest, 9 storfe og 20 småfe. Lettbrukt gard og god hamnegang.

Bernt Olaus Hanssen Erstad f 1833 d 1923

g 1863 g Emte *Jensine* Lovise Pettersd. Blakstad (1844-1926).

Br 1864-1904.

Born: 1. Emte Fredrikke f 1865, d 4 mnd

2. Hans Fredrik f 1868, p br

3. Petter Johan f 1873, d 1949, løytnant.

4. Johanne Marie f 1877, g p br

5. Bastian Olaus f 1885, g Gulowna Angell f 1891. Han var kommunelege i Bjelland ved Stavanger frå 1913, d 1916.

6. Berte Jensine f 1893, g bakar Alf Eriksen, Oslo. Ho levde i 1980 på sjukeheim i Oslo.

Jensine var frå bnr 1 på Blakstad. Bernt Olaus vart til dagleg kalla «Ihlje-Bernt-Olaus». Han vart og stundom kalla «Smågregersen». Då Bernt var i militærtjeneste, kappsprang han med oberstløytnant Gregersen. Kven som vann er visst gløymt. Bernt Olaus fekk skøyte på bruket frå faren i 1864 for 300 spd.

I 1865 hadde bruket 1 hest, 10 kyr, 12 sauer og 2 griser. Dei sådde 3 t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter.

Ved utskiftinga i 1904 fekk han og kona kårstykket sitt lagt til Lillegjerdet ovanfor bekken.

Bernt Olaus var med i kommunestyret.

Det bruket han gav frå seg hadde ei skyld på M 3,76. Men snart vart det delt. Først vart det utskilt ⅓ til ein parsell KLØVSTAD i 1902 til Johan Pedersen Sandvik. Det fekk bnr 7 med skyld M 1.00 og vert omhandla seinare. Det som var att av hovudbruket skøyte Bernt Olaus over på sonen Hans Fredrik i 1904.

Hans Fredrik Berntsen Erstad f 1868 d 30/3 1919,
1898 g ek. Marte Pedersd. Kjøde f Sandvik (1869-1937).

Br 1904-1919 (halve bruket).

Frå faren fekk han skøyte på garden med hus, unnateke ½ i eit naust og ½ av sela, for 1800 kr. Kår til foreldra.

Etter Ålesundsbrannen i 1904 var det stor etterspurnad etter sand, noko Erstad var særleg rik på. Fleire brukarar der selde ein del, men snart vart Hans Fredrik, «Sandkongen» dei kalla, åleine om den forretninga. I 1904 leigde han bort sand-, grus- og leir-tak på garden sin for 2800 kr for 6 år til eit selskap med rett til å byggje kai og transportveg, med rett til å nye opp att leiga etter 6 år, og med plikt for Hans Fredrik til å yte 20 dagsverk for året i leigetida. Nokre månader etter gjekk selskapet med på at eit nærare bestemt grunnstykke skulle haldast utanom leiga mot eit avslag i prisen på 300 kr. Og no gjekk Bernt Olaus òg med på kontrakten. Sanden vart først førd ned til fjorden på traller på skjenegang, sidan skylt ned av vatn i renner. Forretninga gjekk så godt at Hans Fredrik vart ikkje så lite av ein kakse, Under turen til Fet i 1913 for å kjøpe grannegarden for å få meir sand kørde han med karjol dregen av ein svart dølahest. (Sjå Larsg. Erstad 1913.) Han bygde både løe og våningshus. Sistnemnde i Jugendstil av stein frå si eiga utmark. Huset vart stort med tårnur. Ofte var det mange gjester og det gjekk stundom livleg for seg.

På ei forretningsreis til Romsdalen leigde han båtførar med båt i Molde, men på turen innover gjekk dei på eit skjer og begge omkom. Dei vart attfunne.



Hans Fredrik Erstad, «Sandkongen».

Då Hans Fredrik døydde barnlaus, og både bruket på Erstad og beinmylna på Riksheim var særeige, vart faren den som ervde begge etter sonen. Og saman med den andre sonen Petter dreiv han Hansg. til han gav frå seg bruket til sonen

Petter Berntsen Erstad f 1873 d 1949.

Han var ugift kommandersersjant, og fekk skøyte frå faren for 10 000 kr mot kår 6/3 1922. Med i handelen var bnr 13 Lybæk på Riksheim. Petter Berntsen var brukar på Erstad til han 16/3 1949 gav skøyte på bruket til systerson sin

Ole Johansen Sandvik f 1903 d 1964.

1941 g Oline Johansd. Stige (Engesetdal) (1911-1958).
Br 1949-1964.

Born: 1. Inger Severine f 1945, g Kjell Ekornes f 1940.
2. Petter Johan f 1947, g p br
3. Torbjørg f 1950, g Svein Midtgård f 1947.

I skøyta som han fekk av morbroren i 1949 var der atterhald om rett for Johan P. Sandvik til å drive sementfabrikk på egedomen og til å ta sand i sandtaket eller i Jelhaugen.

Petter Johan Olsen Sandvik f 1947.
1972 g Ingrid *Gunilla* Manfredsd. Baglo f 1953.
Br 1964-

Born: 1. Eva Britt f 1973.
2. Ole Jakob f 1976.
3. Anne Grethe f 1977.

FØLVAPLASSEN (Skogaplassen)

Andreas Karisen Tretøye f 1852 i Stordal, d 1940,
g 1878 Marte: *Olina Sivertsd. Tjønes* f 1851 d 1940.
Br frå 1878.

Born: 1. Karl Johan f 1878. g Kristine Rasmusd. f 1875 i Eltvik i Selje.
Bustad Stave. Bnr 4 Fredheim.
2. Sofie Tomasine f 1884, g 1909 em. Petter Andreas Jakobsen
Straumsheim, gbr Davik, f 1872.
3. Karen f 1885.
4. Karl *Bastian* f 1891, g Johanne Pettersd. Straumsheim bnr 1,
dotter til ovannemnde Petter Andreas Straumsheim i hans 1.
ekteskap.

Byggesetel på eit stykke mark Hagardsteigen etc. frå Bernt O. Hanssen.

Bnr 6 MYRVANG

Utskilt frå bnr 5 i 1901, $\frac{1}{8}$ av garden, skyld 0,47.
Johan P. Sandvik

Bnr 7 KLØVSTAD

Utskilt frå bnr 5 i 1902.
Johan Pedersen Sandvik f 1877 d 1952,
g 1901 Johanne Marie Karoline Berntsd. Erstad (1877-1945).
Br 1904-1949.

- Born: 1. Synnøve Petrine f 1901, g 1928 Bernhard Johannessen Eggesbø, prest.
2. Ole Karl f 1903, g p br
3. Bernhard Johan f 1906. Utnr nr 349. G 1936 Anna Karlsd. Hole f 1909. Utnr nr 591. Bernhard d etter ulukke i 1943.
4. Peder f 1909, gjekk gjennom isen og omkom 27/2 1925.
5. Jenny f 1911, g 1939 Harald Johansen Hildre f 1899 i Haram, d 1979.
6. Hans Petter f 1914, g p br.
7. Baslaug f 1916. g Marne Erikseth f 1915, politimann i Nord-Norge.
8. Jon Olav f 1918. Sjå bnr 14.

Johan Sandvik fekk skøyte frå verfare for 1200 kr. mot kår til seljaren og kone. Ved utskiftinga i 1904 fekk han nausttomt ved sida av dei andre nausta. Han måtte ta over noko av gjerdehaldet i hagarden mot Stave.

Hans Petter Johansen Sandvik f 1914,
1946 g Hjördis Kristofa Holmedal frå Askøy f 1919.
Br 1949-

- Born: 1. Synnøve f 1947, g p br
2. Torill Johanne f 1949
3. Anne Lise f 1952
4. Bernhard Johan f 1956

Brukar av bnr 6 og 7. Om bnr 6 skreiv sorenskrivaren i 1950 at Johan P. Sandvik hadde grunnboksheimel til det etter tinglysingslova § 39 3b, og at det var verd 1500 kr. Hans bygde tilbygg til vånehuset i 1974.

Astrup Einar Kristoffersen f 1940, frå Maurnes,
1969 g Synnøve Hansd. Sandvik f 1947.

- Born 1. Hans-Einar f 1971
2. Ann Helen f 1972
3. Stein-Arne f 1974
4. Åshild f 1976
5. Jorunn f 1977

Dei fekk tomt frå bnr 6 og bygde hus nr 2 på bruket i 1973. Tomta vart utskild først i 1978.

Bnr 14 GJERDSVOLLEN

Utskilt frå bnr 5 i 1949, skyld 5 øre.
Jon Olav Johansen Sandvik f 1918.

Bnr 15 ELVEETUN

Utskilt frå bur 5 i 1952, skyld 1 øre.

Leif Pettersen Matvik (1912-1977), frå Sunnylvn, g 1945 ek. Klara Sunde f Brunvoll f 1906 i Sandøy (ek. etter August Sunde f 1897 frå Bud i Romsdal).

Born av hennar 1. ekteskap:

1. Valbjørg f 1930, g Peder Otto Moe, Ørsta.
2. Knut f 1931, g Anni Raanes, Trondheim.
3. Anny f 1933, g Ole Larsen Myrseth, f. 1924.
4. Kjellaug f 1934.
5. Sigrun f 1937 g Ingebrigt G. Hoel, Heissa.

Barn i 2. ekteskap:

6. Randi Johanne f 1946, lærar, 1970 g Lars Egil Foldal f 1946 i Ørsta.

ERSTAD.

Bnr 1, 2, 12, 17, 19, 20

4, 9, 10, 13, 22, 23 Bruk A

3, Ytstebakken, 8, 16, 11, 24

5, Hansg br B, Hansg, br C, Følvaplassen, 6, 7, 14, 15.

Gnr 38 STAVE [Til innhald](#)

Namnet tyder Rygh som ei form av det gn. ordet stafr, det er: stokk, stav, og at det truleg opphavleg har vore eit fjellnamn. Og fjell er der rikeleg av ovanfor Stave.

Av eldre former kan nemnast Staffue (1603), Stauffue (1631, Bhl. pk 59), Stafue (1700) og frå 1705 Stave.

Garden ligg nord for Erstad og sør for Sætre, men ligg nærare sist-nemnde gard. Mot aust er fjorden og ovanfor garden mot vest er fjella. Sjølve garden er delvis nokså brattlendt, men der er òg flatare terreng.

Eldre bygdefolk vil vite at det har vore to hovudbruk på Stave. I skriftlege kjelder er dei to kalla Ytre Stave og Indre Stave, i daglegtalet meir vanleg Utigarden og Innigarden. Men på 1500-talet og til ca. 1667 var der tre bruk, og då slik at der var eitt bruk på Ytre Stave som var større enn dei to bruka på Indre.

I 1747 hadde der ei tid vore usemje om fedrifta mellom Stave på den

Parti frå Stave.

eine sida og Sætre og Hellen på den andre. Det året vart det gjort eit vedtak som skulle gjere ende på tvisten. Det vart vedteke at der skulle setjast opp ein hagard mellom Stave og Sætre. Og ei veker tid etter at alle gjerde var oppsette og bøen såleis verna, skulle Stave få lov å føre krøtera sine utanfor hagarden og opp i marka, men då utan å gjere skade på skogen eller brenneveden til Sætre og Hellen. Dei på Stave skulle òg få dra på setra når dei ville, og når det var uver eller når rovdyr var på ferde, skulle dei få sleppe krøtera ned i Brunhola. På denne tida var det berre sel til seterjentene på setra, ikkje fjøs til kyrne i Kalddalen. Sætre og Hellen måtte ikkje gjete småfeet sitt i Stave si setermark og heller ikkje jage smalen på vegen dit. Når der var snø på markene om våren, skulle Stave ha rett til å la krøtera sine «fare hen i lynget». Dette vedtaket vart underskrive av begge brukarane på Stave og av ein av brukarane frå kvar av dei andre gardane. (Pantebok III, s 68.)

Av ei tingbok frå 1819 får vi vite at der var eit stampehus på Stave då. Ein tjuv hadde brote seg inn og stole 32 alner vadsmål.

Kring 1840 var der ein ny tvist mellom Stave og Sætre og den gongen galdt det laksefiske. Stavekarane hadde drive litt laksefiske i fjorden frå kring 1810 nokre år utover, men fekk lite og slutta. Så i dei siste 1830-åra prøvde dei att, men etter nokre år vart dei stemnde av Sætre-karane, som sa at dette fisket var til skade for det gamle lakseverpet på Sætre. Denne

saka er meir utførleg omhandla under Sætre.

I 1911 var der utskifting av utmarka og setermarka til gardane Stave, Sætre og Hellen, med overutskifting i 1915.

I 1950 fortalde ein brukar at han trudde der aldri hadde vore utskifting av innmarka på Stave. Men i 1954 var der ei grensegangssak i inn- og utmark mellom Stave og Sætre.

EIGARAR

I Statthaldararkivet DIX pk 15 (RA) er Stave førd med skyld 2 v og med sykkylvskyrkja som eigar (1624) og såvidt ein veit hadde Stave vore kyrkja sin eigedom i lang tid. Men sjølve kyrkja skifte eigar fleire gonger, og kvar gong følgde kyrkja sitt jordegods med i handelen. I 1725 fekk major Rømer kongeskøyte på kyrkja og vart med det eigar av Stave. Den 22. nov. 1744 var der auksjon etter Rømer, og den rike Ørskog-presten fekk auksjonskøyte på kyrkja og jordegodset, m.a. Stave. Dotter til Hiort, ørskogpresten, gifte seg med kaptein Mechlenborg, som såleis vart eigar av Stave. Men Sebastiane overlevde mannen sin og stod som eigar til kyrkja med jordegodset til kyrkja vart seld på auksjon etter henne i 1809 for 3510 rd. Denne gongen var det «Søkelyns Almue» som var kjøpar. I 1879 løyste så kommunen ut kyrkja, og kvar brukar eller eigar av ein kyrkjepart fekk pengar utbetalt for parten. Sjå elles under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre matrikkelnr, i rekkjefølgje mot nyare tid har vore 138, 143, 136, 137, 140, 99.

I førebuinga til ny matrikkel fekk dei to bruka med gnr 38 løpenr. 318 og 319.

Skylda var i 1624 2 v fisk. I 1628 var ho 2 v ½ pd 6 mk, og i 1663 vart det skrive enklare: 2 v 18 mk. Og Stave vart då kalla «stor halvgard». For betre å forklare denne nemninga, tek eg med at Stave i 1663 la ½ rd 6 skill. i rytterskatt, etter taksten 1 rd for heil gard, ½ rd for halv gard, 2 ort for øydegard, og 1 riksort for halv øydegard.

I 1667 vart skylda sett til 24 v og heldt seg på det til ho i 1723 vart sett til 2 v 2 pd 6 mk, men dette siste forslaget vart ikkje realisert. Endå i 1802 var kvart bruk på Stave på 1 v 18 mk. I 1836 vart den nye skylda 3 skylddlr. 3 skill. på kvart bruk, og altså 6 skylddlr. 1 ort 2 skill. for heile Stave. I 1890 vart skylda M 5,21 for kvart bruk.

Tienda var i 1666 2½ t 1½ mæle havre, ½ mæle bygg og 1 pd 6 mk ost. I

1675 1 v 1 pd 10 mk havre, 8 mk bygg på største bruket. På det minste 2 pd 8 mk havre.

Tienda i 1706 var ½ t bygg, 3 t havre, 10²/₃ mk ost. I 1717 ½ t bygg, 3 t havre og 30 mk ost. I 1724 vart framlegget til tienda 2 pd bygg = 38 skill., 3 t havre = 2 rd 48 skill. og 1 pd 9 mk ost = 44 skill.

Leidangen: 1612: 1 geiteskinn, 1637 og i lang tid 1 geiteskinn 1 kalveskinn, 1717 2 ort 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 3 mann

1626: 3 mann. Sår 8 t.

1657: 3 mann. Fôrar 3 hestar, 21 kyr, 16 sauer og 12 geiter.

1666: 3 mann. Sår 8 t, avler 30 t, fôrar 3 hestar, 30 kyr. Brenneved.

1714: 2 mann. Sår 7 t havre 1 t bygg, avlar 30 t havre 5 t bygg. Fôrar 2 hestar 20 kyr.

1724: 2 mann. Sår ½ t bygg, 8 t havre, avlar 2½ t bygg 30 t havre. Kan fø 2 hestar, 16 kyr, 10 ungdyr, 16 sauer, 9 geiter. Garden ligg ved sjøen. Lettvunnen og viss til korn. Seter ¼ mil frå garden. Nok brenneved. (Matr. bd 150.)

1770: 2 mann. 1 bekkevern (også i 1791)

1802: 2 mann. Kvar brukar sår 4 t havre 1 t blk, avlar 6 foll. Fôrar 1 hest,

9 storfe og 24 småfe. Har sommarbeite. Kornavlinga stort sett årviss, men noko utsett for å verte grøn eller lett.

«Tarveligt brændefang». Garden ligg under eit bratt fjell og er noko utsett for snø- og steinskred.

1845: 2 mann. Sår 1½ t bygg 4 t blk 6 t havre og 2 t poteter. Fôrar 2 hestar 20 kyr, 28 sauer 14 geiter 2 grisar.

1865: 2 mann. Sår ½ t bygg 6 t blk 9 t havre 6 t poteter. Fôrar 2 hestar, 24 kyr, 40 sauer, 16 geiter, 2 grisar.

Matr.førebuingarb. i 1860-åra:

Kvart bruk 31 dekar åker og dyrka eng, 89 dekar natureng, lettbrukt. Sår ¼ t bygg, 3 t blk, 5 t havre 3½ t poteter.

Avlar 2 t bygg, 18 t blk, 30 t havre, 24 t poteter. Buskap: 1 hest, 12 storfe, 28 småfe.

1875: 2 mann. Sår 9 t blk, 10 t havre, 8 t pot. Buskap: 2 hestar, 1 føl, 14 kyr, 10 kalvar, 19 sauer, 21 geiter, 1 gris.

BRUKARAR

Som nemnt gjekk Stave inn i 1600-talet med 3 bruk. Vi kallar dei br A, br B og br C.

Br A (=Bnr 1)

Knut Brynildsen Ytre Stave

Br 15.-1627.

Namnet vart skriva på ymse måtar, t.d. Brøndelsen, Brøgnelsen (Bhl pk 24, 1617). Han var einaste brukaren på Ytre Stave og hadde det største av dei tre Stave-bruka. I 1611 reidde han ut ein mann til Kalmarkrigen saman med ein brukar på Indre Stave som òg heitte Knut. Knekten heitte Oluf Pedersen. Ettermannen til Knut Brynildsen var sonen

Ole Knutsen Stave

Br 1627-ca. 1657, enkja til ca. 1668.

På denne tida hadde heile Stave ei skyld på 2 v ½ pd 6 mk. Av det brukte Ole 4 mællag. I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ein dreng. I 1652 var dette bruket på 4 mællag, br B på 2 og br C på 3 mællag.

I dei første 1660-åra er Ole nemnd som brukar i nokre lister, enkja i andre. Det tyder nok berre at Ole er førd over frå eldre lister etter han var død. Det var enkja som betalte krøterskatt, 96 skill., i 1657 av 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 3 sauer og 4 geiter.

Sonen tok over bruket etter mora.

Hans Olsen Stave f ca. 1627 d ca. 1687

g 1. N.N.

g 2. Lisbet Knutsd. (Stave?) f ca. 1650 (truleg dotter til Knut Nilssen Stave)

Br ca. 1668-1687.

Barn i 1. ekteskap:

1. Peder f ca. 1658, flytte til Erstad (Olag.) ca. 1682.

Born i 2. ekteskap:

2. Ole f ca. 1670 d 1739. 1715 lm med Sølvi Sjursd. Gjerde f ca. 1684 d 1728. Dei var i slekt i 3. ledd, men fekk lov av kongen å gifte seg. Han g 2. 1729 ek. Marte Olsd. Myrset f Stave br C ca. 1668 d 1751. Dei budde i Straumgjerde.

3. Jørgen. Han tente på Aurdal i 1701. Hadde i 1705 lm med Marte Olsd. Blindheim. Sidan det var hans første lm og han var soldat, slapp han bot. Ho bømte med 1 rd 12 skill. Dei gifte seg.

Hans Olsen skatta av eit bruk på 6 mællag 12 mk. Han må då i tillegg til det tidlegare bruk A også ha teke over bruket på Indre Stave som til 1667 vart brukt av Knut Nilssen. Vi kallar det bruket på Indre Stave bruk B og tek for oss det seinare.

Bruk A var i 1675 $\frac{2}{3}$ av heile Stave. Av dette var altså ca. 2 mællag frå bruk B, som no fall bort som eige bruk. Og bruk A var ei tid dobbelt så stort som det andre bruket på Indre Stave, som vi kallar bruk C og kjem tilbake til sidan.

Lisbet Knutsd. gifte seg att med

Ole Larssen Hole (Jørng.) f ca. 1642 d 1704
g 2. Lisbet Knutsd. Stave f ca. 1650 d 1726
br 1687-1704, enkja til 1711.

Hans barn i 1. ekteskap:

1. Hans f ca. 1681, flytte til Sætre i 1710.

Born i 2. ekteskap:

2. Signy f ca. 1687, g p br

3. Knut f ca. 1692, g 1714 Johanne Sjursd. Strømmegjerde (ca. 1670-1727). Bustad Straumgjerde.

4. Lars f 1694.

5. Anne f ca 1698, g 1737 Ole Knutsen Velle, Knutg.
I 1694 var begge Stave-bruka på 5 mællag. Ein av brørne til Ole, Kolbein, hadde farsgarden på Hole, ein annan bror, Peder, hadde eit bruk på Eikrem (Sk. 22/5 1696). Sk. 1704 etter Ole Larssen: Ein ung hest 4 rd, 4 kyr à 3 rd, 5 sauer for 2 rd 3 ort $1\frac{1}{2}$ mællag i Midtgård. Brutto eige 98 rd.- I 1711 la enkja skoskatt for seg og eit barn.

Jon Jakobsen Mo f 1680 d 1749

ca. 1711 g Signy Olds. Stave f ca. 1687 d 1749

Br 1711-1743.

Born: 1 Gjertrud f ca. 1714 d 1767, g 1756 Iver Olsen Vollen frå Nordfjord, f ca. 1720. Bustad Slinningen. Iver er noget drikkfældig, skreiv presten i 1769.

2. Berte f 1721, g p br

3. Elisabet f 1723 d 1728

4. Carl Frederich f 1725, d 1726, 9 veker.

I 1720 fekk Jon Jakobsen ny bygselsetel frå sorenskrivar Castberg (for kyrkja) på 5 mællag i Stave. La i 1717 1 mæle 3 fj havre 6 mk bygg i korntiend, 5 mk ost i småtiend.

I 1720 var han kaptein i det strynske kompani. Vert i skriftlege kjelder

oftast kalla «capitaine des armes» som er fransk og vert uttalt kapitæn desárm (med trykk på siste staving). Han var frå Stordalen.

Jakob Olsen Hellen f 1713 d 1780
g 1745 Berte Jonsd. Stave f 1721 d 1788
Br 1743-1773.

Born: 1. Jon dp 26/12 1746, d 10 dg
2. Jon f 1748, d 3 veker
3. Signy f 1751 d 1774, g 1774 Ole Larssen Straumgjerde (1748-1828). Sjå bd 2 s 301.
4. Jon f 1754, g p br
5. Jon f 1755 d 1772
6. Jakob f 1757, til Kursetgjerde br 1 1780.

Fekk byggesetel frå oberstløytnant Rømer på 1 v 18 mk på det vilkår at han skulle «forsyne Jon Jakobsen og kone, som av sykdom og svagheit har frasagt sig bruget». Vel eit år seinare døydde Rømer, og presten Hiort fekk tilslaget på auksjonen då kyrkja med Stave etc. vart seld.

Jon Jakobsen Stave f 1754-1815
1777 g 1. Tyri Larsd. Pihl (Aure) f 1757 d 1805.
1808 g 2. ek. Magnild Olsd. Eidem f Dravlaus (Bøtelg.) 1758, d 1840.
Br 1773-1811.

Born: 1. Johanne f 1780 d 13 dg
2. Berte Marie f 1781 d 13 dg
3. Jakob f 1781 d 1 mnd
4. Bastian f 1782 d 1870, g Anne Paulsd. Høgset (1783-1884). Bustad Aure.
5. Lars Martinus f 1786, g p br
6. Jakob f 1788 d 3 veker
7. Jakob f 1789, 1820 g Ingeborg Olsd. Lyshol (1787-1826), 1829 g 2. Helge Pedersd. Vik (1796-1875). Budde Høgset.
8. Tomas Bernt f 1792 d 3 veker.
9. Tyri f 1795, 1813 g Gjert Bottolfs. Dravlaus.

Byggesetel frå Sebastiane Mechlenborg på 5 mællag 8 mk (SSTb 23a).

Jon Jakobsen var mykje nytta som formyndar. Sk. etter Tyri: Brutto 244 rd, netto 223. I 1809 vart kyrkja og kyrkjegodset kjøpt av bygdefolket. På den måten fekk kvar gard part i kyrkja, og slike kyrkjepartar vart etter kvart kjøpte og selde om lag som aksjer. I 1809 var desse husa på bruket: Ei stovebygning, ei såkalla nystove, eit stolpebur, ein gammal kufjøs, ein smalefjøs, eit seksringsnaust, alle av tømmer, og ei høy- og korn-løe av

stavverk. Bruket hadde nok brenneved, og seterhamn i god utmark. Bruket vart verdsett til 248 rd.

Lars Martinus Jonsen Stave f 1786 d 1855

1817 g Marte Severine Kristensd. Riksheim br 1 f 1797 d 1865.

Br 1811-1855.

Born: 1. Johannes Olaus f 1819. Sende i 1850 søknad til heradstyret om at arbeidet på bygdevegen Ikornnes - Riksheim måtte halde fram.

2. Berte Marie f 1824, g 1849 til Erstad (Olag.)

3. Kristen f 1824, frisk til 26-årsalderen, sidan sinnslidande. I pleie ymse stader i bygda. D. på Vik 1906.

4. Sivert *Bastian* f 1832, g p br

Byggesetel på 1 v 18 mk i Stave $\frac{1}{4}$ 1811 av Ole Larssen Tjønes (på vegne av kyrkja). Kår til foreldra. Var med å finne liket av ein mann i sjøen i 1816, mannen var Tomas Rasmussen Nesje som budde på Fauske. Lars la eid til konstitusjonen i 1823. I 1845 sådde han $\frac{6}{8}$ t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 1 t poteter, og fødde 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 7 geiter og 1 gris. Lars var blind på det høgre augo. Neste brukar var sonen

Sivert Bastian Larssen Stave f 1832 d 1906

1859 g Severine *Kristofa* Olsd. Myrset br 1 f 1837 d 1923.

Br 1856-1883.

Born: 1. Johanne Marie f 1862, g p br

2. Ole Johan f 1865, d 1892, hustømmermann.

Byggesetel frå verja for Sykkylven kyrkje. Som før nemnt vart kyrkja med Stave og det andre kyrkjegodset kjøpt av kommunen i 1879.

I 1865 hadde bruket 1 hest, 12 kyr, 20 sauer, 8 geiter, 1 gris, og sånaden var $\frac{1}{4}$ t bygg, 3 t blk, $4\frac{1}{2}$ t havre, 3 t poteter.

I matr. føreb. i 1860-åra: 31 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet, 89 dekar natureng, meir dyrkbar jord, sånad $\frac{1}{4}$ t bygg, 3 t blk, 5 t havre, $3\frac{1}{2}$ t poteter. Avling: 2 t bygg, 18 t blk, 30 t havre, 24 t poteter. Dei fødde 1 hest, 10 storfe, 28 småfe. Hamnegangen god, men farefull. Litt bjørkeved til sal. Godt lægje til sjøen, men til veg «besværlig». Bruket er lettbrukt. 1875: Sår 5 t blk, 5 t havre, 4 t poteter. Buskap: 1 hest, 7 kyr, 7 kalvar, 12 sauer, 12 geiter, 1 gris.

Knut Tomas Pettersen Utgård f 1855 på Hole d 1929.

1879 g Johanne Bastiansd. Stave f 1862 d 1922.

Br 1883-1924.

- Born: 1. Petrine f 1882 d 1955. Utns nr 803.
2. Karl Johan f 1883 d 3½ mnd.
3. Tomasine (Sina) f 1884. Utns nr 804.
4. Karl Johan f 1887, d 1940. Utns nr 805. Drukna 6/3 1940 i hamna i Ålesund.
5. Karen Marie f 1890, skreddar, d 1944.
6. Olivia Jensine f 1893 d 1924, 1918 g Ole Hanss. Rogne f 1895. Bur Nogva.
7. Kristine Mathea f 1896 g 1916 Petter Andreas Karls. Jarnes (br 5) f 1893.
8. Klara f 1899. Utns nr 802.
9. Peder f 1901. Utns nr 806. Ingeniør, g Kari Baklund. Bur i Oslo.

Tomas kjøpte bruket av Sykkylven kommune i 1883. Kår til foreldra.

Var medlem av nemnda for «oppdyrking og fortrinlig drift» 1908-1911. I 1919 fekk han Møre Landbruksselskaps sølvmedalje med diplom for jorddyrking og gardsdrift. Bygde løe i 1909. Var ein av dei som var mest med i kommunalt styre og stell: Forlikskommissær, domsmann, med i forstandarskapet i Sparebanken. Foreldra til Tomas var Petter Ols. Utgård og Karen Klausd. Hole. Han tok namnet Stave då han kom dit.

Jens Pettersen Fauske f 1900.

1924 g Borghild Jørgensd. Langlo f 1902.

Br 1924-1960, og til 1970 saman med sonen.

- Born: 1. Per Asbjørn f 1930, g p br
2. Jorunn Anne f 1935, 1956 g Torbjørn Alvik f 1931. Maskinsjef ved Fylkessykehuset på Åse.
3. Bjørn f 1939, 1967 g Oddny Jakobsen f 1941 i Sørøy i Finnmark. Maskiningeniør med utdanning frå Gøteborg.

Fekk saman med faren skøyte på bruket av Tomas P. Stave for 17 000 kr mot kår til seljaren. I 1931 løyste Jens ut faren sin part i garden.

Far hans på Fauske dreiv mykje med hingst-al og hestehandel, og alt frå 14-årsalderen var Jens årleg med på hesteutstillingar, og lærde alt då at for fine dyr får ein godt betalt. Var nokre år på vinterfiske. Hadde elles lært bygningsfaget. I 1933 tok han saman med to andre på seg bygging av stovehus på akkord. Med 10 timars dag vart netto 6 kr dagen. Dette, saman med der store interessen for dyr gjorde at han gjekk heilt inn for gardsbruket. Heller ikkje det såg så lovande ut i starten. For mjølka fekk dei den tida 9-10 øre literen og for kukjøtt 60 øre kiloen.

Han vølte på løa, bygde 3 siloar og ny fjøs. Nydyrka 30 dekar jord. Laga kulturbeite. Fekk seg ein god buskap av gråkoller, raudkoller, og



1. premiekua Dalemøy, eigar Jens Fauske på Stave. 1.- premie på Stranda 1956.

sidan NRF. I 1960-åra fôra dei 8 mjølkekyr, 4 ungdyr, 2-3 kalvar og 8 sauer. Det han hadde lært heime og på utstillingar gjorde det naturleg for han å halde fram med heste-al og handel med hest. På utstillingar hadde han både storfe og hest og fekk mange 1. premiar og hadde endå til beste dyret på utstillinga, såleis beste merra på Vestlands-utstillinga i 1945 på Ørskog.

Stilte ut sølvrev alt i 1928 i Oslo og tente godt på sølvreval, som mange andre tapte på. Alt dette førde med seg mykje reising, og då var det kona som måtte styre garden og ho fekk med det sin del av æra for eit godt resultat. Men naturleg nok var det Jens som fekk diplom og sølvvase med inskripsjon frå Møre og Romsdals Landbruksselskap på 75-årsdagen sin for sitt arbeid i jordbruk og husdyr-al.

Per Asbjørn Jenssen Fauske f 1930.

1959 g Haldis Pedersd. Ringstad f 1934 på Stranda.

Br 1960-1970 saman med faren, åleine

Br 1970-

Born: 1. Brynild f 1960

2. Randi f 1962

3. Jens Petter Ringstad f 1966

4. Hilde f 1968

Var kontrollassistent for Sunnmøre Meieri 1951-1969. Fekk i 1977 ferdig ei av dei største og best utstyrte driftsbygningar i bygda. Der er røyr-mjølke-anlegg, mjølketank, møkeautomat, 2 siloar 8 x 6 m med talje og grabb. Den nye driftsbygninga står nedanfor den gamle som vart riven vinteren 1978-79, og eit reiskapshus vart bygt på øvste delen av gamle-tomta. Nyefjøsena er 25 x 10,5 m + silofløy 19,5 x 8 m. I 1980 hadde dei 17 kyr + ungdyr.

Bnr 3 ØVSTETEIGEN

Utskilt frå bnr 1. Vart i folketeljinga i 1900 kalla Nymarken.

Ole Petter Berntsen Erstad br 1 f 1858 d 1942.

1882 g Johanne *Elisabet* Kristoffersd. Riksheim (Grøngota) f 1853 d 1945.

Br 1884-1904.

Barn: Bernt Johannes Martinus f 1882, g p pl.

Det var Tomas P. Stave som gav festesetel til Ole Berntsen på eit markestykke, og det var Ole og kona som rydde plassen. Ole var jordagut på Erstad, men var ikkje sterk nok til å ta garden. På Stave budde dei i ei masstove som grannane hadde brukt til å tørke korn i. I 1886 var Ole den einaste av båtlaget til «Maren Ola» som berga seg på Buholmen ein fæl uversdag.

Dei hadde frukthage på plassen. Ole dreiv og sildefiske, såleis i Fosnavåg i 1900.

I Smp. 12/4 1933 er eit langt stykke om Ole, med foto.

Det var først i 1904 plassen vart skyldsett og fekk nytt namn:

Bnr 3 UTHEIM

Utskilt frå bnr 1. Vart rekna for $\frac{1}{6}$ av hovudbruket og fekk etter det skylda 0,87.

Bernt Olsen Stave f 1882 d 1982.

1903 g Susanne Pettersd. Straume (1878-1964). Far hennar var frå Fet, mora frå Tue-pl., Straumsheim.

Br 1904-1928 og 1933-1955.

Born: 1. Lina f 1904, 1922 g Hilmar Nikolaisen Tandstad (Pålg.) f 1900.

2. Olga f 1912, fabr.arb., g Odd Fjørstad frå Stranda. Han driv saftpresseri og brusfabrikk.

3. Anton f 1920, d 2 veker.

4. Arthur f 1921, d 16 dg.

Bernt kjøpte plassen i 1904 for 1400 kr. og gav kår til foreldra i 1906.

Ved sida av å vere småbrukar var Bernt snikkar og bygningsmann. Gjekk 20 veker i lære utan løn. Etter læretida hadde han 10 timars arbeidsdag, også laurdag, for 25 øre timen.

93 år gammal sykla han frå Stave til Stranda, og endå nokre år seinare hjelpte han til i verksemda til svigersonen.

I yngre år dreiv han husbygging. Arbeidde også på fleire av møbel-fabrikkane i Sykkylven. (Sjå Smp. 11/3 1977, foto.)

Hilmar Nikolaisen Tandstad f 1900.

1922 g Lina Berntsd. Stave f 1904.

Br 1928-1933.

Som ein ser dreiv svigerfaren plassen både før og etter Hilmar. Han og kona hadde vore brukarar av Knutg. på Sætre i 4 år då dei kom til hennar barndomsheim, og det var til hans barndomsheim dei fór etterpå. Borna er nemnde under Tandstad i bd 2, og ingen av dei er fødte på Stave. Men nr 3 av dei 5 syskena kom til denne plassen.

Simon Løset f 1926 i Fræna.

1946 g Solbjørg Hilmarsd. Tandstad f 1925.

Br 1955-

Adoptivbarn: Berit Lillian f 1950 i Mysen. Løset kjøpte plassen av Bernt Stave for 12 000 kr i 1955. Kår til seljaren og kone.

Stovehuset hadde fått eit tilbygg i 1951 som Bernt Stave gav til dottera Olga i 1952. Løset bygde eit nytt tilbygg til stovehuset i 1972. Han arbeider ved Stave Bygg A/S.

Bnr 5 TEIGEN

Lars Severinsen Grebstad f 1856 d 1921.

1882 g Lovise Marie Olsd. Hjellegjerde (1857-1939).

Br 1882-1917.

Born: 1. Johanne Marie f 1881, utvs nr 796.

Born: 1. Anton Bernhard

f 1908 (far: Jens Jenssen Vik).2. Gyda Nilla f 1911 (far: Nils Gunnarsen Ytterdal f 1888).

2. Karen Marie f 1883 d 1927.

3. Ole Severin f 1885, g 1908 Beate Martinusd. Langdal f. 1881.

Han var bryggemann, ho før ekteskap telefondame.

4. Laura Karoline f 1887, utvs nr 797.

5. Anna Birgitte f 1890, utvs nr 797.

6. Lars Kari f 1892, 1916 g Oline Olsd. Stavseng f 1892. Bustad Ålesund.
7. Olivia Karolina f 1894, utvs nr 799.
8. Karl *Ludvik* f 1896, d 1975, 1937 g Olivia Hansd. Hatlemark f 1906. P br.
9. Lisa Petra f 1899, utvs nr 798 g Oskar Kipperberg, fiskar i Ålesund. (Sjå og utvs nr 807, 808, 809.)
10. Ingvald f 1901 d 1969, Utvs nr 800.

Denne husmannsplassen låg under bnr 1, men vart utskilt og skyldsett først under neste brukar som

Bnr 5 BRATTHEIM

Utskild 22/11 1917, skyld 0,85.

Karl Ludvik Larssen Stave f 1896 d 1975.

1937 g Olivia Johanne Hansd. Hatlemark (br 1) f 1906.

Br 1917-1972.

Barn: Lilly f 1939, p br.

Ludvik kjøpte plassen i 1917 for 2400 kr. Kår til mora Lovise Olsd. Stave i 1929. Som vederlag for kåret fekk han husa på plassen.

Ein gong under krigen sat Ludvik saman med nokre andre og praten kom inn på det dårlege mjølet dei fekk den tida. Ein sa at brødet vart så tungt. Då sa Ludvik: «Tungt ja! Når du fær det attpå tunga, dette det nedi magjen av seg sjøl.» Ludvik bygde ny stove i 1932.

Arvid Andresen Eggen f 1939 i Støren.

1959 g Lilly Ludviksd. Stave f 1939.

B r 1972-

- Born:
1. Anne Grethe f 1959
 2. Linda Oddveig f 1961
 3. Reidun Merethe f 1962
 4. Nancy Iren f 1966
 5. Arve Ludvik f 1975

Bygde hus i 1970. Eggen er mekanikar.

Br B

Av ei oppgåve frå 1610 (Bhl pk 8) ser vi at det vi kallar br B då hørde til Indre Stave.

Lars Olsen

Br ca 1607-1611, enkja 1611-1615.

Han la i 1607 ½ mæle i korntiende. I 1611 vart han utreidd som knekt til Kalmarkrigen av to Erstad-brukarar (Anders og Ole). Han kom att, men var visst «ikkje sinj fullje mannj» lenger. Det ser ut til at han kom att i 1615 og døydde alt året etter.

I 1613-14 la alle tre bruka på Stave like stor tiend, 3 fj.

Enkja og sonen Jakob dreiv bruket i lag nokre år. Ein Ingebrigt Larssen Stave er nemnd som dreng på denne tida, men det er uvisst om han er son til Lars Olsen.

Jakob Larssen Stave

Br 1615-1636, dei 4 første åra i lag med mora.

Kring 1630 la Jakob mindre tiend og andre skattar enn grannane på Stave. Kvar neste brukar kom frå er ukjent. Det var

Knut Nilssen f ca. 1595.

Br 1636-ca. 1667.

Barn: Lisbet f ca. 1650.

I 1642 la brukaren av bruk A ein part åleine i ei 10-manns skattegruppe, medan dei to andre Stave-brukarane var saman om ein part. (Bhl pk 92.)

I 1653 stod han i gjeld til buet etter borgarmeister Rasmus Larsen med 3½ pd råfisk, og vart dømd til å betale innan «en halv månedsdag».

I 1657 la Knut 1 slettdlr. 4 skill. i krøterskatt av 1 hest, 6 kyr, 4 sauer og 4 geiter.

Knut Nilssen var siste brukaren på bruk B, som gjekk inn i bruk A, truleg ved at brukaren der gifte seg med dotter til Knut.

Br C,

Bruket hørde til Indre Stave og første brukaren vi kjenner til var

Knut Jakobsen

Br 15. -1635.

Knut la ½ mæle i tiend i 1606, 3 fj i 1614, 1 mæle i 1627, og i 1636 1½ mæle saman med sonen Peder, som då hadde teke over bruket, men Knut var med å betale tiend heilt til 1640.

Knut hadde to søner. Den eine, Jakob, fekk i 1617 ei bot på 5 rd for krenking av Anne Ols. Ekornes (Bhl pk 23.) Den andre, Peder, tok over bruket.

Peder Knutsen Stave

Br 1635-1666.

I brukstida hans minka bruket frå 3½ til 3 mællag, eller skylda vart sett ned. Av koppskattlista ser vi at han var gift og hadde tenestjente. I 1657 la han 74 skill. i krøterskatt av 1 hest, 7 kyr, 4 sauer og 4 geiter.

Ole Pedersen Stave f ca. 1640 d 1708,

g Marte Olsd.

Br 1666-1707.

Born: 1 Marte (også kalla Marit) f ca. 1668. g 1. Peder Olsen Myrset,
g 2. Lars Pedersen Myrset.

2. Dordei f ca. 1673, g em. Erik Larssen Svartebekk f ca. 1665.

3. Sara, g p br

4. Peder f ca. 1688, p br

Bruket var no på 3 mællag 6 mk.

I 1675 la Ole 2 pd 8 mk i korntiend. I 1701 var han 61 år og sengeligjande og hadde Gjørvald Larssen Svartebekk som tenar.

Sk. 1708: 1 tinn smørkanne, 1 kårde, 6 kyr, 1 okse, 2 kalvar, 1 gammal merr, 6 sauer med lam, 3 verar, 2 geiter med kje, 1 utan. Brutto eige 63 rd. Gjeld: «Gårdens åbod» 3 rd, landskyld for 1707 1 rd 2 ort 4 skill. «enkens udfærd mod den sal. mand» 1 rd 2 ort, etc. i alt vel 10 rd. Enkja ville ikkje ha sin ½ i buet, men ville at sonen skulle ta parten mot kår til henne når han tok over bruket.

Peder Olsen Stave f ca. 1688 d 1709.

Br 1707-1709.

Kåret til mora: «1 t korn pr. år når hun det begjærer, dog går hun til bords med sønnen, og etter hendes død nyder han alene . . . hvad hun sig efterlader.»

Dei gifte hadde fått heimafølgje og fekk ikkje noko i sk. etter faren Ole, som «for svaghed oplod» garden året før han døydde.

Lars Pedersen

Br 1709.

Er nemnd som brukar i kort tid i året 1709, men same året tok syster til Peder Olsen Stave og mannen hennar over bruket. Det var

Lars Olsen Eidem d 18/6 1713.

1709 g Sara Olsd. Stave.

Br 1709-1713, enkja 1713-1714.

Barn: Lene f 1710, 1735 g Knut Jons. Drotninghaug.

Knut og Lene budde først på Vik, så på Straumsheim br 5. Lars Olsen fekk bygselsetel frå Henning Castberg (for Sykkylven kyrkje). (SSTb nr 10 fol. 13.)

Bruket var på 5 mællag.

Ein Samund Larssen Stave var tenar der kring 1760, men flytte derifrå i 1763. I 1766 hadde han vore med på bjørnejakt saman med Jakob Jakobs. Tandstad, og viste fram to bjørneskinn i Honningdal. Han var kanskje son til Lars Olsen.

I 1711 la Lars skoskatt for seg og kona, og hadde ei tenestjente med 1½ rd i årsløn. Ein liten tenestgut hadde 1½ ort 4 skill. for året. (Eit legg for Ørskog i futerekneskapen har litt andre tal.) Guttorm Larssen Erstad, Ole Jørgens. Grebstad og Jetmund Grebstad fann Lars Olsen i sjøen, på botnen innanfor naustet til Guttorm Erstad. Han hadde eit hoseband kasta tre gonger rundt halsen. Han hadde teke sitt eige liv, skulle ha «sin hovedlod forbrudt og ikke begravnes på kirkegården».

Den 26. juli same året var der møte i huset til Lars Olsen for å vurdere det han hadde late etter seg. Under «Quæg og deslige»: 4 kyr, 1 kvige, 1 fjorskalv, 7 sauer, 2 lam, 4 geiter, 1 gammal hest. Elles kan nemnast fiskevegn, 1 tasach (kort sabel), 1 koparkjel. Eige og gjeld er om lag like.

I brevet sitt til futen skreiv presten pene ord om Lars Olsen.

Vi kan no kalle dette bruket for

Bnr 2 KNUTGARDEN

Erik Olsen Åse f ca. 1684 d 1757.

1719 g Berte Samuelsd. Ytre Årsnes f 1690 d 1749.

Br 1714-1752.

Born: 1. Ole f ca. 1718 d 1749.

2. N.N., dpi Borgund i 1720.

3. Jon f 1722, g p br

4. Sara f 1726, 1751 g Lars Ols. Kurset f 1726 (Øvre)

5. Størker f 1728, d 15 dg

6. Lisbet f 1730, 1782 g Anders Jons. Brudevoll. Lisbet d 1807.

Bustad Velle (Nilsg.).

7. Ole f 1734 f 1786, 1764 g ek. Mari Ellingsd. Lade f Lyshol (ca. 1713-1790).

8. Jørgen f 1737 d 8 dg.

Fekk bygselsetel 14/4 1714 av Henning Castberg. I 1729 selde Erik jordegods på Ytre Årsnes som kona hans hadde fått i arv. Likeeins jordegods

i Bjørke til Ole Paulsen Festøy. Sk. etter Erik: Brutto 160 rd, netto 149 rd.

Jon Eriksen Stave f 1722 d 1772.

1752 g Guri Olsd. Tjønes f 1722 d 1788.

Br 1752-1772, enkja til 1775, av halve bruket.

Born: 1. Ole f 1753, g p br

2. Berte f 1754 d 1792

3. Erik f 1758, d same året

4. Erik f 1759 d 1806

5. Peder f 1763 d 1787

Fekk bygselsetel frå kapt. Mechlenborg 13/5 1752 på 5 mællag. Sk.

1772: Brutto vel 104 rd, gjeld vel 73 rd. Enkja g 2. 1773 med

Hans Arnesen Hundeide f 1732 d 1788.

Br 1775-1788 (halve bruket).

Eit par år etter at Guri gifte seg med Hans, var det ho som vart førd som brukar. Hans fekk bygselsetel 28/9 1775 av fru Mechlenborg på 2½ mællag i Stave. Han var frå Nedste Hundeide.

Ole Jonsen Stave f 1753 d 1790.

1781 g Berte Olsd. Dravlaus (Ellingg.) (1752-1830)

Br 1773-1788 (halve),

Br 1788-1790 (heile), enkja til 1791.

Born: 1. Johanne f 1781 d 1821, 1808 g Tore ToresenTu (1771-1838), han g 2. Johanne Olsd. Fet f 1774. Bustad Sunde.

2. Siri Olave f 1783, d 1814, 1813 g Iver Sjursen Brøvoll f 1787 d 1850. Budde på Tjønes.

3. Ole Jakobus f 1786, Med i krigen 1808-1814. D. som soldat i Bergen 1815.

4. Olave Petrine f 1788 d 13 veker.

5. Anne *Petrine* Gurine f 1789, d 1864.

Bygsla først 2½ mællag i 1773, så akkurat det doble, 1 v 18 mk. begge av fru Mechlenborg. Det siste i 1788, då han gav Hans Arnesen kår.

Sk. etter Ole i 1791: Brutto 158 rd, netto 146 rd. Berte Olsd. gifte seg att i 1791 med

Peder Olsen Ner-Ljøen f 1759 d 1831.

Foreldre: Ole Rasmuss. N-L. og k. Brit Pedersd. Ringstad.

Br 1791-1812.

Born: 1. Ole Bernt f 1792, g p br
2. Bernt f 1796, unemnd i 1801

I 1792 selde han det jordegods han ervde i farsgarden på Ner-Ljøen. Bruket hans på Stave vart i 1802 verdsett til 180 rd.

Husa på bruket var i 1809 ei stovebygning, ei masstove, eit gammalt stolpebur, ein gammal sauefjøs, ein gammal geitefjøs, eit kjempefæringsnaust, alle av tømmer, ein kufjøs bygd opp av dobbel steinmur og på den bygd av tømmer, ei høy- og kornløe av stavverk, òg ei skogaløe av stavverk.

Der var nok brenneved, seterhamn i god utmark i Kalddalen. Ved tunet ein hage der det var planta ein del epletre og der det og vart avla ein del humle. Rundt hagen var «et smukt og forsvarligt stengjerde». (Sjå Auksjon Klokkehaug etter Sebastiane Mechlenborg 24/4 1809.)

Peder Olsen var skrivekunnig.

Sk. etter kona i 1830: Brutto 85 rd, netto 74 rd. Sk. 17/5 1831 etter Peder: Brutto 85 spd, netto 75 spd.

Auksjon over lausøyre etter Peder 15/11 1831: 1 drøfting av piletre, ½ i ei kvern med kvernhus 2-2-13. Bøker: Sange av Nils Olsen Sve, takst 12 skill., kjøpt av Peter Hanssen Straumsheim for 1 ort 18 skill., Åndelig Tidsfordriv, Samtale med Gud. Brutto 57 spd, netto nesten 50 spd.

Ole Bernt Pedersen Stave f 1792 d 1829

1814 g Berte Laurentse Tomasd. Riksheim f 1792 d 1831.

Br 1812-1829, enkja til 1831.

Born: 1. Lars Severin f 1815, d 14 dg

2. Johanne Lovise f 1816 d 1827.

3. Olave f 1816, (tvill.), unemnd i 1830.

4. Peter Severin Eilias f 1819, 1841 g Johanne Marie Martinusd. Dravlaus f 1819. Bustad Riksheim br 2.

5. Tomas Bernt Olaus f 1822 d 1887, 1854 g Severine Syversd. Grebstad (1836-1918).

6. Berte Marie f 1824, 1845 g Ole Petter Olsen Løset S. br 1 f 1819.

7. Lars Martinus f 1826 d 1912, 1851 g 1 Marte Lovise Syversd. Tjønes f 1820, d. 1854. 1855 g 2. Mads Berntsd. Tu br 1 f 1833 d 1913.

Sk. 1830: 1 sølvtomling. Ei ku «Snerei» 7 spd 2 ort, ei anna «Julegave» 6 spd. Brutto 241 spd, netto 183 spd. Enkja gifte seg att med

Knut Olsen Øye f 1797 d 1884.

1831 g 1. ek Berte Laurentse Tomasd. Stave f Riksheim. Ho døydde kort etter, 38¾ år.

1832 g 2. Ingeborg Helene Sivertsd. Skylstad f 1808 d 30/1 1833.
1834 g 3. Johanne Laurentse Toresd. Hundeide br 1, f 1811 d 1882.
Br 1831-1868.

Barn i 2. ekteskap:

1. Bernt Olaus f 1832 d 1846.

i 3. ekteskap:

2. Tomas Andreas f 1836, g p br

3. Peter *Bastian* Sivert f 1838 d 1906, 1865 g Lovise Amundsd. Velle
(1847-1932). Velle.

4. Jens Karolus f 1843, 1878 g Lovise P. Erstad. Bustad Riksheim.

Knut Olsen kom frå Hjørundfjorden og fekk bygselsetel frå Ole Larss. Dravlaus som var verje for Sykkylven kyrkje. I 1835 fekk Knut skøyte på 2 pd 6 mk frå verfaren Tore Ols. Hundeide. I 1836 la Knut eid til konstitusjonen. Han åtte eit bruk på Grebstad som han bygsla bort i 1841. Han hadde mykje bry med å få dei avgiftene han skulle ha av dette bruket og selde det til slutt i 1873 for 400 spd.

I 1845 sådde han $\frac{9}{8}$ t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Fødde 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 7 geiter, 1 gris.

I 1865 var tilsvarande tal: $\frac{1}{4}$ t bygg, 3 t blk, $4\frac{1}{2}$ t havre, 3 t poteter.
- 1 hest, 12 kyr, 20 sauer, 8 geiter, 1 gris. Hadde i 1860-åra 31 dekar god åker og dyrka eng, 89 dekar god natureng.

I 1875 hadde Knut som kårmann 3 kyr, 1 sau og 6 geiter.

Knut var med i heradstyret og var formann for kornmagasinet på Davenes. Då magasinet vart nedlagt, kjøpte han huset til å skøyte på stova si. Far hans, medhjelpar Ole Jonsen Øye, hadde stor etterslekt i Hjørundfjorden.

Tomas Andreas Knutsen Stave f 1836 d 1888.

1866 g Helge Syversd. Tjønes f 1845 d 1929.

Br 1868-1888.

Born: 1. Knut Johan Martinus f 1867, g p br

2. Johanne Severine f 1876 d 1966, 1903 g Henning Johannessen
Straume (1875-1963).

Bygselsetel frå Sykkylven kyrkje. Kår til foreldra. I 1884 søkte Tomas heradstyret om å få kjøpe bruket for 3600 kr. Vedtak: «Forsåvidt autoriteterne intet derimot haver at erindre bliver det gjorte anbud at antage.»

- I 1875: 1 hest, 1 føl, 7 kyr, 3 kalvar, 7 sauer, 9 geiter. Sådde 4 t blk, 5

t havre, 4 t poteter. - Tomas hadde stampe og kvern i Fonnelva, og ei smie som stod vest for husa. Lenger oppe ei kolmile der dei brende kol til smiarbeidet.

Knut Tomasen Stave f 1867 d 1945,
g 1889 Petrine Olave Petersd. Blakstad (br 2) f 1866 d 1939.
Br 1889-1926.

Born: 1. Tomas Oluf f 1890 d 1920. Utvns nr 794.
2. Petter Claus f 1892 d 1911. Utvns nr 793.
3. Ole Anton f 1894, g 1920 Dina Sletten (Sjå Y. Ikornnes).
4. Helga Olivia f 1897 d 1954, g Karl Johan Karlsen Riksheim f 1896, bustad Ikornnes br 12.
5. Nils Severin Harald f 1900, g p br
6. Alfred Johan f 1902 d 1913.
7. Peder Oskar f 1905, utvns nr 792.
8. Bjarne f 1907, g Klara Petrine Engeset f 1910. Bustad Ørstavik.
Arb.formann v/Møre Lenestolfabrikk.

I Knut si brukstid hadde dei til vanleg 7 kyr, hest, 8-9 sauer. Trusking med snorhjul frå kvernkallen. Kvernhuset ved elva er nedrive no. Til setra i Kalddalen gjekk det ei rås. Det var gjeting etter tur, 3. kvar dag. Eit plassesel står der enno.

Knut var ein gong i marka for å sjå etter sauer. Då fann han ein som var drepen, blodet draup av han. Knut tok sauene på ryggen og drog på heimveg. Litt etter hørde han noko som peste bak seg. Det var ein bjørn som hadde gøymt seg og no gjerne ville ha byttet sitt. Men han gjekk ikkje til åtak på Knut med sauene. (Fortalt av Øyvind Stave etter faren.)

Nils Knutsen Stave f 1900 d 1980
g 1927 Klara Inga Andreasd. Sævik frå Herøy (1905-1965).
Br 1926-1961.

Born: 1. Anna Haldis f 1928, g 1951 Asbjørn Paulsen Lid f 1930 i Volda, Målar.
2. Petra Solveig f 1929, g 1974 Bottolf Skrede f 1922 i Hornindal. Bur på Eid.
3. Knut f 1930, bur i Amerika. Entreprenør.
4. Arne f 1931, g p br
5. Tomas f 1933, g 1960 Margot Jensd. Storbog f 1933 i Tustra. Bur i Oslo.
6. Noralv Kjell f 1934, g 1957 Kari Johansd. Os f 1936 i Eid. Han er lærar i Tønsberg.

7. Bård Andor f 1935, g Aud Førde f 1938 i Bremanger. Han er bygningsnikkar.
8. Jarle f 1937 d 1938.
9. Øyvind Jarle f 1939, g 1961 Ingebjørg Jensd. Lillebø f 1940 i Vanylven. Han er kontormann.
10. Reidun f 1943, g 1962 Ingvald Helgemo f 1936 i Lundemo.
11. Kirsti f 1944, g Leif Holt frå Kråkerøy. Kirsti er sjukepleiar.
12. Oddveig Karin f 1945, g Nils Kristian Moe. Bur på Sætre br 105.

Nils Stave hadde folkehøgskule og husindustriskule i Haus, og alle borna har vidaregåande skule. Kona Klara var medlem av forsorgsstyret, formann i bondekvinnelaget og i husstellnemnda.

Nils Stave gjekk i snikkarlære hjå Johan Erstad og sidan i bygningslære hjå Karl J. Hatlemark. Vart sidan bygningsformann både hjå Hatlemark og hjå Orheim i Ålesund. Bygde stovehus i 1927. Ominnreidde fjøsen, bygde gjødselkum, la nytt tak på stabbur, naust og sommarfjøs. Dyrka 64 dekar jord og la ned mykje arbeid med å jamne terrenget over bekkefar. Før krigen dyrka han havre og bygg, under krigen mykje kveite. Slutta med korndyrking i 1947.

Alt i 1926 starta han eiga byggjeverksemd som han heldt fram med sidan som attåtning.

Arne Nilssen Stave f 1931.

1956 g Inga Evi Kristoffersd. Førde f 1936 i Bremanger.

Br 1961-1977

Born: 1. Ingunn f 1957, 1980 g Alf Harald Jenssen frå Harstad, f 1941.

2. Anne Karin f 1958.

3. Njål Kjartan f 1960, p br

4. Solveig f 1961, 1978 g Asbjørn Auflem frå Ullavik f 1954. Bur på Sætre br 126.

5. Kjetil Arne f 1963, fabrikkarbeidar.

6. Klara Merete f 1970.

7. Møyfrid f 1974.

Kjøpte bruket av faren, bygde løe i 1963 og eit tilbygg i 1972. Arne Stave er byggmeister. Hadde i 1977 15 mjølkekyr og 8-9 kalvar, Har slutta med sauehald.

Njål Kjartan Arnesen Stave f 1960.

Br 1977-

Fekk skøyte på bruket 1/1 1978.

Bnr 4 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1906, skyld 0,74.

Karl Johan Andreassen Erstad (Følwaplass) f 1878 d 1967.

1900 g *Kristine Rasmusd. Eltvik* frå *Selje* f 1875, d 1950.

Karl var snikkar.

Br 1906-1943.

Born: 1. *Marie Karoline* f 1901. Utvs nr 790, g *Per Nore* frå *Bryggja* i *Nordfjord*, f 1902. Bustad *Wrangel, Alaska*.

2. *Alfred Kristian* f 1903, g p br

3. *Anne* f 1906, g *Arthur Havnegjerde*.

4. *Ragna* f 1908, g *Olav Mathisen* frå *Ørskog*. Ho er nr 791 i utvs.

5. *Sofie* f 1910, bur i *Langevåg*.

6. *Agnes Jenny* f 1917, d 5 dg.

Plassen var om lag $\frac{1}{7}$ av heile bruket, og Karl fekk skøyte på plassen av *Knut Tomassen Stave* 21/9 1906.

Bnr 6 NYTUN

Utskilt frå bnr 4 i 1932, skyld 4 øre.

Alfred Karlsen Stave f 1903 d 1981.

1933 g *Kanutte Martinusd. Lid* f 1907 i *Volda*.

Br 1943-1980.

Alfred var målar. Fekk skøyte på *Nytun* i 1932, skyld 4 øre, og på bnr 4 i 1943 for 3000 kr. Kår.

Born: 1. *Magne Anfinn* f 1934, g *Ellen Nordal* frå *Skien*.

2. *Karsten* f 1936, 1958 g *Møyfrid Jørundsd. Hartveit* frå *Arna*, f 1935

3. *Agnes Inga* f 1939, 1957 g *Brage Bjarnesen Slettvoll* frå *Skaun*.
Bur i *Straumgjerde*.

4. *Borgny* f 1940, 1959 g *Kjell Pettersen Sørgard* f 1939 i *Vatne*.
Budde før ved *Vestrefjordert*. Har bygt hus på *Aursnes*. Sjå bd I s 33.

5. *Asbjørn Jarle* f 1945, 1971 g *Grethe Langlo* f 1952 på *Stranda*.
Bygt hus på *Fauske*.

6. *Kirsten* f 1950, d 1 veke.

Har bygt nytt stovehus på same tomt som gamlestova stod på. Nyehuset er frå 1933.

Bjørn Inge Bragesen Slettvoll f 1958.

Br 1980--

Han er dotterson til Alfred Stave; son til Agnes.

Bnr7 FONNAVIK I

Utskilt frå bnr 2 i 1939, skyld 1 øre.

Olaf A. Eldrup f 1891 i Trondheim, d 1971.

g. Marta Raaen frå Oslo, f 1897. Dei budde i Ålesund. Kjøpte Fonna-
vik I i 1939 og bygde hytta der. Under krigen budde dei ei tid på hytta og
av og til seinare. Eldrup var sivilingeniør i MFR.

Olaf A. Eldrup f 1929,

g Ellentina Aarseth f 1928 i Ålesund.

Han tok over hytta etter faren i 1951. Var sjøkaptein og rederisjef frå
1964. Bustad Hatlane. Selde Fonna-
vik til Petra Nilsd. Skrede f Stave
i 1966. Dei bur i Holmøyane. Eid.

Slekta Eldrup er dansk. Den første i slekta i Norge var
tømmermann og kom frå Danmark i 1793.

Bnr 8 BJERKELI

Utskilt frå bnr 2 i 1940, skyld 30 øre.

Alfred K. Stave

Sjå bnr 4 og 6. Den som eig Bjerkeli no bur i Amerika. Det er Knut
Nilssen Stave. Ingen bur på bnr 8 no.

Bnr 9 FONNAVIK II

Utskilt i 1941 frå bnr 2.

P. A. Eldrup

Sjå bnr 7, Bnr 7 og 9 vart samanslegne.

Bnr 10 ELVETUN

Utskilt frå bnr 2 i 1957, ca. 2 dekar, skyld 1 øre.

Bård Andor Nilssen Stave f 1935.

1957 g Aud Klara Kristoffersd. Førde f 1938.

Born: 1. Sølvi f 1958.

2. Nora Karete f 1960.

1. Yngve André f 1963 d 1977.
Bygde stovehus i 1957.

Bnr 11 BJØRKLUND

Utskilt frå bnr 2 i 1960, skyld 1 øre.

Øyvind Jarle Nilssen Stave f 1939.

1961 g Ingebjørg Josefine Jensd. Lillebø f 1940 i Vanylven.

Born: 1. Beate Kristin f 1963.

2. Rose Irene f 1965.

Øyvind har handelsutdanning og er kontorsjef i Stave Bygg A/S. Bygde våningshus i 1964.

Bnr 12 LAGERPLASSEN

Utskilt frå bnr 2 i 1962, skyld 1 øre, Stave Bygg A/S. Sjå bnr 15.

Bnr 13 HEIMLY

Utskilt frå bnr 2 i 1962, skyld 1 øre.

Knut Nilssen Stave.

Bnr 14 SJØTOMTA

Utskilt frå bnr 2 i 1966 skyld 1 øre.

Knut Nilssen Stave. Sjå bnr 2.

Bnr 15 SJØTOMTA I

Utskilt frå bnr 2 i 1975 som industritomt til

Stave Bygg A/S

for 10.000 kr. Firmaet starta i 1955. Dei leigde Erstad kai og bygde eit skur der. Stykket som vart utskilt frå bnr 2 i 1956 var på 3 dekar. Fabrikkjen som den er i dag er frå 1973. Dei har 14 tilsette i alt. Dei har ei ferdigbetongavdeling, og lagar elles vindauge og yttervegger. Kring halvparten av produksjonen vert selt innanbygds. Resten går mest til kystdistrikt med forhandlarar t.d. i Måløy og i Førde.

STAVE.

Bruk A (= Bnr 1), 3, 5,

Bruk B

Bruk C, 2, 4, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15.

Til innhald

Gnr 39 SÆTRE

Namnet kjem av gn. setr = bustad, truleg av dativ eintal. Eldre skrivemåtar som Setter må ikkje få nokon til å tru at det har noko med seter å gjere. Av eldre skrivemåtar kan nemnast Setter (1603), Settere (1606), Settre (1626), Zetter (1631) (Bhl pk 60), 1705 Seter, 1724 Sætter (matr. bd 150), 1724 Sæter (matr. bd 151). I matr. 1890 står Sætre, men i rubrikk for merknader: Alm. skrevet Sæter.

Sætre ligg om lag like langt frå munninga som frå botnen (enden) av Sykkylvsfjorden, står det i ei åstadssak frå 1844. Og det kan vel vere nokolunde rett, men munninga av Sykkylvsfjorden er vel ikkje heilt lett å stadfeste.

Som på dei fleste gardane på Sørestranda er terrenget noko bratt. Garden grensar mot Stave i sør og mot Hellen og Ikornnes i nord.

På Sætre har der vore to hovudbruk iallfall frå tidleg på 1500-talet, og dei har vore mellom dei bruka i bygda som hadde høgst skyld. Garden vart rekna for ein god korngard, og av «tilliggende herligheter» var der lenge eit lakseverpe.

I innleiinga til Stave er nemnd ein tvist om beite mellom Stave på den eine sida og Sætre og Hellen på den andre. Det var i 1747. Knapt hundre år seinare var der ein annan tvist mellom Sætre og Stave, og då var det laksefisket det galdt.

Det var Sætre-karane som gjekk til sak. Stavekarane hadde prøvt seg med laksefiske i fjorden nokre år frå 1810, men fekk lite og slutta, utan at det den gongen hadde vorte sak av det. Men då dei hadde drive med laksefiske på nytt kring 1840, ville Sætrekarane ha slutt på det fordi det var til stor skade for det gamle lakseverpet på Sætre. Lars Olsen Sætre, då 61 år, hadde sjølv vore med på slikt fiske i 45 år, og far og farfar hans hadde fortalt at det hadde vore drive «i umindelige tider». Ole Ellings. Ekornes fortalde at han for lang tid sidan hadde vore med å fastsetje skylda på gardane og at dei då tok omsyn til laksefisket på Sætre. Under synfaringa fann dei at det var ca. 480 alen frå den staden stavekarane hadde fiska, til lakseverpet på Sætre. Laksen kom for det meste langs

Stave, Sætre og Hellen sett frå Erstad 1982.

stranda sunnanfrå, forbi eit nes på Stave og ut mot Sætre. (Ekstrarettsprot. nr 2 Nordre Sunnmøre 1844-1850.) Nokon dom i saka har eg ikkje sett, men seinare har der ikkje vore tvistar om laksefisket her.

I 1859 var der ei voldgiftsavgjerd av ein tvist mellom Sætre, Stave og Hellen, i 1896 eit grensevedtak om utmarka mellom Sætre, Hellen, Ikornnes, Jarnes, Blakstad og Tusvik. Same året eit forlik om grensa mot Hellen.

I åra 1910-1916 var der utskifting av torvmyrane til Sætre og Hellen, med Gerhard Grønningsæter som utskiftningsformann og Jens J. Gjævenes og Fredrik Fet som lagrettemenn. Dei fekk til ei samling på 9 teigar til saman på dei 5 brukarane på Sætre og den eine på Hellen.

I 1921 var der makeskifte på Sætre mellom dei to hovudbruka. Det var små stykke oppe ved bøgarden som vart utskifte, mest slikt som var innlagt frå utmark.

Sambeitet på bøen vart det slutt med kring 1910. Småhøymarka vart inngjerd og mest nytta som beite.

Mot Stave har der vore gjerde både i inn og utmark, frå Blåfjell og ned til sjøen. Der var og gjerde i utmarka mot Ikornnes, og mellom seterhamn og heimehamn. Seterdrifta slutta dei med i 1942.

Dei to hovudtuna låg før nær kvarandre ut mot bakkekanten opp for sjøen. Kring 1880 flytte bnr 2 lenger ut og opp.

EIGARAR

I biskop Gaute si tid (1474-1510) gav Sigrid Endresdotter garden Sætre til bispestolen i Nidaros for sjelemesse for seg. Dette er nemnt på ein av dei lause lappane som Munch fann innlagde mellom pergamentarka i Aslak Bolts jordebok då han førebudde trykking av jordeboka, der det er nemnt s. 127. På lappen stod årstalet 1521. Også i erkebisp Olav Engelbrektsens jordebok (ca. 1530) er det nemnt at 1 kyrlag i Sætre høyrde til St. Olavs jord. I 1515 åtte Ørskog kyrkje 1 mællag i Sætre.

Ved reformasjonen vart Sætre krongods, som det òg vart kalla i 1626. I 1637 hadde nokre embetsmenn og borgarar i Bergen, som hadde hjelpt kongen med pengar, fått retten til Sætre og fleire andre gardar i Valde skipreide. I 1640-åra vart Sætre oftast kalla krongods, men stod framleis som pant for den «sølvforstrækning» kongen hadde fått. I 1649 skøytt kong Fredrik III garden over til svogeren Hannibal Sehested, statthaldaren i Norge. «Samme år og dag» makeskifte Hannibal Sehested garden Sætre og andre gardar med kongen og fekk anna jordegods i staden.

I 1651 er Maritte kyrkje førd som eigar, og i 1661 hadde Hareid kyrkje fått eigedomsretten til 2 mællag i Sætre. Slik var eigedomstilhøva i lang tid framover.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr frå eldre til yngre: 137, 144, 139, 100. Garden skatta i 1615 av $2\frac{1}{2}$ v 4 mk fiskeleige. I 1640-åra var skylda 3 v, og i 1651 $3\frac{1}{2}$ v og garden var i halvgard skatteklasse. I 1661 var skylda auka til $3\frac{1}{2}$ v 18 mk, i 1714 3 v 2 pd 6 mk (som er det same), i 1742 $3\frac{3}{4}$ v, med 1 v 3 mællag 9 mk på kvar brukar, sidan oftast skrive 1 v 2 pd 15 mk.

Den nye skylda i 1838 vart 3 skylddrl. 3 skill. på kvart bruk, løpenr. 320 og 321. I 1890 rev. til M 5,27 på kvart bruk.

Tienda: Kvar brukar la i 1639 $1\frac{1}{2}$ mæle korn, i 1642 $5\frac{1}{2}$, f j, og i 1666 til saman $3\frac{1}{2}$ t havre, $\frac{1}{2}$ t bygg og 1 pd 8 mk ost. I 1706 var tienda $3\frac{1}{2}$ t havre, $\frac{1}{2}$ t bygg og 1 pd 8 mk ost, alt betalt i kontantar, med 4 ort for kornet og 4 skill. for ost.

1717: $3\frac{1}{2}$ t havre, 4 skjepper bygg, 1 pd 8 mk ost eller 48 skill. I 1767 som i 1706.

Leidang-skatten var i 1612 1 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1614 1 geiteskinn 3 kalveskinn, i 1633 1 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1666 og 1667 1 geiteskinn, 4 kalveskinn, i 1714 5 ort 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1521: 2 mann

1603: 2 mann

1626: 2 mann. Sår 7 t.

1657: 2 mann. Buskap: 2 hestar, 18 kyr, 12 sauer, 14 geiter.

1666: 2 mann. Sår 10 t avlar 40 t, fôrar 2 hestar, 36 kyr. Brenneved.

1714: 2 mann. Sår 8 t havre 1 t bygg, avlar 35 t havre, 6 t bygg, fôrar 2 hestar, 24 kyr.

1724: 2 mann. Sår 1 t bygg, 8 t havre, avlar 5 t bygg, 32 t havre, fôrar 2 hestar, 16 kyr, 14 ungfe, 16 sauer og 14 geiter. Ringt brennefang. Seter ¼ mil frå garden, 2 små bekkekværnar. Garden ligg ved sjøen, er lett vunnen og viss til korn.

1770: 2 kværnar.

1791: 1 kvern, 1 lakseverpe.

1802: 2 mann. Kvart bruk sår 1½ t havre, 1 t blk, 1½ t bygg, avlar 6 foll. Fôrar 1 hest, 9 storfe, 25 småfe. Kvart bruk taksert til 263 rd. Har litt furuskog og nok brenneved. Sommarbeitet strekk ikkje til. Kornavlinga årvis. Jordbruket er utskift frå teigbyte. Garden har litt laksefiske i eit usikkert verpe.

1845: 2 mann. Sår 2 t bygg, 4 t blk, 6 t havre, 2 t poteter. Fôrar 2 hestar, 20 kyr, 28 sauer, 12 geiter og 2 griser.

1865: Sår 1 t bygg, 6 t blk, 10 t havre, 5 t poteter. Buskap: 2 hestar, 23 kyr, 37 sauer, 21 geiter, 3 griser.

1875: 1 hest, 1 fôl, 19 kyr, 14 kalvar, 25 sauer, 26 geiter, 3 griser. Sår 6 t blk, 13 t havre, 11 t poteter.

BRUKARAR

Gudmund på Setter

Han la i tiendpenningskatt i 1520 1 quintin sølv, 2 pd rosk. (1 kvintin = ¼ lodd, 1 lodd = 20 skill. i pengar, rosk. = råskjær, tørrfisk.)

Oluf

Tiendpenningskatt 1520 1 lodd sølv.
(Norske regnskaber og jordebøker II s. 104-105.)

Det er uvisst kva for eit bruk kvar av desse hadde. Eventuell skyldskap med seinare brukarar er også ukjend.

Bnr 1 OLAGARDEN

Tore Jakobsen

Br 15. -1611, enkja til 1613.

I 1603 åtte Tore 5 mællag jord som han ikkje brukte sjølv og la 20 skill. i odelsskatt. I 1603 la han 3 års bygsel av den jorda han brukte, som var 1½ v eller 6 mællag. Han dreiv òg sagbruk, skar i 1603 40 tylfter. (Bhl pk 4.) I 1610 hadde den jorda han åtte minka til 2½ mællag. Han døydde i 1611, og enkja var same året med å reie ut Ellend Ekornes til Kalmar-krigen (ein annan gjekk ut i staden). Enkja vann ikkje med å drive bruket skikkeleg, så det var vanstelt då neste brukar tok over.

Peder Olsen Hellen

Br 1613-ca. 1667.

Han la 8 rd i 1. bygsel for 1½ v i Sætre. Alt på denne tida var der lakseverpe på Sætre med skyld 1 v fisk. I 1616 var 3. bygsel-avgifta for sjølve bruket 3½ ort. I 1617 skatta Peder av 2½ mællag odelsgoods.

I 1635 vart han saman med mange andre bøtelagd for «krogvads brug» i fiske. I 1645 la han koppskatt for seg og kona, ein son og ei tenestjente. I huset budde òg ein mann David med kone. Han vart her kalla «schinder», i 1653 «feldbereder». Nemninga «skinner» var stort sett gått av bruk på 1600-talet, fordi yrket vart delt i fleire spesialitetar, m.a. «fellbereder». Men i dette høvet er dei to nemningane brukt om same mannen, og David laga vel skinnfellar og klede av skinn. I 1657 la Peder 107 skill. i krøter-skatt for 1 hest, 1 okse, 9 kyr, 7 sauer og 6 geiter. Peder var lagrettemann. Sonen som er nemnd i koppskattlista var truleg fødd det året (1645) og var neste brukar. David flytte til Davenes.

Ole Pedersen Stave f ca. 1645.

Br ca. 1667-ca. 1670.

Grunnen til at han slutta som brukar berre 25 år gammal kjenner vi ikkje til.

Johannes Isaksen f ca. 1640 d 1709.

g Gjøri Tomasd. Riksheim f ca. 1680 d 1745, sk. 8/1 1746.

Br ca. 1670-1709.

Born: 1. Anne f ca. 1706, g Lars Myklebust.

2. Elisabet (Lisbet) f 1707, dp i Borgund.

3. Johanne f 1709, g 1745 sersjant Elias Hanssen Aure f Tippen.

Bd 1 s. 395.

Johannes var truleg gift to gonger, men namnet til 1. kona er ukjent.

Han brukte 7½ mællag, som var Margrete Prebendegods, benefisert prestebordet ved Nykirken i Bergen.

Sk. etter Johannes 29/5 1709: 1 djupt tinnfat, 1 flatt tinnfat, 1 tinn smørkanne, 1 kvern, 1 gammal fjørendfar med segl, 2 nye torskegarn, naustet ligg til konas «åbod», 9 vaksne kyr, 3 kviger, 2 kalvar, 1 brun hest, 16 sauer, 10 geiter, tjøreved for 5 rd, 1 børse, 1 tasak, 6 t korn. Brutto 98 rd, netto 91 rd.

Enkja gifte seg att med

Hans Olsen Stave (Ytre) f ca. 1681 d 1745.

Br 1710-1742.

Det var Abelset-folk som gav han bygselsetel i 1710 og nytt festebrev i 1720. Det må vere på vegne av Nykirken i Bergen.

Born: 1. Ole f ca. 1715, 1755 g ek. Marie (Iversd.?) Ytrevik.

2. Gjøri f ca. 1717, g p br

3 Berte f ca 1719, 1750 g Knut Anderssen Jarnes (br 1) f 1729.

I 1711 la han lønskatt for både dreng og tenestjente (med løn 1½ rd og 1 rd) og under skoskatt er ei dotter nemnd. (Futerekneskap.)

Sk. 8/1 1746 både etter han og kona. Brutto knapt 36 rd, gjeld vel 9 rd. 1 børse og kårde, 4 kyr, 5 sauer, 3 geiter.

I 1710 er nemnd ein fattig husmann her, Knut.

Paul Paulsen f ca. 1698 d 1752.

1744 g Gjøri Hansd. Sætre (ca. 1717-1778).

Br 1742-1752.

Born: 1. Paul f 1745, til Løset R br 2 1779.

2. Sigri f 1748, d 6 veker.

3. Hans f 1750, d 1 år 9 mnd.

4. Hans f 1751, flytte til Ikornnes Indre (br 1).

I 1747 skreiv han under ein kontrakt om fedrift med grannane (sjå innleiing). På sommartinget i 1749 melde han og grannen at «deres bygglede brugs husevåninger med deres klær og andre eiendele tirsdagen den 13. mai ved en ulykkelig og ganske uformodentlig ildebrand var lagt udi aske». Dei miste alt, bortsett frå løene og ein liten fjøs. (SSTb nr 20.)

Gjøri (Gyri) Hansd. g 2. med

Ole Olsen Festøy f 1726 d 1806.

1753 g Gyri (sjå ovanfor).

Br 1753-1781.

- Born: 1. Ole f 1754, g p br
2. Elias f 1757 d ug 1804, tente hjå broren.
3. Paul f 1759, d 18 dg

I Festøy var der frå gammalt av eit stort lakseverpe, så Ole var van med det fisket. På Sætre la han 24 skill. årleg i skatt av lakseverpet der, saman med grannen.

I 1777 gjekk Sætre-karane til sak mot Myrset-karane. Det starta med at Lars Myrset tok hestane deira heim til Myrset frå utmarka, Myrset-karane gjekk til motstemning, og saka vart utsett eit par gonger før domen fall i 1778: «Citanterne i denne sag har for hinandens tiltale frie at være. Processens omkostninger ophæves.» (SSTb 6 s. 177-178.)

Sk. etter Gyri 1779: Brutto 125 rd, gjeld 34 rd. Sk. etter Ole 1806: Brutto 37 rd, gjeld ca 6 rd.

Ole Olsen Sætre d.y. f 1754 d 1800.

1781 g Berte Jonsd. Fet (Hansg.) dp 23/1 1757, d 1826.

Br 1781-1800, enkja til 1801.

- Born: 1. Lars f 1782 (unemnd i 1801).
2. Lars Olaus f 1784, g p br4.
3. Jan f 1786, d 4 veker.
4. Olave f 1787, d etter nokre timar.
5. Gjøri f 1788, d 1828, 1814 g Ole Larss. Lade f 1789.

Ole fekk bygselsetel frå presten Astrup 1/10 1781. Var ikkje sterk og gjorde ikkje militærtjeneste. «Dygtig i nødsfald» (1780). Sk. 1800: Brutto ca. 178 rd, gjeld ca. 24 rd. Enkja gifte seg i 1802 med Jørgen Jetmunds. Brøvoll, men neste brukar på Sætre var

Lars Olaus Olsen Sætre f 1784 d 1849.

1805 g Guri Jetmundsd. Brøvoll f 1780 d 1865.

Br 1801-1834.

- Born: 1. Johanne Oline f 1805, 1825 g Ole Elias Ols. Nedre Søvik.
2. Ole Johannes f 1807, d 1868. Først g p br, sidan til Straumgerde.
3. Lars Petter f 1820, d 8 dg
4. Lars Petter f 1823, 1845 g Berte Petrine Hansd. Midtgård (Toreg.) f 1826.

Då Lars tok over bruket i 1801, fekk Jetmund Brøvoll kår, utan å ha vore brukar av garden, og før han gifte seg med enkja etter Ole Olsen.

Jørgen Jetmundsen Brøvoll var skrivekunnig, takstmann ved skifte og stemnevitne. I 1834 var han gammal og «skrøpelig» og vart avløyst som stemnevitne av Jetmund Ottesen Glomset, son til lensmannen.

Lars Olsen la i 1827 2 mæler havre i korntiend og 8 skill. for ost.

Ole Johannes Larssen Sætre, dp 1/1 1808 d 1868.
g 1834 Severine Jensd. Strømmegjerde f 1817 d 1897.
Br 1834-1841.

Born: 1. Jensine Lovise f 1836 d 13 veke.

2. Jensine Lovise f 1838, g Peter Severin Petersen Fet. Ho ervde brukett på Sætre, men hadde ikkje skøyte på det.

3. Jens Johan f 1842 i Strømmegjerde, g der.

Ole fekk kongeskøyte på bruket 28/11 1834. Kår til foreldra 20/10 1835. Sjølv fekk Ole Larssen kår av Sætre-bruket då han bygsla det bort i 1841 og flytte til Straumgjerde. Der la han kår til Martinus Gulliksen Tjønes. Ole Larssen vart stemnd for forlikskommisjonen for skuldig landskyld til Hareid kyrkje for 1834-1838 med 1 ort årleg. Han svarte at der ikkje i manns minne hadde vorte kravt landskyld til Hareid kyrkje. Bygslar av bruket vart så

Ole Tormodsen Grebstad f 1806 d 1887.

g Anne Berntsd. Myren f 1820 i Norddalen, d 1909.

Br 1841-1869.

Born: 1. Peter Johan f 1841 i Akslevoll, d 1921. Han budde på Aurdal.

2. Tomasine f 1851, g 1876 Paul Simonsen Hustad f 1851.

«Anne var omete på slutten, men fole snilde.»

I 1841 vart Ole vald til styrar av Jarnes kornmagasin i staden for Ole Larssen Sætre.

I 1845 sådde han 1 t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Fødde 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 6 geiter og gris. Det var denne Ole bruket fekk namn etter.

Matr. føreb. i 1860-åra: 28 dekar åker og dyrka eng av «meget god beskaffenhet», 92 dekar natureng får same gode karakter, meir jord kan dyrkast. Sånad: $\frac{3}{4}$ t bygg, 3 t blk, 5 t havre, 3 t poteter. Avling: 5 t bygg, 18 t blk, 26 t havre og 21 t poteter. Buskap: 1 hest, 10 storfe og 26 småfe. Hamnegangen er mindre god, strekk knapt til. Skog til husbruk. Lægjet til sjøen er godt, men til veg «besværlig»! Lettbrukt. Ole og kona fekk kår av enkja etter eigaren Ole Larssen Straumgjerde i 1869, og same året bygsla enkja, Jensine, Sætre-bruket bort til

Jens Nilssen Midtgård f 1837, d 1912.

1869 g Johanne Marie Olsd. Myrset (Peg.) (1850-1887).

1892 g ek. Magnild Fredriksd. Skarbø f Lindset, Skjåk 1849 d 1932.

Br 1869-1897.

Born: 1. Marte Olave f 1871 d 1945. Ho hadde barn Johanne Karoline

- f 1892 (far: Hans Hanss. Indre Ekornes br 1 f 1870).
- 2. Olave Karoline f 1873 d 1874.
- 3. Ole Andreas f 1875, g p br
- 4. Ole *Severin* f 1878, 1903 g ek. Ingeborg Marie Pettersd. Stave f Reite 1877. Budde på Stene på Ørskog. Skomakar.
- 5. Olivia Susanne f 1881 d 1883.
- 6. Johan Bastian f 1884, utvs nr 891. Barn: Elias Hjalmar f 1903 (mor: Olivie Olsd. Riksheim f 1885).
- 7. Jensine Marie f 1892 d 1893, ½ år.

Jens Nilssen var ein av dei 4 frå Sykkylven som drog av stad for å hjelpe Danmark i krigen mot Preussen i 1864. Dei reiste med åttring til Lærdal, derifrå til fots over Hallingdal til Kristiania. Så til Gardermoen, der dei vart verande nokre veker til fredsslutninga.

I 1875 sådde Jens 3 t blk, 5 t havre og 4 t pot. Fødde 1 føl, 6 kyr, 5 kalvar, 6 sauer, 7 geiter og 1 gris. Kårmannen Ole hadde 3 kyr, 4 sauer og 4 geiter.

Det var Jens som bygde husa på Sætre, med Ole Myrset, Johan Aure og Dynhaug-Jens som bygningsmenn.

I 1881 skulda Jens kr 29,78 i jordavgift til Nykirken i Bergen. Saka kom til forlikskommisjonen, men vart ikkje avgjort der.

Etter at Jens døydde sat enkja Magnild i uskift bu.

Ole Jenssen Sætre f 1875 d 1921.

1897 g Johanne Marie Petersd. Riksheim br 1 (1876-1901)

1906 g Oline Bastiane Styrkersd. Hundeide (1881-1970).

Br 1897-1921.

Born i 1. ekteskap:

- 1. Peter Johan f 1898 d 1977, 1923 g Lovise Olsd. Brunstad f 1898. Gbr Riksheim (Krisseng.)
- 2. Marie Josefine f 1899, 1921 g Hans Petersen Tandstad f 1885.
- 3. Jens Karolus f 1901 d 1948. Utvs nr 895.

Born i 2. ekteskap:

- 4. Johan Oluf f 1907, g p br
- 5. Sverre f 1908, utvs nr 896.
- 6. Martin Artur f 1910, fabrikkarbeidar, 1942 g Marie T. Lyngstad frå Nordmøre, f 1911 i Eide.
- 7. Berte Johanne f 1911, 1934 g Peter Peters. Alnes f 1909. Bustad Alnes.
- 8. Johanne Marie Birgitte f 1913, 1942 g Johan B. Sætre f 1897, utvs nr 879. Br 3 og 7.

9. Tea Petra f 1914, 1940 g Petter Larss. Lade f 1908. Bur Vik bnr 44.

10. Olga f 1921, 1945 g Alf Eliass. Røyset f 1920. Bur Sætre bnr 12. I 1899 protesterte Ole då Jensine Olsd. Fet ville ha rett til å selje bruket til den ho sjølv ville og rett til å setje bruket i pant. Men i 1901 fekk Ole kjøpe bruket for 3600 kr mot kår både til foreldra og til enkja etter Ole Tormodsen, Ane Berntsd. Han skulle òg betale den lause landskylda. Jordavgifta til Nykirken i Bergen var 1 t 7 skjepper 2 fj bygg. Hareid kyrkje hadde enno landskyldsrett til 18 mk utan bygsel.

I 1910 brann låa ned. Det var eit par av smågutane som leika med fyrstikker. Eit trerøringssegl brann opp då dei prøvde å sløkkje brannen.

Låa vart oppattbygd i 1911 innanfor elva. Den som brann ned stod tett nedanfor stovehuset. Tømmeret til nyelåa vart hogd «fram i Rima». Byg-ningsmenn var Tomas Utgård, bror til Oline, kona på Sætre; Bastian og Lars Erstad. Den tida var det 10-timars dag. Dagløna var 2 kr og maten.

Johan Olsen Sætre f 1907.

g 1934 Julie Larsd. Lade (Jog.) f 1912.

Br 1921-1973.

Born: 1. Ole Karsten f 1935, g p br

2. Einar f 1938, g 1964 Lise Marie Leifsd. Melset (br 7) f 1944. Han er elektrikar. Bur på Fauske.

3. Oddny f 1940, g 1962 Kjell Tveit frå Gulen f 1931. Han er elektroteknikar.

4. Lars Martin f 1943, g Ragnhild Nymo. Bustad Målselv. Han er matros i utanriksfart.

5. Else Marie f 1943 (tvill.), g 1964 Erling N. Rødal frå Fjørå. Bygningsmann.

6. Jostein f 1947, g 1970 Aase Petra Wick f 1950 i Ålesund. Han har handelsutdanning. Bustad Sætre br 112.

7. Haldis f 1953, d 1 mnd.

8. Ragnhild f 1954, g 1973 Andreas Grimstad f 1951. Sjø bnr 102 Sætre.

Johan fekk skøyte frå mora. Kår. Dyrka ca. 25 dekar jord, d.v.s. alt innanfor Rogndalsgrova frå sjøen og opp til sommarfjøsen som han bygde i 1962. Selde Osparongen til broren Martin i 1934. Også til andre selde han jordstykke seinare. Han bygde silo i 1940. I 1958 hadde stovehuset, som vart bygt i 1882, enno torvtak. Då utvida Johan huset og moderniserte det. Bygde to arker og la skifertak på huset.

I yngre år dreiv Johan fiske som attåtning. Han var glad i folke-musikk og gammaldans og var ivrig medlem i ungdomslaget.

Ole Karsten Johansen Sætre f 1935.

g 1958 Ingrid Johanne Jensd. Hjelle f 1929 på Stranda.

B r 1973-

Born: 1. Johnny f 1958

2. Irene f 1962

Bygde stovehus i 1959. I 1974 vart eit stykke av bruket utskilt til det kommunale byggjefeltet Sætre/Hellen og fekk skyld 18 øre.

Ole Karsten har drive fabrikk arbeid som attåtning.

Bnr 3 LILLEGJERDET

(I daglegtalet mest kalla BERNPLASSEN.)

Bernt Larssen Straume f 1844 d 1911.

g Marie *Karoline* Jakobsd. Straumgjerde (1851-1913).

Br 1869-1892.

Barn: Olave Bastiane Tomasine f 1871, g p pl.

Karoline var dotter til Jakob Strøm i Ålesund, utvs. nr 843. Ho kom frå

Ålesund 7 år gammal og voks opp i Nedstegjerde.

Første vinteren fôra dei 1 sau, men dei dyrka opp stykket etter kvart. I 1875 fødde dei ei ku og to sauer, og sådde 1 t havre og 1 t poteter.

Bernt betalte 2 spd årleg til jordrotten (Jensine Fet), og pliktarbeidet til leigendingen var ei veke i slåtten. Bernt skulle ha rett til brenneved av or og einer frå Hjellhaugteigen og «nest synste Aksleteig». Stykket var frå først av 13 dekar, men eit par år seinare fekk han eit dekar til mot 3 arbeidsdagar i skuronna.

Utanom plassen var Bernt mykje vekk på murararbeid. Om vintrane var åttringen og storhavet arbeidsplassen. Han var med på båtlaget til Ingebrigt H. Strømme.

Siste året han og kona dreiv plassen åleine, var Bernt og familie på basar på Hellen ein dag i januar. Medan dei var der, brann stova Bernt hadde bygt, ned til grunnen. Løa vart redda fordi snøen sløkte elden.

Ole Bastian Karlsen Kurset f 1869 d 1936.

1892 g Olave Berntsd. Sætre f 1871, d etter 1941.

Br 1892-1933.

Born: 1. Berte Marie f 1893 d 1968. Strikkerske.

2. Karl Edvart f 1895, utvs nr 880, g 1920 Olave Marie Pettersd.

Hjørhol f 1897.

3. Johan Olai Martinus f 1897, g p br

4. Petra Olivia f 1906, d 1 dg

Bastian var son til Karl Berntsen Tu og Oline Olsd. Nedre Kurset.

Dei første åra dreiv han plassen saman med svigerforeldra. I 1904 kjøpte han plassen av Jensine Fet for 1200 kr. Seinare selde ho meir, slik at bruket vart på ca. 43 dekar.

Plassen som foreldra til kona hadde brukt, vart utskilt frå bnr 1 i 1897 med skyld 0,88.

Også Bastian og kona var på basar då stovehuset brann ned. Bastian fekk tak i eit hus på Sve på Stranda, og det flytte dei til Sætre i robåtar. Ny løe bygde dei i 1901.

Fiske dreiv han mykje både vinter og sommar. Likevel dyrka han så mykje jord og dreiv bruket så godt at han fekk diplom frå landbruks- selskapet for framifrå gardsdrift.

Johan Bastiansen Sætre f 1897 d 1978.

1942 g Johanne Marie Olsd. Sætre f 1913,

Br 1933-1973.

Born: 1. Bastian f 1943, p br

2. Vigdis Marie f 1946, 1971 g Per Knardal. Bustad Rovde. Begge er lærarar.

3. Odd Egil f 1948, 1970 g Margreta Alvestad. Sjå Sætre/Hellen byggjefelt br 71.

Etter framhaldsskulen var Johan i 10 år fiskar på Norskekysten og ved Island og var medeigar i båtar frå 1918. Til Canada, utvns nr 879. Då han kom heimatt kjøpte han 11½ dekar av bnr 1. Det fekk namnet Vollen og *bnr 7* med skyld 0,39. Bygde nytt stovehus i 1934. Gav kårbrev til foreldra, som fekk bu i 1. etasje i den nye stovebygninga og bruksrett til eit jordstykke på Reitebakken.

Har hatt ein god del arbeid ved Ekornes Fabrikker. Likevel har han med moderne reiskap dyrka mykje jord.

Bnr 7 Vollen grensar i nord til bnr 3 Lillegjerde, som han tok over etter foreldra.

Johan B. Sætre skreiv ned det han kunne minnst om kven som budde på gardar og plassar på Sørestranda då han voks opp. Han hadde berre godt å seie om alle, og det fortel mykje om han sjølv.

Bastian Johansen Sætre f 1943.

Br 1973-

Kjøpte begge bruka av faren i 1973 (bnr 3 og 7).

Bnr 55, Reitebakken, vart utskilt frå bnr 3 i 1972 til broren Odd Egil Sætre, men han lét det gå innatt i bnr 3 året etter, og det vart ikkje bygt på bnr 55.

Bastian har vore med på å byggje veg til Sæsetra. Held på å rydde eit stykke på over 20 dekar som skal grøftast og nydyrkast.

Elles har han hatt mykje å gjere utanom gardsdrifta. Hadde frå 1969 deltidsjobb som kontrollassistent for Sørestranda, men sidan 1975, då alle fire kontrollaga i Sykkylven vart slegne saman, tok han over som kontrollør åleine. For tida (1980) er 48 mjølkebruk med i kontrollen, og det er vel noko over halvparten av alle bruk som har kyr no.

Bnr 8 HEIMTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1944, skyld 0,40.

Martin Olsen Sætre (1910-1980).

1942 g Marie Tollefsd. Lyngstad f 1911 i Eide.

Br 1942-1980

Barn: Terje f 1945, g 1965 Hanna Lisa f 1945 på Andenes i Lofoten. Han er ingeniør og dei bur i Ørsta.

Martin kjøpte denne parsellen, som ligg på Osparongen, i 1934, bygde stovehus der i 1953 og løe i 1956. Dreiv i lang tid sildefiske utanfor Mørekysten. Også fabrikkarbeid ved Ekornes Fabrikker i etterkrigstida fram til 1973.

På plassen dreiv han sauehald i tida 1956-1980.

Bnr 9 FREDLY

Utskilt frå bnr 1 i 1946, skyld 1 øre.

Ole Elias Olsen Emdal f 1906.

1936 g Oddlaug Fredriksd. Drabløs f 1914.

Born: 1. Håkon Arnstein f 1936, g 1956 Karin Johanne Jensd. Hauge f 1938 i Bremanger. Han er disponent v/ Emdal Transport.

2. Oddhild Johanne f 1937, g Henry Knutsen f 1935 i Arendal. Bustad Tromøy. Begge har akademisk utdanning og arbeider i skulen.

3. Arne Fredrik f 1941, g 1966 Hilde Holstad f 1945 på Hareid. Bur der. Er tekniskar.

4. Bjarte Sindre f 1946, g 1971. Åshild Oline Grebstad f 1953. Han er sjåfør. Bur på Ikornnes,

5. Olav Elias f 1948, g 1971 Anne Marie Reite f 1952. Bustad Herøy. Han er adjunkt, ho bankfunksjonær.

Ole Elias Emdal har vore lærar i grunnskulen og framhaldsskulen, ei tid sløydlærar i heile bygda, og 1961-1974 styrar ved Jarnes skule.

Bnr 12 RØYSETBU

Utskilt frå bnr 1 i 1950, skyld 1 øre.
Alv Eliassen Røyset f 1920 på Hareid.
1947 g *Olga Olsd. Sætre* (br 1) f 1921.
Born: 1. *Grete* f 1949, sjå nedanfor.
2. *Egil Olav* f 1953
3. *Oline* f 1959, d 2 dg

Bnr 29 RØYSETBU II

Utskilt frå bnr 1 i 1968. skyld 1 øre.
Alv Røyset. som er fabrikkarbeidar, selde dette br. i 1977 til
Victor Marelius Williamsen f 1946 i Loppa.
g *Grete Alvsd. Røyset* f 1949.
Barn: *Roger Marelius* f 1977.
Bestmann på kraftnotsnurpar som driv på Barentshavet.

Bnr 46 BAKKERO

Utskilt frå bur 1 i 1971, skyld 1 øre.
Lars J. Jarnes;
Hyttetomt med hytte bygd i 1958 ved fremste Sæssvatnet. Kjøpt av *Johan O. Sætre*, bnr 1. (Sjå *Jarnes* bnr 7.) Huset var opphavleg gamlestova på *Sætre* bnr 3. *Olger Åsen* på *Ikornnes* kjøpte denne stova då *Johan B. Sætre* bygde nytt hus i 1934. *Olger* sette stova oppatt i ein skogteig som *Johan O. Sætre* eig. Huset vart sett opp øvst i setremarka på ein stad dei kallar *Brune*. *Olger Åsen* selde det til *Per Fauske*, som etter nokre år selde til *Anders Ribemo*. Dei brukte hytta i påska og om sommaren. Vart no *bnr 117 Einebu*, skyld 1 øre.

Bnr 2 KNUTGARDEN

Ei enkje
Br ca. 1602-1610.
Det kan vere den same som i ei kjelde er kalla *Synneve*, men då nemnd *Stave*, der det ikkje «er plass til» ei enkje i desse åra. Dei siste åra var ho brukar saman med

Ole Jakobsen

Br 1610-1611.

Han la 1. bygsel av 4 mællag i 1610. Men alt året etter vart han utreidd til Kalmarkrigen og kom vel ikkje att.

Ei enkje

BR 1611-1615 ($\frac{2}{3}$ av bruket).

Det er uvisst, men sannsynleg, at det var same enkja som dreiv bruket før og etter Ole Jakobsen, som kanskje var son hennar. Den delen av Knutgarden enkja ikkje brukte, vart brukt av

Peder Jenssen

Br 1612-1615 ($\frac{1}{3}$ av bruket).

Han la 5 rd i 1. bygsel av 2 mællag i 1612. Truleg er han identisk med ein Peder Setter som var eigar av 1 mællag jord og skar 80 tylfter bord i 1613. I 1612-13 la han $1\frac{1}{2}$ mæle i korntiend, men året etter er tienda førd på enkja att. (Bhl pk 1.7.)

Ole Pedersen Riksheim.

Br 1615-ca. 1667.

Han tok over både etter enkja og etter Peder Jenssen og brukte 7 mællag. Dei to bruka på Sætre var jamstore. I 1645 la Ole koppskatt for seg og kona og ei tenestjente. I brukstida hans er der i 1630-åra nemnd ein husmann Ingebrigt. Ole la i 1657 krøter-skatt av 1 hest, 9 kyr, 6 sauer og 9 geiter (1 rd 6 skill.).

Anders Olsen Sætre f ca. 1642 d 1711, sk. 6/3 1713.

g Marte Ellingsd. Årskog, Vartdal, d 1721.

Br 1667-1705 (heile).

Br 1705-1711 (halve).

Born: 1. Elling f ca. 1667, til Indre Ikornnes (br 2)

2. Randi f ca. 1669 d 1741, g Svein Styrkers. Vik f ca. 1665 d 1735

3. Anne f ca. 1671

4. Ole f ca. 1673, d ug 1740

5. Peder f ca. 1675. brukar av halve farsgarden 1705-1708, sidan til Erstad (Peg).

6. Jetmund f ca. 1680, g p br

7. Hans f ca. 1690 d 1751, 1724 g 1. ek Kari Paulsd. Aure (Capralg.) 1662-1742, g 2. Sylvie Stensd. Strømmegjerde f ca. 1719 d 1783

8. Anders f ca. 1695, g Berte Andersd. Korsedal. Sjå b IV s 45.

I 1705 brukte Anders Olsen og sonen Peder 3³/₄ mællag kvar.

Sk. etter Anders 6/3 1713: 1 fat og to kannar av tinn, børse og tasak, 1 kjempefæring, 8 kyr, 2 kviger, 3 fjorskalvar, 1 hest, 8 geiter, 2 kje, 7 sauer med ulla, 3 lam, tjøveved for 6 rd, 7 t havre. Dei gifte hadde fått heimafølgje og fekk ikkje meir. Anne fekk likt med dei ugifte brørne. Enkja ville ha 1 mæle såkorn årleg, elles kår hjå sonen Jetmund. Brutto vel 70 rd, netto 57 rd.

(Anders er nemnd som brukar alt i 1664, men så ikkje nemnd før i 1668. Titus Bülche har Ole Jørgensen (77 år) og sonen Peder Olsen som brukarar her i 1666. Eg meiner begge namna må vere feil. Ole Jørgensen er nemnd berre her, og alle andre kjelder lyder på at det her må vere skrivefeil for Ole Pedersen og sonen Anders Olsen. Dei to brukte garden i lag 1664-1667. Sjå manntal 1664, og Bergen Stiftamt pk 20, 24, 36 og 40.)

Jetmund Andersen Sætre f ca. 1680 d 1742,

ca. 1714 g 1. Hilde Hansd. Hundeide br 2 (ca. 1686-1721)

1722 g 2. Marte Sjursd. Lade f ca. 1695 d 1747.

Br 1711-1742 (saman med faren 1708-1711).

Born i 1. ekteskap:

1. Anders f ca. 1715, «Døv og dum». Levde i 1762.

2. Hans f 1721, g p br

Barn i 2. ekteskap:

3. Lars f 1725 d 1791, 1752 g Ellen Torsteinsd. Tandstad (1729-1803).

Jetmund brukte i 1742 1 v 3 ml 9 mk. det same som grannen.

Sk. etter Hilde 22/5 1721: 1 koparkjel på ½ t 6 rd, 6 kyr, 3 kalvar, 1 hest, 6 geiter, 4 sauer, 2 lam, 1 gris. 2 t bygg, 5 t havre, hennar gangklede for 6 rd 2 ort, m.a. 1 blå kirsey stakk 2 rd, (kirsey eit engelsk ullstoff), 1 svart kledes trøye (klede, også importert ullstoff), 1 svart fløyels hue 1 rd. Brutto 64 rd, netto 62 rd.

Sk. elter Jetmund 2/4 1742: 2 koparkjellar 11 rd, 7 kyr, 5 kviger, 1 kalv, 6 geiter, 3 små hainer (unggeiter), 8 sauer, ¹/₆ i ein fjørendfar 2 rd 4 ort, ¹/₆ i ein annan 3 rd, 1 trerøring 2 rd, ½ i ei kastenot, 9 torskegarn, 28 v tørrfisk, 4 t havre, ½ t bygg, tjørerøter 2 rd. Brutto vel 103 rd, gjeld 44 rd.

I sk. står det at sonen Hans, vel 20 år, «straxen antræder faderens brug».

Hans Jetmundsen Sætre (br 2) f 1721 d 1790.

1744 g 1, Guri Torsteinsd. Øgård f 1722 d 1755.

1756 g 2. Anne Olsd. Straumsheim f ca. 1730 d 1782. To kjelder har Anne Knutsd.

Br 1742-1784.

Born i 1. ekteskap:

1. Jetmund f 1745 d 1798, 1778 g Anne Margrete Ingebrigtsd. Tandstad (1752-1829).
2. Torstein f 1748 d 1 mnd
3. Torstein f 1754, til Hovden, br 2

Born i 2. ekteskap:

4. Hans f 1758, g p br
5. Guri f 1764 d 1791

Den 13. mai 1749 brann alle husa ned bortsett frå løa og «det lille fæhus». Sjø Paul Paulsen Sætre, grannen.

I 1770 var der 2 bekkekvernar på Sætre, og same året vart der «indrettet et Lakseverpe». Som nemnt var der lakseverpe på Sætre lenge før. Det hadde lege nede ei tid.

Om beitesak mot brukarane på Myrset og Hovden i 1778, sjå Ole Ols. Sætre på nabobruket.

Sk. etter Guri 1755: Brutto 91 rd, gjeld 32 rd.

Sk. etter Anne 1782: Brutto 87 rd, gjeld 10 rd.

Hans Hanssen Sætre f 1758 d 1795.

1784 g Siri Kristensd. Riksheim br 1 f 1759 d 1833.

Br 1784-1795.

Born: 1. Hans f 1785 d 1791, 5 år

2. Anne Lisbet f 1788 d 3868, 1817 g 1. Elling Guttorms. Hole (1786-1826) 1827 g 2. Lars Jakobs. Hole f Dravlaus.
3. Marte f 1793, g Jørgen Elias Larss. Hovden br 2
4. Johanne Gurine f 1794, 1838 g em. Kristen Jons. Solevåg f Midtgård br 3 1795

Sk. etter Hans: Brutto 155 rd, netto 109 rd. Siri Kristensd. gifte seg att med

Knut Torsteinsen Standal f 1765 d 1847.

1796 g ek. Siri Kristensd. Øvre Lande f Riksheim (1759-1833). Grunnen til at ho her vert kalla Øvre Lande er ukjent.

Br 1796-1816.

Born i hennar siste ekteskap:

5. Tyri Hansiane f 1797, d 1867, g 1. 1825 Rasmus Ols. Indre Tandstad f 1803 g 2. 1860 Jørgen Petter Ingebrigtsen Velle f 1833
6. Hans f 1799, g p br
7. Kristiane f 1803 d 1810

I 1799 vart Knut stemna for forlikskommissjonen av soldat Peder Jetmuds. Brøvoll som hadde tent kona på Stave medan ho var enkje, og no kravde betaling for ½ år: 3 rd 1 ort 6 skill. + dei vanlege klede, etc. Knut sa der vanta 12 veker på eit halvt år og at Peder hadde vore ustadig i tenesta . Ikkje forlik.

Året etter vart Knut stemnd for forlikskommissjonen av Salmund Pedersen Aure, som hadde venta i to år på eit års tenesteløn. Knut sa at drengen hadde vore sjukleg nokre få veker. Då Salmund slo av 1 rd på kravet gjekk Knut med på å betale, men måtte ha frist på 9 mnd.

Den 9. okt. 1833 var der offentleg auksjon etter Siri: ½ i ein 2-vågers trondheimsbismar, ½ i ein Bergens våge- bismar, ½ i ei bakstehelle, ½ i ein Møllers huspostill, 1 færing, 1 vevstol, 1 haglgævær, fiskevegn, 1 raud og kvit ku, 1 raudåla geit med kje, 1 svart geit med horn og kje, 1 grå ersau (sau som har eller har hatt lam). Brutto knapt 32 rd, netto knapt 24 rd.

Hans Knutse Sætre f 1799 d 1882.

1821 g Ane *Marte* Eliasd. Brunstad f 1801 d 1889.

Br 1816-1862.

Born: 1. Knut Elias f 1823, g til Hovden

2. Karen Severine f 1826 d 1907. 1845 g em. Jakob *Karolus* Jakobs.

Tandstad f Fet (1817-1885)

3. Kristiane *Susanne* f 1829 d 1913, 1860 g em. Andreas Rasmuss.

Tandstad (1834-1413). Han var fødd på Tjønes

4. Elling Olaus f 1832, g p br

5. Severine f 1835 d 1924, 1860 g 1. Peter Rasmus». Tjønes, g 2.

1863 Peter Olaus Jenss. Eidem (1839-1917)

6. Eline Susanne f 1838, døydde brått i 1864

7. Lovise Jensine f 1843 d 1848

Hans la eid til konstitusjonen i 1832.

1845: 1 hest, 10 kyr, 14 sauer, 6 geiter, 1 gris. Sår 1 t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 1 t poteter.

Elling Olaus Hansen Sætre f 1832 d

1862 g Olave Petersd. Tjønes f 1845 d 1915.

Br 1862- 1896.

Born: 1. Peter Andreas f 1863, g p br

2. Jakob Peter Edvart f 1866. utvs nr 888

3. Anne Oline f 1868 d 1899. Utvs nr 884

4. Kari Johan f 1871, d 14 dg

5. Karl Johan f 1872 d 19 dg

6. Karen Marie f 1873, utvs nr 885
7. Ole Andreas f 1875, utvs nr 890
8. Hans Johan f 1878, utvs nr 887
9. Severine Jakobine f 1881, utvs nr 886
10. Andreas Laurits Bastian f 1883 d 1912
11. Lars Johannes f 1886, utvs nr 889

Frå matr.førebuingsarbeidet i 1860-åra: 28 dekar mykje god åker og dyrka eng, 92 dekar mykje god natureng, meir dyrkbar jord. Sår 1 t bygg, 3 t blk, 5 t havre og 3 t poteter. Avlar 6 t bygg, 18 t blk, 27 t havre og 21 t poteter.

Buskap: 1 hest, 13 storfe, 30 småfe.

Hamnegangen er mindre god og strekk knapt til. Tilgjenget til sjøen og marknad er god, til veg «besværlig». Garden er lettbrukt.

Folketeljinga frå 1865 har desse tala:

1 hest, 11 kyr, 16 sauer, 11 geiter, og 1 gris. Sånad: ½ t bygg, 3 t blk, 4½ t havre, 2 t poteter.

1875: 1 hest, 6 kyr, 8 kalvar, 10 sauer, 11 geiter og 2 griser. – Kårmanen har 2 kyr, 3 sauer og 4 geiter. Sånad: 3 t blk, 5 t havre, 4 t poteter.

Elling oppretta eit legat på nær 3000 kr. I 1883 vart det vedteke at renta skulle setjast til 4½ %.

I dei siste åra Elling levde, vart særleg Sætre og Hellen plaga av bjørn, som drap ein heil del sauer for dei. (Å. H. & Sj. 11/8 1895.)

Peter Andreas Ellingsen Sætre f 1863 d 1902.

1896 g Lovise Petrine Larsd. Høgset (1870-1920).

Br 1896-1902, enkja til 1919.

Barn: Emma Klara f 1897, g p br.

Første året Peter var brukar hadde han to stykke jord som låg innanfor dei grensene bur 3 Lillegjerdet fekk i 1897. Ved makeskifte fekk han eit anna stykke i staden for desse to, og fekk dessutan rett til vedhogst og slått i eitt år i dei stykka han gav frå seg.

Enkja Lovise fekk skøyte på bruket frå Olave Petersd., enkja etter Elling Hanssen, i 1905 for 3600 kr mot kår.

Bernhard Berntsen Straumsheim f 1896, utvs nr 862

1919 g Emma Klara Petersd. Sætre f 1897, utvs nr 897

Br 1919-1924.

Born: 1. Peter Bernhard f 1920, utvs nr 883

2. Asbjørg f 1922. utvs nr 881

3. Lovise f 1923. utvs nr 882

Det var Emma som ervde garden, og 20/10 1920 gav ho skøyte til mannen.

Etter at Bernhard tok over bruket var han og grannen Ole Jenssen samde om visse endringar av grensene mellom bruka, og dei fekk Ole P. M. Blindheim og Fredrik Fet til å hjelpe seg med å ordne dette. Dei kom fram til ei mykje greiare bytelinje. Naustet til Ole Jenssen hadde stått på Bernhard sin grunn, og skulle flyttast innan nyår 1923. Ole Jenssen skulle få eit markstykke på 800 m² nedanfor løa si.

I 1924 utvandra Bernhard, som hadde teke namnet Sætre, til Amerika.

Hilmar Nikolaisen Tandstad f 1900.

1922 g Lina Petra Berntsd. Stave f 1904.

Br 1924-1928,

Barn: Solbjørg Petra f 1925.

Tandstad og huslyd flytte først til Stave bnr 3 og derifrå til Tandstad. Sjå bd 2 s 273.

No tok eigaren over bruket. Det var

Emma Sætre.

Som nemnt var mannen hennar i Amerika.

Br 1928-1936.

Ho flytte med borna til mannen i Amerika i 1936. Og ho og mannen Bernhard gav i 1936 skøyte på garden for 6500 kr. til

Petter Jenssen Hole f 1903 d 1969,

1938 g Anna Olsd. Kvammen f 1900 i Stordalen.

Br 1936-1969.

Petter var frå Holen på Hole og slekta kom frå Knutgarden på Hole. Utvs nr 582.

Endå dei ikkje hadde born, dreiv dei garden med lite legehjelp. Ein granne har sagt om Petter: «Han var ein trufast slitar, som arbeidde trutt både på garden og i skogen. Alt han gjorde var godt føreseggjort.»

Dei selde bruket til Sykkylven Kommune i 1967, men stovehuset var ikkje med i handelen. Og året før dei selde vart eit stykke fråskilt. Det var

Bnr 28 «KNUTGARDEN»

Anna Olsd. Hole

Skylda på dette stykket var 7 øre. I 1974 selde ho det og bustadhuset til ein slektning frå Stordalen,

Randi Rabbevåg f Sæter,

fødd i Ålesund 1954, men voks opp i Stordalen. Bestemor hennar var syster til Anna Hole. Mannen til Randi, Rune Rabbevåg, var fødd på Vigra i 1953. Bustad Åsestranda.

Bnr 4 EINANE

(også kalla Larsplassen, i eldste matr. «FJØSSTØ».) Først var dette ein husmannsplass under Knutgarden.

Lars Nilsen Klokkerhaug f Fet 1831 d 1918 på Vik.
1861 g Berte Petrine Ågnesd. Erstad br 1 (1829-1920).
Br 1862-1908, enkja til 1912.

Barn: Andreas Nikolai Martinus f 1860 d 1882.

Lars Nilssen fekk husmanns-setel på eit stykke bømark m.m. 22/1 1962 frå Elling Hanssen Sætre. Kårkontrakt med Olave Petersd. Sætre 23/10 1908.
Lars sådde i 1865 1 t havre, 1 t poteter, og fôra 1 ku, 3 sauer og 2 geiter.
I 1875 sådde han 2 t havre og 2 t poteter, og fôra 2 kyr, 1 kalv og 3 sauer.
I 1905 vart plassen utskild frå bnr 2 med skyld 0,75.

Elling Olaus Hanssen Ekornes Indre (br 1) f 1868 d 1951.
1909 g Elise Karoline Pettersd. Jarnes (br 1) (1890-1964).
Br 1912-1940.

Born: 1. Tonny Petra f 1911, 1938 g maskinist Rasmus Solbakk f 1909 i Borgund, Vigde i North Shields, 3½ sjømil frå Tynemouth.
2. Petter Arthur f 1915, g p br
3. Hanna f 1918 g Toralf Utgård f 1912. Bur på Hareide.

Elling utvandra til Canada i 1889, utvs nr 319. Fekk skøyte på bruket 1/7 1912 frå Olave Petersd, Sætre for 1800 kr. Då han bygde nye stovehus i 1913 vart husa flytte lenger ut (nord).

Elling var flink til å fortelje, og underheldt karane på «buda» når dei venta på rutebåten, særleg om opplevingar i Canada. Hobby: Fjordfiske.

Petter Arthur Ellingsen Sætre f 1915.
1940 g Ester Olaug Eliasd. Røyset f 1914 i Ålesund.
Br 1940-

Born: 1. Elias Henning f 1942, sjå bnr 27
2. Eldbjørg Petrine f 1944, g 1963 Minder Roar Nesset f 1930 på Hareid. Elektrikar.
3. Olav Normann f 1948. Har bygt seg hus på Vik.
4. Sissel Marie f 1951.
5. Margaret Elisabet f 1957.

Petter har drive mykje fiske, og er vel helst fiskar og båtførar av yrke.
Har òg vore maskinist.

Bnr 25 ERSTADBU

Utskilt frå bnr 4 i 1966, skyld 2 øre.

Johan Sigbjørn Johansen Erstad f 1918 på Ikornnes (br 4).

g 1949 Marie Røyset f 1921 på Hareid.

Born: 1. Torstein f 1949, g 1969 Erna Klepp. Han er lærar i Volda.

2. Oddbjørn f 1953, flygar hos Widerøe.

Johan Erstad bygde stovehus i 1967. Er maskinsnikkar.

Bnr 27 VÅRVON

Utskilt frå bnr 4 i 1967, skyld 2 øre.

Elias Henning Pettersen Sætre f 1942.

g 1963 Magna Kristensd. Bratset f 1942 i Valsøyfjord.

Born: 1. Einar Magne f 1963

2. Henning f 1968

3. Tore Jarl f 1974

Elias Sætre var lenge maskinist på linebåtar før han vart langtransport-sjåfør. Bygde stovehus i 1967.

Bnr 5 STEINSRUD

(Til dagleg kalla Jens-Petter-plassen.)

Jens Petter Simonsen Blindheim f 1851 d 1923.

g 1876 Anna Berntsd. Erstad (Olag.) f 1849 d 1925.

Br 1876-1906.

Born: 1. Ole Johan f 1873. Verkstadeigar i Trondheim

2. Lovise Marie f 1878 d ug 1919

3. Simon Martin f 1880, g p br

4. Anne Gurine f 1882, g 1905 Ingebrigt Olsen Øvstegård f 1876 i
Sunnylven. Snikkar. Bustad br 8 Ikornnes

5. Jensine Birgitte f 1884, g maskinist Kruff, frå Holland. Ingen
born.

6. Laura Dorthea f 1885, d ug 1914

7. Anne Johanne f 1889 d ug 1952

Jens var uvanleg intelligent, ein grublar, hadde langt skjegg og gjekk
oftast med sixpencehue. Hadde den finaste hagen på Sørestranda. Hadde

lært skreddaryrket, men dreiv det lite. Var fiskar og høvedsmann på fiskebåt. Domsman og med i forlikskommissjonen. - Fekk først husmannssetel på uskyldsett jord i 1876. Plassen vart fråskylddelt i 1906, skyld 60 øre. Jens kjøpte plassen av enkja i Knutgarden. Kona til Jens fortener eit kapittel for seg. Berre 5 år gl. vart ho send heimanfrå i teneste på Brunstad. Når barnet i vogga skreik, gav Anna det tåtekluten, så var det stilt ei stund. Når det vart skrik att, trødde Anna på voggemeien. Siste utveg var å gå ut på trappa med ein kvit duk, sa kom mora frå raksteteigen. Anna treivst der og var der også etter at ho kom i skulealderen. Som vaksen vart ho tenar på ein storgard ved Flisneset, der det og var handel. På den garden fekk ho lære å lage fine ting med rokk og vev, t.d. det dei kalla «2-preikaplagg», eit hovudplagg dei vov i svart botn med broderi i fine fargar, og med raude faks på eine sida og svarte på den andre. (Etter Johanne Welle.)

Simon Jenssen Sætre f 1880, d 1918 (spanska)
g 1913 Elen Sofie Ellingsd. Drotninghaug f 1890.
Br 1906-1918, enkja til 1950.

Born: 1. John Alfred f 1914, g p br

2. Emil Sigfred f 1916, g 1941 Ingebjørg Stennes f 1918

3. Arne Johan f 1918. g 1956 Elly Josefa Olsen frå Tysfjord. Bur på Hellen (br 6)

Skøyte frå Lovise Larsd. for 1300 kr. Bygde hus i 1914. Kår til Anna Berntsd. av dette bruket.

John Alfred Simonsen Sætre f 1914 d 1975.
g 1943 Jenny Jakobsd. Bjørge, f 1920 i Borgund.
Br 1950-1975.

Born: 1. Svein Egil f 1944, sjå bnr 66

2. Jan Paul f 1946, bygningsnikkar

3. Anna f 1948, g 1971 Borgar Tynes f 1944, kontorsjef

4. Eldar f 1950, glasarbeidar. Drukna på fjorden 21/9 1975. Funnen etter 14 dg.

5. Øystein f 1952, g 1980 Johanne Marie Lade f 1955. Bustad bnr 118 Sætre. Fiskar.

Bnr 6 KVELDSRO

Utskilt fru bnr 2 i 1920, skyld 0,75.

Olaf P. Ellingsen (Waraas) f 1865 d 1949.

g Ingeborg Pettersen (Røstad) f 1869 d 1951.

Br 1920-1944.

Barn: Olaf f 1910, g p br

Olaf Ellingsen frå Ytterøya, kona frå Trondheim. Han fekk skøyte frå Bernhard Sætre for 3500 kr. Budde på Sætre frå vår til haust, og elles ofte i helgar og feriar. Han dyrka poteter, og med leigd hjelp fôra dei 3 kyr og gris. Under krigen hadde dei kaninar. Som hovudyrke hadde Ellingsen glasmeisterverksemd i Ålesund med butikk.

Olaf Ellingsen f 1910.

g 1938 Else Marie Petersd. Drabløs f 1914.

Br 1944-1979.

Else Marie er dotter til sykkylvingen P. Drabløs som hadde glasmagasin i Ålesund. Ellingsen er bankfullmektig. Fekk skøyte frå faren. Hadde ikkje høve til å drive bruket aktivt heile tida. Men han heldt det godt ved like. Planta nokre hundre grantre.

Olaf Haakon Ellingsen jr. f 1941 i Ålesund.

g 1967 Anne Karine Sverresd. Vegsund f 1943.

Br 1979-

Born: 1. Sverre Olav f 1968

2. Einar f 1970

3. Merete f 1973

Bruket hadde opphavleg 25 dekar jord. Er no litt redusert etter utskiljing av eit par tomter og skylda er 66 øre. Der er våningshus, under ombygging 1981, løe med fjøs, naust, og ei leikestove til småjenta.

Ellingsen er salsingeniør for Drepol (firma i plastmaskinbransjen) og er pendlar. Driv ikkje bruket særleg aktivt. Har drivhus på 18 m² for grønsaker, driv bær dyrking og har høns. Skal plante skog på 10 dekar.

Bnr 17 LIDTUN

Utskilt frå bnr 6 i 3955, skyld 5 øre.

Magne Sigurdsen Lid f 1930 i Volda.

g 1960 Solfrid Bergem f 1939 i Bremnes.

Born: 1. Anne Grethe f 1961

2. Svein Martin f 1964

3. Jan Egil f 1967

4. Marit Jorunn f 1971 Bygde hus i 1957.

Bnr 18 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 6 i 1957, skyld 1 øre.

Gunnar Kristoffersen Horsevik f 1932 i Gaular.

1955 g *Synnøve Hjertvik* f 1934 i Nord-Aukra.

Born: 1. *Kirsten Marie* f 1956, g *Magnar Støylen*, sjå bnr 124

2. *Torhild* f 1958

3. *Anita Karin* f 1960

Horsevik bygde hus i 1958. Er snikkar, tilsett ved *J.E. Ekornes Fabrikker* A/S.

Bnr 10 NYHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1949, skyld 1 øre.

Hans Hanssen Hatlemark f 1910.

1944 g *Oddny Johanne Pedersd. Flø* f 1916 i Ulsteinvik.

Born: 1. *Astrid* f 1945

2. *Haldor* f 1947 d 1970

3. *Jens Paul* f 1948. Bur *Sætre* bnr 56

4. *Ingrid Karin* f 1953. Sjå bnr 106. *Sætre*

5. *Haldis Oddrun* f 1957

Hatlemark er maskinsnikkar og møbelmontør. Bygde stovehus 1950-1951.

Bnr 11 SOLTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1949, skyld 1 øre.

Emil Sigfred Simonsen Sætre f 1916.

1941 g *Ingebjørg Stennes* f 1918 i Hjørundfjord.

Born: 1. *Sigfred Eindride* f 1942, 1966 g *Hjørdis Gald* f 1945 i Innvik. Flytte med fam. til *Ålesund* 1980. Lærer på maskinisteskulen i *Ålesund*.

2. *Adele* f 1944,

1965 g dr.med. *Lodvar Bleken* f 1931 i *Fåberg*

3. *Jens Peter* f 1947. Bur *Sætre* bnr 101

4. *Asle Jon* f 1951

5. *Idar Jarle* f 1958

Bygde stovehus i 1956. Er arbeidsformann og modellarbeidar hjå *J. E. Ekornes Fabrikker A/S*.

Bnr 13 LJOSHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1950, skyld 1 øre.

Peder Larssen Erstad f 1904, d 1966, blind korgmakar.
1954 g *Helene Brun Jensen* f 1912 i Fredrikstad.

Knut Sigurdsen Skarberg f 1925 i Hovden (Grønhaug) br 4.
1949 g *Solveig Ludviksen* f 1926 på Erstad.

Born: 1. *Svein Karsten* f 1951, stuert, bur Hovden
2. *Kjell Bjørn* f 1956

Bygde stovehus i lag med *Peder Larssen Erstad* i 1953. Er fjørspinnar, madrassarbeidar.

Bnr 14 EIKEMO

Utskilt frå bnr 2 i 1950, skyld 1 øre.

Håkon Eikemo f 1914 i Fjaler
1937 g *Anna Svedhaug* f 1918 i Selje.

Born: 1. *Kåre* f 1937, 1958 g *Marta Inset* f 1935 i Norddal
2. *Inge* f 1939, 1961 g *Solbjørg Alfarnes* f 1941 i Sykkylven. Bygt hus på Eidem
3. *Agnar Egil* f 1941, sjå bnr 69
4. *Eldbjørg Margrete* f 1943, sjå bnr 63
5. *Håkon Asbjørn* f 1945, sjå bnr 68
6. *Hildegunn* f 1948
7. *Åshild* f 1950, bur i Oslo
8. *Gunnar* f 1953 d 1954

Kom til Sykkylven i 1937. Dreiv landhandel på Erstad og Ikornnes til nyåret 1976. Bygde våningshus på Sætre i 1954.

Bnr 15 SKOGLY

Utskilt frå bnr 2 i 1952, skyld 1 øre.

Kåre Hanssen Sandvik f 1923.
1947 g *Kjellaug Annaniasd. Fauske* f 1923 i Hatlemark.

Born: 1. *Hallvard* f 1948, 1974 g *Julianne Fauske* f 1953. Bustad Fauske
2. *Arljot* f 1950, bur i Tusvik
3. *Kjartan* f 1957, fabr.arb.
4. *Tormod* f 1958, gartnarutdanning
5. *Sindre* f 1962

Bygde stovehus i 1954.

Bnr 16 SKOGLY

Utskilt frå 2 i 1952, skyld 1 øre.

Marit T. Breivik

i Ålesund har hytta som er oppsett på tomta.

Bnr 19 TRYGGHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1958, skyld 1 øre.

Oskar Johansen Fausa f 1909 på Stranda.

1938 g Margit Knutsd. Fausa f 1911 på Stranda.

Born: 1. Jarle Konrad f 1940

2. Magne f 1945

3. Leif Johan f 1947

Industriarbeidar. Bygde hus i 1959.

Jarle Konrad Oskarsen Fausa f 1940.

1963 g Lillian Jørgensen f 1946 i Dønnes. Hennar foreldre bur på Fausa.

Born: 1. Jan Otto f 1964

2. Magnhild Perdy f 1966

3. Gunnar f 1972

4. Elin f 1975

Bnr 21 HØGHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1960, skyld 1 øre.

Martin Andreas Ludvigsen Halbrendt i 1925 i Førde.

1959 g Borghild Pedersd. Fjærli f 1931 i Valsøyfjord.

Born: 1. Bjørg Sofie f 1959

2. Helge Peder f 1961

3. Laila Marie f 1963

Bygde stovehus i 1962.

Bnr 40 HØGHEIM II

Tilleggs kjøp frå Sykk. komm. 1971, skyld 1 øre.

Bnr 22 NYGÅRD

Utskilt frå bnr 2.

Norvald Johansen Nygård f 1927 i Tingvoll.

1952 g Nella Ida Gabrielsd. Førde f 1927 i Bremanger.

Born: 1. Jan Gunnar f 1953, 1979 g Tone Berit Digernes f 1956. Han er lærar, bur på Fjørtoft.

2. Stein Kåre f 1955, bur på bnr 113

3. Vidar Noralf f 1958, 1978 g Oddhild Bakke f 1960. Dei bur på Vik

4. Egil Arve f 1961

Nygård er maskinsnikkar. Bygde hus i 1963.

Bnr 52 HJØRNET

Utskilt frå bnr 22 i 1971, skyld 1 øre.

Sykkylven Kommune.

Bnr 23 FJORDGLYTT

Utskilt frå bnr 2 skyld 2 øre.

Oddvin Bruland f 1920 i Førde.

1966 g Ellen Nygård f 1931 i Tingvoll.

Barn: Jon f 1967 i Ålesund.

Bruland er maskinsnikkar.

Bnr 60 FJORDGLYTT II

Utskilt frå bnr 2 i 1973, skyld 3 øre.

Bnr 61 BADEPLASSEN II

Utskilt frå bnr 23 i 1973 skyld 1 øre.

Sykkylven Kommune.

Bnr 24 SJØTUN.

Utskilt frå bnr 2 i 1965, skyld 2 øre.

Alf Marius Flemsæter f 1927 i Tingvoll.


1955 g Agnes Kjellaug Nygård f 1928 i Innvik.

Born: 1. Anton Magnar f 1956, 1978 g Kari Elin Erstad f 1958, br 30

2. Grete f 1960

3. Aud f 1961

Bygde stovehus i 1966. Er snikkar, fabrikkarbeidar.



Konrad Gjerde sin fabrikk på Sætre.

Bnr 73 SJØTUN II (del av tomt).
Utskilt frå bnr 2 i 1975, skyld 3 øre.

Bnr 26 FJORDSYN II

Utskilt frå bnr 2 i 1967, skyld 2 øre.
Konrad Ludvik Karlsen Gjerde f 1920 på Jarnes.
g *Vivi Myrthle Markusd. Nordstrøm* frå Namsos.
Born: 1. *Marion* f 1954, barnepleiar i Molde
2. *Wenche* f 1957, sjukepleiar ved Aker sjukehus
3. *Tove Beate* f 1963, vidaregåande skule

Konrad Gjerde starta fabrikk med produksjon av ryggsekker, sportsklede etc. i Klæbu ved Trondheim i 1946. Flytte til Ikornnes og dreiv nokre år ein fabrikk saman med broren med fabrikasjon av glasfiberartiklar. Denne fabrikk selde dei, og Konrad kjøpte tomt på Sætre, og ny fabrikk for produksjon av sportsartiklar stod ferdig i 1969. Har utvida fabrikk fleire gonger, men har redusert vareslaga og har drive i større stil etter kvart. Selde

Bnr 57

til Sykkylven kommune i 1972, eit stykke frå bnr 26 til gategrunn.

Bnr 40 FJORDSYN II

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre.

Konrad Gjerde.

Bnr 58 FJORDSYN III

Utskilt frå bnr 2 i 1972, skyld 1 øre.

Bnr 30 FREDLY

Utskilt frå bnr 2 (Sykkylven kommune), skyld 5 øre.

Børre Karlsen Erstad f 1931 på Ikornnes.

1954 g *Gunvor Jensd. Bonesmo* f 1931, frå Straurngjerde.

Born: 1. *Ingunn* f 1955

2. *Kari Elin* f 1958, g 1978 *Anton Flemsæter* f 1956 i Molde
Bygde hus i 1970. Fabrikkarbeidar.

Bnr 31 OSEBERG.

Utskilt frå bnr 2 (Sykk. komm.) i 1968, skyld 5 øre.

Per Olsen Oseberg f 1941 i Syvde.

1961 g *Leikny Johanne Stave* (br 3) f 1939 på Hellen.

Born: 1. *Eva Kirsten* f 1962

2. *Odd Arne* f 1977, seiler utanriks, maskinsjef for Uglands
Rederi A/S.

Bygde hus i 1968.

Bnr 32 JARLEBU

Utskilt frå bnr 2 (Sykk. komm.) i 1968, skyld 5 øre

Jarle Knut Strand f 1941 i Syvde.

1964 g *Arnhild Karin Brunstad* f 1945 på Svartebekk.

Born: 1. *Frode* f 1965

2. *Tor Kjetil* f 1967

Bygde hus i 1968. Er mekanikar.

Bnr 33 HALLBRENDSTUN

Utskilt frå bnr 2 (Sykk. komm.) 1968, skyld 5 øre.

Ludvig Hallbrend f 1937 i Førde.

1961 g Signy Jonasd. Lekanger f 1942, frå Ikornnes br 31.
Born: 1. Marit Anita f 1961, g 1982 Bjørn Olgersen Lade, Straumsheim,
bnr 25
2. Irene Janna f 1967
Mekanikar ved Møre Transformatorfabrikk. Bygde hus i 1969.

Bnr 34 VONA

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre.
Ole Sigmund Kvistad f 1932 i Hjørundfjord.
1964 g Solfrid Birkeland f 1944 i Naustdal.
Born: 1. Anne Rita f 1964
2. Arve f 1967
Møbeltapetserar, salmakar. Bygde hus i 1968.

Bnr 35 KNUTBAKKEN

Utskilt frå bnr 2 i 1968 skyld 6 øre.
Jens Petter Sigurdsen Ekornes f 1942 i Ørsta.
g 1963 Kari Inger Jensd. Blakstad f 1945.
Born: 1. Stian f 1963
2. Joar f 1965
3. Arve f 1966
4. Karl Blakstad f 1967
Bygde hus i 1968. Er adm. direktør ved Ekornes Fabrikker A/s.

Bnr 36 KJELLBORG

Utskilt frå bnr 2, skyld 5 øre.
Per Kjellberg Monsen f 1914.
g 1966 Sanna Johannessen f 1912 i Hadsel.
Bygde hus i 1969.

Bnr 37 SOLSNIPPEN

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre.
Hjalmar Almås f 1924 i Stordal, d 1975.
g Anne Vatne f 1922 i Vatne.
Barn: Ingrid f 1951 i Haram, kontordame ved Ekornes Fabr.
Almås er snikkar. Bygde hus i 1969.

Bnr 38 SOLTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre.

Malvin Bjørnstad f 1941 i Hyllestad.

g 1966 *Signe Irene Haugsbø* f 1942 i Gaular.

Born: 1. *Kjell Arve* f 1967

2. *Bente* f 1969

3. *Per Inge* f 1971

Produksjonsplanleggjar ved Ekornes Fabrikker frå 1965 til 1976. Eiga agenturforretning frå 1978. Bygde hus i 1969.

Bnr 39 BAKKETUN

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre.

Kanutte Petrine Olsd. Myrseth f 1899 i Ålesund,

Budde ei tid på Ytre Ikornnes. Bygde eige hus på Sætre i 1969. Pensjonist.

Systera *Karla* bodde også her. Sjå s 290, 294.

Bnr 41 SOLBAKKEN

Utskilt frå bnr 2 i 1969, skyld 5 øre

Johan Skålbones f 1930 i Snåsa

g 1968 ek. *Liv Vadset* f 1938 på Erstad

(ek. etter *Jon Birger Vadset* f 1923 i Skodje d 1963)

Barn i hennar 1. ekteskap:

1. *Janne Torill* f 1963

Borna til *Johan Skålbones*:

2. *Gry Helen* f 1970 på Stranda

3. *Lise Mari* f 1973 i Ålesund

Skålbones er skogteknikar, skogreisingsleiar. Bygde hus i 1969.

Bnr 42 UTSIKTEN

Utskilt frå bnr 2 i 1970, skyld 5 øre

Jon Anton Duestøl

f 1926 i Vanylven

g *Kari Anderssen* f 1926 i Ringebru

Born: 1. *Margrethe* f 1955

2. *Jonny* f 1958

3. *Siv Karin* f 1967

Duestøl er polerar. Bygde hus i 1971.

Bnr 43 LYNGHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1970, skyld 5 øre

Kjartan Alvestad f 1941 i Haram

g Jartrud Røed f 1942 i Ørsta

Born: 1. Anette f 1961, g 1978 Steinulf Grøvik f 1957

2. Fred Anton f 1964

3. Jon Kåre f 1966

4. Rolf 1969

Kontormann ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1970.

Bnr 44 KALLAND

Utskilt frå bnr 2 i 1970, skyld 5 øre

Karl Henry Kalland f 1945 i Runde

g Bodil Jensen f 1947 i Stjørna

Born: 1. Marit f 1966

2. Sølvi f 1969

3. Ingvild f 1973

Bygde hus i 1970.

Bnr 45 SKARET

Utskilt frå bnr 2 i 1970, skyld 5 øre

Odd Sigvald Skare f 1937 i Sandshamn

1977 g Solfrid Julie f Skogstad 1937, frå Hamarøy.

Born: 1. Else Marie f 1965

2. Knut Olav f 1967

3. Synnøve Elin f 1972

Bygde hus i 1969.

Bnr 49 SOLSTRAND

Utskilt frå bnr 2 i 1971, skyld 4 øre.

Bnr 53 SOLSTRAND II

Utskilt frå bnr 2 1971, skyld 5 øre

Magne Sivertsen Kalvatn f 1947 i Volda

1969 g Hildur Synnøve Garli f 1952 i Verdal

Born: 1. Arnstein f 1970
2. Mona Iren f 1971
Bygde hus i 1970-1971. Kalvatn er kontormann.

Bnr 54 MIDTTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1971, skyld 2 øre
Arvid Johan Grotle f 1937 i Bremanger
g *Gerda Synnøve Førde* f 1940 i Bremanger
Born: 1. Margaret f 1959
2. Ken Johnny f 1961
3. Gro Anita f 1969
Grotle er maskinsnikkar. Bygde hus i 1971.

Bnr 56 SOLBAKKEN

Utskilt frå bnr 2 1972, skyld 1 øre
Jens Paul Hanssen Hatlemark f 1948
1968 g *Målfrid Høyvik* f 1948 i Fjaler
Born: 1. Frank f 1968
2. Hilde f 1970
3. Jan Magnar f 1973
Bygde hus i 1973.

Bnr 59 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1973, skyld 1 øre
Sverre Kalvatn f 1952 i Volda
g 1972 *Ruth Oddveig Haugen* f 1948 på Erstad
Barn av 1. ekteskap:
1. Geir Terje f 1968
Born av 2. ekteskap:
2. Stian Frode f 1972
3. Lene Vibeke f 1973
Bygde hus i 1973-1974.

Bnr 62 BYGGJEFELTET SÆTRE/HELLEN

Utskilt i 1974 frå bnr 1: 18 øre, bnr 3: 5 øre, bnr 4: 4 øre, bnr 5: 4 øre, bnr 6: 4 øre, bnr 7: 4 øre, bnr 8: 4 øre, bnr 29: 1 øre, frå Hellen bnr 4: 1 øre, skyld til saman 0,80.

Bnr 63 FJELLBU

Utskilt frå bnr 62 i 1975, skyld 1 øre
Einar Sigurdsen Ekornes f 1934 i Ørsta
g 1970 *Eldbjørg Margrete Eikemo* f 1943 på Sætre bnr 14.
Born: 1. *Elin* f 1972
2. *Eivind* f 1975
Bygde hus i 1974. Direktør ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 64 HELLEBERG

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre
Sigbjørn Sivertven Mork f 1949 i Hjørundfjord
g 1970 *Vigdis Annie Døving* f 1950 frå Norddal
Born: 1. *Monica* f 1971
2. *Irene* f 1975
Bygde hus i 1973.

Bnr 65 FURULY

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre
Kjetil Sigurdsen Ekornes f 1946 i Ørsta
g 1967 *Bente Haldis Jarnes* (bnr 8) f 1948
Born: 1. *Elling Sigurd* f 1968
2. *Hugo* f 1969
3. *Kenneth* f 1974
Bygde hus i 1974. Sjø bnr 6 Indre Ikornnes.

Bnr 66

Svein Egil Johnsen Sætre f 1944
g 1971 *Laila Turid Utgård* f 1952
Born: 1. *Janita* f 1972 d 1980
2. *Sonja* f 1980
3. *Jon Arne* f 1982
Fabrikkarbeidar. Bygde hus i 1974.

Bnr 67 KLIPPEN

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre
Hans Kristian Goksøyr f 1939 i Herøy

g 1964 Oddrun Marie Oskarsd. Dombås f 1945 på Dovre

Born: 1. Hans Petter f 1964

2. Vegar f 1967

3. Andreas f 1972

Bygde hus i 1973. Maskinist. Har dei siste åra arbeidd på oljeboringsplattform «Nortroll». Kjøpte bnr 92 av Johan J. Erstad i 1978.

Bnr 68 EIKETUN

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre

Håkon Asbjørn Eikemo f 1945

g 1972 Inger Grete Rekkedal f 1946 i Hjørundfjord

Born: 1. May-Britt f 1972

2. Sølvi Anita f 1974

Bygde hus i 1973.

Bnr 69 MIDTTUN

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre

Agnar Egil Eikemo f 1941

g 1968 Ingjerd Marie Hagen f 1944 på Stranda

Barn: Tove f 1968

Mekanikar ved Ekornes Fabrikkar. Bygde våningshus.

Bnr 70

Utskilt frå bnr 62 i 1974, skyld 1 øre

Arvid Henrysen Brandal f 1949 på Hareid

g 1971 Ingrid Kristin Fjørtoft f 1950 i Ålesund

Born: 1. Belinda f 1972

2. Håvard Arne f 1976

Bygde hus i 1973. Møbeltapetserar.

Bnr 71 UTSIKTEN

Utskilt frå bnr 62 i 1975, skyld 1 øre

Odd Egil Johansen Sætre (bnr 3) f 1948

g 1970 Margrete Jorunn Alvestad f 1949 i Haram

Born: 1. Birgitte Johanne f 1972

2. Caroline f 1975

Kontormann ved Emdal Transport i Straumgjerde. Bygde hus 1973-1974.

Bnr 72

Utskilt frå bur 62 i 1975, skyld 1 øre
Kolbjørn Anfinnsen Bolstad f 1952 i Stryn
g 1973 *Magny Lise Aarseth* f 1952 i Selje
Born: 1. *Heidi* f 1974
2. *Bente Anett* f 1977
Kontormann ved Stave Bygg A/S. Bygde hus i 1974.

Bnr 74 BADEPLASSEN

Utskilt frå bnr 2 i 1974, skyld 1 øre.

Bnr 99

Utskilt frå bnr 62 i 1975, skyld 1 øre
Per Arnvid Alvestad f 1930
1955 g *Rannveig Jenny Myklebust* f 1935 på Tandstad
Born: 1. *Tove Lisbeth* f 1956
2. *Bjørnar* f 1958
Bygde først hus på Skogly bnr 11 Indre Ikornnes, men selde det til
Sykkylven Kommune i 1973; det blir no brukt til lærarbustad. Bygde på
bnr 99 i 1974. Er eksportsjef ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 100

Utskilt frå bnr 62 i 1976, skyld 1 øre
Olav Per Borgundvåg f 1947 i Selje
1972 g *Vigdis Heltne* f 1948 i Bremsnes
Born: 1. *Vivian* f 1973
2. *Mona Elin* f 1976
Bygde hus i 1975.
Maskinkøyrar ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 101

Utskilt frå bnr 62 i 1975, skyld 1 øre
Jens Petter Emilsen Sætre (br 11) f 1947
1969 g *Reidun Kirsten Vollset* f 1950 i Sunnylvn.
Born: 1. *Janne Kristin* f 1969

2. Eivind Ove f 1972
Bygde hus i 1974. Kontormann.

Bnr 102

Utskilt frå bnr 62 i 1975, skyld 1 øre
Andreas Leivsen Grimstad f 1951 i Fræna
1973 g *Ragnhild Johansd. Sætre* (br 1) f 1954

Born: 1. *Leif André* f 1973
2. *Robert* f 1974

Voks opp på Brunstad. Driv bygningsarbeid som sjølvstendig næringsdrivande saman med *Anton Flemsæter*. Bygde hus på tomta i 1974—1975.

Bnr 103

Utskilt frå bnr 62 i 1975
Dagfinn Antonsen Stave f 1953 på Hellen bnr 3
1972 g *Borgfrid Liv Ulstein* f 1954 i Ulstein.

Bnr 104

Utskilt frå bnr 62 i 1976
Leif Kristian Larsen f 1947 i Kvalsund
1972 g *Gudveig Ringstad* f 1946 i Førde
Barn: 1. *Hilde Katrin* f 1978
Lagerarbeidar.

Bnr 105 FURURABBEN

Utskilt frå bnr 62 i 1976
Nils Kristian Moe f 1943 på Kråkerøy
1975 g *Oddveig Karin Nilsd. Stave* (br 2) f 1945
Born: 1. *Barbro Katrine* f 1976
2. *Kristian* f 1978
Bygde hus i 1976.

Bnr 106

Utskilt frå bnr 62 i 1976
Magne Olaf Andersen f 1949 i Dønna

1974 g Ingrid Karin Hansd. Hatlemark f 1953
Born: 1. Gro f 1974
2. Marte f 1979
Bygde hus i 1976.

Bnr 109

Utskilt frå bnr 62 i 1976
Kjell Aasen Heggdal f 1940 i Selje
1969 g Ragnhild Linnestad f 1943 i Ås.
Born: 1. Lars f 1971
2. Tomas f 1974
Bygde hus i 1976. Designer.

Bnr 110

Utskilt frå bnr 62 i 1976
Arne Sigurd Antonsen Stave f 1946 på Hellen bnr 3.
Eige hus.

Bnr 111

Utskilt frå bnr 2 i 1976
Roger Ingvald Myran f 1947 i Balsfjord
1970 g Reidun Mathilde Larsen i 1951 i Storfjord i Troms.
Born: 1. Frank Johnny f 1969
2. Jan Roger f 1970
3 Camilla f 1979
Myran er trålfiskar. Bygde hus i 1976.

Bnr 112

Utskilt frå bnr 62 i 1974
Jostein Johansen Sætre (br 1) f 1947
1976 g Aase Petra Wick
f 1950 i Ålesund
Born: 1. Per Olav f 1977
2. Steinar f 1980
Kontormann ved Ekornes Fabrikker. Han var eit år i USA. Bygde hus på
Sætre i 1977.

Bnr 113 VAKSÅS

Utskilt frå bnr 2 i 1977

Stein Kåre Norvaldsen Nygard f 1955

1976 g *Turid Synnøve Adolfsen* f 1957 i Sandnessjøen.

Barn: 1. *Nils Arild* f 1976

Stein Kåre er teiknar og kunstmålar.

Bnr 114

Utskilt frå bnr 62 i 1977

Atle Kåre Alfredsen Eikrem f 1951 på Ikorntnes br 7.

1973 *Aud Hilde Magnusd. Hatløy* f 1954 i Flora.

Born: 1. *Ole André* f 1974

2. *Paul Kenneth* f 1976

Eige hus.

Bnr 116

Utskilt frå bnr 62 i 1977

Petter Arne Jakobsen Utgård f 1944 på Kursetgjerde br 2

1965 g *Solfrid Stokbak* f 1944 i Hommelvik.

Han er møbeltapetserar.

Bnr 118

Utskilt frå bnr 62 (kommunale byggjefelt frå 1974)

Øystein Johnsen Sætre f 1952

1980 g *Johanne Marie Konradsd. Lade (Olag.)* f 1955

Born: 1. *Janne Kathrin* f 1973 (hennar barn)

2. *Eldrid* f 1980

Bygde hus i 1979. Er fiskar.

Bnr 119 SANDNES

Kasper Johannes Larsen f 1944 i Storfjord i Troms

1968 g *Solveig Sandnes* f 1947 i Tromsø

Born: 1. *Bjørge Freddy* f 1970

2. *Kim-André* f 1979

Sjømann i utanriksfart.

Bnr 120

Utskilt frå bnr 62

Asbjørn Noralf Larssen Riksheim (br 14) f 1951

1975 g *Ingunn Arnesd. Flø* f 1953

Barn: *Stine* f 1976

Bygde hus i 1979. Ingeniør, arbeidar på fabrikk.

Bnr 121

Utskilt frå bnr 62 i 1978

Paul Førde f 1941 i Bremanger

1974 g *Britt Berdiin Storås* f 1950 i Ålesund

Born: 1. *Tone Kristin* f 1974

2. *Bjørn Henning* f 1979

Bygde hus i 1979. Fabrikkarbeidar.

Bnr 122 SKOGLY

Utskilt frå bnr 62 i 1978, skyld 1 øre

Jan Erik Lindgren f 1945 i Sverige

1966 g *Astrid Saus* f 1947 på Nesodden

Born: 1. *Thomas* f 1969

2 *Monica* f 1970

Er i 1981 i ferd med å selje til Peter Urkedal frå Stranda.

Bnr 124

Magnar Støylen f 1953 i Sykkylven

g *Kirsten Marie Horsevik* f 1956 i Sykkylven

Born: 1. *Hanne Kristin* f 1974

2. *Stig Gunnar* f 1978

Støylen er røyrleggjar.

Bnr 125

Utskilt frå bnr 62 i 1978

Kåre Vollset f 1951 i Hellesylt

g *Reidun Olsen* f 1952 i Syvde

Born: 1. *Odveig Anita* f 1973

8. Øyvind Oliver f 1977
Bygde hus i 1979.

Bnr 126

Utskilt frå bnr 62 i 1978

Asbjørn Helge Auflem f 1954

1978 g Solveig Arnesd. Stave (br 2) f 1961

Born: 1. Evy f 1978

2. Mariann f 1980

Båtmontør hjå Trio Fiberplast. Budde først i Ullavik.

Bnr 131

Steinar Nordmo

g Britt Anette frå Gibostad i Senja

Born: 1 Vibeke f 1970

. 2 Erland André

Begge er lærarar ved Jarnes skule. Bygde hus 1979-1980.

Husmenn under Sætre på 1600-talet.

Wernik, nemnd i 1610

Knut, nemnd i 1610

Sivert, nemnd i 1611

Jon, nemnd i 1617

Ingebret, nemnd i 1630.

Sætre.

Bnr 1, 3, 7, 8, 9, 12, 29, 46, 117

2, 28, 4, 25, 27, 5, 6, 17, 18, 10, 11, 13, 14, 15, 16, 19, 21, 40, 22, 52,
23, 60, 61, 24, 73, 26, 57, 40, 58, 30, 31, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39,
41, 42, 43, 44, 45, 49, 53, 54, 56, 59, 62, 63, 64, 65, 66, 67, 68, 69,
70, 71, 72, 99, 100, 101, 102, 103, 104, 105, 106, 109, 123, 110, 111,
112, 113, 114, 116, 118, 119, 120, 121, 122, 124, 125, 126, 131

Om tydinga av namnet viser Rygh til det gn. substantivet hella, som m.a. tyder flatt berg. TUNET ligg på ei flate, elles bratt lende. Den lokale uttalen har tostavings tonelag med halvlang litt trang e i første staving, muljert 1, tilstadsnemning Heljå, påstadsnemning Helj`ne. Open e, som Rygh skriv, er vel det ein skulle vente, men stemmer ikkje godt med eldre lokal uttale. Eldre skriveformer: 1603: Hielde, Heldenn, 1619: Helde, 1632: Hielle, 1647: Hellen. På 1700-talet og langt seinare: Helden.

Matriklane både for 1890 og 1907 har Hellen, men begge har i marknadsrubrikk: Alm. skrevet Helden.

Garden ligg mellom gardane Sætre og Indre Ikornnes.

Eldre bygdefolk kjenner garden som einbølt, og det var den lenge, men kring 1600 og ei tid utover var der to små bruk på Hellen, frå ca. 1700 ein brukar. Først i dei siste 50 åra har der kome til nokre få plassar, og ein god del hustomter er kjøpte og bygt på, særleg av fabrikkarbeidarar.

I 1747 vart det ei semje mellom Stave, Sætre og Hellen om fedrifta. Dette er det fortalt om under Stave.

I 1777 var brukaren av Hellen med på å stemne Lars Myrset fordi han hadde teke hestane frå Sætre og Hellen og ført dei til Myrset. Meir om dette under Sætre og Myrset.

I 1890-åra var der utskifting av torvmark og mold i utmarka (A. Grønningsæter V 6 (1891-1903)). Då utskiftinga tok til i 1894 skreiv Grønningsæter at delingsgrunnlaget mellom Ikornnes og Hellen var noko uklart, då den eine parten åtte skogen og den andre parten hamnegangen (i Hellen si skogstrekning). Der var torvland på begge sider av Ikornneselva. Jens Hellen gjekk særleg inn for å få ei betre ordning der Hellen åtte skogen og Ikornnes hamnegangen.

Då beitegrensa vart avgjort måtte nedre delen av ein grensegard flyttast til den nye bytelinja. Jens Hellen var imot at myr i hans skogstrekning skulle utskiftast.

Skogstrekningane til Hellen låg heimanfor heimste Sæssvatn og framanfor fremste Sæssvatn. I den tvisten det her er tale om var Sætre og Hellen mot Ikornnes. Men då det særleg galdt eigedomsretten til torv, og der var lite torv i skogstrekningane som Hellen åtte, vart det særleg Sætre mot Ikornnes. Sjå desse.

Den fremste skogteigen til Hellen ligg ved Gamlestølen, der Ikornnes har beite. Det vert fortalt at Ikornnes gav Hellen denne teigen fordi dei syntest Hellen hadde for lite, og at dette hende på ein juledans. Hellen

har elles skogteigar i åsen opp for bøgarden, og i Holen mot gjerds garden til Ikornnes lenger oppe.

På seterstølen slo dei, men det er lang tid sidan. Dei slo i lag med grannane på Ikornnes og Sætre og delte høyet. Der var ikkje byte på stølen.

(Om beitesaka i 1747 sjå SSTb nr 19 fol 629.)

EIGARAR

Vi veit at Hellen var krongods frå dei første 1600-tals-åra til først på 1630-talet. Då gjekk Hellen og nokre andre gardar over til nokre borgarar i Bergen som hadde hjelpt kongen med pengar. I 1649 skøytt kongen, som nokre år før hadde fått tilbake Hellen, denne og nokre andre gardar over til Hannibal Sehested, som same år og dag makeskifte Hellen med kongen, slik at Hellen enno i kort tid var krongods.

I 1651 er borgarmeister Hans Hansen førd som eigar av Hellen og nokre gardar på Furstrandane. I tida 1656-1661 er Hellen og dei same Furstrandgardane eigedomen til Mester Peder Lem, lektor i Bergen. I 1661 går Hellen saman med Ikornnes over til De velbyrdige Rosenkrandzer, men alt same året er Mariakyrkja eigar av Hellen. Denne jordeigaren er snart kalla Maritte kyrkje, snart Maria Prebende.

I futerekneskapen for 1732 står det under «Prebende Margrethæ Virginis» at av Hellen, Ikornnes og nokre gardpartar i Hundeidvik «nyder Nye-Kirken udi Bergen pro officio og ingen anden visse indkomster». Hellen blir difor i tida utover kalla mensalgods eller prestebordsgods. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gardsnr. frå eldre til yngre: 139, 145, 138, 141, 101, 138.

Hellen høyrde til 19. legd.

Vart i 1661 rekna under øydegardar, då kvar av dei to brukarane hadde eit bruk på 1½ mællag, til saman 2½ pd fiskeleige.

Ved den nye matrikkelen i 1838 fekk Hellen løpenr. 322, og skyld 2-1-11, rev. 1890: M 3,82. Matrikkelen av 1732 er førd med smørskyld på Hellen: 1 pd 6 mk.

Ti enda før 1620 var frå 1 til 3 fj. korn, i 1664 3 mæler havre, i 1675 2 pd 8 mk korn. I 1706 1 mæle havre og 8 skill. i ostetiend.

Leidang: På 1600-talet 2 kalveskinn, i 1705 16 skill., i 1717 1 ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 1 mann

1614: 2 mann

1626: 2 mann. Sår 2 t.

1657: 2 mann. Fôrar 8 kyr, 7 sauer, 7 geiter.

1697: 2 mann

1714: 1 mann. Sår 3 t havre, 2 skjepper bygg, avlar 15 t havre 1 t bygg.
Fôrar 1 hest og 9 naut. Brennefang.

1724: 1 mann. Sår $\frac{1}{3}$ t bygg, $3\frac{1}{2}$ t havre, avlar $1\frac{2}{3}$ t bygg, 14 t havre, «høyavlingen er uviss at beskrive». Fôrar 1 hest, 6 kyr, 4 ungfø, 8 sauer, 7 geiter. Nok brenneved. Seter $\frac{1}{8}$ mil frå garden, som ligg ved sjøen. Noko tungdriven til høy, men viss til korn.

1802: 1 mann. Sår 2 t havre, $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{4}$ t bygg, avlar 6 foll. Fôrar 7 storfe, 1 hest, 16 småfe. 5 arbeidsfolk til gardsdrifta. Har ein liten del i Sætre sin furuskog. Har einer og annan krattskog til brensel. Ikkje nok beite i den snevre utmarka. Årviss kornavling med omsyn til modning, men kan lide ved storm. Garden er verdsett til 120 rd.

1845: 1 mann. Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, 3 t havre, 1 t poteter. Fôrar 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 5 geiter, 1 gris.

1865: 1 mann. 1 hest, 10 kyr, 13 sauer, 7 geiter, 1 gris. Sånad: 3 t blk, 4 t havre, $2\frac{1}{2}$ t pot. Matr.førebuingsarb. i 1860-åra: 26 dekar åker og dyrka eng. 57 dekar natureng, ligg godt til og er lettbrukt. Sår $3\frac{1}{2}$ t blk, 4 t havre, $2\frac{1}{2}$ t poteter. Avlar 20 t blk, 24 t havre, 17 t poteter. Fôrar 1 hest, 10 storfe, 24 småfe.

1875: 1 mann. 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 4 ungdyr, 6 sauer, 6 geiter, 1 gris. Kårmannen har 2 kyr, 4 geiter.

BRUKARAR

Dei første namna eg har funne er frå 1603 (Bhl. pk 4). Då er Peder på Helden nemnd som øydegardsmann og Amund og Villik er husmenn.

Peder Pedersen

Br 15 . .-1612

Peder skatta i 1603 av $2\frac{1}{2}$ pd fiskeleige, og det var skylda på Hellen i lang tid framover. I tida 1606-1610 vart Amund nemnd som brukar ved sida av Peder, og Villik vart nemnd som husmann åleine. Amund og Villik vart

elles kalla Syversen i tidlege lister, berre i 1626 vart dei kalla Pedersen. Syversen må vere det rette, og dei var nokså sikkert brør. I 1613 la enkja etter Peder Pedersen ½ mæle i korntiend.

Peder Olsen Ekornes

Br 1612-1614

Han la 8 rd i 1. bygsel av 3 mællag i Hellen. Men alt i 1614 bygsla han eit av Sætre-bruka «som nu er meget bygfældig og forfalden». Bruket han bygsla der var på 1½ v, altså langt større enn Hellen, der dei tidlegare husmennene Amund og Villik tok over kvar sin del. Vi kallar dei to delene bruk A og bruk B.

Bruk A

Amund Syversen Kvassnes

Br 1614 - 1635

I åra 1606-1610 då han vart nemnd som brukar ved sida av Peder Pedersen, var det berre Peder som la tiend.

I åra 1612-1614 brukte Amund berre 6 mk. men frå den tida til 1635 brukte han ein litt større del enn broren: 1½ pd, mot broren 1 pd.

I 1611 vart Amund utreidd til Kalmarkrigen. Rasmus Jarnes var den eine utreiaren. I 1621 vart Amund førd som brukar av 2 pd i Hellen.

Knut

Br 1635-1651

Han brukte dei første åra ½ v og vart i 1638 nemnd mellom øydegardsmenn og andre fattigmenn «som kan have et nøds foster eller to» (d.e. som kan fø ei ku eller to). I 1644 hadde bruket hans minka til 1 pd 6 mk. som var ½ Hellen. Koppskattlista syner at Knut var gift og hadde tenestjente. Så seint som i 1655 er han nemnd i ei leidangliste, men må då vere kårmann.

I 1661 vert han kalla «gammal husmann».

Ole Jakobsen

Br 1651-ca 1675

Barn: Ole

Etter ei aldersoppgave skulle han vere fødd ca. 1604. Første året han var brukar la han 10½ skill. ½ alb. i skatt, då taksten var 1 slettdlr, pr. våg. I 1657 la han 2½ slettmark 2 skill. i krøterskatt av 4 kyr, 4 sauer og 3 geiter. I 1666 vart han som grannen førd som brukar av 1½ mællag. Det skal truleg vere 1½ mællag 3 mk, slik at skylda for Hellen vert den same som før. 1½ ml 3 mk vart då òg ført på sonen

Ole Olsen Hellen

Br ca. 1675-1698

Her veit vi lite. Brukaren er nemnd med fornamn. Men det er truleg at Ole Olsen ikkje tok over etter faren før ved 20-årsalder. På den andre sida er det lite truleg at Ole Jakobsen heldt fram som brukar etter 70-årsalder. 1675 skulle då bli eit sannsynleg år for brukarskifte.

Bruk B

Villik Syversen Kvassnes

Br 1613-1628

Han hadde vorte kalla husmann på Hellen i mange år då han i 1613 la 3 rd i 1. bygsel for 1 mællag i Hellen. For det meste vart han førd med 1 pd fiskeleige. Etter Villik kom

Anders Jonsen

Br 1628-1640

Første året han var brukar la han 1½ rd 9 skill. i skatt, som det året var full skatt for øydegardsmenn, medan Amund berre greidde 3 ort. Men i 1640 gjekk Anders «for armod» frå bruket, og i staden kom

Amund Olsen

Br 1640-1664

Betalte 5 rd i 1. bygsel for halve Hellen, og sidan 15 skill. i «3.-årstage». Krøterskatt i 1657 2½ slettmark for 4 kyr, 3 sauer og 4 geiter.

Elling Pedersen f.ca. 1630

Br 1664-ca. 1674

I desse åra vart skylda på Hellen førd med ½ v 1 pd, d.e. 2½ pd. Elling har truleg døydd tidleg, og før sonen var gammal nok til å ta over, kom

Amund

Br ca. 1674-ca.1685

Han brukte halve Hellen, 1½ mællag 3 mk. og saman med brukaren av den andre halvta la han i 1682 2 kalveskinn i leidang. Så kom jordaguten og tok over.

Ole Ellingsen Hellen f 1664

Br ca. 1685-1698 (halve), til 1711 (heile)

GAnne Olsd. f ca. 1649 d 1723

245

Barn: Ole f ca. 1688, g p br

I 1694 hadde skylda for Hellen auka, slik at kvar brukar vart førd med 1 mællag 12 mk. 1. januar 1698 tok Ole over resten av Hellen i tillegg til bruk B. I 1711 betalte han skoskatt for seg og kona og eit barn, og tenestelønskatt for ei taus med 2 rd i årsløn.

Ole Ellingsen vart ofte nytta som vurderingsmann ved skifte.

Bnr 1

Ole Olsen Hellen f ca. 1688 d 1740

g ca.1708 Lisbet Jørgensd. f ca.1692

Br 1711-1740

Born:1.Rasmus f ca. 1708. Utskriven til militærtjeneste i 1734, grenader i Det Mellem-Søndmørske Kompani i 1743

2. Paul f ca. 1710, til militærtjeneste i 1730

3. Jakob f 1713, til Stave i 1743, g 1745 Berte Jonsd. Stave (bnr 1)

4. Anne f ca. 1715, g Nils Ellingsen Ytre Ekornes (br 4)

5. Jørgen f ca. 1717, g p br

6. Ole f 1721, fritaken for militærtjeneste ved sesjonen i Ørsta 1746, brokk. D ug 1774

7. Ingeborg f 1725

8. Sylvei f 1729, g 1751 Jakob P. Erstad (Peg.).

Ole la i 1715 av eid som «ny dannemand». (SSTb nr 11 s 199.)

Enkja g 2. 1744 med

Nils Nilssen Holt eller Ødegård f ca. 1697 på Holt i Stordalen, d 1749.

Lisbet d 1755.

Br 1743-1749, enkja til 1750.

Då han kom til Hellen kom han frå Ødegård på Stranda. Fekk bygselsetel 8/10 1743, altså før han gifte seg med enkja. Han var enkjemann då. Han var først g.m. ek. Brit Jonsd. Ødegård i Myklebust, Stranda (ca. 1685-1741), og hadde dottera Siri f ca. 1733, g til Rødset. Sk. 15/9 1749 etter Nils: Brutto 181-5-7, netto 163-5-15.

Så kom då son til Ole Olsen Hellen,

Jørgen Olsen Hellen f ca. 1717 d 1784

1751 g Marte Pedersd. Erstad (br 3) f 1732 d 1804

Br 1750-1784, ek. til 1788.

Born: 1.Elisabet (Lisbet) f 1752, d 1804, 1774 g Jakob Jakobs. Ørsnes (1746-1803)

2. Guri f 1755 d 1828, 1783 g em. Lars Larssen Straume (Larsg.);

3. kona hans.

3. Anne f 1758, d 1758, legen i hel av mora

4. Annef 1760, g p br

5. Ole f 1763 d ug 1788

6. Signi f 1767, 1803 g Elling Martinus Ellingsen Ytre Ekornes, br 4.

Var med på beitesak mot Myrset i 1777. (Sjå Ole Ols. Sætre.) Sk. etter Marte 1804: Brutto 14-5-3, gjeld 14-4-1. Der var òg ein liten auksjon etter henne.

Peder Paulsen Svartebekk

f 1759 d 1831

1789 g Anne Jørgensd. Hellen f 1760 d 1836

Br 1788-1822

Born: 1. Ole f 1790. Han var 1,51 m som 16-åring, 1,62 m i 1813. G. Anne Helene Paulsd. Glomset f 1801. Dei budde på Hareide til 1830, sidan på Hanken i Borgund

2. Lars Petter f 1791, g p br

3. Jørgen Petter f 1794. Flytte til Blakstad (br 2)

4. Peder Severin f 1797, d 3 veker

5. Anne *Marta* f 1798, g 1. 1878 em. Johannes Johannessen Eidem, g. 2. 1851 Lars Petter Jans. Straumsheim, Tuepl.

6. Ragnhild Petrine f 1800, g 1848 til Blakstadnes

7. Solveig f 1803, d 4 veker

8. Lars Severin f 1805. Var soldat i Bergen i 1830-åra.

Sk. etter Peder 1/11 1832: Brutto 32-3-4, netto 21 rd. ($\frac{1}{50}$ i kornmagasinet på Jarnes, Møllers huspostill, Livets sande vei, 1 gl. skinnstakk, 1 færing, $\frac{1}{4}$ i ei kvern). Ved ein off. auksjon vart det selt for 37-2-7. Der var òg ein liten auksjon etter kona 24/6 1836.

Lars Pedersen Hellen f 1791 d 1843

1827 g Johanne Cecilie Olsd. Løset S (br 2) f 1798 d 1862

Br 1822-1843

Born: 1. Ole Petter f 1827, g p br

2. Anne Oline Petrine f 12/4 1831, grf. 20/1 1833

3. Anne Oline f 23/12 1838 d 1904, g 1. 1856 Lars Ols. Hole f Tjønes 1833, g 2. 1873 Ole Martinussen Melset (br 1)

Fekk bygselsetel av postmeister Tonning og Peder Elias Rønneberg. Tok over lakseverpet i Ullavik i 1830 og vann saka då han vart skulda for

ulovleg bruk av lakseverpet. Ole Olsen Fauske kunne vise heimel til halvdelen av lakseverpet, ved festesetel frå presten Kjelstrup. Men Lars kunne leggje fram papir på heimel frå presten Kaurin. Og sidan disposisjonane av lakseverpet var benefisert Ørskog sokneprest, så var det det som den siste presten hadde bestemt som skulle gjelde. Lars vart frikjend. (1833, NSSTb nr 4.)

I 1836 vart Lars stemnd for forlikskommissjonen av Hans Karl Hanstensen Fauske som gjorde krav på tenartøn 2 spd 3 ort, 1 skjorte, og 2 mk lær. Etter lang mekling gjekk Lars med på å betale 1 spd, 1 skjorte, 3 mk lær + sakskostnader innan 3 mnd. Sk. etter Lars: Brutto 244- " -6, netto 211-2-7.

Enkja fekk kongeskøyte på bruket 12/12 1844. Det året g 2. m.

Lars Petter Gullik Toresen Hundeide (bnr 1) f 1817 d 1903
g 2. 1876 ek. Karoline Guttormsd. Reite f Brunstad 1811, d 1899.
Br 1844-1855

Då Johanne fekk skøyte på bruket var sonen Ole 17 år, og han og mora skreiv under ein kontrakt der Ole forplikta seg til å kjøpe bruket, og etter å ha sete på garden i 14 år skulle han få ta over bruket for 200 spd mot kår til mora og verfare (12/11 1843, tgl. 13/5 1845).

Det gjekk ikkje nett slik. I 1845 vart Lars Toresen sjølveigar, sådde ½ t bygg, 1 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 5 geiter, 1 gris.

Ole Petter Larssen Hellen f 1827 d 1919
g 1855 Anne Marta Jetmundsd. Lade f 1834 d 1916
Br. 1855-1891

- Born: 1. Lovise Jensine f 1856, g 1877 til Riksheim, br 12
2. Lars Johannes Edvard f 1860, d 1885. Han hadde barn, Anna Oluffa f 1884 i Herøy, d 1924, g 1905 Bernt Olaus Berntsen Vik (Styrkåg.), lærar, f 1875 d 1947. - Lars Johannes omkom i august 1885 i eit uver då sju båtar forliste og 33 omkom. Lars Johannes vart ikkje atfunnen.
3. Berte Jensine f 1863 d 1916, g 1881 Jens Larssen Lade (Jetmundg.). Bd II s. 547
4. Jens Bastian f 1866, g p br
5. Karoline Marie f 1874 d 1938, meierske i Velledalen. G 1900 Peter Severin Larssen Fet (1881-1968).

Ole Petter fekk skøyte på bruket av verfare i 1855 for 250 spd mot kår. Då han gav skøyta til sonen Jens i 1891, var det med det atterhald at han

skulle ha bruksrett til halve bruket, og om Jens skulle døy, skulle Ole ha rett til å ta 1/3 av den furuskogen som fanst i Holteigen.

Om krøterhald og sånad i 1860-åra, sjå Opplysningar om garden. Det kan nemnast som ein kuriositet at det i førebuingarbeidet med ny matrikkel i dei åra står om «Adkomst»: Til sønen god, til vei middelmådig.

Ein gong låg Ole sjuk med lungebetennelse og doktoren sa: «Hvis du greier deg over denne natten står du det over.» «Ja, eg skal prøve det, farr,» sa Ole.

Jens Bastian Olsen Hellen f 1866 d 1939

1889 g Karoline *Nikoline* Kristensd. Vik (Låna), f 1863 d 1957

Br 1891-1939

Born: 1. Lars Karl f 1889, p br, ug

2. Ole Kristian Nikolai f 1893 d 1894

3. Ole Kristian Peter f 1899, d 1920 på Setnesmoen. Elektrikar.

Jens fekk skøyte for 2500 kr. Var medlem av forlikskommissjonen; og domsmann.

Lars Karl Jenssen Hellen f 1889, d ug 1977

Han brukte garden saman med mora til han fekk skøyte på bruket i 1948.

Br 1939-1965, aleine frå 1948.

Kjøpte bruket for 5000 kr. «Ein staut gubbe», skriv ein granne om han.

Olivia Olsd. Midtgård frå Johanplassen styrde huset for han frå 1940 til han døydde.

Lars hadde nær slekt i Nilsg. på Fet, og folk derifrå hjelpte Lars i onnene, og også med husvøling, frå kring 1960. Det vart slutt med aktiv gardsdrift med krøterhald i 1965, og garden vart frå då av driven som tilleggsjord til Fet-bruket. Brukaren der, Peter P. Fet, kjøpte Hellen i 1969 etter Lars sitt ynskje. Det vart reist søksmål frå andre i slekta, men for å unngå at garden kom på andre hender, i hans levetid, tok Lars garden attende året etter. Den vart framleis driven av Fet-folket, men Lars stod som eigar så lenge han levde.

Lars testamenterte garden til dei to borna til Peter P. Fet. Men i slike høve kan kommunen med forkjøpsrett, konsesjonslov og jordlov ha eit ord med i laget, og semja vert truleg slik:

Vånehus og stabbur og ca. 2 dekar jord ved husa er frådelt til Olaug Gjerdsrud f Fet, medan broren, arkitekt Kjell Peter Fet tek over jordvegen med løe etc., og kommunen får ein utmarksteig til byggjeformål.

I vånehuset budde i 1980 Olivia Olsd. Midtgård, den gamle hushalderska til Lars, og ho får bu der så lenge ho greier seg sjølv.

Bnr 2 MYRSTAD

Utskilt frå bnr 1 i 1937, skyld 2 øre
Karl Olsen Erstad
Sjå bnr 8 Løvlund Ytre Ikornnes.
Den som no har teke over Myrstad er sonen
Børre Karlssen Erstad.

Bnr 3 HELLERUD

Utskilt frå bnr 1 i 1938, skyld 15 øre
Anton Bernhard Jenssen Stave (br 5) f 1908
g 1937 Sofie Hansd. Sandvik (br 1) frå Furstranda f 1913
Br 1938-
Born: 1. Harald f 1937. Sjå bnr 17
2. Leikny Johanne f 1939, g 1961 Per Olsen Oseberg frå Syvde f
1941. Maskinist i utanriksfart. Bur Sætre br 31
3. Astrid Ingeborg f 1942, g 1962 Stein Bakstad frå Sørums f 1941
4. Arne Sigurd f 1946. Bustad Sætre bnr 110
5. Dagfinn f 1953, sjå Sætre bnr 103
Anton Stave kjøpte stykket, 5 dekar, av Jens Olsen Hellen i 1938. I 1953
kjøpte han eit stykke til på om lag eit dekar. Alt vart oppdyrka dei første
10 åra.
Ved kjøpet av det første stykket vart dei samde om ein pris på 1200 kr. Då
Anton noko seinare kom att og skulle betale, sa Jens at han og kona hadde
vorte samde om at det skulle vere berre 1000 kr. Og at der ikkje skulle
målast lenger ned enn til høgste vass-stand. Anton bygde både stovehus
og løe i 1939, og dei flytte inn i januar 1940.
Han har framhaldsskule og er utlærd korgmakar. Av hovudyrke er han
industriarbeidar.

Bnr 7 HELLERUD II

Utskilt frå bnr 1 i 1958, skyld 2 øre

Bnr4 NESHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1949, skyld 1 øre
Martin Ellingsen Ekornes f 1912
g 1. 1943 Torbjørg Sandal f 1918 d 1975

g 2. 1977 Tora Larsd. Midtbust f 1914 i Stordal

Born: 1. Gunhild f 1944

2. Berit Vigdis f 1948, g Magnus Unhjem i Ørsta f 1943

3. Eldrid Bente f 1952

Martin Ekornes var nr 3 av syskenflokken i Ola-garden på Indre Ikornnes. Etter folkeskulen ville foreldra at han skulle ta meir utdanning, men det hadde han heller liten hug til då. Broren Jens hadde nett teke til med verkstad, og Martin fekk arbeid der. Slik gjekk det til at han i dei første ungdomsåra var industriarbeidar, først på Ikornnes, så på Aure, og då fabrikk flytte til Ørsta vart han med dit.

Eitler ei tid tok han likevel til å tenkje på at han burde ha gjort slik foreldra ynskte. Gjekk først på Sunnmøre Ungdomsskule i Ulsteinvik, så mellomskulen på Sjøholt, og deretter barst det til Volda der han tok både examen artium og lærarskulen.

Då dette var i okkupasjonstida søkte han ikkje fast lærarpost. Tok først vikariat i folkeskulen, deretter var han i 2 år lærar ved realskulen i Ørsta.

Etter krigen ville broren Jens gjerne på ei studieferd til U.S.A., og han spurde Martin om han ville kome heim og leie fabrikk saman med broren Leif medan han var heimanfrå. Og slik vart det.

Endå han likte læraryrket, gjekk han no slik opp i arbeidet ved fabrikk at han vart verande der også etter at Jens kom heim.

Han bygde seg hus på Hellen og vart buande der. Han var ein av direktørane ved fabrikk då han drog seg attende frå denne leiarstillinga ved fabrikk i 1979.

Bnr 20 BAKKELY

Utskilt 1975, skyld 1 øre, del av tomt.

Bnr 4

Magnus Reinholdt Unjem f 1943 i Ørsta

g 1969 Berit Vigdis Martinsd. Ekornes f 1948

Born: 1. Anne Guri f 1970

2. Trine Marit f 1973

Unhjem er kontormann. Bygde hus nr 2 på bnr 4 1974.

Bnr 5 STØYLEN

Utskilt frå bnr 1 i 1953, skyld 1 øre

Sigfred Petter Støylen f 1917 i Sande

g Astrid Hildur Bjørlykke f 1918 i Sande
Born: 1. Kåre f 1945, g 1965 Kari Synnøve Arnesd. Flaate f 1947. Bur på
Straume
2. Randi f 1949
3. Magnar f 1953, g 1970 Kirsten Marie Horsevik f 1956
Støylen er mekanikar ved fabrikk. Bygde hus i 1954.

Bnr 22 STØYLEN I

Tillegg til tomt, utskilt 1975, skyld 1 øre.

Bnr 6 VONHHIM

Utskilt frå bnr 1 i 1953, skyld 1 øre
Arne Johan Simonsen Sætre f 1918
g 1956 Elly Josefa Olsen f 1923 i Tysfjord
Barn: Even f 1959
Sætre er målar.

Bnr 8 HELLEBAKKEN


Utskilt frå bnr 1 i 1955, skyld 1 øre
Severin Johan Bastiansen Erstad (br 4) f 1902 d 1974
g 1939 Bjørg Toresd. Gangnat f 1917 i Flemma på Nordmøre. Gangnat er
gnr 17 i Tingvoll.
Born: 1. Torbjørn f 1945, g Kari Franzen Eidsvoll f 1946 i Ålesund. Dei
bur i Hatlemark, bnr 14
2. Solrun f 1949, g Mindor Øygard, sjåfør, bustad Eidsdal.
Erstad dreiv som tenåring fiske og fangst i ishavet. I 19-årsalderen til
USA, utvs nr 336. Var nokre år på norsk båt, m.a. til Sør-Amerika og
Japan. Sidan fabrikkarbeidar i Sykkylven til han i 1947 kjøpte lastebil og
dreiv langtransport 1951-1960. Sidan arbeidsufør. Kona har folkehøg-
skule.

Bnr 9 JARNES SKULE

Utskilt frå bnr 1 i 1955, skyld 1 øre.
Sykkylven Kommune

Bnr 18 JARNES SKULE III

Utskilt 1972. Skyld 1 øre.



Frå Hellen. Jarnes skule, til høgre kyrkja. I bakgrunnen frå byggjefeltet Sætre/Hellen.

Bnr 21 JARNES SKULE IV

Utskilt 1975, tillegg til skuletomt. Skyld 5 øre.

Bnr 10 SOLTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1957. Skyld 1 øre

John Ragnvaldsen Steinberg f 1925 i Vanylven
g 1950 *Konstanse Davidsd. Helle* f 1926 i Fjaler.

- Born:
1. *Rune Magne* f 1952. Har bygt seg hus i Hatlemark, br 19
 2. *Dagfinn Arne* f 1953, g 1980 *Maylis Stensvoll* f 1953 i Frosta
 3. *Turid* f 1955, g 1977 *Audun Holten* f 1953 i Hasselvika. Arb. ved Linjegods, Drammen
 4. *Anne Marie* f 1959
 5. *Mildrid Irene* f 1964

Maskinsnikkar ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1958.

Bnr 13 SOLTUN II

Utskilt frå bnr 1 i 1961. Kjøpt som tilleggsjord til bnr 10.

Bnr 14 HELLEBO

Utskilt frå bnr 1 i 1963, skyld 1 øre
Leif Martin Nilssen Sjøholt f 1938 på Ikornnes br 6
g 1961 Marie Sofie Johansd. Fausa f 1939 i Balsfjord.

Born: 1. Laila Merete f 1963
2. Sølvi Kristin f 1965
3. Britt Pernille f 1966
4. Leif Magne f 1970

Arbeidsformann ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1963. Kona er frå Riksheimgjerde.

Bnr 16 SAGATUN II

Utskilt frå bnr 1 i 1969, skyld 1 øre
Arne Petter Støylen f 1925
Han er kontormann. Har kalla denne tomta, der han bygde naust i 1975, etter bustadtomta si SAGATUN på Hakallestrand.

Bnr 19

Hustomt og friluftsområde. Tilkomstveg til byggefeltet Sætre/Hellen. Utskilt i 1973, skyld 1 øre.
Sykkylven Kommune

Bnr 17 SOLBAKKEN

Utskilt frå bnr 3 i 1974, skyld 1 øre
Harald Antonsen Stave f 1937
g 1964 Karin Elise Pedersen f 1943 i Bø i Vesterålen

Born: 1. Kjell f 1965
2. Per Arne f 1966
3. Oddbjørn f 1967
4. Dagfinn f 1967 (tvill.)

Var elektrikar i Bø, sidan mekanikar ved Ekornes Fabrikker. Driv no Ekornes Auto-Senter A/S.

HELLEN

Bruk A, bruk B

Bnr 1, 2, 3, 7, 4, 20, 4, 5, 22, 6, 8, 9, 18, 21, 10, 13, 14, 16, 19, 17.

Namnet kjem av dyrenamnet ikorn eller ekorn, lokal uttale ikønj, og uttalen av gardsnamnet har vore ikønjes, som vel vert sagt av mange eldre bygdefolk enno.

Eldre skrivemåtar: Jkornes (1540), Echornes (1626), Ikornes (1665), Ikornnes, Eckornes (1700), Hekornes (1767, futerekkn.), Eckornnes (1721), Ikornnæs (1819).

Den vanlegaste forma heilt til dei siste åra har vore Ekornes, og alle som har dette namnet som familienamn skriv det slik. No vert grenda med poststad skrive Ikornnes.

Etter namna å døme må ein tru at Ikornnes Indre og Ikornnes Ytre har vore ein gard. Men kva tid garden vart delt er ukjent. Nemningane Indre og Ytre var i bruk alt på 1600-talet, enda dei i første ti-åra ikkje alltid vart tekne med. Og når dei vart det, stod dei anten føre eller etter Ekornes.

Alt den tida var Indre Ikornnes størst, men hadde likevel som Ytre berre ein brukar det meste av 1600-talet. På ein måte må ein seie at Indre og Ytre Ikornnes er like gamle. Men det er vel truleg at den tida Ikornnes var ein gard, budde brukaren på det som seinare vart kalla Indre Ikornnes.

Grensa mellom Indre og Ytre Ikornnes har stort sett vore elva, grense elles berre opp til bøgarden. I seterhamna var der før gjerde mellom Ikornnes og Sætre. No er gjerdet heilt til nedfalls, men merke etter det syner enno.

Innmarka til Indre Ikornnes grensar i sør til Hellen, i vest til eiga utmark, i nord til Ytre Ikornnes og i aust til sjøen.

For bortimot 300 år sidan vart det to bruk både på Indre og på Ytre Ikornnes. Tuna til dei to bruka på Indre Ikornnes låg kring 20 meter frå kvarandre.

Utskiftingar har det vore fleire av på Ikornnes. Før ei utskifting mot slutten av 1800-talet hadde dei to brukarane på Indre Ikornnes utmarka si i to stykke kvar. Ved den utskiftinga fekk begge bruka sitt i eitt stykke.

På 1500-talet og i førsle halvta av 1600-talet var der sagbruk på Ikornnes. Ei oppgangssag stod den tida lenger oppe, ved Sagfossen, som det heiter den dag i dag. Det er i utmarka. Men då det vart slutt på skogen låg saga lenge nede. I 1810 fekk brukarane på Ikornnes kongeleg bevilling til å drive sagbruk att. Og i 1819 kom takstmenn til garden for å sjå på saga og skogen slik brukarane hadde bede om, for å få fastsett den årlege avgifta.

Takstmennene fann at der var nok vatn berre i flaumtida, og at skogen var «en ubetydelig, gammel og krampvoksen skog». Der var knapt unge tre å finne. Det same galdt skogen til dei næraste grannane på begge sider. Ved fastsetjing av årsavgifta vart det også teke omsyn til at det var lite skog på den andre sida av Storfjorden med. Ein kom til at der år om anna kunne skjerast 15 tylfter tømmer på Ikornnes, og avgifta vart sett til 4 skill. pr. tylft til statskassa, til saman 60 norske spesiskilling (NSSTb nr 2).

Då brukarane på Indre Ikornnes ved utskifting fekk innmarka si i eitt stykke kvar, vart saga liggjande på jord som var tildelt bnr 1. Og av jorda som var tildelt bnr 2 var eit stykke med vassfall til anlegg av stampe, eit stykke som før var sameige. På sagbruket var det berre eitt saghus, og bnr 2 fekk den gamle sagtomta. Dammen vart sameige som før. Sameige i saga vart avskaffa i 1894. Det gjekk slik til:

Peter Hanssen på bnr 1 baud seg til å føre opp eit nytt saghus nedanfor det gamle, mot at vassleidninga vart sameige ned til dammen, der vatnet skulle delast likt. Når det var for lite vatn til begge skulle dei bruke vatnet kvar sitt døgn.

Det var frå midten av 1880-åra at der var fleire møte for å drøfte utskifting av innmarka på Ikornnes. I 1891 kravde Syver Andreas Karlsen at utskiftinga skulle utvidast til å gjelde utmarka på Indre Ikornnes òg.

I 1892 vart det vedteke å regulere grensene for Indre Ikornnes mot Hellen og Ytre Ikornnes og setje opp hagard mot desse to gardane. Utskiftinga av innmarka slutta 15/6 1892.

Den påtenkte utskiftinga av utmarka tok til i 1894. I hamnestrekninga til Ikornnes hadde Hellen ein skogteig, og i den hadde skogen og hamnegangen kvar sin eigar. Elles var Ytre og Indre Ikornnes usamde om eigedomsretten til torv- og moldmark. Ytre meinte dette var heilt sameige, og fekk Hellen med seg på å krevje utskifting for å avgjere dette (1895). I 1896 møtte òg brukarane på Blakstad, Tusvik og Tu, då ein annan floke skulle løysast: Hamnebeittegrensa og skogbytet fall slett ikkje saman, særleg mot Hellen og Sætre, men heller ikkje mot Blakstad.

Det går ein grensegard mellom Ikornnes og Jarnes opp til Hegrehaugen, og den gjeld all slags eigedom og all slags bruk. Ei skogstrekning ved Blakstad-grensa kallast Hopeskogen. På ein annan kant ligg tre skogteigar som heng saman og heiter Dæmmeteigen, Syrebraut-teigen og Stigeteigen. I utmarka mot Jarnes er nemnde t.d. Hegrehaugen, Ramskaret og Goffamyra. (A. Grønningsæter V 6 (1891-1903.) Også vatn er nemnde, såleis Kjendelivatnet og Ramskarvatnet. No skriv dei Kjønnglivatnet. Det var ved det sætra låg. I 1897 vart det vedteke at der ein part eig skogen

og ein annan part hamnegangen, skal torvverdien delast likt mellom begge partar.

Utskiiftinga av utmarka slutta 24/6 1902.

I 1904 tok brukarane på Indre Ikornnes til å plante skog med statstilskot.

Av verksemder utanom sagbruket var der på 1800-talet og først på 1900-talet stampebruk og meieri. Stampa hadde dei to brukarane før 1890-åra brukt i lag. Den låg lenger nede enn sagbruket og kom etter utskiftinga på lotten til bnr 1. I staden fekk bnr 2 eit stykke jord i kvitlen ved Sætre si kvern og fekk like rett med Sætre både til vassleidninga og dammen. Sameige av det gamle stampehuset vart det slutt med i 1893.

Ved elva var også mange kvernhus. Eigarane var i rekkjefølgje nedanfrå og oppover: Severingarden, Olagarden, Jarnes, Hellen og Sætre (Knutgarden).

Trusking gjekk også føre seg med vasskraft. Kvernaveita viser enno og går heilt til Sætre. Under krigen vart kvernane plomberte, men somme greidde dei likevel å bruke.

Setra låg utatt mot Blakstadfjellet, berre vel ein halvtimes gange frå Ikornnes-tuna. Det var ikkje fjellseter, og det at ho låg so nær garden var vel grunnen til at kyrne lett ville kome heim att. Ikornnes slutta då og med sætring før dei fleste andre gardane i bygda.

Som vi skal sjå tok industrien til så smått alt i det første ti-året av 1900-talet på Ikornnes. Og med starten av J. E. Ekornes Fabrikker i 1930-åra og den raske utviklinga der, kom revolusjonerande endringar i heile grenda. Jordbruka vert drivne tidsmessig, men Ikornnes har først og fremst vorte eit industrisentrum.

EIGARAR

I 1530 høyrde Indre Ikornnes til St. Olavs jord (2 huder), men vart kort tid etter krongods. I 1629 vart garden sett i pant til rådmenn og rike borgarar i Bergen som hadde «forstrakt» kongen med sølv. Den tida garden var pantsett var det dei som hadde pantebrevet som svarte odels-og rosstenesteskatt, men den verkelege eigaren var endå kongen som hadde innløysingsrett, og den brukte han i 1641.

I 1649 skøytt kong Fredrik III garden over til svogeren, statthaldaren i Norge, Hannibal Sehested, som same dagen gjorde makeskifte med kongen, som altså igjen vart eigar av Indre Ekornes.

Eit par år seinare selde han garden til Marie Kyrkje, som var eigar til midt på 1660-talet. Frå då av til kring 1680 var garden atter krongods.

Deretter vart Marie Kyrkje eigar i lang tid, ofte skrive Maritte Kyrkje eller Marie Vergine Prebende. Garden vart benefisert presten i Nykirken i Bergen, og brukarane betalte årleg jordavgift til han.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr i rekkjefølgje frå eldre til yngre: 142, 146, 141, 139, 144, 102. På 1800-talet fekk bnr 1 løpenummer 323, bnr 2 løpenummer 324.

I 1660-åra høyrde Indre Ikornnes til skatteklassa halvgardar. Skylda har lengste tida vore 2 v fisk. Den nye skylda vart 2-1-1 for kvart bruk, i 1890 revidert til M 3,89.

Korntienda var i 1603 1½ mæle, i 1606 1 mæle havre 10 mk bygg, 4 skill. i ostetiende. I 1620 2 mæler havre, i 1667 1½ t 1½ mæler havre, ½ mæle bygg, ½ pd ost. I 1714 2 t havre og 4 skjepper bygg, 12 mk ost eller 18 skilling.

Leidangen var i 1603 1 geiteskinn og heldt seg på det på heile 1600-talet. I 1714 var leidangen 3 ort. Det året var leiglendingsskatten 3 rd, odels-skatten 4 ort 8 skill., kvernskatten 1 ort, alle skattar 5-1-8.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606 2 mann

1626 1 mann. Sår 6 t.

1657 1 mann. Krøterskatt for 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 5 sauer og 6 geiter.

1667 1 mann. Sår 5½ t avlar 20 t, fôrar 1 hest, 17 naut; brenneved.

1694 1 mann

1700 2 mann

1717 2 mann. Sår 5 t havre, 1 t bygg, avlar 21 t havre 5 t bygg. Fôrar 2 hestar, 14 naut. Brenneved. 2 små bekkekvernar.

1724 2 mann. Ligg ved sjøen, «lettvunden og viss til korn, har ellers lidt nogen skade av elvebrudd». Brenneved og litt annan småskog. Seter ½ fj. frå garden. 2 små kvernar. Sår $\frac{2}{3}$ t bygg, 5 t havre, avlar $3\frac{1}{3}$ t bygg 20 t havre, fôrar 2 hestar, 10 kyr, 8 ungdyr, 14 sauer, 10 geiter. Framlegg om eit avtak på 9 mk som ikkje vart sett i verk.

1802 2 mann. Garden har litt furuskog til husvøling. Einerkratt og lyng til brenneved. Sommarbeite i utmark og seterdal. Årviss korn-avling. Kvart bruk sår 3 t havre, 1 t blk, avlar 6 foll. Fôrar 6 storfe, 1 hest, 16 småfe. Kvart bruk verd 160 rd.

1845. 2 mann. Sår 1 t bygg, 2 t blk, 6 t havre, 2 t poteter. Fôrar 2 hestar, 14 kyr, 24 sauer, 10 geiter.

1865 2 mann. Sår 1 t bygg, 4 t blk, 7 t havre, 5 t poteter. Fôrar 2 hestar, 18 kyr, 27 sauer, 10 geiter. Matr.føreb.arbeidet: Sår 1 t bygg, 4 t blk, 8 t havre, 6 t poteter. Avlar 6 t bygg, 28 t blk, 48 t havre, 42 t poteter. Fôrar 2 hestar, 18 storfe, 44 småfe. Særs godt lægje, lettbrukt.

1875: 2 mann. Sår 1 t bygg, 6½ t blk, 8 t havre, 9 t poteter. Fôrar 2 hestar, 11 kyr, 6 ungdyr, 20 sauer, 21 geiter, 3 svin.

BRUKARAR

Frå første halvdel av 1500-talet finn vi desse namna frå Ikornnes, mest truleg frå Indre: I Norske Regnskaber og Jordebøker II s. 104: *Jon på Ekornes cum matre V lod sølv 1 mk.* Det er Jon saman med mor si som betalar dette i tiendpengeskatt i 1521.

I Dipl. Norv. II s. 849 frå 1544:

Torstein Eriksen

g Gurun Jonsd.

Sjå kopi frå Dipl. Norv. Torstein vinn ei sak mot Iver Jonsen om retten til eit lakseverpe. Denne Iver Jonsen kan òg vere frå Ikornnes.

Christoffer Hvitfeldt, Høvedsmand paa Bergenhus, og 9 andre Mænd tildømme *Thorstein Erikssøn* Laxevarpet i *Ikornnes* paa Grund af et irettelagt Domsbrev af lagmanden i Throndhjem og 24 Lagrettemænd. Efter Orig. p. Papir i norske Rigsarkiv, med 8 paatrykte Segl.

1142

7 August 1544 Bergen

Bergen

Wij effter^{ne} Christoffer Huitfeldt høffuitzmandt wppaa Bergenhuuss Jens Tielloussønn webner Mattis Størssønn laugmand wdj Bergenn: Jonn Thomessønn borgemester: Lasse Pederssønn Jonn Simonssønn: Anders Pederssønn: Berntt van Coffarde: Anders Matssønn oc Melchior Pryts raadmend ther samme stedz gjøre witterliigt fore alle mett thette wortt obne breeff att aar effther gudz burdt mdxliij torsdagenn effter Petrij ad vincula waare wij forsamlede paa Bergenhuuss kom ther tha fore oss wdj rette Tostenn Ericssønn oc tiiltalede Jffuer Jonssønn fore ith laxewarp kallis Jckornes liggendis [eme]llom Gr[øn]sætter oc Høigsætter som Tostenn Ericssønn mett sin hustru Gurun Jonsdotther erffuet haffde wdj rett sødskene schiiffte och Jffuer Jonssønn hannum mere endt trettj aar wlauglige forholdet haffde och bekiende Jffuer Jonssønn att haffue hafft

for^{ne} laxewarp første try aar mett Tostens wiilge oc samtøcke oc siidenn altiidt hafft oc besiiddet thett endog att Tostenn Eriicssønn beclaugede thiitt oc offte att haffue thett omaget oc Jffuer Jonssønn hannum alligewell thet forholdet haffuer oc sameledes framlaugde Tostenn Eriicssønn ith dombss breeff som nw om Joannis wdj Trondem aff laugmandenn oc xxiiij laugrettismendt wdgiiffuett war lydendis att the haffde dømb(t) for^{ne} laxewarp Jckornes fran Jffuer Jonssønn oc wnder Tostenn Eriicssønn oc hanss arffuinge tiill ewerdelige eige huilchennt dom wij saugde weedt fuldt macht wdj alle sinæ ordt puncter oc articulis fast oc wbrødeligenn att holdis schulle jndtiill saa lenge Jffuer Jonssønn kandt kommenn mett andenn breeff oc beuisning mett huilcke samme domb kand ryggis eller tiilbage driiffues. oc for^{ne} Jffuer Jonssønn scall giøre Tostenn Eriicssønn wpretting for thet gaffnn og proffiit han aff samme laxewarp hafft haffuer for saa mange aar som Tostenn Eriicssønn mett breeff oc beuisning kandt beuiseligt giøre thett amaget haffue. Tiill yttermere beuiselige forwaring haffue wij wore signetter her wndertrøcke ladet. schreeffuett wdi Bergenn aar oc dag som forscreffuet staar.

Bagpaa med samme Haand: Torstenn Eriicssønn.

Bruk A

Peder Hanssen Ekornes

g Anne Sæmundsd. Bjørkedal

Br 15. .-ca. 1600

Av eit dokument frå 1594 går det fram at Anne var dotter til Sæmund Erlandsen Bjørkedal (sidan Vatne, Ørsta) og hørde til ei stor slekt. Ho hadde fem sysken, m.a. Eiluf Sæmundsen Bjørkedal, systera Sigrid g Paul Gunnarsen Djuv, og systera Randi g Peder Jonsen Rakne i Romsdal. (Om hennar ætt sjå elles Ivar Myklebust: Ørsta, kjeldeskrifter s. 7). Enkja heldt fram på garden.

Anne Sæmundsd.

Br ca. 1600-ca. 1610 (heile bruket)

Br ca. 1610-1624 (halve bruket eller mindre)

Born: 1. Elling, først brukar i Søvik, sidan p br

2. Simon, p br

3. Knut (?). Skulda for lm med kona til Peder Fet, men frifunnen (1618).

I 1606 la Anne 1 rd i 3. års-bygsel av 2 v fiskeleige. I 1610 1 geiteskinn i leidang saman med sonen Simon, men berre Anne la korntiend det året.

I 1611 reidde ho ut Elling Ekornes som knekt til Kalmarkrigen saman med ei enkje på Sætre. (Halvor Kolbeinsen Dravlaus gjekk ut for Elling.) I 1618-19 la Anne 3.-års-bygsel av 2½ mællag.

Simon Pedersen Ekornes

Br 1610-1611

I ei skatteliste er han kalla Samund. Det ser ut til at han dreiv bruket saman med mora. I 1610 la han 14 rd i 1. bygsel av 4 mællag, som er berre halve bruket, og han la ikkje korntiend. I 1611 tok broren over halve bruket. Han vart kalla Elling Pedersen Søvik

Br 1611-1624(dels ½ br, dels meir)

Br 1624-1635 (heile bruket), enkja 1635-1638

Barn: Peder, g p br

Alt i 1612 åtte Elling 2 mællag jord. Dette var truleg jordegodset i Søvik. der han må ha budd ei tid før han kom tilbake til Ikornnes. Sagskatt la han dels saman med mora Anne, dels saman med grannen på Ytre Ikornnes. I fleire år var saga ute av bruk (Bhl pk 23). I 1618 tok han over 1½ mællag av det mora hadde brukt (Bhl pk 26).

I Bhl pk 44 finn vi at «Ellend og Jakob Ekornes med deres consorter aff en liden Bechesaug, stander i forannevnte Ekornes bæk som løber ved gaarden, och ingen schouff er dertill, giffuer aarligen 2 rd». Elling fekk i 1631 bot saman med 21 andre fordi dei ikkje ville møte til gudsteneste på Ørskog. I desse åra var der ein ekstraskatt, der full skatt vart rekna til 3 rd 9 skill. Både Elling og grannen greidde å betale full skatt. Om mange andre står det: «formådde bare . . .» Dei to skar 3 tylfter bord i 1629. Elling var lagrettemann.

Peder Ellingsen Ekornes

f ca. 1600

Br 1638-ca. 1680

Born: 1. Ole f ca. 1650, g p br

2. Hans f ca. 1661

3. Brite f ca. 1663, g br 2

I 1645 la Peder 1 ort i koppskatt for seg og kona og ei tenestjente. I 1657 krøterskatt 1 rd 17 skill. for 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 5 sauer og 6 geiter. I 1664 la han denne tienda: 1½ mæle korn, 15 mk ost. I 1666 la han ½ mk sølv i bot for tingbodfall. I 1675 var tienda hans 1 v 1 pd 10 mk havre. Den neste brukaren er sonen.

Ole Pedersen Ekornes f ca. 1650

g Brite Simensd. grf 13/1 1737, 93 år

Br ca. 1680-1698 (heile)

Br 1698-1713 (bnr 1.)

Born: 1. Madli f ca. 1686 d 1738, g 1722 Knut Pedersen Hjortdal (Bd II s 477). Ho vart òg kalla Marit

2. Peder f ca. 1690, g p br

3. Hans f 1692 d 1758, g 1725 Berte Rasmusd. Sjøholt, d 1747, 42 ½ år. Bustad Sjøholt.

Han var i 1707 ein av underskrivarane frå Valde skipreide på ei klage over norsk stål, som ikkje dugde til ljåar, dei ville ha bremerstål.

I 1711 la han ekstraskatt med 1 ort 16 skill., m.a. av tenarløn til ei taus med årsløn 1 rd.

Bnr 1 SEVERINGARDEN

Peder Olsen Ekornes f ca. 1690) d 1729

g 1721 Synneve Olsd. Erstad (br 4) f ca. 1693 d 1743

Br 1713-1729

Born: 1. Eli f ca. 1714 d 1744. Ho hadde sonen Peder f 1740 (far: Ole Paulsen Fet)

2. Ole f 1723 d 1724

3. Brit f 1725 d 1813, g 1747 Salmund Pedersen Straume (1721-1780)

Peder la eid som ny dannemann i 1722. Enkja gifte seg att i 1730 med

Peder Pedersen (levde i 1762)

g 1. 1730 Synneve Olsd. Ekornes f Erstad. sk. 1744

g 2. 1746 ek, Guri Helgesd. Ytre Ekornes (br 4) f 1699 d 1760

Br 1729-1758

Barn: Peder f 1731

Peder bygsla 1 v i Ekornes av Chrf. Abelset 20/12 1729. Sk. etter

Synneve: 1 gammal kvern, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar 2 rd 2 ort, $\frac{1}{3}$ i ei laksenot, $\frac{1}{2}$

i tjøreveid for 6 rd, 1 merr, 1 ku, 2 kviger, 3 kalvar, 4 sauer, 5 geiter, fisk og tran 9 rd, 1 raud kledes stakk 2 rd, 1 huspostill 1 rd 4 ort 8 skill.

Brutto 88 rd, netto 77 rd.

Peder Pedersen Ekornes f 1731 d 1803

g 1758 Johanne Pedersd. Fet f 1734 d 1785

Br 1758-1787

- Born: 1. Synneve f 1758, levde i 1786
2. Berte f 1760, d 1780
3. Anne f 1765, g p br
4. Peder f 1768 d 1796 på hospitalet i Molde. Då dødsfallet vart notert i militære rullar, vart det skrive at systrene styrde jordbruket
5. Johanne f 1771, g Mons Knutsen Kremmernes f Molaup ca. 1767
6. Peder f 1776, levde i 1803. Invalid.
7. Peder Olaus f 1780 d 1807, ug.

Bygsla 1 v i Indre Ikornnes av Chrf. Abelset 8/8 1758.

Peder var legdsmann for 19. legd. Han vert nemnd som den «gamle» Peder, for i grannegarden på Indre, lnr 324, var ein yngre Peder Pedersen.

Sk. 1786 etter Johanne: Brutto 51 rd 1 ort, netto 32-4-4. Sk. 11/6 1803: Brutto 19-4-4, gjeld 6-3-13.

Hans Paulsen Sætre (br 1) f 1751 d 1802

1787 g Anne Pedersd. Ekornes f 1765

Br 1787-1802, enkja 1802-1804

Born: 1. Johannes f 1789 d 1874, g 1821 Ane Katrine Halsteinsd. Tu f 1800. Budde på Tu bnr 2.

2. Torstein f 1791 d 1874, lærar, g 1831 ek. Birgitte Arnesd. Grebstadgjerde. Han var knapt 1,60 m høg som soldat, som lærar «særdeles godt skikket», Sjø bd I s 197.

3. Jørgen Petter f 1794, var 1,56 m som 19-åring, seinare 1,65. Til Stølen, Riksheimgjerde

4. Petter *Severin*, f 1797, g p br

5. Guri *Petrine* f 1800, d 1888, g 1824 Peter Olaus Peders. Eidem f 1797

Bygsla bruket av C. M. Abelset i 1787 og gav kår til verfare 1/10 1799. Brukte garden saman med verfare til då. Ved sk. i 1802 var brutto vel 133 rd, gjelden vel 60 rd. Der var òg off. auksjon etter Hans 10/10 1803. M.a. vart kyrne Hjortrei, Livrei og Dugrei selde for ca. 7 rd kvar. Auksjonen gav brutto ca. 50 rd. (Sm. auksj.prot. nr 3 s. 298 (1792-1809). Enkja gifte seg att i 1803 med

Hans Pedersen Fet (Jog.) f 1769 d 1847

Anne døydde i 1852.

Br 1804-1845

Born: 1. Petrine *Hansiane* f 1804 d 1861, g 1825 Sivert Larssen Grebstad (Gammelg.) f 1798

2. Johanne Petrine f 1807, d 4 veker

Fekk bygselsetel 12/12 1804 frå J. N. Krey. Var medeigar i saga på Ikornnes.

Petter Severin Hanssen Ekornes f 1797 d 1871

1827 g 1. Inger Tyrene Jørgensd. Eidem f 1806 d 1847

1850 g 2. Bastiane Kristensd. Langlo f 1814 d 1902

Br 1845-1869

Born: 1. Berte Marie f 1828 d 1892, g 1848 Peter Andreass. Eidem frå Kurset (1826-1898)

Dei budde eit par år på Ikornnes. Bd. 1 s. 235

2. Hans Johan f 1831, g p br

3. Johanne Petrine Kanutte f 1835 kf 1850

Tok over etter svigerfaren Hans P. Fekk kongeskøyte på bruket 20/7 1848. Året før la han eid til konstitusjonen. Førstekona hans, Inger Tyrene, var syster til Guri Petrine g Petter Hanssen Jarnes. Sk. etter Inger Tyrene 1848. Brutto vel 502 spd, netto ca. 455 spd. Severin fekk jordbruket for takst 350 spd mot panterettsutlegg til borna ca. 277 spd.

I 1860-åra hadde bruket 21 dekar åker og dyrka eng av «meget god beskaffenhet», 76 dekar natureng av tilsvarande kvalitet, og meir jord kunne dyrkast. Sådde ½ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 3 t poteter, og avlinga var 3 t bygg, 14 t blk, 24 t havre og 21 t poteter. Hamnegangen var dårleg. Skog til husbruk. Krøter: 1 hest, 7 storfe, 18 småfe. Lægjet: Til sjøen, godt. Til veg: «middelmådig».

Hans Johan Severinsen Ekornes f 1831 d 1895

1854 g Karoline *Berte Marie* Pedersd. Utgård frå bnr 3 f 1829 d 1905

Br 1869-1887

Tok over etter faren, som sjølv måtte vente lenge før han fekk ta over bruket. Han vart ikkje kårmann før i 1869. Likevel har folketeljinga i 1865 Hans Johan som brukar, så dei har vel drive i lag ei tid.

Hans barn før ekteskap: Severin f 1853 d 1939 (mor: Janike Knutsd. Magerholm f 1831), g 1877 Berte Knutsd. Magerholm (1855-1935). Severin var smed og frakteskipper og budde i Vegsund.

Born i ekteskap:

1. Tomasine Lovise f 1855 d 1895, 1885 g Petter Elias Olsen Jarnes (Legene)

2. Petter Andreas Karolus f 1858, g p br

3. Johan Laurits Bastian f 1861 d 1935, 1884 g ek. Jakobie Jakobsd. Brunstad f Klokkerhaug 1860. Hennar 1. mann bleiv på havet. Budde på Brunstad (Bø-Knutg.)

4. Rasmus Martinus f 1862, unemnd 1865
5. Bastiane Eline f 1864 d 1908, g 1894 Lars Nikolai Petersen Erstad f 1869
6. Elling Olaus f 1868, g 1909 Elise Pettersd. Jarnes f 1890. Bustad Sætre (Einane)
7. Hans Karl f 1870. Utns nr 320. Born: Johanne Karoline f 20/7 1892 (mor: Marte Jensd. Sætre), Knut Henrik f 20/10 1892 (mor: Ivrine Olsd. Blindheim f 1868)
8. Ole Johan f 1874, g Helene Roald frå Vigra. Brannmann i Ålesund. Budde seinare på Blommenholm. Ein av sønene vart skoten av tyskarane.

Jordavgifta til soknepresten i Nykirken i Bergen var no 1 t 1 skjeppe 1¼ fjerdingsskar bygg årleg. Hans Johan var rodemann for 8. rode, søkte om å verte friteken i 1883 og Tomas Stave vart vald i staden.

I 1875: Krøter: 1 hest, 5 kyr, 4 ungdom, 10 sauer, 7 geiter, 1 gris. Kårkona hadde 1 ku og 3 geiter.

Petter Andreas Hanssen Ekornes f 1858 d 1938

1880 g 1. Jakobie Karoline Syvertd. Tjønes f 1852 d 1915

1917 g 2. jordmor Tomine Sofie Nilssen frå Tveit f 1878 d 1949

Br 1887-1917

Born i 1. ekteskap:

1. Johan Severin f 1880, g p br
2. Karl Johan f 1884 d 1964, g 1914 Jensine Olsd. Midtgård f 1890 (Sjursg.) Kjøpte Peg. på Lande i 1930 og budde der
3. Ingeborg Lovise f 1885 d 1963, 1908 g Petter Johan Pettersen Jarnes (1879-1963)
4. Severine Karoline f 1890, 1919 g Rasmus Olsen Masdal frå Vartdal (1884-1926)

Barn i 2. ekteskap:

5. Peter Mindor f 1918, g Grete Gulbransen frå Oslo. Er ingeniør og bur i Oslo.

Fekk skøyte på bruket alt i 1881, men brukte garden i mange år saman med faren. Var fiskar og notbas. Dreiv klesstampe saman med Sivert Andreas Ekornes. Var med i ymse kommunale nemnder. Tok kår då han gifte seg andre gongen.

Johan Severin Pettersen Ekornes f 1880 d 1964

1906 g Jakobine Olave Jensd. Tjønes f 1878 d 1958

Br 1917-1955

- Born: 1. Julie Karoline f 1907, g 1948 Johan Oskarsen Finvik frå
Ålesund (1907-1958)
2. Harald Birger f 1910, g p br
3. Jens Olav f 1913

Johan kjøpte bruket av faren i 1917 for 7000 kr. Fråteke var 1 dekar jord på nordre hjørne av den tidlegare Bjerkeåkeren. Av kåret kan nemnast: Pr. år 800 l mjølk, 288 kg havre, 4 t poteter, føring av 3 småfe, fri bruk av litlestova med kammers og kjellar. Stabburet skal flyttast og dei skal setje det oppatt i lag på det nemnde jordstykke som er fråteke. Fri bruk av skogteigane Torkjellteigen og Nakketeigen. Fri brensel frå utmarka, og frå innmarka nedanfor Johan Erstad sin inntaksdam, men ikkje på Sagkvitlen. ½ av inntekta av sagbruket så lenge kårmannen kan gjere sin del av arbeidet, sidan ¼.

Johan var aktiv på mange felt. Ved sida av gardsdrifta dreiv han sagbruk, var sjølvlærd båtbyggjar, dreiv frakting med eigen motorbåt. Var medlem av forstandarskapet for Sparebanken, medlem av heradstyre og formannskap. Vart omtalt som ein hjelpsam granne. (Smp 10/10 1950 og 4/5 1964.)

Harald Birger Johansen Ekornes f 1910

1951 g Kaspara Leikny Karlsd. Brunstad (Toreg.) f 1913
Br 1955-

- Born: 1. Jorunn f 1952, kontordame
2. Kåre Johan f 1954, drukna i fjorden 1975
3. Herdis Susanne f 1958, g 1979 Bernt Johannessen frå
Straumgjerde, f 1957

Kaspara var kokke før ho gifte seg.

Harald var lenge frakteskipper. Då han tok over garden, var trekkkrafta enno hesten. Harald gjekk snart over til innkjøp av traktor og reiskap til den. Har for det meste hatt 7 kyr og ein del ungdyr. Løa var det bestefar hans som bygde i 1894, medan faren bygde stovehuset i 1947 av material frå eigen skog. Ved sida av gardsbruket har han drive sagbruket.

Tomt nr 2 på bnr 1

Jens Olav Johansen Ekornes f 1913

Bygningssnikkar. Bygde først eit hus nær fabrikk nede ved sjøen, bnr 8 Nytun, men syntest det vart for uroleg, selde det og bygde nytt hus 1969-70 nær huset på bnr 1.

Tomt nr 3 på bnr 1

Ottar Karlsen Erstad f 1924 d 1953

g 1947 Eva Klausen f 1928 i Ålesund

Barn: Gunhild f 1948

Ottar Erstad var fødd på Ikornnes, var salmakar og møbeltapetserar.

Bnr 3 KVITLEN

Utskilt frå bnr 1 i 1906, skyld 3 øre

Bnr 4 HEGGELUND

Utskilt frå bnr 1 i 1913, skyld 2 øre

Karl Johan Olsen Erstad

f 1878 d 1964

1908 g Severine (*Sylla*) Pettersd. Hjorthol f 1889 d 1975

Born: 1. Olav f 1908, d 1968, sjå bnr 9 Elvebakken

2. Marie f 1910, d 4 mnd

3. Petter Marius f 1911, sjå s. 268

4. Marie Petrine f 1913, g 1939 Paul Birger Hustad f 1912. Sjå br 49
Davenes og bd 2 s 179

5. Johan Sigbjørn, f 1918. Sjå Sætre br 25

6. Oddbjørg f 1920, 1941 g Oskar R. Tronstad f 1914. Bustad
Stranda. Skoforretning.

Kring 1900 tok Johan til med studier ved Trondhjems Tekniske Skole ved arkitektlinja. Etter eksamen der kom han tilbake til Sykkylven, og i 1904 starta han ein trevarefabrikk på Ikornnes. Der hadde han mellom anna steamtørke for materialar. Mellom dei mange som gjekk i lære der var Elling Ekornes, far til Jens Ekornes. Ein annan var den synske Karl Tandstad. Johan fortalde at dei prøvde å gøyme verktøyet hans, men han gjekk rett på og fann det kvar dei enn gøymde det.

Fabrikken brann ned første året, og då fabrikk enno ikkje var halvferdig att, bles han ned. Det var i 1905. Men Johan gav ikkje opp, og fabrikk var snart oppattbygd. Det gjekk godt.

I tida etter Ålesundsbrannen var det stor avsetnad på møblar. I kortare periodar dreiv han verksemder andre stader. Han fann opp ein vevstol som han tok patent på, og gjorde fabrikk på Ikornnes klar til å fabrikere den nye vevstolen, som han selde mange tusen av. I 1939 trappa han ned sin eigen innsats i fabrikk, og sonen Olav tok over i lag med faren

nokre år til han dreiv fabrikk åleine. I 1965 vart det slutt. Då brann fabrikk ned att. Då starta Olav og broren Petter eit nytt aksjeselskap og bygde nytt fabrikkbygg. Den nye fabrikk vart kalla Erstad Trevarfabrikk A/S. Men Olav døyde alt i 1968, og Petter tok over åleine. Han hadde før i lang tid drive fabrikk på Hareid, der han framleis driv fabrikk som han starta i lag med Olav, men no i mindre målestokk.

Petter Marius Johansen Erstad f 1911

g 1939 Gudrun Kornelia Petersd. Velle f 1917.

I 1938 tok han over leinga av Hareid Bruk og dreiv det til 1960. I 1948 tok han juridisk embetseksamen og dreiv ei tid som sakfører. I møbelbransjen var han ein av dei første som dreiv eksport av møblar i stor stil.

I 1977 selde han bruk nr 3 og bnr 4 på Ikornnes til J. E. Ekornes Fabrikker A/S, like eins huset han voks opp i. Det vart rive og tomte inkludert i fabrikkområdet. Fabrikk han bygde i lag med Olav selde han til J. E. Ekornes alt i 1971.

Bnr 5 BIRKEVOLL

Utskilt frå bnr 1 i 1917, s k y l d 5 øre

Petter Andreas Hanssen Ekornes f 1858

Det var då han gifte seg oppatt og vart kårmann at dette stykket vart utskilt, og ved ektepakt av 23/1 1927 vart det bestemt at dette stykket skulle vere kona sin eigedom. Kona døyde i 1949 og hennar einaste barn, Petter Mindor Ekornes, vart då eigar. Han var halvbror til far til Julie Ekornes, og ho og mannen hennar vart dei neste eigarane.

Johan Oskarsen Finvik f 1907 i Ålesund, d 1958

1948 g Julie Johansd. Ekornes f 1907.

Dei fekk skøyte på bruket frå Petter Mindor Ekornes 8/2 1955. Finvik var tilskjerar. Dei hadde eige hus, og i 1977 overlét Julie Finvik tomt og hus til brordotter si

Jorunn Haraldsd. Ekornes f 1952 Tomt og hus
vart verdsett til 40 000 kr.

Bnr 7 ELVHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1949, skyld 1 øre

Alfred Peder Adamsen Eikrem f 1922 i Syvde, fabrikkarbeidar

1946 g Oline Sivertsd. Stennes (1920-1971) frå Hjørundfjord

Born: 1. Magny Jofrid f 1946

2. Atle Kåre f 1951, g Aud Hatløy frå Ulsteinvik. Bur på Sætre bnr 114.

3. Stein Frode f 1954

4. Knut Gunnar f 1957

Bygde våningshus i 1956. Kjøpte tilleggstomt

Bnr 13 ELVHEIM II i 1964 av bnr 1

Bnr 8 NYTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1956, skyld 1 øre

Jens Olav Ekornes f 1913

Han bygde dette huset nede ved sjøen, nær fabrikkane, men selde huset til Eivind Hestholm i 1976. Sistnemnde har ikkje budd på Ikornnes.

I 1969-70 bygde Jens nytt hus i nærleiken av huset til broren Harald på hovudbruket. Jens er bygningsmann.

Bnr 9 ELVEBAKKEN

Utskilt frå bnr 1 i 1957, skyld 1 øre

Olav Johansen Erstad f 1908 d 1968

Han tok over fabrikket etter faren Johan O. Erstad i 1939, og dreiv han ei tid åleine, ei tid i lag med broren Petter. Då fabrikket brann ned i 1965, vart det slutt med denne fabrikket. Og då Olav døydde, tok broren Petter over tomte der fabrikket låg, og selde både bnr 3 og bnr 4 til J. E. Ekornes Fabrikker A/S i 1977.

Bnr 12 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1964

Jon Astor Karlsen Nybø f 1921 på Fet

1954 g Oddbjørg Astrid Arnesd. Halsteinslid f 1928 på Eid i Nordfjord

Born: 1. Kjell Arne f 1955, cand.real.

2. Asgeir Severin f 1964. Vidaregåande skule.

Jon Nybø har skøyte på gnr 32 bur 13 Rabben på Brunstad frå 1970 og driv det bruket ved sida av fabrikkarbeidet. Han er mekanikar. Han bygde stovehus på Lunheim i 1964.

Bnr 14 LINDBO I

Utskilt frå bnr 1 i 1968, skyld 1 øre
Ole Erik Gjemsø f 1936 i Trondheim
1957 g *Inger Jenny Seljenes* f 1938 i Sør-Vågsøy.
Barn: *Linda* f 1960
Gjemsø er postmeister på Ikornnes. Bygde hus i 1968.
Sjå gnr 42 bnr 40.

Bnr 18 SAGTOMTA

Utskilt frå bnr 1 i 1978, skyld 1 øre.
Harald Ekornes

Bnr 20 SAGPLASSEN

Utskilt frå bnr 1 i 1979, skyld 1 øre.
Harald Ekornes

Bnr 21 SAGKVITLA

Utskilt frå bnr 1 i 1979, skyld 1 øre.
Harald Ekornes

Bnr 2 OLAGARDEN

Elling Anderssen Sætre (br 2) f ca. 1667 d 1726
g *Brite Pedersd. Ekornes* f ca. 1663 d 1739, (dotter til *Peder Ellingsen Ekornes* på bruk A).

Br 1696-1726, enkja til 1729.

Born: 1. *Anders* f ca. 1698, g til *Jarnes* br B

2. *Peder* f ca. 1705, g p br

3. *Anne* f ca. 1710, g *Ole Knutsen Blakstad* br 1

Elling bygsla 1 v i Ikornnes av *Ole Larssen Abelset* 12/4 1696, og fekk ny bygselsetel av *Chrf. Abelset* 12/12 1720.

I 1706 la han denne tienda: 10 mk bygg, 1 mæle havre, 4 skill. i ostetiend. I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og to born.

Sk. 26/10 1726: 1 koparkjel 8 rd, «1 uduelig kvern med rede» 1-3-", $\frac{1}{6}$ i ein seksring med segl og framtau 1-3-", 1 brun hest 8 rd, 5 kyr 15 rd, 1 kvige, 1 okse, 3 geiter med kje, 6 sauer utan lam, tjøreved for 18 rd.

Brutto 76-4-12. Ingen gjeld utanom skifteknader.

Peder Ellingsen Ekornes f ca. 1705 d 1772
1729 Guri Olsd. Løvoll br B f ca. 1706 d 1777
Br 1729-1764

Born: 1. Brit f 1729 d 1730, 10 ½ veker
2. Brit f 1731, d 4½ veker
3. Guri f 1732, g Ole Jetmundsen Løvoll bnr 5
4. Agathe f 1734, g 1763 Lars Olsen Blindheim (Larsg.) f 1738
5. Peder f 1736, d 1 veke
6. Karen f 1737, d 1738, ½ år
7. Anne f 1739 d 1785, g 1761 Helge Larssen Hjorthol (Larsg.)
(1731-1786)
8. Berte f 1743 g 1770 Peder Ols. Riksheimgerde f 1740
9. Peder f 1745, g p br

Peder Ellingsen bygsla bruket av Chrf. Abelse i 1729. Fekk skøyte på 3 mællag i Løvoll med hus av Peder Knutsen Løvoll for 30 rd. Peder Knutsen vart då bygslar av Løvoll-bruket. Peder Ekornes hadde òg andre bygselmenn på Løvoll (sjå der) og året før han døydde vart han sjølv bygslar av 1 mællag 9 mk i Løvoll.

Sk. 14/8 1772: Brutto 49 rd, netto 33 rd, (Militære rullar har 1705 som fødselsår for Peder, og det er nok rett, men stemmer ikkje med aldersoppgåve ved død, 70 år.)

Peder Pedersen Ekornes f 1745 d 1800
1769 g Lisbet Olsd. Blindheim f 1745 d 1795
Br 1764-1791

Born: 1. Karen f 1769 d 1770, 2 ½ veker
2. Guri f 1771 d 1772, 28 veker
3. Guri f 1773, g p br
4. Peder f 1773 ikkje tvill. d 1776, 2 ½ år
5. Elisabet f 1776, d 1840 g 1804 Gullik Pedersen Tjønes (1766-1840)
6. Peder Olaus f 1779, 1802 g Synneve Larsd. Lade (Andersg.)
Bustad Løvoll (bnr 4)
7. Ole f 1784, g til Øvre Sjøvik bnr 1
8. Jørgen Bastian f 1787, 1817 g ek. Anne Sørensd. frå Molde.
Budde der.

Peder Pedersen var sjukleg og hadde Jakob Pedersen Erstad som formyndar. Kona Lisbet bygsla bort 1 mællag i Løvoll til Peder Olsen Løvoll og selde 9 mk jord til Jetmund Olsen Løvoll (sjå meir under Løvoll).

Sk. 1795: Brutto vel 100 rd, Netto 43 rd.

Sk. etter Peder 29/5 1801: Brutto vel 36 rd, netto ca. 22 rd.

Ole Iver Ellingsen Ytre Ekornes f 1773 d 1846

1793 g Guri Pedersd. Indre Ekornes f 1773 d 1846

Br 1791-1834

- Born:
1. Nils Andreas f 1794 d 1851, 1820 g Johanne Jørgensd. Eidem(1801-1857) Bd I s 240.
 2. Elisabet Petrine f 1796, 1825 g Anders Hanssen Ramstad(br 8)
 3. Karen f 1799, 1830 g Kristian Jakobs. Glomset f ca. 1800
 4. Nikoline Petrine f 1802, 1831 g Ingebrigt Martinus Eriks. Ytrevik f 1798, d 1865. Bustad Valdehatlen. Skreiv seg for Valde.
 5. Elling f 1808, g p br
 6. Peder Gregorius f 1810, d 1811, 14 dg
 7. Peter Olaus f 1812, g 1839 Berte *Johanne* Eliasd. Blakstad. Han flytte til Blakstad, br 1
 8. Bastian f 1815, kf 1839

Bygselsetel frå C. M. Abelset 10/1 1791. Kår til foreldra. Ole Iver hadde skade på begge hendene. «Fire fingre på høire hånd er aldeles bedærvet og skade på to fingre på venstre hånd». Han var stemnevitne i 12 år til 1816 då han bad seg fritaken på grunn av stort jordbruk. I brukstida hans fekk bruket lnr 324 og ny skyld 2-1-11. Han var ein av underskrivarane av planen for bygdemagasinet for Sykkylven i 1815.

Elling Olsen Ekornes f 1808 d 1895

g 1834 Kanutte Tomasine Amundsd. Sorte f 1816 d 1894

Br 1834-1873

Barn: Bastiane Anne Marie f 1839 d 8 mnd.

Elling fekk kongeskøyte på bruket 21/10 1843 for 300 spd. La eid til konstitusjonen i 1844. Sådde i 1845 ½ t bygg, 1 t blk, 3 t havre og 1 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 5 geiter og 1 gris. 1865: ½ t bygg, 2 t blk, 3 ½ t havre, 2 ½ t poteter. Fôra 1 hest, 9 kyr, 15 sauer og 5 geiter.

Bruket hadde 21 dekar mykje god åker og dyrka eng, 76 dekar mykje god natureng og meir dyrkbar jord. Hamnegangen var dårleg. Tilgjenge til veg «middelmådig». Lettbrukt.

I 1880 kjøpte Elling Strandagarden på Eidem av Rasmus Bukkeskinn og bygsla bort bruket til Petter Johan Pettersen Eidem.

Sivert Andreas Karlsen Hessegerde f 1846 d 1940

g 1873 Lovise Tobiasd. Brune f 1845 d 1939

Br 1873-1911

- Born: 1. Kanutte Birgitte f 1875, d 1954, g 1892 Amund Andreassen Tandstad. Bd II s 273
2. Elling f 1878, g p br
3. Karoline Nikoline f 1880, g 1901 Elling Pettersen Utgård (bnr 7 Lerskog) f 1876
4. Thea Anna f 1883 d 1947, 1903 g Jens Karlsen Ødegård, Stranda (1879-1959)
5. Anne Sofie f 1886, 1907 g Karl Joakimsen Jarnes f 1874, br 10
6. Andreas Laurits f 1892, d 1894

Sivert var plassegut, Lovise var gardjente, men begge ætta frå riddar Erik på Overå. Sivert kom til Sykkylven for å få seg gard. To bruk var til sals: Bruket på Ikornnes og Myrebruket på Klokkehaug. Han likte best Myrebruket, men der måtte han ta dottera med på kjøpet, og han var alt trulova. Så vart det Ikornnes, som han òg likte: Der var sag. og der kunne han drive med stampa han hadde laga sjølv. Den sette han opp fram med elva. Vassveita som var brukt til kvernar som var der kunne også brukast til stampa. Sivert brukte den til han var over 80. Han hadde agentar i mange bygder. Bokstavar vart innsydde som merke i kvar vev, og til Ikornnes kom vevane samla i store kolli. Dei kokte vatn i ein stor koparkjel, hadde vevane i bryer og slo heitt vatn over dei. Fire stampebur var uthola i ein stor stakk, og kolbar gjekk opp og ned og stampa, medan veven snudde seg automatisk. Eit stort overvasshjul dreiv det heile. Stampa står no på Industrimuseet i Oslo. Når bryene måtte fornyast, felte dei ei kjempefuru fram i setrelia og hola ut nye bryer. Det var om våren og om sommaren før slåtten dei dreiv stampa. Vevane måtte tørkast på ei slette i solskinet.

På denne tida hadde dei to brukarane på Indre Ikornnes kvar si sag. Dei vart også mest brukte om våren då det var god vassføring i elva.

Saga stod nede ved sjøen, medan saga i gammal tid stod ca. 1 km frå sjøen, mot utmarka. Tømmeret til saga kunne kome på slep etter ein storfæring, frå Glomset eller ein annan stad «norda fjorden».

Sivert var kasserar for meieriet, der dei kinna og ysta. Smøret vart sendt til England.

Sivert hadde denne buskapen i 1875: 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr, 5 sauer, 7 geiter, 1 gris. Kårmannen hadde 3 kyr, 4 sauer og 4 geiter.

Sivert var mykje med i bygdestyret. Var med i ei nemnd for nydyrking og godt jordbruk, medlem av heradstyret, verjerådet, overlikningsnemnda, etc. Han tok til seg begge foreldra sine frå Stranda då dei vart gamle.

Skøyta hans er datert 1/7 1873 og han betalte 977 spd for bruket.

Elling Sivertsen Ekornes f 1878 d 1966
1904 g Berte Jensine Jensd. Vik f 1884 d 1968
Br 1911-1943

Born: 1. Sigurd f 1906, sjå bnr 6
2. Jens f 1908, sjå J. E. Ekornes Fabrikker A/S
3. Martin f 1912. Sjå bnr 4 Hellen.
4. Leiv Peder f 1917 d 6 mnd
5. Leif f 1919, g p br

Fekk skøyte frå faren for 4500 kr. mot kår. Skøyta dat. 16/10, kårbrevet 20/11 1911.

Det året dei gifte seg var dei så opptekne med skogplanting at dei ikkje tok seg tid til å reise til byen for å få fotografere seg etter bryllaupet. Dei første åra brukte dei eit uvanleg kommunikasjonsmiddel: Når dei ville ha kontakt med familien til kona, hengde dei eit kvitt klede i løgluggen, og då var det ikkje lenge før ein eller annan kom roande over fjorden frå Vik.

Elling heldt fram med stampa til faren til 1920. Då rodde dei kvar 14. dag til Ålesund for å hente og levere vevar.

Men Elling var først og fremst ein framifrå jordbrukar. Han fekk 1. premie for poteter på jubileumsutstillinga i Kristiania. Fekk også sølvmedalje for eple. Men meir enn noko anna var det husdyrhald han interesserte seg for. Ei 1.-premiemerr «Tyri» var på garden til ho var 22 år. Då hadde dei hatt traktor i mange år, så merra var «pensjonert» og stod på stas. Fleire hingstar etter den vart selde til hestealslag og to føl vart selde til Danmark. Då premiemerra måtte avlivast, var Elling komen opp i åra og sakna eit dyr som selskap. Han kjøpte seg ein vêr på Stranda, og den gjekk han og leidde som ein hund.

I yngre år var Elling lenge på trandamperi om vintrane. Drakk tran av ause og var aldri forkjøla.

Han var medlem av heradsstyret, medlem av forstandarskapet for Sykkylven Sparebank, var i styret for Kraftverket og for Sykkylven Hesteavlsforening.

Kona dyrka blomster og jordbær, vevde tepper som ho hadde på utstilling, og var i lang tid leiar av Det Norske Misjonselskap sitt lag i krinsen. - I 1964 feira dei diamantbryllaup.

Leif Ellingsen Ekornes f 1919
1947 g Borghild Sætre frå Riksheim br 1 f 1925
Br 1943-

Born: 1. Erling f 1948, 1968 g Astrid Kalvatn f 1949 i Volda.

2. Borgny Lovise f 1951

3. Torhild Margrethe f 1953, g 1976 Stig Brandal f 1952,
kontormann

4. Liv Johanne f 1957

Leif Ekornes har som yrke ein kombinasjon av jordbruk og industri. Forutan å drive garden er han økonomisjef for J. E. Ekornes Fabrikker A/S. Det er kalkulasjon og driftsresultat som er hans arbeidsfelt på fabrikk.

I 1942 tok han eksamen ved jordbruksskule. Ei tid dreiv han garden saman med foreldra, for dei gamle hadde enno arbeidslyst. Så tok han over åleine.

Under krigen var det tvangslevering av poteter og høy. Då dyrka dei òg bygg og litt kveite. Hadde 8 mjølkekyr og 2-4 ungdyr, 8-10 vinterføra sauer, og 2 hestar. Kjøpte den første traktoren i 1954, men den siste hesten fekk leve i mange år etter det.

Før krigen dreiv dei som dei fleste andre med tørking av høyet på marka, og småhøyslått med stutturv. Leif gjekk over til hesjing på streng, og silo til håa. Seinare større silo for gras.

Løa var det faren som bygde, i 1924, og Leif bygde ny fjøs i 1946. Slutta med småhøyslått og rydde småhøymarka for einer, lyng og krattskog, og fekk ved gjødsling på den måten eit godt beite.

I 1969 slutta dei med mjølkeproduksjon og gjekk over til føring av slaktedyr, oftast 6 oksar og 12-14 sauer.

Har òg drive nydyrking og utgrøfting av myr. Har planert dalar og brattbakkar for å få større areal som høver til mekanisert drift med føرهاustar o.a. På den måten har garden no vorte lett driven. Til dette har og ei stor ombygging av løa medverka.

Bygde nytt våningshus i 1958, og saga då sjølv all tjukkmaterial på eiga sag. Nokre år seinare vart saga demontert for å gi plass til fabrikk sin brannstasjon.

Med alle sine gjeremål har Leif ikkje hatt mykje tid til hobbyar. Men han er landskapsmålar og har hatt utstillingar. Han likar å fiske på fjorden, og heimefiske har elles frå gammalt av vore ei attåttnæring.

Leif Ekornes, bonde og industrimann, er ein sær sars liketil mann, utan fnugg av «storkarfakter».

J. E. Ekornes Fabrikker A/S

Jens Ellingsen Ekornes f 1908 d 1976

1933 g Petrine Thomasd. Riksheim br 1 f 1910

Alt som smågut synte han interesse for det som vart yrket hans. I fritida

heldt han seg mykje ved bekken som renn gjennom garden. Der laga han ein kvernkall som kunne drive eit «sagbruk». Sagbladet var løket av ein hermetikkboks, og med det skar han skiver av rå poteter. Han fekk denne «saga» til å gå, og yrket hans vart å få ting til å gå.

I ungdomstida hans før mange til Amerika. Ein god del over 1000 utvandra frå Sykkylven. Men Jens meinte han kunne skape seg ein leveveg heime.

Etter folkeskulen tok han framhaldsskulen, og var glad då han fekk læregut-plass hjå korgmakar Andreas Riksheim frå Tjønes. Etter eit par år fekk han arbeid ved Stranda Kurvmøbelfabrikk A/S, og der fekk han lære meir både av faget og om fabrikkverksemd.

Han tok til å lage korgmøblar i kjellaren heime i 1934. Snart tok dei til å stoppe puter i korgmøblane, og Jens forstod at dette var noko å satse på. Saman med ein kamerat frå Stranda leigde han eit hus på Aure. Der vart det plass til lager i kjellaren, verkstad i første etasje, kokelag og kontor i andre, og dessutan hyblar.

Det gjekk godt, og snart vart det for lite plass. Det var uråd å finne høvelege lokale for utviding i Sykkylven, og etter drøftingar med Ørsta kommune vart det til at verksemda vart flytt dit. Då hadde dei alt starta med fabrikkasjon av salongmøblar, og namnet vart Møre Lenestolfabrikk A/S.

Her gjekk fabrikkjen også godt, men etter nokre år sa Jens Ekornes opp stillinga som disponent. Han tenkte å ta over garden heime, og hadde store planer om rasjonalisering og spesialisering av gardsdrifta. Men interessa i anna leid vart for sterk, så gardbrukar vart han ikkje. I staden bygde han sin første fabrikk på Ikornnes. I eigen skog fann han og faren rikeleg med tømmer, og dei hadde sagbruk. Dei første åra var det møbelfjører dei laga, og dette førde til fabrikkasjon av madrasser. Då trongst det meir plass og fabrikkjen måtte utvidast.

I 1938 bygde Jens Ekornes seg bustadhus, som vart ombygt i 1957.

Etter krigen tok Jens Ekornes ein tur til USA. Der fekk han sjå og lære mykje, og han kjøpte nokre maskinar som kom til å skape litt av ein revolusjon i produksjonen heime. Fabrikkjen gjekk etterkvart så godt at det vart utvidingar så å seie årleg.

Rundt 1960 bygde han ein ny fabrikk på Fetsund, med tanke på ein større marknad.

I åra som følgde kom han til å ta over andre verksemdar i bransjen som hadde vanskar med å greie seg, og ein talar i dag om Ekornes-gruppa, fabrikkar som samarbeider og utfyller kvarandre. No er J. E. Ekornes

Ekornes Fabrikker og gardane på Indre Ikornnes.

Fabrikker A/S den største verksemda i Skandinavia i denne bransjen. Ekornes gjorde mykje for trivselen til arbeidarane. Han gjennomførde bedriftsdemokrati i praksis før dette ordet var oppfunne, vert det sagt.

Jens Ekornes hadde mange interesser utanom fabrikkene. Han var aktiv kommunepolitkar, vart ordførar, og sette spor etter seg som politkar òg. Det var t.d. han som la fram planar om byggjefelt i Vikedalen, før nokon annan hadde tenkt på slikt. Han var formann i styret for kraftverket, og forstod at kraftverket i bygda snart ville bli for lite. Han gjekk sterkt inn for at bygda måtte kome med i Tyssa Kraft. Var med i styret for to bankar, i styret for MRF, og i hovudstyret i Norges Industriforbund.

Han var òg aktiv i humanitært og kristeleg arbeid. Var med i styret for Norges Kristelige Ungdomsforbund, og i sokneråd og bispedømmeråd. Han gjorde opptak til bygging av kyrkje på Ikornnes kombinert med forsamlingshus. Og han gjorde Det Norske Misjonselskap til medeigar i fabrikkene ved ei gåve på 5,5 millionar kr.

For samfunnsgagnleg arbeid vart han riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden.

Ein kan undre seg på korleis han fekk tid til alt. Noko av forklaringa på det er at han hadde brørne Martin og Leif til å ta seg av verksemda når han var vekk, i seinare år også sønene til broren Sigurd. Og dei som

kjenner Petrine, kona hans, veit at ho hadde umåteleg mykje å seie for han. Ja, det vert fortalt at Jens sjølv ofte sa at Petrine hadde eit betre både økonomisk og politisk gangsyn enn han sjølv.

Då han kom i pensjonsalder var han nok sliten og helsa var ikkje god. Men arbeidslysta dreiv han til fabrikk framleis. Ein dag han var på veg heim til middag var det brått slutt på eit aktivt liv.

(Det meste av opplysningane om Jens og fabrikk har eg frå broren Martin Ekornes.)

Etter kvart som fabrikk vart utvida, vart parsellar kjøpte også frå andre bruk. Desse parsellane med bruksnr. vert tekne med på sin rette plass under dei bruka dei er utskilde frå.

Bnr 6 BAKKELY

Utskilt frå bnr 2 i 1949, skyld 1 øre

Sigurd Ellingsen Ekornes f 1906

1933 g Margit Helene Pedersen f 1912 i Svolvær

Born: 1. Berit f 1934, g 1956 Kjell Dybdahl, frå Trondheim

2. Einar f 1936, g 1970 Eldbjørg Håkonsd. Eikemo. Bur på Sætre bnr 63.

3. Hallbjørg f 1937, g 1967 Arve Myklebust frå Ålesund. Han er styrar av Norske Veritas i Lisboa.

4. Jostein f 1939, g 1971 Torill Myrhol

5. Sigmund f 1940, 1970 g Kirsten Karlsd. Skorge frå Vanylven. Teknisk sjef ved Ekorneskonsernet i Fetsund

6. Jens Petter f 1942, sjå Sætre bnr 35

7. Reidun f 1943, g 1966 Even Sundal frå Volda. Han er lege i Sveits

8. Kjetil f 1946, 1967 g Bente Hansd. Jarnes

Sigurd gjekk i snikkarlære på Erstad Trevarefabrikk og arbeidde der ei tid som snikkar. Flytte i 1932 til Ørsta og var produksjonssjef på Møre Lenestolfabrikk A/S til 1966. Fekk av broren Jens leige Solid Lenestolfabrikk som han hadde teke over etter konkurs. Der starta Sigurd delproduksjon til J. E. Ekornes Fabrikker saman med sonen Kjetil. Etter ei tid starta han Svanemøbler A/S saman med brørne sine, og i tillegg overtok dei Vik og Blindheim Møbelfabrikk A/S. Var aktiv her enno i 1981 saman med sonen Kjetil.

Bygde hus på tomt frå heimegarden mot Hellebytet i 1970.

Bnr 10 SOLSTRAND

Utsk. 1958 frå bnr 2, skyld 2 øre.

Sigurd Edvardsen Solsletten f 1909 i Fausadalen

1937 g *Ingrid Vatne* f 1909 i Ørsta

Born: 1. *Gerd Alfhild*, g 1962 *Kjartan Gjerding* f 1939 på Stranda. Han er adjunkt på Molde

2. *Erling Helge* f 1947

Solsletten har vore sofamontør ved J. E. Ekornes Fabrikker.

Bnr 16 JARNES SKULE II

Utskilt frå bnr 2 i 1970, skyld 2 øre

Sykkylven Kommune

Bnr 19

Utskilt frå bnr 2 i 1978

Stig Myrold Brandal f 1952

1976 g *Torhild Margrete Leifsd.* Ekornes Indre (br 2) f 1953. Han er kontormann ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 22 TØMMERPLASSEN

Utskilt frå bnr 2 i 1979 skyld 1 øre

Leif E. Ekornes

Indre Ikornnes.

Bruk A

Bnr 1, 3, 4, 5, 7, 13, 8, 9, 12, 14, 18, 20, 21,
2, 6, 10, 16, 19, 22.

Gnr 42 YTRE IKORNNES [Til innhald](#)

Om namnet, sjå Indre Ikornnes.

Så langt kjeldene rekk og lenger har det vore to gardar på Ikornnes, Ytre og Indre, stort sett med elva som skilje. Etter kvart vart det to sjølvstendige bruk på kvar side av elva. Ytre Ikornnes grensar til fjorden, med Indre Ikornnes på den eine sida og Jarnes på den andre. Husa på dei

to bruka på Ytre Ikorntes låg nede på bakkekanten ca. 30 m frå kvarandre. I motsetnad til Indre Ikorntes vart der frå Ytre skilt ut fleire plassar. Eit par av dei utskilde plassane fekk seg innleggsstykkje frå utmarka, og fekk då ikkje skogteigar. Men dei hadde rett til å ta brenneved i skogteigane til hovudbruka.

Også på Ytre Ikorntes var der ei utskifting kring århundreskiftet. Den galdt utmarka og slutta i 1902.

Beitegrensa mellom Indre og Ytre Ikorntes har aldri vore gjerdt eller respektert, og nokre skogteigar går over denne grensa. Ved utskiftinga i 1902 vart skogen skift, men grunn og beite låg framleis i sameige.

I siste mannsalder tok jordskifte til i 1961, og jordskiftetfeltet var det same som i 1902. Brukarane vart samde om å sjå bort frå beitegrensa, og dele beite og grunn etter delingsgrunnlaget for gardane, som er den gamle skylda, medan skogen er særeige. Denne siste utskiftinga slutta 18/10 1971.

Kring siste århundreskifte var der ei usemje mellom brukarane på Ytre Ikorntes, og «stridens eple» var ei søyle eller «vannansamling» som det også vart kalla då saka kom til forlikskommissjonen. Partane i saka var alle dei andre mot Peter Jensen. Tvisten hadde vart i fleire år då dei i 1901 vart samde om at søyla skulle tappast ut og leiast over Peter Jensen sitt bruk sør til elva. For arbeid og kostnad med dette fekk Peter Jensen eit stykke av utmarka som då var sameige. Men i 1906 vart Peter Jensen stemnd for forlikskommissjonen av alle grannane som påstod at han ikkje hadde retta seg etter forliket, og at vatnet hadde gjort skade som dei ville ha godtgjersle for. Første møtet i forlikskommissjonen førde ikkje til noko, og vel ei veke seinare vart det nytt møte i Fredriksen sitt hus. Då var det kome brev frå Ole O. Ekornes som skreiv at han ikkje ville vere med som klagar lenger.

Dei andre kunne heller ikkje no forlikast og kravde at kommissjonen skulle avgjere saka. Peter Jensen sa at han kort tid etter det første forliket hadde kasta opp ei avleiingsgrøft frå søyla til elva, men den avleiingsgrøfta som utskiftingsretten hadde bestemt skulle lagast i utmarka, kom først i stand hausten 1906. Av den grunn har der kome så mykje vatn frå utmarka over Peter Jensen sitt bruk til søyla og den grøfta han hadde laga, at det kunne skade Peter sitt bruk i bakken ovanfor elva.

Forlikskommissjonen fann difor at alle brukarane på Ytre Ikorntes burde hjelpast å ta opp ei stor nok tildekt grøft frå søyla, og hjelpe til med forbyggingsarbeidet som måtte til for å hindre skade på Peter Jensen sitt bruk ved å gjere grøftene både i utmarka og frå søyla til elva djupare og breiare.

«Thi kjendes for ret»:

Søyla skal vekk. Peter Jensen skal byggje og halde vedlike grøfta til elva, og alle dei andre brukarane skal hjelpe til med 3 dagsverk kvar + 1 dagsverk til naudsynt forbyggingsarbeid. Alle brukarane skal vere med å gjere grøftene nær bøgarden betre. Alt innan 14 dagar.

Om denne saka kan ein vel seie at begge partar hadde like god grunn til å stemne den andre, at ingen vann saka, men at alle vann på saka. «Kjennelsen» var god.

EIGARAR

Før 1650 hadde Ytre Ikornnes same eigarane som Indre, var altså stort sett krongods. I 1650- og 1660-åra var Ytre Ikornnes Giskegods ei tid, men innimellom vart garden førd med andre eigarar, såleis i 1659, då Marie Kyrkje åtte 4 mællag og Sykkylvskyrkja 2 mællag. Og det var desse eigedomstilhøva som kom til å vare i lang tid. Ved bygslingar var Marie Vergine Prebende representert dels ved Anders Mørch, dels ved Abelset-familien. Og dei to mællaga til sykkylvskyrkja var med i kyrkjesalet både i 1725 og i 1744. (SSTb nr 19 s 304 b.)

I 1805 var pastor Kjelstrup jorddrott for 2 pd 6 mk i Ytre Ikornnes på vegne av Nykirken pastorat.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr i rekkjefølgje frå eldre til nyare: 141, 147, 140, 143, 103. På 1800-talet fekk dei to hovudbruka løpenr. 325 og 326.

I 1661 vart Ytre Ikornnes rekna i skatteklassa øydegardar. For å vise kor omfattande denne skatteklassa var, kan nemnast at Ytre Ikornnes på 1½ v og Våtmyr med 1 pd 3 mk var i same klasse. I 1714 vart skylda auka til 1½ v 18 mk.

Tianda var i 1606 2½ fj., men steig dei næraste åra til 1½ mæle. I 1666 var tianda 1½ t havre og 12 mk ost, i 1675 1 v 1 pd 10 mk havre, 10 mk bygg, i 1706 18 mk bygg, 2 mæler havre og 16 skill. i ostetiend. I 1717 2 t havre, 2 skjepper bygg, 16 mk ost.

Leidangen var først på 1600-talet for det meste 3 kalveskinn, i siste halvdel av 1600-talet 1 geiteskinn, i 1705 2 ort, og i 1717 2 ort 10 skill.

I den nye matrikkelen i 1838 vart skylda for kvart bruk 2- » -15, for heile garden altså 4-1-6. I 1890 var Ytre Ikornnes delt i to hovudbruk, 325a med skyld M 2,78 og 326a med skyld 2,56, og mange plassar, slik at skylda for heile garden vart M 7,17.

- 1606: 1 mann
1626: 2 mann. Sår 5 t. Krongods.
1651: 1 mann. Giskegods.
1657: 1 mann. Buskap: 1 hest, 1 okse, 13 kyr.
1666: 1 mann. Sår 4½ t avlar 15 t havre, kan føre 1 hest og 14 kyr.
Brenneved.
1694: 2 mann
1717: 2 mann. Sår 4 t havre 6 skjepper bygg, avlar 20 t havre 3 t bygg.
Fôrar 2 hestar 14 kyr. 1 lita bekkekværn. Brenneved.
1724: 2 mann. Brenneved og litt annan skog, seter ½ fj. frå garden, 2 små
kvernar, «letvunden og vis til korn».
1802 :2 mann. Kvart av dei to bruka skyldar 2 pd 6 mk, sår 2 t havre, 1 t
blk, ¼ t bygg og avlar 6½ foll. Årviss kornavling. Kvart
bruk fôrar 1 hest, 6 kyr, 16 småfe. Sommarbeite i utmarka
og seterdalen. Garden har litt furuskog til husvøling og
einerkratt og lyng til brenneved. Kvart bruk vart verdsett til
120 rd og drive av 5 vaksne arbeidsfolk.
1845: 2 mann. Sår 1 t bygg, 1½ t blk, 6 t havre 2 t poteter. Fôrar 2 hestar,
14 kyr, 20 sauer, 8 geiter.
1865: 2 mann. Sår 6 t blk, 9½ t havre, 8½ t pot. Fôrar 2 hestar, 20 kyr, 35
sauer, 1 gris.
1875: 2 mann. Sår 6 t blk, 11 t havre, 12 t pot.

BRUKARAR

Som nemnt under Indre Ikornnes er det i 1544 nemnde eit par brukarar på
Ikornnes, m.a. Iver Jonsen, men heilt sikkert er det ikkje at han var på
Ikornnes. Om så var, er det mest truleg at han var på

Bruk A

Jakob Iversen

Br ca. 1604-1648, enkja 1648-ca. 1651.

Jakob brukte først 1 v fiskeleige, men alt i 1613 6 mællag. Saman med
grannen på Indre Ikornnes dreiv han sagbruk. I 1610 skar han 50 tylfter, i
1611 40, i 1612 30, både i 1613 og 1614 40 tylfter. I 1625 skar han berre
20 tylfter i lag med grannen, og i 1628 skar dei til saman 5 tylfter. Alt i

1630 heiter det at det er slutt på skogen, men han fann litt seinare også: 2 tylfter i 1634, 1 tylft i 1635, 3 tylfter i 1637 og 1 tylft i 1638.

I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei tenestjente.

Ole Svendsen

Br ca. 1651-1692

Born: 1. Svein f 1664

2. Ole f ca. 1668, til bruk lnr 325.

I 1657 la Ole Svendsen krøterskatt med 120 skill. for 1 hest, 1 okse og 13 kyr. I 1663 la han 2½ rd 1 ort i leiglendingsskatt, mot 3 rd på Indre. I 1664 er ein Anders Olsen nemnd mellom søner og drenger, men det er uråd å avgjere om han er son eller dreng.

I 1692 vart bruk A delt i dei to bruka som seinare fekk lnr 325 og 326, bnr 1 og bnr 4.

Bnr 1

Lnr 325 (langt seinare m.a. kalla Hologarden). Det var son til Ole Svendsen som tok over denne delen av farsgarden.

Ole Olsen Ekornes f ca. 1668 d 1738

1720 g Marte Nilsd. Ramstad (br 8) (ca.1661-1752)

Br 1692-ca. 1724

Born: 1. Madli f ca.1686 d 1738, 1722 og Knut Peders. Hjortdal (1703-1741)

2. Ole f ca.1700, d 1758, 1733 g Mette Lagesd. Hjelle (ca. 1708-1768)

3. Svend f ca. 1702, g Hilde Larsd. Myrset br 1

4. Marte f ca. 1705, g Jetmund Olsen Midtgård br 3 B

5. Paul f ca.1709, g p br

6. Guri f ca. 1712 d 1755, g 1. Peder Olsen Midtgård br 3 A, g 2.

Ole Ellingsen Hjortdal f ca. 1712 d 1766

Ole fekk bygselsetel på 3 mællag frå Anders Mørch 20/6 1692, og nytt bygselbrev frå Christopher Abelse 12/12 1720.

Elling Nilssen Ekornes

Han brukte heile Ytre Ekornes ca 1724-1734, og var elles brukar av lnr 326 (seinare kalla Larsg.).

Paul Olsen Ekornes f ca. 1709 d 1777
g 1. 1734 Marte Larsd. d 1/2 1750
trulova 1750 m. Sylvi Knutsd. Kippervik f 1722 d 9/11 1750
g 2. 1751 Else Larsd. Tu f ca. 1715 d 1799
Br 1734-1761

Born: 1. Ole f 1734 d 1783, g 1768 Berte Knutsd. Kroken f 1749. Han
flytte dit
2. Lars f 1739, g p br
3. Sara f 1744, g Jørgen Larssen Fet (Jørng.)
4. Paul f 1748, g 1784 ek. Johanne Pedersd. Fet (Jog.) Han flytte
til Fet.

Paul Olsen fekk byggesetel frå Christopher Abelset på 2 pd 6 mk i 1734.

Lars Paulsen Ekornes f 1739 d 1807
g 1770 Guri Nilsd. Ekornes f 1748 d 1810
Br 1761-1805

Born: 1. Anders f 1775, d 9 dg
2. Anne Marie f 1776 d 1785, 8½ år
3. Olave f 1787, unemnd i 1801
4. Anne Marie f 1788, g p br

Fekk byggesetel på 2 pd 6 mk 10/9 1761 av Mar. virg. prebende. Betalte
årleg 7 skjepper 1½ fj bygg til soknepresten ved Nykirken i Bergen.

I 1770 var der 1 kvern på Ytre Ekornes, i 1789 2 kvernar. I 1802 vart
bruket verdsett til 120 rd.

Andreas Halvorsen Hatlen f ca. 1785 d 1821
g 1805 Anne Marie Larsd. Ekornes f 1788 d 1827
Br 1805-1821

Born: 1. Lovise Gurine f 1805, 1842 g Johan Jørgen Larss. Rønneberg f
1810 i Norddalen. Bøkker først i Ålesund, sidan i Bergen
2. Anne Margrete f 1809 d 1894, g Peter Andreas Jonass.
Spjelkaviknes f 1811
3. Halvor f 1817, 1850 g Johanne Johnsen frå Bolsøy f ca. 1825.
Han var tollrorskar då han gifte seg.

Sebastiane Mechlenborg åtte 18 mk i dette bruket i 1805 og gav byggesel-
setel til Andreas 11/1 1805. Sebastiane var enno eigar av Sykkylvs kyrkja,
som hadde landskyldsrett utan bygsel til dette bruket. J. N. Krey gav
Andreas byggesetel frå Nykirken.

Der var sk. etter Andreas i 1822, og auksjon 18/10 1823 over arvegods
som dei to døtrene fekk etter faren. Selt vart m.a.: Ei ku Velkomme, ei

anna Hindrei, Møllers huspostill, 1 høyende med fjørfyll, og i 1828 sk. etter Marie, der Halvor fekk m.a. 3 bøker, $\frac{1}{3}$ i ei kastenot, og ein geiteskinnsstakk.

Brutto i sk. 1822 var 179 spd, netto 111 spd.

Anne Marie gifte seg att i 1826 med

Lars Steffensen Øye f 1798 på Arneg. i Hjørundfjord.

g 2. Anne Marte Rasmusd. Nedre Lande dp 11/1 1807

Br 1826-1834

Barn m. 1. kona: Andreas f 1825 d 1909, g Brit Sivertsd. Nordrehus f ca. 1823 i Lesja. Han var bøkkermeister.

Barn m. 2. kona: Peder Martinus Bastian f 1830. Flytte til Frostad i Vestnes.

Sk. etter 1. kona 2/2 1828: Brutto vel 150 spd, netto ca. 97 spd.

I 1833 selde Lars sin part i sagbruket på Ikornnes til Ole Ellingsen og Severin Hansen for 10 spd. I 1834 selde han ein part i Sykkylvskyrkja for 14 spd. Same året flytte han til Sjøholt og skreiv seg sidan for Sjøholt. Då hadde han ein gjeld på 15-2-2 til Nykirken i Bergen (landskyld og forpaktingsavgift) og vart stemnd for forlikskommisjonen. Forlik: Skal betale i to terminar. I 1838 var det Halvor som stemnde stefar sin Lars Steffensen for 5 alen strie, 1 par nye strømpes, leige av 1 geit og 3 sauer i 2 år, etc. Vedtak i forlikskomm. at Lars skulle betale innan 14. april 1839.

Hans Lund Schjølberg f 1796 i Åfjord d 1884

g 1. Elisa Cornelia Brunfeld

g 2. Johanne Andrea Nordløv Staboe

Br 1834-1843

Born: 1. Cornelia Sofie Brunfeld f 1827 d 1897

2. Hans Anton Staboe f 1830 d 1886, g Marie Blakstad (1834-1915). Nekrolog i Smp. 7/4 1915. Han var sorenskrivar i Vesterålen.

3. Joachim Magnus f 1834, brunt hår, blå auge, bokhandlar og bokbindar i Ålesund

4. Anne Hendrikke f 1836

5. Hans Lund f 1839 d 1842

6. Wilhelmine Helene f 1839, handelsborgar i Ålesund. Budde i lag med broren Joachim i Lyder Schelderups gård 1865

7. Anette Oluffa f 1841 d 1842 1½ år

Schjølberg var son til Baard Olsen Magset og Christiane Lund. Det var

faren som skifte namn då han kjøpte garden Skjølberg ved Løkken verk der han var stiger. Då sonen kom til Ikornnes var han premierløytnant. Han fekk kongeskøyte på bruket 14/3 1834 for 366 spd.

I 1839 var det branntakst på det nye våningshuset, og smed Ole Ellingsen Ekornes var ein av takstmennene. Huset var oppført av nytt furutømmer tekt med bord, lekter og raud teglstein, og bordkledt på alle sider. Huset var 19¼ alner langt og 14½ alner breidt. 1. etasje hadde tømmervegger og var delt i 6 rom: 2 stover, 2 kammers, gang og kjøkken, og var 3¾ alner høg.

2.etasje var delt i 3 rom. Huset var oppført på ein gråsteinsmur. Under den eine stova var det kjellar.

I huset var to jarnomnar på to etasjer. I bygninga var 9 fag vindauge med 16 ruter i kvart, og eit fag med 12 ruter. I den eine enden av huset var ei sval 3½ alner lang, 4 alner brei og 4½ alner høg. (NSS Ekstrarettsprot. 1a 1839-1841 s 41.) Kaptein Schjølberg vart medlem av det første formannskapet i Ørskog og Sykkylven, og var ordførar 1840-1844. Flytte til Ålesund.

Elias Karolus Johannessen Tu (br 2) f 1825 d 1892
1844 g 1. Anne Petrine Pedersd. Velle (1805-1879)
1880 g 2. Nikoline Larsd. Blakstad (1830-1888)
1892 g 3. Berte Amundsd. Melset br 4 (1845-1910)
Br 1845-1852

Anne Petrine hadde eit barn: Peter Elias f 1835 d 1919 (far: Hans Jakob Halvorsen Østrem)

Born i ekteskap:

1. Hansine Oluffa Kristiane f 1845 (ho hadde barn: Jensine Petrine f 1874 (far: Klaus Jakobs. Hole)
2. Inger Anna f 1850, 1874 g Johan Johans. Fausa (1845-1928)

Fekk bygselsetel frå Schjølberg 23/4 1845. Elias levde i trange kår og hadde stor gjeld. Det var nok grunnen til at han måtte gi frå seg garden på Ikornnes. Han vart plassemann på Blakstad.

Elias Jonsen Kipperberg f 1825 på Nes i Hjørundfjord.

1847 g Oline Olsd. Kipperberg f Nebbedalshaug.

Br 1852-1857, enkja til 1858.

Born: 1. Johan Olaus (kalla Jan) f 1850. Uts nr 334. Til Afrika.

2. Ingeborg Pernille Regine f 1855. Uts nr 318. Til Amerika.

Barn: Ole Elias f 1881 (far: Kristen Ols. Bueidet frå Skjåk)

3. Eline Oline f 1857. Uts nr 317. Til Afrika.

Elias fekk skøyte på bruket 13/7 1852 for 330 spd frå Rasmus Paulsen Sorte, som hadde kjøpt bruket same dagen.

I Sunnlyvsboka bd 2 s. 345 vert det fortalt at Oline først var gift med Peder Jonsen Kipperberg, som for til sjøs. Så gjekk det rykte om at skipet han var med hadde forlist og at alle kom vekk. Då gifte Oline seg att «vel snart». Peder kom heim att, men då han på heimvegen frette at kona hans var gift med ein annan, reiste han ut att som sjømann utan å treffe henne att. (Borgundboka bd 3 s 367 har andre opplysningar.)

Elias hadde kår av Kipperberg-bruket, og då han hadde kjøpt Ikornnesbruket, gav han kår av det til svigerforeldra til kona, Jon Larsen Kipperberg og Brit Jetmundsd. Brit døydde i 1854.

Ved sk. etter Elias 20/3 1859 vart bruket taksert til 347 spd. Enkja fekk bruket mot panterettsutlegg til borna og andre.

Oline hadde ein bror Ola Olsen d.y. på Slinningen og Ola Olsen d.e. på Jarnes (Legene). Frå Jarnes var også hennar 3. mann,

Ole Andreas Pettersen Jarnes f 1831 d 1877

1858 g ek. Oline Olsd. Ikornnes d 1864 51 år.

1865 g 2. Nikoline Berntsd. Myren f 1834 i Norddalen, d 1895.

Br 1858-1861

I 1859 fekk han 100 spd av Tandstads legat mot pant i bruket. Den 28. mai 1861 bygsla han bort bruket til Ole Karl Eliassen Øye, og flytte sjølv til plassen Myren. Han åtte også Kjerane.

Ole Karl Eliassen Øye f 1829 i Sunnlyven (Øye bnr 2 Utigarden), d 1908

g 1862 Johanne Fredrikke Hansd. Erstad (Hansg.) f 1835 d 1920

Br 1861-1895

Born: 1. Kristiane Fredrikke Oline f 1863 d 12 dg

2. Kristiane Fredrikke Oline f 1864, d 3 timar

3. Hans Johan Kristian f 1866, g p br

4. Ole Elias Johan f 1868, d 1940, 1914 g Anna Margrethe Pedersen. Ole Elias var fanemålar. Til Oslo 1893. Verkstad i Bernt Ankersgt. I 1935 hadde han måla 678 faner. Foto i Norges Håndverkere I s 272 og i Smp 5/2 1940.

I 1864 fekk Ole Karl kjøpe bruket av Ole Andreas Pettersen for 320 spd., mot kår til seljaren og kona Oline, som døydde same året. Unnatekne var plassane Myren og Kjæreplass, og m.a. ei nausttomt og Stordalsteigen (skog).

Ole Karl sådde i 1865 2½ t blk, 3 t havre og 3 t poteter, og fôra 1 hest, 7 kyr og 8 sauer. Matr. føreb. i 1860-åra har dette om bruket: 25 dekar

åker og eng av mykje god kvalitet, 18 dekar mykje god natureng, meir dyrkbar jord, sånad 3 t blk, 3 t havre, 3 t poteter. Buskap: 1 hest, 6 kyr, 8 småfe. Dårleg hamnegang. Skog til husbruk. Lettbrukt.

1875: Sånad: 2½ t blk, 3½ t havre, 5 t poteter. Buskap: 1 hest, 6 kyr, 4 ungdyr, 4 sauer, 2 geiter.

Hans Johan Olsen Ekornes f 1866 d 1922

1894 g ek. Marie Jørgensd. Grebstad f 1869 d 1950

Br 1895-1913

Marie, utvsn nr 451, var ek. etter Gregorius Børresen Langdal f 1863. Med han hadde ho dottera Nilla Gregoriusd. Dahl f 1891 i USA, g 1911 Peder Petrusen Brandal (1886-1925)

Hans Johan fekk skøyte på bruket frå faren 8/7 1895 for 1600 kr. Kår.

Hans Johan var handelsmann og postopnar. I forretninga selde han mykje «på krita» som ikkje vart betalt. Det vart konkurs i 1907. Styraren av konkursbuget gav skøyte til kona Marie som særeige på bruket, og plassen i Kursetgjerde med hus for 12 300 kr.

Hans Johan var naturelskar, jeger og fjellmann. Han vart vald til oppsynsmann for heradet sitt fredsskogfelt i 1908. I 1910 kunne ein lese i Sm. Folkeblad: «Søndag 3. april drog Hans Ekornes til Finnmark for å grave gull sammen med A. B. Løvoll, Hans Hole, Peder Hole, Hans Drotninghaug og Sivert Sæter.» Dei fleste av desse hadde øving i gullgraving i Alaska.

Ved eit gåvebrev dat. 5/12 1914 vart bnr 11 Nybø med hus gitt til dottera Nilla og mannen. Hans og Marie flytte ned til sjøen då dei gav frå seg bruket. Hans låg lenge til sengs etter slag. Sjå bnr 10.

Ole Seljeseth f 1873 i Hornindal, d 1959

g Anne Taraldset f 1880 i Hornindal, d 1963

Br 1913-1918

Born: 1. Oskar f 1902, til Amerika ca. 1922, d 1944. Omkom under krigen

2. Raymond f 1908 i Mpls. USA. Skreddar på Sjøholt

3. Alma f 1921 på Ørskog, g Ole Stene, han d 1951, skreddar.

Ole Seljeset var i Amerika i 27 år og dreiv m.a. jordbruk i Minnesota, men var lengste tida jarnvegsarbeidar og telefonarbeidar i Mpls. På Ikornnes hadde han 6-7 kyr og hest, og 5-6 sauer. Han syntest Ikornnes var for brattlendt og selde bruket i 1918 til Klaus Sletten, redaktøren av Møre Tidend. I 1919 flytte Seljeseth til Ørskog, der han passa elektrisitetsverket i 20 år. Huset Raymond og Alma bur i vart kjøpt av Tafjord Kraft. Men

Ekornes dei første åra frå 1900-talet. Ved sjøen det gamle handelshuset, rett ovanfor er huset til Hans Johan Ekornes (sidan Ole Seljeseth, Klaus Sletten og Ole Myrseth). Tit høgre Jarnes.

Seljeseth dreiv jordbruk på Ørskog òg, kjøpte bruket av Karl Ekornes på Lande.

Klaus Sletten f 1877 d 1946

1905 g Margit Bruun f 1875 i Østre Gausdal, d 1958.

Han var fødd i Høyland, men familien flytte til Lindås då Klaus var 5 år. 10 år seinare døydde faren, og 15 år gammal måtte Klaus greie med gardsbruket. Vart journalist, målmann, og frå 1917 redaktør av Møre Tidend i Ålesund. Kjøpte Ikornnes-bruket i 1918 og fekk 18000 kr. i Sykkylven Sparebank mot pant i bruket i 1919. Fekk lita tid til å drive gardsbruk, så det vart syster hans, Dina Sletten, som mest stelte med garden. Ho hadde gått på småbrukarskule. I 1919 var son til Klaus Sletten, Vegard, ferdig med folkeskulen, og då han ikkje var vidare helsesterk, skulle han drive kroppsarbeid ei stund og vart dreng på Ikornnes. Der er vel ikkje mange andre gardar i landet der både eigaren og gardsdrenge vart landskjende. Då Møre Tidend gjekk inn, selde Klaus Sletten Ikornnes-bruket til byggmeister Ole Myrseth i Ålesund. Året før var der branntakst på bruket, og Seljeseth budde enno på Ikornnes og kunne vise fram bygningane. Hovudbygninga hadde kjellaretasje, stoveetasje og kvistetasje og var 13,5 m lang og 7,4 m brei, oppført på gråsteinsmur. I kjellaretasjen var 7 rom, bakarovn og eit mindre røykjeri. 6 rom i stove-etasjen, og ovanpå 5 rom. Løa var av reisverk på gråsteinsmur og tekt med skiferstein. Nede var stall og fjøs med gjødselkjellar, ovanpå rom for

avlinga. På bruket var òg ei mindre høyløe av stavverk. Stabburet var oppført av plankar. Bruket hadde også naust, sommarfjøs og sel. Hovudbygninga vart taksert til 15 000 kr., løa til 14 000 og stabburet til 2000.

Ole Pettersen Myrseth br 2 f 1872 i Hundeidvik, d 1947.

1891 g Malla Kalvø f 1867 d 1934

Br 1920-1937

Born: 1. Karla Margrethe f 1893 d 1908

2. Peter f 1895, g Bergljot Ellingsen f 1895

3. Kanutte Petrine f 1899, sjå Sætre bnr 39

4. Olea Mary f 1901 d 1977

5. Knut f 1903, g Frida Martinsen

6. Marte f 1905 d 1906

7. Ole f 1907 d 1936

8. Karla Marte f 1912, sjå Sætre bnr 39

Myrseth var byggmeister i Ålesund. Han var nevø av Hans Ekornes. Ole sjølv var på bruket frå våren til avlinga var i hus. Elles var det andre av familien og tenarar som dreiv bruket. Det var mest mjølkeproduksjon.

I 1940 kjøpte Ole Myrseth parsellen Trudvang og bygde bustadhus der. Då kommunen forlangte veg over Trudvang, kravde Myrseth-familien ekkspropriasjon av både jord og hus.

Hovudbruket selde Myrseth i 1937 til

Sverre Aronsen Hole f 1901 d 1938

1927 g Mathilde Pedersd. Linge f 1895

Br 1937-1938, enkja til 1950. Hole og kona var lærarar, Mathilde heilt til 1959.

Born: 1. Peder f 1928, g p br

2. Annlaug Marie f 1930, g 1951 Øyulf Eliassen frå Hareid, f 1926.
Bur på bnr 44

3. Olav f 1932, d 1951

4. Bård f 1935, g 1962 Anne Hatlehol frå Vatne. Bård har maskinistskule og teknisk utdanning frå Horten. Sjå bnr 48. Bur på Stranda.

Peder Sverresen Hole f 1928 i Norddalen

1952 g Gerd Mathiasd. Førde f 1926 i Austefjorden.

Br 1950-

Born: 1. Marit Beate f 1953

2. Borghild Merete f 1954

3. Sigrun Olaug f 1957
4. Helen f 1960, g 1976 Even Tandstad (1955-1978)
5. Gunnlaug f 1963
6. Lisbet f 1967

Peder har landbruksskule og Gerd realskule og handelsskule. Peder er gardbrukar, tapetserar, og har drive maskinstasjon. Bygde stovehus med Kafé i 1956. Arbeider no i banken på Ikornnes.

Peder Hole eig òg gamlehuset på bruket. Gamlehuset leiger han bort.

Ein gammal husmannsplass under lnr 325

Lars Peter Severin Ellingsen Hjelle frå Ørskog f 1816 d 1860

1845 g Marte Olave Larsd. Velle (Askjellg.) (1811-1881)

Br 1845-1850

Born før ekteskap:

1. Eline Bastiane f 1840
2. Lars Petter f 1841 (mor: Berte Larsd. Velle?). Til Utgård.

Born i ekteskap:

3. Berte Laurentse f 1845, g 1882 Kristian Amunds. Gjævenes
4. Olave Tomasine Jensine f 1848

Dottera Berte Laurentse hadde barn: Berte Oline f 1868 (far: Martinus Berntsen Klokk). Kyrkjeboka har Berte Larsd. Velle som mor til Lars Petter. Det kan vere feil for Marte Larsd.

Då denne familien kom til Ikornnes, kom dei frå Riksheim, men der hadde dei ikkje jord då. Dei fekk ein husmannsplass alt i 1845, men fekk ikkje festesetel frå kapt. Schjølberg før 21/4 1846.

Dei sat trangt i det, og i 1848 vart Peter stemnd for forlikskommissjonen av presten Krabbe for ein gjeld på 4 spd. Nils Olsen Fet møtte for Peter og lovde betaling innan 5 veker. I 1850 hadde Peter gjeld til presten att, no ca. 9 spd, og presten kravde utlegg i stovehuset til Peter ved eksekusjonsforretning. Same året flytte Peter og familie til Riksheim. (Kalvegjerde under Pegarden.)

Bnr 10 NESTUN

(også skrive Nedstun)

Hans Johan Olsen Ekornes

g Marie Jørgensd. f Grebstad

(sjå hovudbruket)

Då dei selde bnr 1 til Ole Seljeseth i 1913 tok dei frå dette stykket nede ved sjøen. Utskilt med skyld 13 øre. Marie gifte seg att i 1925 med

Lars Langdal f 1877 i Norddalen, d 1970.

Marie d 1950.

Br 1925-1950

Lars med familie budde på Ørskog før dei kom til Ikornnes i 1925. Han var enkjemann då han gifte seg med Marie. Var skomakar av yrke.

Bnr 23 NESTUN II

Utskilt frå bnr 1 i 1944, skyld 1 øre. Ikkje bygt på dette stykke.

Åge Larssen Langdal f 1914 i Norddalen

1944 g Signe Fiksdal f 1925 i Haram

Br 1950-

Born: 1. Lilian f 1945, g H. Ramnefjell frå Sula.

2. Inge f 1948, 1969 g Torhild Markussen f 1948 i Buksnes i Lofoten

3. Bjarne f 1955, g Jorun Døving. Dei bur på Stranda

4. Aashild f 1959. Barn: Renate f 1973. Bustad Ikornnes

5. Tone Kristin f 1960

Fekk skøyte på bnr 10 og 23 i 1950 for 6000 kr. mot kår. Åge Langdal har vore skreddar, og var dessutan ekspeditør ved kaia på Ikornnes frå 1950 til ho vart nedlagd i 1972. Han har stor hage, og i utmarka ein skogteig.

I 1955 var der grensegangssak mellom desse bruka og bnr 12. - Syster til Åge, Randi, er g.m. Ragnvald Gjerde.

Bnr 9 PALMRUD

Utskilt frå bnr 1 i 1910, skyld 1 øre.

Namnet har oftast vore skrive Palmerud, men i panteboka nr 26 s. 353a står Palmrud, som utan tvil er det rette. Ingen på Ikornnes veit noko sikkert om opphavet til namnet. Men eg har funne at ein arbeidar med namnet Johan Andersen Heltne Palm døydde på Ikornnes den 3. des. 1911. Det er nok han som er opphavet til namnet. Det tradisjonen har som forklaring ser slik ut: Det var ein splint, d.e. tater, som heldt til i eit lite hus der, men det samla seg så mykje av det folket at dei vart jaga.

Bnr 11 NYBØ

Utskilt frå bnr 1 i 1913 med skyld 27 øre.

Peder Petrussen Brandal f 1886 på Hareide d 1925

1911 g Nilla Gregoriusd. Dahl f 1891 i USA, d 1960

Br 1911-1922

Born: 1. Hans Peter Gregorius f 1912
2. Anne Elisa f 1913 d 1914
3. Georg Martin f 1915
4. Pernille Alida f 1918, g Østrem, bur i Langevåg
5. Anna Karen f 1921, d ½ år gl
6. Peder f 1925. Fabrikkarbeidar ved J. Erstads fabrikk.

Brandal åtte motorbåten «Kveldulv» saman med Oluf H. Bjerkevåg. Denne båtparten sette Brandal i pant i 1917. Bruket han budde på hadde dei fått frå mor til Nilla, Marie, ved gåvebrev i 1914. I gåva var bnr 9 Palmrud med.

Nilla og mannen kravde å få dei to bruka samanslegne til eitt med namnet NYBØ. Det vart gjort, og bruket fekk skyld 28 øre.

Brandal bygde våningshus i 1913. Då mannen døydde flytte Nilla ned til mor si. Men snart etter fekk ho arbeid ved Langevåg fabrikk og flytte til Stadsnes i 1925.

Andreas Johannessen Åsen f 1889 på Hjorthaugås i Volda d 1968
1915 g Berte Olsd. Utgård (Andersg.) f 1891 d 1958
Br 1922-1963

Born: 1. Olgar Johan f 1916
2. Hilda Johanne f 1919, g 1943 Hans Pilskog frå Godøy
3. Jon Olav f 1923, g p br

Andreas Åsen fekk skøyte på bruket av P. Brandal i 1922 for 9000 kr. og dyrka det meste av plassen. Bygde ny løe i 1926-27. Hadde fiske som attåtning.

Jon Olav Andreassen Åsen f 1923
1961 g Ingeborg Eliasd. Hauge f 1925 i Sunnlyven
Br 1963-

Adoptivbarn: Jan Inge f 1965 i Kristiansund.

Kjøpte bruket av faren. Er madrassarbeidar. Bruket vert til dagleg ikkje kalla Nybø, men Åsen.

Bnr 26 SAGFOSSEN

Utskilt frå bnr 11 og fleire andre bruk i 1949, skyld 1 øre.

P/L JARNES OG EKORNES VASSVERK

Det vart ikkje gjort frådrag i skylda på noko bruk.

Bnr 12 TRUDVANG

Utskilt frå bnr 1 i 1920, skyld 24 øre.

Hans Ekornes fekk skøyte på dette bruket frå Klaus Sletten 29/4 1921 for 6000 kr. Fanemålar Ole Ekornes i Oslo fekk skøyte på bruket 27/1 1925. Han selde i 1939 til byggmeister Ole Myrseth i Ålesund for 1800 kr. I 1954 fekk desse arvingane etter Ole Myrseth heimel på bruket: Petter, Kanutte, Knut, Olea og Karla Myrseth. Av desse budde *Kanutte og Karla Myrseth* her til dei bygde seg hus på Sætre bnr 39.

Huset vert enno kalla Myrset-huset. Ca. 1971 kjøpte Jens E. Ekornes dette bruket, og huset vert nytta som bustad for arbeidarar ved fabrikk til dei får seg eige hus. Her bur altså snart ein huslyd, snart ein annan, og det høyrer ikkje med til opplegget her å gjere greie for desse.

Bnr 46 ELVEKROKEN

Utskilt frå bnr 12 i 1971, skyld 1 øre. Eigar då var J. E. Ekornes Fabrikker A/S.

Bnr 13 SOLBERG, sidan HØGTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1920, skyld 2 øre.

SØRESTRANDA UNGDOMSLAG

Skøyte frå Klaus Sletten 6/11 1920 for 400 kr. Etter krav frå laget ved formannen Nils Stave, vart namnet endra frå Solberg til Høgtun i 1921. Men i daglegtalet levde det første namnet lenge. Sørestranda Ungdomslag gav forfattaren av dette bandet kulturprisen for 1979 for lokalhistorisk arbeid med gardssoge og boka *Utvandrarane frå Sykkylven*.

Bnr 14 SKOGHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1920 skyld 5 øre, først til

Ole Myrseth

I 1937 fekk

Lindis Anne Fredriksen

skøyte på bruket frå Klaus Sletten. (Sjå bnr 5 BØEN.)

Bnr 20 LEIRTUFTA

Utskilt frå bnr 1 i 1940, skyld 1 øre

Asbjørn Fredriksen

Bnr 22 LEIRTUFTA II

Utskilt frå bnr 1 1944 skyld 1 øre
Asbjørn Fredriksen

Bnr 25 STRANDLY

Utskilt frå bnr 1 i 1947, skyld 1 øre
Peder Olav Jarnes frå bnr 8 f 1921
Sjå Jarnes, bnr 34 Jarbu.
P. O. Jarnes Møbelfabrikk
var i drift frå 1946 til 1964. Dette industribygget vart kjøpt av
A/S Westrebygg ved
Jan Simonsen

Bnr 36 STRANDLY II

Utskilt frå bnr 1 i 1964
Olav Petter Pettersen Jarnes (br 1) f 1912 d 1979
g *Randi Jensd. Riksheimjerde* f 1923.
Dei hadde ikkje bustadhus på Ikornnes, bygde eige hus på Jarnes. Men i 1964 starta dei daglegvareforretning på Ikornnes. Før den tid hadde Olav Jarnes vore med på gardsdrifta på Jarnes, og hadde drive laksefiske om somrane. Kjøpte båt saman med brørne og dreiv fraktfart mellom Oslo og Tromsø. Etter krigen dreiv dei møbeltransport Ålesund-Åndalsnes.

Bnr 29 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1953, skyld 1 øre
Annlaug og Øyulf Eliassen
Då det kom industriveg over tomta selde dei tomt og hus til Sykkylven kommune, og bygde på større tomt utskilt frå same bruket. (Sjå bnr 44 DALTUN.)

Bnr 44 DALTUN

Øyulf Eliassen f 1926 i Hadsel
1950 g *Annlaug Sverresd. Hole* f 1930
Born: 1. *Vigdis Petrine* i 1952, g *Ole Chr. Vold*, Hamar
2. *Oddveig Mathilde* f 1954, g *Terje Lystad* f 1952, ing.

3. Svein Egil f 1956
4. Reidun Solbjørg f 1958
5. Øivind Atle f 1964

Eliassen er maskinsnikkar. Bygde hus på denne tomte i 1970.

Bur 45 LUNHEIM II

Utskilt frå bnr 1 i 1971, skyld 1 øre

Bnr 48 GARMO

Utskilt frå bnr 1 i 1972, skyld 2 øre

Bård Hole

Bnr 49 VIDSYN Utskilt frå bnr 1 i 1972

Bnr 54

Utskilt frå bnr 1 i 1974

Inge Aagesen Langdal f 1945

1969 g Toril Marit Martinussen f 1948 i Buksnes

Born: 1. Mette f 1970

2. Stina f 1971

3. Tor Aage f 1976

Langdal er fabrikkarbeidar.

Bnr 2 KJEREPLASS

(Plassen vart først kalla Ryggen)

Ole Eriksen Storstein f 1807 i Sunnylvn, d 1893

g Mette Olsd. Helset f 1812 i Sunnylvn, d 1893

Br 1852-1872

Born: 1. Ole Martinus f 1840 i Sunnylvn, g p br

2. N.N.

3. N.N.

(Ein av desse to som vi ikkje veit namnet på, budde i Ålesund, den andre på Austlandet)

4. Olave Eline f 1853 d 1944, g Peter Larssen Giskegjerde f 1844 d 1921. Han skreiv seg for Løkegård og dreiv gardsbruk på Valderhaugstrand.

5. Eline *Karoline* f 1856, utvs nr 329. Ho vart g Peter Habostad f 1852, bror til lærar Habostad på Ikornnes.

Før han kom til Ikornnes dreiv Ole Eriksen Fredrikgården på Helset som han kjøpte i 1842 og selde i 1851. Han gav kårbrev til Jon Larssen Kipperberg og k. Brit Jetmundsd. i 1852. I 1865 hadde plassen 2 kyr og 7 sauer.

Det var Ole A. Stenset og Nils Jørgensen Valde som gav Ole festesetel på plassen (då kalla Ryggen) 13/4 1852.

Ole Martinus Olsen Helset f 1840 d 1928

g 1872 Lovise Susanne Martinusd. Straumsheim (br 2) f 1846 d 1932

Br 1872-1902

Barn: Ole f 1871

Byggesetel frå Jon Eliassen Kipperberg 1872 og skøyte i 1882.

I 1875 fôra dei 2 kyr, 1 sau og 1 gris. Dei sådd 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter.

I 1881 vart han saman med Tomas Pettersen Stave vald til å passe på at krøtera i denne grenda vart skikkeleg stelte. Han var elles meir interessert i sjøen enn i jordbruk. Var ein dugande fiskar og bas på fiskebåt.

Ole Olsen Ekornes f 1871 d 1947

g 1902 Anne Pernille Knutsd. Jarnes f 1866 d 1948. (Ho var dotter til Knut Nilssen Jarnes, som hadde budd på Ryggen.) (Sjå Jarnes bnr 5.)

Br 1902-1922

Ole var fødd krøpling, men dreiv likevel bruket som han tok over etter faren. Hadde rett til ved i Ikornnes-utmarka og hogde veden sjølv. Dreiv mykje med fisketørking og var i det heile svær til å arbeide. Dei fødte 3 kyr og nokre sauer på plassen.

I 1922 selde han Kjerane til Ola Tandstad og tok eit urudt stykke og bygde hus der. Dreiv med bær dyrking.

Som attåt næring var han bokbindar. Presten var ein av kundane hans, og mange gamle skulebøker fekk nytt bind. Ole var intelligent og hadde lese mykje.

Same året han døydde selde enkja det stykket Ole hadde teke seg då han selde Kjerane. Kjøparen var Anders Larssen Ribemo. Sjå bnr 15 Hagen.

Bnr 2 TRUDVANG (frå 1924, før KJERANE), skyld 0,48.

Ola Pettersen Tandstad f 1892 d 1976

1930 g Berta Larsd. Midtbust f 1899 i Stordalen

Br 1922-1968

Born: 1. Oddlaug f 1931 g Norvald Strømmen frå Skodje. Ho var sjuke-syster i Oslo frå 1958

2. Haldis Petra f 1933 g Olav Hofseth frå Vinjeøyra. Sjå bnr 34 og 41

3. Torleif f 1936, flyteknikar

Ola Tandstad kjøpte Kjereplassen av Ole Olsen Ekornes med hus, buskap og gardsreiskap for 10 000 kr. med unntak av stovebygninga.

Då Tandstad hadde teke over bnr 17 Trudvang òg, kravde han samanslåing av Kjerane og Trudvang til eitt bruk med namnet Trudvang bnr 2. Det var 16/9 1924. Samtidig var parsellen Myren II utskild med bnr 16.

Tandstad bygde stovehus i 1926 og løy i 1935. Berre 2 av 25 dekar av Kjerane var fulldyrka då Tandstad tok over. Han fulldyrka heile plassen. Han var heradsagronom, ei tid ordførar, og skreiv bygdeboka «Sykkylven i eldre tid I» (1962).

Bnr 17 TRUDVANG

Utskilt frå bnr 3 i 1924, skyld 8 øre. Makeskift med bnr 16 Myren II (sjå ovanfor).

Ola Tandstad sitt bruk Trudvang vart i 1968 delt likt mellom døtrene Haldis og Oddlaug. Haldis og mannen dreiv med sauer til 1979, og til fôret brukte dei løy som dei to systrene har lik bruksrett til. No er det Per Fauske som slær bruket, ei ordning Oddlaug starta med så snart bruket vart delt. Stovehuset til Ola Tandstad står tomt, då enkja er på sjukeheimen.

Bnr 15 HAGEN

Ole Olsen Ekornes

(sjå bnr 2 Kjerane). Då Ole Olsen selde Kjerane tok han frå eit urudt stykke og bygde der. Det vart utskilt i 1922 med skyld 0,06. Då Ole var død, selde enkja Anne dette bruket til

Anders Larssen Ribemo f 1915 i Eidfjord

g Margit Julia Blindheim f 1912 i Borgund

Br 1947-

Born: 1. Astrid Kirsti f 1944, g 1965 Bjarne Tandstad f 1934. Bur på Tandstad
2. Lars Gunnar f 1947, g 1969 Bjørg Oldeide f 1945. Bur på Molde
3. Arne Kjetil f 1951, f abrikkarbeidar

Anders Ribemo fekk skøyte på bruket 13/3 1947 for 1500 kr. Han er fabrikkarbeidar.

Bnr 37 BJØRKEHAUG

Utskilt frå bnr 2 i 1967, skyld 2 øre. Stykket heitte før Kalvehagen, men fekk det nye namnet same året det vart selt til

Anders Ribemo

Bnr 34 SOLVANG

Utskilt frå bnr 2 i 1959, skyld 1 øre

Olaf Hanssen Hofseth f 1927 på Vinjeøyra
1956 g Haldis Petra Olsd. Tandstad f 1933

Born: 1. Bente Olaug f 1957, g Leif Nogva, bur i Oslo

2. Mona Henny f 1959

Hofseth er fjørspinnar. Bygde stovehus i 1960.

Bnr 41 SOLVANG II

Utskilt frå bnr 2 i 1968, skyld 22 øre

Haldis og Olaf Hofseth

Bnr 3 MYREN

Utskilt frå bnr 1 i 1872, skyld 22 skill. - 0,33

Ole Andreas Pedersen Jarnes f 1831 d 1877

1859 g 1. ek. Oline Olsd. Ekornes f Nebbedalshaug f 1834 d 1864

1865 g 2. Nikoline Karoline Bernsd. Myren f 1834 d 1895. Frå Norddalen prestegjeld.

Br 1861-1877, enkja til 1879

Born: 1. Bernt Olaus f 1866 d 1927, til Straumgjerde (Bd II s. 311).

2. Ole Andreas f 1869. Utvs nr 330

3. Berte Oline f 1872, utvs nr 328

Ole Andreas var først brukar av hovudbruket, bnr 1 1858-1861. Det bygsla han bort til Ole Karl Eliassen og flytte sjølv til Myren. Han åtte både Myren og Kjereplass.

I sk. etter Oline 25/8 1865 fekk Ole Andreas begge plassane som til saman var skyldsette til 2 ort 9 skill. og i panteregisteret var oppførde som lnr 325b. Taksten på jordvegen var 250 spd. og husa på Myren var nytt våningshus med kammers og gang, takst 55 spd, og løe med fjøs 35 spd. På Kjereplassen ei stovebygning til 10 spd. I alt 350 spd. Han måtte leggje ut vel 55 spd til kvar av dei tre steborna sine, borna til Elias Jonsen Kipperberg.

Sådde i 1865 1 t havre og 1 t poteter. Fôra 2 kyr og 2 sauer.

Matr. førebuingarb. har desse opplysningane som gjeld Kjereplass og Myren til saman:

10 mål særst god åker og eng, 32 mål «middelmådig» natureng, meir jord kan dyrkast, sår 1½ t blk, 1½ t havre, 2 t poteter, fôrar 3 kyr, 8 småfe. Dårleg hamnegang. Brenneved. (1864-1868.)

Den 12. april 1877 skreiv Karl Habostad, som var nabo til Ole Andreas, til Amund Aure og innkalla han til skiftesamling etter Ole Andreas:

«Da der ikke er saa videre stor mængde at gjøre greie paa, have vi ment at forretningen kunde begynde mellem 12 og 1.»

I 1875 var buskapen 1 ku, 1 kalv, 2 sauer og gris, og sånaden 1 t blk, 1 t havre og 1 t poteter.

Lars Karl Andreas Larssen Strømme (Jog.) (1854-1949)

1876 g Eline Madsd. Lade (1858-1947)

Br 1879-1926

Born: 1. Lovise Marie Hansine f 1876 d 1951, 1896 g Karl Andreas Johansen Riksheim (br 3) f 1869 d 1957. Bustad Ikornnes og Riksheimgjerde

2. Johanne Severine Tomasine f 1878 d 1960, 1900 g Jens Bastian Olsen Kurset (Bernpl.) br 3 f 1877. Fiskar. Omkom på sjøen.

3. Ole Elias f 1880 d 1881, 7 veker

4. Ole Elias Bastian f 1881 d 1959 g. 1. Turine Marie Røsholt (1882-1943), g. 2. Elisa Hansson (1891-1964). Ole Elias var skreddar og budde lenge i Bærum. Far til songaren Karsten Ekornes f 1917.

Lars Karl var frå Jog. på Straume, tok namnet Ekornes. Han var gardbrukar, murar, skreddar, fiskar og kjøkemeister. Var bygningsleiar for kaia i Hundeidvik i 1905.

Eline hadde 5 gamle i pleie til dei døydde. Den siste var Nysæter-Tomas.

I 1946 kunne Lars Karl og Eline feire steinbryllaup. Foto i Smp 4/6 1946.

Lars Karl betalte 1400 kr. for bruket og selde det for 4000 kr, mot kår, med atterhald om bruksrett, som han nyttta seg av i eitt år.

Bnr 16 MYREN II

Utskilt frå bnr 2 i 1924 med skyld 8 øre, og makeskift med bnr 17 Trudvang, utskilt frå bnr 3 same året og med same skyld. Bnr 16 vart slege saman med bnr 3, som då fekk same skyld som før makeskiftet.

Kjøparen av bnr 3 var

Karl Johan Karlsen Riksheim f 1896, d 1954
1922 g *Helga Olivia Knutsd. Stave* (1897-1955)
Br 1926-1957

Born: 1. *Tordis Petrine* f 1923, g p br
2. *Edith Klara* f 1924, g 1948 *Ottar Johnsen* frå *Selje* f 1922
3. *Kjellaug* f 1927, g 1951 *Paul M. Cosgrove* f 1922. Bur i Seattle
4. *Harald* f 1929, fabrikkarbeidar, d 1948 ved drukningsulukke i Megardsdalen
5. *Knut* f 1932, g 1960 *Valerie Moillet* frå Vancouver B. C. Bustad Seattle
6. *Petter* f 1934, g 1958 *Marit Andersen* frå *Sulitjelma*, f 1935. Han er løytnant i flyvåpenet. Bur i Asker.
7. *Kjell* f 1937, d 7 mnd
8. *Herdis* f 1939, g 1961 *Einar Hjorteset* frå *Hyen* i Nordfjord, f 1936. Bustad *Gjelleråsen*, Oslo
9. *Bodil* f 1943. Examen artium og lærarskule. Til Amerika 1969.
G. Jon Ostlund. Bur i *Bellingham*, Wash.

Karl braut opp alt som stod att å bryte opp på bruket. Dreiv elles fiske om vinteren og bygningsarbeid om sommaren. Frå 1950 dreiv han snikkararbeid ved *Ekornes Fabrikker*. Bygde hus i 1926.

Oskar Kåresen Lermo f 1920 på *Ørskog*
1948 g *Tordis Karlsd. Riksheim* f 1923 på *Ikornnes* d 1981
Br 1957-

Born: 1. *Solveig Kirsti* f 1949, g 1972 *Olav Tveito*. Bur i *Granvin*
2. *Helga Karin* f 1956. Sjå bnr 57
3. *Lars Karl* f 1964, d 1 dg
4. *Otto* f 1964, tvill.
5. *Lars Karl* f 1968

Lermo er møbeltapetserar ved *Ekornes Fabrikker*. Han har utvida lòa.

Bnr 30 MYRVANG

Utskilt frå bnr 3 i 1954, skyld 1 øre

Ottar Johnsen f 1922 i Selje

1948 g Edith Klara Karlsd. Riksheim f 1924

Born: 1. Harald f 1949.

2. Odd Magnar f 1956

3. Berit f 1958

Johnsen var nokre år båtførar, førde m.a. frakteskuta «Tynes». Fabrikkarbeidar, elektriskar. Bygde stovehus i 1954

Harald Johnsen f 1949

1972 g Anita Leifsd. Aurdal f 1952

Barn: 1. Vivian f 1970

Harald Johnsen er skipselektriskar i utanriksfart.

Bnr 57 HELGHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1976, skyld 1 øre

Jens Åge Johansen f 1948 i Oslo

1975 g Helga Karin Oskarsd. Lermo f 1956

Born: 1. Tor Wollert f 1976

2. Julie Helen f 1978

Johansen er mekaniskar. Bygde hus i 1976. Både Johansen og kona arbeider ved Ekornes Fabrikker. Han er av sykkyllsætt.

Bnr 4 LARSGARDEN

På denne delen av det gamle bruk A kom

Jakob

Br 1692-ca. 1700

Born: 1. Ole f ca. 1646, g p br

2. Synneve, g Sven Pedersen Eidem (sjå SSTb nr 7 s 49)

3. Nils, til Fet, d. 1708

Jakob kan ha vore gift med ei dotter til Ole Svendsen på bruk A, men vi veit ikkje noko sikkert. Han brukte i 1694 3 mællag, altså akkurat halvparten av det gamle bruk A.

Ole Jakobsen Ekornes f ca. 1646

Br ca. 1700-1716

Hadde vore soldat. La i 1711 ekstraskatt for seg og kona og ein dreng. Systema Synnøve truga med å «lemleste og slå ihjel» den som kom og ville ta frå dei garden på Eidem. Mannen Sven sa seg lei for det kona hadde sagt, som var «imod hans villie og videnskab». Ein av grunnane til at dei ville ta bruksretten frå Sven, var at han hadde late svogeren Ole Jakobsen Ekornes få slå på bruket på Eidem og frakte graset til Ikornnes om vinteren.

Elling Nilssen Fet f ca. 1683 d 1743

g Guro Helgesd. Vik f ca. 1699 d 1760

Br 1734-1743

Born: 1. Nils f 1722, g p br

2. Helge f 1727 d 1730

3. Helge f 1731 d 6 veker

4. Ole f 1732 d 1758

Bygselsetel 12/8 1716 frå Chrf. Abelset. Elling hadde jordpart i Løvoll som var gammalt arvegods. I 1721 selde han dette, $7\frac{5}{7}$ mk til Ole Andersen Løvoll, som var morbror til kona til Elling. Hennar mor var Ingeborg Andersd. Vik f Løvoll. Like mykje selde Elling til Knut Olsen Løvoll, son til Ole Andersen.

Guro (el Guri) g 2.em. Peder Pedersen Indre Ekornes bnr 1.

Sk. etter Elling 1743: Brutto vel 67 rd, gjeld vel 1 rd. - 2 koparkjeler vel 11 rd, 5 kyr 15 rd, 1 kvige, 1 hest 4 rd, 8 sauer, 6 geiter, 3 kje. $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar, 1 t tjøre, 6 t havre, 1 t bygg, 7 torskegarn.

Nils Ellingsen Ekornes f 1722 d 1781

1746 g Anne Olsd. Hellen f ca. 1715 d 1765

Br 1743-1768

Bygselsetel frå Chrf. Abelset 4/4 1743.

Born: 1. Guri f 1748, g p br lnr 325 (Ytre, br 1)

2. Elling f 1751, g p br lnr 326

3. Nils f 1757, d 4 timar

Sk. etter kona 1765: 118-2-11, ingen gjeld.

Elling Nilssen Ekornes f 1751 d 1813

1770 g Kari Nilsd. Aurdal f 1743 d 1808

Br 1768-1801

- Born: 1. Ole f 1773, g til Indre Ikornnes
2. Nils f 1776 d 1793
3. Elling Martinus f 1781, g p br

Byggesetel frå madam Abelset 25/11 1768. Elling var sognemann, d.v.s. representant for ålmugen i saka mot kyrkje-eigarane, som ikkje ville godta prisen for ein reparasjon av kyrkja. Prisen var 91-5-11. Dei andre sognemennene var Carl Pihl og Hans Søvik. Kyrkje-eigarane måtte godta prisen for reparasjonen som var ferdig i 1796. Elling var legdsman for 19. legd frå 1771.

Elling Martinus Ellingsen Ytre Ekornes br 4 (1781-1849)

1803 g Signi Jørgensd. Hellen (1767-1836)

Br 1801-1844

- Barn: 1. Jakobie Marie f 1806 d 1892
2. Elling Karolus f 1807, d ½ dg
3. Elling Karolus Martinus f 1809, g 1834 Inger Monsd. Blakstad br 4 Blakstadnes. Han flytte til Blakstad. Bustad Blegen, Blakstad.

Byggesetel frå Nykirken i Bergen ved J. N. Krey 3/7 1801. Martinus tente i 5 år som soldat, men vart så fritteken «formedelst øiensvaghed».

I 1823 var der minneleg utskifting mellom Elling og enkja på nabobruket Marie Larsd., ek. etter Andreas Halvorsen.

Sk. etter Signi 5/7 1836: Brutto 221 spd, gjeld 1 spd.

Kongeskøyte frå Carl Johan 19. august 1843: Vi Carl Johan, af Guds Naade Konge til Sverige og Norge, de Gothers og Venders: Gjøre vitterlig, at eftersom Elling Martinus Ellingsen har buden den Summa 300 spd og dette bud naadigst er approberet, saa meddeles ham, hans hustru og arvinger herved lovligt Eiendoms-Skjøde paa bemeldte gaardpart Ytre Ekornes. . . . Jordavgift 6 skjæpper 3 fjerdingkar byg, hvilket byg beregnes i penge hvert aar efter middeltallet av de sidste 10 aars taxter for Bergens Stift.

Eit halvt år seinare selde Martinus bruket til kapt. Schjølberg for same pris, mot kår til han og borna Jakobie og Elling.

Ole Ingebrigtsen Hafsås f ca. 1811 i Eid, d 1892

1844 g Anne *Oline* Olsd. Riksheimgjerde (1820-1908).

Br 1844-1849

Barn: Oline Berte Kristiane f 1845, d 15 dg.

Ole var tømmermann. I 1845 sådde han ½ t bygg, ⅙ t blk, 3 t havre, 1 t poteter, og fôra 1 hest, 7 kyr, 10 sauer og 4 geiter.

Den 29. februar 1849 kontrakt med kapt. Schjølberg: Ole går med på «at fravige denne gaard, med aarlig kaar og brugen av en plads». Ole hadde hatt det vanskeleg økonomisk, og måtte i 1847 setje i pant ei 3 år gammal merr og ei storgryte «på omtrent en Tøndes størelse» for gjeld til Peter Johannessen Strømme. Plassen han kom til i 1849 gjekk seinare under namnet Hafsåsplassen, lenge etter at Ole var død.

Då Ole skulle gravleggjast, sa ein eller annan at kista var så tung. Då sa kona Oline: «Ja, det e' 'kje ej nøke forbina over, det e` no ikkje minder fire ti nå.»

Knut Nilssen Urke

1820 g Kari Arnesd. Skylstad

Br 1849-1852

Fekk byggesetel frå kapt. Schjølberg 13/4 1849. (NSSTb nr 7 s 609 b.)

Han må ha greidt seg dårleg på bruket, for i 1852 fekk han stønad frå fattigkommisjonen.

Lars Gullik Larssen Skeide f 1824 i Ulstein d 1901

g Regine Rasmusd. Graaten f 1825 i Hareide d 1897

Br 1852-1877

Born: 1. Kristian Peter Rasminius f 1853 d som speb.

2. Kristian Peter Rasmus f 1855, g p br

3. Lovise Regine f 1856, g Slyngstad, Ålesund

4. Peter Karolus f 1858 d 1859

5. Peter Karolus f 1858 d 1936, g Else Andreasd. Ørjasæter (1858-1930). Han til Maråk. Etterslekt i Sunnlyven

6. Lars Rasmus f 1860 d 1916. Utns 326, g Hanna Torsteinsd.

Ekrem, Syvde, f 1864. Han hadde barn: Laurits Olaus f 1884 (mor: Oline Marie Ludvigsd. Våtmyr f 1863)

7. Rasmus Martinus f 1862, Utns nr 327, d 1945, g Berta Molnes, Vigra

8. Hans Martinus Andreas f 1866. Utns nr 325, d 1912, g Karoline Molnes (1866-1949)

9. Lina Marie f 1869

Byggesetel 1852. Skøyte 1872 frå Nils Johannes Jørgensen Valde. Lars var ei tid reisende for Devold i Skaret. Dreiv òg fiske og var i mange år styrmann på åtring. Var lettliva, hadde god songstemme og var «kjømester» i bryllaup. Vart fleire gonger stemnd for forlikskommisjonen for gjeld. Siste året han sat med garden var der eksekusjonsforretning hjå han, der sakførar Barstad for gjeld 707 kr tok pant i ei brunblakk hoppe,

5 kyr, 3 kviger, 7 sauer, $\frac{1}{23}$ i Riksheim sildenotlag, $\frac{1}{2}$ i ei kvern, etc.

Sånad og buskap i 1865: 2 t blk, 4 t havre, $2\frac{1}{2}$ t poteter. - 1 hest, 7 kyr, 14 sauer, 1 gris.

Matr. føreb. 1860-åra: 29 dekar god åker og eng, 65 dekar god natureng, meir dyrkbar jord, sår 3 t blk, haustar 18 t, sår 4 t havre, haustar 20 t, sår 3 t poteter, haustar 21 t. Buskap: 1 hest, 7 storfe, 12 småfe. Dårleg hamnegang. Lettbrukt.

Sånad og buskap i 1875: 2 t blk, 5 t havre, 3 t poteter. - 1 unghest, 5 kyr, 3 ungdyr, 4 sauer, 1 gris.

Kristian Larssen Ekornes f 1855 d 1932

1877 g 1. Berte Johanne Olsd. Fauske f 1854 på Sæbø, dotter til «Kambe-Ole»

1920 g 2. Kristine Petersd. Lillebø f 1872 i Sunnlyven, d 1956

Br 1877-1924

Barn før ekteskap:

Nikoline f 1876 (mor: Ingeborg Hansd. Blakstad)

Born i ekteskap:

1. Lars f 1878 d 1920. Lærer i Flekkefjord

2. Anne f 1880, utvs nr 322, d 1956, g 1907 Ole *Johan* Karlssen Grebstad (1879-1951). Utvs 456

3. Oluf f 1883 d 1955, utvs nr 324, g Karoline Elisabet Strandabø f 1883

4. Johan f 1886 d 1960, utvs nr 323

5. Kristian Bernhard f 1889, d 3 mnd

6. Karl Johan f 1890, g p br

7. Karolina Marie (kalla *Lina*) f 1894 d 1899

8. Simeon f 1896, g. Gudrun Dahl frå Trondheim. Han var bankmann.

Direktør i Norges Banks avdeling i Ålesund. Skreiv ættebøkene «Ei Hjørundfjordætt» og «Ei Ulsteinætt» om si slekt.

Skøyte frå Lars Gullik Larssen 16/7 1877.

Kristian dyrka mykje jord, bygde husa på bruket og laga mykje av innbuet. Dreiv stampebruk og ei tid landhandel. Dreiv fiske og var styrmann på fiskeskøyte. Flink ølbryggjar.

Karl Johan Kristiansen Ekornes f 1890 d 1941

1920 g Hanna Lovise Olsd. Solnørddal f 1897

Br 1924-1941, enkja 1941-

Born: 1. Kåre f 1921 d 10 år gl.

2. Olav f 1923 d ug 1973. Fabrikkarbeidar

3. Trygve f 1924 d 1958, postassistent, arb. ved telefonstasjonen

4. Liv f 1926, g 1948 Tomas Strandabø f 1922 i Ulstein. Dei budde på Larsgarden 1948-1953. Liv er eigar av Larsgarden frå 1978. Dei bur i Ulstein, der Tomas er forretningsfører og kinosjef.

5. Helge f 1929, arbeider i fabrikk og på garden.

Karl Johan fekk skøyte på bruket med hus for 7000 kr. Kår. Han hadde handelsskule og var utlærd smed. Var postopnar. Styrar av telefonstasjonen. Hanna tok over telefonstasjonen og postopneriet etter at mannen døydde. Var postopnar til ho i 1962 nådde aldersgrensa.

I yngre år var både Hanna og Karl Johan aktivt med i Sørestranda Ungdomslag og anna lagsarbeid, og dei var uvanleg gjestfrie.

Hanna står enno for gardsdrifta, men garden vert ikkje driven som før. Såleis har dei sett bort slåtten til ein mann på Stave, og har slutta med husdyr.

Nytt posthus vart bygt i 1955.

Bnr 5 BØEN

Utskilt frå bnr 4 i 1872, skyld 2 ort, ny 0,67

Karl Martinussen Habostad f 1847 på Stranda, d 1898
1873 g Anne Oline Hansd. Erstad (Hansg. br C) f 1844 d 1902
Br 1872-1898, enkja til 1901

Born: 1. Martin f 1874, d 1962 g Elise Hansen (1881-1975) frå Lillesand.

Han var lærar i Kristiansand frå 1900

2. Hanna Karoline f 1877, g p br

3. Olav Andreas f 1881, utvs nr 333, d 1978

4. Lars Petter f 1884, utvs nr 332

5. Bernt Peter f 1886, utvs nr 331

6. Harald f 1888, d 14 dg

Habostad fekk skøyte på bruket i 1872 for 300 spd. Den lengste tida arbeidde han som omgangsskulelærar på Ikornnes, i Tusvik og Hundeidvik og som klokkar. Han fór frå stove til stove med skulesakene sine i eit skrin og med ein ryggsekk med mat for heile veka.

Han var formann i Hundeidvik misjonsforening, var kommunerevisor 1880-1890, med i overlikningsnemnda 1892-1896, formann i skulestyret.

Skuleprotokollane og hans egne rekneskapsbøker syner at han var ein ordensmann, og tala i rekneskapsbøkene fortel mykje om den tida. Det gjer òg listene over dei største skattytarane kvart år som avisene i Ålesund tok inn. Å. H. & Sj. for 7/3 1885 viser at Habostad hadde den største inntekta av alle i bygda i 1884: 850 kr. Og han var den 4. største skatt-

ytaren det året. Nokre døme på inntektene hans: I 1892 fekk han kr. 5,75 for ei kuhud og 45 kr. for kua Stjernebli. I 1894 40 øre for 1 «jordfestelse», kr. 4,17 for 1 vigsle og 3 barnedåpar, 65 kr. for kua Måseli, 15 kr. for 25 kg fleisk. Av utgifter kan nemnast: I 1884 19 kr. for ein sekk sikta rugmjøl, i 1885 kr. 11,30 for 100 kg bygg, 6 kr. året i kontingent for Vestlandsposten, og 6 kr. i landskyld.

Han bygde nytt vånehus i 1889 etter at det gamle vart sterkt brannskadd, og byggekostnadene for det er nok dei mest interessante tala: Arbeidsløner på alt tre-arbeid kr. 534,96, kosthald til arbeidarane i 563 dagar à 40 øre = kr. 242,20.

Lærer Habostad døydde av lungebetennelse etter berre to døgn sjukelege. Alt ein finn om han viser at han var ein særskild klok og dugande mann, respektert både av skuleborn og eldre.

Jakob Fredriksen f 1875 på Fet, d 1937

1901 g Hanna Karlsd. Habostad f 1877

Br 1901-1937

Born: 1. Åsta f 1902, g sokneprest Bernhard Eggesbø f 1901 i Herøy
2. Fridtjof f 1903 d 1978, g 1932 Signe Adolfsd. Aure f 1908, d 1981. Sjå bd I s 400
3. Karen Lovise f 1906, g 1937 Reidar Larsen Skarbø f 1906. Bustad Ringstad.
4. Asbjørn, f 1909, tok over bruket.

Jakob Fredriksen gjekk ut frå Levanger seminar i 1895. Var først lærar i Vanylven, sidan i Hundeidvik og Jarnes krinsar i Sykkylven. Fleire tilleggskurs, m.a. teiknekurs og fortidsminneskurs.

Hanna Fredriksen dreiv fruktdyrking, og var den første i bygda som tok til med staudegartneri. Ho hadde gått på industriskule og var særleg dugande i saum. Fekk medaljar både her i landet og utanlands. Ho laga messehakelen til sykkylvskyrkja i 1953 etter teikning av broren Martin Habostad. Ho var òg ei tid lærarinne i saum i skulen. Var aktiv i misjonsarbeid, helselag og husmorlag. Ho levde enno 106 år gammal.

Asbjørn Fredriksen f 1909

g Borghild Bastiansd. Aure f 1913 d 1978

Br 1938-1974

Born: 1. Lindis f 1936. Driv eiga møbelforretning i Grorud sentrum, Oslo
2. Jan f 1939, tok over bruket
3. Asbjørn f 1944, g Anne Ose frå Ørsta. Handelshøgskule i Leeds, England. Salsjef ved A/S Vestlandske Møbelfabrikk, Sykkylven

Frå Erstad-sætra. Frå venstre Ole Myrseth, Jakob Fredriksen, Hans Ekornes, Synnøve Sandvik g Eggesebø, Marie Ekornes, Hanna Fredriksen m.fl.

4. Berit f 1954. Handelsutdanning, Salssekretær i Teamco Data, Oslo. Fekk skøyte på bruket i 1938. Kår til mora. Då hadde han alt frå 1929 vore tilsett ved A/S Vestlandske Møbelfabrikk på Vik, der han har vore disponent i ca. 15 år. (Sjå bd 2 s 41 og 119.)

Det vart sjølvstags vanskeleg å drive fabrikk og gardsbruk samtidig, særleg når dei låg på kvar si side av fjorden. Dei første åra fôra dei 4 kyr, hest, høns og gris. I 1942 fekk han ein gartnar som forpaktar ei tid. Då vart det bygt veksthus, der dei dyrka tomatar om sommaren og krysantemar før jul. Dette gjekk ut over gardsdrifta elles, fordi det vart for lite gjødsel att når veksthuset hadde fått det som trongst der. I 1949 selde han veksthuset, som vart rive og sett oppatt på Stranda. Så dreiv han sjølv bruket i 17 år. Då vart alt brukt til korndyrking, bygg. Den vart hausta med skurtreskjar. Sidan vart det grasdyrking att og ein nabo slo der.

I tida 1938-1947 budde Asbjørn Fredriksen med familie på Bøen. Med dei kommunikasjonane det var den tida vart det å ro over fjorden kvar dag, i allslags ver. Under krigen var det ulovleg å bruke motorbåt, og det var blanding, så det ikkje var eit ljøs å sjå i heile bygda. Og på stormfulle vinterdagar var det ein hard tøm å ro over fjorden morgon og kveld. Det at fabrikkens voks gjorde òg sitt til at Fredriksen bygde seg nytt bustadhus på Klokkehaug, ikkje langt frå fabrikkens.

Jan Fredriksen f 1939 g Karen Elise Matheson frå Oslo.

Br 1974-

Han har arkitektutdanning og har vore regionsplanleggjar. Bur no på Molde der han driv ei avdeling for konsulentfirmaet VIAK, Molde. I feriane og ofte i helgane bur han og familien på Bøen, der han har restaurert det nesten 100 år gamle bustadhuset i sin opphavlege stil med særskilt vellukka resultat. På bruket vert det no dyrka jordbær etc. I 1974 vart bruket verdsett til 34 000 kr.

Bnr 6 NOBBEN

Ole Ingebrigtsen Hafsås

var først brukar av hovudbruket, bnr 4.

Br 1849-1892

Det var først då Nils Jørgensen Valde eller Sørnes hadde kjøpt hovudbruket med plassen at Ole fekk festesetel. Nils Jørgensen kjøpte bruket på auksjon 1/7 1853 for 400 spd.

I 1877 vart plassen fråskylddelt og fekk skyld 20 skill., rev. M 0,29.

Enkja brukte plassen eit år, til 1893. Namnet Nobben (dagleg tale Nøbba) vart etter kvart for det meste avløyst av Hafsåsplassen.

I 1865 sådde Ole ½ t blk, ½ t havre og 1 t pot. Plassen ligg til elva opp mot utmarka.

Petter Jensen Tandstad f 1864 d 1955

1892 g 1. Karoline Andreasd. Aure f 1866 d 1917

1919 g 2. Lovise Berntsd. Velle f 1872 d 1937

Br 1893-1937

Born: 1. Jens Kornelius f 1892 d 1913. Sjømann

2. Andreas Ingvald f 1895 d 1910. Tente på Sætre. Drukna under bading den veka han skulle konfirmerast. Vart teken opp med kastenot. (Sm. Fb. 25/6 1910.)

3. Edvin Bernhard f 1897 d 1922

4. Petter Johan f 1901 d 1902 4 mnd

5. Marie f 1905, g p br

6. Petter Konrad f 1908 d 1913

Petter kjøpte Hafsåsplassen i 1893, tok namnet Ekornes, og vart kjend under namnet Hafsås-Petter. Der var lite dyrka då han kjøpte plassen, og han gjekk i gang med nydyrking. Var bygningsmann og bygde både stovehus og løe på plassen. Ved sida av den vanlege gardsdrifta dreiv han

bær dyrking og selde på torget i Ålesund. Han var kjend som ein morosam mann, og kjend av svært mange, også fordi han i eit langt liv for mykje omkring i bygdene som bygningsmann. Var sengeliggjande ei 5-6 år på slutten og dottera Marie stelte for han. (Smp. 10/12 1949.) (Sjå innleiinga til Ytre Ikornnes).

Nils Nilssen Sjøholt f 1905

1928 g Marie Pettersd. Ekornes f 1905

Br 1937-

Born: 1. Paul Karsten f 1928 d 1966, g 1952 Anne Lise Osvaldsd. Stokbak f 1932 i Hornindal. Formann ved Ekornes Fabrikker.

2. Norunn f 1931, g Ragnar Hauge frå Bremanger f 1937. Han er siviløkonom, ho er lærarinne på Årdalstangen

3. Leif Martin f 1938, g 1961 Marie Sofie Fausa frå Riksheim (br 25 under br 2) f 1939. Han er arbeidsformann ved Ekornes Fabrikker

4. Kirsten Inger f 1943, sjå bnr 64

Nils Sjøholt var med ved Ekornes Fabrikker heilt frå starten. Var verksmeister der i bortimot 30 år og fekk medalje for lang og tru teneste. Mellom arbeidsformennene han hadde under seg var som nemnt sønnene Leif og Paul, den sistnemnde ved avdelinga som laga madrassfjører.

Medan verfaeren enno stod som brukar, med hjelp frå Marie og mannen, vart ein parsell kjøpt og lagt til bruket. Det var

Bnr 18 SOLVANG

Utskilt frå bnr 4 i 1933. skyld 20 øre.

Med i handelen: ½ av Brendsleteigen, hamnerett og torvmyr i utmarka etter skyld.

I 1955 fekk Marie Sjøholt arveskøyte på bnr 6 og bnr 18. I 1977 fekk Nils Sjøholt fradelingsløyve for to bustadtomter til døtrene Norunn Hauge og Kirsten Henøen. Tomtene ligg i udyrka område. Det var

Bnr 64 MARITUN

Utskilt frå bnr nr 6 i 1978, skyld 1 øre

Kirsten Henøen f 1943

g Elling Henøen frå Ørsta. Han er maskiningeinør, ho er adjunkt. Bustad Nesodden.

Bnr 65 SOLSTAD

Utskilt frå bnr 6 i 1978

Norunn Hauge f 1931

Bnr 7 ØREN

Utskilt frå bnr 4 i 1906, skyld 1 øre

Johan O. Erstad

Fabrikkeigaren og familie fekk skøyte på dette bruket frå Kristian Ekornes i 1908. Opplysningane om dei er samla under bnr 3 og 4 på Indre Ikorntnes, der fabrikk ligg. Bnr 3 og 4 vart utskilde frå bnr 1. På Øren stod m.a. eit vareskur.

Bnr 43 SJØSTRAND V

Utskilt frå bnr 7 i 1969, skyld 1 øre

Erstad Trevarefabrikk A/S

Petter M. Erstad selde dette bruket til J. E. Ekornes i 1977, fabrikkomt skyld 1 øre.

Bnr 8 LØVLUND

Utskilt frå bnr 4 i 1908. skyld 2 øre

Ingebrigt Olsen Øvstegård f 1876 d 1944

1905 g Anne Gurine Jensd. Sætre br 5 f 1882 d 1967

Born: 1. Olivia Marie f 1905, g Steinar Reite frå Volda. Bustad Kragerø

2. Margit Berta Johanne f 1906, ug.

3. Jens Artur f 1908, g Astrid Andersen frå Langevåg. Bustad Langevåg. Snikkar

4. Jenny Borghild f 1910, g Johannes Ramsli. Dei bur i Langevåg. Fabr.eigar

5. Oddmund Torleif f 1916 d 1980. g Sina Valderhaug. Bustad Gjøvik. Konsulent

6. Agnes Odlaug f 1918, g Kaspar Volle frå Langevåg. Bur der. Røyrleggjar.

7. Simon Oddleif f 1921 d 1922

8. Inge Sigmund f 1922 d 1945. Målar.

Ingebrigt Øvstegård var frå Oaldsbygda, og det var begge foreldra òg, faren frå Øvstegård og mora frå Midtgård.

I 1907 gjekk det ei stor fonn som tok med seg lòa og øydela mykje av garden. Av buskapen berga dei ei ku.

Då flytte familien til Ikornnes, og Ingebrigt, som var bygningsmann og møbelsnikkar, fekk arbeid på Johan Erstads Trevarefabrikk. På «Løvlund» bygde dei ei stovebygning som var 9,5 m lang og 6,6 m brei, på gråsteins-fundament med sementmur, og treverk av 4-toms plankar. Huset hadde kjellaretasje, stoveetasje og kvistetasje og var tekt med skiferstein.

Dei to eldste borna var fødde på Øvstegård, alle dei andre på Ikornnes.

I 1924 flytte familien til Langevåg. «Løvlund» selde dei til

Karl Johan Olsen Erstad (Myrtegane) (1891-1957)

1916 g Ingeborg Jensine Bastiansd. Erstad br 4 f 1894 i Larsg. Ho døyde i 1978

Born: 1. Ottar Levis, g p br

2. Børre Sigfred f 1931. Bur Sætre bnr 30

Karl og kona budde først på Erstad, men flytte til Ikornnes der Karl arbeidde på Erstad Trevarefabrikk. Det var i 1910 han tok til som læregut der. Det var den tida då ein kommode med 5 skuffer og lås kosta 25 kr.

I 1952 hadde han arbeidt ved same fabrikk i 40 år og fekk sølvmedalje frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel, for tru teneste.

Karl Erstad kjøpte eit dekar jord på Hellen, bnr 2, der dei planta nokre frukttrø og elles brukte til potetdyrking. Det vart ikkje bygt der.

Ottar Levis Erstad f 1924 d 1953

1947 g Eva Klausen f 1928 i Ålesund

Barn: Gunhild f 1948

Ottar var salmakar, fabrikkarbeidar.

Då sonen til Ingeborg, Børre, hadde bygt hus på Sætre (Knutg.), flytte Ingeborg dit. Huset på Ikornnes selde ho i 1972 til kommunen til industriområde, og huset vart seinare rive.

Bnr 19 SJØSTRAND

Utskilt frå bnr 4 i 1934, skyld 1 øre

Jens Ellingsen Ekornes

Bnr 2 SJØSTRAND I

Utskilt frå bnr 4 i 1941, skyld 3 øre

J. E. Ekornes Fabrikker A/S

Bnr 24 SJØSTRAND II

Utskilt frå bnr 4 i 1947, skyld 1 øre
J. E. Ekornes Fabrikker A/S

Bnr 26 P/L JARNES & EKORNES VASSVERK

Utskilt frå bnr 1-6 og 11

Bnr 27 STRANDABØ

Utskilt frå bnr 4 i 1950
Liv Strandabø f 1926

Bnr 28 SOLBAKKEN

Utskilt frå bnr 4 i 1951, skyld 1 øre
Sigvart Alfred T. Lyngstad f 1904 i Eide, Nordmøre
1950 g ek. *Anna Volle* f 1906 i Borgund
Hennar born frå 1. ekteskap:
1 . *Elsa Marie* f 1936, 1936 bnr 56
2. *Oddhild* f 1938, sjå bnr 38
Lyngstad bygde bustadhus i 1953.

Bnr 42 SOLBAKKEN II

Utskilt frå bnr 4 i 1969, skyld 1 øre

Bnr 31 SOLHEIM

Utskilt frå bnr 4 i 1955, skyld 1 øre
Jonas Ludvik Lekanger f 1913 i Selje
1940 g *Inga Amanda Valde* f 1917 i Skodje
Born: 1. *Signy Jorunn* f 1942 g *Ludv. Halbrend*
2. *Jan Inge* f 1947, g 1970 *Sissel Tronstad* f 1953. Han er entre-
prenør i Sykkylven.
Lekanger bygde bustadhus i 1956. Han er arbeidsformann ved *J. E.*
Ekornes Fabrikker.

Bnr 53 Tillegg til tomt

Utskilt frå bnr 4 i 1974, skyld 1 øre

Bnr 32 SJØSTRAND III

Utskilt frå bnr 4 i 1956, skyld 1 øre
J. E. Ekornes Fabrikker A/S

Bnr 33 GROTHOLA

Utskilt frå bnr 4 i 1957
Olav Erstad
Ny 1977: J. E. Ekornes Fabrikker.
Industriområde.

Bnr 35 BAKKETUN

Utskilt frå bnr 4 i 1960, skyld 1 øre
Paul Gunnarsen Kvennset f 1923 i Nesset
1955 g Annbjørg Paulsd. Lid f 1935 i Volda
Born: 1. Kjell Arne f 1956, g Eldbjørg Lausand f 1957 på Stranda. Han er
politimann i Oslo
2. Gudbjørn f 1957, g Laila Sjøstad f 1957 på Stranda. Bustad
Leikanger
3. Arild Peter f 1964
Paul Kvennset bygde hus i 1960. Han er salmakar ved Ekornes Fabrikker.

Bur 38 OVERGÅRD

Utskilt frå bnr 4 i 1967, skyld 3 øre
Asbjørn Øvergård f 1935 i Stjørna
1959 g Oddhild Anne Volle f 1938 i Borgund
Born: 1. Anita f 1966
2. Ronny Volle f 1969
Øvergård bygde hus i 1968. Er fjørspinnar. Frå
1968 lagersjef ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 39 SJØSTRAND IV

Utskilt frå bnr 4 i 1967 skyld 15 øre
J. E. Ekornes Fabrikker A/S

Bnr 40 LINDBO II

Utskilt frå bnr 4 i 1968, skyld 1 øre
Ole Gjemsø (sjå gnr 41 bnr 14). Frå Hanna Ekornes til Gjemsø i 1973.

Bnr 51 HARALDVANG

Utskilt frå bur 4 i 1973, skyld 1 øre
Ottar og Harald Johnsen (far og son)

Bnr 56 FURUMOEN

Utskilt frå bnr 4 i 1975, skyld 1 øre
Audun Svensen Jamtfall f 1933 i Fevåg
1957 g *Lisa Marie Volle* frå Vartdal f
1936 Barn: 1. *Steinar Per* f 1962
Bygde stovehus i 1975. Fabrikkarbeidar.

Bnr 63

Utskilt frå bnr 4 i 1978
Toril Tomasd. Strandabø Tyssing f 1949
Ho er lektor ved Førde Vidaregåande Skule og er g *Alf Jørgen Tyssing*
f 1955 i Glomfjord, programredaktør ved NRK i Førde. Dei har ikkje
bygt på denne tomte.

YTRE IKORNNES

Bruk A

Bnr 1, husmannsplass, 10, 23, 9, 11, 26, 12. 46, 13,
14, 20, 22, 25, 36, 29, 44, 45, 48, 49, 54,
2, 15, 37, 34, 41
3, 16, 30, 37
4, 5, 6, 18, 64, 65, 7, 43, 8, 19, 21, 24, 26, 27,
28, 42, 31, 53, 32, 33, 35, 38, 39, 40, 51, 56, 63

[Til innhald](#)

Gnr 43 JARNES

Namnet kjem truleg av eit gn. substantiv som tyder kant eller rand (jaðarr) som ofte finst i namn på gardar med ei flate nedanfor eit høgare område. Dette høver bra på Jarnes, men denne garden får ein til å tenkje meir på bakkar enn på flater. Uttalen er ikkje som Rygh skriv, det heiter Jar'nes (med tonelag 1 eller einstavings tonelag).

Eldre former t.d. *Jordenes* (1606), *Jardnes* (1626), *Jarnæs* (1819), elles for det meste som i dag.

Garden ligg mellom Ytre Ikornnes og Blakstad. Men medan innmarka til Jarnes og Ytre Ikornnes så å seie går i eitt, er der ein god del utmark mellom Jarnes og Blakstad. Mellom desse to gardane er der gjerde frå sjøen til fjells.

Etter tradisjonen låg Jarnes-tunet først nede ved sjøen. Og grunnen til at dei flytte lenger opp skal vere at det gjekk ut store åkerreiner så dei var redde desse skulle ta husa.

Før det midt på 1800-talet vart utskilt plassar til ein stor syskenflokk, var der snart ein, snart to brukarar på Jarnes, og berre ein av plassane er frå 1600-talet eller eldre. I lang tid vart det drive ein del fjellslått, og det var plassingane som heldt på lengst med det. Dei slo oppe i Skafjellet, og kvar rulla ned så mykje dei kunne føre ein sau. På hovudbruket slutta dei med fjellslått kring 1870, og ikkje lenge etter slutta dei med seter på Sæterhjellen.

I 1815 vart det vedteke at der skulle opprettast kornmagasin over heile landet, særleg for å ha ein reserve av såkorn når det trongst. I Sykkylven vart eitt av magasinane sett opp på Jarnes. Det låg ved sida av ei grov, med husa på Davenes på den andre sida av grova. (N. Sm. Ekstraretsprot. 1841-1844 s 191.) Alle måtte vere med å skaffe byggematerial til magasinet, og ved jonsoktider 1816 var det meste av materialen på plass.

Eigaren av Jarnes, Jørgen Jørgensen Eidem, gav byggjegrund for 3 spd ein gong for alle.

Ved starten gav kvar gardbrukar 4 skjepper bygg og 1½ t havre til magasinet. Mange andre stader vart det òg teke mot blandkorn, men ikkje i Sykkylven. Kornet skulle lånast ut til såkorn og betalast tilbake med 1 skjepe i overmål pr. tynne, altså 12½ %. Ein ulønna magasinforvaltar vart vald, med presten og medhjelparane som overstyre.

I 1838 søkte formannskapet om å få innføre nokre særreglar for magasinane i bygda: 1) At ein av det overmålet som var i magasinet då, kunne dele ut 1 tynne korn til kvar av innskytarane. 2) At ein kunne dele ut 4 skjepper korn til kvar innskytar når overmålet vart meir enn 6 skjepper til manns. 3) At ingen kan få låne meir enn 2 t utan kausjon og 5 t med kausjon. 4) Når nokon sluttar som jordbrukar og er så fattig at han ikkje kan betale for lånt korn, kan innskotet hans takast som avdrag på gjelden. Og døyr han, må magasinstyret ha rett til å ta innskotet hans som betaling for lån.

Magasinordninga vart av ymse grunnar ikkje langvarig. Kornet som vart innlevert var ofte dårleg, og dei fattigaste hadde vanskeleg for å betale tilbake. Ved kgl. res. av 14/10 1844 vart det vedteke å leggje ned magasinane.

Det hende at folk lånte pengar med pant i partar i kornmagasinet, og slike partar vart òg selde på auksjon. I 1845 vart magasinerna i Sykkylven selde på auksjon, og det kom inn vel 287 spd. som vart fond for Søkvelven Sparebank som vart skipa i 1862.

EIGARAR

Jarnes var Rosenkrants-gods, og i 1624 var det Rasmus Larsen Stud i Bergen som hadde Jarnes «udi forsvar og befalling» (Statthaldar-arkivet pk 3 D IX Adelsjordebøker 1624-25). Og garden vart kalla herremannsgods i 1626. I 1646 var Rasmus Larsen Stud borgarmeister i Bergen og vart førd som eigar og bygslar av Jarnes. I nokre av 1650-åra vart Mari Kyrkje førd som eigar (Bhl pk 137, 138), frå 1660 igjen Rosenkrants-familien til ca. 1680, då magister Nils Pedersen vart eigar og bygslar. Kring århundreskiftet vart garden kjøpt av Fauske-Jyden (Jens Mortensen). I 1729 gjekk garden i arv til Stin Antoniusdatter, som var kona til Lars Olsen Fauske, fosterson til Fauske-Jyden. Kort tid etter gjekk garden over til syster til Stin, Elisabeth, og i 1733 vart på hennar vegne brukarane på Jarnes stemnde av Peder Honningdal for resterande landskyld for åra 1729-1733. I 1746 vart Lars Olsen Fauske eigar av Jarnes etter Elisabeth, fordi han hadde teke seg av henne i lang tid (ho var sinnssjuk). (Bd 1 s 64,6). Son til Lars Olsen Fauske, Jens Larsen, ervde garden i 1767 (Pantebok II s 605). Som ein del av eit samfrendeskifte i 1788 fekk Jørgen Olsen Fauske skøyte på Jarnes for 120 rd. frå versonen Jens Larsen Fauske. I 1791 var det skifte etter Guri Tormodsd., kona til Jørgen Olsen, og Jørgen fekk utlagt 1 v 1 pd 12 mk i Jarnes, takst 100 rd + plassen Davenes 9 mk = 30 rd. Jørgen Jørgensen Eidem fekk Jarnes etter faren. Etter at garden før midten av 1800-talet vart oppdelt med mange plassar, fekk somme av desse eigarar både utanbygds frå og frå andre stader i bygda.

MATRIKKELGARDEN

Gnr frå eldre til nyare: 140, 148, 141, 142, 104. - Då 1600-talet tok til hadde Jarnes ei matrikkelskyld på 2 v fisk, og vart kring 1660 rekna i skatteklasse «halv gard». I 1667 vart skylda sett ned til 1½ v og heldt seg på det i tida utover. Etter den nye matrikkelen i 1830-åra vart skylda sett til 3 skyld-dlr. 13 skill. i 1890 revidert til M 2,43 for hovudbruket åleine, med alle plassane i tillegg M 6,25.

I tida 1606 til 1620 var tienda frå ½ mæle til 1½ mæle korn, i 1624

hovudbruket 1 mæle, ein plass ½ mæle. I 1667 1 t 1 mæle havre, 10 mk ost. I 1706 1½ mæle havre, 6 skill. for ost. I 1714 1½ t havre, 3 skjepper bygg, 10 mk ost eller 15 skill.

Leidangen var i 1606 1 geiteskinn(Bhl pk 5), i 1667 4 kalveskinn, i 1705 1 ort 8 skill. og i 1714 2 ort 4 skill. I 1608 la to husmenn 1 kalveskinn kvar.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 1 mann.

1618: 1 mann. (ein annan, Lage Jenssen, sidan Riksheim,dreiv saga)

1626: 1 mann. Sår 4 t.

1651: 2 mann med like store bruk

1657: 2 mann. Fôrar 2 hestar, 1 okse, 10 kyr, 9 sauer, 10 geiter

1661: 2 mann. God åker og eng. Ingen lunnar til.

1664: 2 mann. Ein brukar 6 mællag, ein 2 mællag

1667: 2 mann. Sår 4 t, avlar 12½ t, fôrar 1 hest, 13 kyr. Brennefang.

1694: 2 mann.

1697: 1 mann.

1714: 1 mann. Sår 4½ t havre, ½ t bygg, avlar 15 t havre, 4 t bygg, før 1 hest, 11 kyr. Brennefang.

1724: 1 mann. Sår ½ t bygg, 3½ t havre, avlar 2½ t bygg, 14 t havre, før 1 hest, 8 kyr, 6 ungdyr, 8 sauer, 8 geiter

1767: 1 mann. Garden taksert til 90 rd, plassen Davenes til 32 rd.

1802: 1 mann. Sår 4 t havre 1 t blk, ¼ t bygg, 6 foll. Før 10 storfe, 1 hest, 28 småfe. 7 vaksne arbeidsfolk. Noko furuskog til husvøling, nok brenneved. Årviss kornavling. Sommarbeite i utmarka. Garden verdsett til 240 rd. (Davenes ikkje medrekna i oppgåvene frå 1802.)

1845: 1 mann. Sår 2 t bygg, 2 t blk, 5 t havre, 2 t poteter. Før 1 hest. 14 kyr, 18 sauer, 8 geiter. (Sjå Davenes.)

1865: 1 mann. Sår 8 t blk, 10 t havre, 11½ t pot. Føder 1 hest, 25 kyr, 46 sauer, 8 geiter, 1 gris

1875: 1 mann. Sår 12½ t blk, 14½ t havre, 19½ t poteter. Fôrar 1 hest, 23 kyr, 36 sauer, 15 geiter, 5 svin.

I oppgåvene over sånad og buskap i 1865 og 1875 er plassane tekne med. Oppgåvene frå matrikkel-førebuingsarbeidet frå 1860-åra er tekne med under hovudbruket og kvar plass.

1891: Jarnes gjekk inn på 1800-talet med 1 gardbrukar og 1 plassemann. I 1891 var der 1 gardbrukar og 9 plassemenn, med 65 menneske. I tillegg kjem fleire som ikkje var heime ved folketeljinga.

BRUKARAR

Rasmus Larssen

Br 15 . .-1618, enkja til 1621.

Rasmus var i 1611 med å reie ut knekten Amund Sivertsen Hellen til Kalmarkrigen. I 1615 la Rasmus 1 mæle i korntiend og 1 geiteskinn i leidang, og skatta av 1½ mællag. Han var eigar av 2 mællag 1 fj. jordegods. Ei Birgitte Jarnes var kanskje dotter hans. Ho er nemnd i 1629. Og det var sonen som tok over bruket etter han.

Elling Rasmussen Jarnes f ca. 1593

Br 1621-1648 (heile Jarnes)

Br 1648-1668 (Bruk A)

Første året dreiv han bruket saman med mor si.

I 1637 la han 1½ mæle i korntiend og 1 geiteskinn i leidang. I 1645 kopskatt for seg og kona og ei tenestjente. I 1646 skatta han av 2 v og la 2 rd i kontribusjon.

I 1648 vart hovudbruket på Jarnes delt, og vart verande delt i 50 år. Vi kallar den delen Elling gav frå seg bruk B og omtalar det seinare. Den parten Elling heldt fram på kallar vi

Bruk A

Elling Rasmussen Jarnes

I 1648 var dei to partane av Jarnes like store, begge på 4 mællag. Det same brukte han i 1651. (Skattematrikkelen for 1647 for Møre og Romsdals Fylke bd XIII (berre oppgåvene for Sunnmøre er frå 1651, elles 1647. Sjå forordet og s. 108).) I 1657 la Elling 56 skill. i krøterskatt av 1 hest, 4 kyr, 4 sauer og 6 geiter. Mot slutten av Elling si brukstid minka hans part av garden frå 4 til 2 mællag, og den andre parten auka tilsvarande, frå 4 til 6 mællag. Men som nemnt under Matrikkelgarden vart skylda for Jarnes i 1667 sett ned frå 2 til 1½ v, og dei to partane vart då tilsvarande reduserte. I 1666 er nemnd ein Ottar, 14 år, som truleg var son til Elling. Den neste brukaren heitte òg

Elling

Br 1668-ca. 1690

Ved reduksjonen av skylda i 1667 til 1½ v, minka bruk A til 1½ mællag. I 1675 la Elling 1 pd 4 mk havre i korntiend. Elling sin slektskap, om der er nokon, er uviss både til formannen og til ettermannen.

Ole

Br ca. 1690-1698

Gardparten hans var ôg på 1½ mællag.

Brak B

Peder Rasmussen Jarnes

Br 1648-ca. 1657

Han var truleg bror til Elling Rasmussen på bruk A. Han er nemnd som brukar så seint som 1660, men det er ikkje uvanleg at eit namn går att litt for lenge i protokollane. Andre kjelder viser at brukarskiftet gjekk for seg i 1657. Såleis var det ikkje Peder som la krøterskatt i 1657. Det gjorde sonen

Nils Pedersen Jarnes f ca. 1606

Br 1657-ca. 1685

Born: 1. Peder f ca. 1661

2. Knut f ca. 1663 p br

3. Elling f 1665

Buskapen hans i 1657 var 1 hest, 1 okse, 6 kyr, 5 sauer og 4 geiter, krøterskatt 77 skill. Nils brukte i fleire år 6 mællag. I 1680 4½ mællag. I 1675 la han 2 pd 8 mk i korntiend. Den som tok over bruket var sonen

Knut Nilssen Jarnes f ca. 1663 d 1702

g Eli Knutsd. Blakstad (bnr 1) f ca. 1660 d 1747

Br ca. 1685-1698 (bruk B), heile Jarnes til 1702.

Born: 1. Marte f 1684 d 1751, g Peder Jonsen Øvre Søvik (bnr 2) (1684-1757)

2. Marit f ca. 1698. g Anders Ellings. Ekornes (frå Indre br. 2).
Bustad Jarnes.

Sk. etter Knut 1703 (26/5): Brutto eige 59 rd. gjeld 5 rd. 1 kjempefæring 1 rd 4 ort 8 skill., 1 færing 1 rd, ½ i ei gammal kvern 3 ort, 1 børse og tasak 1 rd 3 ort, tjøre for 7 rd 3 ort, 1 ung hest 3 rd, 6 kyr 18 rd, 1 kvige 2 rd, 4 kalvar, 9 sauer, 8 geiter, 1 gris på 3. året 2 rd (høgare taksert enn 4 geiter).

I sk. vart det skrive om bror til Knut, Elling, at han «er en løs karl og derhos svag». Fm. for Marit vart morbroren Knut Blakstad, og «tilsettes faderbroderen Elling dermed at have tilsyn». «Svakere» var han altså ikkje. (SS sk. protokoll 2a 1703-1707.)

Bnr 1

Frå 1698 var der som nemnt berre ein brukar på Jarnes. Dette heldt fram då enkja Eli Knutsd. gifte seg att, 44 år gammal, med

Hans Eriksen Rødset f ca. 1676 d 1752

Br ca. 1704-ca. 1726, til ca. 1748 (halve garden).

Foreldra til Hans var Erik Johansen Rødset og kone Guri Hansd. Handelsmann Peder Rasmussen Skuggen var halvbror til Hans Eriksen. I 1711 hadde Hans ein gammal dreng og «en liden tøs», begge med 1 rd i årsløn. Skoskatt av 10 par. Hans var med i ein komité til å ta seg av dagskattelikninga. Verdatter hans, dotter til Knut Nilssen, gifte seg, og dei tok over halve garden.

Anders Ellingsen Ekornes (bnr 2 Indre) f ca. 1698 d 1768

g 1726 Marit Knutsd. Jarnes f ca. 1698 d 1772

Br 1726-1748 (halve), til 1751 heile, til 1759 halve.

Born: 1. Eli f 1726 d 1729

2. Elling f 1728 d 1800, legdslem

3. Knut f 1729, g p br

4. Marte f 1732 d 3 veker

5. Eli f 1734

6. Knut f 1736 d 1738

7. Brit f 1739 d 1801 på Lyshol, legdslem

8. Eli f 1741 d 15 dg

9. Anna f 1746 d 1747, 14 veker

10. Ellen f 1749, g 1788 Erik Larssen Åkre

Før 1748 brukte Anders 3 mællag. Det året bygsla han 3 mællag til av Lars Olsen Fauske.

Anders var mykje nytta som vurderingsmann.

Knut Anderssen Jarnes f 1729 d 1803

1750 g Berte Hansd. Sætre br 1 f ca. 1719 d 1801

Br 1751-1759 (halve garden)

Br 1759-1785 (heile garden)

Born: 1. Anders f 1750 d 18 veker

2. Gyri f 1751 d 1785

3. Marte f 1753 d 1779

4. Anders f 1755 d 1779

5. Lisbet f 1757 g p br

6. Ole f 1759 d 1760 1 år

7. Hans f 1759 (tvill.)

I 1777 var der berre 7 husmenn i heile Sykkylven. Ein av dei var på Jarnes.

Hans Pedersen Erstad (Olag.) f 1755 d 1837

1787 g Lisbet Knutsd. Jarnes f 1757 d 1837, kort tid etter mannen. Sk. for begge 20/1 1838.

Br 1785-1788 (halve garden)

Br 1788-1813 (heile garden)

Born: 1. Jørgen *Peter* Martinus f 1789, g p br

2. Anne *Marte* i 1790, gift til Hareid 1824

3. Bernt Olaus f 1792, 1826 g ek. Berte Larsd. Davenes f Klokk 1775 (frå br C ho g 1. Jørgen Jetmundsen Davenes.)

4. Nille *Johanne* f 1794, d 1887, g 1831 Mons Olsen Hundeide br 1 f 1792. Sjå bd 1 s 410

5. Johanne f 1796 d 1787, legdslem

6. Hans Peter f 1799, g Malen Andersd. Jore. Han var visekorporal i 1. kompani i Bergen, der dei budde i 18. rode nr 161 i 1830.

7. Bernt Peter Olaus f 1801. Var i Bergen i 1838. Sidan til Davenes.

Hans bygsla 3 mællag i Jarnes av Jens Larssen Fauske i 1785 og 2 pd 6 mk (like mykje) av Jørgen Olsen Fauske i 1788, slik at han då brukte like mykje som verfare hadde brukt lengste tida, 1 v 1 pd 12 mk.

Hans hadde to halvbrør i Hundeidvik, Jørgen Pedersen Kurset og Peder Pedersen Midtgård.

Jørgen Peter Hanssen Jarnes f 1789 d 1870

1814 g Guri *Petrine* Jørgensd. Eidem (1798-1876)

Br 1813-1845

Born: 1. Berte Ingeborg Elisabet f 1816, g p br, sidan bustad Rongane, Jarnes

2. Karen *Petrine* f 1820 d 1901, g 1847 Jetmund Ottesen Glomset (1810-1887)

3. Bernt Petter *Andreas* f 1822, g 1842 Johanne *Nikoline* Monsd. Blakstadnes f 1810, bustad Brauta, Jarnes

4. Berte Gurine Karoline f 1824

5. Juliane Karoline f 1825, g 1852 Knut Andreas Nilssen Vik f 1824. Bustad Jarnes (br 5) (Myrane)

6. Hans Jørgen f 1827, bustad Davenes

7. Ole Andreas Martinus f 1831. Bustad Ikornnes Ytre, bnr 3 Myren Sjå og s 287.

8. Hans Johan f 1833, bustad Gjævenes br 2
9. Jens Severin f 1837, budde i Hovden (Grønhaug)
10. Anette Marie f 1843 d 1919. Barn: Johanne Marie f 1869 (far: Jens Olsen Utgård, Andersg. f. 1834), g 1871 Martinus Andersen Åsen frå Sunnylvn, budde på Jarnes (hovedbruket og br 6)

Som ein ser fekk mange av borna ein plass av bruket. Plassane vart fråskylddelte frå 1841 og utover, men mange av dei var eldre. Såleis les vi at Peter sette plassane Myren og Lauvet i pant i 1834 og Brauta i 1837. Davenes er frå 1600-talet og kanskje eldre. Den plassen selde Peter Hansen til Peter Olsen Blakstad i 1841. Halve Jarnes-bruket kjøpte Peter Hanssen i 1820 for 60 spd og i 1833 resten for 55 spd. Seljar var verfaren Jørgen Jørgensen Eidem. I 1844 selde Peter til versonen Johannes Olsen Trandal med unntak av plassane Davenes, og Myrane, Lauvet og Brauta, for 250 spd og med atterhald om å bruke halve garden så lenge han ville. Han nytta seg av dette berre eit år. I 1845 vart han kårmann.

I november 1844 var der skyldsettingsforretning på Jarnes etter krav frå Peter Hansen over den delen av Jarnes han hadde selt til Johannes Olsen Trandal. Den delen hadde ei skyld på 2 dlr 4 ort, etter at Davenes ved tidlegare skyldsetting hadde fått 1 ort 13 skill. i skyld.

Johannes Olsen Trandal f 1824 d 1897

1845 g Berte Ingeborg Elisabet Petersd. Jarnes br 1 f 1816 d 1897

Br 1844-1861

Oppfostringsbarn: Iver Olsen f 1851 d 1876.

Første året brukte Johannes garden i lag med verfare. Fekk skøyte på bruket 21/10 1844.

Plassane Myren, Lauvet og Brauta var ikkje med i handelen. Dei utgjorde 64/336 av garden, og det Johannes kjøpte 272/336.

Johannes var ikkje snill mot kårfolket, så dei sette seg opp ei kårstove og flytte dit. Han var i det heile ikkje god å kome overeins med. I 1861 bygsla han bort hovudbruket til Ole Andersen Åsen frå Sunnylvn og flytte sjølv til plassen Rongen. Året etter vart han stemnd av Ole Andersen som skulda han for «aldeles å ha forhugget skogen» i den tida som gjekk frå bygselsetelen var skriven til Ole tok over bruket som bygslar. Johannes hadde òg teke vekk all gjødsel som var på bruket og gjort Ole urett på mange andre måtar. Johannes på si side skulda Ole for at han ikkje hadde betalt for noko never og for 4 dagars hesteleige. Domen i forlikskommisjonen gjekk ut på at Johannes skulle betale 4 spd til Ole, som berre skulle betale 2 spd i årleg landskyld dei neste 5 åra. Så skulle Ole betale ½ av den nevra Johannes meinte han hadde til gode, og dermed

skulle òg hesteleiga vere oppgjord. Meir om Johannes under bnr 10 Rongane, dit han flytte.

Ole *Anderssen Åsen* f c.a. 1837 i Sunnylvn, d 1912 i Ålesund
1864 g 1. Ivrine Olsd. Klokk br C f 1831 d 1876 Sjå bd IV s 233.
1876 g 2. Anne *Regine* Larsd. Reitebø, d 1922, 78 år gammal, på Ålesunds gamleheim.

Br 1861-1869

Born: 1. Andreas Laurits Jørgen f 1865, d 13 veker

2. Berte Oline f 1867, d 5 dg

Ole Anderssen var bror til Massing-Anders i Sunnylvn. Ole var bygslemann heile tida han hadde hovudbruket. Der var stadig tvistar mellom han og eigaren, Johannes Olsen på Rongane. Ole vart ofte stemnd for forlikskommissjonen for gjeld, særleg dei to siste åra han hadde hovudbruket. Av og til gjekk han med på å betale, andre gonger nekta han å skulde noko, og mange saker gjekk til retten.

I 1869 stemnde Ole ein granne, Sivert Guttormsen Jarnes for å ha påført Ole «ondt rygte». Han hadde sagt at Ole gjekk på ulovlege vegar til Davenes, og det vart tyda slik at han hadde eit ulovleg forhold til Berte Johannesd. Davenes. Sivert sa seg villig til å ta tilbake skuldingane mot at Ole betalte sakskostnader (!) og slik vart det.

Matrikkel-føreb. i 1860-åra: 49 dekar mykje god åker og dyrka eng og 64 dekar natureng. Meir dyrkbar jord. Sånad: 3½ t blk, 5½ t havre, 4½ t poteter. Avling: 21 t blk, 27 t havre, 30 t poteter. Krøter: 1 hest, 10 storfe, 24 småfe. Dårleg hamnegang. Garden er lettbrukt.

I 1865 budde bror til Ole, Martinus, her, då vart Martinus kalla losjerande dagarbeidar, og det vart han som tok over bruket etter Ole. Som Johannes Olsen hadde gjort, flytte også Ole til ein plass under garden, Nedstegjerde, då ein del av bnr 6.

Martinus Andersen Åsen f 1842 i Sunnylvn

1871 g Anette Petersd.Jarnes (br 1) f 1843(døypst Anette, kalla Agnete)

Br 1869-1875

I 1869 kjøpte sakfører L. Barstad bruksretten til Jarnes-bruket av Ole Andersen og selde bruks- og bygselrett til Martinus same året, og Martinus sette bruksretten i pant til sakføraren, som han stod i gjeld til. Martinus skreiv under eit «skadesløsbrev» 5/11 1869. I 1872 kravde sakføraren tvangsauksjon, som vart tidfest, men tilbakekalla i april 1872. I 1875 måtte Martinus flytte frå hovudbruket til ein plass under garden. (Meir under bnr 6.)

Peter Elias Trulsen Eidem f 1848 d 1936

1875 g Tomasine Eline Knutsd. Svartebekk f 1852 d 1927

Br 1875-1912

Peter Elias kjøpte bruket av Johannes Olsen for 400 spd. Kår til seljaren og kone.

Born: 1. Kanutte Tomasine f 1875 d 1954, 1897 g Peter Johan Ols. Hjorthol (1872-1960)

2. Else *Marie* Petrine f 1877, 1911 g Knut Andreas Knutsen Utvik f 1880

3. Peter Johan Bastian f 1879, g p br

4. Tomas Laurits f 1883, d 1951, 1905 g Emte *Maria* Olsd. Tynes f 1884. Bustad Tjønes bnr 3

5. Elise Karoline Marie f 1890, 1909 g Elling Hanssen Indre Ekornes br 1. Bustad Sætre br 4

I 1875 hadde Peter Elias berre 1 hest, 1 ku, 2 sauer og gris. Petrine Jørgensd., enkja etter Peter Hanssen Jarnes hadde 2 kyr og 5 geiter, og Peter Grebstad åtte 3 av kyrne. Sånaden var 3½ t blk, 3½ t havre og 4 t poteter.

I 1900 vart Peter Elias kalla fehandlar, og det var helst det han dreiv med, medan kona dreiv garden. Peter Elias selde dyr og slakt i byen. Kona kunne stelle all slags slakt og innmat.

Peter Elias hadde astma frå han var 15 år. Han var høg og tynn. Etter at kona døydde, låg han for det meste. Han brukte mykje opiumsdropar.

Peter Johan Petersen Jarnes f 1879 d 1963

1908 g Ingeborg Lovise Pettersd. Ekornes Indre (br 1), f 1885 d 1963

Br 1912-1956

Born: 1. Peder Harald f 1908, til Riksheimgjerde

2. Hjørdis Karoline f 1910, g Johan H. Dyb f 1908 på Godøya.

3. Tomas Birger f 1911, bustad Jarnes, bnr 13

4. Olav Petter f 1912, bygde hus nr 2 på br

5. Petra Nikoline f 1912 (tvill.), g 1949 Bjarne Tusvik bnr 5

6. Paul f 1915 d 14 dg

7. Ingrid f 1915 (tvill.) d 14 dg

8. Paul Martin f 1916, bustad Jarnes, bnr 13

9. Inge Petter f 1921, g p br

Skøyte frå faren 1912 for 3500 kr. Kår.

Peter Johan dreiv fiske frå Alnes frå han var 16 år. Og fiske vart hans hovudyrke. Han dreiv all slags fiske, året rundt på slutten. Hadde havgåande båt og dreiv fiske m.a. ved Shetland. Han hadde fleire båtar. Ein

nybygd båt kjøpte han i lag med broren for 12 000 kr. i Romsdalen i 1927. Stykke i Smp 25/9 1944. - Ingeborg vart lam og sat i ein stol dei fire siste åra.

Jordskifte av Jarnes si utmark 1955.

Inge Petter Petersen Jarnes f 1921

1955 g Ingeborg Hansd. Høystøyl f 1932 i Syvde.

Br 1956-

Born: 1. Hilde Mari f 1962

2. Per Ivar f 1965

3. Magni Irene f 1970

Ingeborg har m.a. examen artium og var lærar ved Jarnes skule frå 1954. Inge Jarnes har ved sida av gardsdrifta vore maskinist og har drive frakting med båt. Då krigen var slutt starta han saman med brør firmaet Brødrene Jarnes, kjøpte båt og dreiv rutegående møbefrakt til Åndalsnes. Då foreldra vart sjuke måtte han slutte på båtane for å ta seg av garden. Ved sida av gardsdrifta har han drive maskinstasjon. Gardsdrifta er stort sett som før, med mjølkekyr og ungdyr, men med kornproduksjonen er det slutt for lenge sidan. Bygde om stovehuset i 1959.

Tomt nr 2 på bnr 1

Olav Petter Petersen Jarnes f 1912 d 1979

g 1944 Randi Jensd. Riksheim f 1912, frå Riksheimgjerde.

Born: 1. Anny Irene f 1945, g Harry Ulrud

2. Per Jarle f 1952. Har bygt seg hus på Blakstad

3. Reidun Olaug f 1956

Før og under siste verdskrig var Olav fiskar. Frå 1964 dreiv han landhandel.

Bnr 13 NYHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1944, skyld 30 øre.

Thomas Birger Petersen Jarnes f 1911

g 1941 Lilly Margrete Pedersen f 1920 i Svolvær.

Bom: 1. Nancy Ingebjørg f 1942, g Karsten Olsen Myrset. Sjå Midtgård bnr 9

2. Laila Tonny f 1944, g Kjell Welle f 1943

3. Else Petrine f 1946, g p br

Thomas bygde hus i 1948. Han har vore fiskar, båtførar og båteigar.

Broren Paul fekk parsell av bruket.

Rolf E. Dyb f 1943

g Else Petrine Thomasd. Jarnes f 1946

Born: 1. Roy Even f 1970

2. Thomas Jarnes f 1977

Rolf Dyb er produksjonsplanleggjar ved Ekornes Fabrikker. Bygde stovehus i 1980. Sjå bnr 81.

Paul Martin Petersen Jarnes f 1916

g 1956 Anna Amundsd. Myklebust f 1925 i Kvinnherad, d 1959.

Barn: Anita f 1958, sjukepleiar.

Paul bygde hus i 1957 på utmark som ved utskiftinga fall til broren Thomas. Har vore sjømann, fiskar og fraktar.

Bnr 81 SKOGLY

Utskilt frå bnr 1 i 1978, skyld 1 øre

Rolf E. Dyb

Tomt med hytte.

Bnr 82 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 13 i 1978, skyld 1 øre

Paul Petersen Jarnes (Sjå bnr 13).

Bnr 2 DAVENES

Om tydinga av namnet skriv Rygh: «Af Mandsnavnet Dave, en i nyere Tid brugt Form af David». At det kjem av David er sikkert nok. Vi veit òg kva for ein David plassen fekk namn etter. Og i kyrkjeboka for 1726 er nemnd ein fadder med etternamnet Davidsnes.

Davenes er ein gammal plass. Tidleg på 1600-talet var der ein plass under Jarnes som vart kalla Ødegård. Det var eit namn som var mykje brukt på plassar i den tida. Der var såleis ein Ødegård både under Blakstad og Tusvik. Ødegård under Jarnes er nokså sikkert identisk med Davenes. Sidan bnr 327 b.

Fleire husmenn vert nemnde frå år til anna tidleg på 1600-talet. Den første som er kalla øydegardsmann er

Halvor

Han er nemnd frå 1612 til 1615. Så kjem ein

Jon

som er nemnd frå 1615 til midt på 1620-talet. I 1615 la han ½ fj i korntiend og 1 kalveskinn i leidang. Etter han kom

Jakob

nemnd frå midten av 1620-åra eller litt før, til ca. 1640, Han vart i 1636 skriven for heile 1½ mæler i korntiend, som er mest like mykje som tienda til hovudbrukaren. Det kan tyde på at han dyrka ein god del jord, eller det kan ha årsaker vi ikkje kjenner til.

Her kan vi så nemne

David f ca. 1596

Vi møter han første gong på Sætre bnr 1 i 1645, så i 1653. Han la koppskatt og er kalla David schinder, d.v.s. skinnfellmakar. Seinare vart han kalla «feldbereder». Han kom til Jarnes i 1654 og budde der lengste tid. Han må ha budd på Davenes, sidan plassen fekk namnet etter han. Han var gift, men namnet til kona er ukjent. Budde på Davenes enno i 1666, då 70 år gammal. Kanskje hadde han litt jord, kanskje dreiv han berre med å lage skinnfellar og klede av skinn.

Som ein ser har det ikkje lukkast å lage ei samanhengande brukarrekkje så langt. Og i siste årtier av 1600-talet høyrer vi lite til Davenes. På Jarnes var der på denne tida to hovudbruk. Ingen av brukarane heitte Hans. Så den Jørgen Hanssen Davenes som var fødd ca 1665, var i alle fall ikkje frå Jarnes. Kan hende var det ein Hans på Davenes i 1660-åra, kan hende ikkje.

Jørgen Hansen (Davenes) f ca. 1665 d 1754

g Anna Pedersd. Kvistad f ca. 1666, dotter til Peder Iversen Kvistad (ca. 1636-1697). Anna vart 104 år gammal. Dei hadde ikkje born.

I 1721 er nemnd ein innerst Jørgen Jarnes, det er nok Jørgen Hanssen. Same året er nemnd ein soldat i Rømers kompani, Stephen Annaniassen Jarnes, som vi elles ikkje høyrer meir om. Anna Pedersd. tente i si tid i 5 år i Utgård, og brordotter hennar, Eli Olsd. Kvistad f ca. 1723, vart g Torkild Jørgensen Utgård.

Hans Hanssen Davenes f ca. 1643 d 1749

g 1. 1726 Siri Tormodsd. Grebstad

g 2. 1734 Berte Tormodsd. Grebstad f ca. 1693.

Born i 2. ekteskap:

1. Tormod f 1736, sjå bd 1 s 133

2. Hans f 1739. Han vart brukar på Davenes.

Som nemnt ovanfor er det uvisst om der var ein Hans som var brukar på Davenes i andre halvta av 1600-talet. Om der ikkje var nokon, må denne Hans Hanssen Davenes f ca. 1693, ha vore brukar på Davenes og teke namn etter bustaden, som skikken var. Men det må ha vore i kort tid. For sidan vart han brukar først på Høgres og sidan på Eidem. (Bd 1 s 132.) Enkja Berte Tormodsd. gifte seg i 1750 med

Peder Torsen Eidem eller Høgres f ca. 1720 d 1790.

Berte døydde ca. 1785, over 90 år.

Peder 1787 g 2. Malene Mikkelsd. Tu (br 2) f 1739 d 1791

Peder tente i 9 år på Grebstad. Var brukar på Høgres til 1767. Flytte sidan til Davenes.

Bård Ingebrigtsen Davenes f ca. 1718 d 1765

1754 g Berte Kierstine Petersd. Høeg f ca. 1724.

Sk. etter henne 1788. Eige 43 rd, gjeld 7.

Br 1754-1765

Barn: Helvig Kierstine f 1757, 1793 g Peder Pedersen Svinøen

Sk. 1765: Eige ca. 59 rd, gjeld ca. 56 rd.

Enkja gifte seg opp att i 1766 med

Hans Hanssen Davenes f 1739 d 1794

g 2. 1789 Sidsel Olsd. Velle f 1748 d 1793

g 3. 1794 Berte Jørgensd. Blakstad br 3 f 1754 d 1815

Born: 1. Hans f 1767 d 18 veker 3 dg

2. Helvig f 1795 d 8 dg

Enkja Berte Jørgensd. g 2. 1795

Jetmund Jørgensen Kurset br 2 f 1758 d 1837, legdslem

Jetmund g 2. 1816 Marte Tormodsd. Eidem d 1828, 56

Br 1794-1819

Barn: Jørgen Andreas f 1796, g p br

Jetmund var kusk i det militære. Han fekk plassesetel frå Jørgen

Jørgensen Eidem 26/7 1794. Han la årleg 4 skill. til jordeigaren.

Pliktarbeid i 2 dagar (då fekk han maten).

I 1802 var avlinga 6 t korn, og buskapen var 2 kyr og 8 småfe.

Jørgen Andreas Jetmundsen Davenes f 1796 d ca. 1825

1821 g Berte Larsd. Klokk br C f 1775 Sjø bd IV s 232.

Br 1819-ca. 1825

Fekk bygselsetel på Davenes 18/10 1819 frå Jørgen Jørgensen Eidem. Jørgen var 1,63 høg, svakhelsa, og særleg plaga av epilepsi. Enkja, oppattgift med

Bernt Olaus Hanssen Jarnes f 1792 d 1860
1826 g Berte Larsd. Davenes f 1775 d 1854
Br 1826-1853

NSSTb 6a (1840): Pladsen Davenes er beliggende udengjerds under gården Jarnes, besiddes av Bernt Hanssen og føder 3 storfe, 8 smaler, avler ca. 10 t korn og nogen tønder potatos (!).

I 1841 vart plassen seld av dei tidlegare eigarane Peter Hanssen Jarnes og Jørgen Jørgensen Eidem til Peter Olsen Blakstad. Same året kravde den nye eigaren plassen fråskylddelt, og det gjekk for seg ved ekstrarett 9. okt. 1841. Ved salet til Peter Blakstad var det utanom åker og eng på Davenes, mēd eit stykke utmark på vestsida av plassen frå sjøen opp til ei grenseline mellom ein sommarfjøs og ein steinhaug. Hamnerett i Jarnes si utmark for dei krøter som kunne fødest på plassen og utmarkstykket. Rett til brenneved i utmarka og til mold, og rett til landslott så langt plassen grensa mot sjøen.

Ved skylddelinga vart plassen vurdert til $\frac{1}{10}$ av hovudbruket, og skylda vart då 1 ort 13 $\frac{5}{10}$ skill. Men då lova av 17/12 1836 bestemmer at der ikkje skal vere brøkskilling, vart det bestemt at brøkskillingen skulle gå til garden. Med det fekk plassen 1 ort 13 skill. i skyld.
(Nordre Sunnmøre ekstraretsprot. 1 fol. 191.)

Hans Jørgen Petersen Jarnes f 1827 d 1913

1851 g Berte Lovise Jetmundsd. Gjethammer f 1829 d 1912. Foreldra hennar budde i Kildene, like ved Vegsundet. Faren døydde på Davenes i 1864, 93½ år.

Br 1853-1883

Barn før ekteskap:

1. Ingeborg Marie Petrine (mor: Inger Monsd. frå Norddalen) f 1850, g Joakim Knuts. Jarnes bnr 10 Rongane

Born i ekteskap:

2. Jens Peter f 1853 utvs nr 260. D 1925
3. Petter Johan f 1856, g p br
4. Oline Bastiane Birgitte f 1860 d 1939, g 1889 Jens Berntsen Vegsundvåg f Kurset br 3 1864. Dei budde i Kvennhusvåg
5. Hansine Marie f 1864, 1888 g em. Nikolai Halvorsen Austrem f 1858. Bustad Emlemsgvåg. Sjå Blakstad br 3

6. Edvard Peter Andreas f 1866 d 1875
7. Anna Bastiane f 1869 d 1 dg
8. Anna Bastiane Birgitte f 1869. Utnv nr 259, g Johan Abelse
9. Ingeborg *Lovise* Petrine f 1871, g 1896 Karl K. Ekornås (1870-1913). Bustad Wisconsin
10. Edvard Fredrik Laurits f 1875, g Anna Vadset. Ho d 1945, 70 år. Han var appreturmeister hjå Devold i Langevåg, oppfinnar, songar, losjemann. (Smp 8/3 1940, 28/1 1942.)

Bygselsetel frå Peter Olsen Blakstad 11/10 1853. Plassen hadde i 1860-åra 12 dekar god åker og dyrka eng, 20 dekar god natureng, og meir jord kunne dyrkast. Sånad 1½ t blk, 1½ t havre, 2 t poteter. Avling 8 t blk, 7 t havre, 14 t poteter. Krøter: 4 storfe, 7 småfe. Dårleg hamnegang. Plassen var lettbrukt. (Ei kjelde har 5 storfe, 10 småfe.) Og folketeljinga 1865 har: 4 kyr, 9 sauer.

I 1880 gav Johanne Eliasd. Blakstad skøyte på Davenes til Hans Fauske med atterhald at seljaren får landskyld og første bygselsum og at Hans Jørgen Petersen og kone får bygselrett. (Prisen for plassen med hus var 1200 kr.)

I 1875 hadde Hans Jørgen 3 kyr, 6 sauer og 4 geiter som han åtte sjølv, 3 kyr og 1 geit som andre åtte. Sånaden var den same som i 1865.

Petter Johan Hanssen Davenes f 1856 d 1940

1883 g 1. Nikoline Marie Hansd. Fauske f 1860 d 1904

1906 g 2. Ane Henninge Olsd. Tu br 2 f 1866 d 1953

Br 1883-1931

- Born:
1. Laura Birgitte f 1884, Utnv nr 263, 1908 g Hans Petersen Jarnes (Brauta) f 1881, utnv nr 643 (sjå òg utnv nr 625, 626, 627, 628, 629, 630 og 632)
 2. Berta Marie f 1884 (tvill.) Utnv nr 261
 3. Hansine Karoline (*Sina*) f 1887, g Rasmus Urkevik
 4. Hanna Marie f 1889, utnv nr 262 g Pederson (svensk)
 5. Martin Anton f 1892. Utnv nr 264

Bygselkontrakt frå enkje Johanne Eliasd. Blakstad og svigerson Olaus J. Hanssen Fauske for årleg avgift kr. 14.-, 9/6 1883.

Petter dreiv fiske som attåtnæring.

Då brukaren av Brauta kjøpte Davenes i 1931, fekk Petter Johan og kona kår. Dei hadde forkjøpsrett til bruket, men gav frå seg den mot kår: 6 v havre, 500 l nysilt mjølk, kjøtet av ein spekalv. Fjøsrom til og føring av 1 sau med lam, 4 t poteter, fri bruk av ein åker på ¼ dekar, fri opphogd brenneved. Fri bruk av litlestova med tilgjenge til kjellaren under den og

til stabburet. Plass i naustet til båt og fiskevegn som kårfolket berre har bruksrett til.

Den som kjøpte bruket og gav dette kåret var

Simon Paulsen Hustad (sjå Brauten bnr 3)

Br 1931-1954

Simon dreiv både Davenes og Brauta, men budde aldri på Davenes.

Etter Simon var det sonen som overtok Davenes:

Sigmund Simonsen Hustad f 1929

1958 g Liva Hansd. Kvalsvik f 1932 i Herøy.

Br 1954-

Barn: Synnøve Helen f 1969

Bygde nytt stovehus i 1961, løe i 1971. Har fabrikkarbeid som hovudyrke.

Bnr 20 SJØSTRAND

Utskilt frå bnr 2 i 1949, skyld 1 øre

Ottar Simonsen Hustad (sjå Brauta bnr 3).

Verkstad (kjøkkeninnreiing).

Bnr 22 NYTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1951, skyld 5 øre

Nils Lange f 1901 i Vistdal i Romsdalen. Han har ikkje bygt på denne tomta og har aldri budd på Jarnes. Konene til Ottar Hustad og Nils Lange er systre, og Nils Lange kjøpte stykket av Simon Hustad. Parsellen vart seinare delt mellom dei to borna til Nils Lange, Jon Lange og Margrete, g Kåre Josefsen Gjerde f 1937. Nils Lange var maskinist i utanriksfart, bur som pensjonist på Lepsøy.

Bnr 47 BJØRKLUND

Utskilt frå bnr 22 i 1962, skyld 1 øre

Kåre Josefsen Gjerde f 1937

g 1957 Margrete Nilsd. Lange f 1938

Barn: Jarl Eddy f 1959

Kåre Gjerde med huslyd flytte til Minnesota i 1963, og flytte året etter til Oakland, California, der dei har budd sidan. Driv i bygningsbransjen. Har ikkje bygt hus på denne tomta.

Bnr 23 STRANDHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1951, skyld 1 øre

Hans Elias Olavsen Pilskog f 1912 på Giske

1943 g *Hilda Johanne Andreasd.* Åsen f 1919, frå Ikornnes.

Born: 1. *Bjørg Astrid* f 1943, g 1965 *Kjell Arild Strange* f 1942 i Sem.
Fabrikkarbeidar.

2. *Ingunn Olaug* f 1946, g 1966 *Kjell Arne Utgård* br 30 f 1945. Bur
på Hareide

3. *Otto Sigbjørn* f 1949, g 1975 *Irene Græsdal* f 1952 i Engeset-
dalen. Fabrikkarb.

4. *Halldis* f 1951, 1979 g *Egil Johan Aadland* f 1950. Politibetj. i
Indre Arna

5. *Ragnhild* f 1955, sydame, bur på Jarnes.

Pilskog er madrass-arbeidar. Bygde hus i 1955.

Bnr 24 KVELDRO

Utskilt frå bnr 2 i 1951, skyld 1 øre

Karl Johan Klausen f 1921

1945 g *Ågot Andreasd.* Kobbenes f 1920 i Herøy

Born: 1. *Gerd Eli* f 1946, g *Clarence Bomkamp* f 1934. Bur i Tacoma,
Wash.

2. *Marianne* f 1958

Klausen er maskinsnikkar. Bygde hus i 1955

Bnr 39 KVELDRO II

Utskilt frå bnr 2 i 1959, skyld 1 øre

Bnr 35 SOLGLYTT

Utskilt frå bnr 2 i 1957, skyld 1 øre

Jon Ragnvald Bjørgvik f 1932 i Verdal

g 1954 *Gunvor Helen Olsd. Berg* f 1934 (dotter til *Ole G. Berg*, sjå
Tusvik).

Barn: *Inger Johanne* f 1954

Bygde hus i 1959. Møbeltapetserar.

Bjørgvik starta møbelfabrikken *Rajo Møbler A/S* i Våtmyr saman med
Ragnar Sandnes. Sjå s. 402.

Bnr 36 SOLBAKKEN

Utskilt frå bnr 2 i 1957, skyld 1 øre

Konrad Johansen Nakken f 1911 i Tusvik bnr 2

g 1945 *Ruth Ivara Bakken* f 1920 i Borgund

Born: 1. *Randi Agnes* f 1947, g 1981 *Gunnar Bokn*. Dei bur i Rogaland

2. *Jorunn* f 1950, barnepleierske

3. *Anne Karin* f 1956, g 1978 *Stephen Watters*. Dei bygde hus på Tu
i 1981

Namnebyte frå Tusvik til Nakken i 1952. Bygde hus i 1958. Fabrikkarbeidar,
snikkar.

Bnr 38 HAUGTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1959

Alf Oddvin Olavsen Skåden f 1924 i Innvik

g 1957 g *Magnhild Olufsd. Engelstad* f 1931 i Davik.

Barn: *Kirsti* f 1959

Bygde hus i 1961. Maskinsnikkar ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 48 KLININGSBERGET

Utskilt frå bnr 2 i 1963, skyld 3 øre

Petter Simonsen Hustad f 1920

g 1955 *Signe Rasmussen* f 1925 i Danmark.

Han er i postverket. Dei bur i Ålesund og har ikkje bygt på denne tomta.

Bnr 49 SJØTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1963, skyld 4 øre

Paul Birger Simonsen Hustad f 1912 (sjå bnr 3)

g 1947 *Lina Larsd. Stave* f 1920 i Ålesund

Born: 1. *Laila* f 1950

2. *Sissel* f 1951

Stuert på fiskebåt. Brukar gamlehuset på Davenes som sommarbustad.

Har ikkje bygt på denne tomta.

Bnr 3 BRAUTA

Kor gammal plassen er veit vi ikkje. Men i alle høve låg han på garden si
matrikulerte jord og er ikkje nemnd før i 1830-åra.

Brukaren på hovudbruket sette Brauta i pant i 1837, så det må ha vore ei avgrensa eining alt då, og av skyldsettingsforretninga på Davenes ser vi at der var bustadhus på Brauta i 1841.

Brauta vart utskild frå hovudbruket i 1844 som bnr 327 c, samtidig med Lauvet og Myrane. Brauta låg nordvest for hovudtunet. Noko av plassen grensar i aust mot sjøen, og på nordsida og noko av austsida grensar plassen mot Davenes,

Plassen skulle ha beiterett for krøtera i sams utmark, og ein skogteig som i nordvest grensa mot utmarka til Blakstad. Plassen utgjorde $\frac{3}{8}$ av det samla arealet til Brauta, Myrane og Lauvet og fekk ei skyld på 1 ort.

Bernt Andreas Petersen Jarnes f 1822 d 1864

1842 g Johanne *Nikoline* Monsd. Blakstad (Kremmernes) f 1810 d 1891

Br 1844-1864, enkja til 1866

Born: 1. Bernt *Petter* Martinus f 1842. g på br

2. Emte Severine Kristiane f 1844, g 1871 Iver *Severin* Nikolaisen Erstad (28).

Andreas sette plassen i pant i 1852 ved obl. til O. Strøm i Ålesund, for ein gjeld på 9 spd. Den tidlegare hovudbrukaren, Peter Hansen Jarnes selde Brauta i 1854 til Jetmund Ottesen Glomset for 50 spd. Ottesen gav verson sin, Lars Andreas Martinussen Gudmundset, skøyte på Brauta utan hus, for 100 spd i 1866, og den nye eigaren bygsla bort plassen til son til Andreas. Nikoline var så «finmælte», «God-dagå», sa ho høgt oppe i toneskalaen. Ho styrde huset for sonen til han gifte seg.

Petter Andreassen Jarnes f 1842 d 1923

1866 g Karoline Jensd. Eidem f 1845 d 1931

Br 1866-1919

Born: 1. Anne Elisabet f 1867, g 1892 sjømann Gjert Knutsen f 1860, bustad Ålesund

2. Jens f 1869 d 1951. Han var skreddar i Oslo, Kona heitte Karoline.

3. Johan f 1871, utvs nr 645 d 1949, g Kristine Jensd. Riksheim, utvs nr 750

4. Petrine f 1875, g 1897 Severin Olsen Volle f 1868 i Vartdal (sjå Norges Håndverkere II s 1172)

5. Ole Peter f 1878. Lagersjef hjå Devold i Langevåg. Kona heitte Nikoline. (Smp 8/1 1946)

6. Hans f 1881, først på bruket, utvs nr 643, 1908 g Laura Pettersd. Davenes, utvs nr 263

7. Jakob Laurits. f 1884, utvs nr 644
8. Severine *Nikoline* f 1887, g p br
9. Jensine Karoline f 1890 d 1931, g Olav Johan Olsen Ekroll f 1894, fiskar. Budde først på Jarnes, sidan Lerstad-Nakken, Borgund.

Petter Andreassen dreiv fiske som attåtnæring. I 1880-åra fekk han to gonger små beløp av Tandstad og hustrus legat. Stykke i Smp 24/6 1916. I 1866 var der to eksekusjonsforretningar hjå Jetmund Ottesen Glomset etter krav frå Ålesunds Sparebank, og det var då han måtte selje plassen. Lars M. Gudmundset pantsatte plassen ved eit lån i 1870, men var eigar til han i 1881 selde Brauta til Karl Martinussen Riksheim (sidan Erstad) med kår til *Nikoline* Monsd. Enkja etter Karl Martinussen, Inger Johanne Erstad, selde plassen til Hans M. Petersen Jarnes i 1904 for 1250 kr; brukaren Petter Andreassen tok atterhald om bruks- og forkjøpsrett.

I 1865 hadde bruket 10 dekar dårleg åker og eng, 13 dekar «middel-mådig» natureng, men dyrkbar jord. Sånad 1 t blk, 1¼ t havre, 1 t poteter. Avlinga var 5 t blk, 5 t havre og 7 t poteter. 2 storfe, 6 småfe. Dårleg hamnegang. Lettbrukt. Folketeljninga 1865: 1 t blk, 1 t havre, 1½ t poteter. 3 kyr, 5 sauer.

Hans Pettersen Jarnes f 1881. Utvs nr 643
1908 g *Laura Pettersd. Davenes* f 1884. Utvs nr 263.
Br 1919-1922

Born: 1. Petter f 1909, utvs nr 631
2. Norman Petter f 1911, utvs nr 630
3. Sverre f 1913, utvs nr 632
4. Haakon f 1915, utvs nr 629
5. Aslaug f 1918, utvs nr 625
6. *Laura* f 1921, utvs nr 627
7. Karl f 1925, utvs nr 628
8. Bjørg f 1926, utvs nr 626

Tok over plassen etter faren, men selde Brauta med hus 15/5 1922 for 7500 kr til Simon Hustad mot kår til Petter Andreassen og kone.

Simon Paulsen Hustad f 1886 i Hjørundfjord, d 1954.
1909 g Severine *Nikoline* Pettersd. Jarnes br 3 f 1887 d 1962
Br 1922-1954

Mor til Simon var frå Sætre. Han vart tidleg farlaus, kom som smågut til ein morbror på Aurdal og var der til 14-års alder.

Born: 1. Ottar f 1910, g p br

2. Paul Birger f 1912, sjå bnr 49 Davenes
3. Petter f 1920, sjå bnr 48 Davenes
4. Kjellaug Palma f 1927 d 1930
5. Sigmund f 1929, sjå Davenes

Simon dreiv sjøen i mange år. Budde i 9 år i Langevåg og sidan ei tid på Hareid. Dreiv fiske som attåttnæring etter at han først kjøpte Brauta og sidan Davenes. Nikoline måtte ta ein hofteoperasjon og gjekk med krykkjer dei siste åra. Det var i vinterhalvåret Simon dreiv fiske. Om sommaren dreiv dei fisketørking.

Ottar Simonsen Hustad f 1910 i Borgund
1937 g Helga Johansd. Kjerstad frå Lepsøy, f 1915
Br 1954-1976

Born: 1. Steinar f 1938, g p br
2. Marit f 1943 g 1962 Reidar Melbø Helgesen f 1941 i Borgund.
Radioreparatør. Bur i Langevåg
3. Norunn f 1945, g Robert Sefland f 1937 på Nordfjordeid
4. Odd Johan f 1947, bur på Jarnes, sjå bnr 72

Ottar Hustad var fiskar og fabrikkarbeidar før han starta eigen fabrikk i 1949. Stovehuset er frå 1908, men Hustad har utvida og ominnreidd det.

Bnr 3 og Bnr 56 ROSVANG

Steinar Ottarsen Hustad f 1938
1961 g Oddny Aud Erdal f 1938 i Førde
Br 1976-

Born: 1. Ottar Arne f 1961
2. Arild f 1964
3. Stein Ove f 1965
4. Grethe f 1970

Fekk i 1967 utskilt ein parsell (Rosvang) frå Brauta, skyld 0,02. Har dyrka opp 25 dekar utmark, bygt løe, naust og garasje. Hadde i 1980 6 kalvar og 10 sauer. Var i ungdomstida til sjøs. Frå 1965 skipper på bilferja «Aure» i MRF.

Bnr 28 TUNVOLL

Utskilt frå bnr 3 i 1955, skyld 1 øre
Jakob Rochmann Eliassen f 1927 i Sørreisa.
1952 g Inger Marie Fiksdal f 1931 i Haram.

Born: 1. Jan Kåre f 1952
2. Ingmund f 1954
Bygde stovehus i 1957 på utmark. Fabrikkarbeidar.

Bnr 31 SOLTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1956, skyld 1 øre

Bnr 43 MIDTTUN II

Utskilt frå bnr 3 i 1960. Sjå bnr 7.

Bnr 44 VOLLTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1960, skyld 1 øre

Bnr 51 SOLTUN II

Utskilt frå bnr 3 i 1964, skyld 1 øre

Bnr 72 SOLLY

Utskilt frå bnr 3

Odd Johan Ottarsen Hustad f 1947

1968 g *Rigmor Karin Aleksandra Holm* f 1947 i Kolvereid

Born: 1. *Sonja Helen Aleksandra* f 1969

2. *Eli* f 1977

Maskinist i MRF. Bygde hus i 1972.

Alv Johan Olsen Nedreberg f 1924 i Selje

1955 g *Solveig Gerd Rolfsd. Holen* f 1936 i Sande.

Born: 1. *Gerd Anna* f 1955

2. *Ole Rolf* f 1956

3. *Atle* f 1958 d 6 mnd

4. *Atle Sindre* f 1960

5. *Torgeir* f 1965

Nedreberg bygde hus i 1957. Maskinsnikkar.

Bnr 4 LAUVET (Inr 327 da, skyld 15 skill.)

Denne plassen vart utskild samtidig med Brauta og Myren eller Myrane i 1844. Skylda på Lauvet vart 15 skill. seinare 0,23.

Plassen ligg vest for hovudtunet langs med ei bergside. Grensar i sørvest mot Ikornnes.

Ved skylddelinga fekk plassen beiterett i sams utmark for vinterfôra krøter, fekk òg ein utmarksteig like aust om skogteigen til Myrane. Den første vi kjenner til som budde her var

Elias Martinus Guttormsen Hjellegjerde f 1793, d 1865.

1820 g Elisabet Kristoffersd. Midtgård f 1780 d 1848. Ho var frå Toregarden (br A)

Br 1820-1846.

I 1829 vart han stemnd for forlikskommissjonen av Kristian Martinussen Oppsal for gjeld, og i 1831 av presten av same grunn. I 1844 søkte han om at gjelden hans til bygdemagasinet måtte bli ettergitt. Han stod i gjeld til magasinet med $1\frac{1}{8}$ skjeeper bygg og $4\frac{2}{8}$ skjeeper havre. I 1862 vart han stemnd av Ole Ingebrigtsen Ekornes for ærekrenkjande skjellsord mot kona til Ole. Ein gong sette han husa på plassen i pant, og sat nok hardt i det heile si tid. Både han og kona var legdslemer på slutten. Neste brukar var broren

Syver Guttormsen Hjellegjerde f 1818 d 1884

1846 g Ragnhild Olsd. Haugen f 1819 i Sunnylvn, d 1904.

Br 1846-1884

Born: 1. Guri Petrine Severine f 1846, g p pl

2. Ane Oline Elisabet f 1860. «udmerket» ved kf 1875, lærarinne i Hundeidvik, d ug 1891

Ragnhild var frå Andersg. på Haugen. Far hennar kom dit frå Tryggestad.

Eigaren av denne plassen var paktar av bnr 2 på Gjævenes, Hans Johan Petersen f Jarnes, frå hovudbruket.

Lauvet hadde i 1860-åra 3 dekar åker og dyrka eng, 13 dekar naturleg england. Sådde $\frac{3}{4}$ t blk, $\frac{3}{4}$ t havre og 1 t poteter. Avling: 3 t blk, 3 t havre, 7 t poteter. Buskap: 2 storfe, 6 småfe. Folketeljninga 1865 har: 2 kyr, 4 sauer.

I 1875 hadde Syver 2 kyr, 4 sauer, 1 geit. Av kyrne åtte han berre den eine. No sådde han 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter.

Det var i 1862 Hans Johan Petersen Jarnes fekk skøyte frå faren for 50 spd. Han flytte til Gjævenes og vart aldri brukar av Lauvet,

Karolus Petersen Velle f 1858 d 1940

1884 g Guri Petrine Severine Syversd. Jarnes f 1846 d 1923

Br 1884-1908, 1909-1924

Born: 1. Berte Johanne f 1876. Ho fekk seg strikkemaskin og dreiv strikking først heime, sidan flytte ho til Langevåg. Døydde i 1949.

2. Peter Severin, f 1884 g p pl

3. Karen Petrine Emilie f 1886 d 1956, syerske. G 1913 Fredrik Sundøy. Dei budde først i Langevåg, dit Karolus, far hennar flytte seinare, og då dei flytte til Raufoss tok dei Karolus med seg, og der budde han til han døydde i 1967. Sundøy var frå Rødøy og var frikyrkjeforstandar.

Peter Severin Karolussen Jarnes (1884-1909)

g Petra Birgitte Petersd. Voldsund d 1924,

Br 1908-1909

Peter Severin fekk skøyte på plassen 10. okt. 1908 frå Hans Johan Petersen Gjævenes for 750 kr.

Då Peter Severin døydde gav enkja kår til foreldra hans. Året etter fekk ho heimel frå skifteretten på halvparten av plassen utan hus for takst 375 kr. Andre halvparten fekk son deira Peter Severin f 1909 g 1936 Klara Halstensd. Grøndahl f 1910. Dei budde i Tjervåg.

Det er litt tvil om Peter Severin d.e. hadde helse til å vere brukar, så det ville kanskje vere like rett å føre Karolus si brukstid utan avbrot. Men han vart altså kalla kårman ei kort tid. Han budde på plassen og brukte den til 1924, då han flytte til ei av døtrene sine i Langevåg. Då neste brukar kom. stod husa tomme.

Barne Petersen Sætre f 1906

g 1932 Inga Petrine Ivarsd. Eidsvik f 1903

Br 1925-

Born: 1. Magnhild Jorunn f 1933, g p br

2. Anne Margrete f 1937, sjå bnr 52

3. Bjørn Inge f 1938 d 1959

4. Ingrid Petrine f 1945, nokre år hushjelp i England. Kontordame på Sjøholt.

5. Borghild Johanne f 1947, g Svein Ruset f 1941. Bustad Fjøra i Valldalen.

Skøyte på bruket utan hus fekk Bjarne Sætre i 1925 frå Peter Severin Petersen (ved verje Rasmus O. Torset) for 1500 kr. Same året kjøpte han husa, også naust og utmarksløe av Karolus Petersen for 800 kr. Innbuett

var med i handelen. Sætre la kår til Karolus, korn, mjølk og poteter, som vart omrekna i pengar og sendt til han.

Mora, Marte J. Sætre, styrde huset for han før han gifte seg, og i 1934 fekk han skøyte på husa for 300 kr. mot burett for henne.

I 1932 utvida han huset så det vart plass for to hushald.

Buskapen både før og etter krigen var 2 kyr, 1 kvige, 2 sauer og gris.

Som attåtning har Sætre drive så ymse: Ei tid frakting med motorbåt, i fleire år eggjafiske etter sild og torsk, torskefiske i Borgundfjorden, og strikking med heilautomatisk strikkemaskin for strømper. To år ved Ekornes Fabrikker og to år ved Gjerdes fabrikk på Jarnes.

Magne Elling Josefsen f 1932 i Bø i Vesterålen

1952 g *Magnhild Jorunn Bjarnesd.* Sætre f 1933

Born: 1. Einar Bjarne f 1952, kontormann ved Nordex Plast

2. Jon Kåre f 1954, arbeidsleiar ved Nordex

3. Ivar Magne f 1956, bygningsarbeidar, bur på Holeg. på Ytre Ikornnes br 1, men har starta bygging av eige hus på Lauvet.

4. Marit Ellen f 1957, lærarinne på Stranda

5. Bjørnhild f 1961, g p pl

Josefsen bygde bustadhus i 1954, løy i 1963 og fabrikk i 1977/78.

Før dei fekk eige hus budde dei i huset til hennar far, og i 1954 fekk ho skøyte på 4 dekar av Lauvet:

Bnr 26 UTSIKTEN

Før hadde Josefsen vore møbeltapetserar. No tok dei òg til med al av slaktegris og gjøkalv. Fabrikken starta Josefsen i 1975 med fabrikkasjon av skistavar, fiskestenger, antenner, nivellerings- og teltstenger, etc, med 10-12 mann i arbeid,

Magnhild er eigar av heile Lauvet no. Sønene Einar og Jon Kåre fekk utskilt ei tomt

Bnr 83 LAUVET I

i 1978, men same året overtok Magnhild dette òg.

Dei som driv Lauvet no er dotter til Magnhild og hennar mann

Roger Nykrem f 1959

1979 g *Bjørnhild Magnesd.* Jarnes f 1961.

Dei bur i huset til Josefsen og driv plassen med kalvar, griser og ein islandshest som buskap.

Bnr 52 SOLHEIM

Utskilt frå bnr 4 i 1964, skyld 2 øre

Per Martinus Bjørgvik f 1939

1961 g Anne Margrete Sætre f 1937 på Jarnes

Born: 1. Roger f 1964

2. Ann Kristin f 1967

Bjørgvik er fjørspinnar ved Ekornes Fabrikkar. Bygde hus i 1964.

Bnr 62 BJARNEBO I

Utskilt frå bnr 4 1968

Bnr 63 BJARNEBO II

Utskilt frå bnr 7 i 1968.

Bjarne F. Sætre.

Bnr 5 MYREN (lnr 327 db)

(til dagleg kalla Myrane eller Knutmyrane). Utskilt frå hovudhruket i 1844, og danna ein plass saman med Lauvet, som det vart skilt frå i 1853. Lauvet og Myren under eitt hadde lnr 327 d, etter skiljet fekk Lauvet lnr 327 då og Myren 327 db. Skylda til Myren vart 1 ort 1 skill., rev. 0,43.

Myren ligg sørvest for hovudtunet mot Ikornnes-bytet. Utanom beiterett i sams utmark fekk Myren ein utmarksteig som i sørvest grensa mot Ikornnesskogen.

Det er usikkert kven som var første brukaren i Myrane. Etter tradisjonen skulle det vere ein dei kalla Myre-Pe som var med i krigen mot svenskane i 1808. Og det er greitt nok. Myre-Pe er identifisert, men han kom ikkje til Jarnes før i 1841, medan Myrane alt i 1834 vart sett i pant av brukaren av hovudtunet. Det som inneheld både løysinga av problemet Myre-Pe og samstundes den uløyste gåta om ein eventuell forgjengar av Myre-Pe, er dette som ein finn i kyrkjeboka for 1841 om giftarmålet til «Myre-Pe». Det året vart han gift med ei enkje Anne Marie, og far hennar er oppgitt å vere Ole Hansen Jarnes. Korkje Ole Hansen Jarnes eller Anne Marie er å finne elles, og er truleg begge komne utanbygds frå.

Der er nok kjelder som kan løyse desse problema, anten i kyrkjebøker eller i skrifter frå andre bygder.

Peder Knutsen Vik f 1783 d 1858

1841 g ek. Anne Marie Olsd. Jarnes f ca. 1792 d 1851, 56. (Sjå ovanfor.)
Br 1841-1852

Dette er «Myre-Pe». Han er nemnd som brukar av Sjursgarden på Vik i bd 2 s 97. Der er nemnt at han var med i krigen mot svenskane. Men ingen ting om at han kom til Jarnes eller kva år han døydde. Hans ettermann på Jarnes kom òg frå Sjursgarden på Vik. Det var

Knut Andreas Nilssen Vik f 1824 d 1885

1852 g Juliane Karoline Petersd. Jarnes (br 1) f 1825 d 1901
Br 1852-1881

Born: 1. Severine Marie Nikoline f 1853 d 1941 g 1881 Lars Peter Petersen Velle f 1849. Sjå Jarnes bnr 7
2. Karl Johan Bastian f 1857 d 1863
3. Petrine Lovise Bastiane f 1859 d 1945 g 1879 Lars Magnussen Emlen (1854-1900. Budde på Magnuspl. under Ebbegarden
4. Karl Nikolai f 1864, g p br
5. Anne Pernille f 1866 d 1948, g 1902 Ole Andreas Olsen Ekornes (br 2 Kjerane) i 1871

Knut var fødd utanom ekteskap. Faren var Nils Pedersen Straumsheim og mora Kristiane Knutsd. Vik, og Knut voks opp på Vik. Han budde i kort tid på Ikornnes (br 2).

I 1860-åra var der på plassen 8 dekar mindre bra åker og eng, 19 dekar dårleg natureng, men meir dyrkbar jord. Sånaden var 1 t blk, 1 t havre (folketeljinga har 1¼ t) og 1½ t poteter. Buskap 2 storfe (folketeljinga har 3 kyr) og 6 sauer.

I 1875 er tala desse: Sår 1½ t blk, 1½ t havre, 2 t poteter. Buskap 3 kyr, 1 kalv og 6 sauer. (Og dyr som høyrer andre til: 1 ku, 3 geiter.)

I 1880 selde Knut plassen til Karl Martinussen Erstad for 1200 kr. med atterhald av bruksrett for seg og kona i 10 år, og av bygselrett for eit av borna.

Han vart sitjande med plassen berre eit år til og fekk kår. Det er han som er opphav til namnet Knutmyrane,

Karl Knutsen Jarnes i 1864 d 1931

1887 g Siri Petrine Larsd. Skothals f 1856 d 1918
Br 1881-1921

Born: 1. Knut f 1890, utvs nr 635
2. Peter Andreas f 1893, g p br

Bygsla bruket elter faren i 1881. Bygselsetel fekk han først i 1887, frå Karl Martinussen Erstad, mot kår til Juliane Petersd.

Peter Andreas Karlsen Jarnes f 1893 d 1977

1916 g *Kristine Mathea Tomasd. Stave* (br 1) f 1896 d 1967

Br 1921-1960

Born: 1. *Signe Karla* f 1917, g p pl

2. *Johanne* f 1919 d 1927

3. *Jofrid Torbjørg* f 1931, g 1951 mekanikar *Kåre Vadset* frå *Tennfjord*. Sjå bnr 30.

Fekk skøyte frå faren på bruket med alle hus, m.a. naust, sommarfjøs og torvløe, dat. 22/12 1928. Peter bygde løe i 1922 og våningshus i 1932. Dyrka mykje jord. Fôra 3-4 kyr og 4 sauer. Fiske som attåtning.

Harald Antonsen Villa f 1913 i *Tresfjord*

1947 g *Signe Karla Petersd. Jarnes* f 1917

Br 1960-

Born: 1. *Aslaug Johanne* f 1949, sjå bnr 59

2. *Petter Kolbjørn* f 1957. Styrmann. Elektroteknikar

Skreddar av yrke. Kjøpte bruket av verfare.

Bnr 14 FRISLI

Utskilt frå bnr 5 i 1945, skyld 1 øre

Jens Jarnes (1886-1977), ing. Oslo.

Sommarbustad. Sjå bnr 12 frå bnr 7.

Bnr 30 NYTUN

Utskilt frå bnr 5 i 1955, skyld 1 øre

Kåre Vadset f 1926 i *Tennfjord* d 1979.

1951 g *Jofrid Petersd. Jarnes* f 1931.

Skøyta er i hennar namn. I 1973 selde ho ei tomt til *Sykkylven* kommune, skyld 1 øre, til leikeplass.

Bnr 32 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1956, skyld 1 øre

Jon Andreassen Årdal f 1932 i *Jølster*

1955 g *Anna Oskarsd. Midtgård* f 1930 i *Sør-Vågsøy*

Born: 1. *Rune* f 1956

2. *Bjørn* f 1961

3. *Ove André* f 1967

4. *Jon Inge* f 1969

Årdal er fabrikkarbeidar. Bygde hus i 1959.

Bnr 45 LUNDEMO

Utskilt frå blir 5 i 1960. skyld 1 øre

Olav Sten Eilertsen f 1928

g *Magnhild Bergitte Skarberg* f 1936 i Hovden

Born: 1. *Hallvard Sigurd* f 1956

2. *Janne Leonora* f 1957

3. *Linda Kristin* f 1960

4. *Frank Albert* f 1961

Bygde bustadhus i 1961.

Bnr 54 SKOGLY

Utskilt frå bnr 5 i 1965, skyld 2 øre

Anton Andal f 1931

g *Solveig Lovise Halbrendt* f 1927 i Førde

Born: 1. *Ståle Frank* f 1953

2. *Geir Terje* f 1958, 1978 g *Alvhild Abelsen* f 1955 i Haram

Kontormann ved fabrikk. Bygde hus i 1967. Er utlærd salmakar.

Bnr 59 UTSIKTEN

Utskilt frå bnr 5 i 1967, skyld 2 øre

Aslaug Johanne Villa f 1949. Er trulova med *Johnny Stubberud* frå Fet-sund. Ho arbeider ved *J. E. Ekornes Fabrikker* i Fetsund. Har ikkje bygt på denne tomta (1981).

Bnr 60 FJORDGLYTT

Utskilt frå bnr 5 i 1967, skyld 2 øre

Knut Fredrik Hofseth f 1933 i Vinje.

1961 g *Sigrunn Vikene* f 1941 i Norddal

Born: 1. *May Jorunn* f 1963

2. *Tor Eivind* f 1965

3. *Øystein* f 1969 Møbeltapetserar.

Bygde hus i 1968.

Bnr 61 NYHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1967, skyld 2 øre

Astor Arne Nytun f 1944 i Vartdal

1964 g Anne Britt Pedersd. Jarnes f 1945

Born: 1. Merethe f 1965

2. Iren f 1966

3. Mariann f 1968

Maskinist. Bygde hus i 1968.

Bnr 74 LEIKEPLASS

Utskilt frå bnr 5 i 1973 skyld 1 øre

Sykkylven Kommune

Lnr 327 LEGENE

I 1877 skyldsett slik:

Lnr 327 ea frå hovudbruket 22 skill.

Lnr 327 eb frå hovudbruket 14 skill.

Lnr 327 ee frå hovudbruket 15 skill.

Lnr 327 ed frå hovudbruket 9 skill.

= 2 ort 12 skill.

Desse parsellane kom til å få egne namn. 327 ea svarar stort sett til Gjerda, 327 eb Lillebakken, 327 ec Legene, og 327ed (bnr 9 Øvstegjerde) gjekk inn i bnr 6. I seinare matriklar er alle 4 stadig kalla Legene, med andre namn stundom i parentes ved 327 ea og 327 eb.

Bnr 6 GJERDA

Utskilt frå bnr 1 i 1873, skyld 22 skill., rev. 0,35. Gjerda, fleirtallsform, fordi Øvstegjerde og Nedstegjerde er med.

Øvstegjerde (Anetteplass) (sidan bnr 9)

Martinus Anderssen Åsen f 1842 d 1877

1871 g Anette Petersd. Jarnes f 1843 d 1919

Br 1875-1877

Born: 1. Petter Andreas Johan f 1874, d 1952, g 1896 Anne Marie Martinusd. Kjemphol f 1868. Han flytte til Kjemphol. Utvs nr 639. Bd I s 346

2. Petrine Lovise f 1875 d 1879

3. Ivrine Petrine Lovise f 1876

4. Emte Marie f 1876

5. Petrine Bastiane f 1877

Martinus måtte flytte hit frå hovudbruket. Fekk festesetel på denne plassen 2/12 1875 av Johannes Olsen. I 1875 hadde dei 1 ku, 1 geit og gris. Sånaden var 1 t havre og 1 t poteter.

Buet etter Martinus var fallitt. Sjå elles bd 1 s 346 Kjemphol. Anette heldt fram i Øvstegjerde som sidan vart kalla Anetteplassen etter henne. Ho budde ei tid på Kjemphol.

Nedstegjerde

Ole Anderssen Åsen

Som forgjengaren på hovudbruket, måtte også Ole, eller Ola, som han vart kalla til dagleg, flytte til ein plass. Det vart Nedstegjerde, som Ole fekk festesetel på frå Johannes Olsen 2/12 1875. I åra som hadde gått sidan han måtte gi frå seg hovudbruket, budde han truleg hjå broren Martinus.

Nedstegjerde var eit stykke bømark og ein del av det som den gongen vart kalla Legene, og som sidan vart delt i fire plassar. Ole betalte 10 spd i festepengar, og den årlege avgifta vart sett til 2 spd + 2 dagsarbeid.

Det var i 1869 Ole måtte gi frå seg hovudbruket.

I panteregisteret står det om Nedstegjerde: «Skal eies av Ole Andersen dog uden hjemmel.» Truleg åtte han ein del i plassen, eller hadde pengar til gode hjå Johannes Olsen, som i 1878 gav Ole skøyte på Nedstegjerde for berre 320 kr. Året etter selde Ole plassen til Johan Kristensen Jarnes frå Utgård for 1320 kr.

I 1875 hadde Ole 1 sau, 1 geit og gris (+ ei ku som Johannes Olsen åtte), og han sådde 1 t havre og 1 t poteter

Der går mange historier om Jarnes-Ola. Ei av dei vart trykt i Sykkylvsbladet i 1961, skriven av ing. Jens Jarnes, då 75 år.

Ein båtlast med smørdallar var låst inne på pakkhuset til handelsmannen i Tusvik medan båtlaget overnatta på gjestgiveriet. Om morgonen var alle smørdallane vekk. Handelsmannen Lied meinte at det ikkje godt kunne vere andre enn Jarnes-Ola som hadde vore på ferde, og dei før til Jarnes. Det var tydeleg at båten til Ola hadde vore på sjøen nyleg, men Ola kunne vise fram våte liner han hadde drege om morgonen. Ved nærare gransking av båten hans fann dei noko av ei «spyte» som dei brukte på smørdallar, og då leitte dei vidare i utmarka. Ute i Storvika fann dei dallane under ein veddunge, men der var ein dall for lite. Den fann dei hjå ein av tenarane i Tusvika som hadde late pakkhuset, stå ulåst til Ola hadde forsynt seg.

Ein gong hadde Jarnes-Ola fått tak i noko malm, truleg frå Røros. No

ville han prøve å få folk til å tru at han hadde gjort eit malmfunn på Jarnes. Han laga seg ein skjerpingsstad ved Storhaugen i utmarka, ein stad som framleis kan påvisast. Så sende han prøver av malmen til Tyskland med spørsmål om den var drivverdig. Det visste han sjølvsgt at den var. Svaret frå Tyskland kom, og Ola lét postmannen lese det for seg. På den måten visste han at ryktet spreidde seg. Og slik gjekk det. Han fekk låne så mykje pengar i banken til å starte drifta med, at banken kom i vanskar då det heile synt seg å vere ein bløff.

Jarnes-Ola måtte sjølvsgt stå til rette for bløffen. Han flytte til Ålesund og vart buande der sidan. Dreiv ei tid som slaktar.

Johan Kristensen Utgård f 1849 d 1931

1879 g Marte Nikoline Larsd. Grebstad f i Buvika 1849 d 1929

Br 1878-1929

Born: 1. Karl Ludvik f 1879 d 5 dg

2. Johan *Karl* f 1880, d tidleg

3. Karl Ludvik f 1881, g p br

4. Jens Tomas Martin f 1883 d 1885

5. Jens Karolus Martin f 1886, d 1977. Han var ing. i Oslo, g Ingrid Andersen frå Oslo. Bustad Jar.

6. Bastiane Nikoline f 1889 d 1890, 6 md

7. Bastiane Nikoline f 1892, ug. arb. hos Devold, Langevåg.

Johan vart kjend som Grava-Johan, fordi plassen han var frå vart kalla Grava-plassen. Far hans var frå Gjøvenes og døydde då Johan var smågut. Johan arbeidde i tre år som murar på det store vassverket i Trondheim. Han tente frå 2 kr til 3,20 pr. dag, og det var bra den tida. Og Johan brukte ikkje pengar til fånytt. Han sende brev «ved leilighet», ikkje i posten. Han skreiv i 1876 til jenta som skulle verte kona hans, og bad henne gå til Hellen og pusse 2-voege vekta hans.

Han vart mest kjend som skinnhandlar. Det starta han med alt i 1868. Han handla også med andre saker. Bytte til seg filler for budalsstolar, kavringar, tjøre og slipesteinar. Varer henta han sjølv på marknader.

4 år etter at han hadde kjøpt Nedstegjerde av Jarnes-Ola, kjøpte han i lag med Joakim Knutsen på Rongane resten av bnr 6 på auksjon (1883).

I 1906 vart ein plass skild ut frå bnr 6:

Bnr 11 REITEN

Det var plassen Johannes Olsen hadde budd på i si tid. Plassen fekk skyld sett til 0,17, og sjølve Gjerde fekk då skylda 0,18.

Eigar av Reiten vart Joakim Knutsen på bnr 10 Rongane, og bnr 11 vart i 1913 slege saman med bnr 10.

Johan Kristensen gav i 1929 skøyte til sonen Karl Johansen Gjerde for 1000 kr. mot kår.

Karl Ludvik Johansen Gjerde f 1881 d 1956

1909 g Karen Beate Rasmusd. Møll f 1884 i Geiranger d 1980

Br 1929-1951

Born: 1. Josef f 1910 g p br

2. Ragnvald Einar f 1916 g Randi Sætre. Jarnes bnr 25

3. Martin Iver f 1918 d 1929

4. Konrad Ludvik f 1920, sjå Sætre

Utvs nr 634. Karen Møll reiste til ei syster i Mpls. i 1903. Hadde huspostar og hotellarbeid før ho gifte seg. Karl, som endra namnet sitt frå Jarnes til Gjerde, fekk arbeid ved Langevåg fabrikk kort tid etter at han var konfirmert. Løn 25 kr. månaden. Gjekk i snikkarlære hjå Olaus Mo i Stordal og Johan Erstad på Ikornnes. Hadde hatt to lange opphald i Amerika då han kom heim for godt til jul 1928. Til Mpls. 1906, heim 1914, til Amerika att 1924. Dreiv først snikring og husbygging, på andre Amerika-turen fiske og skogsarbeid.

Bnr 17 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 6 og bnr 9 i 1947

Josef Karlsen Gjerde f 1910 i USA

1936 g Ellen Solveig Velle f 1914 i Ørsta

Born: 1. Kåre f 1937. sjå bnr 47 Bjørklund, Davenes

2. Jarle f 1944, sjå bnr 77

3. Magnar Inge f 1947

Saman med mor si kom han frå Amerika til Jarnes 4½ år gammal. Faren kom heim to år etter. Josef Gjerde reiste i ung alder til Amerika att og var der til 1934. Starta med arbeid på fabrikk, men i 1938 tok han til med eiga verksemd i kjellaren. Alt året etter bygde han eige fabrikkbygg nær tunet. To år seinare bygde han eit større bygg nede ved sjøen, og i 1957 eit anna stort fabrikk bygg i betong. Produksjonen var først stolar, men så gjekk han over til fabrikkasjon av glasfiberartiklar. Av produkta kan nemnast kasteslukstenger og skistavar. Fekk skøyte på småbruket frå faren i 1951.

Bygde stovehus i 1947. I 1951 vart bnr 6 og bnr 9 slegne saman til eitt bruk med bnr 6 og namnet Legene, ny skyld 0,30.

Ytre Jarnes. Ved sjøen fabrikkbygget til Josef Gjerde.

Bnr 25 ØVSTEGJERDE

Ragnvald Karlsen Gjerde f 1916

1951 g Randi Larsd. Langdal f 1920

Born: 1. Einar f 1953, g 1976 Harriet Brunsvik frå Herøy

2. Reidar f 1957, hotellfagmann

Øvstegjerdet og hovudbruket skulle ha sommarfjøs i lag til utskiftinga var avslutta. Parsellen skulle ha rett til å bruke halvdelen av løe og fjøs til parsellen fekk eige uthus. Ny løe vart bygd i 1953. Hadde ei tid part i møbelfabrikk. Elles arbeid på fabrikk.

Bnr 6 LEGENE, skyld 0,15

Nye 1975

Kåre, Jarle og Magnar Gjerde

Bnr. 54

Utskilt frå bnr 6

Anton Andahl f 1931 i Naustdal

g Solveig Lovise Halbrendt f 1927 i Førde

Born: 1. Ståle Frank f 1953
2. Geir Terje f 1958 g
Andahl har vore salmakar. Kontormann.

Bnr 77 GAUKEN

Utskilt frå bnr 6 i 1776, skyld 1 øre
Jarle Josefsen Gjerde f 1944
1970 g Anna Grete Hide f 1951 i Sande
Born: 1. Berit Ellen f 1971
2. Tony André f 1974
Har bygt hus på tomte.

Bnr 7 LILLEBAKKEN («Ihljebakkjinj»), også kalla Diket

Lnr 327 eb, skyld 14 skill. M 0,22.
Lars Petter Pettersen Velle f 1849 d 1901
g 1881 Severine Knutsd. Jarnes (br 5) i 1853 d 1941
Br 1880-1901, enkja til 1914
Born: 1. Karl Johan f 1881 d 1894, drukna i Andestadvatnet
2. Nikoline Petrine f 1884 d 1903
3. Peter Bastian Johan f 1886, utvs nr 638
4. Johan Kristian f 1889, utvs nr 636, br
5. Peter Andreas f 1892, d 1 dg
6. Karl Ingvald Anton f 1893, utvs nr 637

I panteregisteret står det: «Skal eies av Knut Nilsen, dog uten tinglyst hjemmel.»

I 1880 fekk Karl Martinussen Erstad skøyte på denne plassen for 250 kr. og bygsla plassen bort til Lars Petter. Han hadde ein gjeld på eit par hundre kroner til O. S. Heggen, som kravde tvangsauksjon over husa på plassen. Der kom bod på stove 110 kr. og løe 50 kr. Ny obl. med pant i husa. Etter at Lars Petter var død, vart denne obl. «forkyndt for enken i hendes eget hus». (Uavh. dok. pk 28 TS.) I 1908 var gjelden betalt. Severine var blind på slutten, og son hennar og kona hans tok seg av henne.

Johan Kristian Larssen Jarnes f 1889 d 1978
1914 g Johanne Karoline Hansd. Sætre f 1892 d 1979. (Dtr. til Hans H. Indre Ekornes (br 1) og Marte Jensd. Sætre (br 1)
Br 1914-1960

Barn: Lars Peder f 1923, g p br
Johan måtte ut og tene 9 år gammel. Han fekk skøyte på bruket i 1911 frå Inger Johannesd. Erstad for 1400 kr., mot kår til mora når ho slutta å drive plassen.

Johan bygde nytt våningshus i 1931. Dyrka opp heile plassen.

Lars Peder Johansen Jarnes f 1923

1955 g Astrid Jensine Nordmo f 1929 i Sørreisa.

Br 1960-1981

Hennar barn frå 1. ekteskap: Odd Arne f 1951.

Dei siste åra har dei på plassen hatt 4 kalvar, 6-7 sauer og gris. Lars Peder har vore møbeltapetserar. Sjå Sætre bnr 46 Bakkebo.

Odd Arne. Nordmo Jarnes f 1951

g 1971 Randi Grimstad f 1952 på Hareid.

Br 1981-

Dei bygde hus nr 2 på plassen i 1978. Odd Arne er ingeniør og tilsett ved Sandella Fabrikker.

Bnr 12 BUVIK

Utskilt frå bnr 7 i 1938, skyld 1 øre.

Jens Johansen Jarnes f 1886.

Hytte. Tomt med hus selt til Gjerde Fabrikker A/S i 1972.

Bnr 15 JUVIK

Utskilt frå bnr 7 i 1947, skyld 1 øre

J. E. Ekornes selde i 1972 til

Gjerde Fabrikkar A/S, industritomt.

Bnr 55 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 15 i 1967

Konrad Gjerde. Sjå Sætre.

Bnr 50 JUVIK II

Utskilt frå bnr 7 i 1964, skyld 1 øre.

Industritomt.

Bnr 69 Industritomt

A/S TRE 1972, same året til *A/S Gjerde Fabrikker*.

Bnr 16 FREDHEIM

Utskilt frå bur 7 i 1947, skyld 1 øre
Petter Paulsen Båtsvik f 1917 i Herøy
1948 g *Pauline Kjelsvik* f 1920 i Sande

Born: 1. *Rigmor* f 1948

2. *Mildrid* f 1952

3. *Berit Aslaug* f 1953

Båtsvik er arbeidsformann på fabrikk.

Bnr 70 FREDHEIM I

Utskilt frå bnr 3 i 1972, skyld 1 øre.

Tillegg til tomt.

Bnr 71 FREDHEIM II

Utskilt frå bnr 7 i 1962, skyld 1 øre.

Tillegg til tomt.

Bnr 42 MIDTTUN

Utskilt frå bnr 7 i 1960, skyld 1 øre.

Evald Petter Eilertsen f 1928 i Hadsel

1952 g *Gunvor Oddny Mathiasd. Nygard* f 1932 i Innvik

Born: 1. *Anne Grete* f 1952, g 1974 skipper *Karl Magnus*

Røksund i Bømlo

2. *Eilert Mathias* f 1955

3. *Paul Gerhard* f 1956

4. *Gerd Eli* f 1867

Eilertsen er sofamontør. Bygde bustadhus i 1961.

Bnr 43 MIDTTUN II

Utskilt frå bnr. 1 i 1960, skyld 1 øre utan frådrag. Tillegg
til tomt.

Bnr 41 MYRTUN

Utskilt frå bnr 7 i 1960.

Asbjørn Kristoffer Auflem f 1930 i Innvik
g 1955 *Åshild Volle* f 1931 i Vartdal

Barn: 1. Terje f 1955

Auflem er møbeltapetserer. Bygde hus i 1961.

Bnr 66 RYDNINGEN

Utskilt frå bnr 41 i 1972.

Bnr 64 SKOGLY

Utskilt frå bnr 7 i 1969

Ingeborg Eidsvik Jarnes f 1902 i Vatne

Var sydame ved J. E. Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1969.

Bnr 68 RYDNINGEN I

Utskilt frå bnr 7 i 1972, skyld 1 øre

Birger Leif Rønning f 1946 i Hjørundfjord

1967 g *Marit Birgitte Sandvik* f 1944 i Vanylven.

Born: 1. Ronny Kjartan f 1967

2. May Jorunn f 1969

Rønning bygde hus i 1971.

Bnr 65 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 7 i 1969

Sverre Arne Djupvik f 1940 i Herøy

1969 g *Bjørg Randi Brynstad* f 1944 i Innvik

Born: 1. Inger Anne f 1970

2. Robert Severin f 1973

Tomta vart utskild til Odd Arne Nordmo Jarnes, som selde til Djupvik.

Vånehus bygt i 1974.

Bnr 73 MYRENG

Utskilt frå bnr 7 i 1973, skyld 2 øre

Nordex Plast A/S

Festetomt for industri. Industrilokale er bygde der.

Bnr 79 FURULY

Utskilt frå bnr 7 i 1977, skyld 1 øre

Einar Pedersen Gjelsteinli f 1945 på Vestnes
1970 g *Randi Dagrund Gildestad* f 1946 i Olden.

Born: 1. *Tor Ronni* f 1970

2. *Arild* f 1972

3. *Dan Kåre* f 1976

Flytte inn i nytt hus i 1978. Fabrikkarbeidar.

Bnr 8 LEGENE, lnr 327 ec, skyld 0,23

Ole Olsen Haugen f 1813 i Sunnlyven d 1897

g *Marte Eliasd. Øye* f 1818 i Sunnlyven d 1912

Br ca. 1852-1884

Born: 1. *Pernille* f 1947 i Norddalen, g 1871 *Paul Kristensen Rustbrekken*
f 1843 i Vågå. Ved giftarmålet vart han kalla *P. K.*
Haagenstadeie. Dei budde på *Jarnes* 1871-1875. Flytte då til
Trondheim

2. *Olave* f ca. 1850, g *Bjørnhaug*. Bustad Trondheim

3. *Peter Elias* f 1854, g p br

4. *Ole Andreas* f 1857. Flytte til *Ramstad* br 8

5. *Severine Karoline* f 1859. Utsv nr 640

6. *Kari Johan Edvard* f 1863. Utsv nr 641

Ole var smed. Det var han som rydda plassen.

1865: 2 kyr 4 sauer. Sådde $\frac{3}{4}$ t havre, $\frac{3}{4}$ t blk, 1 t poteter. 1875: $\frac{1}{2}$ t blk, $1\frac{1}{2}$ t
havre 2 t poteter.

Peter Elias Olsen Jarnes f 1854 d 27/4 1928

1881 g 1. *Olave Karoline Larsd. Velle* f 1852 d 1884

1885 g 2. *Tomasine Lovise Hansd. Indre Ekornes* br 1 f 1855 d 1895

1896 g 3. *Karoline Jensd. Velle* f 1876

Br 1884-1914

Born i 1. ekteskap:

1. *Ole Andreas Laurits* f 1875, g 1899 *Johanne Petersd. Ramstad* br
9 f 1870. Bustad Halvorsæter

2. *Marte Lovise Hansine* f 1881, g *Elias Eliassen Leinebø* f 1879 på
Leinøya. Bustad USA

Born i 2. ekteskap:

3. Hansine Olivia Laura f 1885. Fekk barn: Tea Anna f 1910 (far: Peder Kristian Larssen Svinnset bnr 3 f 1888). Dei gifte seg. Bustad Ålesund
4. Karl Johan Bastian f 1887. Utvs nr 646, g p br
5. Tomas Laurits f 1889. Utvs nr 648
6. Bastiane Petrine f 1890 g Sofus Jensen, butikksjef hos Devold , Langevåg.
7. Martin Anton Nikolai f 1892, d 7 mnd
8. Anne Marie Pernille f 1893. Budde i Ålesund, g Karl Johan Larssen Svinnset (br 3) f 1881
9. Peter Tomas f 1895, utvs nr 647

Då Peter Elias tok over bruket var det Joakim Pedersen Utgård som åtte det. I 1884 gav Peter Elias skøyte til Joakim på stovehus, løe med fjøs, og ei smie for 400 kr. Peter Elias heldt fram som bygselmann. Han var òg smed.

Karl Johan Petersen Jarnes f 1887 d 1957

1914 g Olave Jensine Lovise Hansd. Myrset f 1891 d 1963

Br 1914-1954

- Born:
1. Hans Martin f 1916, g p br
 2. Thea Klara f 1917, g 1942 Lars Larssen Utgård bnr 3
 3. Lovise Kaspara f 1920, g 1943 Bjarne Torset Muri f 1917 i Herøy. Fabrikkarbeidar
 4. Peder Olav f 1921, g 1944 Gunvor Klausen f 1922 i Ålesund
 5. Oddrun Kirsti f 1935 g Peder Hofset f 1925 (br 33)

Utvs nr 646. Kjøpte plassen medan han var i Amerika, og tok over plassen og bygde nye hus då han kom heim. Frå 1930 dreiv han som murar og steinarbeidar.

Hans Martin Karlsen Jarnes f 1916

1941 g Berta Marie Haugen f 1919 på Myklebust, Haram.

Br 1954-1979

- Born:
1. Edel Margrete f 1942, g 1963 Maron Arne Lillebø f 1935
 2. Oddhild Kirsti f 1946. g Dag Olsen f 1942 i Vennesla
 3. Bente Haldis f 1948, g Kjetil S. Ekornes f 1946
 4. Kjetil Monrad Haugen f 1951, g p br
 5. Astrid Liv f 1953. Sjå bnr 58.

Hans Jarnes er maskinsnikkar. Bygde om stovehuset i 1954. Har seinare bygt seg nytt hus.

Hans Jarnes har fortalt om Jarnes-Ole som «gruve-eigar».

Kjetil Monrad Haugen Jarnes f 1951
1970 g Ingebjørg Davik f 1950 i Haram
Br 1979-

Born: 1. Hans Petter f 1970
2. Ruth Davik f 1972

Kjetil Jarnes er lærar ved ungdomsskulen. Han bur i gamlehuset som faren bygde om. Der finst deler av huset som er bevart heilt frå Ole Olsen si tid (1870-åra). Faren bur i ny «kårstove».

Bnr 33 SOLHEIM

Utskilt frå bnr 8 i 1957, skyld 1 øre
Peder Hansen Hofset f 1925 i Vinjeøyra
1955 g Oddrun Kirsti Karlsd. Jarnes f 1935

Born: 1. Marit Helen f 1956
2. Kirsti Olin f 1958
3. Geir Roger f 1961
4. Stian f 1967

Hofset er møbeltapetserar. Bygde våningshus i 1959.

Bnr 34 JARBU

Peder Olav Karlsen Jarnes, f 1921
1944 g Gunvor Klausen f 1922 i Ålesund
Born: 1. Anne Brit f 1945, g 1964 Astor Arne Nyttun f 1944 i Ørsta
2. Per Gunnar f 1946. 1968 g Allis Norunn Strømmegjerde f 1948
3. Gunn Merete f 1957 g Kjell Elveland, br 14 Svartebekk.
Peder Jarnes er fabrikkarbeidar. Har òg drive eigen fabrikk. Har dei siste åra drive fiske.

Bnr 57 SKOGLY

Utskilt frå bnr 8 i 1967, skyld 1 øre
Maron Arne Lillebø f 1935 i Vanylven
1963 g Edel Margrete Hansd. Jarnes br 8 f 1942

Born: 1. Harald Jarnes f 1964
2. Evy Mari Jarnes f 1967
3. Tor Erik Jarnes f 1971

Kontormann ved fabrikk. Bygde hus i 1967.

Bnr 58 JAR

Utskilt frå bnr 8 i 1967, skyld 1 øre
Jonny Elliot Winsjansen f 1952 på Aure
1975 g *Astrid Liv Hansd. Jarnes* (br 8) f 1953
Barn: 1. *Bjørn Helge* f 1972
Winsjansen er langtransportsjåfør.

Bnr 10 RONGANE

Johannes Olsen Trandal f 1824 d 1897
(sjå under hovudbruket).
Br 1861-1873

Som før nemnt bygsla han bort hovudbruket til Ole Andersen i 1961, og han flytte då til Rongane. Bruket vart utskilt som bnr 10 først i 1873. 1865: 3 kyr 6 sauer, gris. Sådde 2 t havre 1½ t pot.

Då han slutta å drive plassen selde han den til

Joakim Knutsen Fauskehagen f 1845 d 1939

1873 g *Ingeborg Hansd. Davenes* f 1850 i Borgund d 1913 (foreldre: Sjå *Hans Jørgen Petersen Davenes*).

Br 1873-1913

Born: 1. *Karl Peter Edvard* f 1874, g p br

2. *Hans Olaus* f 1877 d 1950. Arbeidde i postverket. Vart ordførar i Mosjøen. Sjå nekrolog Smp. 21/10 1950. Kona heitte *Signe*.

3. *Lars Peter Severin* f 1882 d 1884

4. *Lars Bastian* f 1885 d 1966. Kona, *Anne*, var frå Bergen. *Lars Jarnes* var oberst i Frelsesarmeen. Var ei tid i Afrika. Budde elles i Drammen, Trondheim og Bergen

5. *Johannes Bastian Anton* f 1890. Kona heitte *Grete*. Han var postekspeditør i Nordland, avdelingssjef i Bodø i 40 år.

Joakim kjøpte eit stykke jord av bnr 6 saman med *Johan Kristensen Jarnes* i 1883 på auksjon. *Johannes Olsen* protesterte på denne handelen, meinte han hadde odelsrett til dette stykket. Det kom til forlik. *Joakim* lét *Johannes* få eit jordstykke ovanfor bygdevegen og ¼ dekar jord nord for naustet. Og *Joakim* og *Johan* måtte skaffe *Anette Petersd. Jarnes* 2 lass brenneved av or og eine. Vidare skaffe *Johannes* tømmer til ei løe som skulle bli på 9 alner i lengde. Med dette skreiv *Johannes* frå seg innløysingsretten til jordstykket dei to hadde kjøpt. I 1875 hadde *Joakim* 3 kyr og sådde 1½ t blk, 1½ t havre og 2 t poteter. Smp har eit stykke om *Joakim* 2/3 1937.

Karl Joakimsen Jarnes f 1874 d 1964

1907 g Anne Syversd. Indre Ekornes br 2 f 1886 d 1960

Br 1913-1949

Born: 1. Hjalmar Ingvald f 1911 d 1914

2. Jon Nikolai f 1913, g p br

3. Sverre Laurits f 1920 d 1925

4. Solveig Inga f 1926, g p br

Fekk skøyte på bruket frå faren for 2500 kr. I 18-årsalderen gjekk han i snikkarlære (som bygningsmann) og arbeidde gratis i 18 veker. Sidan fekk han 1 kr. dagen med minst 12 timars arbeidsdag, altså knapt 9 øre i timen. Han vart ein dugande bygningsmann og snikkar, og før vide som bygningsmann. Spesialiteten hans var trapper. Saman med kona dreiv han det tungdrivne bruket, dyrka mykje jord og bygde nye stovhus i 1916. Var med på havfiske alt som 17-åring, og dreiv sidan lenge fiske som attåtning. Ei tid var han med i heradstyret, men sa om det seinare: «Eg likte meg ikkje der, eg hadde ikkje tid til slikt.»

Jon Karlsen Jarnes f 1915

1945 g Arnborg Andreasd. Gjerde f 1918 på Hareid.

Br 1942-1949 saman med faren

Br 1950- (halve bruket)

Born: 1. Kjell Arne f 1947. fabrikkarbeidar

2. Anne Lise f 1950, sjå bnr 76

3. Inger Johanne f 1954

4. Liv Grete f 1958

Fekk skøyte på bruket frå faren i 1942. Arbeidde i verkstaden til faren og lærde snikkaryrket. Fekk sidan arbeid ved fabrikk til J. E. Ekornes og vart arbeidsformann der. I 1947 slutta han for å ta seg meir av garden, og tok på same tid til med verkstad med stopping av møblar. Bygde fabrikk nede ved sjøen same året og fekk svogeren Per Krokå som kompanjong. Firmaet fekk namnet Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk. Garden delte han med syster si som var gift med Per Krokå. Ei tid etter bygde Jon Jarnes nytt bustadhus ved fylkesvegen. Fabrikk har gått godt og har vore utvida fleire gonger. Jarnes har vore mykje med i kommunepolitikken. Var formann i byggenemnda for den nye skulen på Ikornnes.

Bnr 18 Fabrikkområdet

Utskilt frå bnr 10 i 1949.

Dette er fabrikkområdet til Jarnes og Krokå sin fabrikk og omfattar heile

strandlina bortsett frå nausttomtene til dei to eigarane. Etter 1965 har produksjonen berre vore møblar. Dei har ca. 20 arbeidarar.

Bnr 19 RONGEN II

Utskilt frå bnr 10 i 1949

Per G. Krokå f 1916 i Syvde

1948 g *Solveig Inga Karlsd. Jarnes* f 1926

Br 1950-

Born: 1. *Gerd Olaus* f 1949, g *Odd Julshamn* frå Oslo

2. *Åse Karin* f 1953, g 1980 *Bjørn Henriksen* frå Oslo

3. *Kirsti Anne* f 1956, sydame, bur i *Ulsteinvik* g 1981 *Jan Einar Haraldsen Saunes*, *Ulstein*

4. *Odrun Synneve* f 1961, friserdame

Per Krokå hadde gått på byggjeavdelinga ved Oslo Elementærtekniske Skole då han kom til Sykkylven og var med på det første bygget i betong som *J. E. Ekornes Fabrikker* sette opp. Hadde eit arbeidslag som var med på gjenreisinga av *Finnmark* etter evakueringa der. Sette m.a. opp dei første bustadhusa i *Kjøllefjord*. Kom til *Jarnes* i 1946. Driv garden ved sida av fabrikk, hadde først mjølkekyr, sidan kalvar og no sauer. *Solveig* har deltidsarbeid som kontordame.

Krokå har vore mykje med i kommunalt arbeid, i bygningsrådet, i styret for Sparebanken, i kraftverkstyret o.a.

Bnr 21 BAKKELY

Utskilt frå bnr 10 i 1952, skyld 1 øre

Marta Krokå f 1913 i Syvde. Ho er syster til *Per Krokå* og arbeidde ved *Ekornes Fabrikker* frå 1946 til 1980. Bnr 21 med hus fekk ho kjøpe av *Olav Eikrem* som budde der med familie til han flytte til *Lerstad*.

Bnr 29 SELLANRÅ

Utskilt frå RONGEN II i 1955, skyld 1 øre

Harry Hagereid hadde dette først, men flytte og selde det til *Ragnar Arnt Sandnes*. Han kjøpte det som tilleggstomt til

Bnr 37 SOLHAUG

Ragnar Arnt Sandnes f 1939 i Syvde

1958 g *Borghild Ingrid Ragnvaldsd. Sandvik* f 1940 i *Vanylven*

Born: 1. Laila Irene f 1961
2. Stig Roar f 1964
3. Gunnar f 1968

Solhaug vart utskilt frå bnr 19 i 1959, skyld 1 øre. Sandnes er møbeltapetserrar. Bygde hus i 1958.

Bnr 40 SKOGHEIM

Utskift frå bnr 10 i 1960, skyld 1 øre
Sverre Samuelsen Andal f 1925 i Naustdal
1955 g Lilly Ingvarda Turøy f 1929 i Herdla. Frå Naustdal.

Born: 1. Sveinung f 1960
2. Linda Irene f 1962

Møbel tapetserrar. Bygde hus i 1961.

Bnr 46 ÅSLY

Utskilt frå bnr 10 i 1961, skyld 1 øre
Leif Ingvaldsen Nykrem f 1931 i Herøy
1956 g Inga Johanne Eliasd. Myrvåg f 1938 i Herøy

Born: 1. Svein f 1957
2. Roger f 1959
3. Frode f 1960
4. Merete f 1970
5. Jostein f 1974

Maskinsnikkar. Bygde hus i 1963.

Bnr 53 HEGGEBO

Utskilt frå bnr 10 i 1964, skyld 1 øre
Helge Mathias Nygard f 1938 i Syvde
1960 g Bodil Lefdalsnes f 1938 i Davik

Born: 1. Grete f 1962
2. Terje f 1967
3. Marianne f 1969

Møbeltapetserrar. Bygde hus i 1964.

Bnr 67 TREFO 99

Utskilt frå bnr 19 i 1971, skyld 1 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 76 SOLHEIM

Utskilt frå bnr 10 i 1974, skyld 1 øre
Endre Gunnarsen Fykse f 1948
1972 g Anne Lise Jonsd. Jarnes (br 10) f 1950
Born: 1. Monica Fykse f 1972
2. Ann Kristin f 1974
Kjøpte parsellen av Arnborg Jarnes og bygde hus i 1976.

Bnr 75 FABRIKKOMRÅDE II

Utskilt frå bnr 10 i 1974, skyld 1 øre
JARNES & KROKÅ A/S
tok over tomta i 1978.

Bnr 78 TREKANTEN II

Utskilt frå bnr 10 i 1976, skyld 1 øre
Sykkylven Kommune

Eldre umatrikulerte plassar

Lars Olaus Anderssen Strømmegjerde f 1789

g Anne Andersd.

Barn: Martinus i 1823

Far til Lars Olaus, Anders Johannessen Strømmegjerde (Rabben), var frå Flo i Stryn og vart g Marte Olsd. Hjortdal i 1788, Dei budde òg ei tid i Ura

Lars var murar, og flytte med kone og barn til ein plass i Steinvågen ca. 1824.

Lars Knutsen Vik f 1783 d 1857

g 1. 1833 Marie Pedersd. Erstad (bnr 1) f 1766 d 1838

g 2. 1839 ek. Marte Olsd. Ørsnes f Bjørnevik (1773-1847)

g 3. 1847 ek. Inger Monsd. Eidem (Trulsg.) f 1802

(ek. etter Klaus Larssen Eidem f Karbø, g 1821)

Marte Olsd, var g 1. 1800 Ole Jakobsen Ørnes og g 2. 1833 em. Jakob Hoversen Andestad.

Sjå bd 1 s. 22, 229 og 285.

JARNES

Bnr 1, 13, 81, 82

2, 20, 22, 47, 23, 24, 39, 35, 36, 38, 40, 49

3, 56, 28, 31, 43, 44, 51, 72

4, 26, 83, 52, 62, 63

5, 14, 30, 32, 45, 54, 39, 60, 61, 74

6, 9, 11, 17, 25, 6, 54, 77

7, 12, 15, 55, 50, 69, 16, 70, 71, 42, 43, 41, 66, 64, 68, 65, 73, 79

8, 33, 34, 57, 58

9 (sjå under 6)

10, 18, 19, 21, 29, 37, 40, 46, 53, 67, 76, 75, 78, umatrikulerte
plassar.

TUSVIKBYGDA

Den største delen av denne grenda høyrde fram til 1798 til Hjørundfjord skipreide, saman med Hundeidvik. Blakstad var den einaste garden i Tusvikbygda som høyrde til Valde skipreide, saman med resten av Sykkylven.

Den første handelsmannen i Tusvik kom frå prestegarden i Hjørundfjord. Eldre enn handelen i Tusvik var handelsstaden på Blakstadnes eller Kremmernes. Den siste som dreiv handel der døydde i 1801, då hadde der lenge vore handel i Tusvik, som vart senteret i denne delen av bygda.

Storfjorden var hovudvegen som gjekk forbi Tusvikbygda, og vinden og handemakt var drivkrafta. Det høvde godt for farande å stoppe, kvile og handle der for dei som budde lenger inne i fjordane på utferd eller heimferd. Også for hundeidvikarar var Tusvik næraste handelsstaden. Og kyrkjeferda deira gjekk oftast for seg til fots til Tusvik og vidare derifrå med kyrkjebåt til Aure. Kanskje var desse to, ferdsla til kyrkje og handelsstad, mellom grunnane til at vegarbeidet på veggen frå Jarnes til Hundeidvik kom i gang før arbeidet med Sørestrandvegen.

Vegarbeidet på strekninga Jarnes-Myrset vart rekna for vanskeleg og dyrt, og i slutten av 1830-åra fekk kommunestyret eit skriv frå Romsdals Amt som ville vite korleis arbeidet her kunne gjerast på billegaste måte. Det vart vedteke å prøve å bortakkordere mineringa for 18 spd.

[Til innhald](#)

Gnr 44 BLAKSTAD

Første ledd i namnet kjem vel anten av personnamnet Blakkr eller av adjektivet blukkr, same ordet som ein har i blakk om farge og i blakken. Det kan ha vore eit person-tilnamn, men det er uvisst. Eldre former: Blackstad 1603, Blagstad 1617. Blackstad med Haugen; Haugen var då namnet på ein av Blakstad-gardane.

Gardsnamn på -stad vert rekna for å vere gamle. Magnus Olsen meiner at -stad-gardar kan vere frå kring 800 (sjå Ættegard og Helligdom, Oslo 1926, s 77 ff). Men ikkje alle -stad-gardar er like gamle, sjølvsagt.

Blakstad ligg mellom Jarnes og Våtmyr, og har utmark rundt seg på tre sider; på den fjerde (nord) er fjorden. På Blakstadnes (Kremmernes) var der handel alt på 1500-talet, og lægjet høvde godt til det den tida. Den siste som dreiv handel der var den kjende «Snikkar-Anders». Anders Davidsen Kremmernes.

Med utmarka si grensar Blakstad også til andre gardar enn Jarnes og Våtmyr, og har gjennom tidene vore part i tvistar om skog og beite. Slike saker er nemnde m.a. under Ikornnes.

I 1830-åra prøvde Blakstad-karane å få til ei minneleg utskifting i forlikskommissjonen. Til då hadde det vore sameige både i innmark og utmark, og dei ville gjerne ha utskifting av åker og eng, og av utmarka med omsyn til beite og skog, som før hadde vore i teigbyte.

I 1833 og 1834 var der møter i forlikskommissjonen utan at det lukkast å få til ei semje.

Utskiftinga kom likevel i gang i 1834, med desse skjønsmenn: Amund Olsen Velle, Hans Rasmus Hanssen Straumgjerde, Klaus Amundsen Hole og Martinus Pedersen Dravlaus.

Lægjet av åkerlandet, nær tunet, og englandet lenger vekk, gjorde at ein av brukarane måtte få sitt i 2 stykke. Det vart Jørgen Pedersen på bnr 2. Han fekk og for lite moldtak på sine stykke, og eit stykke på bnr 3 vart avmerkt der han skulle få ta mold.

Nokre stadnamn frå utskiftinga: Langåkeren, Nedsteåkeren, Fjøsbygg-åkeren, Lilleflatåkeren. Røithusteigen.

Plassen Kremmernes vart sameige som før, likeeins laksefisket.

Til trusking brukte dei vasskraft, likeeins til kverna, men den hadde dei i Tusvik, ved elva nedanfor Tuvatnet. Blakstadsetra låg på fjellet rett opp for garden, ca. 300 m over havet. Setrevegen var ein 3 km bratt gangveg.

EIGARAR

I første halvdel av 1500-talet åtte Ørskog prestebord 1 mællag i Blakstad, i 1626 4 mællag. Då hadde sykkylvskyrkja 3 mællag, handelsstaden Kremmernes medrekna. (Statthaldararkivet D IX pk 15, RA). I 1661 åtte Ørskog prestebord 5 mællag, sykkylvskyrkja 3½ mællag, og prestebordet hadde bygselretten til alt. I 1699 var heile garden på 2 v 18 mk og delt likt mellom dei to eigarane. I kjøpet av sykkylvskyrkja, først av major Rømer, så av presten Hiort, var 1 v i Blakstad med. Etter Hiort fekk fru Mechlenburg denne delen av Blakstad. Jordavgifta til Ørskog prestebord vart avlyst 26/8 1872.

Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr. frå eldre til yngre: 143, 149. 148, 142, 145 og 105.

På 1600-talet var garden i skatteklasse halv gard. I 1626 var skylda 7 mællag, i 1639 2 v, i 1660 2 v 9 mk. så i lang tid 2 v 18 mk. Ny skyld i 1838 2 skylddr. 1 ort 11 skill., rev. til M 4,14 i 1890.

Tienda var i 1606 1 mæle 1 fj, i 1666 2½ mæler havre, 1 mæle bygg og 1 pd 2 mk ost. I 1717 3 t havre, 3 skjepper bygg og 1 pd ost eller 36 skill.

Leidangen: 1 geiteskinn i 1606, 1 geiteskinn og 1 kalveskinn i 1631, 1 geiteskinn og 2 kalveskinn i 1666, og i 1717 3 ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 2 mann (+ 1 øydegardsmann og 1 husmann).

1626: 3 mann Sår 6 t.

1657: 3 mann. Buskap: 3 hestar, 17 kyr, 20 sauer, 20 geiter. Av dette hadde Haugen 1 hest og 5 kyr.

1661: 3 mann. Sår 9 t havre, avlar 30 t. Før 3 hestar, 24 kyr.

1714: 2 mann. Sår 7 t havre, 4 skjepper bygg, avlar 30 t havre 3 t bygg. Fôrar 3 hestar 24 kyr.

1724: 2 mann (+ 1 husmann). «Ringe brændeved, ingen sæter. Det gamle lakseverpet øde. Temmelig letvunden og vis til korn.»

1802: 3 mann. På br 1 og 2 brukar dei 2 pd 13 mk. på br 3 1 pd 16 mk.

For dei to største bruka er oppgåvene like: Kvar sår 4 t havre 1 t blk, avlar 6 foll. Fôrar 1 hest, 8 kyr, 20 småfe. Kvart bruk verdsett til 136 rd. Br 3 verdsett til 89 rd.

Andre oppgåver vantar for dette bruket.

Garden har litt små furuskog og litt krattskog til brensel.

Beite i utmarka og i ein trang seterdal.

På Kremmernes 7 t havre; 3 kyr og 4 småfe.

1845: 3 mann + 1 husmann på Kremmernes. Sår ¾ t bygg, 8 t blk, 11 t havre, 7½ t poteter. Fôrar 3 hestar, 23 kyr, 30 sauer, 11 geiter og 2 svin. Kremmernes: Sår 1 t blk, ½ t poteter.

Fôrar 1 ku og 6 sauer.

1865: 3 mann. 3 hestar, 31 kyr, 64 sauer, 2 geiter, 3 svin. Sår 1 t bygg, 10½ t blk, 13 t havre, 11 t poteter.

1875: 3 mann. 3 hestar, 26 kyr, 7 kalvar, 35 sauer, 16 geiter, 2 svin. Sår 5 t blk, 14½ t havre, 16½ t poteter.

I oppgåvene frå 1865 og 1875 er Kremmernes medrekna.

Bnr 1 JOGARDEN

Peder Jonsen

Br ca. 1600-1624

I 1609 la han ½ mæle ½ fj i korntiend, og saman med grannen 1 geiteskinn i leidang. Grannan vart kalla unge Peder, og dei to reidde ut Jakob Ekornes til Kalmarkrigen, men det var Vigleik Sivertsen Hellen som gjekk ut for han. I 1612 var tienda hans komen opp i 1 mæle. I 1614 skar han 15 tylfter bord.

Elling

Br 1624-ca. 1635

Første året la han 1 mæle ½ fj i tiend, siste året 3 fj. Det er visst ikkje sonen som tek over etter han. Den neste brukaren er kanskje son til Elling Pedersen Ekornes.

Knut Ellingsen

g Guri Olsd.

Br ca. 1635-ca. 1676

Born: 1. Eli f ca. 1660 g Knut Nilssen Jarnes f ca. 1663 d 1702
2. Knut f ca. 1663, g p br
3. Ole f ca. 1665

I 1645 la Knut koppskatt for seg og kona, og hadde både dreng og taus. Han brukte først 3 mællag, sidan 3½. Krøterskatt i 1657 av 1 hest, 6 kyr, 10 sauer, 12 geiter = 90 skill. I 1675 la han 10 mk bygg, 2 pd 8 mk havre i korntiend. Enkja Guri Olsd. g 2. med

Paul Jonsen sk. 18/4 1696

Br ca. 1676-1696

Ingen born. Arvingane er enkja på den eine sida og Siri Jakobsd. og hennar systerborn Jakob Knutsen og Siri Jonsd. på den andre sida (alle myndige). Sk. Brutto vel 44 rd, netto knapt 34 rd. 1 hest 4 rd, 4 kyr à 3 rd, 1 kvige, 6 geiter, 4 sauer, part i kastenot, 3 torskegarn, 1 færing.

Knut Knutsen Blakstad f ca. 1663 d 1739

g Anna Jonasd. f ca. 1660 d 1735

Br 1696-1737

Born: 1. Lars f ca. 1696. Er i 1714 i «Den anden Reserve. Krom på hand og fod».
2. Paul f ca. 1699. d ug 1739

3. Jon f 1705, dp i Borgund. Barbra Våtmyr bar barnet.
Utskriven til Mellem-Søndmørske Komp. i 1729. Gift til
Gjævenes bnr 1 i 1739

4. Ole f ca. 1708, g p br

Bygselsetel frå Troels Christensen Krog på 3 mællag som hans far og stykfar brukte til dei døydde og mor hans «frivillig oplod». I 1705 brukte han 3 mællag $6\frac{3}{4}$ mk. i 1732 2 pd 13 mk. Tiend i 1706: 1 mæle havre, $\frac{1}{2}$ pd bygg, og 6 skill. i småtiend. La i 1711 ekstraskatt for ei taus med 1 rd i årsløn.

Ole Knutsen Blakstad f ca, 1708 d 1752

1737 g 1. Anne Ellingsd. Ekornes Indre (br 2) f ca, 1710 d 1737

1739 g 2. Berte Olsd. Løvoll br B f 1715

Br 1737-1752, enkja til 1754

Barn i 1. ekteskap:

1. Anna f 1737, d 1738, 17 veker

Born i 2. ekteskap:

2. Anna f 1740 d 1797
3. Karen f 1742 (unemnd i 1752)
4. Signe f 1743 d 1750
5. Berte f 1745
6. Ole f 1748 d 1804. Bustad Hatlemark br 1
7. Margrete f 1751 d 1762

Er førd med eit bruk på 3 mællag $6\frac{3}{4}$ mk i 1737, 3 mællag 7 mk i 1742.

Sk. 29/11 1737 etter 1. kona: 1 sølvbelte 7 rd. 2 tinnfat, 1 massingstake, 2 store gryter 2 rd, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar 3 rd, 1 trerøring, 9 torskegarn, $\frac{1}{3}$ i ei laksenot, 1 gl. kastenot, sengkledde for ca. 7 rd, 1 hest 6 rd, 4 kyr à 3 rd, 2 kviger 3-3-», 9 sauer, 5 geiter, 2 t bygg, 6 t havre, 1 raud kledes stakk, 1 blå einskjeftes stakk, 1 raud kirsjes stakk, 1 grå kirsjes stakk, 1 blått forkle, 1 blått snørliv med raude ermar. I alt til deling vel 69 rd.

Andre-kona Berte Olsd. gifte seg att.

Ole Jonsen Lade

f 1732 d 1803

g 1754 ek. Berte Olsd. Blakstad (1715-1784)

Br 1754-1782

Born: 1. Jon f 1755, g p br

2. Karen f 1757, g Peder Guttormsen Bårdsgjerde f 1751

Ole Jonsen fekk bygselsetel frå presten Hans Hiort. Legdsmann for 20. legd, tilsett i 1763.

Jon Olsen Blakstad f 1755 d 1822

1782 g 1. Marte Olsd. Kjemphol f 1753 d 1788

1789 g 2. Marte Larsd. Våtmyr f 1759 d 1832

Br 1782-1815

Born i 1. ekteskap:

1. Berte Olave f 1783 d 14 dg

2. Karen f 1785, g 1807 Peter Laurentius Olsen. Øvre Kurset f 1785

3. Berte Olave f 1787 d 1862, g 1814 Peter Ivers, Veibust

4. Marte Andrea f 1788, d 12 dg

Born i 2. ekteskap:

5. Rasmus Martinus f 1790 d 1791

6. Rasmus Martinus f 1792 d 1845, g 1830 Emmiche Christine
Trumpy (1809-1861), sorenskrivar, bustad Brandal, etc.

7. Berte Laurentse f 1794 d 12 dg

8. Ole *Elias* Martinus f 1796, g p br.

9. Johannes f 1799 d 1851, 1836 g Anne Elisabet Kristiansd. Hanken
f 1813, Gbr. på Tørle. Kjøpte jorda av broren Rasmus.

Bygselsetel frå N. Astrup. Kår.

Jon Olsen var mykje nytta som formyndar, såleis var han formyndar for Peder Pedersen Ekornes og borna. Det var Jon bruket fekk namn etter.

Sk. etter 1. kona: Brutto 102 rd, netto 94 rd, Sk. etter 2. kona: 36 rd, ingen gjeld.

Sonen Rasmus vart prokurator ved underretten 25 år gl. Sorenskrivar på Søre Sunnmøre i 1837. Kjøpte Håkensholmen i Ulstein og budde der nokre år. Kjøpte så futegarden på Brandal og flytte dit. I 1813 var han 1,62 m høg og var «skrivarkarl» hjå futen Landmark. Rasmus budde ei tid i 19. rode nr 26 i Bergen og hadde då barn med Agate Eriksen i 24, rode nr. 80: Rasmus Martinus f 20/2 1829. Frå før hadde han barn med Anne Knutsd. Berge frå Sunnylvn; Karen Marta f 12/4 1825. Ho vart sidan gift til Midtgård br 1 i Hundeidvik.

Ole Elias Martinus Jonsen Blakstad f 1796 d 1879

1818 g Ingeborg Severine Kristensd. Riksheim br 1 f 1791 d 1865

Br 1815-1839

Born: 1. Berte Johanne Kristine f 1821 g p br

2. Oline Laurentse f 1822 g 1840 Bernt Toresen Hundeide br 1.

Bygsla bruket av presten Kjelstrup 10. oktober 1815. La eid til konstitusjonen i 1823. Var svakhelsa, vert det fortalt i militære rullar.

Som lagrettemann skreiv han i 1833 under «med paaholden pen.»

Peter Olaus Olsen Ekornes Indre, (br 2) f 1812 d 1872
1839 g *Berte Johanne Eliasd. Blakstad* f 1821 d 1898.
Br 1839-1872

Born: 1. *Emte Bastiane* f 1840 d 17 veker
2. *Bastian* f 1841, g p br
3. *Emte Jensine Lovise* f 1844 d 1926, g *Bernt Olaus Hanssen*
4. *Erstad* f 1833 (Hansg. br C)
4. *Ole Martinus* f 1847 d 1912, g 1869 *Lovise Olsd. Blindheim*
f 1851, d 1899. Bd II s. 162
5. *Bastiane Nikoline* f 1851 d ug 1879
6 *Severine Charlotte* f 1859 d 1938, g 1878 *Hans Jørgen*
Hanssen Fauske f 1847, d 1947. Bd 1 s 51

Han fekk kongeskøyte på garden 31/12 1842 for 200 spd. Eid til konstitusjonen i 1842. 1845: Sådde ¼ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Buskap: 1 hest, 8 kyr, 11 sauer, 4 geiter, 1 gris. 1865: Sådde ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Krøter: 1 hest, 9 kyr, 20 sauer, 2 geiter, 1 gris.

Førebuingsarbeidet for matrikkelen har desse oppgåvene frå 1860-åra: 37 dekar god åker og eng, 46 dekar god natureng, meir dyrkbar jord, sår 4 t bygg, 34 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Årleg avling: 3 t bygg, 20 t blk, 21 t havre, 24 t poteter. Har nesten ingen hamnegang, men skog til husbruk. Godt lægje og lettbrukt.

Bastian Petersen Blakstad f 1841 d 1903
1870 g *Anne Tomasine Olsd. Blindheim* f 1849 d 1929
Br 1872-1891

Born: 1. *Johanne Severine Lovise* f 1872, g p br
2. *Petrine Karoline* f 1874 d 1954, g 1898 *Jakob Larssen*
3. *Myklebust* (1865-1903) frå Eid
4. *Oline Jensine* f 1876 d 1958, g 1899 *Karl Johan Knuts.*
5. *Hjorthol. Bustad Tusvik* bnr 5
4. *Anna Jensine* f 1879. Utvs nr 151, g *Georg Zazan* frå Riga
6. *Bastiane Elena* f 1883 d 1973. Utvs nr 152, g *Jens Strøm*, utvs nr 845

Skøyte frå faren for 700 spd mot kår. Løysingsrett for eitt av dei ugifte borna til 1/6 av bruket for 116 spd. Buskap i 1875: 1 hest, 7 kyr, 2 kalvar, 9 sauer, 2 geiter og 1 gris. Sånad: 3 t blk, 6 t havre, 5 t poteter.

Ole Petter Karlsen f 1863 på Tandstad, d 1946
1891 g *Johanne Bastiansd. Blakstad* f 1872 d 1931
Br 1891-1937

Born:1. Petter Bastian f 1892 d 1943. Uts nr 155

2. Karl Johan f 1894 p br

3. Oskar f 1897 d 1960

4. Anna Josefine f 1901 d 1904

5. Anna f 1905 d 2001, g 1946 Sigurd Siverts. Aure. Utsv 97.

Bd I s 416

6. Bergljot Olivia f 1907 d 1916

Var i Amerika frå 1886 til 1891. Utsv nr 153. Fekk skøyte på bruket frå Bastian Pettersen 11/9 1891 for 2800 kr med atterhald for seljaren av bruksrett til halve bruket. Kår. Bygde løe i 1907.

Karl Olsen Blakstad f 1894

Br 1937-1963

Tok over etter faren, men faren var med på gardsdrifta til han døydde. Også syskena til Karl var med på gardsdrifta. Systema Anna gifte seg det året faren døydde og frå då av var det brørne Karl og Oskar som dreiv i lag til Oskar døydde i 1960. Karl og Oskar arbeidde opp isdam, bygde ishus, og saman med Bjarne Tusvik kjøpte dei båten «Valo» til frakting. I 1960-åra flytte Karl til systema på Aure. Fekk skøyte på garden i 1963 og selde til Jens Petter Ekornes i 1967. Men garden vart teken att etter odelstakst av Bjarne Johansen Tusvik som fekk skøyte på garden i 1968.

Br 1968-1974

Han dreiv då garden som tilleggsjord til Tusvik-garden, til sonen overtok på Blakstad.

Harald Bjarnesen Tusvik f 1954

Br 1974-

Fekk skøyte på bruket 30/9 1974. Birger Tusvik fekk kjøpe Kremmernes Ytre i 1971, men Harald kjøpte det òg i 1978. Ingen bur på garden no.

Bnr 2 TOLLEVGARDEN

Lasse

Br 15 . .-1603, enkja til 1607

I 1606 la han i mæle i korntiend.

Vart også kalla Laurits.

Peder Olsen

Br 1607-1638

Peder «den unge». La i 1624-25 1 mæle 1 fj i korntiend, i 1636 5 fj.

Jakob Olsen Blakstad

Br 1638-1649

Låg for tidleg med «sin festmø» i 1637. Bot 3½ rd. I 1639 slo han broren Nils i Våtmyr og måtte bøte med 2 mk sølv. La koppskatt for seg og kona i 1645. Brukte 2½ mællag det året og la 2½ fj i korntiend.

Ole Nilssen Blakstad f ca. 1588

Br 1649-ca. 1667

Mykje tyder på at han var far til føremannen Jakob. Han dreiv handel før han tok over bruket etter Jakob. Tok borgarskap i Bergen i 1623.

I 1648 var der ein tvist mellom Ole og grannen Hover, og på tinget i Vik vart det vedteke at Ole ikkje måtte rive noko hus før dom var avsagt mellom dei. (Tb 10/7 1648.) I 1652 brukte han 3 mællag. La i 1657 krøter-skatt med 70 skill. for i hest, 6 kyr. 6 sauer og 4 geiter.

Dei siste åra brukte han garden i lag med sonen Peder.

Bjørn Dale, som har studert handelen på Sunnmøre i eldre tid fortel at Ole Nilssen i 1636-37 førde 60 v tørrfisk og 2½ lester salta torsk til Bergen. Same året la han ½ v i fisketiend. Han hadde minst to jekter. Av koppskattlista frå 1645 får vi vite at han hadde ein son og ei dotter då. Sonen Nils kom til Våtmyr. Ein annan son tok over bruket. Det var

Peder Olsen Blakstad f ca. 1638 d etter 1715

g Inger Arned. f ca. 1628 d 1729, 101 år

Br ca. 1667-1705

Born: 1. Alhed (Ales) f ca. 1673 g Lars Pedersen Tu (br 2) sk. 1720

2. Marte g Ole Anderssen Østrem, sk. 1733

3. Jon, g p br

4. Ole, g p br

Peder brukte 3 mællag 1½ mk. Som faren vart han og kalla borgar og jekteigar (Bst pk 65, 1675). Han «angiver til sin husholdning, sig selv og sin kone og søn, haver ellers tiendes katt av sin jord av hvilken han skatter som en anden bonde». (Bhl. Tillegg til antegnelser 1673-78, legg 4.) I 1675 la han 10 mk bygg og 2 pd 8 mk havre i tiend.

Jon Pedersen Blakstad f ca. 1681 d 1715

g Ragnhild Larsd. Blakstad (br 3) ca. 1684 d 1746

Br 1705-1715

Born: 1. Inger f ca. 1713, d 1715

2. Johanne f 1715 d 12 veker

«Forsyner sine gamle foreldre» fortel manntalet i 1701. Då var han ugift.

I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona, eit barn, og har ei taus med årsløn 1 rd.

Sk. 9/4 1715: Kontantar 8 rd, 1 koparkjel på 1 t 10 rd, sengklede for 11 rd, part i laksenot og kastenot, part i storbåt, ½ i ein kjempefæring, 6 kyr, ½ i ein hest, 8 geiter med kje, 6 sauer - brutto 67 rd, ingen gjeld. 3 rd til gravferda. Husa på bruket er i bra stand.

Ole Pedersen Blakstad (levde i 1739)

g 1715 Ragnhild Larsd., enkja etter broren Jon.

Br 1715-1737

Born: 1. Inger f ca. 1715 g p br

2. Massi f ca. 1718, g 1762 Hans Olsen Synes

3. Brite f 1721, g til Blindheim

4. Kristi f 1725, g til Synes

Ole Pedersen var først trulova med Marit Pedersd. Aurdal, og bror hennar stemnde Ole for å få han til å forklare grunnen til at han braut lovnaden sin. Saka vart utsett og teken oppatt seinare same året. Då var Ole Pedersen gift med ei anna. Han «bad om forlatelse», og med det var Marit og bror hennar tilfreds.

Ole og grannen Ingebrigt vart stemnde av presten Hiort som meinte dei stod til rest med «årlig tage». Men dei hadde betalt til major Rømer, som hadde kjøpt kyrkja og jordegodset som følgde med den, m.a. desse to Blakstadbruka.

Tollev Pedersen Grebstad f ca. 1706 d 1783

1738 g 1. Inger Olsd. Blakstad d 1741, 26 år

g 2. Marte Hansd. S. Vartdal (Knuteg.) d 1753, 45½ år

1754 g 3. Anne Hansd. Brunstad (Toreg.) f 1721 d 1786, 65 år

Br 1737-1783

Barn i 1. ekteskap:

1. Peder f 1739 d 1804, legdsl., blind

Born i 2. ekteskap:

2. Ågåte f 1743 d 1839 g 1774 Paul Olsen Haugset (1750-1811)

3. Marte f 1745 g Peder Pedersen Humlen, som omkom i 1788

4. Randi f 1749 d 1750, 22 veker

5. Randi f 1752 d 4 dg

Born i 3. ekteskap:

6. Ole f 1755, g p br

7. Anne f 1760, d ug 1786

Tollef vart i 1739 stemnd av svigerfaren fordi han ikkje hadde halde lovnaden han gav då Ole lét han få jorda, m.a. at Ole «skulle gå til Tollefs bord». Tollef kom i denne saka til å bruke munn på Christopher Abelse og måtte be om tilgjeving for det.

Sk. i 1741: Brutto vel 49 rd, netto ca. 25 rd (1/3 i ei laksenot, 1/6 i ein fjørøndfar, 1 hest 5 år, 5 kyr, 3 geiter, 3 sauer).

Sk. 1753: brutto vel 94 rd, netto 85 rd.

Sk. 1783: 33 rd, gjeld 33-1-2.

Ole Tollevsen Blakstad f 1755 d 1815

1783 g 1. Kari Monsd. Brunstad (Monsg.) f 1741 d 1811

1814 g 2. ek. Synneve Nilsd. Hoel f Hjelme 1760 d 1822. Ho var frå Norddalen.

Br 1784-1801

Ingen born.

Ved eit testament dat. 3/12 1809 fekk Ole heile buet. Han vart då kalla plassemann, d.v.s. kårmann. Ole var ofte nytta som lagverje.

Peder Pedersen Humlen f ca. 1780 d 1837

g 1805 Ingeborg *Gurine* Knutsd. Brunstad (Monsg.) (1775-1850)

Br 1801-1833

Born: 1. Olave Kanutte f 1808, g p br

2. Marte Andrine f 1811 d 1889, ug legdslem. Sjå bd IV 165.

Hadde dottera Berte Petrine f 1845, far: Kristen Jonsen Gjævenes.

Bygselsetel frå prost Astrup på 2 pd 13 mk dat. 28/10 1801. I 1837 var der ein liten auksjon etter han: Fiskevegn, 1 grå «vadmels brøstdug», etc.

Jørgen Petter Pedersen Hellen f 1794 d 1875

g 1828 Olave Kanutte Pedersd. Blakstad f 1808 d 1892

Br 1833-1859

Før ekteskap hadde han dottera Anne Petrine f 1821 (mor: Berte Paulsd.

Fet). Ho voks opp på Blakstad, g til Blakstadnes 1860. Budde på Brandal frå 1885.

Born i ekteskap:

1. Peter Karolus f 1832, g p br

2. Anne Gurine f 1835 d 1891, g Knut Jonsen Narvik (Svartebekk bnr 3)

3. Marte Petrine f 1838 d 1912, g Hans Johan Jarnes, budde på Gjævenes bnr 2

4. Emte Karoline f 1841 d 1919, g 1883 em. Jakob Simonsen

Tandstad f Skylstad 1837, d 1891. Bustad Gylet, Straumgjerde

5. Pernille Severine f 1841 (tvill.), g Ole Hanssen Hagestande frå Lesja f 1841. Bustad Hølepl. Fyllingen

Eid til konstitusjonen i 1836. 1845: Sådde ¼ t bygg, 3 t blk, 4 t havre. 2½ t poteter. Buskap: 1 hest. 8 kyr, 11 sauer, 4 geiter, gris.

Peter Karolus Jørgensen Blakstad f 1832 d 8/6 1874

g 1859 Olave Petrine Pettersd. Straumsheim br 5 (1835-1914)

Br 1859-1874, enkja til 1876

Born: 1. Jensine Lovise Eline f 1860 d 8/6 1874

2. Oline Regine Jakobine f 1862, g p br

3. Petrine Olave Ingeborg f 1866, g til Stave bnr 2

4. Anne Severine f 1870 d 1902, g 1895 Ole Peter Martinussen Blindheim f 1870

Skøyte frå faren 1859 for 350 spd. Kår.

1865: Sådde 1 t bygg, 3 t blk, 4 t havre. 3 t poteter. Buskap: 1 hest. 9 kyr, 22 sauer, 1 gris.

I 1860-åra hadde bruket 31 dekar åker og dyrka eng, 52 dekar natureng, meir dyrkbar jord, nesten ingen hamnegang. Skog til husbruk. Lettbrukt.

1875: 1 hest, 8 kyr, 3 kalvar, 14 sauer, 2 geiter, gris. Sår 6 t blk, 3 t havre, 4 t poteter.

Den 8. juni 1874 var Peter på heimtur frå Ålesund i robåt. Ut for Tusvik omkom både han og den 14 år gamle dottera som var med.

Nils Johan Kristiansen Sandvik (br 1) f 1840, d juledag 1914

g 1876 ek. Olave Petrine Pettersd. Blakstad f 1835 d 1914

Br 1876-ca. 1895, frå 1881 halve bruket

Barn: Peter Kristian Johan f 1876, lærar ved Moen Skole i Oppland.

Ved sk. etter Peter Jørgensen fekk Nils og k. halve bruket for 350 spd og

Oline Jakobine fekk andre halvta mot bruksrett for mora med mannen

Nils til Oline hadde fylt 22 år, og sidan kår.

Kristoffer Olaus Kristiansen Sandvik br 1, f 1849 d 1935

g 1881 Oline Petersd. Blakstad f 1862 d 1949

Br 1881-1927, halve til ca, 1895

Born: 1. Peter Olaus f 1884 g Olava Stuestøl. Han budde lenge i Vancouver B. C. Utvs nr 154

2. Berte *Jensine* f 1887, g p br

3. Petra Marie Olivia f 1895, g til Våtmyr.

Frå 1892 var Kristoffer eigar av heile bruket, fekk kjøpe Nils sin halvpart for 1400 kr. Kristoffer fekk premier for kyr på «fjøssekue» i 1889 og 1890.

Andreas Andreassen Aurdal f 1885 d 1967

1912 g 1. Karen Lovise Jørgensd. Almeskar f 1885, d 1923 på Veibust,
gravlagt på Ørskog

g 2. 1927 Berte *Jensine* Kristoffersd. Blakstad f 1887 d 1980

Br 1927-1947

Barn 1. ek.: Johan Ingvald f 1915

Johan Andreassen Aurdal f 1915

Br 1947-

Skøyte 1947 for 9000 kr. Kår. Dyktig amatør fotograf.

STØLEN

plass under Tollevgarden.

Elias Karolus Johannessen Tu br 2, f 1825 d 1892

1844 g 1. ek. Anne *Petrine* Pedersd. Velle f 1805 d 1879

1880 g 2. Nikoline *Marie* Larsd. Drotninghaug f 1830 d 1888

1892 g 3. Berte Karoline Amundsd. Melset br C f 1845 d 1910

Born i 1. ekteskap:

1. Hansine f 1846

2. Inger Anna f 1850 d 1926, g Karl Johan Fremmerfausa (1845-1928)

Elias budde ei tid på Ytre Ikornnes. Grannane på Blakstad sa at Elias var svært hjelpsam. Han fekk festesetel frå Jørgen Pedersen Blakstad på eit stykke bømark og ei nausttomt, dat. 27/10 1855. Plassen låg oppe i bakken ovanfor bygdevegen. I 1875 sādde dei 1 t blk og 2 t poteter. Dei hadde ei ku, og föra 5 geiter for andre.

Berte Karoline kom til Blakstad for å tene, men det vart til at ho gifte seg med plasse mannen så ho fekk plassen.

Under dei to bruka vi så langt har skrive om låg

Bnr nr 4 BLAKSTADNES (KREMMERNES)

Vart først kalla Ødegård, eit namn som var mykje brukt først på 1600-talet.

Ole

Br 15 . . -1612

Vart oftast kalla Oluf i skriftlege kjelder. Var handelsborgar og hadde to

drenger. La 1 kalveskinn i leidang i 1606. (Sjå Bugge: Ålesunds Historie I s. 377.)

Halvor

Br 1612-1615

La ½ fj i tiend og 1 kalveskinn i leidang både i 1612 og 1613.

Jon Pedersen

Br 1615-1630, enkja til 1633

I 1628 var Jon «udarmet».

Peder

Br 1633-1636

Ole Nilssen Blakstad

Br 1636-1648

La i 1645 ½ mæle i korntiend. Same året koppskatt i Bergen for seg og kona. Hadde to jekter på 6 lestar. Sjå Tollevg., som han tok over i 1648.

Ole Larssen Blakstad f ca. 1649 d 1721

g Else Fredriksd, f ca. 1641 d 1724

Barn: Christian, f ca. 1693 d før 12/11 1721

Ole Larssen dreiv handel på Blakstadnes dels for eiga rekning, dels for Abelsetfamilien. Han vart snart kalla husmann, snart strandsitjar. Oftast det siste, og det må vere det rette. For vi ser at han måtte betale den såkalla kopp- og eldstadskatten, og den var korkje for husmenn eller for vanlege gardbrukarar. I 1688 la han 1 rd 2 ort i slik skatt, i 1690 1 rd 1 ort 8 skill. Dette er ikkje små skattar, og på tinget i 1690 klaga han då og på skattane. I 1705 og i 1710 var han for fattig til å betale skatt.

I 1689 skreiv presten, som sjølv la kopp- og eldstadskatt, om Ole Larssen og kona (Bst pk 90): «Begge to er udfattige og skrøbelige folk, som aldelis ingen næring haffuer at leffue aff, uden som andre elendige huusfolck.» Dei kan difor ikkje betale denne skatten. Den same skildringa av fattigdom finn vi i futerekneskapen for 1699; «Thi hverken ejer de noget: til med er han blind på det ene øye og ofte sengeliggende, han er både gammel og skrøpelig. De har ingen tjenestefolk.» Manntalet i 1701: Har et lidet hus, er fattig og blind.

I 1704 fekk Ole Larssen bevilling til å setje opp eit hus for å drive handel med bøndene i Sykkylven, så dei slapp å fare til Apalset med varene sine. Huset var ei sjøbu med loft. Eigar av huset var Ole Larssen

Abelset, så det var sikkert for han Ole Blakstad dreiv handel på denne tida. I skiftet etter Ole Blakstad vert det fortalt at Else er «meget svag, sengeliggende og elendig». Ho vart difor flytt til Tu. Der hadde son deira, Christen budd, men var død. Enkja, Ahled Pedersd. f Blakstad, var frå Tollevgarden bnr 2. På Tu skulle Mikkel Tu ta seg av Else så lenge ho levde, og for det fekk han 52 rd i kontantar og for ca. 38 rd i lausøyre (Sk. prot. nr 6 s 244).

Etter skildringane av den store fattigdomen er det uventa å finne at buet etter Ole Larssen er på nesten 200 rd, av det 140 rd i kontantar. Sonesonen på Tu fekk ca. 45 rd.

Husa på Blakstadnes var ei lita stove med kjøk, bak stova ein liten fjøs, elles ein annan fjøs, eit lite eldhus, ei sjøbu med loft, og eit gammalt naust.

Tre av Abelset-brørne hadde pengar til gode i buet, og dei fekk stova. Og presten bygsla bort Blakstadnes til Paul Abelset, som pakta bort handelen til

Jetmund Jetmundsen.

Han tok over Blakstadnes kort tid etter at Paul Abelset vart bygslar der. Det er tvilsamt om Paul i det heile budde der.

Jetmund hadde borna:

1. Peder f 1723, dp i Borgund. Mellom fadrane var Mads Bondal frå Tusvik og dottera hans, Ælid, løytnant Bringeland, og «min kjæreste bar barnet», skriv presten.
2. Jetmund f 1725. Prestefrua bar barnet igjen. Desse «kondisjonerte» fadrane tyder på at Jetmund var borgar og dreiv handel på Kremmernes. 1724: «Her har af gammel tid været et lidet og ringe kremmer leie som nu igjen bliver oprettet» av Christopher Abelset og Peder Honningdal. Truleg var det for dei Jetmund Jetmundsen dreiv handelen då. Men Jetmund med familie flytte nok frå bygda før 1730.

Den neste vi veit om på Kremmernes er

Peder Knutsen Valde

g Margrete Olsd.

Born: 1. Ole f 1744 d 1748

2. Berte f 1747

Her var ingen kondisjonerte fadrar. I 1745 er Peder nemnd som fattig.

Etter 1747 «kvarv dei burt», som Gerhard Kjøllås skreiv om eit par frå Stranda som flytte til Hundeidvik.

Anders Davidsen Blakstadnes f ca. 1715 d 1801

g 1. 1748 Maren Jakobsd. Aure (Knutg.) ca. 1716 d 1733

g 2. 1774 Randi Sjursd. Helsem f 1733 d 1798

Born i 1. ekteskap:

1. Berte f 1750, g Jakob Olsen Utgård (bnr 3)
2. Eli f 1751 d 1809, g 1788 Erik Larssen Åkre (1758-1843)
3. Jan f 1752 d 1756
4. Maren f 1755 d 1772
- 5 Karen f 1755 (tvill.) d 1795, g 1792 Hans Ols. Lyshol (1753-1826)
f Høgset
- 6 Marte f 1758, g 1796 Størker Størkers. Barstad f Nes i Skodje. Ho hadde barnet Tyri Mari f 1795 (far: Henrik Olsen Klokk = Børås (husmann)).
7. Knut f 1762. Til Svartebekk bnr 1

Anders skreiv seg for Kremmernes eller Kremmergård. I unge år var han i teneste ute på øyane og hjå Jan Ebbesen Aurdal. Men han vart fleire gonger nemnd som daglønar utan fast teneste. Han var ein kar med temperament, og skal ein tru det meste av det som vert fortalt om han, litt av ein rabagast og skrythals. Utanbygds fortalde han at han hadde 60 beist gåande på ein holme. Holmen er der, og har høveleg plass til 60 måsar, og det var vel beista han snakka om. (Sjå bladet «Sunnmøringen» 1933 med andre segner om Anders.)

I bd 1 av gardssoga vert det fortalt (s. 294), etter Fylling, at Anders fann ein pengeskatt på Alnes saman med ein mann frå Andestad. Om dette skriv Fylling: «Om Anders snekkers andel ved sagnet ikke noget at berette.» Men det ein veit om Anders gjer det svært sannsynleg at segna om funnet har ein verkeleg bakgrunn. Anders dreiv handel på Blakstadnes og kom etter kvart til å verte stor jordeigar. Han må ha drive handel lenge før myntfunnet, for han er nemnd som handelsmann der før kameraten hans ved funnet var fødd.

Dei fleste segnene om Anders syner at han var ein luring. Her eit kort samandrag frå Aalesunds Blad (1876) om skattefunnet: Snikkar-Anders, som han vart kalla, hadde høyrte om ein såkalla haugeld folk hadde sett over ei stor ur nær Alnes, og at folk meinte det var underjordiske, haugfolk, som heldt til der. Anders var ikkje overtruisk og ville granske dette nærare. Han fekk med seg Anders Andestad, og ein av brukarane på Alnes som dei kjende godt, viste dei staden. Anders la merke til ein stad der nokre flate steinar var lagde til rette, men sa ingen ting, berre lét som han trudde der var underjordiske i nærleiken og sa at det var best å pjaske seg derifrå det fortaste dei kunne. Om natta fór dei to

sykkylvingane tilbake til staden og fann ein koparkjel nesten fylt med pengar, som dei tok med seg til Kremmernes og delte mellom seg. Snikkar-Anders skal ha sagt at pengane ikkje kunne ha lege der meir enn i 90 år og at det enno var gangbar mynt. Funnet skal ha vore på 900 rd.

Snikkar-Anders var òg trondheimshandlar.

Av gardar der han åtte jord kan nemnast Brunstad, Dravlaus. Midtgård. Utgård, Barstad, Kjellingset, Store Urke, Åkre og Flesje. Noko kjøpte han på auksjon, og det han ikkje selde att bygsla han bort.

Anders Davidsen var son til David Andersen Grebstadbøen. På sine gamle dagar budde Anders hjå sonen Knut på Svartebekk, og der døydde han.

Mons Knutsen Molaup f ca. 1767 d 1814

1802 g 1. Nille Olsd. Aklestad f 1761 d 1803

1804 g 2. Johanne Pedersd. Indre Ekornes br 1, f 1771 d 1846

Br 1800-1813, enkja til 1818

Born i 2. ekteskap:

1. Inger Severine f 1804 d 1858, g 1. 1834 Elling Martinuss. Ytre

Ekornes br 4, g 2. 1850 Knut Torsteinsen Svartebekk f 1819

2. Johanne *Nikoline* f 1810 d 1891, g 1842 Andreas Petersen Jarnes (bnr 3)

Mons fekk bygselsetel frå prost Astrup 30/9 1800. Nille tente hjå han før dei gifte seg. Før hadde Mons vore ved garnisonen i Bergen i 10 år. Då 1. kona døydde, hadde han vitne på at Nille sin siste vilje var at han skulle arve alt, då bror hennar og to systre «tross bud» ikkje hadde vilja sjå til henne medan ho var sjuk.

Mons var så fattig at han ofte leid naud. I skiftet etter han er husa på Kremmernes nemnde, og vi kjenner att nokre frå tidlegare kjelder. Ei stovebygning av tømmer med røykstove med 1 fag blyvindauge og grue, ein gang av stavverk og eit tilbygg av stavverk, ein liten ku- og smalefjøs, ei gammal sengebu, eit gammalt eldhus av stavverk, eit naust. Stovebygninga vart taksert til 26 rd.

I 1804 stemnde grannane han fordi krøtera hans hadde gjort skade på skog og bømark for dei. Mons lovde at krøtera hans ikkje skulle gå lenger på bøen enn krøtera til dei andre. Av skog skulle han få 6 lass, 2 av kvar av Blakstad-brukarane.

Enkja gifte seg att i 1818 med

Erik Torsteinsen Hagevik f ca. 1785

g 2. 1848 Ragnhild Petrine Pedersd. Hellen f 1800 d 1887. Hagevik ligg

Kremmerneset der den gamle handelsstaden låg. Legg merke til holmen, der Snikkar-Anders hadde 60 beist gåande.

i Sogn og Fjordane. Fekk bygselselel på Kremmernes frå pastor Kjelstrup i 1818. Erik døydde før andrekona. Ho var kårenkje og legdslem då ho døydde 87 år gammal.

Den neste på Kremmernes var

Hans Johannes Jørgensen Blakstad br 3 f 1828 d 1879

son til Jørgen Ols. Blakstad og kone Inger Berntsd. f. Erstad («Litar-Inger»).

1860 g Anne *Petrine* Jakobine Jørgensd. Hellen f 1821 d 1896. Foreldre: soldat Jørgen Pedersen Hellen og Berte Paulsd. Fet. (Jørgen g Blakstad br 2.)

Br 1860-1879, enkja til 1885

Barn før ekteskap: Ingeborg *Petrine* f 1850 (mor: Inger Magnusd. Øvrehaug f 1820 i Norddalen). Ingeborg fekk barn: Nikoline f 1872 (far: Kristian Larssen Ekornes). Ho skreiv seg for Aure, d 1835. Mor til utvs nr 77. Ingeborg g 1880 Hans Peter Nikolaisen Aure f Blindheim 1858 d 1913. Bd I s 441. Utvs nr 81.

I 1865 sådde dei 1½ t blk 1½ poteter og fôra 2 kyr og 4 sauer. I 1875: Sådde 2 t blk 2 t poteter. - 2 kyr og 6 sauer. - *Petrine* gav sølvknappen sin og kista til Jensine i Tollevgarden.

Rasmus Larssen Tusvik bnr 2 f 1842 d 4/6 1890.

1882 g Karen Laurentse Nilsd. Midtgård br 4, f 1830 d 1898

Ingen born.

Br 1885-1890

Byggesetelen, dat. 28/10 1885, fekk han frå fleire Blakstadfolk.

Rasmus omkom på havet 4/6 1890. Desse var dei siste som budde på Kremmernes.

Då desse siste budde der, var der 6½ dekar åker og dyrka eng, og der var ikkje noko meir som kunne dyrkast. Det vesle som var, var lettbrukt.

Som nemnt var det under Jogarden og Tollevgarden denne plassen låg. Då desse delte plassen mellom seg, var det Tollevgarden sin del som fekk bnr 4 skyld 0,17. Jogarden sin del vart kalla

Bnr 6 Kremmernes Ytre

utskild i 1903, skyld 0,18.

Sjå Jogarden.

Bnr 9 FURULUND

Utskilt frå bnr 6 i 1978, skyld 1 øre, byggetomt Per Jarle Jarnes f 1952, g Ellinor Valderhaug f 1953.

Bnr 3 HAUGEN

På 1600-talet vart Haugen brukt som etternamn på brukarane her, og heile garden vart lenge kalla Blakstad med Haugen. Dei to andre bruka var jamstore. Haugen var noko mindre.

Hover Olsen

g Berte Tu

Br ca. 1623-1625 og 1629-ca. 1648

Vart bøtelagd (4 rd) for lm med kjærasten i 1621.

I åra 1625 til 1628 er ingen brukar nemnd her, og matrikkelen av 1626 har med berre to mann på Blakstad. I 1638 er nemnde to borgardrengar på Blakstad, Jakob Halvorsen og Bendik Olsen. Om borgardreng her tyder ein som tenar hjå ein handelsborgar, kan Jakob Halvorsen vere son til Hover. For Halvor og Hover vart brukte om kvarandre. I 1645 la Hover koppskatt for seg og kona og ei tenesttaus. Det året la han ½ mæle i korntiend.

Ole Haugen

(ein stad kalla Oluf Haug)

Br ca. 1648-1664

La 60 skill. i krøterskatt i 1657 for 1 hest, 5 kyr, 4 sauer og 4 geiter, og skatta av 2 mæling.

Rasmus Olsen f ca. 1635

Br 1664-1675

Barn: Ole f ca. 1663

Jon

Br 1675-ca. 1682

Han skatta av 2 mællag 1 fj første året, og la 1 pd 4 mk i korntiend.

Lars Pedersen Blakstad f ca. 1651 d 1715

g Mari Ingebrigtsd. Erstad (Peg.) f ca. 1645 d 1739. Ved dødsfallet vart alderen 100 år skriven, men det er nok ikkje rett.

Br ca. 1682-1713

Born: 1. Ingebrigt f 1682, g p br

2. Ragnhild f ca. 1684, g Ole Pedersen Blakstad (bnr 2) Ho var enke etter Jon, bror til Ole.

3. Ole f 1691, til Sjøholt

4. Siri f ca. 1692, g 1725 em. Sjur (eller Siver) Hanssen Terøen. Bustad Vedde. Han g 3. 1736 Marte Eriksd. Svartebekk

5. Alet f ca. 1694 d 1771, g 1. 1727 Ole Olsen Opshauglid f 1685, g 2. Ole Johansen Tøsse. Budde på Tøsse.

Skatta av 2¼ mællag. Tiend i 1706: 3 fj havre, 4 skill. i ostetiend.

Sk. 6/12 1715: Brutto: Vel 26 rd, netto 8 rd. (Part i laksenot, 5 torskegarn, 1 sildegarn, 1 brun hest, 1 okse, 2 kyr, 3 geiter.)

Ingebrigt Larssen Blakstad f ca. 1682 d 1736

g Ragnhild Knutsd. Lade f ca. 1681 d 1741

Br 1713-1736

Born: 1. Ingeborg f ca. 1710 d 1803, g 1750 em. Nils Larssen Aurdal f Kjemphol (sjå bd 1 s 309)

2. Mari f ca. 1716, g p br

3. Berte f 1721 d ug 1764

4. Lars f 1724, 1759 g Eli Paulsd. Våtmyr f 1736. Budde der. Fekk bygselsetel på 2 mællag i Blakstad av presten Ibe Rafnsberg 12/6 1713. Vart som grannen Ole stemnd av presten Hiort for resterande «årlig tåge» for 1726-1728. Bruka deira høyrde til kyrkjegodset som major Rømer kjøpte saman med kyrkja, og dei hadde betalt til han.

Sk. etter Ingebrigt 1/10 1736: 1 koparkjel vel 7 rd, 1 tinn smørkanne, 1 gryte på to kanner, 1 tasak (kort sabel), 1 gammel kvern, fiskevegn, 1 kvit hest 6 år - 6 rd 3 ort, 5 kyr, 8 sauer, 5 geiter, Povel Andersens huspostill 1 rd, gangklede: 1 raud kirses trøye, 1 svart vadsmålstrøye, 1 kvit vadmålsvest o.a. Brutto 58 rd, til deling vel 45 rd.

Jørgen Olsen Grebstad (Erikg.) f ca. 1706 d ca. 1786
g 1. 1738 Mari Ingebrigtsd. Blakstad f ca. 1716 d 1749
g 2. 1751 Guri Olsd. Eidem f 1721 d 1799
Br 1737-1784

Born i 1. ekteskap:

- 1 Ingebrigt f 1740 d 1785, g 1783 Anne Samundsd. Sylen
2. Ole f 1743 d 1788, g 1769 Lisbet Knutsd. Straumsheim (br5) (1743-1818). Bustad Uren. Bd I s 108.
3. Alet f 1746, g 1. Lars Larss. Velle f Straume. G 2. Ole Ingebrigts. Velle f Straume
4. Sjur f 1749 d 4 veker

Born i 2. ekteskap:

5. Mari f 1751 d 1789, g Hans Gregoriuss. Skarbøvik el. Osene
6. Berte f 1754, g 1. 1794 Hans Hanss. Davenes f 1739.
G 2. 1795 Jetmund Jørgenss. Kurset (br 2). Sjø Davenes
7. Barbro f 1756, g p br
8. Håver f 1758 (også kalla Halvor), til Skarbø.

Ole Knutsen Klokk (br B) f 1751 d 1807
g 1784 Barbro Jørgensd. Blakstad f 1756 d 1832
Br 1784-1807

Born: 1. Berte *Olave* f 1785, g 1812 Jakob Anderss. Langvand f ca. 1789
2. Andrea Gurine f 1787 d 1 år
3. Ingeborg *Marie* f 1791, g 1821 Ågne Bernts. Erstad br 1
4. Jørgen f 1793, g p br
5. Tyri Andrea f 1800 d 1½ veke

Skaut bjørn i 1796. Sk. 1807: Brutto 155 rd, gjeld 75 rd.

Jetmund Jetmundsen Brøvoll f 1777
g 1807 Tyri Kristoffersd. Midtgård (br 4 A) f 1776
Br 1807-1808
Barn: Olave Severine f 1807.
Bygsla 1 pd 16½ mk av presten Kjelstrup 24/10 1807.
Alt i 1808 er denne familien komen til Mørkeset.

Paul Larssen Riksheim (bnr 2) f 1776 d 1832
g 1808 ek. Barbro Jørgensd. Blakstad f. 1756 d 1832
Br 1808-1832

Sk. etter Paul: Brutto 109 spd, netto 80 spd.

I 1833 var der auksjon etter kårfolka. Sum 91 spd, netto 80. 1/50 i kornmagasinet på Jarnes med innskot 2 t 6 skjepper havre 7 skjepper bygg; 2 kyr, 1 hespetre, 1 kiste med lås og beslag. Barbro er også kalla Barbra.

Jørgen Olsen Blakstad f 1793 d 1841
1821 g Inger Helene Berntsd. Erstad br 1 f 1795 d 1848
Br 1832-1841, enkja til 1844

Born: 1. Ole *Bastian* f 1823, g p br.

2. Bernt Martinus f 1825, g Inger Jonsd. Narvik. Svartebekk
bnr 3. Kalla Lia-Bern etter plassen han hadde. Sjå sist under
Hovden.

3. Hans Johannes f 1828, 1860 g Anne Petrine Jørgensd. Blakstad,
bustad Kremmernes bnr 4.

4. Tomas Olaus f 1830 (Nesja-Tomas) plm. Neset under garden

5. Berte Petrine f 1832 d 1927, g 1866 Iver Peders. Lilledoset.

Bustad Reiten, Velle, bnr 11.

Berte Petrine hadde barn: Johanne Karoline f 1856 (far: Iver Klausen
Eidem, sidan Utgård («Grava-Iver»). Johanne g 1887 em. Petter Olaus
Pettersen Fet.

Jørgen Olsen fekk kongeskøyte på bruket 2/4 1833.

Sk. etter Jørgen 1842: Brutto ca. 205 spd, netto 30 spd. Auksjon
same året: 26-2-4.

Ole Bastian Jørgensen Blakstad f 1823 d 1898
1844 g 1. Lovise Pedersd. Utgård br 3 f 1819 d 1888
1890 g 2. ek. Agnete Marie Pettersd. Jarnes br 6 (1843-1919)
Br 1841-1868

Born: 1. Jensine Petrine f 1845, d som spebarn

2. Jensine Hansine Petrine f 1846, g p br

3. Inger Hanna f 1851 d 1942, g 1873 Jakob Nilssen Ytreberg,
Skodje, f 1849 d 1923

Skøyte frå skifteforvaltaren 15/7 3848 for 180 spd.

1845: Sådde ¼ t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 2 t poteter.

Buskap: 1 hest, 7 kyr. 8 sauer, 3 geiter.

1865: Sådde 3 t blk, 4 t havre, 2½ t poteter. Krøter: 1 hest, 7 kyr, 14
sauer, 1 gris.

Vart kårmann i 1868 og flytte til plassen Blegen. Vart til dagleg kalla «Blægje-Bastian».

På hovudbruket hadde han i 1860-åra 26 dekar åker og dyrka eng av god kvalitet, 54 dekar mindre god natureng, meir jord kunne dyrkast. Lettbrukt.

Knut Johannes Pettersen Velle i 1830 d 1876

(han var frå Valjabøen, vart kalla «Klanet-Knut»)

1868 g Jensine Petrine Hansine Bastiansd. Blakstad f 1846 d 1887

Br 1868-1876, enkja til 1880

Born: 1. Ole Johan f 1868, g p br

2. Peter Bastian f 1869 d 1942, g Antonette Klausd. Emlem
(1874-1942). Bustad Emlem. Skreddar, spelemann

3. Karl Johan f 1872 d ½ år

4. Petrine Jensine Karoline f 1874 d 1894

Knut var klarinettspelar. Fekk skøyte frå verfaren på bruket og den delen av Blakstadnes som på denne tida hørde til alle tre hovudbruka.

Sjå bd 1 s 89.

Jensine gifte seg att i 1880 med

Nikolai Halvorsen Austrem f 1858 d 1926

1888 g 2. Hansine Marie Hansd. Davenes f 1864 d 1934

Br 1880-1888

Born i 1. ekteskap:

1. Knut Laurits f 1881

2. Lovise f 1884

I 1888 flytte Nikolai til Emlemsgvåg og vart gbr. der. Nikolai var frå same Austrem-bruk som ei Svartebekk-slekt brukte 1709-1788.

Ole Johan Knutsen Blakstad f 1868 d 1945

1890 g 1. Hansine Marie Rasmusd. Austremsreit (1866-1900)

1905 g 2. ek. Berte Olave Olsd. Stavset f Skuset (1867-1963)

Br 1888-1905

Ole Johan fekk bruket ved skifte etter faren. Då var han berre 11 år gammal. Ole Johan hadde ingen born på Blakstad. Då han gifte seg andre gongen flytte han til Skodje og selde Blakstad-bruket til

Rasofiel Berntsen Festøy f 1869 d 1964

1903 g Marie Knutsd. Grønnevet, Vartdal (1867-1960)

Br 1905-1923

Rasofiel selde tomter til kaptein Hamre til lager og kaiplass, og rett til å ta kalkstein for 2000 kr. Desse rettane vart i 1918 transporterte til Blakstad Kalkmylne. Det synta seg at der var for lite og for dårleg kalk. Ei tid stod mylna ubrukt, og i 1929 vart det slutt for godt. Mylna med steinlager, maskinrom, kalkrom, elektrisk motor, steinkvern og to jarnvogner vart verdsett til 4000 kr. Like ved kalkmylna stod ei smie. Rasofiel flytte tilbake til Vartdal i 1951 og selde garden til ein som hadde hatt aksjer i kalkmylna og arbeidde der ei tid. Det var

Ole Severin Olsen Grebstad (Peg.) f 1877 d 1975

1913 g Johanne Marie Pettersd. Aure f 1887 d 1958

Br 1923-1949

Born: 1. Kari f 1914, g 1944 Conrad K. Tusvik br 4, fabr.eigar

2. Jenny f 1915 g 1948 Paul Myrstad frå Spjelkavik

3. Olav f 1916. 1940 g Ruth Mork. Vegsund-Blindheim.

Sjå bd I s 203

4. Petter Anton f 1918, 1948 g Astrid Brekke frå Gurskøy

5. Kristian f 1921, g p br

6. Møyfrid Reidun f 1928, 1953 g Olav Nordnes, Trysil

7. Oddny f 1929, g 1957 Ole Rørvik, Vigma

Ole gav 8000 kr for bruket. Kår til seljaren og kone.

Johanne var interessert i hagestell og visste mykje om blomster, også dei latinske namna. Var leiar av kvinneforeninga i Tusvik. Fekk leddgikt som gjorde henne hjelpelaus, og på slutten vart ho blind.

Kristian Olsen Grebstad f 1921

1949 g Anna Ekornesvåg f 1923 i Borgund.

Br 1949-

Born: 1. Judit Anna f 1950 g Magne Krogh frå Stadlandet

2. Åshild Oline f 1953 g Bjarte Emdal. Bur på Sætre

3. Ole Kåre f 1957, g Sigrun Garli frå Hundeidvik. Har bygt hus på bruket. Fabr.arb.

4. Leif Arne f 1959

I 1954 hadde Kristian hest og 7 kyr, 3 kalvar, 5 sauer. Selde hesten i 1959. Har no 7-8 mjølkekyr, 3-4 ungdyr, 8-10 sauer, 1-2 griser, ca. 20 høns. Mykje bringebær, moreller og andre hagebær. Plommer. Har høyvendar, hesterive, mjølkemaskin. Kristian meiner at også dette bruket åtte part i Kremmernes, men dokument som viser dette er ikkje funne.

BLEGEN

Plass under bnr 3

Elling Karolus Martinussen Ekornes f 1809 d 1876

1834 g 1. Inger Monsd. Blakstad br 4 f 1804 d 1858

1861 g 2. Oline Olsd. Akslen f 1802 i Borgund, d 1882

Br 1836-1868

Fekk festesetel 7/4 1836 på eit stykke mark under Blakstad frå Jørgen Olsen Blakstad.

Elling hadde desse borna før ekteskap: Johanne Karoline f 1831 (mor: Inger Monsd. Blakstad). Mons Elias f 1832 (mor: Eline Monsd. Utgård). Johanne voks opp, Mons vart 17 veker gammal. Elling var «fast gjest» i forlikskommissjonen, oftast for gjeld, men òg for skjellsord og skuldningar mot ein eller annan. Dei fleste sakene gjekk til retten, då han ikkje gjekk med på forlik eller ikkje møtte i forlikskommissjonen.

I 1872 var der tvangsauksjon hjå dei: Ei stovebygning med tilbygd løe og fjøs, stabbur. Husa vart selde for vel 31 spd. Ekteskapet med Oline slutta med skilsmisse. Det gulmåla stabburet med torvtak vart det teke utlegg i to gonger før det vart selt. Også Elling sin part i Tusvik Sildenotlag vart det teke utlegg i ved eksekusjonsforretning,

Ole Bastian Jørgensen Blakstad f 1823 d 1898 flytte hit frå hovudbruket.

I kontrakt mellom Knut Pettersen Blakstad og Bastian vart det ordna med oppsetjing av ei stovebygning på Blegen og endringar i kåret til Bastian.

I 1897 var Jens Ytreberg, då 7 år gammal, på besøk hjå bestefaren Bastian. Bestefaren lét som han ikkje greidde å lyfte Jens opp på fanget, men greidde det no endeleg, og dei fekk seg ein prat. Då Jens og mora kom ut av stova, sa Jens; «Det var fole so han bestefar tøgg!» «Ja.» sa mora, «han tygg tobakk. Det må du aldre gjere.» (Fortalt av Jens i brev til forfattaren 1980.)

TUENE (også kalla NESET)

plass under Blakstad bnr 3.

Tomas Olaus Jørgensen Blakstad f 1830 d 1898

1861 g Karen Eline Iversd. Hjellegjerde f 1835 d 1891

Br 1861-1898

Born: 1. Inger Petrine Karoline f 1860 d 1953, g 1906 em. Hans Rasmus Nilssen Tjønes f Furstrand 1841 d 1917. Han flytte til Blakstad. Inger hadde barn: Peter Bastian f 1883 (far: Knut Jonsen Svartebekk) g p pl.

2. Johanne Karoline f 1862 d 7 veker
3. Johanne Marie f 1863
4. Iver Johan f 1866, g Berte Tomasine Kursetgjerde f 1865. Til Svartebekk (Hagen, under br 2)
5. Johan Severin Andreas f 1869, g Vilhelmine Breivik. Dei budde på Kjerstad på Lepsøya. Han var fiskeskipper, felebyggjar
6. Johanne Severine f 1870
7. Karoline Petrine Jensine f 1873 d 1874, 14 år
7. Tomas Olaus Karolus f 1876, g 1. Lisa Rønstad, g 2. Dina Farstad. Budde på Lepsøya
8. Hansine Petrine Laroline f 1880, g Elias Farstad, Lepsøy.

1865: Sådde ½ t havre 1 t poteter. Fôra 1 ku og 2 sauer.
 1875: Sådde ½ t blk, 1 t havre, 1½ t poteter. Fôra 1 ku, 1 kalv, 2 sauer, 4 geiter.

Hans Rasmus Nilssen Furstrand f 1841 d 1918.

Han tok namnet Blakstad.

1874 g 1. ek. Karen Olave Jensd. Tjønes f Strømmegjerde 1822 d 1903

1906 g 2. Inger Petrine Tomasd. Blakstad (Tuene) (1860-1953)

Br 1906-1918, enkja til 1937.

Hans vart sjuk under ein tur til Ålesund for å selje bær. Kom seg heimatt og døydde kort tid etter, tarmslyng.

Bnr 5 YTREBERG

I 1896 vart Neset fråskilt bnr 3 Blakstad. Det vart funne at plassen var $\frac{1}{7}$ av hovudbruket og skylda vart sett til 0,39.

Plassen var i eitt stykke og fekk Aubergteigen som skog. Hadde elles utmark i lag med hovudbruket. Nesja-Inger kjøpte plassen for 600 kr. Ho brukte plassen lenge som enkje og passa foreldra og to av syskena som trong hjelp. Då ho skulle betale sin gjeld til kommunen på 60 kr., slapp ho med å betale 20 kr. fordi ho hadde spart fattigkassa for ein større sum.

Jens Konrad Iversen Blakstad f 1907 d 1987

1937 g Augusta Marie Evensen f 1913 i Bolsøy, d 1984

Br 1937-1979

Born: 1. Per Anton f 1939, sjå bnr 8

2. Kari Inger f 1845, g 1963 Jens Petter Sigurdson Ekornes f 1942

3. Olav f 1951, 1977 g Marit Ytterdal f 1957. Bygde hus på Blakstad i 1979.

Jens fekk plassen ved gåvebrev frå farsystera Inger mot kår, med pleie når det trongst, og fritt husrom for syster til Inger, Johanne, men utan pleie. Og ved testament av 29/11 1940 vart Jens eine-arving.

Jens er smed. Var i kortare tid på jarnvegsarbeid i Nordland, og har elles i mange år arbeidd på fabrikk. Han bygde ny stovebygning i 1939, stavverk, 8 x 7 m i 1 høgde.

Bnr 8 SMEDSTAD

Utskilt frå bnr 5 i 1965. skyld 1 øre

Per Anton Jenssen Blakstad f 1939

1960 g Gerd Kåresd. Solberg f 1942 i Øverbygd.

Born: 1. Jens Kåre f 1960, elektrikar, g 1981 Else Espe frå Stranda f 1961

2. Trond Arne f 1963

3. Elin Merethe f 1968

4. Iver Andreas f 1973 d 1990. Kom bort på sjøen (Tromsøflaket) frå M/S Fausken.

Formann i styret for Sørestranda småbåthamn. Er sveisar og mekanikar. Driv båtslipp og mek.verkstad.

Bnr 7 NYHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1952, skyld 6 øre

Petter Anton Olsen Grebstad f 1918

1948 g Astrid Ragnhild Brekke f 1921 i Herøy

Born: 1. Kari Anne f 1949 i Bolsøy

2. Odd Jarle f 1951, g Åse Lørdøen f 1957. Fabr.arb.

3. Asbjørn f 1954, g Anngunn Håvåg f 1953

4. Knut f 1957

5. Åge f 1962

Plassen ligg ovanfor bygdevegen. 8,5 dekar, av det 5 dekar utmark. Dyrkar frukt og grønsaker. Fabrikkarbeidar.

Husmenn under Blakstad i eldre tid.

1603: *Halffuerd*, 1614-1630 *Jon Pedersen Ødegaard*, 1621-22 *Nils Olsen*, lm med Inger Jonsd. Lukkedal, 1629: *Laurits Ingebrigtsen Blakstad*, lm med Randi Olsd. ib. 1634 Jakob, 1666 *Knut Pedersen* 43 år, 1706 *Ole*, 1716 *Ingebrigt*.

Blakstad: Bnr 1, 2, 4, 6, 9, 3, Blegen, Tuene (Neset), 5, 8, 7.

Gnr 45 VÅTMYR

Namnet vart skriva på mange måtar og garden hadde også andre namn. Vattmyrenn 1655, Jovigen 1664, Watmyr 1666, Jøevig eller Vadmyr 1711, Jogaard 1721 (tingbok), Waatmyhr 1723, Vaademyrh 1767 (futereknskap).

Våtmyr var nordlegaste garden i det gamle Hjørundfjord skipreide, med gnr 2, til 2. nov. 1798. Så vart Våtmyr og 12 andre gardar lagde til Valde skipreide ved kansellibrev av 21. august 1799.

Tunet ligg mellom hovudvegen og sjøen. Som nemnt under Tusvik vart Våtmyr i dei første ti-åra av 1600-talet kalla Ødegaard og var eit underbruk under Tusvik.

I 1640-åra var det ein av Tu-brukarane som dreiv Våtmyrgarden. I 1648 er Tu og Våtmyr nemnde saman, med 3 brukarar, og vi veit at ein av dei tre var brukar i Våtmyr. Sidan den tid har Våtmyr vore eit sjølvstendig bruk. Utmarka til Våtmyr grensar til utmarka til Blakstad. Kring 1930 var der ei utskifting som berre galdt grensa mellom Våtmyr og Blakstad. Då synte det restar etter ein krokut mur. Det vart bestemt at det skulle gjerdast frå sjøen til fjells mellom dei to gardane. Før var det sams beite mellom dei to, det skulle det no verte slutt på.

Våtmyr har og ein skogteig i Tudalen, utan beiterett. Seter har Våtmyr aldri hatt.

EIGARAR

I 1624 var Klaus Brockenhus eigar av Våtmyr, med 2 pd fiskeleige. Frå 1640-åra og utover er bruket kalla presten Christen Hegelunds odel, men er då redusert til 18 mk fisk. Nokre år midt på 1600-talet var Våtmyr med i kgl.maj. jordebok. I 1670-åra, då Christen Hegelund var død, fekk Troels Christensen Krog bruket med førstekona si, Elisabeth Jakobsd. Bandzbil. Krog døydde i 1707, og enkja, 3. kona hans, Inger Finde, fekk Våtmyr. I 1720-åra vart Otto Finde eigar og bygslar, samtidig som Jakob Bandzbil meinte å ha forkjøpsretten til Våtmyr, men ikkje hadde pengar til å kjøpe for. I 1732 er arvingane til presten Otto Finde førde som eigarar. I 1739 vart Våtmyr seld til Knut Høeg av futen Annanias Harberg. Knut Høeg var gift med Maren Abelset, enkje etter Paul Abelset. Knut Høeg selde Våtmyr i 1757 til Lars Ingebrigtsen Blakstad, som vart første sjølveigaren i Våtmyr. I 1789 vart Henning Martin Abelset, g.m. Emte Hagerup på Giske, eigar av halve Våtmyr.

Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr: Gnr 2 i Hjørundfjord til 1798, sidan gnr 149, matr. nr. 106.

Skylda som er nemnd i 1624, 2 pd fisk, tyder på at noko anna var medrekna, etter som skylda kort tid etterpå vart 18 mk eller 1 mællag. Og 1 mællag vart skylda for Våtmyr i lang tid. Berre i ei liste for 1664 er skylda førd med 1 pd 3 mk. d.v.s. 1½ mællag.

Skattelistene for desse åra viser at skattane ikkje rettar seg heilt etter skylda. Men der var minimumsskattar både for leiglendingsskatt og rytterskatt, med 1½ rd som minste leiglendingsskatt og 1 ort som minste rytterskatt. På den måten vart det like skattar for Tusvik med skyld ½ v og Våtmyr med skyld 18 mk.

Tienda var i 1627 1 fj, i 1636 1 mæle, i 1666 1 mæle havre og 4 mk ost, i 1675 14 mk havre, i 1717 ½ t havre 8 mk ost eller 12 skill. og i 1724 4 skjepper havre og 6 mk ost.

Leidangen var på 1600-talet oftast 1 kalveskinn, i 1681 2 kalveskinn, i 1714 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 1 mann (husmann)

1648: 1 mann

1657: 1 mann Buskap 2 kyr og hest

1666: 1 mann Sår 1 t havre, avlar 2½ t, fôrar 1 hest og 4 kyr. Brennefang

1717: 1 mann Sår 1 t havre, avlar 5 t, fôrar 1 hest og 6 kyr

1724: 1 mann Sår 1 t havre, avlar 5 t. 1 hest, 6 kyr. «Brendefang til fornødenhet, temmelig letvunden og vis til korn, er ellers noget våtlendt. Sår ½ t byg, 1½ t havre, avler ⅝ t byg, 6 t havre, føder 1 hest, 3 kjør, 2 ungf. 3 får, 4 geder. Lidt næring ved at grave røtter til tjærevirke.»

1770: 1 mann 1 kvern

1802; 1 mann Sår 1½ t havre, ½ blk, avlar 7 foll. Fôrar 4 kyr, 1 hest, 6 småfe. Lite skog til brensel og «tarvelig» beite. Verdsett til 50 rd.

1845: 1 mann Sår ¼ t bygg, 1½ t blk, 2½ t havre, 1½ t poteter. Før 1 hest, 4 kyr, 5 sauer, 5 geiter

1865: 2 mann Brukar kvar sin halvdel av garden. Sår 3 t blk, 3 t havre, 2½ t poteter. Før 1 hest, 6 kyr, 12 sauer, gris 18 dekar åker og dyrka eng, 25 dekar natureng, ikkje særleg lettbrukt, sår 2½ t blk, 2½ t havre, 2 t poteter, avlar

14 t blk, 14 t havre, 14 t poteter. Buskap: 1 hest, 7 storfe, 14 småfe. (Matr. førebuingsarbeidet).

1875: 1 mann Sår 2 t blk, 3 t havre, 4 t poteter. Fôrar 1 hest, 4 kyr, 3 kalvar. 18 geiter

BRUKARAR

I matrikkelen frå 1626 er Våtmyr ikkje nemnd. Det kunne få ein til å tru at der ikkje budde folk i Våtmyr då. Tusvik derimot er førd med skyld $\frac{1}{2}$ v $\frac{1}{2}$ pd 6 mk. som er det same som 3 mællag. Seinare er skylda for Tusvik 2 mællag og for Våtmyr 1 mællag. Av dette og av brukarnamna forstår vi at Våtmyr i 1626 var medrekna i oppgåvene for Tusvik.

Bnr 1

Rasmus Olsen Våtmyr

Br ca. 1606-ca. 1634

Ein «halvløns» dreng er nemnd i 1603 og eit par år seinare ein Rasmus husmann. Truleg er det same mannen. I 1606 er han førd med 0 i korn-tiend, i 1608 legg han 1 kalveskinn i leidang. I 1610-11 er han nemnd saman med ein husmann Johans, og i tida 1618-24 saman med husmannen Laurits.

Den neste brukaren er

Arne Våtmyr

Br ca. 1634-ca. 1637

Han vert kalla øydegardsmann og er i ei liste kalla Arne Hauge. (Bhl pk 75.) Så kjem

Nils Olsen Blakstad (bnr 2)

Br ca. 1637-1641

Dels kalla Våtmyr, dels Ødegård. I tingbok for 1638 vart garden kalla Schidtmyren. Nils vart i 1622 stemnd for lm med Ingrid Jonsd. Blakstad.

I tida 1641-1648 vart Våtmyr driven av ein av brukarane på Tu. Garden er unemnd i koppskattlista 1645 og i leidangslistene i 1640-åra. I 1648 vart Tu og Våtmyr framleis nemnde saman, men då med 3 brukarar, og den eine av desse veit vi var i Våtmyr. Det var

Svenn Larssen Våtmyr

Br 1648-1683

Born: 1. Paul f ca. 1654 g p br

2. Lars

3. Peder

4. Elling, d 196, g ek. Anne Hansd. Fet. Bd 2 s 720

I Svenn si brukstid vart garden stundom kalla Jovik. I 1657 la han krøterskatt av 1 hest og 2 kyr. I 1660-åra finn vi eit par år Våtmyr nemnd med skyld 1½ mællag, elles er skylda for Våtmyr i lang tid 18 mk og garden er kalla halv øydegard. Mot slutten av brukstida si la Svenn 2 kalveskinn i leidang.

Paul Svennsen Våtmyr f ca. 1654 d 1708

g Barbra Gjørvaldsd. Svartebekk f ca. 1658 d 1742

Br 1683-1708

Born: 1. Svend f ca. 1695, g p br

2. Elling f ca. 1698

3. Lars f ca. 1704

Barbra var halvsystem til Erik Larssen Svartebekk. Paul la i 1705 8 skill. i leidang, og i 1706 1 fj havre og 2 skill. for ost i tiend. I sk. etter Paul 9/6 1708 var brutto 17 rd, netto 9 rd. 2 kyr, 2 kalvar, 1 raud hest, 4 småfe.

Enkja gifte seg att med

Stener Olsen d 1714

Br 1708-1714

Stener var bror til Peder Olsen Magerholm og mor deira heitte Anne Stenersd. Stener hadde og ei syster, Brit, som vart gift med ettermannen hans i Våtmyr.

Barbra Gjørvaldsd. gifte seg att med Ingebrigt Hatlemark. Ved sk. etter 1. mannen fortel ho at «den salige mands klæder er omgjort til børnene». Med Stener hadde ho ikkje born. I 1711 er nemnd ei jente med årsløn 1½ rd. I sk. etter Stener Olsen er nemnd ei syster til, Hildri Olsd., ugift. Broren Peder Olsen Magerholm er død før, og dei 4 borna hans har fått stykfar, Knut Olsen Magerholm. I sk. er elles nemnt: 3 kyr 9 rd, 6 geiter, 3 sauer, 1 grå hest, tjøreved for 3 rd, brutto vel 31 rd, netto knapt 14 rd.

Svend Paulsen Våtmyr f ca. 1695 d 1738

g Brite Olsd.

Br 1714-1738

Barn: Paul f ca. 1709, g p br

Bygselsetel frå Inger Finde 3/1 1714 og frå Otto Finde 12/12 1720.

Paul Svendsen Våtmyr f ca. 1709

1736 g Marte Knutsd.

Br 1739-1757

Born:

1. Eli f 1736, g p br
2. Anna f 1737, d same året
3. Svend f 1739
4. Stener f 1743, til Hatlemark br 2
5. Knut f 1745 d 14 dg
6. Lars f 1745 (tvill.) d 3 dg

Bygselsetel 23/9 1739 frå futen Harberg.

Lars Ingebrigtsen Blakstad br 3 f 1724 d 1763

1759 g Eli Paulsd. Våtmyr f 1736 d 1821

Br 1757-1763

Barn: Marte f 1759, g 1789 Jon Olsen Blakstad br 1.

Sk. 1763: Lars har fått kjøpe jorda av Knut Høeg, og kona Eli og dottera Marte arvar kvar sin halvdel, Lars kjøpte bruket i 1757, som ungar, for 65 rd.

Sk. brutto vel 95 rd, netto vel 77 rd,

Eli Paulsd. g 2. 1774 med

Knut Jakobsen (Ørsnes?) f ca. 1740 d 1807

Br 1763-1802

Born: 1. Svend f 1765 d 1802, omkom på sjøen, 1797 g Kari Jørgensd.Hole f 1757

2. Lars f 1769 d 1794. Omkom ved kollsigling på Vågen i Bergen. Han fekk skøyte på halve Våtmyr i 1789 frå Jon Olsen

Blakstad for 30 rd. Var grenader ved garnisonen i Bergen.

Gravlagd ved Korskirken.

Sonen Svend og kona hans, Kari, hadde desse borna: 1. Lars f 1797 på Sæbønes, 2. Berte Eline (også kalla Helene)f 1801 d 1837, g 1833 em. Jakob Andreas Ingebrigtsen Stavset på Skodje (1795-1854). Jacob vart spedalsk og døydde på «spitalen» på Molde.

Knut Jakobsen ervde jordparten etter sonen Lars. Den 23/11 1801 heldt Knut på å få same død som begge sønene, men vart redda i havsnaud av Knut Olsen Bjørnevik og Tore Toresen Tu, begge tenarar i Tusvik.

Frå 1771 var Knut legdsmann for 20, legd (frå Våtmyr til Hovden). Ved sk. etter han i 1807 var brutto eige 307 rd, gjeld 54 rd. Året etter var der off. auksjon: 2 sølvtomlingar, den eine forgylt inni, 1 tinnfat, smireiskap, ½ i ei kastenot, ½ i ein færing med segl, mykje fiskevegn.

Bruket som var taksert til 145 rd vart ikkje selt. Høgste bod 100 rd frå Jens Winje vart ikkje godteke. Enkja Eli og sonesonen Lars Svendsen fekk kvar 9 mk jordegods, d.e. kvar sin halvpart. Ved sk. etter Eli vart hennar halvpart taksert til 100 spd. Av det fekk Lars Svendsen 41 spd, Berte Svendsd. 19 spd. og dotter til Eli, Marie Larsd. 30 spd.

Erik Sakariassen Lindset f 1774 d 1863

g 1803 ek. Kari Jørgensd. Våtmyr f Hole 1757 d 1832 (ek. etter Svend Knutsen Våtmyr)

Br 1802-1824

Born: Hennar born i 1. ekteskap, Lars og Berte Eline er nemnde før. Berte Eline hadde sonen Jens Elias Severin f 1824 (far: uk. Ole Olsen Lisetvik). Jens vart brukar i Våtmyr. Erik fekk bygselsetel frå Knut Jakobsen Våtmyr i 1802. Kårbrev frå Lars Svendsen Våtmyr 11/10 1824.

Sk. etter Kari 1832: Brutto 133 spd, netto 100 spd.

Lars Svendsen Våtmyr f 1797 d 1840

1819 g Anne *Elisabet* Tønder Pedersd, Schmidt (1784-1844)

Br 1824-1840, enkja til 1842

Lars Svendsen var son til Svend Knutsen Våtmyr og soneson til den tidlegare brukaren Knut Jakobsen. Anne Elisabeth Schmidt var dotter til Peder Jensen Schmidt på Sæbø og k. Marie Wiborg Hansd. f Honningdal. Lars Svendsen hadde ikkje born og lét etter seg systemsønene Knut Jakobsen Stavset og Jens Olsen, systerdotter Karoline Jakobsd. og halv-syster Ingeborg Monsd. Emlen, enkje.

Lars stemnde Erik Sakariassen for forlikskommisjonen i 1823 fordi Erik ikkje ville la han få odelsretten til bruket, då Erik og kona sat som bygslarar av garden på livstid. Det vart inga semje det året, men året etter fekk Lars overta bruket.

Sk. 1840: Brutto 343 spd, netto 174 spd.

Enkja Elisabet hadde desse syskena: Johannes Schmidt, høker i Bergen, Peder, skreddar i Ålesund, Jens, skipper i Steinvågcn, Charlotte Amalie g.m. handelsmannen i Vatne, og to yngre sysken Anne og Nils, som visstnok døydde tidleg.

Enkja Elisabet gjorde brordottera Anne Marie Schmidt til testamentarisk arving. Sk. 1844: Brutto 45 spd, netto 25 spd.

Jens Elias Olsen Våtmyr f 1824 d 1886

(son til Ole Olsen Lisetvik og Berte *Eline* Svendsd. Våtmyr f 1801). Sjå under Knut Jakobsen.

1842 g Karen Klausd, Emlen f 1820 d 1906

Br 1842-1863, halve garden 1863-1886

Born: 1. Emte Lovise Eline f 1842

2. Emte *Lovise* Eline f 1844, g p br

3. Erika Katrine Marie 1 1846, d 1929, g 1864 Karl Johan Jenssen Eidem (1836-1890). Bd I s 243

4. Karoline Berntine f 1850 d 1945, g 1869 Jens Karolussen Tandstad (1837-1919). Bd II s 268

Skøyte frå skifteforvaltaren i Elisabet Schmidts bu for 200 spd 14/4 1845.

Sånad i 1845: ¼ t bygg, 1½ t blk, 2½ t havre, 1½ t pot.

Buskap: 1 hest, 4 kyr, 5 sauer, 5 geiter.

1860-åra: 18 dekar mindre god åker og eng, 25 dekar natureng, sår 2½ t blk, avlar 14 t, sår 2½ t havre, avlar 14 t, sår 2 t poteter, avlar 14 t.

Krøter: 1 hest, 7 storfe, 14 småfe. Garden er lettbrukt.

I 1875 hadde Jens 2 kyr, 1 kalv og 9 geiter. Sånaden for heile garden var 2 t blk, 3 t havre og 4 t poteter.

Karl Ludvik Olsen Myrset br 1 f 1842 d 1922

1863 g Emte *Lovise* Jensd. Våtmyr f 1844 d 1929

Br 1863-1886 (halve bruket) 1886-1894 (heile)

Born: 1. Oline *Marie* Nikoline f 1863. Hadde barn Laurits Hans f 1884

(far: Lars Rasmus Larssen Ekornes (Ytre) f 1860)

2. Emte Marie Karoline f 1865 d ug 1890

3. Jensine Karoline Olave f 1870 g Knut Veddegjerde

4. Ole Johan f 1872, g p br

5. Karen f 1874, g Olaf R. Ulstein

6. Jens Elias f 1877, g p br

7. Lovise Edvardine Karoline f 1879 Døydde hos sonen Olav (sjå s 474).

8. Oline Marie (kalla *Lina*) f 1881, g sjømann Arent Olsen Skavø f 1875.

9. Severine Karoline Eline f 1885, g Kvernes

10. Johanne Marie f 1888, g 1911 Nils Nilsson Kvernes.

Ludvik fekk skøyte frå verfare 1/10 1864 for 200 spd. mot kår.

1865: Sår 3 t blk, 3 t havre, 2½ t poteter. Fôrar 1 hest, 6 kyr, 12 sauer,

1 gris. 1875: Sår 2 t blk, 3 t havre, 4 t poteter. Av krøter er førde på

Ludvik: 1 hest, 2 kyr, 2 kalvar, 9 geiter. På Jens: 3 kyr, 9 geiter.

Ole Johan Ludviksen Våtmyr f 1872 d 1915

g Tomasine Paulsd, Vedeld f 1861 d 1949

Br 1894-1915, enkja til 1919

Skøyte frå faren 6/10 1894 på bruket med hus for 1200 kr. Ole Johan var i Amerika, utvs nr 1035. Han hadde eit barn utanfor ekteskap: Petra Inga f 1914 (mor: Nikoline Petersd. Fet, sidan g Ole Ivarsen Fet). Petra g 1937 Sigurd Kvisvik. Saman med mannen utvandra ho til Amerika i 1947. Utvs nr 383.

Tomasine var i 1933 medlem av nemnda til å førebu kyrkjejubileet i Sykkylven.

Sk. etter Ole sl. 17/4 1917. Enkja fekk ½ i buet og bruksrett til bruket. og vart sikra kår. Petra Olsd. fekk den andre halvta av buet, som i alt vart taksert til 7000 kr.

Jakob Ingebrigt Elias Larssen Riksheim bnr 4 f 1896 d 1973

1919 g ek. Berte Johanne Petersd. Fet (Jog.) f 1892 d 1974

Br 1919-1947

Born: 1. Kåre Ingvard f 1920, d 1942 på Kysthospitalet, Stavern.

Fabrikkarbeidar

2. Lars Johan, g p br.

Jakob dreiv lenge fiske. Utvs nr 771. Fekk skøyte på bruket frå Tomasine Våtmyr og Petra Olsd. Fet i 1921.

Lars Johan Jakobsen Riksheim f 1922 d 1999

1947 g Tordis Gregoriusd. Hauge frå Norddal (Fjørå) f 1921

Br 1947-

Born: 1. Kåre Jan f 1948, sjå bnr 6

2. Bergljot f 1952, sjå bnr 5

3. Torleif f 1958, sjå bnr 10

Gardbrukar og vegvaktar. Bygde hus i 1968.

Bnr 2 NYLAND

Utskilt frå hovudbruket i 1894, skyld 0,24

Jens Ludviksen Våtmyr f 1877 d 1959

1897 g Kanutte Olsd. Mårstøl f 1868 i Volda d 1952

Br 1894-1937

Born: 1. Alfred Laurits f 1897 g p br

2. Ludvik Olaf Kristian f 1901, d 1934 i Alaska. Utvs nr 1034,

Arbeidde på kveitebåtar som stuert.

I 1908 fekk Jens og systema Marie skøyte på kvar sin halvpart av bruket.

I 1913 gav Marie Jens skøyte på sin halvpart med hus for 850 kr. med atterhald om husvisst. Jens dreiv mykje fiske.

Alfred Laurits Jenssen Våtmyr f 1897 d 1962

1930 g Petra Marie Oluffa Kristoffersd. Blakstad br 2 f 1895 d 1984
Br 1937-1962

Born: 1. Kjellfrid f 1932, g 1966 Per Haram, postmeister på Aure

2. Karstein Ludvik f 1934, g p br

Skøyte frå faren i 1937 for 1200. Kår. Alfred dreiv fiske med eigen båt i lag med faren, også ishavsfiske. I 1937 var det utskifting av utmarka i Våtmyr.

Karstein Alfredsen Våtmyr f 1934

1959 g Ingebjørg Bjarnesd. Rotnes f 1936, frå Utgård bnr 16
Br 1962-

Born: 1. Arnfinn f 1961

2. Bjørn f 1961 (tvill.)

3. Ingunn f 1964

4. Kjetil f 1964 (tvill), d 1976, påkøyrd av trailer

5. Per Kjetil f 1978

Har eit stykke på 18 dekar innmark. Fôrar ca. 10 sauer. Fabrikkarbeid ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 3 Lagertomt

Utskild frå bnr 1 i 1960, skyld 1 øre

Sykkylven kommune

Bnr 5 FJORDGLYTT

Utskilt frå bnr 1 i 1971, skyld 1 øre, bygde hus i 1973.

Astor Reidulf Jensen f 1945 på Lyshol

1971 g Bergljot Larsd. Riksheim f 1952

Barn: 1. Monica f 1977

2. Lars Arne f 1981

Fabrikkarbeidar. Hustomta vart utskild til Bergljot i 1971.

Bnr 6 UTSIKTEN

Utskilt frå bnr 1 i 1975, skyld 1 øre, bygde hus i 1975

Kåre Jan Larssen Riksheim f 1948, banktilsett

1970 g Norunn Notanes f 1950 i Ulstein

Born: 1. Lennart Notanes f 1971

2. Kathrin Notanes f 1976

Bnr 7 Industriområde

Bnr 8 RA-JO

Utskilt frå bnr 7 i 1975, skyld 5 øre

RAJO MØBLER A/S Jon Bjørgvik og Ragnar Sandnes

Begge bur på Jarnes.

Bnr 9 SJØTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1976, skyld 1 øre

Liv Riksheim f 1922

g Lars P. Riksheim (Kjerane)

(han er syskenbarn til brukaren på bnr 1).

Dei bygde hytte på tomta i 1977. Bur på Riksheim. Sjå Lars P. Riksheim. Riksheim Treindustri A/S.

Bnr 10

Utskilt frå bnr 1 i 1984, bygde hus i 1985

Torleif Larssen Riksheim f 1958, kontortilsett.

1981 g Kristin Hovde f 1962 i Ørsta (Barstadvik)

Born: 1. Jan-Erik f 1981

2. Stein-Ove f 1985

[Til innhald](#)

Gnr 46 TUSVIK

Daglegtalen har både Tusvikja og Tysvikja (med open y) og i begge høve med kort vokal og to-stavings tonelag. Eldre former: 1606 Thusuigenn, 1616 Thudzuigh, 1723 Tusviig, Tyding: Vika som høyrer til eller ligg under Tu. Dette tyder vel då på at Tu er eldre enn Tusvik. Somme vil vel synest at lægjet tyder på det motsette.

Tusvik har aldri vore nokon stor gard, men var i lang tid handelsstad. Som ein vil sjå under Brukarar, var det stor skilnad i handelsverksemda frå tid til anna, frå heller fattigslege kår til velstand.

Frå byrjinga av 1600-talet høyrer vi om Tusvig Ødegård, og finn snart ut at det er Våtmyr. Snart vart Våtmyr sjølvstendig gard, medan det frå Tusvik seinare vart utskilde plassar. Av dei er ein den eldste matrikulerte plassen i bygda (bnr 4). Plassane vart tekne av utmark. I tida 1924-1926 var der utskifting av utmarka i Tusvik. I 1927 fekk Tusvik mark frå Tu, og av den fekk plassingane kvar sin del. Frå gammalt hadde ikkje plassane skog eller torv. Men dei fekk rett til å ta brenneved i skogen.



Tusvik ca. 1940. Det gamle handelshuset ved kaia. Til venstre den gamle Hatlemark Trewarefabrikk.

EIGARAR

I 1626 vart Tusvik kalla bondegods. Frå 1640-åra var ørskogpresten Christen Jenssen Hegelund eigar, og i dei siste ti-åra av 1600-talet var det hjørundfjordpresten Jens Pedersen som åtte garden. Frå først på 1700-talet har brukarane stort sett vore sjølveigarar. Men i åra 1740-1752 var Knut Høeg eigar.

MATRIKKELGARDHN

Eldre gnr: Gnr 1 i Hjørundfjord, 148, 107. I 1628 vart denne skatteskalaen brukt: 3 v vart rekna for ein full- eller heilgard, 1½ v halvgard, 1 v tredingsgard, ½ v fjerdinggard eller øydegard. Ein mannsalder seinare vart «krava» til nemningane strengare. Då vart Tusvik med ½ v fiskeleige kalla ½ øydegard. I 1626 var skylda ½ v ½ pd 6 mk. men då var Ødegaard, d.v.s. Våtmyr, medrekna. I 1710 var der eit makeskifte, og då vart det opplyst at Tusvik var på 33½ mk.

Tienda var i 1613 1 f j, i 1667 ½ mæle havre 6 mk ost, i 1706 ½ mæle havre 2 mk ost, i 1717 ½ skjeppe bygg eller 9½ skill., 6½ skjegger havre eller 65 skill. og 8 mk ost eller 12 skill.

Leidangen var i 1614 1 geiteskinn som brukarane i Tusvik og Våtmyr var saman om. I 1633 var dei saman om 3 kalveskinn, som var litt mindre verd enn 1 geiteskinn. I 1667 2 kalveskinn, i 1705 8 skill., i 1717 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1626: 2 mann Sår 1½ t 1 mæle havre. Her er Våtmyr-mannen medrekna

1657: 1 mann Buskap: 1 ku, 5 sauer

1667: 1 mann Sår 5 mæler havre, avlar 4½ t, fôrar 7 naut. «Sperre og brendeskog till.»

1717: 1 mann Sår 2 t havre, avlar 7 t, fôrar 5 naut og hest. Brennefang

1724: 1 mann «Brendeved og lidt anden småskog til gårdens fornødenhed, 1 liden beckekevern, neppe til egen fornødenhed, intet sort fiskeri. Ligger ved søen, temmelig letvunden og vis til korn, høya-lingen er uviss at bedømme. Sår 1/8 t bygg, 2 t havre, avler 5/8 t bygg, 8 havre. Heste og Creature: 1 hest, 5 kjør, 6 får, 6 gjeder.

Driver intet andet brug end gårdens avl, så òg lit næring med at grave rødder til tjærevirke hvorved hand sine Rettigheder fortjener. Som her ved gården er et lidet og ringe gastgiveri, så ansettes det samme herefter at svare årlig udi consumption samt familie- og folkeskatt 2 rd.»

1802: 1 mann «Ubetydelig fureskog. Kratt og lyng til brensel. Sommerbeite mangler, må leies andre steder.» Sår 4 t havre ¼ t blk, 6 foll. Buskap: hest og 8 kyr, 15 småfe, 4 arbeidsfolk. Husmannsplass: Avlar 4 t korn, fôrar 2 kyr og 4 smaler.

1845: 1 mann Sår ¼ t bygg. 2 t blk, 3 t havre, 3 t pot. Fôrar 1 hest, 5 kyr, 12 sauer, 3 geiter, gris. Einekagen: Sår ½ t blk, ½ t havre, ¼ t pot.

1865: 1 mann Sår 4¾ t blk, 5 ¾ t havre, 8 t poteter. Fôrar 1 hest, 14 kyr, 18 sauer, 1 gris (her er plassane medrekna) .Matr.føreb.arb. 1860-åra:30 dekar åker og dyrka eng «meget godt dyrket», 67 dekar natureng, godt lægje, lettbrukt. Sår 3 t blk, avlar 18 t, sår 4 t havre, avlar 20 t, sår 6 t poteter, avlar 36 t. Krøter: 1 hest, 12 storfe, 13 småfe. Litt skog til hustømmer. Litt ved til sal. Einekagen: 3½ dekar åker og dyrka eng, 9 dekar natureng, sår ¾ t blk, ¾ t havre, 1 t poteter. Avlar 3 1 blk, 3 t havre, 7 t poteter.

1875 (plassane medrekna): Sår ½ t bygg. 5 t blk, 5½ t havre, 6 t poteter. Krøter: 1 føl, 9 kyr, 1 kalv, 21 sauer, 3 griser.

BRUKARAR

Bnr 1

Kristoffer

Br 15 . .-1625

Born (fødselsåra er ukjende så rekkjefølgja er vilkårleg):

1. Jakob, lm med Karen Torsteinsd. Overå i 1612, 3 rd i bot
2. Lars lm med Eline Alisd. Blakstad i 1615. 5 rd i bot
3. Ole g p br

I 1603 vart Kristoffer kalla øydegardsmann, og han la oftast berre 1 fj i korntiend og 1 kalveskinn i leidang. Vart utreidd til Kalmarkrigen i 1611 av Ole Tu og Hans Houff (truleg Hovden). Han åtte litt jord, i 1617 1 mællag, seinare ½ mællag.

Sidan jordbruket var så lite var nok sagbruket hovudnæringa i mange år. Han skar 30 tylfter i 1603, 15 ty. i 1612, 30 i 1613 og i 1619, 20 i 1623 og i 1624, og 20 tylfter i 1625.

Ole Kristoffersen Tusvik

Br 1625-1655

Barn: Kristoffer f ca. 1625, g p br

I matrikkelen for 1626 vil ein finne to brukarar under Tusvik, men den eine høyrer heime i Våtmyr, som den tida vart kalla Ødegård og vart rekna som underbruk til Tusvik. Oppgåvene elles frå 1626 gjeld altså Tusvik og Våtmyr til saman: Skyld ½ v ½ pd 6 mk fiskeleige, sånad ½ t, 1 mæle havre. 1628 odelsskatt av ½ mællag: 6 skill.

I 1645 la Ole 16 skilling i koppskatt for seg og kona, og 2½ ort i kontribusjon i 1646 (Bhl pk 105). Ole er nemnd som brukar i ei einskild liste frå 1658 (Bhl pk 142).

Kristoffer Olsen Tusvik f ca. 1625, gammal og ufør i 1710

Br 1655-ca. 1685

Born: 1. Ole

2. Brite

I 1657 la han kvegskatt, 13 skill. av 1 ku og 5 sauer. I 1661 var der «nogen brendevad schoug till». I 1675 sådde han ikkje noko og slapp korntiend.

Jørgen Pedersen f ca. 1653 d 1710

1690 g Marte Kristoffersd. Tusvik f ca. 1662 d 1738. Ho var ikkje dotter til ovannemnde Kristoffer, men dotter til Kristoffer Jakobsen Tusvik (sjå Husmenn på slutten av avsnittet om Tusvik).

- Born: 1. Kristoffer f ca. 1691, til Stavset. Mor hans, då enkje på Stavset, sette ein gardpart i pant til Mads Jensen Bondal, som i 1723 selde den att til brukaren Kristoffer
2. Ole f ca. 1697, d før 1740, g Karen Trulsd. (ca. 1683-1773)
 3. Kirsti dp i Borgund 1703, d 1774, g em. Jørgen Ols. Eidem (Åmundg.) (ca. 1720-1793). I sk. står Bjørnsen i staden for det rette Jørgensen
 4. Peder f ca. 1705 d 1742, g 1729 Marte Knutsd. Midtgård bnr 4 Han flytte dit.
 5. Guri f 1710, g Knut Peders. Aure (1676-1771)
 6. Berte f 1749, g Ole Ols. Skarbø, Hjørundfjord

Mads Jensen Bondal f ca. 1665 d 1749

(son til hjørundfjordpresten Jens Pedersen og frue Alhed Madsd. Glad) 1703 g Bodil Larsd. Smith f ca. 1674 d 1756

Br ca. 1706-1749, enkja til 1754

Born: 1. Laurits, dp i Borgund 1703

2. Alette f ca. 1705 d 1743
3. Nils, dp i Borgund 1711
4. Peder f 1714, g p br
5. Andrea, dp i Borgund 1717
6. Berte f 1722 i Bergen, g Nicolai Ottesen Wingård (ca. 1728-1786), handelsmann i Ålesund.

Mads studerte teologi, men måtte slutte etter lm med Dorte Jensd. Hege-lund i 1692. Han hadde lovt å gifte seg med henne, men det vart ikkje noko av. Han vart dømd til å betale henne 40 rd, og ei bot på 12 rd. Dorte fekk 6 rd i bot. Barnet døydde 1 time etter fødselen.

Før Mads tok over gardsbruket dreiv han handel i Tusvik for Mads Forman, bergensborgar. Då var dette den einaste handelen i skipreidet.

Det var far til Mads som åtte Tusvik. Då han døydde i 1705, fekk 2. kona hans, Anna Jakobsd. Bandzbil, jordeigedomen i Tusvik. Men i 1710 gjorde ho og Mads makeskifte, slik at han fekk Tusvik-jorda mot å gi frå seg jord han åtte på Sæbø, Skylstad og Nordang, og odelsretten til Eide.

I 1711 la han 24 skill. i skoskatt, hadde ein dreng med 4 rd i årsløn og ei jente med 2 rd 3 ort 8 skill.

Det året skreiv presten (Ibe Rafnsberg) dette om Mads: Han er «en fattig og uformuende mand som ved sitt lille jorde- og fiskebrug som en anden almuesmand i disse vanskelige tider neppelig kand forhverve det hand til sin hustruis og mange smaa børns underholdning behøfver». (Futerekneskap.)

I 1714 skreiv Mads seg for ei ort på ei liste over bidrag til det nye hospitalet på Reknes. Til samanlikning lovde presten å gi 2 rd.

1725: Mads har i fleire år vore så fattig at han ikkje har kunna betale gjelden sin. Han driv ingen handel, men lever av «en ringe bondegård».

Då han døydde vart enkja hans eigar av Tusvik, etter makeskiftebrev av 11/11 1740.

Peder Madsen Bondal f. 1714 d 1788

Br 1754-1779

Skøyte frå mora på Tusvik-bruket «samt de der stående bygninger» for 180 rd 16/1 1754.

I 1758 vert det nemnt at han dreiv bondehandel, men det gjekk ikkje så storveies. I 1763 heiter det at «Peder er en fattig jordbruger, selger nu og da en potte øl. Blir nu neppe betroet ½ t malt til at brygge øl med». Vart i 1760-åra stemnd for gjeld 141 rd av Nicolai Ulrich. Det var nær slekt: kona til Nic. Ulrich og kona til Mads Bondal var systre.

I 1769 vart Peder og andre brukarar i Tusvik-krinsen stemnde av Hovde- og Myrset-karane fordi dei hadde late hestane sine beite på deira mark. Det vart markegangsforretning, og enda med at Peder og dei andre måtte bøte med 2 rd til Reknes hospital og erstatte skaden hestane hadde gjort.

I 1774 var Peder enno sjølveigar, men hadde vanskeleg for å klare seg. Ein obligasjon til Jakob Frich på 300 rd mot pant i Tusvik førde til at David Frich i Bergen fekk hand om Tusvikjorda (1776). På denne tida hadde Peder desse skattane å betale: Leiglendingsskatt 3 ort, proviant-skatt 8 skill., odelsskatt 0, rossteneste 4 skill. munderingspengar 12 skill., utreiingspengar 8 skill., standkvarterpengar 2¾ skill. arbeids-pengar til futen 3½ skill., leidang 2 kalveskinn. = 16 skill., i alt 1 rd 1 ort 23 skill. Dessutan kvernskatt 4 skill. og tiend 1 ort 8 skill. (Søndmøre Fogderi, kassabok nr 2.) I 1776 gav Peder grunnsetel til Arne Førrenes på eit lite stykke jord under Tusvik. (Sjå Husmenn under Tusvik.)

Ingebrigt Ingebrigtsen

1779 Anne Karen Claud. Swerts f ca. 1760, dotter til handelsm. Claus Swerts på Slinningen.

Br 1779-1782

Born: 1. Petrine Bolette f 1781 d 1875, g 1825 em. Magnus Claussen

Fausa (1775-1854). Bustad Nakkegjerde, bnr 2

2. Anne Karen f 1782

Kona til Ingebrigt var syskenbarn til Peder Bondal.

I 1781 vart Ingebrigt stemnd for tinget av Henrik Hanssen Nes fordi han skal ha teke frå han ½ av ei håkjerring som Henrik fann i open sjø, utan at ho kom nær noko land. Retten fann at Ingebrigt ikkje hadde rett til landslott, og at han difor skulle betale til Henrik verdien av ½ håkjerring, 4 rd 3 ort. (SSTb.) Det hadde Ingebrigt råd til å betale, for nokre dagar før han vart stemnd hadde han selt ein del gods i Hessen, Skarbøvika og plassen Trones + ei sildenot til Nils Wind for 102 rd.

Mons Knutsen Fauske f 1740 d 1788

Br 1782-1788

Mons var først ei tid brukar på Fauske, men selde bruket der til brordotter si og mannen hennar, sersjant Hans Larssen Aure for 85 rd. Tusvikbruket kjøpte Mons av sorenskrivar Bull, som året før hadde kjøpt det av David Frich i Bergen for 60 rd. Mons måtte gi 150 rd.

I 1783 kjøpte Mons 2 mællag i Sandvik for 44 rd. I 1784 søkte han om gjestgivarbevilling i Tusvik. Han døydde same året som broren Knut, som var lærar i Haram.

Jens Knutsen Winje f 1751 i Vesterås, Geiranger, d 1824

g 1. 1792 ek. Charlotte Juliane Arendberg f 1749 d 1801

g 2. 1802 ek. Emte Elisabet Abelset f Hagerup 1767 d 1802

g 3. 1807 ek. Berte Iversd. Pihl f Hagen, Stranda 1768 d 1810

Br 1789-1819

Born i 2. ekteskap:

1. Nils Winje f 1802, d 14 dg

2. Emte Juliane Arensborg f 1802, p br

Etternamnet til 1.-kona vert skrive på ulike måtar. Også danske kjelder har ulike former. Aldersoppgåva ved død stemmer heller ikkje med det ein finn i danske arkiv. I 1762 var det både i Danmark og Norge folketeljing over alle personar på 12 år eller meir. I ei slik liste står det at Charlotte fylte 13 år 30/12 i 1762.

Då Jens Winje gifte seg med henne var ho enkje etter Jakob Syversen Klokk på Flisholmen. (Sjå meir om han under Klokk.) Frå Danmark hadde ho med seg fine møblar, m.a. barokk stolar av bøk og ein stor forgylt barokk spegel. Dei nemnde sakene finst enno hjå slekt i Ålesund. Også i Sykkylven finst liknande ting frå Danmark.

Fru Flindt på Ørskog fortalde i si tid at der av og til var besøk av danske offiserar i Tusvik. Då var det om å gjere for unge sykkylvingar å få kome til og oppvarte desse. Var offiseren tilfreds med t.d. børsting av uniform eller støvlar, kunne han skrive at vedkomande unge mann skulle fritakast for militærtjeneste.

2.-kona var enkje etter Henning Abelset, presteson som vart handelsmann i Djupvika. Ho var syster til eigaren av Giske gard. I første ekteskap hadde ho sonen Henning, som budde i Tusvika frå 11- til 12-årsalder, og frå 18- til 20-års alder. Han tok seinare sveinebrev i Bergen som snikkar.

Foreldra til 3.-kona var Iver Olsen Hagen f Vestre og kona Anne som var av gammal Stranda-ætt. Dei vart vigde i huset i Tusvika etter kongebrev.

Initialane sine og initialane til dei tre konene sine meisla Jens inn i dørhellene framfor hovudinngangen til huset.

Dei sa før «Vert du gift med ei enkje, fær du både bord og benkje.»

Ein gammal slektning av Jens Winje har fortalt at Jens først var omreisande skomakar,

Han kjøpte Tusvik med handelen på auksjon etter Mons Knutsen i 1788 for 248 rd og fekk skøyte av sorenskrivar Bull. Han starta med handel snart etter.

I 1794 la han m.a. desse skattane: Handelsskatt 2 rd, skatt for brennevinshandel 2 rd, konsumpsjonsskatt 4 rd 8 skill. (Futens kassabok nr 9.)

1802: Sår 4 t havre, ¼ t blk, 6 foll; 6 kyr og hest og 15 småfe. Lite furuskog, kratt og lyng til brensel, beite må leigast andre stader. Jordbruket vert drive av 4 arbeidsfolk. Ei bekkevern.

Den gamle Tusvik-låna, som står enno, vart bygd i 1801. Dette stovehuset på to etasjer var 17,5 m langt og 8,7 m breitt. Jens Winje sende ein tenar til Gjøvestranda for å hente to almerenningar, og desse planta han på kvar side av hovudinngangen. No er dei 3,5 m i omkrins 1 m over bakken.

I sk. etter Emte (1803) er desse husa nemnde: 1 vånehus, 1 borgstue, 1 stolpebod, 1 sjøbod, 1 jektenøst, 1 båtnøst, 1 smidje, 1 hø- og kornlade, 1 fjøs, 1 smalefjøs, 1 kvernhus.

Jens Winje handla ein del med jord. Det vart no mest kjøp. Og han dreiv noko Trondheimshandel med eiga jekt. Ettermannen hans dreiv begge desse verksemdene i større stil.

Etter tradisjonen lét han ein gullsmed kome til Tusvik for å lage ymse ting av sølvdalarar og at gullsmeden heldt på ein heil vinter. Dette er vel helst «eventyr». I alle høve betalte han 70 spd. i sølvskatt, og det var mykje.

På eldre dagar vart det ikkje så mykje handel med han i Tusvika.

I 1818: «så at sige ingen handel». 1820: «Ubetydelig handel.»

Tusvikfolket hadde sin eigen plass i kyrkja, og i Winje si tid var der mange «kondisjonerte» mellom fadrane til Tusvik-born.

Sk. etter Emte 1803: Brutto 4712 rd, netto 3950 rd (m.a. 60 rd i koparmynt, 136 rd i sølvpenngar, 100 rd i sølvsaker).

Lars Tommesen f 1796 på Riksheim br 2 d 1886

g 1. 1819 Emte Juliane Winje f 1802 d 1839, sk. 1844, 1847

g 2. 1844 Marthe Sophie Astrup f 1792 d 1848

Br 1819-1859

Born i 1. ekteskap:

1. Emte Marie f 1820, g p br
2. Jens f 1822, d 4 mnd
3. Jens f 1825, bustad Ålesund. Skomakar
4. Thomasine Kristine f 1827 d 1919, g 1858 Theodor Bang Hindt
f ca. 1828 i Bergen, landhandlar og bankmann på Sjøholt
5. Ludvik Nikolai Hagerup f 1830, g Ragnhild Olsd. Tusvik.
Snikkar-meister, bustad Ålesund
6. Birgitte Charlotte f 1833 d 1835
7. Carl Bastian f 1836 d 1839

Tommesen var son til Tomas Larssen Riksheim i Tømmesgarden. Lars vart kalla Tømmesen til dagleg.

Han heldt fram med dei same verksemdene som svigerfaren hadde drive. Handelen i Tusvika tok seg oppatt etter nokre «labre» år i dei siste Winje-åra. Tommesen dreiv og trondheims- og bergenshandel med egne farty. Han hadde sluppen «Fortuna» som mest gjekk mellom Ålesund og Trondheim, og jakta «Foreningen» (sjå Romsdals Amtstidende 29/10 1838),

Han kjøpte og fleire gardsbruk, såleis i 1825 både eit bruk på Andestad og eit på Gjøvenes. Han åtte også Flisholmen i kort tid.

Han la eid til konstitusjonen i 1829. Om lag på same tid budde der ein gullsmid Rye frå Bergen hjå Tommesen eit halvt års tid og laga mange sølvsaker til han. Dette kan kanskje forklare tradisjonen om gull-smiden som skulle ha vore hjå Winje tidlegare.

Av andre som budde ei tid hjå Tommesen kan nemnast ein bøkker frå Bergen, Andreas Haldorsen, som døydde i Tusvik i 1834, 37 år gammal. Han lét etter seg nokre bøkker-reiskap til 7-8 spd og lite anna. - I 1845 hadde bruket 1 hest, 5 kyr, 12 sauer, 3 geiter og 1 gris. Sådde ¼ t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 3 t poteter.

I 1847 vart Tusvikbruket taksert til 290 spd og bygningane til 1000 spd.

I 1849 vart Tommesen, som var med i kommunestyret, vald som formann for krinsen Blakstad-Gjøvenes for ein komité som skulle førebu bygda på koleraepidemi, etter nokre tilfelle av kolera i Bergen.

Etter førstekona var det skifte i 1844: Brutto 4691 spd netto 3275 spd, og i 1847: Brutto 1041 spd, netto 964 spd. Andrekona var dotter til presten i bygda,

I 1859 fekk Tommesen kår av svigersonen og budde hjå han enno i 1865. Men i 1875 finn vi han ikkje i Tusvik. Då har han flytt til dottera på Sjøholt, der han levde til 90-års alder.

Carl Ludvik Lied f ca. 1812 d

1841 g Emte Marie Tommesen f 1820 d 1880

Br 1859-ca. 1875

- Born:
1. Lorents Edvard f 1841, bygningsmann, ingeniør. Budde i England og i Ålesund. Kom vekk ved eit forlis i Breisundet på tur frå England for å feire jul i Ålesund
 2. Emte *Lovise* f 1856. Utvs nr 927. 1879 g Jakob Bastiansen Klokkehaug
 3. Marte *Sofie* Susanne f 1859 d 1930, g 1880 skulestyrar Svend Nordland frå Strand i Rogaland, f 1849. Bustad Ålesund og Ørskog
 4. Fredrik Johan Tomas f 1861 d 1934, kontorsjef, g 1883 Johanne Rolfsen f 1860. Bustad Ålesund.

Dei fleste har meint at Lied var frå Stavangerkanten, men han var frå Romsdalen, truleg frå Elnesvågen i Fræna. Far hans var kaptein i infanteriet, Fredrich C. M. Lied. Sjølv var Carl Lied koffardikaptein. Han var lenge på langfart med seglskuter. Var såleis tre gonger til Kina. Også etter at han kom til Tusvik var Lied til sjøs. I 1850-åra var han førar av barken «Carl Rønneberg» i Nordsjø- og Østersjø-fart.

Då kaptein Lied i 1846 søkte om å få starte landhandel, hadde kommunestyret dette synet på saka: «Formandskabet finder det særdeles tvilsomt, hvilken beslutning man skal fatte i denne sag, da det ikke er undgået dets opmærksomhed, at oprettelsen af et nyt Landhandlerie jo vil give anledning til forøget luxus og overdådighed, men når man på den anden side seer hen til den concurrance som herved åbnes imellem de trende landhandlere, er formandskabet efter nærmere overveielse kommet til den overbevisning, at det kan ansees for gavnligt for distriktet at capitaine Lieds ansøgning indvilges.»

Han heldt fram med handelen i Tusvik, og fekk skøyte på bruket av Tommesen i 1859 mot kår. Det året kravde han branntakst på husa. Hovudbygninga var av tømmer og med teglsteinstak. Utvendig bordkledd og gulmåla. Den tilbygde krambua var av panelverk, 5½ alen brei og 4½ alen lang, med eitt fag vindaugo med 12 ruter. Bak butikken eit noko

større rom. Alle rom i hovudbygninga var anten tapetserte eller måla, og huset vart taksert til 2350 spd. Samanbygt med hovudbygninga var bryggjarhuset av stein og bindingsverk, 11 alen langt og 8 alen breitt i 2 etasjer. I 1. etasje var brunn. Dette huset vart taksert til 50 spd.

Det som i Winje si tid vart kalla stolpebod vert no kalla stabbur. Det var av tømmer, med svalgangar, 11 alen langt og 10 alen breitt i to etasjer. 60 spd.

Nokre meter frå stabburet stod den raudmåla tenarstova, 11 alen lang og 8½ alen brei. 50 spd. Samanbygt med drengestova var eit anna raudmåla hus, 14 alen langt og 8 alen breitt på 3 alen høg mur. 30 spd.

Sjøbua var av tømmer og bindingsverk, bordkledd og måla og med takstein. Bua var 17½ alen lang, vel 13 alen brei og knapt 7 alen høg i to etasjer. Takst 750 spd. Ved sida av sjøbua var eit stort vedaskot.

Storbåtnaustet var av bindingsverk, 21 alen langt og 12 alen breitt. Takst 30 spd.

«En fehus- og ladebygning» av mur og bindingsverk var raudmåla, knapt 27 alen langt og 12½ alen breitt, avdelt med murvegger i storfe-fjøs, smalefjøs og hestestall. Takst 120 spd. Eit lite hus for seg sjølv var grisehuset.

Eldhuset var av gråsteinsmur, 63 alen langt og 6 alen breitt, med eldstad og brunn. Takst 5 spd som grisehuset. I alt 3450 spd.

Ved ny takst i 1872 vart taksten på hovudbygninga sett ned til 2000 spd, elles små endringar. - 1865: 1 hest, 10 kyr, 6 sauer, 1 gris. Sådde 3 t blk, 4 t havre, 6 t poteter.

Der hadde lenge vore mange tenarar i Tusvik. Om ein av dei, Anne Sivertsd. Vik frå Kursetgjerde vert det fortalt at ho ein gong før århundreskiftet vart beden til middag av yngste dotter til Berli på Klokkehaug, då i skulealderen og kalla Lille-Geta. «Så fin spise har vel ikke du Anne smakt før?» sa Lille-Greta. «Åh,» sa Anne, «eg so tente i Tysvikjinnje!» Det var laks til middag, og i Tusvik var der lakseverpe.

Kaptein Lied kom snart i økonomiske vanskar. Alt i 1863 sette han alt han åtte i pant ved ein stor obligasjon. Folk fortel at det som gjorde at det gjekk ut med han var at eit stort farty sleit seg i ein frålandsstorm og fór over til hitt landet og vart knust.

Lied var flink til å snakke for seg og fekk folk til å «skrive på» for seg, og mange tapte pengar då Lied gjekk konkurs i 1868. Også etter det vart han buande i hovudbygninga i Tusvik, men det ser ut til at frå 1870 vart både handelen og jordbruket drive av paktarar. I 1871 selde Lied parten sin i Tusvik Sildenotbruk, der 23 mann var med. Dei dreiv storsildfiske om vinteren, og i 1866 var ein mannslott på 90 spd.

Kaptein Lied hadde i si sjøfartstid lært engelsk, noko som kom til nytte i 1876 då turistbåten «Arga» på veg frå Sunnylvn til Hjørundfjord forliste på Varfluda ved Tusvik. Aalesunds Tidende fortalde om hendinga. Turistane vart skremde då dei såg alle robåtane som kom mot skipet. Kaptein Lied kunne fortelje at det var ufarlege folk som berre kom for å hjelpe.

Av dei faste utgiftene Lied hadde kan nemnast brennevinsavgifta. I 1864 var den 25 spd. Nokre år seinare sette kommunestyret avgifta ned til 20 spd.

Det var prokurator Sanne i Ålesund som styrte med Tusvik i åra etter at Lied hadde gått konkurs. Sanne fekk paktarar til å drive.

John Johnsen Strand f ca. 1835 i Hitterdal

1870 g Oline Olsd. Bolgvaag f ca. 1848 frå Kvernes. Begge flytte til Tusvik i 1870 før dei gifte seg.

Br 1870-1872.

Ole Hanssen Hagestande f 1843 i Lesja d 1906

1872 g Pernille Severine Jørgensd. Blakstad br 2 f 1841

Br 1872-1873

Dei flytte til Holeplassen (kalla Høleplassen) i Fyllingen og vart småbrukarar der. Dei var barnlause og gav alt til misjonen.

I åra 1873-1875 måtte visst Sanne sjølv drive bruket i Tusvik. Han averterte i avisene etter paktarar. 1873: «Handelsstedet Tusvik ledig til forpaktning. Til stedet ligger brændevinsret.» Og i 1875: «Stedet har fullstændig brændevinsret.»

Lars Johnsen Tusvik f 1844 d 1932

1871 g Petrine Knutsd. Ytreid f 1846 i Skodje.

Br 1875-1877

Born: 1. Karl f 1873

2. Lars Peter Olaus f 1875

3. Anne Marte f 1883

Dei budde i borgestova i Tusvik då dei var paktarar. Ei tid budde dei på Lånabøplassen på Vik. Lars vart kalla Gilde-Lars og var kjøkmeister. Sonen Lars Peter Olaus emigrerte til Amerika, utvs nr 920.

I 1875 hadde Lars Johnsen nokre krøter som han åtte sjølv: 1 føl, 6 sauer og gris. Capt. Lied er i 1875 enno førd med 5 kyr, 1 kalv, 7 sauer og 1 gris. Sånad ½ t bygg, 3½ t blk, 3½ t havre, 3½ t poteter.

Det vert fortalt at Gilde-Lars selde smørøskja si for å kjøpe brennevin i fiskja.

Olavius Berntsen f 1850 i Herøy d 1931

1878 g Marie Fredrikke Kristiansd. Lied f 1851 i Borgund, kf i Fræna
1866, d 1918

Br 1877-1881

Born: 1. Emte Ludvike Lorentse f 1879, utvs nr 921, d 1951

2. Anne Bernhardine Marie f 1881

3. Mikal Antoni Stefanus f 1884 d 1950, g Paula Hansd.

4. Benny Lovise f 1889, g Flusund, d 1952

Familien budde i hovudbygninga i 1881, kanskje alt før Lied døyde, sidan det var nær slekt. Tusvik-folk har sagt at kona til Olavius var av same folket som dei. I 1881 vart husa i Tusvik takserte på nytt. Hovudbygninga kr 6600, sjøbua 2000.

Etter Olavius Berntsen dreiv *prokurator Sanne* i Ålesund Tusvik-bruket i 3 år, førde høyet til Spjelkavik.

Br 1881-1884

Lars Andreassen Gjøsund f 1841 på Vigra, d 1905

1867 g ek. Elisabeth Sæmundsd. Gjøsund f Longvastøl på Flemsøya 1840, d 1922.

Br 1884-1892

Born: 1. Inga Severine f 1868 i Haram, d 1911, g p br

2. Marie Kristine f 1871 i Haram, (Sjå bnr 5.)

3. Andreas Severin Joakim f 1873 i Haram, d 1891

4. Severin Johan f 1877 i Haram, d 1884

5. Anna Berte Josefine f 1879 i Haram, d 1890

6. Laurits f 1883 i Haram. Utvs nr 922

7. Severin Eilert Ludvik f 1886, utvs nr 923

Elisabeth var enkje etter Severin Gjøsund som kom bort på sjøen. Med han hadde ho sonen

Hans Severin f 1866. Han var lenge kontormann for ein skipsreiar i London. Seinare sekretær i Ålesunds Kreditbank. I 1888 stod Lars Gjøsund i gjeld til han, obl. på 2450 kr., som Johan Hjorthol innfridde i 1891.

I 1891 delte Lars og Elisabeth bruket mellom døtrene Severine og Marie, og dei delte til og med våningshuset. Marie fekk ytste delen, som dei flytte til Nygarden, som deira del av Tusvik vart kalla, med skyld M 1,57 og bnr 5 (sjå dette).

I 1880-åra averterte Gjøsund i aviser i Ålesund: 6 oppussede værelser tilleie for sommeren. Og: Ledige rom for sommergjester, med eller uten kost. God anledntng til ferskvandsfiske.

Handelsskatten hans var i 1884 40 kr., i 1885 30. Etter søknader til

kommunestyret, der han sjølv var med, vart skatten etter kvart sett ned til 16 kr.

I 1886 søkte han og grannane om at det måtte verte postopneri i Tusvik, og alt året etter var postopneriet der.

Ved sida av landhandel og gardsbruk dreiv Gjøsund ein del med oppkjøp og sal av kveite og laks.

Lars Bernt Olaus Larssen Kjemphol f 1862 d 1915

g 1. 1892 Severine Inga Oline Larsd. Gjøsund f 1868 d 1911

g 2. 1913 Nikoline (*Lina*) Pettersd. Erstad br 3 f 1881 d 1966

Br 1892-1915, enkja til 1918.

Born i 1. ekteskap:

1. Anna Lovise f 1893, g 1920 Lars Jørgen Opshaug frå Stranda, f 1892. Lærer i Gjerpen
2. Laura Elisabeth f 1895 d 1991, utvs nr 925
3. Alfred Marius Konrad f 1898, g p br
- 4 Lars Petter f 1900 d 1965, utvs nr 926, g 1935 Hjørdis Larsen f 1905 d 1958, frå Stavanger
- 5 Astrid Matea f 1902. Offiser i Frelsesarmeen
- 6 Leif Sverre f 1905 d 1981, tekniskar, g Ruth Ellingsen frå Ålesund, f 1910 d 1998
- 7 Elisabeth f 1907, g 1930 em Håkon Zimmerlund Berge f 1892, konditor (1. g Karen Hansdtr. Fet, Pålbruket)
- 8 Jenny Borghild f 1909 d 1994, g 1937 Olaf Nordstrand f 1906 d 1995
9. Leif Severin f 1911, g 1943 Ingeborg Johannesd. Heggebakk f 1916 d 1999

Born i 2. ekteskap:

1. Severine (*Sylla*) f 1914, g 1937 Sverre Martinsen Lyshol f 1910 d 1996. Bustad Vik, bnr 24
2. Lewis f 1915, d 1925

Kjemphol vart tilsett som postopnar etter Gjøsund. Rikstelefonstasjon vart det i Tusvik det året Kjemphol døyde. Lars Kjemphol var bygningsmann og snikkar. Han bygde løe, dampskipskai av tre, og ei gardssag. Medlem av heradstyret.

Ved skifterett etter 1.-kona vart bruket med alle husa og kaia verdsett til 3650 kr., buskapen og gards- og fiskereiskap til knapt 1400 kr., og varene i butikken til knapt 800 kr. Eige i alt kr. 6853. gjeld 6252.

Alfred Larssen Kjemphol f 1898 d 1967

1928 g Petra Pettersd. Vik f 1899 d 1988

Br 1918-1967, enkja til 1974

Born: 1. Sigrid f 1932, g 1957 Bjarne Danielsen Saltre frå Hjørundfjord, f 1928. Dei tok over butikkdrifta.

2. Lars Petter f 1937, p br



Den gamle handelsstaden i Tusvik. Til venstre det gamle våningshuset.

Alfred starta i elektriskarlære, men då faren døydde reiste han heim og tok over verksemda i Tusvik. I 1920-åra tok han til med isforretning saman med Johan Nordvik. Førde is til Ålesund i eiga skøyte. Bygde kai i 1923. Vart dampskipsekspeditør, postopnar og rikstelefonstyrar. I 1934 starta han fabrikk for stoppa møblar, først i sjøbua, sidan i eige fabrikk-bygg (1943).

I 1957 bygde han nytt butikk- og bustadhus ved hovudvegen.

Alfred Kjemphol var medlem av heradstyre, Sykkylven Sogenemnd og andre kommunale nemnder.

For det han fekk overta etter faren betalte han kr 2540. T.d. 1 hus-orgel 200 kr., ½ i hesten 425 kr., 4 sauer 120 kr., kyrne Gårdlukke 230, Lukrei 240, Reofin 200 og Grådue 170 kr. 1 laksenot 50 kr., 1 desimal-vekt 50.

Lars Petter Alfredsen Kjemphol f 1937

g Torunn Løyning f 1947

Br 1974-

Barn: 1. Lars Tore f 1980

2. Kristin f 1984

Fekk garden overført vederlagsfritt med atterhald om at Sigrid og hennar mann skal få frådelt Myrhaugen på ca. 6 dekar med hus som eige bruksnummer. Lars Petter har bygt hus nr 2 på bruket.

Bnr 2 VASSNAKKEN

Lars Olsen Ørsnes f 1807 d 1863

1834 g Berte Marie Rasmusd. Hatlemark br 1 f 1814 d 1866

Br 1845-1863

- Born: 1. Anne *Karoline* f 1838 d 1907, 1858 g 1. Karl Elias Siverts. Framhus (1823-1882), 2. g Vilhelm Hanss. Ytreland (1818-1898). Budde på plass under Nedregotten, Borgund.
2. Rasmus Andreas f 1842, d 1890, omkom på havet. 1882 g Karen Nilsd. Midtgård br 4 (1830-1898). Bustad Blakstadnes
3. Emte Marie f 1847
4. Johan Tomas Olaus f 1849
5. Marte Tomasine f 1849 (tvill.)
6. Jens Johan f 1855

Berte Marie hadde ein son med Jon Kolbeinsen Svartebekk (Nordvik br 3): Hans Martinus f 1851, g 1877 Pauline Iversd. f 1853 i Fræna. Hans flytte dit.

Før dei kom til Vassnakken budde Lars og familie som husmannsfolk under bnr 1 Hatlemark frå 1836 til 1845.

Enkja og borna er ikkje nemnde under Tusvik i folketeljinga i 1865. Det ser ut til at plassen låg øyde i mange år, for den neste ein veit om der var

John Jenssen Langlo f 1822 d 1896

1864 g Marte Oline Johnsd. Tusvik (Øvremyren) f 1847 d ca. 1927

Br 1879-1896, enkja til 1905

- Born: 1. Johanne Marie f 1865 d 1943, g 1899 Petter Martinus Siverts. Jelle f 1876 på Stranda
2. Jensine Marie f 1868, kf 1882, døyde ung
3. Johan Martinus f 1871, g p br
4. Lovise Petrine f 1874, utvs nr 918
5. Elisabeth f 1877, g byggmeister Johan Åsen, Ålesund
6. Lars Bernt Tomas f 1880. Utvs nr 919
7. Severine Josefine Marie f 1885, g Klokk. Sjå bd IV s 209.
8. Berte Johanne f 1891, g Drange, Fana

I folketeljinga av 1865 er Johanne Marie nemnd som 1 år gammal og mora som ugift. Dette må vere feil. For då Johanne Marie vart døypt i 1865 vart ho skriven som «ægte», og foreldra som gifte.

Familien budde først ei tid som brukarar av ein plass i Ullavik. Brukstida som er nemnd i bd 1 er feil. Der står at dei var i Ullavik heilt til 1892.

14. Sykkylvssoga band III

417

Sonen Lars f 1880 er fødd i Tusvik og likeeins dei to yngste. Og i 1881 sette John Jenssen Vassnakken i pant, i 1883 sette han stovebygninga i pant.

Familien kom til Tusvik i 1879, men det var først 21/9 1881 at dei fekk skøyte på plassen. I skøyta står det: «en under gården Tusvik beliggende gammel plass Nakken». Dette høver godt med det vi har funne ut; at plassen har vore brukt før, men har lege øyde ei tid. Det var elles i 1881 plassen vart fråskylddelt, med skyld 3 skill. Kjøparen hadde ingen rettar i Tuvatnet. Dette og anna var alt nedskrive i ein kjøpekontrakt frå 1880. Kjøpesummen var 400 kr. Stykket kunne gjerdast inn. Furutrea på plassen var ikkje med i salet. Derimot to holmar i Tuvatnet like ved plassen. Fri hamnegang. Dei hadde berre ei ku den tida.

Johan Johnsen Ullavik eller Tusvik f 1871 d 1963

1903 g Anna Johanne Karlsd. Hatlemark br 1 f 1873 d 1956

Br 1905-1943

Born: 1. Johan f 13/7 1904, d same dag

2. Hjalmar Bernhard f 1904, tvill. (Sjå Hatlemark br 1)

3. Karl Peder f 1906 d 1997, g Utgård (Lerskog) br 7

4. Lars Johan f 1909, g p br

5. Konrad f 1911, bustad Jarnes bnr 36

6. Sigvald f 1913 g Ingeborg Hoel f 1916 i Bolsøy, d 1998.

Dei bur i Ørsta. Han er skreddar

7. Jenny Agnes f 1915 d 1999, jakkesyerske, bur i Ørsta.

I 1898 budde Johan som ugift skomakar på Blakstad, og på grunn av ein gjeld på 65 kr. vart det teke utlegg i: 1 skosymaskin, 13 torskeline, etc. Johan ville betale ½ av gjelden når han hadde levert fisken sin og resten innan 14. oktober.

Sjå bd 1 s 430.

Lars Johan Johansen Tusvik f 1909 d 1996

1951 g Judit Lovise Pettersd. Riksheim f 1921 d 1999, frå Riksheim

bnr 2.

Br 1943-1996

Born: 1. Inger Anne f 1954

2. Leif Johan f 1958

Har mest vore fiskar og fangstmann, men har og vore bygningsmann.

Bygde eige hus i 1946.

Både før og etter krigen hadde dei 2-3 mjølkekyr på plassen. I 1955 gjekk Lars over til oppdrett av oksekalvar. Dreiv elles sjøen heilt fram til 1956. Sidan tok han fast arbeid ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 8 SOLVIKA

Utskilt frå bnr 2 i 1943, skyld 1 øre

Georg Aasebø

frå Volda. Kjøpte denne hyttetomta av Lars J. Tusvik, men det vart ikkje bygt der. Aasebø døydde for mange år sidan.

ØVREMYREN

John Lassesen Ytre Fauske f 1818 d 1897

g 1. 1845 Johanne Marie Torsteinsd. Svartebekk br 1 f 1817 d 1885

g 2. 1888 Oline Berntsd. Erstad br 2, f Overå 1835 d 1912

Br 1847-1886

Born: 1. Lars f 1844 g 1871 Petrine Knutsd. Skodje f 1846. Dei pakta ein gard på Skodje, kom tilbake og budde på Vik og i Ullavik

2. Marte Oline f 1847, g p bnr 2

3. Johanne Marie f ca. 1864 d 1943, g 1899 Petter Martinus Siverts. Jelle f 1876 på Stranda

4. Lovise f 1872, d 102 år gammal. Kjøpte Verks-Andreas-huset på Aure til foreldra, måtte seinare selje det, foreldra kom på gamleheimen.

Skøyte frå Tommesen, dat. 7/4 1847, tgl. 1849. I skøyta er John kalla Fauskegjære. Og stykket «et stykke bømark kaldet Myren». Også ein teig med lyng og småskog til brensel. Beite for 2 kyr og «smalecreature» så mange som kan fødst på plassen. Landskyld dei 3 første åra 1 spd, sidan 1 spd 60 skill. Dei 3 første åra 6 arbeidsdagar, sidan 9, «hvor han holder sig selv kost».

Arbeid for løn må han gjere for Tommesen framfor å ta arbeid hjå andre.

Tommesen har vel oftast hatt den arbeidshjelp han trong, for John Lassesen for mykje rundt i bygda på arbeid. I 1865 sådde han 1 t blk, 1 t havre, 1 t poteter, i 1875 1 t blk, 1 t havre og 1½ t poteter. Buskapen var i 1865 2 kyr og 6 sauer, i 1875 2 kyr og 3 sauer som han sjølv åtte, og 1 ku og ein sau for andre.

John Lassesen vart kalla Jo, Myre-Jo. Han brukte ei raud strikka-hue som han låg i om natta. Ei av jentene i hovudtunet var så glad i denne hua at ho tok den med seg heim når ho vitja Jo. Så han måtte gå dit og hente hua etter at jenta hadde lagt seg. Jo var glad i born, og grannane likte både Jo og kona Oline.

Jo dreiv mykje fiske, og han hadde fiskeméd som ingen andre visste om.

Bnr 3 MYREN

Utskilt frå bnr 1 i 1883, skyld 23 skill. rev. 1 ort, sidan M 0,35.

Johan Bastian Berntsen Kurset br 3 f 1857 d 1943

1883 g Tomasine Lovise Bergitte Gulliksd. Hatlemark br 2 f 1863 d 1947

Br 1886-1942

Hans barn før ekteskap: Berte Karoline Eiline f 1876 (mor: Guri Syversd. Jarnes). Berte Karoline hadde dottera Petra f 1909, utvs nr 624.

Born: 1. Ole Bastian Peter f 1883. Utvs nr 924. d 1958

2. Hanna Inga Birgitte f 1887, g Lars J. Kurset br 2

3. Karen Josefine Andrea f 1894 d 1986. Bustad Tusvik, sidan Ikornnes.

4. Johan Theodor f 1909, g p br

Fekk skøyte på plassen av prokurator Sanne på vegne av C. Lied i 1886. Skøyta slutta med at «han har at treffe overenskomst med John Lassesen. der besidder pladsen, om dens avståelse».

Ved skyldsetjinga fekk plassen ein skogteig og ei torvmyr.

Johan Bastian var ei tid styrmann på fiskebåt med dette mannskapet: Andreas K. Midtgård, Ole Våtmyr, Peter Andreas Hovden, Bernt K. Tusvik.

På plassen fødde dei 3-4 kyr, og nokre sauer som dei ikkje hadde hamn til, så dei førde dei til Strandabø og henta dei att om hausten.

Johan Theodor Johansen Tusvik f 1909 d 1987

1942 g Laura Andrea Lauritsd. Vegsund f 1913

Br 1942-1968

Barn: 1. Jarle Trygve f 1944, g p br

Johan fekk skøyte på bruket frå syskena for 2500 kr. mot heimvisst for Karen.

Jarle Trygve Johansen Tusvik f 1944

g 1968 Liv Solveig Ingebrigtsd. Maråk f 1948 i Geiranger.

Br 1968-

Born: 1. Lena Anette f 1969

2. Monika Beate f 1973

3. John Inge f 1977

Bygde hus i 1970. Ikkje husdyr på bruket no. Hovudyrke: Kontortilsett ved Ekornes ASA.

Tunet i Myren ligg mellom Våtmyr og hovudtunet i Tusvik, ovanfor hovudvegen, medan dei andre Tusvik-plassane ligg på andre sida av hovudtunet, såleis bnr 2 rett overfor Tu på vestsida av Tu-vatnet, og bnr 4 mellom Tusvik bnr 5 og Svartebekk.

Bnr 10 HØGTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1955, skyld 1 øre

Martin Louis Knutsen Tusvik br 4 f 1917

1946 g Gerd Jorunn Henriksen f 1918 i Ålesund

Born: 1. Solveig f 1947 g Roger Pedersen, Ålesund

2. Grete Marie f 1949, g lærar Magne Gridset, Emlem

3. Knut Joachim f 1954, g 1976 Anne Elisabeth Morstøl f 1957.

Snikkar. Bygde hus i 1946.

Bnr 4 EINEKAGEN (NESTUN)

Arne Anderssen i ca. 1736 d 1797

g Anne Andersd. ca. 1737 d 1810

Br -1797

Av skiftet etter Arne ser vi at han har ein bror på Eidem, Nils Anderssen, ei syster Brite som er enkje i Borgundsund, og ei halvsystem Brite Andersd. Kjølås. Men det er ukjent både kvar dei var i frå og kva tid dei kom til Tusvik.

Skifte 2/1 1798: Brutto vel 60 spd, netto vel 44 spd. Enkja gifte seg att i 1798 med

Jetmund Larssen Tandstad Ødegård f 1761 d 1835

g 2, 1811 ek. Anne Margrete Ingebrigtsd. Tandstad f 1752 d 1829

Br 1798-1834

Hennar born av 1. ekteskap:

1. Ingebrigt f 1778, g 1822 Anna Birgitte Nilsen f ca. 1779

2. Hans f 1779 d 1797

3. Inger Anna f ca. 1782 d 1797

4. Marie Karen f 1786 d 1803

5. Anne Karen f ca. 1788

6. Jakob f 1790, var tenar i Bergen 32 år gammal.

Far til desse borna heitte òg Jetmund. Det var Jetmund Hansen Tandstad f Sætre. Son nr 1 stifta legat saman med kona. Bustad Bergen. (Sjå bd II s 282.)

2.-kona til Jetmund Larssen fekk kår av Indre Tandstad i 1811.

I 1802 var plassen husmannsplass på matrikulert jord. Fødde då 2 kyr og 4 sauer.

Ved den nye matrikkelen var plassen skyldsett med 20 skill. Revidert M 0,29.

Knut Larssen Almeskar f 1791 d 1871

1826 g Inger Johanne Jensd. Åsen f 1802 d 1886

Br 1834-1864

Born: 1. Karoline f 1826 d 1907, 1867 g em. Ole Petter Iversen

Blindheim (1822-1898)

2. Tomasine Lovise f 1829 d 1824, ½ år

3. Jens Hansten f 1834 d 1 dg

4. Emte *Lovise* Johanne f 1837, g p br

5. Anna Regine f 1841, d 8 dg

Bygselsetel frå Tommesen 1834. Årleg landskyld til Tommesen 1½ spd.

Knut måtte ikkje hogge noko tre på plassen. 14 dg pliktarbeid årleg.

1845: Sånad ½ t blk, ½ t havre, ¼ t poteter. Fôrar 1 ku og 4 sauer.

1864: 3½ dekar åker og eng, «middelmådig». 9 mål natureng, dårleg.

Meir jord kan dyrkast. Sånad ¾ t blk, ¾ t havre, 1 t poteter. Fôrar 2
storte, 4 småfe. Dårlig hamnegang.

Knut Martinus Berntsen Kurset br 1 f 1837 d 1923

1864 g Emte *Lovise* Knutsd. Tusvik f 1837 d 1917

Br 1864-1912

Born: 1. Inger Johanne Karoline f 1865 d 1958, g Ole Halvors.

Austrem (1876-1947). Bustad Blindheimsnes frå 1895

2. Lars *Bernt* Karolus f 1867 d 1898, g 1896 Lovise Jensd. Tu

(br 1) f 1869. Bernt var bygningsmann i Ålesund. Han fekk skøyte på Einekagen frå Lars Gjøsund i 1891, med eit tillegg på 14 ar, skyldsett til 2 øre, til saman skyld 0,31. Han åtte før husa på plassen. Lovise g 2 Peter P. Eidem (1861-1940)

3. Mads Karoline Marie f 1870. Sjukleg.

4. Lovise Karoline f 1872, d 12 dg

5. Karl f 1874, d 9 timar

6. Ludvig f 1874 (tvilling) d 12 timar

7. Karl Lorents Martinus f 1875, d 1876, ½ år

8. Karoline Laura Jensine f 1877 d 1897, tæring

9. Karl Johan Edvard f 1881, til Haram i 1907

10. Knut Bastian Petter f 1883, g p br

Knut Berntsen var både smed og snikkar, særleg kjend som låsesmed, lås til kister, skrin, dører, Smedyrket må reknast som hovudyrke, attåt næringer var plassen og laging av truske- og drøftemaskinar.

Laga 7-8 drøftemaskinar på ein vinter. - Ein mann på Hareid skulle ha ein og skreiv at han hadde høyrte at prisen var 9 kr., men han skulle gjerne betale 50 øre meir om han fekk maskinen fraktfritt til Hareid.

Knut Berntsen fekk bygselsetel frå kaptein Lied i 1864 på levetid for seg og kona. 10 arbeidsdagar årleg for Lied, av dei tre i slåtten. Landskyld 1½ spd så lenge kårfolka levde, sidan 2 spd. Kår til Knut Larssen og kona som skulle ha fri bruk av Rogneåkeren, fri bruk av eit stykke mark i Lillevika til opprydding for potetavling. Fôring av 1 ku og 1 sau.

1865: Avlar 3 t blk, 3 t havre. 7 t poteter, fôrar 2 storfe, 6 sauer.

1875: Sår ½ t blk, 1 t havre, 1 t poteter, fôrar 2 kyr, 5 sauer og gris (eigne dyr) og 1 ku for ein annan,

Knut Bastian Petter Knutsen Tusvik f 1883 d 1934

1912 g Josefine Karoline Olsd. Kursetgjerde br 3 f 1893 d 1990

Br 1912-1934

Born: 1. Conrad Birger f 1913, g p br

2. Martin Louis f 1917, bur Tusvik bnr 10

3. Olger Karl f 1921, bur Tusvik bnr 11 frå bnr 5

4. Ingrid Olga f 1923, bur Tusvik bnr 9

Knut gjekk på treskjerarskule hjå Bjørdal i Ørsta 1909-1910. Var før utlært snikkar. Laga mange fine ting i treskurd, som drikkehorn, ølbollar etc. som no er i heimen i Tusvik. Foto s. 425.

Starta fabrikk i 1911 som kjellarverksemd. Laga bord, stolar, trapper, seinare skjenkar, buffetar, delvis med treskurd. Bygde fabrikk i 1933.

Det jordstykket som broren Bernt hadde fått kjøpt i tillegg til den gamle plassen fekk bnr 6 og namnet Einekagen, medan bnr 4 no hadde fatt namnet Nes. I 1925 søkte Knut om å få slå dei to saman til eitt under namnet Tusviknes, og slik vart det. Så bruket har hatt mange namn. I 1802 Tusvikgjære, i 1844 Tusvikplassen. Namnet på bruket no er Nestun.

Conrad Birger Knutsen Tusvik f 1913

1944 g Kari Olsd. Grebstad f 1914 på Blakstad (br 3) d 1993

Br 1934-

Born: 1. Reidun Johanne f 1945

2. Kjellbjørn Jostein f 1947

3. Ole Johan f 1955

Tok over plassen og fabrikket etter faren. Fabrikket brann ned i 1947. og fabrikket som vart oppattbygd 1947-48 er i bruk enno. Produksjonen har veksla mellom småmøblar, kompletteringsmøblar til spisestover og soverom, seinare mest soveromsmøblar. Hadde opp til 14 mann i arbeid.

Bnr 14 HEIMLY

Utskilt frå bnr 4 i 1971, skyld 1 øre

Kjellbjørn Jostein Tusvik f 1947

1971 g Bjørg Ingvild Volden f 1947

Born: 1. Vegard f 1972

2. Bjørnar f 1975

3. Hallgeir f 1984

Bygde hus i 1971. No er Kjellbjørn Tusvik disponent ved Tusvik Møbel-fabrikk A/S. Bjørg Ingvild er førskulelærer, styrar ved Jarnes barnehage.

Bnr 15 NESET

Utskilt frå bnr 4 i 1971, skyld 1 øre.

Bnr 5 NYGARD

Matr.skyld 1,57. Dette er halve Tusvikjorda, som vart delt mellom dei to døtrene til Lars Gjøsund, Severine og Marie i 1891.

Karl *Johan* Knuts. Hjorthol f 1862 d 1942

1891 g Marie Kristine Larsd. Gjøsund f 1871 d 1896

1899 g Oline Jensine Bastiansd. Blakstad br 1 f 1876 d 1958

Br 1891-1942, enkja til 1944

Barn i 1. ekteskap:

Anna Andrea Sofie f 1892, utvs nr 917.

Born i 2. ekteskap:

1. Marie Elisa Jenny f 1900 d 1967, 1937 g Petter Johansen Hole f 1900, utvs nr 589 (bd II s 631)

2. Bjarne f 1901 g p br

3. Knut Jørgen f 1904 d 1963. Ug båtførar. Bygde hus 1948 saman med brørne.

4. Åsta Jakobia f 1907 d 1984, g 1947 Hans Tu f 1908 br 2, d 1995
Dei budde på Klokkerhaug bnr 17.

5. Harald f 1910 d 1951, g 1949 Kjellaug Holen f 1915 i Innvik, d 1982. Ho budde på Aure, bnr 249, d 1982

6. John f 1914 g Ragna Fintland, Flekkefjord. Bur på Feda

7. Birger Sverre f 1917 g Sigrid Finne frå Voss. Han var adjunkt i Sandefjord, d 1981.

Johan gjekk i sin ungdom på snikkarskule i Holmøyane. Då han skulle dit var broren Jens Petter med, og dei gjekk over Myrdalen-Strandadalen over Ljøbrekka til Ljøen, derifrå med båtskyss til Hellesylt, vidare til fots til Grodås og over isen på Hornindalsvatnet.



Knut K. Tusvik, Einekagen, grunnleggjaren av Tusvik Møbelfabrikk på bnr 4.

Nygarden, Tusvik bur 5.

Johan var òg bygningssnikkar og bygde mange hus både før og etter at han kom til Tusvik, m.a. skulehuset i Blakstad krins.

Verfaren Lars Gjøsund hadde lånt 2450 kr. av styksonen Hans Severinsen Gjøsund i London mot 2. prioritet i Tusvik. Johan innfridde denne obligasjonen det året han kom til Tusvik.

Fekk skøyte på bruket av Gjøsund for 2800 kr. Med i salet var halvparten av husa i Tusvik bortsett frå borgestova. Dei tre første åra budde Johan og familien i hovudtunet, der det var tre stover på rad i kvar etasje med to gangar i mellom og med bak-kammers til kvar stove. Det som vart fråskilt på lengda var ei stovelengd og breidda av ein gang,

Johan bygde først løe på Nygard, og året etter stovehus (med storstova og gangen frå hovudtunet).

I skøyta frå Gjøsund er kåret til han og kona nemnt: 180 kg havre, 108 kg blk, 3 hl poteter, 720 l mjølk for året. Fôr til og røkt av 3 sauer og ei ku. Fri bruk av eit lite markstykke, etc.

Kring århundreskiftet tok ålesundarane til å bruke is på fersk fisk. Johan var mellom dei som tok til å samle is. Han rodde isen til byen og prisen var 5 kr. for ein færingslast. I 1939 kjøpte han motorbåt til isfrakting. Tidleg laga han ein dam, som vart utvida fleire gonger, til over 6000 m².

I 1913 kjøpte han ein åttring på Vigra, bygde den opp 4 omfar med dekk, sette inn ein 12 hk motor, og hadde då fått seg ein båt som kunne brukast til litt av kvart. Isføring om vinteren, sandføring frå Erstad og Blindheim, «bryllaupsbåt», kyrkjebåt og stemnebåt. Som kyrkjebåt var billettprisen 10 øre tur-retur Hundeidvik - Aure, seinare heilt opp til 25 øre.

Gamlehuset står no tomt.

Bjarne Johansen Tusvik f 1901 d 1986

1949 g Petra Nikoline Pettersd, Jarnes (br 1) f 1912

Br 1944-1986

Born: 1. Jorunn Oline f 1950, lærarutdanning, g Jon Arve Kjøde frå

Selje. Han er adjunkt

2. Ingrid f 1952, d 3 veker.

3. Harald Johan f 1954, eigar av bnr 1 og 6 Blakstad, fabrikkarbeidar.

Utanom gardsdrifta har Bjarne drive mykje dei same verksemdene som faren. Båtane som er nemnde var han med på å kjøpe og drive. Kring 1960 vart det slutt med bruk av naturis til fisk, og då selde han båtane. Vigra-åttringen hadde han då fornya to gonger, og no ligg den på Oslo hamn og vert brukt som lystbåt. Bjarne og faren og brørne bygde og ei sjøbu (to samanbygde hus på to høgder), i 1939 trygda for 8000 kr.

Bnr 11 BERGHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1959, skyld 1 øre

Olger Karl Tusvik f 1921, frå bnr 4

1966 g Jenny Kjellaug Fet f 1926

Born: 1. Sigrun Johanne f 1969

2. Oddhild Jorunn f 1972

Bygde hus i 1959. Er snikkar.

Bnr 16 NORLI

Utskilt frå bnr 5 i 1978, skyld 1 øre

Bnr 7 MYRHAUGEN

Utskilt frå bnr 1 i 1927, skyld 1 øre

Tusvikbygda Ungdomslag

Bnr 9 BAKKETUN

Utskilt frå bnr 1 i 1945, skyld 2 øre
Jon Andreas Enoksen Bakke f 1917 i Herøy, d 1995
1946 g *Ingrid Olga Tusvik* f 1923, frå bnr 4
Born: 1. *Jannfrid* f 1949, g *Tormod Bergset*, Bud
2. *Bjørg* f 1952 g *Helland*, Moi
Bygde hus i 1949. Snikkar.

Bnr 12 BERGHEIM II

Utskilt frå bnr 1 i 1960, skyld 1 øre
Ole Marius Berg f 1909 i Trondheim, d 2000
g *Dagny Ovedia* f 1906 i Hallingdal, d 1991
Born; 1. *Gunvor* f 1934, g *Jon Bjørgvik*
2. *Aud* f 1938 g *Arvid Rasmussen Bolstad* f 1930.
Bustad gnr 18 bnr 41
Bygde hus i 1961. Fabrikkarbeidar.

Bnr 13 SKOGLY

Utskilt frå bnr 1 i 1962, skyld 1 øre
Olav Nordstrand

Husmenn og innerstar i eldre tid.

Kristoffer Jakobsen Myrhol f ca. 1636 d etter 1710
g *N.N. Olsd. Standal*, dotter til *Ole Amundsen Standal*
Born: 1. *Ole* f ca. 1659, g p pl
2. *Amund* f ca. 1660
3. *Marte* f ca. 1662 d 1738 g *Jørgen Pedersen*
4. *Jakob* f ca. 1664, d før 1707. Lm med *Maren Knutsd.* i 1695
og med *Anne Simensd. Molaup* i 1696. Rømde og kom ikkje
att.
5. *Brite* f ca. 1670 d 1730
Kristoffer la i 1706 ½ mæle havre og 2 mk ost i tiend. Budde visst i
kortare tid på Tu. Vart seinare kalla *Kvammen*.

Ole Kristoffersen Tusvik f ca. 1659 d 1730
g 1. *Ingrid Iversd.* f ca. 1659 d 1725

g 2. 1725 Synnøve Størkersd. Hesseberg f ca. 1685 d 1730. Ole og andre-
kona vart gravlagde same dag, likeeins syster hans, Brite.
Barn: Christopher f 1727.

Arne Pedersen Førrenes

Grunnsetel frå Peder Madsen Bondal på eit lite stykke eng i Tusvik i
1776.

Knut Olsen Tusvik

1801 g Margrete Pedersd. Aure

Barn: Emte Charlotte Juliane f 1806, fadd. Astrup, Winje, Samund Aure,
fru Astrup, Severine Eidnes.

Syver Colbensen Tusvik

g Kanotte Andersd.

Barn: Jens Andreas f 1816, fadd. Jens Winje, Knut Torstensen Sætre,
Jørgen Ols. Blakstad, Tyri Hansd. Gjære, Karen Gulliksd. Thue.

TUSVIK.

Bnr 1,2, 8, 3, 10, 4, 14, 15, 5, 11, 16, 7, 9, 12, 13

[Til innhald](#)

Gnr 47 TU

I eldre tid var det som kjent vanleg å bruke mange bokstavar i namn og
andre ord. Det er difor ikkje uventa at Tu for det meste vart skrive Thue i
eldre arkivkjelder, men ein finn og Tue (1603, 1626, 1666).

«Der er ved gaarden en isoleret, temmelig spids Fjeldtop,» skriv Rygh,
og meiner namnet kjem av gn. tufa = tue og kanskje først vart brukt som
namn på fjellet. Garden ligg ved hovudvegen nokre hundre meter frå
sjøen, på ei lita høgd med flat hallande mark frå tunet ned til Tuvatnet. I
denne hellinga låg gammal åker.

Før stod stovene på dei to bruka tett i lag, med løene utover til kvar
side. I dag står løene på dei gamle tomtene, men stovene er flytte lenger
frå kvarandre. Stovehuset på bnr 1 vart flytt til ny tomt ved nybygg i 1907.
Fjøsane var før ikkje i løhusa, men stod tett saman ned for stovehusa.

Eit gjerde vart innlagt frå utmark til kvart bruk. Dei vart kalla Heim-
stegjerdet og Synstegjerdet. Der slo dei i gamle dagar, Men sidan vart
gjerda utlagde att, og er no tilvaksne med skog. Gjerda rundt desse stykka
er vekk, berre gardstøet har synt.

Sør for tunet er ein skog, i myrlendt mark, som før var sameige, men den vart bytt i 1927. Torvmyr hadde Tu lenger inne i marka, men det har vore lita eller inga torvspading. For å få Tusvik ut av beitet, måtte Tu gi frå seg ca. 100 dekar skog og myr til Tusvik. Jens Winje kjøpte Tugardane i 1807, og han tok frå ein skogteig i Tu-marka, med svær storskog som Tu har no.

Det har vore fortalt at Tu ein gong skal ha hatt seter, men der finst ikkje merke etter det.

Gjerde mot Hatlemark og Tusvik er sett opp i nyare tid. I utmarka grensar Tu til setermarka til Kurset og Hatlemark.

Etter ei mislukka prøve på forlik i forlikskommisjonen vart det utskifting av åker og bømærk på Tu i 1835. Til då hadde det vore sameige med teigbyte. Etter lova av 17. aug. 1821 skulle grensene mot bømærka og åkrane oppgåast, og det var berre Tusvik-garden som grensa til Tu si bømærk, skilde ved ein bøgard og av Tuvatnet. Ved grenseoppgangen er nemnde t.d. Skrubhaugmyra, Kvernteigen og Skarmyra.

Brukarane bad om at englandet måtte oppmålast under eitt og ikkje teigvis. Åkerlandet vart målt opp teigvis. Det vart klart at den eine brukaren måtte gi frå seg ein del åkerland mot å få eng i staden.

Sjølve tunet skulle vere sameige som før.

Av åkernamn kan nemnast på bnr 1: Kloen, Storåkeren, Stoveåkeren, Hynden, Skolten, Snippen, Budteigen, Myråkeren, Storbakken.

På bnr 2: Vollåkeren, Reisåkeren, og elles mykje dei same namna som på bnr i. (SSTb nr 5 fol 22-4b.)

I 1920 prøvde Tu og Tusvik å kome til ei semje i forlikskommisjonen om reguleringa av vatnet frå Tu-vatnet. Då det ikkje kom til forlik, vart det 8. sept. 1921 ekstrarett i Johan Tusvik sitt hus. På synfaring ved elva kom dei først til kverna til Karl Tu. Nedanfor var Lars Tu si kvern som var i brukbar stand. Deretter kverna til Våtmyr som var ubrukeleg, deler av tak og vegger var vekk. Den neste var kverna til Tusvik, som mangla kvernkall og var ubrukeleg. Lengst nede var kverna til Blakstad som var brukbar. Ved elveosen låg det eit sagbruk og ein fabrikk der det var vasshjul og renner. Begge verksemdene var drivne med same vasshjulet før, men fabrikkjen hadde no fått elektrisk kraft.

Det hadde vore vanleg at kornmalinga gjekk for seg på same tid for alle for å spare på vatnet. Marka ved Tu-vatnet er flat og vatnet fløymer lett over. Tu-karane har alltid hatt interesse av låg vass-stand i Tu-vatnet, og har difor løyst luka også utanfor tida for kornmaling. Dette har dei andre protestert mot, fordi det gjorde elva ringare som kraftkjelde. H. Gjøssund meinte og at fisket hadde vorte ringare i Tu-vatnet.

Dom i saka fall først 21/5 1926. Då vart det vedteke kor høg demninga skulle vere, og at luka ikkje måtte opnast utanom den tida dei trong kvernavatn eller når vatnet gjekk over øvste lukekant. Og luka måtte ikkje stå open lenger enn naudsynt i slike høve.

Utskifting av utmarka gjekk for seg i tida 1924-1927. På den tida hadde bnr 1 mest dyrka mark, men bnr 2 hadde mest skog.

EIGARAR

I 1626 vart Tu kalla bondegods. Ein av eigarane budde på garden, men i 1649 selde han bruket til presten Christen Hegelund.

Sidan gjekk garden over til Elisabet Jakobsd. Bandzbil som var gift med presten Troels Christensen Krog. Han døydde i 1707, og enkja, 3. kona hans, Inger Finde, ervde Tu.

I 1724 lyste Jakob Bandzbil odelsløysingsrett og pengemangel til Tu. Men Otto Finde og arvingane hans var eigarar av Tu til 1739, då Knut Høeg kjøpte garden. Knut Høeg var gift inn i ætta som før hadde ått garden, ved ekteskapet med enkja etter Paul Abelset på Solnør, Elisabet Maria Brandal, som var dotterdotter til Troels Christensen Krog.

Etter Knut Høeg fekk enkja Tu. Ved samfrendeskifte gjekk Tu over til madam Ramshart (g.m. futen). Ho var dotter til Jørgen Abelset, som var son til Paul Abelset.

Futen Ramshart døydde i 1786, og enkja gifte seg att med kaptein Johan Ernst von Halle (som han kalla seg). Rette namnet hans var Johan Halle. Han budde på Langskibsy, vart blind på slutten, og døydde der 59 år gammal i 1812. Kona døydde to år før.

Det var av kaptein Halle Jens Winje kjøpte Tu i 1807. Også neste brukar i Tusvik. Tommesen, var eigar av Tu.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr: Gnr 3 i Hjørundfjord til 1798, sidan 150, 108. Ved den nye matrikkelen i 1830-åra fekk dei to bruka løpenr. 335 og 336.

Gammal skyld var 1 fiskeleige, og Tu var med det i skatteklasse øydegard. Ny skyld vart 3 dlr. 3 ort 20 skill. Revidert i 1890 M 2,81 for bnr 1 og M 2,78 på bnr 2.

Tienda var i tida 1606-1620 frå 1 mæle til 2½ fj. I 1666 1 t 1 mæle havre, 16 mk ost, i 1714½ t havre 16 mk ost. Tiendframlegg 1724: 1 skjepp bygg eller 19 skill., 1 t 5 skjepper havre eller 1 rd 34 skill., 13 mk ost eller 17 ½ skill., i alt 1 rd 70⅓ skill.

Leidangen: 1613 3 kalveskinn, 1624 1 geiteskinn, 1666 3 kalveskinn, 1680 4 kalveskinn, 1714 1 ort 14 skill. 1800 3 kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1603: 1 mann
1626: 2 mann Sår 2 ½ t havre.
1657: 2 mann 2 hestar, 1 okse, 9 kyr, 5 sauer, 4 geiter
1666. 2 mann Sår 3 t havre, avlar 12½ t, Fôrar 11 naut og 2 hestar.
«Brende og små sperre schoug till.»
1717: 2 mann Sår 4 t havre, avlar 16 t. Fôrar 11 naut, 2 hestar. «Mogen skade av elveløb. Røtter til tjærevirke.» Lettvunnen og viss til korn 1724: Brensel, 1 kvern. Inga seter.
1791: 2 mann Fôrar 11 naut 2 hestar, 1 kvern. Brennefang
1797: 2 mann 2 kvernar
1802: 2 mann På kvart bruk sår dei 2 t havre, 1 t blk, avlar 6 foll. Fôrar 6 storfe og hest, 12 småfe. Skog til brensel, furuskog til husreparasjon. «Tarvelig» sommarbeite. 5 arbeidsfolk
1845: 2 mann Sår 1 t bygg, 4 t blk, 6 t havre, 4 t pot. Fôrar 2 hestar, 10 kyr, 16 sauer, 8 geiter, 2 griser
1865: 2 mann Lnr 335: Sår 2½ t blk, 3 t havre, 3 t pot. Krøter: 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 6 geiter. Oppg. for 336 manglar. Matr. føreb. arb. i 1860-åra:
2 mann. Lnr 335: 14 dekar åker og dyrka eng, 45 dek. natureng, lettbrukt, sår 3 t blk avlar 15 t, sår 4 t havre, avlar 16 t, sår 2 t poteter, avlar 14 t. Fôrar 1 hest, 6 kyr, 12 småfe. Lnr. 336: 14 dekar åker og dyrka eng, 32 dekar natureng, lettbrukt. Sår 3 t blk, avlar 15 t, sår 4 t havre, avlar 16 t, sår 2 t poteter, avlar 14 t. Fôrar 1 hest, 8 storfe, 14 småfe.
1875: Sår 6 t blk, 6 t havre, 6 t poteter. Fôrar 2 hestar, 10 kyr, 5 kalvar, 29 sauer, 2 griser.

BRUKARAR

Ole d 1617

g Gunilde

Br 15 . . -1617, enkja til 1622

I 1611 er Ole med å reie ut Christopher Tusvik til Kalmarkrigen. I 1619 er nemnd ein husmann Kolbein. Han vart sidan medeigar i Tu. Det er nokså sikkert at det var Gunilde som var frå Tu. Ho gifte seg att med

Ole Olsen d. e.

Br 1622-1626

Garden vart delt i 1626, og Ole Olsen d.e. heldt fram på

Bnr 1

Br 1626-ca. 1657

I 1626 skatta Kolbein Tu av ½ v fisk i lag med verbror sin Ole Olsen. I 1636 la Ole og grannen Ole Olsen (!) kvar ½ mæle i tiend. I 1648 brukte Ole d.e.

2 mællag, medan grannen Ole d.y. brukte 3 mællag. Det var Våtmyr han brukte då i tillegg til sitt bruk på Tu.

I 1649 selde Ole Olsen d.e. 1¾ mællag i Tu til presten Christen Hege-lund. Det var jord Ole sjølv budde på og brukte. (Tb 16/8 1649.) I kopp-skattlista 1645 vart ingen av brukarane på Tu førde med tenarar.

Det var i 1646 Tu og Våtmyr for første gong vart førde under eitt, utan brukarnamn for Våtmyr. Som vi har sett fekk Våtmyr sin eigen brukar i 1648, og frå då av hadde kvar Tu-brukar berre 2 mællag. Dei første åra etter 1648 vart Tu og Våtmyr nokre år førde under eitt, men då med 3 brukarar.

Sonen tok over etter Ole Olsen d.e. Det var

Elling Olsen Tu

Br ca. 1657-ca. 1685

Der er ikkje aldersoppgåver for nokon av Tu-brukarane i 1666. Elling la 2 slettmark i krøterskatt i 1657 for 1 hest, 3 kyr. Far til Elling vart i nokre år etter 1657 førde som brukar i lag med sonen.

Villik Larsen f ca. 1637, d som enkjemann i 1727

Br ca. 1685-1705

Fødselsåret er etter alder oppgitt ved død. I 1701 har manntalet alder 55 år for Villik.

Barn: Kirsten f ca. 1687, g p br

Johannes Nilssen Ramstad br 8 f ca, 1669 d 1755

g Kirsten Villiksd. Tu d 1772, 85 år

B r 1705-1740

Born: 1. Gjertrud f ca. 1714. g p br

2. Johannes f 1722, d 8 dg

3. Jens f ca. 1723 d 1750 som tenar hjå Iver Høeg

4. Anna f 1728 d 1750

Johannes Nilsson fekk bykselsetel på 2 mællag i Tu 2/12 1705 av Troels Christensen Krog. Ny bygselsetel på dei same 2 mællag frå ny eigar Otto Finde i 1720. I 1711 hadde han to gamle folk hjå seg. Det var foreldra til kona.

Jakob Ingebrigtsen Utgård br 9b f ca. 1707, d 1751

1740 g Gjertrud Johannesd. Tu f ca. 1714 d 1762

Br 1740-1751, ek. til 1752

Born; 1 Karl *Rasmus* f 1739 d 1795, g 1771 Karen Bendiksd. Åse (1744-1816). Dei hadde gard på Store Nørve

2. Ingebrigt f 1740 d 1750, 10½ år

3. Kirsten f 1743

4. Johannes f 1746 d 1801. g 1780 Marie Olsd. (1750-1807). Dei budde på Tandstad. Han drukna i Langenesvatnet. Bd II s 259

5. Berte f 1749 d 1 år 10 veker

6. Berte f 1749 (tvill.) d 1829, 1788 g Torstein Ols. Ødegård (1753-1828). Bustad Tandstad. Bd 2 s 242

9. Berte f 1751 d 6 veker, same året som faren, ho sist.

Bygselsetel frå Knut Høeg.

Sk. etter Jakob 14/8 1751: Brutto 54 rd. netto 44 rd. Enkja gifte seg att i 1752 med

Tore Larsen Riksheim br 3 f 1725 d 1776. sk. 11/7 1777

Gjertrud døydde i 1762 og han gifte seg att i 1764

med Marte Olsd. Riksheimgjerde f 1738 d 1804

Br 1752-1776

Born i 2. ekteskap;

1. Lars f 1765 d 1793. Omkom på fjorden ved Kursetneset

2. Ole f 1768 d 1795. «Var falden av en båd ved Vige fjorden og fandtes der død.» Han hadde dottera Johanne Torine f 1793 (mor: Synneve Salmundsd. Brunstad)

3. Tore f 1771 d 1838, g 1. 1808 Johanne Olsd. Stave br 2 (1781-821) g 2. Johanne Olsd. Fet f 1774. Bustad Sunde, Borgund

4. Kristen f 1773, til Viset, d 1834, sk 30/4 1835

5. Mads f 1775, g p br

Bygselsetel 4/1 1752 frå Knut Høeg. Sk. etter Tore; «Stervboet er neppe tilstrekkelig til gjeldens betaling,» Men det vart netto på 44 rd,

Peder Johannesen Korsedal f 1746 d 1812 1778 g ek. Marte Olsd. Tu d 1804

Br 1778-1800

Bygsselsetel 5/12 1778 frå Jørgen Abelse. Mor til Peder var frå Brunstad.
Peder si halvsysster Marte g Nils Ramstad bnr 4

Mads Toresen Tu f 1775 d 1829

g Karen Petrine Gulliksd. Ødegård f 1783 d 1859

Br 1800-1829, enkja til 1833

Born: 1. Karen *Olave* f 1803 g Ole Martinussen Utgård (bnr 9)

2. Anne Gurine f 1806 d 3 veker

3. Anne Petrine f 1807, d ug 1842

4. Bernt Martinus f 1810, g p br

5. Peter Olaus f 1814, til Hovden br 1

6. Tore f 1821, til Gjævenes (bnr 1)

Bygsla bruket av kaptein Halle 24/3 1800. Kår til Peder og kone, Sk. etter Mads 28/9 1829: Brutto 134 spd, netto 108 spd. Off. auksjon over arv etter Mads 6/10 1831 til Peter Olaus og Tore: 1 raudsida kollete ku Rise 6 spd, 1 ku Snoprei, 1 djupt tinnfat, 1 flat tinntallerk, 1 bismar, 1 vårsildgarn, 1 grovstilt salmebok, 1 Guldbergs salmebok, 1 vevstol, 1 ny strieskjorte 3 ort 4 skill. i alt for vel 29 spd.

Bernt Martinus Madsen Tu f 1810 d 1873

1833 g Stine Cecilie Toresd. Hundeide br 1 f 1814 d 1883

Br 1833-1862

Born: 1. Mads Tomasine f 1833 d 1913, g 1855 em. Lars Martinus Ols.

Tjønes f Stave br 2 (1826-1912) (han g. 1. 1851 Marte Lovise Syversd. Tjønes (1820-1854)

2. Jens Tomas Martinus f 1837, g p br

3. Karl Martinus Bastian f 1841 d 1900, til Utgård br 6

4. Anne Bergitte f 1835, g 1873 Johannes Karlsen Slinning f ca. 1851. Ho hadde barn Rasmus Karolus f 1871 (far: Knut Ottesen Klokk (Rabben, pl. u. bnr 6).

5. Berte Karoline f 1851. 1869 g Klaus Halvorsæter

Bygsselsetel frå Tommesen i Tusvik 25/6 1833. 1845: 1 hest, 5 kyr, 8 sauer, 4 geiter, 1 gris. - Sår ¼ t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 2 t poteter.

Jens Tomas Berntsen Tu f 1837 d 1922

1862 g Helge Tomasine Larsd. Midtgård (br 1) f 1837 d 1897

Br 1862-1890

Born: 1. Bernt Ludvik Johan f 1863, d ca. 1897, ug snikkar

2. Lars Karolus Severin i 1865, g p br

3. Hanne *Kanutte* f 1868 d 1957. g Velle, Bd II s 441
4. Lovise Hansine Petrine f 1869 d 1934. meierske, 1 g 1896 Bernt Knutsen Tusvik (1867-1898) br 4, 2 g 1900 Peter P. Eidem (1861-1940)
5. Ole Bastian f 1873 d 1934, 1901 g ek. Ane Larsd. Gjøvsundsæter (1873-1941). Bustad Valderøy
6. Karl Tomas f 1875, flytte til Oslo, g nordlandsjente, skild
7. Inga f 1879 d 5 mnd.

Byggselsetel frå Tommesen i Tusvik 4/10 1862. Kår. Jens hadde blå auge, brunt hår, god lekamsbygning, tente som linjereserve og landevern frå 1860 til 1864, og vart då etter uttent tid overført til landvern-reserven (1864).

I 1865 sådde Jens 2½ t blk, 3 t havre, 3 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 6 geiter. Hadde 14 dekar åker og dyrka eng av mindre god kvalitet, 45 dekar natureng av same kvalitet, hadde meir dyrkbar jord, dårleg hamnegang, litt furuskog, lettbrukt gard. Årleg avling i 1860-åra: 15 t blk., 16 t havre, 14 t poteter. Betalte 143 spd som byggselsum og 6 spd i årleg landskyld.

I 1871 vart bruket rekna for ein normalgard i Sykkylven. Jordsmonnet var mold, fast sandbotn og leirjord.

1875: Sådde 3 t blk, 3 t havre, 4 t poteter. - 1 hest, 4 kyr, 2 kalvar, 12 sauer, 1 gris. Kårkona hadde 1 ku, 4 sauer.

Lars Jenssen Tu f 1865 d 1955

1898 g Hansine Severine Johansd. Høgset f 1867 d 1955

Br 1890-ca. 1950

Born: 1. Tomasine Birgitte f 1898 d 1946

2. Åsta Johanne f 1906, g 1934 gartner Ludolf Krohn frå Nord-

dalen, d 1943

3. Laura f 1910

Skøyte frå Lars Tommesen for 3200 kr. Kår. Lars gav i 1937 skøyte til dottera Tomasine, med atterhald om bruksrett så lenge han ville. Sidan kår.

Lars hadde lært snikkaryrket. Frå 1893 hadde han sirkelsag som han brukte i lang tid. Nokre detaljar frå den drifta: Selde i 1895 2 sekker sagflis til Bastian Hundeide for 10 øre pr sekk. Selde i 1896 emne til 3 riveskaft til Jens Gjøvenes for 7 øre stykket. Kristian Ekornes betalte kr. 3,03 for sagnarbeid ved å låne bort slåmaskinen sin ½ dag i 1904. Jens B. Midtgård fekk i 1911 betale gjeld kr. 3,46 for sagnarbeid med hamneleige. Dei store kundane sine hadde Lars i Eliasgarden på Myrset, Petter Hans-



Tu. Til venstre bnr 2, til høgre bnr 1.

sen i tida 1907 til 1917, Lars Pettersen og Karl Pettersen i tida 1920-1925. Lars fekk i si ungdomstid tenesteløn av faren for 6 år a 40 kr. Kona var meierske i Hundeidvik før ho vart gift. Lars var ein vital mann med godt minne opp i høg alder.

Laura Johanne Tu f 1910

eig no garden saman med systera Åsta Krohn. Dotter til Åsta, Helga Seines, har i mange år butt på Tu. Ho er f 1941 og har sonen Kjell Ivar f 1972.

Bnr 4 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1954, skyld 1 øre

Lars Birger Hanssen Hatlemark br 1 f 1919

1948 g Herbjørg Gulliksd. Hatlemark br 2 f 1925

Born: 1. Jostein f 1948

2. Oddgeir f 1954 Arbeidsformann på fabrikk. Bygde hus i 1954.

Bnr 8 FREDLY

Utskilt frå bnr 1 i 1973

Lars Halvor Krohn f 1938

1965 g Aud Marie Hoel f 1944 i Norddal

Born: 1. Halvard Sindre f 1968

2. Einar Lodve f 1970

3. Ann Kristin f 1976

Bygde våningshus i 1973. Bygningssnikkar ved Stave Bygg.

Bnr 9 Tusvik Byggjefelt

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 12 øre

Sykkylven Kommune

I 1979 vart det frå dette byggjefeltet utskilt tomter med bnr 14, 15, 16, 18, 20, 21, 22, 23 og 24,

Bnr 2

Ola Olsen d.y.

g Eli Olsd.

Br 1626-1667

Han brukte nokre år både sitt eige bruk på Tu og bruket i Våtmyr. I 1648 selde han 1 mællag 3 fjerdinglag jord som han sjølv brukte, til presten Christen Hegelund. I 1657 la han 61 skill. i krøterskatt for 1 hest, 1 okse, 6 kyr, 4 geiter og 5 sauer.

Peder Olsen

Br 1667-ca. 1684

Truleg son til Ole Olsen d.y. Brukte 2 mællag.

Amund f ca. 1660

Br ca. 1684-1704

Barn: Anne, g Hans Standal. Ho døydde i 1786 i Hovden, dit son hennar, Nils Hanssen Standal, vart gift.

Kristen Olsen Blakstad bnr 4 d 1715

g Alet Pedersd. Blakstad (br 2)

Br 1704-1715

Born: 1. Ole f ca. 1709. d før 26/9 1720, då broren fekk arv etter han.

2. Peder f ca. 1713, g 1753 ek. Synneve Pedersd. Sjøholtstrand.

I 1711 betalte han ekstraskatt for seg og kona. Hadde ein dreng med 2½ rd i årsløn og ei jente med 1 rd. Sk. 1715: Kontantar vel 22 rd, 1 stort tinnfat, 1 koparkjel, fiskevegn og båt, 1 kvern, 1 brun hest, 5 kyr, nokre ungdyr, 3 geiter med kje, 2 sauer, 3 t havre. Brutto vel 71 rd, netto 60 rd. Enkja gifte seg att med

Lars Pedersen Kjølås (Sæbjørng.) f 1691 d 1720
g Alet Pedersd. Tu f ca. 1673 på Blakstad (br 2) d 1731, 57½ år
Br 1715-1720

Born: 1. Else f ca. 1715, g 1751 om. Paul Ols. Y. Ekornes br 1 f ca. 1709
2. Pernille f ca. 1718

Far til Lars var frå Øye i Sunnylvn.

Fekk byggesetel 13/3 1715 frå Inger Finde, enkja etter presten Troels Christensen Krog.

Sk. etter Lars 26/9 1720: 1 forgylt sølvbelte 9 rd, 1 kjempefæring, 1 småfæring, 1 naust vert lagt til «gårdens åbod», 6 torskegarn, 4 kyr, 2 ungdyr, 5 geiter, 3 hainer (unggeiter), 1 sau med lam, 2 verar, 1 raud kledestrøye med tinnknappar 2 rd. 1 hatt 2 ort. Brutto 81 rd, netto vel 23 rd.

Mikkel Olsen Straume f ca. 1689 d 1749

1721 g 1. ek. Ælid Pedersd. Tu (= Alet) d 1731 57½ år

1732 g 2. Johanne Pedersd. (systerdr. til Peder Rørhus)

Br 1720-1749, enkja til 1750.

Born: 1. Alet f 1733 d 3 veker

2. Peder f 1734 g p br

3. Gunnild f 1737, g 1773 Ingebrigt Larssen Midbakke

4. Malene f 1739. g Peder Torsen Eidem eller Høgres, sjå Davenes

5. Lars f 1743 d 1722 på Roald

6. Ole f 1746, d 1780 på Giske Enkja g 2. med

Knut Guttormsen Kjemphol f ca. 1700 d 1751, 51½ år

Var enkjemann då han gifte seg att i 1750 og flytte til Tu. Johanne

Pedersd. d 1758, 56½ år.

Br 1750, enkja til 1752.

Peder Mikkelsen Tu f 1734 d 1791

g 1 Synneve Iversd. Myklebust frå Ørsta d 1767, 52 år

g 2. 1768 Maren Kristoffersd. Aurdal, d 1791, etter mannen.

Br 1752-1791

Born i 1. ekteskap:

1. Mikkjel f 1753, sjukleg, d 1820, legdslem
2. Iver f 1755
3. Bård f 1757 d 1770, 12½ år

Byggselsetel 13/10 1752 frå Knut Høeg. 1769: Stemnd av Hovdekarane i beitesak. Sjå Hovden. 1770: Stemnd av Sven Svensen Myrset fordi han ikkje har greidd ut arven til sonen Bård. Vart dømd til å betale Bård 17-1-15. 1774: «Peder har erklært sig selv uformuende, kan vel og således være.»

Sk. etter 1. kona 3/7 1767: Brutto 110 rd netto 96 rd. Sk. etter Peder 29/7 1791: Brutto 110 rd, gjeld 13 rd. Sk. etter Maren 1791: Brutto 36 rd, netto ca. 14 rd.

Halsten Pedersen Aurdal f 1762 d 1834

1795 g Ellen Knutsd. Ramstad f 1765 d 1823

(dtr. til Knut Pedersen R.)

Br 1791-1821

- Born:
1. Synneve Petrine f 1795 d 8 dg
 2. Lars Peter f 1796. Budde på Molde. Døydde før faren
 3. Maren Larense f 1799, unemnd i 1801
 4. Anne Katrine f 1800, g p br
 5. Peder Bernt f 1803 d 1862, 1826 g Johanne Tormodsd. Aurdal

(1806-1898). Bustad Aurdal. Før ekteskap hadde Peder sonen

Jens Elias f 1825 (mor: Johanne Hansd. Sætre). Sjå bd II s 283

Bygsla bruket av enkjefru Ramshart 1/9 1791. Bruket vart i 1802 verdsett til 80 rd. Sk 1834: Brutto ca. 20 rd, netto ca. 7 rd.

Johannes Hanssen Ekornes Indre (br 1) f 1789 d 1858 g Anne Katrine Halstensd. Tu f 1800 d 1869 Br 1821-1858

Born: 1. Hans Karl f ca. 1821, d 1842, 21½ år. Knust under eit lass som velte

2. Andreas Martinus f 1822
3. Elias Karolus f 1825, g 1844 Anne *Petrine* Pedersd. Velle (Jog.). Budde Ytre Ikornnes (br 1) sidan plass under Blakstad bnr 2
4. Ole Andreas f 1817, g p br
5. Torstein Ingebrikt f 1831 d 1893. g 1860 Marie Rasmusd. Havåg (1832-1878). Skreddar. Bustad Eikrem, Syvde
6. Anne Eline f 1834 d 1916, g 1863 Lars Bernt Pedersen Grebstad (1838-1932). Bustad Grebstadgjerde. Sjå bd II s 615 og 660

7. Hans Karl f 1844, bustad Sande. Songlærer og reknelærer ved Stord Lærarskule.

Bygsla bruket av Jens Winje 18/6 1821. La eid til konstitusjonen i 1829. I 1842 sende han saman med Ivar Utgård ein søknad om at heradstyre- møta vart haldne i Grebstaddalen i staden for i Nedre Søvik. Det vart samrøystes vedtak at møta for 1842 skulle haldast i Søvik, men frå 1843 på Grebstad.

Hans Karl skreiv seg for H. C. Thu, Sjø Postbudet nr 5 1863, Smp 20/8 1921.

I 1845 er sånad og buskap heilt like for dei to Tu-bruka.
Sjå bnr 1.

Ole Andreas Johannesen Tu f 1827 d 1906

1861 g Anne *Oline* Jakobsd. Aure f 1838 d 1925

Br 1860-1897

Born: 1. Karl Johan Kristoffer f 1863. Utns nr 915, d 1952

2. Anne Henninge Bastiane f 1866, g Peter Hanssen Davenes f 1856

3. Hans Johannes f 1869, utns nr 914 d ca. 1946

4. Emte *Nikoline* f 1873 g p br

5. Bastian Ludvik f 1876 d 1929. Utns nr 913

6. Karoline Petrine f 1879. utns nr 912

7. Petter Andreas Karolus f 1881, utns nr 916

Bygselbrev frå Tommesen i Tusvik 6/10 1860. Medlem av kommunestyret. Vart i 1881 vald til å passe på at krøtera fekk skikkeleg stell (to mann frå kvar krins med på dette). Husdyr i 1875: 1 hest, 5 kyr, 3 kalvar, 13 sauer, 1 gris. Sådde 3 t blk, 3 t havre, 2 t poteter.

Matr.førebuingarb. har desse: opplysningane: 14 mål åker og dyrka eng (mindre god), 32 dekar natureng (mindre god), har ikkje utslåttar, men noko jord som er dyrkbar. Avlar 15 t blk, 16 t havre, 14 t poteter. Dårleg hamnegang. Skog til husbruk, litt furu til sal. Lettbrukt.

Karl Andreas Martinussen Straumsheim (br 2) f 1873 d 1946

1897 g Emte *Nikoline* Olsd. Tu f 1873 d 1967

Br 1897-1946

Born: 1. Ole Martinus Kornelius f 1898, p br

2. Knut Martinus Bernhard f 1905. Utns nr 911

3. Hans Leonhard f 1908, 1947 g Åsta Johansd. Tusvik br 5. Formannsskapssekretær frå 1948

4. Karen Nancy f 1919, g Petter J. Midtgård f 1915 (Toreg.)

Karl dreiv fiske om vintrane på Haramsøy, dei siste åra på Giske. Bygde stovehus i 1933. 12,5 x 7,85 m. 3,9 m frå mur til raft, gråsteinsmur, skifertak. Selde bjørkeved til 10 kr. famnen.

Ola Karsen Tu f 1898

B r 1946-

Var lærarvikar i to år på Stranda og eit år i Seierstad og Juvika, Olav Duun si heimegrend. Var meierist og ekspeditør ved Sunnmøre Meieri i Ålesund 1920-1940. Fekk skøyte på garden av mora og vart gardbrukar. Hadde for det meste kring 4 kyr, 10-12 sauer og hest. Bygde seg sag i 1940 og har drive mykje med den som attåtning.

I utmarka til Tu har eit beitelag fått teke over ca. 400 dekar myrland. Det er bygt veg dit, ca. 1 300 m frå Tugarden, og brukarane på Tu har full rett til bruk av heile vegen. Beitelaget har ca. 70 -kyr på beitefeltet, og betalar ei årsavgift til Tu. Det er folk heile sommaren på beitefeltet, der det er sett opp hus.

Det har vore litt fiske i Tu-vatnet, der det var fisk av fleire slag før. No er det mest ål.

Ola har funne murrestar etter eit eldre tun lenger oppe i bakken, rett ovanfor der tunet er no.

Ola har vore mykje med i kommunestyret, ei tid som ordførar. For sitt arbeid på dette område fekk han ein pokal med takk for godt arbeid. Han var formann både i Skogreisingsnemnda og i Sykkylven Skogråd. For sitt arbeid der fekk han eit sølvfat.

Den tida han arbeidde i Ålesund var han og eit år medlem av bystyret. I det siste har Ola Tu troppa ned gardsdrifta.

Bnr 3 NORDTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1947, skyld 27 øre

Hans Karlsen Tu

Denne parsellen har beiterett til ei ku i utmarka til bnr 2.

Bnr 6 BLUHBERRYHILL

Utskilt frå bnr 3 i 1965, skyld 1 øre

Knut Karlsen Tu

Driv fruktdyrking i Calil., ikkje blueberries, men avocados.

Sverre Leifsen Kjemphol f 1942

Kjøpte bustadtomt av Knut Tu bnr 6 i 1976 for 15 000 kr.

Bnr 5 FJORDGLØTT

Utskiltfrå bnr 2 i 1958, skyld 1 øre

Victor Fuglseth f 1918

g Anna f 1921

Born: 1. Hilde f 1948, g Leif Hallgrim Utgård

2. Anne f 1951. g Dag Brøther. Oslo, f 1948

Ingen fastbuande i huset no. Brukt som feriestad,

Bnr 7 FJORDGLØTT II

Utskilt frå bnr 2 i 1972, skyld 1 øre. Same eigarar som bnr 5.

Bnr 10 Tusvik Byggjefelt

Utskilt, frå bnr 2 i 1974, skyld 15 øre *Sykkylven Kommune*

Bnr 11 HAUGLY

Arnljot Fauske Sandvik f 1950 i Sykkylven

1973 g Eva Karin Emilsd. Hjelle f 1956 i Sykkylven

Born: 1. Kariann f 1974

2. Frank Emil f 1976

Sandvik har siste åra vore lærar i Hundeidvik.

Bnr 12

Frå byggjefeltet i 1977, hustomt

Øyvind Aarsnes f 1954 i Sykkylven

1977 g Oddhild Ivarsd. Ramstad f 1955

Born: 1 Veronika Simonsen (mor: Rønnaug Harriet Simonsen)

2. Vivian Maria f 1976 Har bygt hus på tomta (1978). Er kokk av yrke.

Bnr 13

Utskilt frå byggjefeltet i 1978

Gunnar Hunhammer f 1955

Frå byggjefeltet vert det etter kvart utskilt fleire tomter.

Tu. Bnr. 1, 4, 8, 9, 2, 3, 6, 5, 7, 10, 11, 12, 13.

I Aslak Bolts jordebok (ca. 1440) finn vi: Af Sortubekke . . . Andre gamle former: 1616 Suartebeck, 1627 Svarteberg (Bhl pk 40), 1666 Suartebeck, same året Svartebech med Leervig, 1723 Svartebech med Leervaag.

Etter den tid for det meste Svartebekk, og alle derifrå har til no skrive namnet sitt slik, sjølv om daglegtalet har Svartebekk. Den gamle plassen under Svartebekk har nokre stader forma Lervik, men langt oftare Lervåg, som må vere det rette.

Rygh meiner namnet frå først av har vore eit elvenamn.

Litt bortgøymt må ein vel seie Svartebekk ligg, sør for Tusvik, med Kurset som næraste gard på andre kanten. Men no er det bra bilveg frå hovudvegen til Svartebekk. Ovanfor ligg Hatlemark.

Det har vore berre eitt hovudbruk på Svartebekk, så brukaren har kunna gjere som han ville med utmarka. På 1800-talet vart ein god del utmark innlagd. Gjerdet mot Hatlemark vart sett opp i 1913.

Som alt nemnt har der vore ein gammal plass under garden, Lervåg, eit namn ingen i grenda kjenner til no. Ein annan plass under garden, Narvik, er også etter måten gammal, og det kan vel tenkjast at Narvik kom nett der Lervåg ein gong hadde legje.

EIGARAR

Erkebispstolen i Nidaros åtte ½ månadsmatsbol i Svartebekk kring 1440. Seinare vart Svartebekk kanskje krongods ei tid, men i 1626 er det Hareid kyrkje som eig garden. I åra 1661-1664 var Hjørundfjord-kyrkja eigar, men deretter var Hareid kyrkje eigar i lang tid. På 1800-talet var Tommesen i Tusvik eigar ei tid, meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gårdsnummer: Gnr 4 i Hjørundfjord før 1798, så 151. 109, og med den nye matrikkelen løpenr. 337 og 338. Svartebekk var i skatteklasse øydegard, for det meste med skyld 1 v. Men vi finn denne merkelege rekkja: 1661 1 v, 1674 ½ v, 1683 ½ v. 1699 1 v. Under Brukarar skal vi prøve å forklare korleis dette heng saman. Høgste gamle skyld var 1 v 18 mk (1700). Ny skyld 2 dlr 15 skill. Rev. M 2.27 for hovudbruket, etter frådrag for to plassar (1890).

Tienda var i 1606 ½ mæle. i 1620 1 mæle 1 fj, i 1666 3 mæler havre og 10 mk ost, i 1717 1 t havre og 8 mk ost, framlegg i 1724 1 t 1 skjeppe havre (= 90 skill.) og 12 mk ost (= 16 skill.). I 1774 2 ort 4 skill.

Leidangen var oftast 2 kalveskinn, såleis både i 1609 og i 1701. I 1717 1 ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 1 mann

1626: 1 mann. Sår 2 t, årleg grunnleige og skatt av ei sag

1628: 1 mann. Saga låg øyde

1657: 1 mann. Krøterskatt 6 skill. av 3 geiter (på ein gard med 1 v i skyld!) Den rette buskapen og krøterskatten må vere utegløynd. Dei 3 geitene var på plassen Lervåg

1666. 1 mann. Sår 2,5 t havre, avlar 7,5 t, Fôrar 1 hest og 11 kyr. Små sperre- og brenneskog

1717: 1 mann. Sår 2,5 t havre, avlar 10 t, Fôrar 1 hest, 9 kyr. Brennefang. Ei lita bekkverk

1724: 1 mann. Nok brenneved. Ei lita seter ½ mil frå garden. Ei lita bekkverk berre til eige bruk. Ligg ved sjøen. Nokså "letvunden" og viss til korn. Sår 2¾ t havre, avlar 11 t, Fôrar 1 hest, 6 kyr, 4 ungdyr, 7 sauer og 3 geiter. "Litt næring ved at grave rødder til tjærevirke"

1802: 1 mann. Sår 4 t, avlar 6½ foll. Krøter: 8 storfe, 1 hest, 16 småfe. Dårleg beite. Skog til brensel. Litt furu til husreparasjon

1845: 1 mann. Sår ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 2 t pot. Fôrar 1 hest, 7 kyr. 11 sauer, 7 geiter, 1 gris

1865: 1 mann. Sår 0,25 t bygg, 2½ t blk, 3 t havre, 1½ t pot. Fôrar 1 hest, 8 kyr, 16 sauer, 6 geiter. Matr.føreb.arb. i 1860-åra: 23 dekar nokså god åker og dyrka eng, 69 dekar dårleg natureng, meir jord kan dyrkast, men ligg ulagleg til.

Avlar 1 t bygg, 18 t blk, 16 t havre, 21 t poteter. Krøter: 1 hest
9 storfe, 26 småfe. Dårleg heite. Ulagleg lægje til veg.
Lettbrucl.

1875: 1 mann. Sår ½ t bygg, 2½ t blk, 3 t havre, 4 t pot. Buskap: i hest, 1
okse, 4 kyr, 6 kalvar. 16 sauer, 10 geiter, 1 gris.

Skal ein tru på segner (og det skal ein vel?) er dei første personane vi
høyrer om på Svartebekk nemnde i segna om Kristen Kolbrennar. Ein
sundag skulle han preike i kyrkja og sa: "I dag vert det inga anna forretning
enn å be for nokre som er sjuke, og det er 7 svarte griser på Kurset og 3
tannlause kjerringar på Svartebekk."

Dette får ei vel ta med ei klype salt: Grisetalet på Kurset synest altfor
høgt!

BRUKARAR

I ei kjelde frå 1603 er nemnde to brukarar på Svartebekk, ein Ole og ein
Rasmus. Men dei legg begge 1 rd i skatt, og det tyder på at det er bru-
karen Ole i Hatlemark som ved ein feil er komen med her.

Bnr 1

Rasmus Ellingsen d 1634

Br 1603-1634

Førsle året var tienda hans ½ mæle, i 1610 2½ fj. I 1611 var han saman med
Ole Hatlemark om å reie ut Anders Kurset til krigen, men det vart sonen
Ole Anderssen som gjekk ut.

Rasmus hadde ei bekkesag på sin grunn, og med den saga han 30 tylfter
bord i 1603, det same i 1612 og 1614, 15 tylfter i 1618, 20 i 1621. 1623.
1624 og 1625. I 1626 10 tylfter, i 1627 8. Eit år eller to seinare er saga
ubrukeleg.

Enkja la 0,5 rd i landskatt i 1634.

Elling (Rasmussen?)

Br 1635-1658

Koppskatt for seg og kona og ein son i 1645. Står til rest med matskatten
i 1660 med 1 slettdlr. 16 skill.

I manntalet i 1701 er nemnd ein Elling, 60 år, som kanskje er sonen.
"Eier intet", står det i 1701.

Gjørvald d 1664

g Marte Olsd. d 1696

Br 1658-1664

Born: 1. Barbra f ca. 1658 g Stener Olsen Våtmyr

2. Knut f ca. 1660, d før mora Marie Olsd. g 2. 1664

Lars Eriksen f ca. 1630, d mellom 1696 og 1701

Br 1664-1690 (delvis halve bruket) Born: 1. Erik f ca. 1665

2. Gjørvald f ca. 1670 d 1757, g 1710 Inger Olsd. Austrem (ca. 1678-1765). Syster til bestefar hennar vart halshogd i 1653. Sjø Midtgard bnr 3. Gjørvald flytte til Austrem

3. E l i

4. Berette

I Lars si brukstid dukkar der opp ein ny Gjørvald, også kalla Gjørørand. Det kan ikkje vere tvil om at Lars Eriksen gifter seg med enkja etter den første Gjørvald. Men det som er uvisst er korleis jorda vart delt mellom Lars og denne Gjørvald nr 2. I 1669 ligg plassen Lervåg øyde, men i 1674 er Svartebekk og Lervåg begge førde med 0,5 v i skyld. Då er det rimeleg å tru at garden er delt mellom Lars og Gjørvald, og at Lervåg er med i ein av partane. Men alt året etter er Gjørvald førd som brukar av heile garden (Bst pk 40), og i 1678 er det Lars som brukar heile garden (Bst pk 54). Så kjem Gjørvald att i tida 1679-1684 (Bst pk 55, 59, 63, 68, 74). Lars er nemnd som brukar i 1683 og frå 1685 til 1690. Det er uråd å vite kva som ligg bak dette "rotet". Skal ein tru at kjeldene er rette, må dei to ha bytt plass som brukar fleire gonger. Eg trur det er kjeldene som ikkje er å lite på her, og at dei to brukte kvar sin halvpart av garden.

Sk. etter Marte 1696: Brutto ca. 52 rd, netto vel 45 rd. (6 kyr, 1 hest, 3 sauer, 7 geiter, 1 kjempefæring.)

Gjørørand (Gjørvald)

Br ca. 1670-ca. 1685 (halve garden)

La 2 pd havre i korntiend i 1675 og 1,5 rd i skatt. Det same i 1680.

Erik L.arssen Sortebeck f ca. 1665 d 1739

g 1. N.N. død 1701 eller før

p 2. Dordei (Dorte) Olsd. Stave br C f ca. 1673 d 1739

Br 1690-1739

Born: 1. Lars f ca. 1706, g p br
2. Brite f ca. 1711. d 1751 hjå farbroren på Austrem
3. Ole f ca. 1713, d 1790, g 1745 ek. Marte Larsd. Tjønes (Btl 2 s 194)
4. Marte f ca. 1714? 1736 g em. Siver Hanssen Terøy. Også kalla Sjur. Han var enkjemann etter Siri Larsd. Blakstad. Marte var 3. kona hans og d før 1747
5. Peder f ca. 1716, d 1769, g 1742 Anna Rasmusd. Festøy d 1794, 77 år. Flytte til Vedde i 1741. Brukte Knutegarden på Eikrem. I 1701 vart alderen til Erik Larsen oppgitt å vere 39 år. Saman med nokre andre er han og dei nemnde som “nogen av de beste og suffisante mænd” som på vegne av alle forplikta seg til å halde avtalen i skriv av 28/2 1728 frå Rentekammeret, som særleg gjeld betalinga av tienda.
I 1711 har han ein liten dreng med 4 ort og 8 skill. i årsløn. Skattar då av 8 par skor, har 1 barn.
I 1719 var Erik gammal og svak og møtte ikkje “til det almindelige opbuds samlingsplads Aalesund”.

Lars Eriksen Sortebekk f ca. 1706 d 1749
1741 g Anne Olsd. Aurdal f ca. 1717 d 1760
Br 1739-1749

Born: 1. Dorte f 1741, d 1 dg
2. Dorte f 1742, d 1 dg
3. Erik f 1742 (ikkje tvill.) d 1763
4. Ole f 1744 d 1760
5. Peder f 1746 d 1763

Fekk bygselsetel frå madam Castberg i 1739. Siste året han levde selde han 21 mk i Brunstad til Christopher Abelset. Denne jordparten hadde kona til Lars ervt etter far sin, Ole Pedersen Aurdal.
Sk. 1749: Brutto vel 52 rd, netto 27 rd.
Anne gifte seg att i 1750 med

Knut Paulsen Fet f ca. 1720 d 1752
Han var frå Pål-garden. Bygselsetel frå Mad. Castberg 14/8 1749.
Br 1749-1752
Barn: Paul f 1750
Sk. 1752: Brutto ca. 70 rd, netto vel 36 rd.
Enkja g 3. 1752 med

Paul Pedersen Aure f ca. 1718 d 1795

1752 g 1. ek Anna Olsd. Sortebeck f ca. 1717 d 1760, sk. -61

1761 g 2. Kari Jetmundsd. Kurset Nedre f 1738 d 1804

Br 1752-1784

Born: 1. Ragnhild f 1753 d 1785

2. Lars f 1757 d 1783

3. Peder f 1759, g til Hellen Born i 2. ekteskap:

4. Marte Marie f 1762, g p br

5. Paul f 1774 d 1776

6. Paul f 1777

7. Paul f 1783, d 21 veker Kari g 2. 1804 Lars Davidsen Kagholen f
ca. 3755 d 1809

Saman med to Aure-karar og Lars Pedersen Myrset (også frå Aure) kjøpte han i 1768 grunn til stovehus med fiskeskjå o.a. på Varholmen, av Ole Honningdal og Iver Høeg.

I 1770 stemnde han Peder Madsen Bondal fordi han hadde late krøtera sine beite på hans mark. Forlik: Peder Madsen betalte 2 rd for skade + sakskostnader.

I 1774 skriv presten om Paul: "Povel er vistnok fattig, ti han står oftest til rest med hvad han i andre måder er pliktig."

Sk. etter 1. kona: 104 rd, netto 9 rd.

Beitesak 1769, sjå Myrset.

Knut Anderssen Blakstadnes f 1762 d 1824

1785 g Marte Marie Paulsd. Sortebeck f 1762 d 1843

Br 1784-1815

Born: 1. Rasmus Andreas dp 15/1 1786

2. Maren f 1788 d 1796, 7 år

3. Nils Peter Martinus f 1797 d 4 veker

4. Marie Petrine f 1799, g p br

Knut var son til den rike Snikkar-Anders og åtte fleire bruk, såleis Utgård bnr 3 og Gjævenes bnr 2. Svartebekkjorda bygsla han av A. Heide i 1784 og gav kårbrev til verfaren året etter. Tapte ei sak mot ein Tjønes-mann. Sjå bd 2 s 206. I 1816 gav han Gjæve-jorda til versonen.

Torstein Jonsen Standal f 1794 på Store Standal, d 1849 1816 g Marit;
Knutsd. Svartebeck f 1799 d 1866 Br 1815-1849, enkja til 1851

Born: 1. Johanne Marie f 1817 d 1885, g 1845 John Lassesen Fauskekam frå Nordfjord f 1818 d 1897 (sjå Tusvik)

2. Knut Andreas f 1819, g p br

3. Johannes *Elias* Karolus f 1822. Bustad Kurset bnr 4

4. Emte *Marie* Birgitte f 1841, g Karl Kursetgjerde bnr 4
Torstein bygsla bruket av Hareid kyrkje: ved futen Landmark. Torstein fekk Standal-jorda (Frikegarden) i bryllaupsgåve. I 1816 var han og verfare med å leite etter den sakna Tomas Rasmussen Nesje frå Fauske som skulda dei 76 spd. Han vart funnen død i sjøen.

Kona til Torstein var van med rikeleg med pengar. Men eller kvart handla ho så mykje på krita i Tusvik at Torstein vart nøydd til å selje br 2 Gjævenes til Tommesen for 96 spd. Og i bygda sa dei at "ho Svartebekk-Marja bar Gjæve-jorda nord i Tusvika i ei korg".

1845: 1 hest, 7 kyr, 1 i sauer, 7 geiter, 1 gris. Sår ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter.

I sk. etter Torstein i 1849 og 1851 var buet fallitt. Største kreditor var sonen Knut.

Knut Torsteinsen Sortebekk f 1819 d 1903

g 1850 Johanne *Karoline* Ellingsd. Blakstad (br 4) (1831-1903) (dtr. til Elling Martinuss. Y. Ekornes og Inger Severine Mønsd. Blakstad)
Br 1851-1888

Born: 1. Tomasine Eline f 1852, g 1875 Peter Elias Trulssen Eidem, sidan Jarnes. Han hadde før ekteskap: Hansine Karoline f 1874 (mor: Tomasine Jakobsd. Kursetgjerde)

2. Karl Johan Martinus f 1854, g p br

3. Marte Sofie f 1857, g 1888 Tomas Eliassen Sortebekk eller Kurset, Sjø Svartebekk bnr 2 Langhol

4. Syver *Edvard* Bastian f 1861. Omkom på sjøen 7/8 1885 då sju båtlag forliste. Ikkje atfunnen

5. Knut Andreas f 1865, g til Grønhaug, Hovden

6. Ole Johan f c a. 1866. d 9,5 år

7. Johan Andreas f 1869, til plassen Hjellbakk under Hatlemark
Bygselsetel dat. 14/1 1851. Kona hans, Karoline, var ute for bjørnen,

Karl Johan Knutsen Sortebekk f 1854 d 1928

1886 g Inger *Johanne* Jonsd. Barlindhaug f 1854 d 1938

Br 1888-1915

Barn før ekteskap:

1. Karen Marie f 1882 (hans barn før ekteskap, mor: Severine Eliasd.

Riksheim br 17). G. Ole Karlsen Brunstad. Bustad Svartebekk br 4
Born i ekteskap:

2. Edvardine (*Dina*) f 1887, g 1914 Ole Jenssen Standal frå Hjørundfjord
3. Karoline Birgitte f 1891 d 1927
4. Marie Karoline f 1894, bustad Ålesund
5. Karl Johan, g p br Fekk redningsmedalje då han redda folk på Flisfjorden.

Karl Knutsen dreiv i lang tid bankfiske og torskefiske, var lenge med ein båt frå Buholmsundet. Bygde løe før århundreskiftet og stove kring 1908.

I dei siste åra av 1890-talet budde der ein dagarbeidar Edvard Olsen Høyby med familie på Svartebekk. Han var fødd i Vang ved Hamar i 1854 og kona, Agnete Pedersd. var f 1869. Sonen Alfred vart fødd på Svartebekk i 1897. Snart flytte desse til Gjævenes og budde der nokre år.

Karl Johan Karlsen Sortebeck f 1897 d 1968 1925 g Martha Theodorsd. Giske f 1899

Br 1915-1920, sidan ½ bruket til 1966

- Born: 1. Karoline Laura f 1927, 1951 g Bjarne Elveland frå Vikna, f 1928. Maskinist. Sjø br 8
2. Solveig Tordis f 1928, g 1953 Jon Kaspar Hole frå Riksheim br 7 f 1929
 3. Margrete Kari f 1932. g p br
 4. Inger-Johanne f 1930 g 1950 med Reidar Follestad, frå Follestaddalen i Ørsta
 5. Ragnhild Laura f 1935, 1958 g Magne Pettersen Løvoll frå Søre Brandal, f 1940, fabr. arb

Skøyte frå faren 14/5 1917 for 4000 kr.

Karl dyrka 10-15 dekar land og vølte husa på bruket. Han dreiv heilt frå 17-års alder bankfiske. Kring 1920 vart bruket delt med Ole Brunstad, Dotter til Karl, Karoline og hennar mann har bygt nytt hus på eit fråskilt stykke.

Hilmar Kristiansen Helseth f 1931 i Kornstad 1955 g Margrete Karlsd. Sortebeck f 1932

Br 1966-

- Born: 1. Eldar Kåre f 1957
2. Marianne f 1960
 3. Trond f 1964
 4. Hilde Merete f 1974

Helseth er gardbrukar og madrassarbeidar. Bygde løe i 1975

Bnr 2 LANGHOL

Utskilt frå bnr 1 i 1888, skyld 0.28

Tomas Peter Eliassen Kurset f 1853 d 1937

1888 g *Marte Sofie Knutsd. Sortebeck* f 1857 d 1931

Br 1888-1929

- Born: 1. Karen Eline f 1889 d 1954 etter langvarig sjukdom, g skreddar Torger Sommernes, Ålesund
2. Kornelie Edvardine Josefine f 1890. g M. Barsten
3. Anna Jensine f 1893 d 1918, g Konrad Rasmussen Gjerde frå Nordfjord. Bustad Ålesund
4. Klara Tomasine f 1895 d 1954
5. Tomas Bastian f 1898, d 5 veker

6. Thea Karoline Hansine f 1901, g Knut Hoel, Ålesund. Tomas og Sofie var syskenborn. Skøyte på plassen for 800 kr. frå Karl Knuts. Sortebeck. Alt var udyrka, berre blaut myr og skog. Sofie måtte halde til med matstellet i ei berghole i Langhammaren før dei fekk opp husa. Sota på bergveggen syner enno. Dei kjøpte seg eit stovehus på Ørskog, reiv det ned, batt tømmeret saman i flåtar og rodde det ut til Svartebeekksanden. Bar det så til den staden der huset står enno. Tomas og kona sette det opp og bygde også løe. Mykje grøfting måtte til, men dei dyrka det meste av plassen. Der var lite stein, så Sofie måtte bere stein i forkleet sitt frå elva til grøftene. Tomas laga eit kart over grøftene. Fekk diplom frå landbruksselskapet, og Sofie fekk 6 sølvskeier for godt stell av krøtera. Dei sat trangt i det med stor barneflokk, og måtte selje gifterin-gane sine for å få pengar til gardsreiskap.

Tomas var særst dugande på sjøen, og det var livberginga attåt plassen for dei. Ofte var Sofie med i båten, Ved fleire høve berga dei folk som var i naud ute på Flisfjorden.

Ein gong i 1880-åra då Tomas var på veg til fjøsen høyrde han rop om hjelp. Han prøvde å få med seg ein annan frå Svartebeck, men ingen ville ta ut i det fæle veret. Dette fortalde han til kona, som sa: "Eg ska vere med deg, Tomas." Dei sette opp litt segl på storfæringen og kryssa seg over til dei som låg på kvelvet. Det var Petter Glomset, Peder Heggebakk og den 8 år gamle dotter hans som han heldt etter hårfletta. Dei hadde vore på veg til Ålesund med ein vedafarm då dei kollsiglde. Med Sofie ved styrevolen og skjøtet greidde dei til slutt å redde alle, i siste liten. Ein annan gong hadde Tomas med seg ein annan mann frå Svartebeck for å redde folk liggjande på båtkvelvet. Det var to mann, og den eine ropte: "Berg skrinet mitt først!" Han var krøterhandlar og skrinet med pengane

flaut eit stykke frå båten. Men då vart han Tomas sint, fortalde den andre redningsmannen.

For slike redningsdådar fekk Tomas redningsmedalje, men måtte selje den for å greie skattane. Den 8-årige jenta som vart berga, synte si takksemnd då ho gav dotterdotter til Sofie og Tomas ei sølvskei. (Forteljar Hans O Hovden).

Peder Arnesen Åkre f 1896 d 1974
1928 g Anna Oline Mork f 1900 i Hjørundfjord
Br 1931-1974

Born: 1. Arne f 1931

2. Anny Ranveig f 1932, 1966 g Osvald Bjørke f 1942

3. Olav Jørgen f 1934, student, d 1958

4. Sverre Alfred f 1934 (tvill.), p br

Peder fekk skøyte på bruket frå Torger Sommernes og kona Karen, for 6000 kr. med hus. Kår til Tomas og Sofie. Hadde i 1951 4 kyr og 6 sauer. Bygde løe i 1950.

Sverre Alfred Pedersen Åkre f 1934
Br.1974-

HAGEN

Eit stykke under bnr 2.

Iver Tomassen Blakstad f 1865 d 1940
g Berte *Tomasine* Karlsd. Kursetgjerde f 1865 (frå br 4)

Born: 1. Hans *Tomas* f 1886. Utvs nr 789

2. Jens Peter f 1891 d 1903

3. Karl Ludvik f 1893, d 1914, omkom i Haugesund hamn

4. Ingvald f 1898, fiskar, bur Valderøy

5. Peter Johan f 1899. Utvs nr 788

6. Emma Klara f 1902, g Harald Birkeland, bustad Fuglset ved Molde

7. Jens Konrad f 1907, bustad Blakstad br 5

Iver budde ei tid på eit lite stykke av plassen til faren, og ei tid på Gravaplassen i Hundeidvik. I skøyta til Karl Karlsen Sortebeck stod det at Iver framleis skulle få bruke det markstykket han hadde hatt før. Iver var ein snill mann og ein hyggeleg granne, seier folk.

BNR 3 NARVIK (NORDVIK)

Denne plassen er truleg identisk med ein eldre plass, Lervåg, men då eg ikkje kan prove det, tek eg her med berre det vi kjenner som Narvik, og omtalar seinare Lervåg for seg. I arkivkjelder er Lervåg nemnd så seint som i 1802. Det eldste menneske med Narvik-namn er ei plassekone Marte Johnsd. Nordvik, som døydde 26/1 1856, 62 år. Det har enno ikkje lukkast å finne ut noko meir om henne. Den første brukaren vi kjenner til er

Jon Kolbeinsen Sandvik br 2 d 1864, 74 år
1823 g Oline Einarsd. Sorte f 1802 d 1831
Br 1841-1856

Jon budde først i Sandvik på Furstranda og vert omtala under Sandvik. Han fekk festesetel frå Jon Pedersen Brandal på eit stykke bømark under Svartebekk 8/1 1841.

Born: 1 Inger *Tomasine* f 1824

2. Knut Severin f 1826, g p br

3. Karl *Andreas* f 1828, d 1920 på Nerøy i Herøy. Budde der. Gift 3 gonger. (Sjå Herøy I s. 598)

4. Ole Elias Martinus f 1831 d 12 dg

Skal ein døme etter alle sakene hans i forlikskommisjonen sat han vanskeleg i det økonomisk heile sitt liv. Han vart og stundom stemnd for anna enn gjeld. I 1842 tok han dottera *Tomasine* ut av tenesta hennar hjå Rasmus Pedersen Tjønes og sa at ho ikkje lenger var trygg der. I forlikskommisjonen betalte Jon ca. 1½ spd og tok tilbake dei uttrykk han hadde brukt om Rasmus og kona.

I 1846 vart han stemnd av Torstein Sortebeck for ulovleg skoghogst og for at han hadde nekta å halde vedlike eit gjerde. I 1847 vart han stemnd av Hareid kyrkje for skuldig landskyld.

I 1860 fall Jon ned frå eit tre og vart skada, Ørskog Fattigvesen skreiv til legen at han måtte sjå til han for fattigstellet si rekning.

Jon budde i ei lita stove som stod litt lenger oppe enn husa i Narvik no.

Knut Jonsen Narvik f 1826 d 1911

g 1. 1856 Anne Gurine Jørgensd. Blakstad br 2 (1835-1891)

g 2. ek. Karoline Karolusd. Straumsheim br 2 f 1840 d 1927

Br 1856-1890

Born: 1. Jens Johan Olaus f 1862 d 4 veker

2. Ole Johan f 1866 d 1875

3. Karl Lorents Edvard f 1875 d 1876 ½ år

Festesetel med kår til foreldra 22/1 1857. Løa hans stod litt sør for husa som står no. Knut kjøpte plassen av Hareid kyrkje i 1888 for 1200 kr. Året før vart plassen fraskyddelt med skyld 2 ort 11 skill., rev. 0,85. Innmarka utgjorde ¼ av innmarka til hovudbruket.

1865: 3 kyr, 9 sauer. Sår 1½ t blk, 1 t havre, 1 t poteter.

1875: 4 kyr, 9 sauer, gris. Sår 1½ t blk, 1½ t havre, 2 t poteter.

Jens Petter Hanssen Gjævenes f 1865 d 1933

g 1890 Tomasine Torsteinsd. Hundeide br 2 f 1868 d 1946

B r 1890-1930

Born: 1. Knut Andreas Oluf f 1891

2. Olivia Josefine Petrine f 1893, g 1920 Hans Nilssen Blindheim f 1881 på Vigra

3. Johan Tomas f 1896, g p br

4. Jens Tomas Martin f 1899, til bnr 6

5. Peter Johan f 1902, snikkar

6. Laura Karoline f 1906 d 1913

Laga ei isdemning på Narvik sin grunn i lag med Alfred Kjemphol for sams drift av ei isforretning.

Johan Tomas Jenssen Nordvik f 1896 d 1982

g 1928 Anne Marie Petersd. Røyset f 1900 i Ålesund d 1977

Br 1930-1966

Born: 1. Tonny f 1929, g p br

2. Ingebjørg Johanne f 1933 d 1958

3. Jorunn Ambjørg f 1941, bur i Ålesund

Var i teneste i ungdomsåra med ei årsløn på 120 kr. Var ein sommar på Giske og 2 år på Valderøya. Hadde seinare ein 40-fots s båt i lag med Alfred Kjemphol, ei frakteskute. Hadde og ishus.

Sverre Eliassen Årnes f 1919 i Oppstryn

1952 g Tonny Johansd. Nordvik f 1929

Br 1966-

Born: 1. Jan Egil f 1953. har bygt hus på br. Fabr.arb.

2. Vidar f 1954. Sjø bnr 12

3. Anne Mari f 1956

Årnes har vore møbeltapeserar.

Då han tok over bruket, heldt dei fram med mjølkeproduksjon til 1976, sidan kjøtproduksjon. Bygde ny løe i 1973.



Nordvik (Narvik) Med vegen til Svartebekk.

Bnr 6 NYBØ

Utskilt frå bnr 3 i 1943, skyld 5 øre

Jens Tomas Martin Jenssen Nordvik f 1899

1931 g *Lina Petersd. Brunstad* f 1908

Born: 1. *Liv Petra* f 1932, g *Rønstad*. Bur i Skarbøvik

2. *Jon Trygve* f 1934 g *Svanhild Lyshol* (bnr 1)

3. *Turid Johanne* f 1936, 1967 g *Jon Petersen Brunstad* f 1930.

Bustad *Brunstad* bnr 12

4. *Leikny* f 1938, g *Skogvoll, Vatne*

Snikkar. Bygde våningshus i 1931, 7 x 6 m. 1½ høgde.

Bnr 12 NYTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1975, skyld 1 øre

Vidar Sverresen Årnes f 1954

1976 g *Inger Lise Larsd. Aure* f 1957

Born: 1. *Tommy* f 1973 (hennar barn før ekteskap)

2. *Janita* f 1978

Langtransportsjåfør hos Emdal,

Bnr 13 FURULUND

Utskilt frå bnr 3 i 1978. skyld 1 øre

Kjell Arne Karlsen Brunstad f 1944 frå br 4 Svartebekk
1968 g *Ellinor Olavsd. Velle* f 1949

Born: 1. *Janne Anita* f 1969

2. *Solveig* f 1970

3. *Kai Otto* f 1972

Fiskar. Plastarbeidar.

Bnr 4 BEKK

Svartebekkgarden vart delt i to i 1920. Denne delen fekk namnet Bekk med skyld 0,89.

Ole Andreas Karlsen Brunstad f 1885 d 1944

g *Karen Marie Karlsd. Sortebeck* br 1 f 1882

Born: 1. *Olga* f 1907 g arkitekt *Asbjørn Barstad, Ørsta*

2. *Karl* f 1908, g p br

3. *Edvin Martin* f 1910, sjå bnr 5

4. *Sigrid* f 1917 g *Ola Arne*

5. *Torvald Leonhard* f 1920, til bnr 7

6. *Johan Kaspar* f 1922, d 3 mnd

Bygde løe i 1922 og stove i 1923-1924, av gammalt tømmer, elles nytt, i 2½ etasjer. Utvs nr 230. Det var i 1920 Ole tok over dette bruket, men etter at han vart sjuk mot slutten av 1924 vart det kona Karen som dreiv garden.

Karl Olsen Brunstad f 1908

1934 g *Agnes Solvang* f 1914 i Tromsøysund

Br 1943-

Born: 1. *Oddvar Kåre* f 1934, sjå bnr 10

2. *Else Alvhild* f 1938

3. *Kjell Arne* f 1944, g *Ellinor Olavsd. Velle* (sjå bd 2 s 445)

Karl Brunstad er gardbrukar, fiskar og bygningssnikkar. Bygde våningshus i 1948.

Bnr 5 SØRVÅG

Utskilt frå bnr 4 i 1942. skyld 0,22

Edvin Martin Olsen Brunstad f 1910

1937 g Olga Johanne Olsd. Utgård f 1913 d 1974 (frå bnr 6)
Br 1942-1974

Born: 1. Oddrun f 1938 g Torstein Løvbrøtte

2. Ola Karsten f 1943, g p br

Fiskar. Bygde våningshus i 1946.

Ola Karsten Edvinsen Brunstad f 1943

1968 g Aslaug Rabben f 1945 i Herøy (Moltustranda)

Br 1975-

Born: 1. Eivind Bård f 1969

2. Kjetil Andre f 1972

3. Beate Iren f 1974

Fekk skøyte frå faren for 30 000 kr. 1/1 1975. Fabrikkarbeidar.

Bnr 11 SLETTEBØ

Utskilt frå bnr 5 i 1971, skyld 1 øre

Oddrun og Torstein Løvbrøtte

Dei bur på Bleiken i Brandbu.

Bnr 7 SOLBAK

Utskill frå bnr 4 i 1943, skyld 2 øre

Torvald Olsen Brunstad f 1920 frå br 4 Svartebekk

1944 g Anny Knutsd. Brekke f 1919 i Herøy

Born: 1. Arnhild Karin f 1945, g Jarle Strand f 1941 i Syvde, bur på Sætre
bnr 32

2. Kirsti Olaus f 1947

3. Terje Arvid f 1948

4. Ståle Runar f 1959

Brunstad er fabrikkarbeidar.

Bnr 9 AURLAND

Utskilt frå bnr 4 i 1966, skyld 1 øre

Birger Aure

Bnr 10 SOLTUN

Utskilt frå bnr 4 i 1967, skyld 1 øre

Oddvar Kåre Karlsen Brunstad f 1934 frå br 4 Svartebekk

1957 g Gunnveig Elise Richardsen f 1938 i Nordreisa.

Born: 1. Anne Lise f 1958

2. Unni f 1959

3. Oddgunn f 1964

4. Karl Eugen f 1969

Bygde hus i 1967. Har vore fiskar; møbeltapetserar.

Bnr 8 ELVELAND

Utskilt frå bnr 1 i 1961, skyld 1 øre

Bjarne Meier Elveland f 1928

1951 g Karoline Karlsd. Sortebeck br 1 f 1927

Born: 1. Borghild Johanne f 1952

2. Kjell Magne f 1954. sjå bnr 14

3. Bjørn Kåre f 1956

4. Arnstein f 1960

5. Torgeir f 1964

Elveland er motormann. Karoline tok over bruket i 1977.

Bnr 14 GRANLUND

Utskilt frå bnr 1 i 1978. skyld 1 øre

Kjell Magne Elveland f 1954 frå br 1 Svartebeck

1978 g Gunn Merethe Pedersed. Jarnes br 34 f 19.57

Barn: 1. Yvonne f 1979

Gammal plass under Svartebeck:

LERVÅG

Den eldste plassen folk veit om i dag under Svartebeck er Narvik (NB! einstavings tonelag), i dagleg tale Narvikja, i skrift Nordvik for det meste. Men frå 1650-åra og utover heilt til 1802 finn vi plassen Lervåg i arkivkjeldene. Det namnet kjenner ingen i dag. Sidan der ikkje er merke etter nokon gammal plass, er det rimeleg å tru at Lervåg er eit eldre namn på Narvik. Lenge vart Svartebeck kalla Svartebeck med Lervåg, på same måten som Riksheim med Gjerde eller Blakstad med Haugen. Når husmenn og plassemenn er nemnde utan Lervåg-namnet, kan dei likevel godt ha butt der. Slike er tekne med her, med opplysning om at Lervåg-namnet ikkje er nemnt.

I tida 1615-1624 var der ein husmann på Svartebekk som heitte Elling, i 1651 ein annan, Tore. Ingen av dei er kalla Lervåg.

Anders Lervåg

Slutta som brukar ca. 1666, men kor lenge han då hadde butt på plassen er uvisst. Etter han låg Lervåg øyde nokre år. (Bst pk 30.) I samband med at Lervåg vart øyde, minka skylda til Svartebekk frå 1 v ½ pd i 1666 til 1 v i 1667, og ½ pd er nettopp skylda for Lervåg.

Elling Toresen Lervåg d 1728, oppgitt alder 90 år

g 1. Anne Persd. d 1725

g 2. 1726 Anne Persd. Lyshol

(brudgommen 88 år!)

Krøterskatt i 1657 av 3 geiter.

Manntalet i 1701 har aldersoppg. 48 år for Elling.

Knut Olsen Lervåg f ca. 1672 d 1734

g Marte Hansd. d 1763 som legdslem i Utgård

Born: 1. Anne, lm 1750 med Jon Pedersen Ø. Søvik

2. Gyrithe f 1730, dp i Hjørundfjord

3. Elling f 1733 d 1737

Ole Arnesen Lervåg f ca. 1695 d 1749

Det som er nemnde nedanfor er ikkje kalla Lervåg:

Arne Anderssen

g Anne Andersd.

Barn: Anne Sophia f 1769, d 14 dg

Denne familien møter vi att i Tusvik. Dei var dei første brukarar på Einekagen.

Asmund Pedersen

Fekk grunnsetel på ei slette under Svartebekk frå C. M. Abelse 20/4 1795 (SSTbnr 27 s 147).

Henrik Henriksen Nes f 1791 i Hjørundfjord

1840 g Siri Pedersd. Finnes

B r 1823-1838

Festesetel 31/10 1823 frå futen Landmark. Frå 1838 budde han på Ytre Trandal. (NSSTb nr 3 s 171b.)

Svartebekk.

Bnr 1,2,3,6, 12, 13

4, 5, 11,7, 9, 10, 8, 14, Lervåg.

Utan fonetiske teikn er det uråd å gi att den lokale uttalen av namnet, Sjø forordet i avsnittet om «ihlje = litle». Det er same lyden vi har her. Eldre former i skrift: 1603 Hatlemørrek, 1618 Hasslemoreh, 1620 Hasellemureh Bhl pk 37), 1673 Hatlemareh. Namnet tyder hatleskog.

I ei einaste kjelde (Statthaldararkivet DIX pk 15) står Swartebech och Offuer Suartebech. Der går det tydeleg fram at det er Hatlemark som der er kalla Offuer (Øvre) Svartebekk.

Garden ligg på nordsida av Hovdeåsen, eit kort stykke frå hovudvegen, og er «siste» garden i Tusvikbygda. Gardane frå og med Blakstad til og med Hatlemark danna 2. skulekrins eller rode som dei kalla det før, og dei same gardane var med i det dei kalla ein kaggølkrins. (SHLT 1935 s 63.)

Den første tida vi veit noko om Hatlemark, var det berre ein brukar der, og det gjekk fleire generasjonar før garden vart delt, først i to, så i tre. Under garden har der vore berre ein plass, Hjellbakken, som er mellom dei eldre plassane i bygda.

Frå gammalt av hadde Hatlemark hamnerett på Koldastølen i lag med Svartebekk og Kurset. Dei slo der, sette høyet i såter eller muer, ei til kvar mann. Dette vart det slutt med kring 1925.

Der har vore mange utskiftingar i utmarka til Hatlemark. Der var ei minneleg utskifting i 1839 (NSSTb nr 6a s 98). Ei anna i 1872 av utmarka som ligg nærast bømarka. Då fekk kvar brukar vedateigar i den næraste utmarka. Same året var der ein grensetvist mellom Hatlemark på eine sida og Myrset og Hovden på den andre. Kring 1900 vart det sett opp gjerde utmarka mot Hovden og Myrset. I 1902 var der gjerdeskjønn på utmarkslinja mellom Hatlemark og Svartebekk mot Tu og Tusvik. Frå ei utskifting som tok til i 1911 og slutta i 1914 finst der kart over utmarka.

I 1943 var der utskifting av heimeutmark og setermark mot Myrset og Hovden. I grenseskildringane frå desse utskiftingane finn ein mange gamle stadnamn. Eit av dei er Ingebrigtshjellen. Og Ingebrigt, f ca. 1663, var brukar i Hatlemark. Eit grensemerke var innhogge i fjell oppe i Lia-nakken.

To Blakstad-karer, Rasofiel (til venstre) og Ole Petter.

Hatlemark.

Vegen til Hatlemark tek av frå hovudvegen nær den såkalla «Sykkylvsbrua».

Det var i 1887 det vart vedteke i kommunestyret at der skulle byggjast bru av stein med kvelving, og 60 kr. vart løyvt til det. Dei som tok på seg arbeidet skulle ta hjelp ved pliktarbeid frå gardbrukarane heilt frå Gjøvenes. Bruk av skyld 2 mællag og mindre skulle yte 1 dagsverk, bruk mellom 2 og 4 mællag 2 dagsverk, bruk mellom 4 og 6 mællag 3 dagsverk, og bruk mellom 6 og 8 mællag 4 dagsverk. Større bruk 5 dagsverk. Manns- og hestedagsverk skulle telje likt.

Den siste utskiftinga av utmarka til Hatlemark vart det gjort opptak til i 1961, og den slutta i 1975.

EIGARAR

Hareid kyrkje var eigar av Hatlemark så langt attende ein veit noko om jordeigar her. Sjå elles under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gardsnr.: Gnr 5 i Hjørundfjord, sidan 152 - 110. Høyrde til skatte-

klasse øydegard, med skyld 1 v til 1666, sidan 1 v 18 mk. Ny skyld 3 dlr 4 ort 16 skill., medløpenr. 338, 339, 340. Rev. skyld 1890: M 2,89 på kvart av hovudbruka, 0,52 på Hjellbakken.

Tienda var frå ½ mæle til 1 mæle før 1620. I 1666 1 t 1 mæle havre, 16 mk ost. I 1717 1½ skjepper havre, 3 skjepper bygg, 16 mk ost eller 24 skill.

Leidangen var 2 kalveskinn i 1663, 3 kalveskinn i 1666, 1 ort 4 skill i 1717.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1626: 1 mann. Sår 34 t havre

1657: 1 mann. Fôrar i hest, 1 okse, 12 kyr, 1 sau, 4 geiter

1661: 1 mann. Noko brennevedskog

1666: 1 mann. Sår 3 t havre, avlar 12½ t, Fôrar 1 hest, 12 kyr. Sperre- og brennevedskog

1717: 1 mann. Sår 3 t havre, 3 skjepper bygg, avlar 12½ t havre, 3 t bygg. Fôrar 1 hest, 12 kyr. Brensel, 1 kvern.

1724: 1 mann. Brennevedskog «til fornødenhed», ei lita seter ½ mil frå garden. Ei lita bekkekvern til eige bruk. Sår ½ t bygg, 4 t havre, avlar 2½ t bygg, 14 t havre. Fôrar 1 hest, 8 kyr, 5 ungdyr, 6 geiter. Litt næring ved å grave røter til tjørebrenning

1770: 2 mann. 2 kvernar

1787: 2 mann. 1 kvern ligg øyde, 1 i bruk

1802: 2 mann. Kvart av dei 2 bruka sår 2½ t havre, ½ t bygg, og avlar 5 foll. 1 hest, 6 kyr, 12 småfe. Skog til brensel. Dårleg beite

1845: 2 mann. Hjellbakken 1. Hovudbruka sår ½ t bygg, 6 t blk, 61 havre, 4 t poteter. Fôrar 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer, 12 geiter. Hjellbakken: 2 kyr, 5 sauer, 2 geiter. Sår 1 t blk, 11 havre, ½ t poteter

1865; 2 mann. Hjellbakken 1. Hovudbruka: 2 heslar, 14 kyr, 24 sauer, 15 geiter, 1 gris. Sår 6 t blk, 6½ t havre, 5½ poteter. Hjellbakken: 4 kyr, 8 sauer. Sår 1 t blk, 1½ t havre, 1½ t poteter

1875: 2 mann. Hjellbakken 1. Hovudbruka: 2 hestar, 14 kyr, 6 kalvar. 30 sauer, 19 geiter, 3 griser. Sår 8 t blk, 8 t havre, 6 t poteter. Hjellbakken: 4 kyr, 11 sauer. Sår 1½ t blk, 1 t havre, 2 t poteter.

Oppgåver frå matrikkelførebuingarbeidet i 1860-åra: dei to hovudbruka kvar for seg og plassen Hjellbakken.

BRUKARAR

Bruk A

Ole Ellingsen

Br 15 -1634

Han var gift to gonger. I andre ekteskap hadde han ei dotter som ca. 1624 vart gift med Steinar Ivarsen Nøre Vartdal (Toregarden). I det tunet fekk Øvste-Hundeid skyldfolk eit par generasjonar seinare. Ein son frå andre ekteskapet, Elling, kom til Årskog, og dotter hans, Marte, vart gift med Anders Olsen Sætre.

Ole Ellingsen åtte jordegods som han ikkje brukte. Det var på det meste 8 mællag, truleg i Vartdal. Bruket han sat på var kyrkjegods. Det var ikkje noko stort bruk, og han dreiv sagbruk ved sida av.

I 1603 la han ½ mæle i korn tiend og 1 kalveskinn i leidang.

I 1611 reidde han saman med Rasmus Svartebekk ut Anders Kurset til krigsteneste.

I 1611 skar Ole 30 tylfter bord. Saga stod på Svartebekk sin grunn. I 1630 låg saga «aldeles øde og er ubrugelig». Korntienda tyder på at gardsbruket voks, og dei siste åra skatta han av 1 v fiskeleige. Bumerket hans viser stor likskap med bumerket til Elling Olsen Årskog i Vartdal.

Peder

Br 1634-1646

Han kan vere son til Ole Ellingsen. Han skatta av 1 v fiskeleige og la i 1637 1 ½ mæle i tiend. I 1645 la han koppskatt for seg og kona. Hadde både dreng og tenesttaus.- Ein gong vart Peder dømd til å betale 3 rd i bot. Han hadde drepe «itt lidet Diur». «Dog det fandtes halft død før.» 2 kalveskinn i leidang i 1644. Ole Monsen

Br 1647-1688

Born: 1. Brit f ca. 1654 g Knut Olsen Midtgård (br 4)

2. Mons f ca. 1658, til Aure

3. Ingebrigt, f ca. 1663, g p br

Krøterskatt 5 ort 1 skill. av 1 hest, 1 okse, 12 kyr, 1 sau, 4 geiter, 1 gris. I 1667 vart skylda på garden sett opp til 1 v 18 mk. Lét sonen overta bruket i 1688.

Ingebrigt Olsen Hatlemark f ca. 1663 d 1740 g Guri Olsd. Midlgård
(Toreg.) f ca. 1663 d 1744
Br 1688-1738

- Born: 1. Ole f ca. 1699, g Bli Olsd. Skylstad d 1756, sk 22/7.
 Budde på Indre Trandal
2. Synneve, spedalsk. Var i 1723 på Reknes hospital (SSTb
 nr 14 s 180 b)
3. Ole f ca. 1706, g p br
4. Jetmund f ca. 1706 d 1725
5. Siri f 1710, dp i Borgund 1711, g p br

Ekstraskatt i 1711, hadde dreng med årsløn 3 rd og tenestjente med 2 rd.
Fekk i 1719 skøyte på 18 mk i Årsnes i Hjørundfjord av Ole Erstad og Ole
Utgård.

«Den ærlige Dannemand» vert han kalla då han kjøper jord i Årsnes.
(Pantebok nr 7.)

Ole Ingebrigtsen Hatlemark f ca. 1706 d 1751
1737 g Berte Eriksd. Stølen f ca. 1711 i Hjørundfjord, d 1765
Br 1738-1751

- Born: 1. Eli f 1738 d 1765, g Stener Pauls. Hatlemark (br 2) f Våtmyr,
 Bd I s 184
2. Margrete f 1741 d 1801, g 1787 Ole Jons. Grebstad
3. Berte f 1746. Lm med Ole Ingebrigtsen Straume
4. Mats f 1750

Berte Eriksd. g 1753 til br 2

Bnr 1

Ole Ellingsen Straume (Fausag.) d 1774, 74 år
1741 g Siri Ingebrigtsd. Hatlemark f 1710. Ho levde i 1762.
Br 1751-1767 (halve garden)

Første kona til Ole Ellingsen var Marte Olsd. f Lade (ca 1690-1740), g
1732.

- Born: 1. Eli f 1742 d 13 dg
2. Elling f 1745, g p br
3. Eli f 1748 d 16 dg
4. Siri f 1750 g 1792 Lars Olsen Utgård (br 9)
5. Eli f 1755 d 1757

Ole Ellingsen var først brukar på Straume 1732-1751. (Bd 2 s 347.) Berre
det yngste barnet er fødd i Hatlemark. Er kalla husmann i 1767. Han vart
kårmann det året.

Elling Olsen Hatlemark f 1745 d 1779

1773 g Anne Monsd. Hundeide br 1 f 1749 d 1788

Br 1767-1779. enkja til 1780

Born:1, Ole f 1775, til Høgset (bd 1 s 362)

2, Monsf 1777

Fekk bygselsetel frå Johan Arnoldus Heide på 2½ mællag i 1767. Vart same året legdsman for 21. legd. Skaut bjørn i 1775,

Sk. 1779: Brutto vel 82 rd, netto ca. 42 rd

Enkja g 2. 1780 med

Ole Olsen Blakstad br 1 f 1748 d 1804

Born: 1. Sivert f 1782, g p br

2. Elling f 1785 d 1811

g 2. 1789 Brit Jørgensd. Brunstad (Monsg.) (1745-1803). Brit var halv-syster til Kari g Ole Tollevs. Blakstad. Sk. etter 2. kona var fallitt. I

1804 var der offentlig auksjon etter Ole og Brit, med sal for 43 rd.

Br 1780-1800.

Sivert Olsen Hatlemark f 1782 d 1859 i Vegsund

g 1. 1802 Berte Olsd. Dravlaus f ca, 1766 d 1812

g 2. Charlotte *Severine* Kristensd. Riksheim br 1 (1802-1867)

Born i 2. ekteskap:

1. Kristian Elias f 1821

2. Severine f 1833. g 1870 Chr. Knutsen, son til presten H. J. Knutsen. Fekk bygselsetel på 2½ mællag i Hatlemark frå C. Rønneberg 4/7 1801. Kår. Bruket taksert til 100 rd i 1802.

I 1808 var Sivert med i krigen og utmerka seg i eit slag i Lier 2. september, då han var korporal i Det Lysterske kompani. Han kommanderte den posten som stod lengst framme. Det vart tett skodde, og han og 30 soldatar vart tekne til fange. Fekk dannebrogordenens sølvkors, (SHLT 1937 s 63.)

Sivert var tolltenestemann på Harøy, og vart første ordføraren i Haram. Seinare kom han til Vegsund og dreiv handelen som Mechlenburg hadde hatt. Dreiv stort med sauer, og tok mot sauer frå andre bygder til beite. Han bygde det husa som enno står på handelsstaden. Enkja selde bruket i Vegsund til svigersonen Chr. Knutsen. Etter tradisjonen hadde dotter til Sivert Hatlemark, Severine, 70 000 spd då ho gifte seg med Knutsen. Dei flytte til Kristiania, der Knutsen m.a. dreiv eigedomshandel og bokforlag. Det gjekk så dårleg at dei 70 000 spd gjekk tapt på to år, etter det tradisjonen kan fortelje om dei.

Rasmus Andreas Knutsen Svartebekk br 1 f 1786 d
1839 1809 g Anne Henriksd. Nes f ca. 1780 d 1850
Br 1808-1838

Born: 1. Jakobine Karoline f 1809, jordmor, g 1834 Gunder
Olsen Klokk f 1800, bnr 8
2. Karen Marie f 1812 d 16 veker
3. Karen Marie f 1813 d 9 dg
4. Berte Marie f 1814, g 1834 Lars Ols. Ørsnes. Dei flytte
til Tusvik,(Vassnakken) br 2

Fekk byggselselel 14/3 1808 frå futen Landmark på vegne av Hareid kyrkje. Kår til Sivert Olsen Hatlemark 1814. I 1831 møtte Rasmus i forlikskommisjonen for dotter si som var tilsett som jordmor i Ørskog sokn. Hennar kollega i Sykkylven hadde omtalt henne med «ubekvemme ord». Etter lang ventilasjon: Petter Jenssen Ullavik betalar sakskostnader + 4 ort til klagaren, og ukvemsorda vert «glemt og kraftesløse».

I 1834 vart Rasmus stenmd for forlikskommisjonen av Sivert Hatlemark som ikkje var nøgdmed kåret han hadde fått. Rasmus skulle årleg gi Sivert 5 v havre, 5½ v bygg, og som vederlag for ein åker som Sivert hadde halde att til eige bruk då han gav frå seg garden: årleg 1 v havre og 1 ½ v halvbygg. Rasmus gjekk med på dette dersom halvbyggen Sivert hadde fått vart redusert til ½ v.

Offentleg auksjon etter Rasmus tysdag 10/11 1840. Øksar, høvlar, høvlebenk, ½ i ein jarnstaur, ¼ i ei kastenot, 8 torskegarn, 2 storsildgarn, 6 tretallerkar, 1 lesebok, 1 bønebok. Det gamle testamentet, i alt for 31 spd.

Lars Olsen Ørnes (sjå Tusvik br 2, Nakken)
Br 1838-1844

Fekk byggselsetel frå Hareid kyrkje dat. 15/10 1841. Budde visst i Hatlemark både eit par år før og eit par år etter at han var brukar. Flytte sidan til Tusvik.

Peder Karlsen Åkre f 1812 på Leira i Hjørundfjord d 1898
g Anne Pernille Jonsd. (Åkre?) f 1819 i Hjørundfjord Br 1844-1857

Born: 1. Anne Pernille Randine f 1844 d 1927, g 1882 em. Iver Andreasen Sunde f 1843
2. Berte *Johanne* f 1845, g 1878 Hans Ols. Lillekalvø 1850-1932).
3. Karl Andreas f 1849, lærar i Ulstein, far til redaksjonssekretær Olaf Hatlemark i Smp.

Bygsselsetel frå Hareid kyrkje 12/10 1845. To som hadde tent hjå Peder kravde rest på tenarløn. Det var Anders Finnes og Severin Johnsen Gjævenes. Sistnemnde kravde 8 alen strie, 1 par sko, 6 mk ull, til saman 3 spd 4- 3 spd i pengar. Peder vedgjekk ikkje gjelden til nokon av dei og saka gjekk til retten. 1845: 1 hest, 5 kyr, 10 sauer, 6 geiter. Sår ¼ t bygg, 3 t blk, 3 t havre, 2 t poteter. 1865: 2 kyr, 4 sauer, 2 geiter.

Det vert fortalt at Peder var ikkje så lite av ein leting. Han låg i 2 år, stod opp og reiste i fiskja. Ein gong han låg sa han: «No e' ej so gøtt so dø', det e' bære å stivne att.» Men han levde mange år etter.

Karl Knutsen Hovelid frå Hareid f ca. 1827 d 1874

g ca. 1856 Pauline Jensd. frå Svorane i Hareidsdalen, f 1829 d 1909.

Br 1857-1874, enkja til ca. 1890

Born: 1. Johan Severin f 1858. Utvs nr 508. Omkom i 1905 i Irskesjøen

2. Andreas Johannes Nikolai f 1860 d 1865

3. Andreas Johannes Nikolai f 1861

4. Hans Gustav f 1863, g p br

5. Karoline Gurine f 1865 d 2/1 1892. Kom vekk på Flisfjorden.

6. Andreas Johannes f 1868 d 1869, 1½ år

7. Andreas f 1871 (unemnd 1875)

8. Anne Johanne f 1873 g Johan Johnsen Tusvik (Nakken)

Bygsselsetel frå Hareid kyrkje 21/4 1857.

Matrikkelførebuings-arbeidet frå 1860-åra har desse opplysningane om bruket: 18 dekar åker og dyrka eng «af middelmaadig beskaffenhed». 50 dekar mindre god natureng. Meir jord kan dyrkast. Sår 3½ t blk, 4 t havre, 2½ t poteter. Avlar 18 t blk, 18 t havre, 16 t poteter. Fôrar 1 hest, 6 kyr, 16 småfe. Hamnegangen er mindre god. Skog til husbruk. Lægjet er «mindre bekvemt». Lettbrukt. 1865: 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 6 geiter. Sår 3 t blk, 3½ t havre, 3 t poteter. 1875: 1 hest, 5 kyr, 3 kalvar, 12 sauer, 9 geiter, gris. Sådde 4 t blk, 4 t havre, 3 t poteter.

Hans Gustav Karlsen Hatlemark f 1863 d 1943

1900 g Inger Karoline Olsd. Kurset br 3 f 1880 d 1952

Br ca. 1890-1934

Born: 1. Karl Peder f 1901, g p br

2. Karoline Helga f 1903, g Olav Skarbøvik

3. Jens Edvard f 1905 d 1932

4. Olivia Johanne f 1906 g Karl *Ludvik* Larssen Stave (br 5)

5. Jenny Antonie f 1908, g Karl Synnes, Vigra

6. Hans Ingvald f 1910, g 1944 Oddny Pedersd. Flø

7. Konrad f 1912 d 1914, 1½ år
8. Anna f 1912 (tvill.) g Olav Sulebust, Ålesund
9. Klara Ingvarda f 1915, g Knut Stennes, Hj.fjord
10. Paula Tora f 1917, g 1948 Lars Jenssen Kurset (Øvre)
11. Lars Birger f 1919, g 1948 Herbjørg Gulliksd. Hatlemark (br2) f 1925 (Sjå s 437).
12. Olga Kristine f 1921, g Håkon Lie, Ålesund
13. Tordis f 1924 g Mikal Synnes, Vigra

Mor til Hans dreiv bruket i mange år. Men alt i folketeljinga i 1891 er Hans førd som brukar, enno ugift. Hans bygsla jorda av Tomas P. Stave frå Utgård. I skiftet etter Tomas fekk sonen ½ av Hatlemark-bruket og ½ husa. Hans Gustav sat tidvis hardt i det. I 1921 vart han av eigaren stemnd for forlikskommisjonen fordi han ikkje hadde halde husa ved like etc. Ikkje forlik. Hans var musikalsk og var ei tid kordirigent.

Karl Hanssen Hatlemark f 1901

1948 g Ellen Jensen frå Gildeskål f 1904 Br 1934-1949

Barn: 1. Ernst f 1938

Karl kjøpte bruket for 3000 kr. av foreldra som hadde kjøpt bruket mot slutten av si brukstid. Frå 1900 hadde Peter Olsen Utgård vore eigar ei tid. Karl var lenge maskinist på fiskebåt.

Hjalmar Bernhard Tusvik f 1904 på bnr 2

Br 1949-1978

Kjøpte bruket av Karl Hatlemark for 5000 kr. Dreiv bruket åleine bortsett

frå første året. Dreiv korndyrking eit par år; mykje kålrot. Hadde hest, 5-6 kyr og nokre sauer, i ei bratt li har han planta gran.

Før han var gardbrukar var han 5 år på jarnvegsarbeid i Fauske. Men mest var han fiskar. Var i 10 sesongar på ishavsturar, dreiv sildefiske og kveitefiske etc. året rundt.

Edvin Johan Paulsen

B r 1978-

Kjøpte bruket av Hjalmar Tusvik i 1978. Sjå bnr 2.

Bnr 7 LYNGMO

Utskilt frå bnr 1 i 1944, skyld 39 øre

Hans Hanssen Hatlemark f 1910. bustad Sætre br 10.

Ingen bur på dette stykke, ikkje bygt hus her.

Bnr 10 HATLEBU

Utskilt frå bnr 1 i 1962. skyld 1 øre
Karl Hanssen Hatlemark f 1901
den tidlegare eigaren av hovudbruket. Ikkje bygt her.

Ernst Karlsen Hatlemark f 1938
bur i Emlemsgvåg.

Bnr II LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 1
øre *Edvin Johan Paulsen*
Sjå bnr 2,

Bnr 12 TUSVIK BYGGJEFELT

Utskilt frå bnr 1 i 1974
Sykkylven Kommune

Da br A vart delt, kom på

Bnr 2 GULLIKGARDEN

Knut Jonsen Høgset f 1724 d 1785
1753 g ek. *Berte Eriksd. Hatlemark* f Stølen ca. 1711 d 1765. ek. etter
Ole
Ingebrigtsen Hatlemark (bruk A)
Br 1752-1762
Fekk bygselsetel på 2¼ mællag i Hatlemark frå *Birgitte Castberg* 12/9
1752.
Knut g 2. 1767 ek. *Berte Størkersd. Munken* (1715-1794) (Knut var
hennar 3. mann.) Dei brukte plassen *Grua* i *Borgund* 1767-1777.
Sk. Etter *Berte*: 20 rd, gjeld 14 rd.

Stener Paulsen Våtmyr f 1743 d 1813
1764 g 1. *Eli Olsd. Hatlemark* br A f 1738 d 1765
1766 g 2. *Marte Olsd. Klubbenes* f ca. 1730 d 1810
Br 1762-1800
Born i 2. ekteskap:
1. *Svend* f 1767, g p br

2. Rasmus f 1770, g 1. Magnhild Pedersd. Riksheim (br 3) dp 1767 g
1807 Johanne Ingebrigtsd. Ødegård. Rasmus budde ei tid i Fauske-
hagen og i Ura (s.d.)
Bygselsetel frå Birgitte Castberg på 2 mællag. Vart i 1784 stemnd fordi
han ikkje møtte for å skyss major Tauentzien. Sk 10/8 1765 etter Eli:
58 rd, gjeld vel 19 rd.

Svend Stenersen Hatlemark f 1767 d 1834

g 1. 1800 Berte Larsd. Riksheim br 2 f 1770 d 1821

g 2. 1822 Malene (el. Magli) Pedersd. Riksheimgjerde f 1777 d
1848

Br 1800-1834

Born i 1. ekteskap:

1. Berte Marta f 1800 d 12 dg

2. Stener f 1802 d 11 dg

3. Berte Marie f 1804

Bygselsetel 29/9 1800 mot kår.

Svend Stenersen og far hans og Ole Olsen Kurset redda Jon Olsen
Midtgård og Peder Svendsen Myrset br 1 i havsnaud 19/10 1805.

I 1809 møtte Svend presten Kjelstrup i forlikskommissjonen. Svend
«Tilstod sine fornærmelige og ubevislige uttalelser, erklærte dem for
døde og kraftesløse, igjenkaldte dem med bøn og begjæring om
tilgivelse. Dette blev ham heller ikke nægtet»,

Sk. i 1821 etter 1. kona: 142 spd, netto 88 spd.

Jørgen Johannes Martinussen Utgård (br 9) f 1801 d 13/8 1836

g 1. 1835 Berte Svendsd. d 1835

g 2. 1835 Inger Oline Torsteinsd. Hundeide br 2 f 1810 d 1897

1, kona døydd i barsel 19/4 1835 og han gifte seg att 5/6 1835.

Barn av 1. ekteskap:

1. Bernt Severin f 1835 d 1902, 1867 g *Oline Petrine*

Larsd. Velle (1836-1916). Bd 2 s 424.

Br 1834-1836

Fekk bygselsetelfrå Johan Pedersen Brandal som verje for Hareid kyrkje
i 1834. Kår.

Den 12. august 1836 var Jørgen borte frå heimen i mange timar utan at
han ville seie kvar han hadde vore. Dagen etter vart han borte att for
godt. Den 30. august vart han funnen død i fjøra ved Magerholm på andre
sida av fjorden. Rasmus Hatlemark og Ole Martinussen Utgård (broren)
reiste dit og identifiserte liket som var «gaaet meget i forraadnelse». Det
vart ikkje funne nokon grunn til sjølv mord: Han hadde ikkje vore «hen-
falden til grublerier», hadde hatt eit godt forhold til kona, og stod seg
bra

økonomisk. Liket skulle gravleggjast med vanlege seremoniar på kyrkjegarden. Ein mann frå eit grannetun sa om Jørgen: Han drap storoksen som Svartebekk-bonden åtte, og var halvgalen i lang tid. (NSSTb nr 5.)

Sk. 3/6 1835 etter Berte: 204 spd, gjeld 27 spd.

Sk. 1836: 250 spd, netto 163 spd.

Den 28. mai 1837 var der auksjon etter Jørgen: 1 brun merr 10 spd 3 ort, 3 kyr, 1 kvige, nokre småfe for i alt 34 spd, netto 30 spd.

Enkja Inger g 1838 med

Hans Karl Knutsen Kursetgjerde f 1811 d 1876

Br 1837-1857

Barn: Karen Tomasine f 1838 g p br

Hans Karl var ein stor og staut mann. La eid til konstitusjonen i 1842. Han kom i gjeld til handelsborgarar og i 1851 vart det ved eksekusjonsforretning for gjeld til Vaagaard teke utlegg i avlinga på garden. - 1845: 1 hest, 5 kyr, 10 sauer, 6 geiter. Sår ¼ t bygg, 3 t blk, 3 t havre, 2 t poteter.

Gullik Olaviussen Kaldhol f 1829 d 1901

1857 g Karen Tomasine Hansd. Hatlemark f 1838 d 1923

Br 1857-1899

Born: 1. Olave Gurine f 1858, g p br

2. Hansine f 1858 (tvill.) d 1931, 1913 g em. Olai Sivertssen
Årflot f 1864 i Ørsta. Ho var 3. kona hans.

3. Tomasine Lovise Birgitte f 1863, g 1883 Johan Berntsen
Kurset, bustad Tusvik (Myrane) br 3

4. Karl Johan f 1869, g p br

I 1860-åra hadde bruket 18 dekar åker og dyrka eng, 50 dekar natureng, sådde 3 t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter. Avla 15 t blk, 14 t havre og 16 t poteter. Fôra 1 hest, 6 storfe, 16 småle. Lettbrukt. 1865: 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 9 geiter, gris. Sår 3 blk, 3 t havre, 2½ t poteter, 1875: 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 3 kalvar, 10 sauer, 6 geiter, 2 griser. - 4 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. I 1898 vart bruket delt. Sjå bnr 4.

Lars Larssen Nebbestad frå Hareid f 1857

1898 g 2. Olave Gurine Gulliksd. Hatlemark f 1858 d 1939.

Br 1899-1921

Born: 1. Gullik Kornelius Ingvald f 1899, g p br

2. Gurine f 1901. g 1931 Anton J. Mjeltevik, sjå br 6

3. Oskar Bernhard f 1904 d 1967, g 1934 Jensine Petersd.
Vik f 1910. (Bd 2 s. 50)

Dreiv fiske som attåtnæring. Fekk skøyte på bruket frå Hareid og Vartdalstranda kyrkjer for 1335 kr. Kår. Ny skyld etter delinga var M 1,45.

Gullik Larssen Hatlemark f 1899

1923 g Olivie Josefine Hansd, Emdal f 1900 på Stranda
Br 1921-1961

Fekk skøyte frå faren på bruket med hus for 2500 kr. Kår.

Born: 1. Oddlaug f 1923, g 1947 Lars Sorte frå Skodje f 1921. Smed
2. Herbjørg f 1925, g 1948 Lars Hanssen Hatlemark f 1919
3. Lars f 1927, g 1953 Emma Gausen frå Nøtterøy, f 1930. Bustad
Tønsberg. Mekanikar.

Har drive snikkararbeid ved sida av gardsbruket. Selde bruket til Edvin Paulsen.

Edvin Johan Paulsen frå Vevang i Eide f 1930

g Else Johanne Johs.d. Jørum f 1925 i Kvam

Br 1961-1979, sidan saman med sonen Per

Born: 1. Per Joar f 1953, g p br
2. Eva Mary f 1955
3. Jorun Elfrid f 1957
4. Ingunn Marie f 1959, g Tore M. Tandstad f 1958
5. Turid Hilde f 1961

Kjøpte bnr 2 i 1961 og bnr 1 i 1978, Dei to er slegne saman til eitt bruk med bnr 2. Bygde våningshus i 1975. Hadde første åra 4 kyr, 2 kalvar og hest, og opp til 30 griser. Frå 1965 slo han på mange nedlagde gardar. Dreiv med opp til 11 dekar kål og andre grønsaker før 1968. Har forhaustar. Eit dyrkingsfelt nedanfor tunet er på 100 dekar. Slær enno på andre gardar. Har p.t. 32 mjølkekyr, 6 kalvekviger, 19 ungdyr. Er med dette den største mjølkeprodusenten i bygda, der trenden har vore overgang til kjøtproduksjon.

Slutta med seterdrift på Koldastølen ca. 1970. Har skogteigar i Kolda og andre stader. Har skog til vøling av hus og til brensel.

Har bygt driftsbygning med to siloar. Bygde om gamlefjøsena til 9 båsar. Heldt i 1980 på å bygge tre nye siloar, 9 m høge. Har to traktorar.

Per Joar Paulsen f 1953 i Vatne

1975 g Venche Knutsd. Hatlenes f 1956

Born: 1. Trude f 1975
2. Renate f 1977 Driv bruket
saman med faren frå 1979.

Bnr 6 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 2 i 1931, skyld 0,15

Anton Ingvald Mjeltevik f 1899 i Volda

1931 g *Gurine Gulliksd. Hatlemark* f 1901 d ca. 1979

Barn: 1. *Gunnar*, f 1936, g p br

Bygde stovehus i 1932 og løe ca. 1935. Arbeidde som stuert i fyrvesenet.

Var og maskinist på store lastebåtar.

Gunnar Antonsen Mjeltevik f 1936 i Bærum 1961

g *Ingunn Anveig Mjeltevik* f 1934 i Volda

Born: 1. *Arild* f 1962, fabrikkarbeidar

2. *Ole Bjørn* f 1964

3. *Geir Arne* f 1964 (tvill.) *Mjeltevik* er mekanikar.

Bnr 13 TUSVIK BYGGJEFELT

Utskilt frå bnr 4 i 1974, skyld 16 øre Sykkylven Kommune

Bnr 15 BYGGJEFELT

Utskilt frå bnr 6 i 1975, skyld 1 øre

Sykkylven Kommune

Del av byggjefelt, elles 15 dekar frå bnr 2, noko frå bnr 1 og frå begge Tu-bruka.

Bnr 4 ØSTMARK

Dette er halvparten av det gamle bnr 2 som vart delt i to like deler i 1898,

Karl Johan Gulliks. Hatlemark f 1869 d 1955

1900 g *Anne Lina Knutsd. Fjørtoft* f 1880 d 1907

Br 1899-1906, systera *Hansine* 1906-1914.

Born: 1. *Gudrun Olga* f 1901, g *Anton Kihle* f 1899, Volda, g 2. *Sigvald*

Lien frå *Vanylven* (1898-1956)

2. *Konrad* f 1904. Sjå bnr 5

3. *Karsten Angell* f 1906 d 1907

4. *Olav* f 1918, g 1946 *Nelly Karlsd. Haram* f 1917 i Ålesund. Bustad *Fauske*, (Bd I s 55) Mor til *Olav* var *Lovise Våtmyr*. (sjå s 399).

Karl Johan var byggmeister, treskjerar, kordirigent, felespelar, komponist og oppfinnar. Fekk Møre Landbruksselskaps diplom for oppfinningar av landbruksreiskap. Dreiv og fabrikk. Då kona døydde var han i Amerika. Utsv nr 507. Han starta den første trevarefabrikken i Sykkylven i 1900. Buet hans var konkurs i 1905, og sameiga med kona vart oppheva i 1906. Medan han var i Amerika var borna hjå syster hans, Hansine. Ho kjøpte bruket i 1906 av styraren for konkursbuet for 6420 kr.

Trevarefabrikken stod i Tusvik, og alle maskinar vart drivne med vasskraft.

Annanias Johansen Fauske f 1887 d 1949

1914 g Anne Petrine Larsd. Aursnes f 1890

Br 1914-1944

- Born:
1. Berta f 1915, g 1944 Mindor Hjellegjerde f 1921
 2. Borgny f 1916, g 1939 Ole Honningdalsnes
 3. Ragna f 1917, g Sigmund Dahle, Åsane, lærar
 4. Karen f 1919, bnr 8
 5. Lars Karl f 1921, g p br
 6. Kjellaug f 1923, g Kåre Sandvik, fabr.arb. (br 1) bur Sætre bnr 15
 7. Astrid f 1925. g Petter Hanssen Sandvik (br 1). Bur i Søvik, Borgund
 8. Asbjørg f 1928, bnr 9
 9. Gunvor f 1930, g Klaus Finne, Voss
 10. Johan f 1932 d 1943

Annanias Fauske var i Amerika frå 1907 lil 1913. Utsv nr 354. Kjøpte bruket i Hatlemark av Hansine Årflot og hennar mann, br med hus for 6000 kr.

I 1930-åra hadde Annanias til vanleg 4-5 kyr, 6-7 sauer, hest og ca. 30 høns. Han dreiv mykje med forsøk, med eng. kornsortar, rotvekster, gjødsling. Var og bygningsmann. Sette opp silo, ein av dei første i bygda. Dyrka mykje korn under krigen, også kveite. Frå Sykkylvselva hadde dei truskeveite som gjekk til Hansgarden, og alle brukte vasskrafta der, også Hjellbakken. Kvernhus hadde dei i lag med Hovden.

Annanias Fauske var kretssekretær for Norges Bondelag.

Frå 1925 var Fauske likningssekretær. Var elles med i kommunestyre, jordstyre etc.

Lars Karl Fauske f 1921

1947 g Andrea Olivie Kalleklev f 1913 i Bruvik

Br 1944-

Barn: Asbjørn Johan f 1950, g Elin Vikingsen frå Bergen. Begge er lærarar, han ved Ullavik, ho ved Jarnes skule. Bustad Hatlemark.
Lars Karl Fauske tok over etter faren, og hadde hjelp av mor og sysken dei første åra. Kjøpte traktor og reiskap til den i 1955 og starta maskinstasjon. Tok oppdrag frå bøndene, som pløying, harving, slått, snøbrøyting, såleis brøyting på sidevegane i Tusvik og Hundeidvik i 22 år. Om vintrane var han elles på møbelfabrikk, og laga stolar heime i kjellaren. På garden har han nydyrka 20 dekar. Bygde i 1961 to store siloar. Slutta med setring i 1966. Driv no med berre grasproduksjon og har 23 mjølkekyr. Bygde, i lag med fire andre, sommarfjøs i Tu-dalen til 330 000 kr. til eit beitelag dei starta. Det var for dårleg hamnegang før. Dei som er med i lag med Fauske er Sverre Åkre, Bastian Sætre, Njål Stave og Bernt Ludviksen på Blindheim. Dei har 2 budeier med 5-dagars veke til å ta seg av vel 60 mjølkekyr i Tu-dalen. Mjølking med maskin, 12 kyr i gangen. Kyrne vert tekne inn i eine enden av fjøsen og sleppte ut att etter mjølkinga i den andre fjøsenden. Mjølka vert seld i Ålesund.

Bnr5 SOLHAUG

Utskilt frå bnr 4 i 1914, skyld 2 øre
Gudrun Karlsd. Lien f Hatlemark br 4 1901.
Ved utskiftinga i 1914 både av innmark og utmark vart denne parsellen fråskilt etter § 100 i utskiftingslova. Det er ikkje bygt hus på parsellen.

Konrad Karlsen Hatlemark br 4 f 1904
g *Margrethe Gudmundsd.* f 1907
Dreiv nokre år fabrikk som faren starta. Sidan snikkar.

Bnr 8 MARKABO

Utskilt frå bnr 4 i 1958, skyld 1 øre
Karen Fauske f 1919
Bygde bustadhus i 1959.

Bnr 9 SKOGVANG

Utskilt frå bnr 4
Asbjørg Fauske f 1928
Bygde bustadhus i 1975.

Bnr 14 LYKKEBO

Utskilt frå bnr 4 i 1975, skyld 1 øre

Torbjørn Severinsen Erstad f 1945 på Hellen bnr 8 1967 g *Kari Frantzen*

Eidsvoll f 1946 i Ålesund

Born; 1. *Tor Severin* f 1967

2. *Kjetil* f 1969

3. *Endre* f 1969 (tvill.)

Bygde bustadhus i 1973. Erstad er logoped, tilsett ved Pedagogisk-psyko-logisk kontor i Sykkylven.

Bnr 16

Utskilt frå byggjefeltet bnr 13 i 1975

Edvin Johansen f 1943 i Bø i Vesterålen

1969 g *Nancy Halbjørg Strømmen* f 1940 i Skodje

Born: 1. *Caroline Strømmen* f 1963, Nancy si dotter

2. *Per Åge* f 1970

3. *Lill Susann* f 1971

4. *Nora Elin* f 1975

5. *Espen* f 1975

6. *Nancy* f 1976

Bygde bustadhus i 1975.

Bnr 17 SKOGTUN

Utskilt frå bnr 13 i 1975

Anne Grethe Larsen f 1944 i Fræna

Born: 1. *Britt Torill* f 1964

2. *Solfrid Marian* f 1965

3. *Arne Jostein* f 1967

4. *Einar Kjell* f 1969

Stovehuset vart bygt i 1975.

Bnr 18

Utskilt frå Sykkylven Kommune sitt byggjefelt ved attest i 1975 til

Jostein Larssen Hatlemark f 1948

Son til *Lars Birger Larssen Hatlemark* frå bnr 1.

B nr 19

Utskilt frå Tusvik byggjefelt i 1977
Rune Magne Steinberg f 1952

Bnr 20

Utskilt frå Tusvik byggjefelt i 1978 *Arvid Hindenes* f 1944

Bnr 21

Utskilt frå byggjefeltet i 1978
Oddgeir Hatlemark

Bnr 3 HJELLBAKKEN

Denne plassen vart i si tid teken frå lnr 338 og 339, dei to hovudbruka der var i Hatlemark då. Mykje av plassen var opphavleg utmark. Namnet tyder «ei flat hylle».

Jacob Olsen Holmestrand frå Drammen
g *Marie Maria Torsteinsd. Strandbakke* f ca. 1779 i Land.
Br 1805-1809

Isak Madsen f ca, 1790, budde hjå dei i 1807. Broren Jens Madsen og faren Mads Mikkelsen var på den tida under forhør for lausgjengeri og det same galdt Marte Maria som hadde vore saman med dei i 4 år. Ho hadde to born med Mads. Kona Til Mads heitte Elisabet Alexandersd. (d. 1802) og med henne hadde Mads 4 born. Isak var truleg fødd i Modum, Jens i Lier.

-
I 1809 rømde Jakob Olsen med kona (som forlet mor si 8 år gammal) og pleiesonen Isak, og ingen høyrde meir til dei. Etter dei stod ei stove av tømmer med 2 små blyvindaug og ei grue av mur. Fjøsen var eit tilbygg til stova, og der var ei lita løe for seg. Peder Svendsen Myrset kjøpte husa på auksjon for 24 rd i 1810. På auksjonen vart og selde eit lite «fersete» (benk), eit lite bord, ein liten bismar av tre, og litt havre. (NSSTb nr 5 s 336.)

Nils Olsen Riksheimgerde f 1754 d 1832
1811 g *Birgitte Ellingsd. Lid* frå Ørskog (1 764-1838)

Br 1810-1823

Fekk bygselsetel frå futen Landmark 9/5 1810.

Nils var ein stor staut kar og var i kongens livvakt. Det vert fortalt at han svalt «på eksisa», fekk salta storsild julaftan i det militære. Nils var nestsyskenbarn til Siri Olsd. Utgård (g Lars Olsen Utgård).

Nils Peter Paulsen Fet f 1790 d 1877

g 1. Anne Karen Larsd. Tandstad d 1843, 52½ år

g 2. Berte Marte Larsd. Fet f 1802 d 1890

Br 1823-1862

Ingen livsarvingar. Var skulehaldar og vart kalla Skule-Nils. Var lærar i Hundeidvik, Tusvik og Velledalen. Fekk først festesetel frå Hareid kyrkje

21/10 1821, og bygselsetel frå Jon Pedersen Brandal 8/1 1841. Han slutta som skulehaldar 43 år gammal. La eid til konstitusjonen i 1847. 1845: 2 kyr, 5 sauer, 2 geiter. Sår 1 t blk, 1 t havre, 1 t poteter.

I 1890 var det frivillig auksjon etter andrekona, sum kr. 347,44. Stova til Nils vart riven og flytt til Glomset.

Johan Larssen Utgård br 7 f 1824 d 1909

g Berte Hansine Larsd. Erstad (Larsg.) f 1829 d 1911, 81 år

Br 1862-1895

Skule-Nils var onkel hans og tok han til seg, og han fekk bygsle plassen. Bygselsetel dat. 16/4 1862, kårbrev dat. 26/3 1863.

Matr.føreb.arb. har desse opplysningane frå 1860-åra: 7 dekar åker og dyrka eng «av middelmådig beskaftenhed». 17 dekar natureng (dårleg), meir dyrkbar jord, mindre god hamnegang, skog til brenneved, lettbrukt. 1865: 4 kyr, 8 sauer; sår 1 t blk, 1½ t havre, 1½ t potet. 1875: 2 kyr, 7 sauer; sår 1½ t blk, 1 t havre, 2 t pot.

Johan Knutsen Svartebekk br 1 f 1869 d 1954 (kalla seg Hjellbakk)

1895 g Berte Johanne Eliasd. Riksheim br 17 f 1867 d 1956

Br 1895-1931, halve 1931-1939

Hjellbakk-Johan dreiv sjøen frå tidlege ungdomsår. Han gjekk seinare med i eit lag som kjøpte ein motorbåt i 1908, og sidan ein større båt. Johan var førar av den til 1928. Han var ein dugande fiskar og båtførar.

Fekk skøyte på plassen 25/6 1895 for 1200 kr. Kår. Johan og kona gav frå seg halve bruket ved gåvebrev til Tea og Johan Vegsundvåg med ein halvdel i husa i 1931. Nytt gåvebrev frå og til dei same på den andre halvta av bruket i 1939. Kår.

Johan Edvardsen Vegsundvåg f 1903 i Ålesund
1926 g Tea Klara Petersd. Hjorthol f 1901 d 1945
Br 1931-
Barn: Borgny Edvarda Johanne f 1927. g p br

Edvard Aksel Aarsnes f 1925 i Hjørundfjord
g 1. 1949 Borgny Edvarda Vegsundvåg f 1927 d 1968
g 2. 1975 Borgny Kalvenes f 1933 i Austervoll.
Born: 1. Torill Johanne f 1950

2. Jon Kåre f 1952. sjå nedanfor
3. Øivind f 1954
4. Per f 1956
5. Steinar f 1960
6. Elisabeth f 1961
7. Marie f 1963
8. Johannes f 1965

Aarsnes delte hus med Johan Vegsundvåg. Dei åtte kvar sin ½ i huset.
Aarsnes er møbeltapetserer.

Jon Kåre Vegsundvåg Aarsnes f 1952
1974 g Jorunn Solfrid Ingolfsd. Hjellen f 1953 i Ørsta
Barn: Hanne Mari f 1975 i Volda
Har bygt eige hus.

Husmenn under Hatlemark.

Lars Ingebrigtsen f ca. 1626

Peder Henriksen f ca. 1651
g Marte f ca. 1681 d 1755
Barn: Knut f ca. 1699

Knut Knutsen f ca. 1651
Restar på husmannsskatt i 1705 og tiggjar i 1707.

Ole Larsen Hatlemark, d 1754, 78 år

Knut Olsen Hatlemark
g Marte Hansd.

Born: 1. Anna f 1714
2. Knut f 1717, g 1743 Berte Pedersd. Utgård, flytte dit, br 9 b
3. Marte f 1723
4. Synneve f 1726

Familien flytte nok frå Hatlemark kring 1730. 3 av borna vart døypte i Borgund.

Mons Olai Olsen frå Flesland f 1845 d
1909

g 1899 Berte Jensine Knutsd.

Kursetgjerde f 1861 1912

Barn: Kristian Julius f 1906 d 1912

Dei budde i Hatlemark då mannen døydde, men budde lengst i Hundeidvik. Sjå Kursetgjerde bnr 2

Hatlemark.

Br A, br 1, 7, 10, 11, 12

2, 6, 13, 15

4, 5, 8, 9, 14, 16, 17, 18. 19, 20, 21

Hundeidvik hørde til Hjørundfjord skipreide før 1798. Sjølve vika ser ein når ein er ytst i Hjørundfjorden på veg utover, til høgre. Gjævenes, synste garden i Hundeidvik, er rett overfor hjørundfjordgarden Skarbø på hi sida av fjorden. No høyrer som kjent Hjørundfjord til Ørsta kommune.

Hundeidvik grensar altså til Ørsta i sør og sørvest, til Storfjorden i vest, til Tusvikbygda i nord, og i aust til fjell og utmark.

Grenda Hundeidvik et vel avgrensa. På søraustsida av Gjævenes er den lange Gjævestrand og endå meir utmark før ein kjem til næraste garden

vegen: Strandabø. Og mellom Kurset på den andre sida av vika og næraste

gard i Tusvikbygda, Svartebekk, er der og eit bra stykke utmark. Og hovudvegen til Tusvikbygda går over eit breitt eid med utmark. På kvar side av vika står Hovdeåsen og Gjævenakken som digre bytesteinar.

Kring århundreskiftet var der, med smått og stort, kring 200 menneske i Hundeidvik. Alle kjende alle. I dei rolege åra før første verdskrig, utan større samband med verda utanfor grenda, utan bilar og radio, kunne ei lita sak bli stor (og ei stor sak lita). Når ein les om ei rettsak frå den tida, og høyrer om korleis kvar mann i grenda tok parti på den eine eller andre sida, kjenner ein att noko av det same intense engasjement som kjenne-teikna striden om medlemskap i EF.

Tomas S. Utgård, bnr 1, stemde i 1904 Lars A. Utgård, bnr 3. for forlikskommisjonen fordi han hadde leidt vatn frå Raudåa over bruket til klagaren. Det kom ikkje til forlik og Tomas kravde «åstedsbehandling». Det gjekk kommisjonen med på og saka vart utsett til 9. jan. 1905. Ei ny prøve på forlik var utan resultat. Tomas hevda at leiing av vatn over bruket hans berre skulle gjelde truskevatn, det gjekk fram av utskiftinga i 1902. Protokollen frå 1902 vart lagd fram. og der var det berre tale om truskevatn, så utskiftingsretten må ha meint at berre truskevatn skulle leiast over bnr 1 til dei andre bruka.

Vedtaket vart no at slik skulle det vere heretter og. Om Lars ikkje retta seg etter vedtaket, skulle han betale ei dagleg bot på 2 kr. til fattigkassa. Men saka var ikkje slutt med dette.



Hundeidvik sett frå Hovdeåsen.

Den 7. mai 1906 stemnde Tomas ved overrettssakfører Olaf Røe desse til forlikskommisjonen: Henning Olsen Utgård d.e., Ole Severin Utgård (begge frå bnr 9). Andreas Olsen Utgård, Lars A. Utgård (begge frå bnr 3), Ole Andreassen Utgård (bror til Lars), Jens J. Gjævenes (som formann i styret for forsamlingshuset), Ole P. Midtgård (for skulehuset), O. Strømme (formann i skulestyret) og Ole E. Vik (ordfører). Dato for neste møte var 6. juni 1906.

På dette møtet sa O. Roald, også innstemnd som eigar av bnr 3 i Utgård, at han var samd med klagaren og at han difor ikkje hadde noko med saka å gjere. Det same sa ordføraren. Han fekk tilført protokollen at Tomas hadde gitt skulen lov til å ta vatn kvar som helst på hans eigedom.

Mekling var nyttelaus, og Tomas fekk tilført protokollen dette forliks-tilbodet:

For å få slutt på den uhyggelege striden mellom grannar ved denne saka, ville han la dei innklaga fritt få lage ei vassleidning under maskinveita over hans eigedom, i røyr av nærare bestemte dimensjonar. Veita elles skulle som før brukast berre til truskevatt. Skulle dei innklaga ikkje gå med på dette, baud han seg til å la dei få ha ein vasstank på bruket hans med røyrleidning derifrå til deira tun. Han baud seg til å gi fri grunn til

tanken og til vassleidninga. No kom det brev frå Jens Gjævenes med beskjed om at forsamlingshuset ikkje hadde gjort det minste krav om rett til vatn frå Raudåa, og at dei når det galdt forsamlingshuset ikkje ville ha noko med saka å gjere. Jensine Amundsd. Utgård (bnr 9) la fram eit skriv med 31 underskrifter, der dei påstod at skulehuset hadde rett til å ta vatn i maskinvassleidninga. Tomas Utgård la fram eit skriv med 25 underskrifter av skattepliktige personar med stemmerett, der det vart protestert mot at krinsen la seg opp i striden mellom Tomas og Lars A. Utgård m.fl. Og Tomas kravde 15 kr. for skade ved den ulovlege bruken av maskinveita, og kravde med det same dom i saka.

«Med det kjenskap man har til utskiftningsrettens medlemmers fortolkning og deres avgjørelse om saken, sett i forbindelse med, hva man antar, at der er tilstrekkelig vann for innklagede å finne andre steder, hvorfra vann kan skaffes til deres bosteder på en ganske anden tidsmessig måte, og hvorved også bedre og til husbruk mere skikket vann vil erholdes, enn ved å lede vann gjennom åpen grøft over annen manns grunn, og det sådant vann som må medgis å være av kun mådelig beskaffenhet, så er kommisjonen ikke i tvil om at utskiftningsrettens bestemmelse går ut på at der er forbeholdt ledning av vann fra Raudåen kun til tærskemaskin drift. Som det aldeles avgjørende for denne opfatning finder man dog den udtryksmåte utskiftningsretten har betjent sig av. O. Roald, Ole E. Vik, Jens Gjævenes og også Ole Andreassen Utgård (sistnemnte antages ikke å ha nogen interesse i saken) bør ikke ta del i sakens omkostninger. Kommisjonen finder at klageren bør bære ((1/3)) av omkostningene og at han ikke skal tilkjendes den forlangte erstatning, da kommisjonen ikke har anledning til at gjøre sig op nogen begrundet mening om skaden.

Thi kjendes for ret:

- a) Ledning av vann fra Raudåen over klagerens eiendom kan kun finde sted til bruk som trærskemaskinvann som hittil og det til de tider da trærsking av korn foregår og gjennom det løp som utskiftningsretten har bestemt. Ledning av vann fra Raudåen over klagerens eiendom gjennom nevnte løp til andre tider og i hvilket som helst øiemed er forbudt.
- b) Klageren Tomas Utgård kjendes berettiget til inden 14 dager frå kjendelsens forkyndelse å avstenge vannet i Raudåen frå tærskemaskinvannledningen når den ikke benyttes til trærsking.
- c) Omkostningene ved sakens behandling kr. 68,28, som forskudsvis er utredet av klageren, bæres med ((1/3)) av denne med kr. 22,76, og resten, kr. 45,52, refunderes av følgende indklagede: Andreas O. Utgård, Lars A. Utgård og Henning Olsen Utgård, etter 8 dager.

Enno i dag veit tradisjonen å fortelje om kva side den eller den stod på,men kva som gjorde at denne vesle saka kom til å engasjere heile grenda, veit ingen.

[Til innhald](#)

FISKET

At fisket høyrer med til gardssoga i ei bygd som Sykkylven er visst ikkje mange uenige i. Under arbeidet med gardssoga har forfattaren av dette bandet ofte fått høyre at dei bygdebøkene for Sykkylven som alt er komne, har altfor lite om fisket. Når det så kjem litt her, og først her, er det fordi det ikkje var med i den opphavlege planen. At det så vert mest om fiske og fiskarar frå Hundeidvik, kjem av at forteljarane bur der og har best greie på det, og tyder på ingen måte at fisket var ei viktigare næring i Hundeidvik enn elles i bygda. Litt om fisket vil ein finne under Riksheimgerde, fordi mange dugande fiskarar var der ifrå.

I eit skriv frå dei som budde ute på øyane vart det sendt eit klageskriv dat. Giske 16. juli 1625. Det er ei klage over fiskarane inne frå fjordane som øydelegg fisket for dei fordi dei har teke til å bruke liner, medan dei sjølve til no har brukt handsnøre. Og linefiskarane set stundom linene sine over liner til andre, og dette fører til slagsmål og banning og sverging «och anden Guds fortørnelse». Og fisken vert skremd frå fiskefelta slik at vårfisket som før varde i 6 veker nå er slutt på 14 dagar. Linefisket må avskaffast, då øybuarane elles vil «geråde udi største armod och elendighed», også fordi landskylda på øyane var sett så høgt på grunn av fisket, at dei der for same jord betalte det doble av det dei betalte inne i fjordane.

Øybuarane får svar på brevet: «Landsherren skall herom besøgis, och gjøre forordning efftersom billigt och rett ehr.»

I matrikkelen frå 1626 står det om kvar einaste gard i Sykkylven: Fiskeri til havs. Dette er nesten ikkje til å tru. Men sikkert er det at fisket den tida må ha vore ei viktig næring for svært mange.

Det same inntrykket får ein frå 1700-talet når ein les skifta og ser kor mykje fiskevegn dei hadde jamvel om dei budde nokså langt frå sjøen. Og frå 1800-talet og seinare er kjeldetilfanget så stort at ein kan følgje utviklinga av fisket frå år til år. Litteratur om emnet finst det ein god del av, når ein går ut frå at fisket for Sykkylven var mykje det same som for andre sunnmørsbygder.

I 1830-åra var vårtorskefisket det viktigaste, og nest kom sildefisket, som særleg vart drive om våren og sommaren. Den tida kosta eit nytt torskegarn 2 spd. 1849 og 1850 var svært dårlege fiskeår. «Til trods for

det.» skriv amtmannen, «er Søkkelven sogn blandt dem som i det væsentlige befinder sig i samme gode forfatning som i foregående periode».

No var seifisket aukande, også fiskeprisane.

I eldre tid brukte dei lakseverper. I 1850-åra tok dei til å bruke garn i staden, i ein periode då sildefisket slo feil.

I dei første 1860-åra var der ein sterk auke i skreifisket, og i 1870 hadde fisket gått så vidt fram at det har vorte til skade for jordbruket, eller iallfall var ei av årsakene til stagnasjon i framgangen. Dei unge gjekk heller til fisket enn til fast teneste på gard, og dei som tok arbeid på gard kravde høgare løn. I dei siste 1870-åra var drengeløna komen opp i 40 spd eller 160 kr. året. Ein av futane skreiv på denne tida: «Havet har en dragende indflydelse på kystbefolkningen. Deres hu, uden hensyn til gevinsten, staar til at søge erhverv ved fiskeri fremfor ved landbrug.» (Frå amtmannens 5-årsberetning.) Dei fleste drengene tok seg teneste mot å få fri fiskje, d.v.s. at dei fekk fri til å fiske for eiga rekning frå kyndelsmess til marimess. Då kunne dei tene 50 dalar og meir.

Ei endring i fisket i 1880-åra var at mange tok til å bruke seksringar. I dei første åra etter 1880 var sommarfisket sa dårleg at amtmannen syntest bøndene heller burde vere heime og stelle med garden. Det var og på denne tida fisketørkinga i fjøra vart meir vanleg. Mot stutten av århundret vart det stadig færre opne båtar og stor auke i talet på fiskeskøyter. Den same utviklinga heldt fram i dei første 1900-åra. Fiskeskøytene vart snart for det meste motordrevne, men her var og nokre dampbåtar.

Dette førde med seg viktige endringar: Nye fiskefelt og delvis heilårsdrift. Det vart eit skarpare skilje mellom fiskar og bonde. Men ein stor del av menneskapa, særleg i torskefisket, kom enno frå bygdene.

Det som følgjer her er fortalt av Lars Utgård og Jens J. Kurset, varsamt redigert.

I gamle dagar var nok mest alle menn med i torskefisket om vintrane. Mange tok seg plassar med båtar ute frå øyane, dei fleste på Vigra, Valderøy, Giske og Godøy. Men der var også nokre båtar frå Hundeidvik og frå Sykkylven elles. Dei låg også ute på øyane, mest på Alnes.

Nede ved fjøra i Hundeidvik syner tuftene etter eit åtringsnaust som skal ha tilhøyrt Myrset, men frå kva tid det er veit ein ikkje. Pe-Ole på Myrset heldt ute ein båt for kaptein Lied i Tusvik. Dei låg på Alnes. Han fortalde, då han vart gammal, om eit år han fiska så godt, kor han heldt det hemmeleg kvar han hadde fiska. Då dei spurde, svarte han: «Å, det er no ut i Trollhavet, det.» «Men faktum er,» sa han, «at vi var ikkje ut om Klakkjen heile vinteren.»

Elias Kurset heldt ute ein båt for Friis i Ålesund. Det fortelst at ein

gong hadde straumen teke garna hans ut på djupet så han miste dei. Då dei kom inn til Ålesund sette han seg i ei trapp, og Friis kom forbi. Friis såg på han og sa: «Du ser så sorgfull ut, Elias, har du mist nokon mann?» - «Å, det er det som er verre,» svarte Elias. «Eg har mist garna!» «Å, er det ikkje verre,» svarte Friis, «det skal bli ei råd med ny vegn.»

Tore-Henning (Midtgård) hadde ein åtring som han visstnok åtte åleine. Ole Andreas Utgård hadde også ein båt, ein seksring som heitte «Løberen». Desse båtane brukte dei på torskefiske om vintrane, men dei vart også brukte om somrane på Botnane og Eggja etter lange, brosmen og kveite. Dei kalla det å vere på utror. Det var helst tidleg på sommaren, mellom våronna og slåtten, dei tok desse turane. Dei fekk sett inn ein liten omn i «Løberen» eit av dei siste åra Ole Andreas hadde han. Det var eit stort framsteg. Det vert fortalt at ein sommar dei var på utror og hadde kokt kaffe og fisk, at Ole Andreas sa: «Er der nokon i verda som har det betre enn oss no?»

Jens P. Kurset, Jens Narvik og Ole B. Midtgård hadde også ein seksring i lag. Det var Jens P. Kurset som heldt han ute. Ei helg dei var heime frå sjøen hadde dei lagt han frå seg på hamna i Tusvik. Det bles opp til storstorm og dei gjekk for å sjå til båten. Det låg ei skute i Tusvik og lasta is for England. Dei hadde ei trosse i land som var fest i ei stor bjørk. Bjørka vart riven opp med rota og gjennom eit naust og skuta dreiv av mot Emlenslandet. Kapteinen på skuta tvinga seksringskarane til å vere med. Han ville ha seksringen som livbåt om noko skulle kome på. Skuta dreiv i land bort på Emlenssida, men seksringen vart knust under hekken på skuta. Det var ein ny båt og, dei fekk ikkje erstatning, så det vart eit stort tap.

Jens P. Kurset og broren Bernt var heilt til Stamsund på torskefiske ein vinter med ein trering. Dei tok båten med snøggruta både nordover og heimatt.

Hundeidvik hadde også ei stor sildenot. Dei hadde partar i den omtrent mannjamt. Notbas var Styrkå-Petter. Den som sist var notbas var Mons Olsen frå Bergenskanten. Han og kona, Berte Jensine Kursetgjerde, åtte Steina-plassen der Steina-Knut sidan budde.

Skulle dei samle notlaget bles notbasen i ein lur, og då hadde alle å kaste frå seg det arbeidet dei heldt på med og springe til nota. Dei var ofte på Sørøyane med nota, og dei hadde også vore sør om Stad. I nærare farvatn tok dei ofte sild på Bjørke og i Ørskogvika. Dei hadde notbåt og spelbåt og som oftast eit par føringar. Så det vart ikkje så lite roing når dei t.d. låg på Bjørke og frette om sild i Ørskogvika. Ein eldre mann fortalde om ein slik rotur. Han hadde rodd ein færing åleine i motvind frå

Bjørke til Ørskog, ei 6-7 mil. Han sa det slik: «Det var hardt for ein ungdom, berre 17 år, gret me'.» Notanaustet stod inn med Megardsnausta. Notavollen låg på øyra ved Storeelva. Det var der dei la nota utover når ho skulle bøtast.

Den første motorbåten som kom til Hundeidvik var nok «Odd». Det var ein båt på vel 40 fot og det var Ole J. Kurset og Petter H. Myrset som åtte den. Ole var skipper og Petter hadde maskinen. Den vart kjøpt kring 1910. Etter at Ole døydde tok broren Lars over hans part. Lars hadde før hatt ein båt på Valderøy.

Kring 1917 kjøpte Johan Hjellbakk, Ole Hovden, Knut Hovden, Ole A. Utgård, Petter H. Utgård og Annanias Fauske ein båt i lag. Dei kjøpte han brukt på Alnes. Båten heitte «Alfred» og var på ca. 37 fot. Det var gode år for torskefiske under første verdskrigen og gode prisar, så alt første året betalte dei båten med berre levrepengane. Hjellbakk var skipper og Ole Hovden maskinist. Jens Hundeyde var med som «lutemann». Fauske gjekk seinare ut av laget.

Kring 1925 fekk Jens P. Kurset og sønene Hilmar og Jens bygt seg ein båt på 36 fot, «Skopshorn». Dei dreiv sei- og torskefiske om vintrane. Somrane var det Eggja og Botnane etter lange og brosm. «Odd» og «Alfred» vart stort sett berre brukt vintrane etter sild og torsk.

Jens Våtmyr og sonen Alfred hadde ein båt på 46 fot. Same storleiken var det på båten til brørne Petter og Tomas Jarnes. Den heitte «Verge» og vart seinare overteken av sønene til Petter. - Karl og Johan Sætre og Karl og Oskar Blakstad hadde og ein båt i lag. Det var «Einar» på 50 fot, og der var Karl Sætre skipper. Siste året dei hadde han var dei på Island, og der vart han seld.

Desse båtene brukte Eggja om somrane og dreiv silde- og torskefiske om vintrane. Under torskefisket låg dei ute på øyane, for det meste på Alnes. Dei leigde seg hus der og låg på land. Somme hadde kokke med, og då stelte kokka også fisken og salta han. På motorbåtene heldt kvar mann sine egne garn og båten heldt strengane, eller «endane» som dei vart kalla. På dampbåtene heldt båten all vegn.

Etter at fisket var slutt vart fisken bytt og kvar tok sin part heim og tørka han i fjøra. Når han var tørr vart han lasta i færingen og rodd til byen og seld. Då krigen kom vart det meir lønsamt å selje fisken fersk. Då stasjonerte dei i byen, og stelte seg sjølve om bord i båtene med mat. Ole Utgård (Ytstemyr) førde ein dampbåt frå Stavanger som heitte «Elin». Det var firmaet Watne som åtte han. Dette var ca. år 1900. Dei dreiv silde- og torskefiske her på kysten om vintrane. Om somrane var det torskefiske ved Island. Seinare førde Ole Utgård i mange år «Turisten»,

som Bang i Ålesund åtte. Med den dreiv dei m.a. Eggjafiske om somrane. Så kjøpte Ole og ein maskinist, Nerland, ein båt som heitte «Grane». Med den dreiv dei garnfiske etter sild. Starta tidleg på vinteren utanfor Kristiansund og Stoksund. Først etter at silda var komen sør om Stad brukte dei snurpenot den tida. Om somrane dreiv dei med snurpenot ved Island.

Bjarne Rotnes var skipper på ymse båtar i 12-14 år. Det var «Skåreholmen», «Strønøy», «Presthus I» frå Bergen og Haugesund. «Normanner» som han hadde lengst var frå Karmøy. Desse båtane snurpa etter sild, om vintrane på norskekysten og somrane ved Island.

Rolv Rotnes var skipper på «Bjørkhaug» som Elling Årseth i Ålesund åtte. Han førde den båten i 2-3 år på Grønland etter torsk.

I Hundeidvik var det og ein god del heimefiske, særleg etter sei. Kursetflua (eller fluda som dei seier her) var kjend som ein særleg god fiskeplass. Vårkveldane kom det færingar dit frå heile Sykkylven. Ofte kunne der ligge 40-50 båtar.

Ein stor fiskedag var det ein kveld i mai 1945. Det starta om ettermiddagen inn med kaia. Seievoda seig langsamt ut med landet og forbi Kursetneset. Klokk tre om natta var fiskarane komne nord til Svartebekk. Då tok det til å ljosne og dei såg at det var kome opp flagg i Vegsundet. Då forstod dei at krigen var slutt. Då fekk sei vere sei og det vart å sprengro heimatt. Og det vart ikkje nokon som la seg den natta.

Seifisket har minka dei siste åra, og det same gjeld torskefisket. Etter hyse og ymse slag småfisk brukte dei line langs land. Lenger borte i fjorden vart det brukt djupeliner. Det var liner med torskekrok på, og det var mest brosme og lange dei fekk der. Og så var det kveitevad. Det var liner med nokre få store onglar. Det var på visse plassar dei dreiv dette kveitefisket.

Så seint som i 1920-åra var det vanleg at unggutane drog i fiskja så snart dei var konfirmerte, første året kanskje som halvlutning. Då hadde ein halvparten så mange garn som dei andre og fekk halv lut. Etter siste krig vart det mykje slutt med fiske herifrå. Ungdomen tok seg arbeid på fabrikkane og berre nokre få driv fiske no. Her er heller ikkje større fiskebåtar att. No er det mest berre båtar til hobbyfiske og turar.

Ei god attåtinntekt var ei tid fisketørking. Det vart tørka mange hundre tusen fisk kvart år i Hundeidvik. På fine dagar kunne heile fjøra vere kledd med fisk. Det var Ålesundsfirma som åtte fisken. Kvart firma hadde sin mann her til å sjå etter fisken. Desse vart kalla fiskesjefar. Slike var Steina-Knut, Grønhaug-Knut, Tomas Utgård, Bastian Hundeiide og Ole Bjørkavåg. Etter krigen kom dei elektriske tørkeria og gjorde slutt på fisketørkinga.

Gnr 50 KURSET

Første del av namnet kan her, som ved Blakstad, vere anten personnamn (Kurr) eller eit tilnamn, Rygh nemner i si tyding «det forsvundne navnet Kurisnes». Men dette forsvunne namnet er nemnt berre i to kjelder, tiendpenninglista frå 1520 og i Bhl pk 36 for 1623, og er vel ikkje noko anna enn Kursetneset, som vert brukt om sjølve neset den dag i dag. I daglegtalet seier somme Kurset med kort u og einstavings tonelag, andre brukar kort u med ein klang av open y. Dette siste er visst den eldste uttalen. Eldre skrivemåtar: 1619 Korsætter, 1628 Korsett, 1666 Cursett, men i det heile har formene frå heile 1600-talet oftare u enn o i første staving. Og sidan er u einerådande, endå om skrivemåten elles kan variere litt.

Kurset grensar i nord til Hatlemark og Svartebekk, i aust til Hovden, i sør til Kursetgjerde, og i vest til sjøen. Øvre Kurset ligg ca. 100 m over havet, og bruka på Kurset er heller brattlendte.

Så seint som i 1883 var det samrøystes vedtak i heradstyret at «vei til Hovden og Kurset blir for tiden ikke å anta som offentlig vei». I 1905 gjekk brukarane frå Kurset og inn til vegskiftet på Utgård bnr1 saman om å byggje den 1500 m lange vegen. Før den tid var der berre ein sledeveg gjekk ca. 80 m lenger nede. Den gjekk nede på bakkekanten, og vert enno kalla Storeveien.

Kurset hadde seter i Kolda, og når dei skulle dit brukte dei ei gangrås som gjekk nedanfor Myrset-åkrane. Kolda ligg inn mot bytet til Sætre. Her har begge hovudbruka på Kurset sel og fjøs. Men setringa vart det slutt med kring 1950.

Kurset har og skogteigar i Kolda og i Langelia. I eldgammal tid hadde Kurset seter i Megardsdalen. Den låg innanfor Storevatnet og vart kalla einfallstølen. Tuftene viser enno.

I Kursetstranda nord mot Hatlemark-bytet er der ei slette som vert kalla Kursetsetra. Den har nok vore brukt som mjølkeplass ein gong i tida.

Både Kurset og Hovden har nausta sine på Kursetneset. Langs stranda er det no bygt veg frå Utgård til Kurset, der denne nedre vegen går saman med den øvre.

EIGARAR

Kurset var Elgesætergods. Elgesæter kloster var eit augustinarkloster i Strinda, og godset kom under krona på 1500-talet. Men i lensrekneska-

pane vert Kurset kalla krongods først i 1626. I tida frå 1634 til 1642 vert Kurset igjen ført som Elgesætergods. Frå då til 1647 er Kurset førd under kgl. maj. jordegods. Same året har andre kjelder Maritte kyrkje som eigar av Kurset. I 1649 fekk Hannibal Sehested ved eit makeskifte m.a. Kurset. Men kort etter vart Kurset atter Margrete Prebendegods. Kurset vart benefisert Nykirken i Bergen.

MATRIKKELGARDEN

Den tida Kurset hørde til Hjørundfjord hadde garden gnr 6. Sidan gnr 153, 111. Hørde til halvgardane. Den gamle matrikkelskylda var 2 v fisk, ny skyld i 1838 4 skylddr. 4 ort 14 skill. I 1890 var dei to hovudbruka og ein plass skyldsette til M 4.11, 3,56 og 0,61.

I 1613 la dei to brukarane kvar 1 mæle i korntiend. I 1666 til saman 2 t havre, 1 pd ost. I 1717 2 t havre, 16 mk ost eller 24 skill.

Leidangen var i 1612 3 kalveskinn, i 1666 1 geiteskinn, og det vart det vanlege i tida utover.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 2 mann

1626: 2 mann. Sår 3 ½ t

1657: 2 mann. Fôrar 2 hestar, 1 okse, 14 kyr, 1 sau, 1 geit

1667: 2 mann. Sår 6 t havre, avlar 20 t, kan fø 24 kyr og 2 hestar. Brennefang

1714: 2 mann. Sår 6 t havre, avlar 20 t, kan fø 20 kyr og 2 hestar

1724: 2 mann. «Brændevedskog til fornødenhed, ligger ved søen, 1 liden sæter ½ mil frå gaarden, sår 6 t havre, avler 24 t, føder 2 . hester, 14 naut, 6 ungf, 12 får, 9 gjeder. Lidt næring ved at grave rødder til tjærevirke.»

1802: 2 mann. På kvart bruk sår dei 4 t havre, ¼ t bygg. 7 foll. Fôrar 10 kyr og hest, og 16 småfe. 6 arbeidsfolk. Nok brensel og beite

1845: 2 mann. Sår ½ t bygg. 4 t blk, 8 t havre, 4 t poteter. Fôrar 2 hestar, 14 kyr, 26 sauer, 1 gris

1865: 2 mann. Sår ½ t bygg, 5 ½ t blk, 9 ¾ t havre, 9 ½ t poteter. Fôrar 2 hestar, 23 kyr, 50 sauer.

Opplysningane frå matrikkelførebuingarbeidet i 1860-åra er tekne med under dei einskilde brukarane.

1875: 2 mann. Sår 8 ½ t blk, 11 ½ havre, 15 t poteter. Fôrar 2 hestar, 1 føl, 18 kyr, 8 kalvar, 41 sauer, 3 griser.

BRUKARAR

I 1520 var der òg 2 brukarar på Kurset, ein Pål (då skrive Poel) og ein Simon. Kva bruk kvar av dei budde på er ukjent. Men etter som Øvre Kurset vert nemnt først i listene, budde kanskje Pål der og Simon på Nedre Kurset.

Pål la denne tiendpenningskatten: ½ lodd sølv og ½ lodd sølv for jordegods. Simon la ½ lodd 1 kvintin sølv.

Den neste brukaren vi veit om er

Kolbein

Br 15 . -ca. 1603, sidan mindre gardpart ei tid.

Born: 1. Peder, g p bnr 1

2. Anders, g p bnr 2

På denne tida og langt seinare vart kårmennt oftast kalla husmenn. Kolbein er truleg identisk med den husmann som drukna i fjorden i 1628. På den tida skatta han av 1 pd fiskeleige av sonen Anders sitt bruk. Han betalte grasleige av 1 pd fisk (Bhl pk 44, 1626). Han er ikkje nemnd som brukar etter 1626.

Bnr 1 ØVRE KURSET

Peder Kolbeinsen Kurset

g Dorette (Dorte) (Bhl pk 52)

Br ca. 1603-1625, enkja til 1630

Born: Peder, g p br

I 1610 la han 1 mæle ½ fj i tiend i lag med grannen.

I 1611 reidde han saman med enkja i Hovden ut Anders Olsen Gjerde til Kalmarkrigen. I 1615 la han ½ rd i 3. års bygsel av 4 mællag. I 1621 la han og grannen 3. årsbygsel av berre 6 mællag. På denne tida var der fleire husmenn på Kurset. Dei brukte vel til saman dei 12 mk som saman med Kolbeins 1 pd vert skylda på Kurset.

Peder Pedersen Kurset f ca. 1591

Br 1630-1664

Barn: Jetmund f ca. 1636, g p br

I 1636 la han 1 pd i fisketiend. Betalte koppskatt for seg og kona og ei jente i 1645: 1 ort. I krøterskatt betalte han 3 ort 3 skill. av 1 hest, 8 kyr, 1 sau og 1 geit (1657).

Jetmund Pedersen Kurset f ca. 1636, levde i 1701

Br 1664-ca. 1675

Barn: Peder, g p br

Dei to første åra er faren nemnd som brukar i nokre lister. Men det er ikkje prov for at dei brukte garden i lag. Brukarnamn går stundom for lenge att i listene.

Peder Jetmundsen Kurset

g Ingeborg Persd. d 1737, enkje 88 ½ år

Br ca. 1675-ca. 1688

Barn: Jetmund, g p br

I 1675 var korntiendans hans 2 mæler.

Jetmund Pedersen Kurset

g Karen Larsd. Nordang, d etter 1711

Br ca. 1688-1712

Born: 1. Ole f ca. 1689, g p br

2. Lars f 1702

I 1611 hadde han kone og 3 born, men vi kjenner namna berre til dei to ovannemnde. Fødselsåret for Ole er etter manntalet i 1701. Det stemmer ikkje med aldersoppgåva ved død. Karen var frå Sjursgarden på Nordang.

Ole Jetmundsen Kurset f ca. 1689 d 1755

g Kari Larsd. Mid-Urke f ca. 1685 d 1761, 76 år

Br 1712-1748

Born: 1. Ingeborg f ca. 1720, kf 1737, g 1746 Ole Sjursen Nakkegerde.

Ho d 1757, 37 ½ år

2. Peder f 1722, d 1737 14 år

3. Lars f 1726. g p br

Byggesetel frå Christopher Abelset i 1712.

I 1721 selde Ole ½ mællag jord i Nordang som kona hans hadde arva.

Sk. etter Kari: Brutto vel 30 rd, netto vel 24 rd.

Lars Olsen Kurset f 1726 d 1785

g 1751 Sara Eriksd. Stave (br 2) f 1726 d 1801, 80 år. Sk. 1/7 1801

Br 1748-1785

Born: 1. Peder f 1752 d ug 1814, sk 8/5 og 13/12 1815

2. Ole f 1754, g p br

3. Ole f 1758, plm i Kolvika i Borgund. Sk. 7/2 1809

4. Berte f 1761, g Endre Jetmunds. Hundsvær, plm på Stadsnes

5. Kari f 1763, g 1794 Ole Torsen Koldvik. Budde på Stadsnes
6. Johanne f 1772, d ug 1813. Hadde barn: Andrine Andersd. Lerstad f 1806 (far: Anders Peders. Stavset) og Petter Elias f ca. 1812. Johanne tente hjå presten Buschmann i 1811.

Ole Larssen Kurset f 1754 d 1818

1784 g Marie Olsd. Hovden (br 2) f 1759 d 1830

Br 1784-1807

Born: 1. Peter Laurentius f 1785, g p br

2. Ole f 1786, g 1807 Anne Larsd. Nedregotten (1782-1860).

Bustad Nedregotten (Steffåg.)

3. Pernille f 1788 d 1798

4. Lars Petter f 1793 d 1793, 8 dg

5. Dorte Helen (tvill.) d 8 dg

6. Anne Marie i 1796, 1826 g Ole Andr. Isaksen Myrset, bnr 2

Ole vart i 1814 stemnd for forliksskommisjonen av Størker Størkersen Utgård for ulovleg laksefiske. Betalte 4 rd for stemninga og 7 rd ved forliket. I 1815 vart han stemnd av Rasmus Knuts. Hatlemark for ikkje å ha gitt opp alt i skiftet etter broren Peder. Ole sa at han hadde hjelpt broren og meinte han hadde første retten, men baud seg til å betale 16 spd til Sykkylven fattigkasse.

Sk. i 1818: Brutto vel 82 spd, gjeld vel 52 spd.

Peter Laurentius Olsen Kurset f 1785, d etter 1855

1807 g Karen Jonsd. Blakstad (br 1) f 1785 d 1855

Br 1807-1838

Barn: Gjertrud Katrine Severine f 1814, g p br

Peter fekk bygselsetel frå J. N. Krey 5/4 1803. Gav kår til faren 29/10

1807. Faren hjelpte til med gardsdrifta.

Bernt Jonsen Midtgård br 3 f 1804 d 1883

g 1833 Gjertrud Petersd. Kurset f 1814 d 1877

Br 1847-1858

Born: 1. Petter Johannes Olaus f 1834, g p br

2. Knut Martinus f 1837, g til Tusvik bnr 4

3. Karolus Martinus f 1842, g til Gjøvenes bnr 1

4. Rasmus Martinus Olaus f 1849 d 1900. Var skomakar og murar.

Budde m.a. i Narvik og Bodø. Var med eit notlag i Larsnes.

(Sm.Fbl. 30/3 1900: «Fikk spirituosa i stor mengde, fandtes død om morgenen av hjertelammelse».)

Bernt fekk kongeskøyte på bruket 30/6 1847. Eid til konstitusjonen same året. Den årlege avgifta til den tidlegare eigaren hadde vore 1 t 1 skjeppe ¼ fj. bygg, som omsett til kapitalverdi utgjorde 87 spd 60 skill. Den årlege avgifta vart ved kongeskøyta, som Bernt gav 300 spd for, påhefta bruket.

Petter Johannes Berntsen Kurset f 1834 d 1896

1859 g Kristianne Hansd. Emlen f 1834 d 1899

Br 1858-1892

Born: 1. Kristianne Birgitte f 1858 d ug 1943. Sjå bnr 7

2. Bernt Karolus f 1860, g 1886 Marte *Sofie* Hammer f 1864 d 1948.

Dei vart gifte i Bodø. Han var fiskar. Bustad Ålesund. Han hadde barn: Karl Johan Martinus f 1877 (Smed-Karl), mor: Johanne Knutsd. Hovden. Karl skreiv seg for Hovden, budde på Hundeide (Åneset)

3. Hansine Karoline f 1862, g 1893 Bastian Hundeide (Øvste)

4. Jens Petter f 1865, g p br

5. Petter Martinus f 1868, sjå bnr 4

6. Karoline Martine f 1869, sjå bnr 5

7. Karl Johan Edvard f 1872, utvs nr 700

8. Petrine Kristofa f 1874, til Midtgård bnr 5

Petter fekk skøyte frå faren for 400 spd 24/7 1858. Det var med hus, kår: 2 v bygg, 12 v blk, 4 v havre, 4 t poteter. Fri bruk av ein åker, anten Rången eller Hatle-åkeren, og av eit stykke mark. Kjøparen tek på seg jordavgifta til soknepresten i Nykirken i Bergen. Plm. Elias Torsteinsen og kone skal framleis ha bruksrett til plassen.

Matrikkel-førebuingsarbeidet i 1860-åra om bruket: 38 dekar åker og dyrka eng av mykje god kvalitet, 47 dekar mykje god natureng, har lite jord som kan dyrkast, sår ¼ t bygg, 2 ½ t blk, 4 ½ t havre, 2 ½ poteter. Avlar 1 t bygg, 15 t blk, 26 t havre, 17 t poteter. Krøter: 1 hest, 11 storfe, 18 småfe. Hamnegangen er mindre god. Skog til husbruk. Lægjet: «Bekvent til sjøen, ubekvent til vei.» 1875: 1 hest, 1 føl, 3 kyr, 4 kalvar, 6 sauer, 1 gris. Kårm. 3 kyr, 6 sauer, gris. Sår: 3 t blk, 4 t havre, 4 t poteter.

Jens Pettersen Kurset f 1865 d 1954

1892 g 1. Helene Marta Birgitte Olsd. Skjåstad (1869-1901)

1902 g 2. Regine Marie Larsd. Utgård (br 10) f 1880 d 1963

Br 1892-1942

Born i 1. ekteskap:

1. Kristine Kornelia f 1893, g til Utgård bnr 6

2. Petter Olaus f 1896 d 1926, omkom på havet.

Born i 2. ekteskap:

3. Hilmar Johan f 1903 d 1959, sjå bnr 12
4. Martin Laurits f 1905 d 1955, utvs nr 690. Omkom 1/7 på Alaskakysten
5. Jens Petter f 1907, sjå bnr 7.
6. Kristian Karolus f 1909
7. Lars Martinus f 1911, g p br
8. Ragnvald f 1913
9. Marte f 1915, g Utgård, bnr 8

Jens Pettersen dreiv fiske i lang tid med stasjon på Alnes (Jog.). Kjøpte fiskebåt saman med sønene. Reparerte stovehuset i 1941.

Kurset var rekna som ein god korngard, og i Jens si brukstid dyrka dei mykje korn, både bygg og havre, på 7 dekar. Dei betalte litt over 20 kr. året i jordavgift til presten i Nykirken i Bergen. Denne avgifta kalla dei sporveskatt: Det vart sagt at dei betalte for at dei ved Nykirken skulle be om at sporven heldt seg vekk frå åkrane på Kurset.

Til trusking hadde dei eit vasshjul som vart drive med vatn som dei veitte heilt frå Myrset-bytet, men det var berre i store vassflød at det var nok vatn. Ei gammal smie hadde dei nær bytet til Kursetgjerde.

Ved kjøpekontrakt av 4/7 1942 fekk brørne Hilmar og Lars Kurset kjøpe bruket for 3500 kr. Det vart sistnemnde som tok over den delen av bruket der husa stod og som vart buande der.

Lars Martinus Jenssen Kurset f 1911

1948 g Paula Tora Hansd. Hatlemark (br 1) f 1917

Br 1942-

Born: 1. Jon Reidar f 1950

2. Inger Haldis f 1952, sjå bnr 26
3. Petter f 1955, sjå bnr 25
4. Lidvar Per f 1956 d 1957
5. Marit Perdy f 1956, sjå bnr 27
6. Lidvar Per f 1958, kokk, sjå bnr 6

Ved delinga av bruket fekk Lars den delen som ligg ovanfor vegen. Og både han og broren Hilmar fekk eit stykke nede ved sjøen. Skylda på bnr 1 er no 1,35. Lars har vølt mykje på dei gamle husa.

Bnr 12 NYHEIM

Dette er den halvparten av bnr 1 som ligg nedanfor vegen. Skylda på denne delen er 1,34.

Hilmar Jenssen Kurset f 1903 d 1958
1931 g Palma Pettersd. Utgård (br 8) (Stormyr) f 1907
Br 1942-1958

Born: 1. Anny Petra f 1932. Sjå Utgård bnr 28
2. Jens Reidar f 1934, g p br
3. Hildur f 1940 g Sundgot. Sjå bnr 18
4. Sigrid Petrine f 1945, sjå bnr 16
5. Asbjørn Johan f 1948, sjå bnr 19

Hilmar dreiv mykje fiske, og førde båten «Skopshorn» som han hadde kjøpt saman med faren og brørne. Først hadde faren vore førar av båten.

Jens Reidar Hilmarsen Kurset f 1934
1960 g Marion Anita Sigvaldsd. Solvang f 1936 i Borgund
Br 1958-

Born: 1. Halstein f 1962
2. Sindre Malvin f 1964
3. May Britt f 1969

Har drive fiske, var lenge med ringnotsnurpar. Bygde stovehus i 1961. Fekk skøyte på bruket i 1976. Skyld M 1,31.

Bnr 4 STORENES (til dagleg ELIASPLASSEN)

Elias Torsteinsen Svartebekk (br 1) f 1822 d 1899
g Karen Eriksd. Sundgot f 1810 d 1888
Br 1864-1890

Born: 1. Martine f ca. 1847 d 1850, 2 ½ år
2. Martine Inger Tomasine f 1850 d ug 1918, legdsl.
3. Tomas Petter Karolus f 1853, g til Svartebekk (bnr 2)
4. Emte Johanne Marie f 1858 d 3 mnd
5. Emte Kristine Marie f 1861, d 1862, 6 mnd
6. Emte Andrine Karoline f 1863, g Karl Kursetgjerde (br 4)
7. Elias Karolus f 1867 d 1947, g Marie f 1862. Bustad Ålesund, Fiskar.

Elias fekk husmannssetel frå Bernt Jonsen Kurset og Peter Johannes Berntsen Kurset 9/11 1863, og kårbrev frå Peter Johannes 6/1 1890. Fôra 1865 3 kyr og 6 sauer på plassen og sådde ½ t blk, ¾ t havre og 1 ½ t poteter. 1875: 2 kyr, 1 kalv. 2 sauer. - 1 t blk, 1 t havre, 3 t poteter. Elias heldt ute båt og var ein dyktig fiskar. Sjå avsnittet om fiske i innleiinga om Hundeidvik.

Etter at Elias døydde gjekk plassen attende til bnr 1.

Petter Bastian Petersen Kurset f 1868, d ug 1939

Han fekk skøyte på denne plassen frå Petter J. Berntsen Kurset for 1200 kr 9/7 1894. Utvs nr 701.

Johan Magnussen Bueide f 1899 i Austefjorden, d 1962

1926 g Signe Borghild Rasmusd. Kalvatn f 1899 i Volda

Br 1942-1962

Born: 1. Magne f 1927, sjå bnr 11

2. Rolv f 1928, g 1961 Jorunn Utgård f 1930

3. Else Johanne f 1940, g p br

Bueide dreiv fiske, og var i mange år på selfangst som skyttar. Han bygde på stovehuset og bygde ny løe. Fekk skøyte på bruket frå arvingane etter Petter Kurset for 3900 kr. 20/2 1942. Skylda på br. var 0,51.

Fritz Eilertsen f 1931 i Alstadhaug

1965 g Else Johanne Johansd. Bueide f 1940

Br 1965-

Born: 1. Fred Even f 1965

2. Idar f 1968

3. Sunniva Helen f 1971

Eilertsen er fabrikkarbeidar. Har utvida stovehuset.

Bnr 8 LILLEVIK

Utskilt 1927 frå bnr 1, skyld 0.50

Martin Jenssen Kurset (br 1) f 1905

Som før nemnt utvandra Martin til Amerika og døydde der. Bruket gjekk innatt i bnr 1 i 1953.

Bnr 25 STEINAMYRA

Utskilt frå bnr 1 i 1975, skyld 1 øre

Tomt frå Lars M. J. Kurset til son

Petter Larssen Kurset f 1955

Det er ikkje bygt på tomta.

Bnr 26 SJØBAKKEN

Utskilt frå bnr 1 i 1975. skyld 1 øre

Frå Lars M. J. Kurset til dotter

Inger Haldis Larsd. Kurset i 1952

Det er ikkje bygt på tomta.

Bnr 27 BJØRKLUND

Utskilt frå bnr 1 i 1975, skyld 1 øre

Egil Steinslien f 1950 i Gausdal

1976 g *Marit Larsd. Kurset* f 1956

Barn: *Lars Einar* f 1977

Steinslien har arbeidd på oljeplattform. Har bygt hus på tomta.

Bnr 50 KVELDSRO

Utskilt frå bnr 1 i 1975, skyld 1 øre

Andreas Gjerde frå Ålesund

Gjerde er sjømann. Var i 1978 på oljeleitingsfarty. Har ikkje bygt på tomta.

Bnr 16 STEINAPLASSEN

Utskilt frå den delen av bnr 1 som sidan vart bnr 12.

Lars Pettersen Hovden (br 1) 1841 d 1911

g 1874 *Ingeborg Steinarsd. Kursetgjerde* (br 2) f 1847 d 1926

Br 1874-1911

Born: 1. *Berte* f 1870 g 1895 *Karl Eriksen Terøy* f 1869

2. *Karen Sofie* f 1875 g *Rasmus Synes, Vigra*

3. *Petter Andreas* f 1877, utvs nr 695

4. *Ole Bastian* f 1879, g *Lisa Løvoll*, Dei hadde ein liten gard ved Langevåg

5. *Lars Ingvald* f 1883, målar, sjå *Utgård* bnr 4 og 16

6. *Johan Laurits* f 1887, g 1912 *Johanne Korsbrekke*. Bustad Halvorsæter, bnr 2 *Johannesgarden*

7. *Inga* f 1891, g *Ole Vidhammer*

Lars og *Ingeborg* var dei første på denne plassen og bygde hus her.

Etter at *Lars* døydde vart bruket drive nokre år av *Ingeborg* og sonen *Lars*. Gjekk så attende til hovudbruket. *Lars Pettersen* var bygningsmann snikkar.

Bnr 5 LILLENES

Utskilt i 1894, skyld 27 øre (samtidig med Storenes)

Lars Bernt Bastian Berntsen Kurset (bnr 3) f 1856 d 1919

1891 g Karoline Martine Petersd. Kurset (bnr 1) (1869-1963)

Br ca. 1891-1919

Barn: Bernt Karolus f 1892, g p br

Lars fekk skøyte på bruket 9/7 1894 for 500 kr.

Bernt Larssen Kurset f 1892 d 1952

1923 g Anna Petra Larsd. Utgård (br 3) f 1901 d 1932

Br 1919-1952

Born: 1. Lars Karsten f 1924 d 1944

2. Sverre Johan f 1925, p br

3. Karl Petter f 1931, g Anne Faksnes frå Surnadal, Karl har teke namnet Høgset og driv elektrisk forretning. Bustad Vestnes.

Sverre Johan Berntsen Kurset f 1925

Br 1952-

Sverre Kurset fekk skøyte på bruket frå farmor si Karoline Kurset. Han er fiskar. Har bygt nytt hus.

Bnr 15 NESTUN

Utskilt frå bnr 5 i 1971, skyld 1 øre

Bjarne Jakobsen Midtgård (Toreg.) f 1928 d 20/1 1974

Han vart påkøyrd og drepen av ein bil.

Karl Karlsen Skarbø f 1917 i Ålesund

1940 g Borgny Johnsen f 1918 i Ålesund

Born: 1. Turid Mette f 1944, g 1964 Kenneth Whatley. Bur i England

2. Haldor f 1946, teleingeniør

3. Kolbjørn f 1951, g 1975 Ragnhild Hansen f 1951 på Hamar. Han er siviløkonom i Oslo.

Skarbø kjøpte bruket av arvingane etter Bjarne Midtgård, og brukar det som feriestad. Han er maskinsjef i utanriksfart.

Også frå den andre halvparten av Øvre Kurset, bnr 12, er det utskilt bruk.

Bnr 16 SJØLYST (før Steina plassen)

Den første brukaren her Lars Pettersen Hovden (br 1) f 1841, er alt nemnd under bnr 1. Han hadde plassen før hovudbruket vart delt i bnr 1 og bnr 12.

Utskilt frå bnr 12 i 1973

Ivar Johansen f 1945 i Stangnes i Senja

1971 g *Sigrid Hilmarsd. Kurset* (br 12) f 1945

Born: 1. Sissel f 1972

2. Per Henning f 1975

Johansen er stuert på MRF. Sigrid fekk dette stykket av mor si. Dei har bygt våningshus.

Bnr 18 SKOGLY

Utskilt frå bnr 12 i 1974, skyld 1 øre

Hildur Hilmarsd. Sundgot f 1940

Bnr 19 SOLSTRAND

Utskilt frå bnr 12 i 1974, skyld 1 øre

Asbjørn Johan Hilmarsen Kurset f 1948

1973 g *Hansia Edny Hansd. Fiskarstrand* f 1951, Langevåg.

Born: 1. Trine Elin f 1973

2. Janita Stine f 1975

Bygde hus i 1975. Han er fabrikkarbeidar og fiskar. Kona har handels-skule.

I midten av 1890-åra vart eit stykke av Kurset utmark innlagt, like mykje til begge hovudbruka. Øvre-Kurset sin del fekk Kristiane Pettersd. Kurset etter foreldra sine. Ho bygsla det bort.

Bnr 7 TORHEIM

(til dagleg kalla Toreplassen), utskilt 1912, skyld 0,

Tore Andreas Olsen Vinje f 1847 i Stordalen

1870 g ek. *Inger Severine Larsd. Eidem* Kurset bnr 3 f 1830 d 1910

g 2. *Olava Marie Rasmusd. Skottet* f 1860 d 1953. (Sjå bd 2 s 51.) Ho var enkje etter Nils Muri.

Tore tok den eine enden av stovehuset på Bernplassen og brukte den

då han sette opp hus på Toreplassen. Han var murar og sette opp mange skorsteinspiper og gruer i grenda.

Tore var glad i å lese, og det vert fortalt at då det kom nye lærebøker i folkeskulen i 1890-åra, kom han kveldane dit det var skuleborn og sat og las. Han var mykje med i religiøs verksemd i grenda, var såleis ei tid sundagsskulelærer. Han var plaga av gikt. Eit godt middel mot den, trudde han, var å bere stein. Så han hadde ofte ein stein på ryggen når han hadde vore i utmarka.

Ei verksemd Tore var mykje med i var å hente dass, som dei kalla det, i byen med robåt. Det var særleg åkrane dei gjødsla på den måten at dei blanda dassen med mold, lét det liggje og gjære ei tid, for så å spreie det utover åkrane. Det høvde ikkje så godt til attelegene, for der var gjerne for mykje stein i molda.

Då Tore flytte til Klokkerhaug, tok eigaren sjølv over Toreplassen.

Kristiane Pettersd. Kurset (br 1) f 1858 d 1943

Ho arbeidde i 24 år ved Langevåg Fabrikker før ho tok over dette bruket. I tillegg kjøpte ho halvparten av den delen av den innlagde utmarka som hørde bnr 2 til. Enkja etter Mons Olsen, Berte Jensine Olsd. Kursetgjerde, leigde hus her og brann inne saman med sonen Kristian. Då kjøpte Kristiane huset etter Gjerds-Karl (Kursetgjerde) og sette det opp- att på bnr 7. I 1913 fekk ho 1050 kr i trygdesum for det nedbrende huset.

Jens Jenssen Kurset (br 1) f 1907

1943 g Emma Pedersen f 1918 i Svolvær

Jens fekk skøyte på bruket frå faster si Kristiane 12/1 1927 for 3000) kr. mot kår.

Barn: Jan Einar f 1946, sjå bnr 17.

Bygde om og utvida stovehuset i 1955 så det er som nytt, og bygde ny løe i 1961. Hadde motorbåt saman med broren Hilmar og dreiv ei tid heilårs- fiske. Seinare var han i mange år med Jarnesbåtane på frakting, for det meste mellom Sykkylven og Åndalsnes. Han eig og

Bnr 10 NYGJERDE

Utskilt frå bnr 1 i 1939, skyld 5 øre. Det kjøpte han av Peter B. Petersens dødsbu.

Bnr 17 NYTUN

Utskilt frå bnr 7

Jan Einar Jenssen Kurset f 1946 d 1977

1968 g Svanhild Irene Alfsd. Lyngsaunet f 1946 i Verdal.

Born: 1. Jim André f 1968

2. Tore f 1969

3. Elin Peggy f 1970

4. Stian f 1976

Bygde stovehus i 1972.

Bnr 2 NEDRE KURSET (Ner-Kurset)

Etter ei gammal segn stod husa ein gong nord for husa til Øvre Kurset og at dei brann ned. Det er funne kol der, så det ser ut til at der har vore brann ein gong. Er dette rett, må det ha hendt før namnet Nedre Kurset kom i bruk, for dét ville ikkje høve når husa stod nord om husa til Øvre Kurset og i same høgde som dei. Men segna fortel at husa etter brannen vart flytte dit dei sidan har stått.

Som nemnt under bruk 1 var der to brukarar på Kurset i 1520, men truleg berre ein brukar kring år 1600, med Kolbein som brukar, og at sønene hans fekk kvar sitt bruk etter han.

Anders Kolbeisen Kurset (levde i 1637)

Br ca. 1603-1632

Br 1632-1637 (halve br 2)

Born: 1. Berette (Berte), lm med Ellend Kurset som ho var trulova med

. (1623). Han bømte med 5 rd.

2. Henrik, g p br

Anders vart utreidd til Kalmarkrigen, men ein annan gjekk ut i staden. Han brukte 4 mællag i 1614, men berre 3 mællag i 1618. Det er nok husmenn som har fått jord frå han då. Men i 1627 la han 3. års bygsel av 6 mællag, og har vel då teke over noko jord frå broren som døydde.

Henrik Anderssen Kurset f ca. 1586

g ca. 1632 Synneve Ingebrigtsd. Hundeide (husmannsdotter?)

Br 1632-1637 (halve br)

Br 1637-1664 (heile)

Born: 1. Anders f ca. 1636, g p br

. 2. Peder f ca. 1651 p br

Henrik betalte 6 rd i 1. bygsel for halve bruket. Av ein eller annan grunn måtte han for kort tid gi frå seg bruket til Oluf Hundevik, men tok det att i 1. bygsel for 10 rd i 1644 (Bhl pk 104). I 1645 la han koppskatt for seg og kona med 16 skill. I 1657 betalte han 1 slettdalar i krøterskatt av 1 hest, 1 okse og 6 kyr.

Anders Henriksen Kurset f ca. 1636 d 1690, sk 28/5 1691

g Guri Knutsd. Store Urke

Br 1664-1690

Born: 1. Mari, g p br

2. Anne

3. Henrik f ca. 1675. Tente i 1701 hos futen Anders Hansen Møller i Galtevåg.

Sk. i 1691: Brutto vel 34 rd, netto 29 rd (1 ung hest, 1 merr med føl, 7 kyr, 2 kalvar, 1 sau, 1 geit, torskegarn, part i sekkenot.)

Peder Henriksen Kurset f ca. 1651 d før 1720

Br 1690-1700

Jørgen Sivertsen Midtgård (br 3) f ca. 1657 d 1727

g 1. Mari Andersd. Kurset d 1715

2. Margrete Torkjellsd. Utgård

Br 1700-1726

Born i 1. ekteskap:

1. Syver f 1697, g 1. Anne Pedersd. Nordang d 1724, g 2. Hilde Olsd. Tørlen d 1731. g 3. Sylvia Jakobsd. Gjævenes (br 2)
Bustad: Veibust ,så Tørla

2. Anders f 1699 d 1778, g 1729 Anne Paulsd. Skodjevåg f 1702 d 1776

3. Jetmund f 1702, g p br

4. Engebret f 1709, g Eli Ingebrigtsd, Vik (Borgund) (1701-1762).

Var første brukar på Jetmundg. på Vik. Same slekta på br til 1967

Born i 2. ekteskap:

5. Endre f 1718, g 1. 1741 ek. Brite Knutsd. Gjethammer f Raustad (ca. 1729-1749), g 2. 1749 Anne Arnesd. Vestre, d 1787, 62 år.

Endre var første brukaren på Pehammeren i Djupvik i Borgund

6. Torkjell f 1719, g 1750 Elen Jonsd. Kvistad. Bustad Utvik

7. Mari f 1724 d 1763, grf 1. Jan. 1764. Ho vart kalla Mari Vik då ho døydde ug hos broren Endre Gjethammer.

Mari Andersd. tente truleg på Molaupen, etter som ho er kreditor i buet etter Peder Simensen Molaup i 1705. Av manntalet i 1701 ser vi at Jørgen

har vore soldat. I 1711 hadde han et jente med 3 ort i årsløn. I 1720 fekk han ny bygselsetel av Chrf. Ols. Abelset.

Sk. 25/5 1713 etter Mari: Brutto ca. 44 rd, gjeld ca. 8 rd. (5 kyr, 2 risbit kviger, 1 liten raud hest 3 rd 3 ort, 4 sauer, 3 geiter, 1 børse og kårde, tjøreveed for 3 rd, 4 t havre.)

Sk. 19/6 1727 (sk.prot. nr 7 s 725): 1 koparkjel» 2 gamle «bedærvede» båtar «som fandtes ganske ubrugelige». 5 kyr, 2 kviger, 1 merr, 6 sauer, 2 verar, 1 geit med kje. tjøreveed for 6 rd, $\frac{1}{16}$ i ei sekkenot.

Brutto 45 rd, netto 18-2-10.

Jetmund Jørgensen Kurset f 1702 d 1776, sk. 11/7 1777

1727 g Marte Olsd. Vatne frå Ørsta, d 1769, 74 år

1770 g Marte Knutsd. d 1797, 70 år

Br 1726-1757

Born: 1. Mari f 1728, g Peder Hanssen Erstad (br 1)

2. Ole f 1730, g til Utgård bnr 1

3. Jørgen f 1733, g p br

4. Ingeborg f 1735, g Lars Jakobsen Ørsnes (sjå bd 1)

5. Kari f 1738, g 1761 Paul Pedersen Svartebekk f ca. 1718

6. Pernille f 1740, d 8 veker

7. Guri, tvill. d 10 veker

Jetmund var i militærtjeneste i 9 år og var tambur i de Rodtvits kompani.

Bygselsetel fekk han 14/12 1726 frå Chrf. Abelset.

Sk. 26/7 1769: Brutto ca. 62 rd, netto ca. 48 rd.

Sk. 11/7 1777: Brutto ca. 39 rd, gjeld ca. 35 rd.

Sjå bd 1 s. 25 og 321.

Jørgen Jetmundsen Kurset f 1733 d 1797

g 1. 1757 Guri Jakobsd. Ørsnes f 1734 d 1780

g 2. 1781 Johanne Jakobsd. Myrset (br 2) f 1753

br 1757-1797

Born i 1. ekteskap:

1. Jetmund f 1758, til Davenes (under Jarnes)

2. Berte f 1761 d 1778

3. Marte f 1765, d 7 veker

4. Jakob f 1766

5. Martinus f 1770, til Utgård bnr 9

6. Anne f 1776, d 9 veker

Born i 2. ekteskap:

7. Ole Gunder f 1782, g p br

8. Jakob f 1785 d 1860, g 1. 1812 Vendel Hansd. Innvik (1795-1833),
g 2. Olave Petrine Berntsd. Erstad (br 1), (1791-1877)

9. Bernt f 1788 d ug 1812

10. Johanne f 1791, g 1822 Anders Eliassen Solevåg f 1801

Sk. 15/4 1797: Brutto ca. 115 rd, netto ca. 57 rd. (1 koparkjel, 3 tinnfat,
2 tinnkarmerl bakstehelle etc.) Enkja Johanne Jakobsd. gifte seg att.

Jørgen Pedersen Erstad br 1 f 1772 d 1825

1797 g ek. Johanne Jakobsd. Kurset d 1830

Br 1798-1807

Barn: Dødfødd gut 1798

Sk. 26/4 1825: Brutto 73 spd, netto ca. 47 spd. (kyrne Reise, Skautrei,
Rekrei og Stjerneplomme).

Ole Jørgensen Kurset f 1782 d 1840

1809 g Berte Pernille Berntsd. Erstad br 1 f 1788

Br 1807-1840

Born: 1. Jørgen Bernt Gregorius f 1810 d 1862, flytte til Gjøvenes bnr 2

2. Ole Severin f 1815, g p br

3. Berte Olave Johanne f 1818 g 1842 Lars Bernt Pedersen Utgård,
bnr 3

4. Bernt Olaus Andreas f 1824, Bernpl. Kurset bnr 3

Ole Jørgensen Kurset vart kalla Viset då han fekk skøyte på Nedre Kurset
1/4 1807. Han hadde vel då budd på Viset nokre år (NSSTb nr 1 s 68b).

Kår til Jørgen Pedersen. Det var J. N. Krey som gav bygselsetelen på
vegne av Nykirkens prestebord.

. Sk. 1840: Brutto 81 spd netto 50 spd.

Ole Severin Olsen Kurset f 1815 d 1876

1846 g Juliane Bastiansd. Aure (Pihlg.) f 1818 d 1902

Br 1840-1874

Born: 1. Anne *Oline* f 1846, g p br

2. Marte Sofie 1 1849, g 1875 Lars L. Riksheimgjerde f 1852

3. Berte Lovise f 1852 d 1864

4. Petrine *Karoline* f 1855, d 1915 g em. Lars Petter Guttormsen

Fet f 1853 d 1908. Bd II s 711

5. Bastiane f 1859 d 1860, 14 veker

6. Jensine Bastiane f 1862 g 1883 Jens L. Riksheim (Peg.) f 1855

Både åker og dyrka eng og natureng får karakteren «mykje god» i

1860-åra. Det er 32 dekar åker og dyrka eng, 35 dekar natureng, men lite
meir kan dyrkast. Sånad: ½ t bygg, 2 t blk, 4 t havre og 2 ½ t poteter.

Avling:

3 t bygg, 14 t blk, 18 t havre og 17 t poteter. Hamnegangen er mindre god. Skog til husbruk. Lægje: «Bekvem til sjøen, ubekvem til vei.»
Krøter i 1865: 1 hest, 8 kyr, 18 sauer, 1 gris.

Jakob Andreas Pettersen Straumsheim (br 5) f 1846 d 1938
1874 g Anne Oline Olsd. Kurset f 1846 d 1930
Br 1874-1917

Born: 1. Berte Jensine f 1875, g Lars P. Erstad (Peg.)
2. Ole Petter Karolus f 1877, g p br
3. Lars Johan Severin f 1879, g p br
4. Olave Birgitte Jensine f 1881, g Utgård bnr 10
5. Petrine Marie f 1883 d 1930, ug skreddar
6. Anna Bastiane f 1886, utvs nr 687
7. Jens Bastian f 1889, utvs nr 688

Anne Oline hadde sonen Ole Bastian f 1869 med Karl Berntsen Tu. Sjø Sætre bnr 3. 1875: 1 hest, 3 kyr, 1 kalv, 6 sauer, 1 gris. Kårmannen: 3 kyr, 2 kalvar, 6 sauer. Sår: 3 t blk, 4 t havre, 4 t poteter.

Første året Jakob var på Kurset brann stovehuset ned så han måtte byggje nytt. Dei hadde truskemaskin som dei måtte drive med handkraft, for dei hadde ikkje truskevatn. Kring 1912 fekk dei oljemotor som drivkraft. Den brukte fleire gardar i lag til dei som var med kjøpte elektrisk motor kring 1920.

Kvern hadde Ner-Kurset saman med Kursetgjerde. Kvernhuset stod ved Storelva, framanfor kvernane til Hundeid. Steinane ligg der enno, huset har dotte ned.

Som Øvre-Kurset betalte dei avgift til Nykirken i Bergen, først med korn, sidan med pengebeløp som varierte etter kornprisane. Denne avgifta vart innløyst i 1930-åra.

I sin ungdom dreiv Jakob litt trondheimshandel. Sidan dreiv han fiske om vintrane og stasjonerte då lenge på Gjøvsundsæter.

Ole Petter Jakobsen Kurset f 1877 d 1918
1917 g Tomasine Tynes f 1885 (sjå bd 2 s. 215)
Br 1917-1918
Kona var frå Rasmusg. på Tjønes. Dei hadde ikkje born.

Lars Jakobsen Kurset f 1879 d 1945
g 1. Inga Gregoriusd. Bjørdal f 1889 i Sunnlyven, d 1917
g 2. 1921 Hanna Johansd. Tusvik br 3 f 1887 d 1959
Br 1919-1945

Born i 1. ekteskap:

1. Hjalmar Olav f 1911 d 1942
2. Georg f 1913 d 1939
3. Oline Mathilde f 1915 d 1918

Born i 2. ekteskap:

4. Ingolf Olaf f 1922, sjå bnr 23
5. Oline Julie f 1926, g p br
6. John Trygve f 1928, sjå bnr 13

Lars var ei tid brukar av Synesgjerdet på Valderhaug (sjå Borgund 3 s. 612). På Kurset bygde han ny løe i 1924. Hadde motorbåt og dreiv fiske på Valderøy. Var lenge med i heradstyret.

Bnr 13 JOMARKA

Dette er del av bnr 2, skyld 2 øre

John Trygve Larssen Kurset f 1928

1962 g Marie Solveig Eliasd. Svinø f 1941 i Borgund

Born: 1. Berit Elise f 1963

2. Lillian f 1964

3. Mette f 1967

4. Eldar Jarle f 1971

Bnr 24 JOMARKA II

Utskilt frå bnr 2, som ((1/3)) av det, i 1974, skyld 0,79. Dei bygde bustadhus i 1965. Fabrikkarbeidar ved Ekornes Fabrikker. John er musikkinteressert og er dirigent for musikklaget «Skopshorn».

Bnr 23 SOLNES

Dette er og $\frac{1}{3}$ av bnr 2, utskilt i 1974, skyld 0,79

Ingolf Larssen Kurset f 1922

Han bur i Oslo, og det er ikkje bygt på stykket. Sjå bnr 9.

Bnr 3 NYGJERDET (BERNPLASSEN)

Bernt Andreas Olsen Kurset f 1824 d 1866

(son til Ole Jørgensen på hovudbruk nr 2)

1853 g Inger Larsd. Eidem (Berget) f 1830 d 1910 (sjå bnr 7)

Br 1853-1866, enkja til 1870

Born: Før ekteskap hadde Bernt to born: 1. Hanna Cecilie f 1847 (mor: Anne Berte Severine Pedersd. Utgård br 3) d 1905, g 1880 Lars Didriksen Grebstad f 1848. Bd I s 181. 2. Karen Marie f 1851 d 1927 (mor: Anne Pedersd. Tandstad) g Lars Karl Petersen Velle f 1855.

Born i ekteskap:

1. Ole Petter Bastian f 1853, g p br
2. Lars Bernt Bastian f 1854
3. Lars Bernt f 1856 d 1919, bustad Lillenes, Kurset (br 5)
4. Johan Bastian f 1857. Hadde før ekteskap barn: Berte Karoline Eline f 1876 (mor: Guri Syversd. Jarnes), g 1883 Tomasine Gulliksd. Hatlemark (br 2) f 1863. Bustad Myrane, Tusvik (br 3)
5. Berte Johanne f 1861, d 8 dg
6. Jens Peter Bastian f 1864, g 1889 Oline Hansd. Davenes (1860-1939). Bustad Vegsundvåg, Borgund. Tok namnet Kvernhusvåg.
. Jens døydde i 1944.

Bernt fekk skøyte på plassen frå broren Ole Severin i 1864 for 120 spd.

I 1865 sådde dei 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter, og fødde 3 Kyr og 6 sauer. Plassen hadde 9 dekar «middelmådig» åker og dyrka eng og 19 dekar natureng av same kvalitet. Lite meir kunne dyrkast. Mindre godt beite. Skog til brensel. Enkja Inger gifte seg att i 1870. Sjå Øvre Kurset bnr 7.

Ole Petter Bastian Berntsen Kurset f 1853 d 1919

1874 g Johanne Toresd. Gjævenes (br 1) f 1850 d 1926

Br 1870-1919

- Born:
1. Berte Jensine f 1872, g 1896 Edvard Tomas Vegsundvåg f 1874, fiskar, bustad Ålesund
 2. Karl Johan Andreas f 1875 d 1911. Ugift målar og huseigar i Ålesund
 3. Jens Bastian f 1877, g 1900 Johanne Larsd. Ekornes br 3. Han var på dampbåt, omkom på sjøen
 4. Inger Karoline f 1880, g Hans Karlsen Hatlemark (br 1)
 5. N.N. f 1881, d udøypt 1882, 1 ½ mnd
 6. Tomas Karolus f 1882 d 1903
 7. Marie Petrine f 1885, g Ole A. Utgård bnr 6
 8. Olivia Lovise f 1887, utvs nr 698, g Toft
 9. Johanne Birgitte f 1890, g p br
 10. Karen Hansine f 1894 d 1895

I 1875 sådde han 1 t blk, 2 t havre og 3 t poteter og fødde 2 kyr og 4 auer.

Ole Petter sitt hovudyrke var fiske.

Henrik Olsen Bolle f 1897 i Leknes i Lofoten, d 1970

1921 g Johanne Birgitte Olsd. Kurset f 1890

Br 1921-1970

Born: 1. Judith Oddlaug Kaspara f 1922, g 1948 Arne Petersen Dale
f 1917 på Aure. Skomakarmeister på Aure

2. Hilda Inger f 1923, g p br

Bolle arbeidde mykje med jorda og vølte på stovehus, løe og fjøsar.
Skøyte på br 9/4 1923.

Leif Larssen Slyngstadli f 1923 i Tennfjord

1950 g Hilda Inger Henriksd. Bolle f 1923

Born: 1. Haldor Johan f 1950, bnr 20

2. Kristin f 1959

3. Linda f 1965

Slyngstadli kom til Hundeidvik i 1948 og dreiv landhandelen der nokre
år. Seinare dreiv han nokre år forretning i Borgund. No driv han
agenturforretning saman med sonen Haldor.

Bnr 20 BOLLE

Utskilt frå bnr 3 i 1974, skyld 1 øre

Haldor Leifsen Slyngstadli f 1950

1973 g Astrid Alfredsd. Aure f 1954 på Eidem bnr 8

Born: 1. Gro f 1973

2. Trude f 1974

Bygde stovehus i 1974. Agenturforretning.

Bnr 11 HØGETUN

Magne Harald Johansen Bueide f 1927 i Volda

1951 g Oline Julie Larsd. Kurset (br 2) f 1926

Born: 1. Jostein f 1951, sjå gnr 51 bnr 15

2. Åse Hildegunn f 1953, g 1975 Aksel Urke f 1949 i Hjørundfjord

3. Harald Lidvard f 1954, sjå bnr 29

4. Einar f 1958

Denne parsellen vart utskilt frå bnr 2 i 1952, skyld 6 øre. Det nye stove-
huset, bygt 1951, står søraust for tomta til gamlehuset (på bnr 2) som no
er rive.

Magne Bueide er arbeidsformann og medeigar i møbelfabrikken Form-
fin A/S.

Som før nemnt vart bnr 2 delt i tre i 1974. Sjå bnr 23 og bnr 24. Den siste tredjeparten, skyld 0,93, heldt fram som

Bnr 2 Nedre Kurset

Oline Larsd. Bueide f 1926

Bnr 22 SOLVIKA

Utskilt frå bnr 2 i 1974, skyld 1 øre.
Dette er part av den tidlegare Karls plass.

Ragnar Solvik frå Ålesund.

Kjøpte br. av Magne og Oline Bueide i 1975 og bygde hus. Brukar det som feriestad.

Bnr 29 NESTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1977, skyld 1 øre

Harald Lidvard Magnesen Bueide f 1954

1977 g Anita Kristin Halvardsd. Harstad f 1957 i Sykkylven

Barn: Morten f 1977

Harald Bueide arbeider ved Formfin A/S. Bygde hus i 1977.

Under Øvre Kurset, bnr 7 Torheim, er nemnt at Kristiane P. Kurset kjøpte halvparten av det stykket som i 1890-åra vart innlagt til bnr 2 Nedre Kurset. Dette stykket fekk bnr 6.

Bnr 6

Lidvar Per Larsen Kurset f 1958 på Øvre Kurset

Han kjøpte det av onkelen Kristian, som hadde kjøpt det av Kristiane, faster si.

Lidvar Kurset har stuertskule og er stuert på fiskebåtar. Har ikkje bygt hus på stykket.

Bnr 14 BJØRKEBO

Utskilt frå bnr 6 i 1969, skyld 1 øre

Jarle Olsen Bjørkavåg f 1941, frå Gjøvenes br 3

1964 g Inger Birgersd. Mosti f 1946 i Bodin

Barn: Karen Berit f 1964, d same året.

Bygde bustadhus 1969-70. Dei gjorde det meste av arbeidet sjølve. Sidan har Inger hatt arbeid på fabrikk og Jarle har vore tilsett ved Stave Bygg i fleire år. No driv han i byggebransjen for seg sjølv.

Adoptivborn:

1. Juan Enrique Leiva Brenes f 1967 i Limon (kom frå San Jose, Costa Rica)
2. Jorge Luis Leiva Brenes f 1976 i San Jose.

Bnr 9 NORDHEIM

Utskilt frå bnr 6 i 1933, skyld 0,25

Ingolf Larssen Kurset (br 2) f 1922

1948 g Svanhild Fosse f 1921, frå Stavanger.

Ingolf fekk dette stykket av bestefar sin, Jakob, og bygde hus på det kring 1950. Han flytte til Oslo i 1957 og selde bruket til Oskar Vestre frå Ålesund, som i sin tur selde det til Hans Olavsens Strand i Straumgjerde. Han brukar det til feriestad.

Ingolf Kurset har ikkje vore gardbrukar. Han er salssjef. (Sjå bnr Kurset.) Huset han bygde kring 1950 var tenkt til bruk som hytte.

Nokre husmenn under Kurset.

Ole, nemnd i tida 1603-1614

Mogens, nemnd 1610-1613

Barn: Oluf, lm med Marie Jetmundsd. Hundeide i 1636. Bot 6 rd. Dei ville gifte seg.

Steffen, nemnd 1612-1615

Tomas, nemnd 1617-1621

Simen, nemnd 1617-1619

Einer Pedersen

1618-1637

Skatta av 1 pd fiskeleige til Elgesæter i 1632. Han var ein utarma mann, og saman med ein annan tok han ei tønne fisk frå Oluf Hundsvær. Oluf fekk att fisken sin, men det vart bot på Einer. «Formedelst hans store armods skyld» slapp han med 2 rd.

Ellend, lm 1623 med «sin egen festemø» Berte Andersd. Kurset.
Gunder, nemnd 1636

I nyare tid under bnr 2:

NYMARKEN eller KARLSPLASS

Karl Gregorius Knutsen Utvik f 1813 i Skodje d 1889
1849 g *Karoline Ågnesd. Erstad* (br 1) f 1823 d 1915
Br 1849-1889

Born: 1. *Andreas Martinus* f 1850, til Midtgård, pl under br 3
2. *Lars Olaus Ingebrigt* f 1853, til Hundeide, Ånes
3. *Peter Andreas Karolus* f 1858, g 1889 *Antonette Kristofa Lauritsd. Olsvik* (1867-1929). *Peter* d 1939
4. *Jens Peter Karolus* f 1862 d 1904 g 1892 *Guri Jensd. Aurdal* (sjå bd) s, 332)

I 1865 fødde dei 1 ku og 4 sauer. Sådde 1 t havre og 1 t poteter. I 1875 fødde dei 1 ku for *Elias Trandal* og hadde sjølve 5 sauer. Sådde ½ t blk, ½ t havre, og ½ t poteter.

Det vert fortalt at når han såg noko som han ikkje syntest var bra, brukte han å seie: «Dei skulde ha sett døkke inni Skøyebygd'ne so hadde dei beligje døkke.» Då han skulle gifte seg hadde han ikkje pengar til presten, og hadde i 1852 ein gjeld på 6 spd. Då fekk presten ta utlegg i løa hans. Heller ikkje seinare greidde han å betale og prestedrengen kom og reiv ned løa. Karl sette då nokre risvegger attåt stova og fekk plass til høyet der.

Etter Karl si tid fekk enkja kår, og sidan gjekk plassen attende til Ner-Kurset.

Kurset.

Bnr 1, 12, 4, 8, 25, 26, 27, 50, 16, 5, 15, 16, 18, 19, 7, 10, 17
2, 13, 24, 23
3, 20, 11, 22, 29 6, 14, 9.

Gnr 51 KURSETGJERDE [Til innhald](#)

Dette gardnamnet er av nyare dato. I eldre tid vart ei eller anna form av Gjerde brukt, nett som ved Nakkegjerde og Riksheimgjerde. 1626: Giere, 1746 Hunnevig-Giærde (SSTb nr 19 s 516), 1791 Giære, 1813 Hundeidviggjære. Om namnetydinga sjå Kurset.

Kursetgjerde grensar i nord til Kurset, i aust til Hovden, i sør til Utgård og i vest til sjøen.

Kursetgjerde hadde seter saman med Myrset, mellom Uggarstølen setra til Utgård) og Kolda. Det vart bygt køyrevæg til setra etter siste verdskrig. Men ikkje lenge etter vart setra nedlagd. Selet er vølt og brukt som hytte. Myrset slutta med setring før Kursetgjerde, så dei siste åra hadde Kursetgjerde setra åleine.

Gjerdsfolket har hatt interesse av å ta vare på gammalt om ætta og garden, og har t.d. enno eit originaldokument frå 1757. Det gjeld ei markegangsforretning i utmarka. Det var Kursetgjerde og Kurset som hadde reist sak mot m.a. Myrset og Hovden.

Dokumentet inneheld mange namn, både personnamn og stadnamn og gir verdfulle opplysningar både om slekt og gardsdrift. Sjølve saka galdt skog og beite.

Vi får vite at Kursetgjerde hadde tjørehjell på ein stad dei kalla Holen, og at dei som mange andre hadde hogt litt furu i Langelia. Dette siste var grunnen til at Myrset og Hovden hadde gått til kontrastemning. Resultatet av denne delen av tvisten vart at Kursetgjerde fekk eigen skogteig i Holen.

Brukaren av Kursetgjerde bad sorenskrivaren og lagrettet å sjå på den buråsa som han og brukarane før han hadde brukt til krøtera, men som Myrset-karane hadde endra på. Kursetgjerde fekk retten med på at buråsa skulle vere slik ho hadde vore frå gammalt av, og at ho ikkje måtte endrast seinare.

Heimeutmark hadde Kursetgjerde for lite av, og det vart vedteke at dei skulle ha beite i lag med Kurset, Svartebekk og Hatlemark. Enno er heimeutmarka på Kurset og Kursetgjerde sameige.

Det som finst av skog ovanfor bøgarden har Kursetgjerde for seg sjølv.

Plassane under Kursetgjerde er tekne av innmark. Dei har ikkje hatt skogteigar, men skulle ha rett til å hogge eit visst antal lass.

I 1896 var der utskifting mellom Kursetgjerde og Utgård (Pantebok nr 4 for Nordre Sunnmøre, s 266-268b), og i 1944 var der ei utskifting i Kursetgjerde der m.a. skogen vart meir storbytt.

EIGARAR

I 1626 vart Kursetgjerde kalla herremannsgods. Det var arvingane etter Jakob og Anne Rosenkrantz som åtte garden då, og det var Rasmus Lauritsen som hadde garden «udi befalling». (Statthaldarark. D IX Adelsjordebøker XVI.) I Bhl pk 69 står det om garden (1635) at Gjerde høyrer

til Anders Hofftnands gods. «Landskylden er forfalden. Bør herefter følge kgl. maj. gods, efterdi ingen arfuinger er fundne.»

I 1646 var Rasmus Larsen sjølv eigar. Han var borgarmeister i Bergen. Året etter fekk arvingane att garden. I 1661 vart garden kalla Rosenkrantzgods att, men same året vart han delt mellom to eigarar, Henning Hansen på Giske og Catrine Hiort og kvar bygsla sitt. Denne to-delinga heldt fram i lang tid.

I 1670-åra var arvingane etter Henning Larsen og etter Peder Nilsen Lem i Bergen eigarar. I 1680 hadde Rosenkrantzane framleis sin halvdel, medan borgundpresten var blitt eigar av den andre halvparten.

I 1680-åra var det Kristen Henningsen som styrde Rosenkrantz-parten. I 1699 var eigarane av dei to partane Zidsele Kaas og Margrete de Fine.

Tollaren Christen Sæd kjøpte Zidsele Kaas sin part i 1707. Han sette denne parten i pant same året og fleire gonger seinare. Han var svært upulær mellom brukarane, og brukaren av Kursetgjerde var mellom dei som klaga på han. I 1732 var Anton Solgård eigar av denne parten. Margrete de Fine sin part åtte Birgitte Ulfeldt i 1719, og i 1720 kjøpte H. Møller den. Birgitte og Amalie Lillienskjold hadde i 1719 lyst odelsrett og pengemangel til denne parten.

I 1746 åtte Christopher Abelset den tidlegare Møller-parten og fru Solgård resten. Nikolai Ulrich kjøpte Solgårdparten på auksjon på Tyskholmen i 1757 for 50 rd. Sorenskrivar Falck åtte denne parten i 1774, mad. Abelset den andre.

I 1780 åtte N. Hagerup heile Kursetgjerde. og i 1791 var brukaren sjølveigar.

MATRIKKELGARDEN

Kursetgjerde var i skatteklasse øydegard, med gammal skyld 1 v fisk. Eldre gnr: Gnr 8 i Hjørundfjord, sidan 155, 112.

Ny skyld i 1838 2 dlr 2 ort 7 skill. og løpenr 343. I siste halvdel av 1800-talet var der to plassar under garden. Hovudbruket fekk då løpenr 343a og plassane 343b og 343c. Revidert skyld for hovudbruket 1890, 3,74, plassane 0,23 og 0,35.

Tienda var i 1606-1620 frå 1 ½ fj til 3 fj. i 1666 3 mæler havre 8 mk ost, i 1675 1 pd 18 mk havre, i 1717 1 t havre 8 mk ost, i 1724 1 t 1 ½ skjeppe havre (= 95 skill.) 12 mk ost (= 12 skill.).

Leidangen: Få 1600-talet for det meste 2 kalveskinn, i 1705 1 ort, i 1717

1 ort 8 skill.

- 1626: 1 mann. Sår 2 t
- 1657 1 mann. Fôrar 1 hest, 7 kyr, 1 okse, 2 geiter
- 1666 1 mann. Sår 2 ½ t havre, avlar 7 ½ t, fôrar 1 hest og 12 kyr.
Brensel til husbruk
- 1714: 1 mann. Sår 2 ((1/3)) t havre, avlar 10 t, fôrar 1 hest, 10 kyr. Lite brennefang
- 1724: 1 mann. Sår 3 t havre, avlar 12 t, Fôrar 1 hest, 6 kyr, 3 ungdyr, 6 sauer, 9 geiter. Litt brennevedskog. Garden ligg ved sjøen, er noko steinet og tungbrukt, men nokså viss til virke»
- 1802: 1 mann. Sår 4 t havre, ¼ t bygg, 7 foll. Fôrar hest og 10 storfe, 16 småfe. 6 arb.folk. Garden verdsett til 160 rd.
- 1845 1 mann. Sår ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. Fôrar 1 hest, 8 kyr, 14 sauer
- 1865 1 mann. Sår ½ t bygg, 2 ½ t blk, 4 t havre, 2 ½ t pot. Fôrar 1 hest, 10 kyr, 12 sauer, 8 geiter. 30 dekar åker og dyrka eng, jordsmonnet er «meget godt, men englandet er meget stenigt» 66 dekar natureng, godt jordsmonn, men fullt av stein. Tungvint å dyrke meir. Mindre god hamnegang, noko tungbrukt
- 1875: 1 mann. Sår 3 t blk, 4 ½ t havre, 4 t poteter. Fôrar 1 hest, 5 kyr, 3 kalvar, 13 sauer og 1 gris. Kårmannen har 3 kyr og 7 sauer. (Plassingane er ikkje tekne med i oppgåvene her og vert nemnde under Brukarar.)

BRUKARAR

Bnr 1

Enkja

Br ca. 1603-1610

Ho la i 1610 1 ½ fj i tiend og 2 kalveskinn i leidang saman med ettermannen

Peder.

Peder Olsen

Br 1610-1654

Vart oftast kalla Peder i Gjerde. Dei fire første åra var enkja brukar i lag med Peder, men det var berre Peder som la korntiend. I 1611 var Peder

saman med Elling Hundevik om å reie ut Størker Olsen Hundevik til krigen. I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei jente: 1 ort. Anders Gjerde, som vart utreidd til Kalmarkrigen, var truleg bror til Peder, og enkja nemnd ovanfor var nok mor deira. (Bhl pk 12.). Sonen Ole Pedersen f ca. 1624 g Hundeide br 1.

Ole Ingebrigtsen f ca. 1616

Br 1654-1683

Barn: Ingebrigt f ca. 1682. Han tente som ung gut på Sætre, og hos Peder Jenssen Frøyland, son til hjørundfjordpresten. Bygsla bruk på Tryset i 1706, men vart sidan husmann på Indre Årsnes.

Ole la 3 ort i krøterskatt i 1657. I 1662 vart han dømd fordi han ikkje ville skyssse «fogdens tjenerne». Same året kom han og Iver Hovden i slagsmål «på deres kirkevei» og bøtte med til saman 10 ½ rd.

Knut Olsen f ca. 1647

(etter manntalet i 1701: 54 år då)

Br 1684-1710

Han kan vere son til Ole Ingebrigtsen, men er ikkje funnen nemnd som det.

Born: 1. Knut. Bygsla br i Nordang i 1730

2. Ole f ca. 1692

3. Martha dp 1698 i Borgund

4. Synneve dp 1702 i Borgund

Han var ein av underskrivarane på ei klage til kongen i 1704. Klaga galdt Utgiftene til «soldaterhold» 2. «Servis» til offiserane 3. Avgiftene til ombudsmennene og 4. Forbodet mot å kjøpe korn frå kornskuter.

Torstein Knutsen Midtgård f 1687 d 1764

g Kari Pedersd. Nordang f ca. 1676 d 1762

Br 1710-1746

Born: 1. Ole f 1712 d 1758, g ek. Eli Nilsd. Veibust d 1765, 58 år.

Br. Knutg. Veibust. Sonen Anders vart rik ved å finne ein skatt, fortel tradisjonen

2. Knut f 1715 (dp i Borgund), g p br

3. Peder f ca. 1717, g til Hundeide (Nedste)

4. Jetmund f ca. 1720, g til br B Midtgård (Toreg.)

Festesetel 8/1 1710 frå Ole Larsen Abelset, ny festesetel 1720 frå Nicolai Ulrich. I 1711 hadde Torstein ein dreng med årsløn 1 rd, og ei jente med årsløn 4 ort 8 skill.

517

Torstein var medhjelpar. Han var mykje brukt som takstmann.

I protokollane i Bispearkivet i SB med «Indberetninger» frå prestane er der ein rubrikk for «Usædvanlige og remarquable ting». Der står i 1762 om Kari Pedersd.: «Quinde 86 aar gammel som havde levet 54 aar i ægteskab med sin etterlevende mand.» Ho var dotter til Peder Bårdsen Nordang f Øye og kone Brit Jetmundsd. Nordang. Ho hadde 3 systre. Av dei vart to gifte med hundeidvikarar: Brit g Ingebrigt Jakobs. Utgård og Anne g Sjur Jørgensen Veibust f Kurset.

Knut Torsteinsen Kursetgjerde f 1715 d 1788

1747 g Anna Arnesd. Hundeide (br 2) f ca. 1719 d 1798

Br 1746-1774, enkja til 1780

Born: 1. Johanne f 1750, g Ole Monssen Hundeide, (br 1)

2. Berte f 1754, g p br

Knut bygsla 2 mællag 23/5 1746 av fru Solgård og 2 mællag 14/6 1746 av Christopher Abelset. Knut var mykje nytta som formyndar.

Jakob Jakobsen Stave (br 1) f 1757 d 1806

1781 g Berte Knutsd. Kursetgjerde f 1754 d 1806

Br 1780-1801

Born: 1. Jakob f 1782 d 16 veker

2. Knut f 1783, g p br

3. Torstein f 1786 .d 1809, g til Ytre Tandstad. Bd II s 240

4. Jakob Bernt f ca. 1788, g 1813 Olave Knutsd. Stette. Han flytte til Stette, d 1865

5. Hans Elias f 1792, g til Midtgård (Toreg.)

6. Berte f 1796, g 1827 Ole Pedersen Stette (1795-1850)

I militære rullar står det at Jakob var «dygtig i nødsfall». Men han var dyktig» nok til å skyte bjørn. Det gjorde han i 1780 og 1799 i Megardsmarka. Han fekk skøyte på garden 16/12 1780 frå N. Hagerup for 95 rd.

Han var mykje nytta som formyndar og lagverje. Han var medhjelpar frå 1784. Han handla med bondevarer, er nemnd som bygdehandlar (NSSTb nr 1 s. 229, då hadde han vore død i 4 år, men det er sikkert han, Jakob, og han var for ung då til å vere kjend som handlar). Jakob døydde 17. april 1806 og kona 4. mai. Skifte etter begge 2. juni 1806 og auksjon 13. juni.

Ved sk. var brutto ca. 535 rd og netto ca. 461 rd. På auksjonen vart det selt for ca. 434 rd. m.a. 1 sølvskei 1 rd, 1 sølvskei med langt blad og flatt skaft merkt I J S S O 8, 1 liten sølvtomliug, massingstake, tinnfat, tinn-

tallerk, 2 koparkjeler, laksegarn, storfæring og færing, 1 gulblakk merr, 13 sauer, 1 gris, 12 kyr (mellom dei Spongrei, Dagrei, Skautrei, Lukros, Skjenkros, Dugrei, Rosendahl, Kindkolle og Nyttårgave). (Auksjonsprot. nr 3 1792-1809.)

Knut Jakobsen Kursetgjerde f 1783 d 1830

1806 g 1. Anne Kolbeinsd. Standal f ca. 1783 d 1807

1808 g 2. Tyri Hansd. Straumsheim (br 2) f 1777 d 1839, 62 ½ år

Br 1801-1830

Born: 1. Jakob Andreas f 1810, g p br

2. Hans Karl Fredrik f 1811, g til Hatlemark br 2

3. Berte Ingeborg f 1814 d 1815

4. Torstein Olaus Britannus f 1817 d 1901, g Lisa Widerøe frå Ålesund. Var skulehaldar i mange år. Skrivarfullmektig hos Rasmus Blakstad. Handelsborgar i Ålesund frå 1846. Dreiv han del på Aure 1871-1874. Betalte 10 spd i avgift for ølhandel. Skreiv seg for T. O. B. Knudsen. Særs god handskrift. Skreiv nekrolog på vers då Målar-Ola døydde (Ole Christiansen Gjævenes).

Knut Jakobsen må ha vore ein av dei fremste menn i bygda. Han var med krigen mot svenskane. Var ein av underskrivarane av planen for bygde-magasin, og vart seinare magasinforvaltar. Han var flink gardbrukar, smed og båtbyggjar. Smia stod like ovanfor der den øvre vegen kom seinare. Han hadde eige hus til å byggje båtar i. Hadde skøyte på bruket frå 2/10 1801. Hadde avtale med førstekona om at den lengstlevande skulle sitje i uskift bu mot å betale arvingane etter den døde 40 rd.

Jakob Knutsen Kursetgjerde f 1810 d 1889

1833 g Berte Kristine Hansd. Straumgjerde f 1816 d 1890

Br 1836-1858

Born: 1. Knut. Jens Rasmus f 1836, g p br

2. Hans Karl Andreas f 1838, g 1864 Emte Torsteinsd. Svartebekk.
. Plassemann under Kursetgjerde br 4

3. Petter Tomas f 1842, d 15 dg

4. Olave Tomasine Marie f 1846. Hadde barn: Jensine Petrine f 1872 (far: Bernt Knuts. Vik). Jensine g Rypdal, bustad Ålesund. Hansine Karoline f 1874 (far: Peter Trulsen Eidem). Hansine g Myrhol, bustad Ålesund.

Jakob skreiv seg snart for Gjerde, snart for Kursetgjerde. Fekk skøyte på bruket av syskena sine 17/10 1836. La eid til konstitusjonen i 1836.

Jakob skilde seg ut både frå forfedre og etterkomarar. Både faren og bestefaren hadde vore mellom dei fremste menn i bygda. Jakob hadde vanskeleg for å halde orden på økonomien og vart stadig stemnd for forlikskommisjonen. Mange av sakene gjekk òg til retten. Snart var det gjeld til kjøpmenn i Ålesund, snart var det auksjonsgjeld, eller han stod til rest med tenesteløner eller skattar.

I 1845 stemnde Oline, kona til Gullik Jellereite, Jakob for forlikskommisjonen for resterande tenarløn: 12 alen vadmel, skor og pengeløn på ca. 1 ½ års teneste. Jakob møtte ikkje og saka gjekk til retten. I 1848 ville Jakob ha takst på garden, som han ville låne pengar på. Johannes Johnsen Hundeide og Joakim Pedersen Utgård var takstmenn.

Dei fann at der på garden kunne fødest 1 eller 2 hestar, 13 storfe og 20 småfe, og avlast 30 t korn og 12 t poteter. Når husa ikkje var rekna med, vart garden med ein plass taksert til 300 spd. Der var ikkje hefte på eigedom, siste kårtaakar. Tyri Hansd. var død. (Ekstraretsprot. nr 2 1844-1850.)

No gav Jakob broren, T. O. B. Knudsen i Ålesund, fullmakt til å søkje om lån med pant i garden, og til å betale lånesummen til kreditorar, m.a. Størkersen Utgård.

Men Jakob sine pengevanskar var det ikkje slutt på. Både i 1850 og 1851 var der eksekusjonsforretningar hos han ved prokurator Sanne i Ålesund.

Knut Jakobsen Kursetgjerde f 1836 d 1899

1856 g Juliane Tomasine Amundsd. Aurdal f 1833 d 1888

Br 1858-1898

Born: 1. Berte Jensine f 1861, g Mons Olsen. Sjå bnr 2, plass under Kursetgjerde, og Hatlemark

2. Jakob Andreas f 1865, g p br

3. Anne Olave Karoline f 1869

Knut Jakobsen fekk skøyte frå faren for 300 spd. Kår til foreldra. Knut var første kasserar i Hundeidviks Misjonsforening.

Matr.førebuingarbeidet i 1860-åra har desse opplysningane om sånad og krøterhald på bruket: Sår 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. - 1 hest, 10 storfe, 18 småfe. Avlingane var 12 t blk, 18 t havre, 18 t pot. Sånad 1875: 3 t blk, 4 ½ t havre, 4 t poteter; 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr, 13 sauer.

Jakob Knutsen Kursetgjerde f 1865 d 1943

1898 g Olave Fredrikke Eline Pettersd. Myrset (br 2) (1867-1935)

Br 1898-1929

Born: 1. Knut f 1900, g p br
2. Anne Johanne f 1901 d
3. Margit Petra f 1901 (tvill.)
4. Jenny Kristine f 1903
5. Jakobia f 1905, d 1979
6. Karoline Fredrikke f 1907, kokke, d 1961
7. Helene Josefine f 1907 (tvill.) d 1908 1 ½ år
8. Petter Bastian f 1913. g 1944 Anne Eidså. Bustad Vik.

Knut Jakobsen Kursetgjerde f 1900
1929 g Bertha Mathea Tomasd. Utgård (br 1) f 1903
Br 1929-1974

Born: 1. Jakob Olav f 1930, g p br
2. Tomas Petter f 1931
3. Olaug Kirsten f 1933

Knut hadde fiske som hovudyrke før han tok over garden, og var sidan lenge både fiskar og gardbrukar. Medan faren var heller liten av vekst, var Knut ein stor, sterk og staseleg kar. Bygde nytt våningshus.

Jakob Knutsen Kursetgjerde f 1930
1956 g Solveig Bjarnesd. Rotnes f 1932 på Vigra
Br 1974-

Born: 1. Knut Birger f 1956
. 2. Ivar Bjarne f 1959
. 3. Sølvi Janne f 1966

Bnr 2 YTRESTRAND

Steinar Halvorsen Foldalen f ca. 1823 i Ørsta d 1904
g ca. 1846 Berte Eline Eliasd. Bjørdal f 1825 i Ørsta d 1899
Br 1850-1896

Born: 1. Ingeborg Oline f 1847 i Bjørdal, sjå Kurset br 16
2. Elias Karolus f 1852, g til Grønhaug, Hovden

Steinar fekk festesetel i 1850 frå Jakob Knutsen Gjerde. Plassen var av utmark og Steinar rudde den. Bygde stovehus og løe. Dreiv fiske som attåtnæring. Plassen hadde i 1860-åra 5 dekar åker og dyrka eng og 4 dekar natureng, alt av «middelmådig» kvalitet. På plassen fødde dei i 1865 2 kyr og 4 sauer og sådde ½ t blk, ½ t havre og 1 t poteter. I 1875 hadde han 1 ku og 4 sauer og i tillegg 2 kyr som Endre Nordang åtte. Sådde 1 t blk og 1 ½ t poteter.

Peder Eliassen Bjørdal kjøpte plassen i 1852, men Knut Jakobsen Kursetgjerde kjøpte att plassen i 1858 som faren hadde selt.

Steinar og kona fekk kår frå Jakob Knutsen Kursetgjerde 1/2 1896.

Mons Olsen Flesland f 1845 i Fana d 1909

1899 g Berte Jensine Knutsd. Kursetgjerde (br 1) f 1861 d 1912

Br 1899-1903

Barn: Kristian f 1906 d 1912

Berte Jensine var 4. kona hans. Mons vart rekna for å vere ein dugande notbas, men han var ikkje heldig på sjøen etter at han kom til Hundeidvik. Plassen vart seld på tvangsauksjon i 1902.

Mons og kona budde ei tid på Bernplassen på Kurset, så ei tid i Hatlemark der Mons døydde. Kona og sonen flytte då til Toreplassen på Kurset der dei fekk bu med stønad frå kommunen. Eigar var Kristiane P. Kurset.

Den 29. september 1912 brann huset ned og både Berte Jensine og sonen Kristian brann inne. (Sm.Fbl. 30/9 1912.)

Knut Jenssen Hovden (br 4) f 1874 d 1927

1899 g Karen Olsd. Kursetgjerde f 1879 d 1972

Br 1903-1927

Etter 5 år i Minnesota frå 1893 (utvs nr 617) kom Knut heimatt, gifte seg og kjøpte Ytrestrand. Han brukte det namnet sidan.

Knut før mykje rundt og slakta for folk og var nok mest kjend som slaktar. Dreiv elles heimesjøen og var særleg ein dugande kveitefiskar. Han bygde om og utvida lòa.

Enkja Karen dreiv plassen til 1937. Det året gifte Anna seg, systerdotter til Karen som hadde budd hos Knut og Karen frå ho var 10 år. Anna og mannen fekk ta over plassen.

Jakob Pettersen Utgård f 1904 (frå br 8 Stormyr) d 1967

1937 g Anna Emma Larsd. Utgård br 4 f 1911

Br 1937-1967

Born: 1. Karin Magnhild f 1938, g p pl

2. Petter Arne f 1944, økonomisk gymnas, kontormann ved Ekor-nes Fabrikker, g 1965 Solfrid Stokkbak f 1944 i Hommelvik. Bur Sætre br 116

Jakob dreiv sjøen til 1946 då han vart fabrikkarbeidar ved den nystarta møbelfabrikken Formfin A/S. Bygde om og utvida stovehuset i 1952.

Jon Karsten Holen f 1938 i Sande

1960 g Karin Magnhild Jakobsd. Utgård f 1938

Br 1967-

Born: 1. Lindis Irene f 1960

. 2. Rolf Jarle f 1965

3. Jermund Kyrre f 1967

4. Kari Janne f 1969

Holen har rydda mykje stein frå plassen. Er elles fabrikkarbeidar. Karin har handelsskule.

Bnr 3 HAGEPLASS

Sivert Andreas Jenssen Straumgjerde f 1808 d 1847

1838 g Eline Marie Iversd. Tandstad f 1811 d 1894

Br 1838-1847

Born: 1. Peter Bastian f 1836 d 1934, g 1. Laurentse Ingebrigtsd. Aure,

g 2. Eline Ellingsd. Straumgjerde. Bustad Blindheim

2. Jens Elias Tomas f 1839, 1870 g Karen Marie Sivertsd. Nørve f ca. 1845. Bøkker i Ålesund

3. Anna Dorthea f 1842 d 1929, g 1887 em. Knut Pedersen Klokkehaug f 1826 d 1910. Bd II s 35

4. Johanne Severine f 1846, g 1876 Martinus Pedersen Sjong f 1834. Budde i Ålesund.

Enkja gifte seg att i 1848 med

Før ekteskapet hadde Sivert Andreas dottera Hansine Oline (1837 – 1924), mor Olave Hansd. Tjønes f 1812.

Peter Ingebrigt Larssen Fet f 1821 d 1890

Han var fødd utanom ekteskap. Foreldra var Lars Jakobsen Fet og Laurentse Ingebrigtsd. Fet.

Br 1848-1877

Born: 1. Lovise Severine f 1850, 1881 g em. Iver Klaussen Utgård f Eidem 1831

2. Johanne Marie f 1854, g p br

Peter Larssen fekk auksjonsskøyte på plassen 22/5 1854. Nokre veker etter selde han plassen til Johannes Nilssen Fet for 48 spd. Johannes selde Plassen i 1856 til Knut Jakobsen Kursetgjerde på hovudbruket. Av Knut fekk Peter Larssen bygselsetel 29/3 1856.

I 1865 sådde dei $\frac{3}{4}$ t blk, $\frac{3}{4}$ t havre og 1 t poteter, og fødde 2 kyr og 9 sauer.

Plassen hadde i 1860-åra 8 dekar åker og dyrka eng og 6 dekar natur-eng, alt av «middelmådig» kvalitet. Det var framlegg om å auke skylda frå 15 skill. til 1 ort. Matrikkelførebuingsarbeidet om buskap og sånad: 3 storfe, 7 småfe, $\frac{1}{2}$ t blk, 1 t havre, 1 t poteter.

I folketeljinga i 1875 vart plassen kalla Indrestrand. Då var sånaden $\frac{1}{2}$ t blk, 5 t havre og 1 t poteter, og buskapen 3 kyr. 7 sauer, 2 geiter og 1 gris.

Peter og kona fekk kår i 1877. Ein søndag i 1890 då Peter hadde tenkt seg til kyrkje, fekk han eit kjøtbein i vrangstrupen og vart kvalt.

Ole Petersen Hovden (br 1) f 1850 d 1942

1877 g Johanne Marie Petersd. Kursetgjerde f 1854 d 1946

Br 1877-

Born: 1. Karen Eline f 1879 g Knut Ytrestrand, bnr 2 Kursetgjerde

2. Petrine Karoline f 1882. Utvs nr 699. Budde i Langevåg før ho utvandra, g Daniel Moldvær

3. Inga Lovise Severine f 1885 d 1965, g Lars P. Utgård frå Lerskog. br 7 f 1885 d 1958. Bnr 4

4. Anna Lovise f 1887, g 1908 Adolf Anderssen Raknes f 1885, bustad Langevåg

5. Jensine Karoline f 1890, utvs nr 697, g Toft

6. Josefina Karoline f 1893, g Knut K. Tusvik br 4

7. Adina (Dina) Jensine f 1896, utvs nr 696, g Sigvald Olsen, murar i Seattle.

Bnr 11 BERGHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1971, skyld 1 øre.

Lillebil Utgård Fløde

Ho og mannen bur i Ålesund og bygde hytte på denne tomta kring 1975.

Ho er dotter til Joakim Utgård frå bnr 3.

Bnr 17 STRANDTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1975, skyld 1 øre

Amali Utgård f 1953

Ho er dotter til Peder Utgård frå bnr 3, er barnepleierske på Fylkes-sykehuset på Åse. Ho har ikkje bygt på tomta enno.

Bnr 4 GJERDSHAGEN

Hans Karl Andreas Jakobsen Kursetgjerde f 1838 d 1917

1864 g Emte Marie Torsteinsd. Svartebekk f 1841 d 1900

Br 1864-1914

Born: 1. Berte Tomasine Marie f 1865, g Iver Tomassen Blakstad, bustad Gjerdshagen og Svartebekk (sjå br 2)

2. Johanne Marie Eline f 1868, g Jakobsen frå Tønsberg

3. Emte Lovise Karoline f 1871, g 1. Trandal, g 2. 1921 Johan Larssen Furnes, Borgund. Dei budde sidan i Mauseidvågen. Ho d 1939
4. Karl Johan Tomas f 1874, Utns nr 694. Budde sidan i Langevåg, arb. ved fabrikk
5. Hansine Kanutte Birgitte f 1877, utvs nr 692
6. Hans Ludvik Kristoffer f 1880 d 1884
7. Hans Peter Martinus f 1884, utvs nr 693

Gjerds-Karl sådde i 1865 ½ t havre og fødte ei ku og 2 sauer. I 1875 sådde han ½ t blk, ½ t havre og 2 t poteter. Sjølv hadde han 3 sauer og 4 geiter, fødte ei ku for Ole Nordang og ei ku og ein sau for Jens Utgård.

I 1902 kravde Sykkylven Sparebank tvangsauksjon over denne plassen, saman med Kursetgjerde bnr 2 og halve bnr 3. Knut Jenssen Ytrestrand fekk tilslaget på alle tre under eitt for 2850 kr. Eigar var Berte Jensine Knutsd. Kursetgjerde, og det var nok mannen hennar, notbasen Mons Olsen, som hadde sett det heile over styr.

Karl Jakobsen sine hus var ikkje med i handelen, og desse sette Karl pant i 1909. Sonen, Hans Carlson i Seattle, fekk kjøpe bruket av Knut Ytrestrand i 1912 og selde det i 1914 til

Lars Andreas Petersen Utgård (br 7) f 1885 d 1958

1906 g Inga Lovise Olsd. Kursetgjerde br 3 f 1885 d 1965

Br 1914-1958

Born: 1. Palma Hansine f 1906, g Kristian Tomassen Utgård frå bnr 1.

Sjå Utgård, bnr 20

2. Olga Johanne f 1909 d 1928
3. Anna Emma f 1911 g Jakob Pettersen Utgård (Stormyr). Sjå bnr 2 Ytrestrand
4. Lina Petra f 1913, sjå bnr 10
5. Lars Ingvald f 1914, bustad Aure. Sjå bd I s 458
6. Martin Alfred f 1916 d 1928
7. Lovise Amanda f 1917, g 1946 Olav K. Alnes f 1922, fiskar
8. Erling Petter f 1919. Sjå bnr 10
9. Oddlaug f 1921 d 1938
10. Inga Laura f 1926, sjå bnr 10

Lars bygde løe i 1917.

Etter at Inga og Lars døyde gjekk bruket over til sonen Lars som bur på Aure. Han skriv seg for Hagen. No er det son hans, Oddvar Hagen som eig stykket. Han bur på Fauske.

Bnr 10 SOLHAUG

Utskilt frå bnr 4 i 1969. skyld 2 øre

Erling Petter Larssen Utgård f 1919

Han er fabrikkarbeidar ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1969. Systrene Lina og Inga er medeigarar og bur i huset i lag med Erling.

Bnr 6 NYGJERDET

Utskilt frå bnr 1 i 1945, skyld 17 øre

Petter Jakobsen Kursetgjerde f 1913

Petter fekk dette stykket etter foreldra sine og har berre bygt naust. Han er fabrikkarbeidar og bur på Vik. Sjå bd 2 s 102.

Bnr 9 KNUTSTOVA

Utskilt frå bnr 6 i 1957

Frida og Knut Myrseth

Han har budd i Ålesund og har brukt dette som feriestad. Kunstmålar.

Bnr 7 NYTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1945, skyld 0,60

Jakobia Jakobsd. Kursetgjerde f 1905 d 1979

Bnr 8 SOLVANG

Utskilt frå bnr 1 i 1956, skyld 19 øre

Tomas Petter Knutsen Kursetgjerde (br 1) f 1931

1953 g Gerd Lein f 1952 i Flatanger

Born: 1. Bjørg Kirsten f 1954, g Jostein Bueide, sjå bnr 15

2. Eli Anne f 1956

3. Kjell f 1961

4. Torgunn f 1967

Tomas bygde i 1956 bustadhus som han utvida i 1972.

Bygde løe i 1964. Han har vore fiskar og fabrikkarbeidar.

Bnr 12 STRANDHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1972, skyld 1 øre

Ivar Jakobsen Kursetgjerde f 1959.

Bnr 13 LUNEBO

Utskilt frå bnr 1 i 1972, skyld 1 øre
Torgunn Tomasd. Kursetgjerde f 1967.

Bnr 14 SOLBERGET

Utskilt frå bnr 1 i 1972
Sølvi Jakobsd. Kursetgjerde f 1966.

Bnr 15 SKOGLY

Utskilt frå bnr 1 i 1972, skyld 1 øre
Jostein Magnesen Bueide f 1951 i Sykkylven
1972 g Bjørg Kirsten Tomasd. Kursetgjerde f 1954
Born: 1. Siver f 1972
. 2. Erna f 1976
Bygde hus i 1975. Fabrikkarbeidar.

Bnr 16 HASSELLUNDEN

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 1 øre.
Eli Tomasd. Kursetgjerde f 1956.

Husmenn under Kursetgjerde i eldre tid.

Rasmus og Oluf, begge nemnde i 1603.

Peder nemnd 1609-1614. Er kanskje den same som vart brukar av Kursetgjerde i 1614.

Ole nemnd i 1621.

Ingebrigt Paulsen Utgård
nemnd som husmann i Kursetgjerde i 1801. Var før brukar i Utgård.

Ingebrigt Jetmundsen, d 1805, 60 år
Er truleg identisk med Ingebrigt f 1742, son til Jetmund Ingebrigtsen Geithammer i Borgund.
Kursetgjerde. Bnr 1,2, 3, 5, 11, 17, 4, 10, 6, 9, 7, 8, 12, 13, 14, 15, 16.

Av eldre skrivemåtar av gardnamnet kan nemnast Hoffue (1603, 1611, 1624), Houffde 1614, Hoffuedenn 1621, Hofden 1723.

Daglegtalet har Høvd`ne som tilstadsnemning og Høvdå som påstadsnemning. Namnet kjem av eit gn. ord som Rygh gir att som «en frempringende større Fjeldpynt». Dette vil lokalkjende synest er dårleg skildring av Hovden og Hovdeåsen. Men garden ligg 189 m over havet i den bratte Hovdeåsen som er 369 m høg.

Frå garden er der ei herleg utsikt over grenda, fjorden og fjella.

Hovden grensar i nordaust mot Hatlemark på andre sida av Hovdeåsen. Eit par plassar under Hovden ligg aust for hovudtuna. Begge plassane var på Grønhaugen, og nedanfor dei ligg Myrset. I vest grensar Hovden til utmarka til Myrset og Kursetgjerde.

På Hovdeåsen var ein av dei gamle vardane. Enno er der merke etter det gamle vakthuset.

Skogteigar har Hovden i Langelia på nordsida av Storeidet, eit eid mellom Hundeidvik og Tusvikbygda. Garden har tømmer til husbygging og har òg hatt noko å selje.

Fremst i Langelia har Hovden hatt seter. Stølen ligg 4 km frå garden. Setra vart nedlagd i 1926. men sela har dei halde ved like og brukar dei til hytte. Vegen dit vart bygd i 1946 først og fremst med tanke på skogteigane. Før var der berre ei rås som kunne køyrast om vinteren når myrane var frosne.

På setra hadde dei slåttestykke som dei slo til ca. 1920. Torvstykket hadde Hovden litt framanfor Sykkylvsbrua og dei spadde ein god del torv der.

I utmarka låg Hovden teig om teig med Myrset. Ved utskiftinga i 1944 fekk Hovden utmarka si for seg sjølv, med ein teig til kvart bruk. Og det er slutt med samarbeidet med Myrset.

I 1837 vart det gjort opptak til ei minneleg utskifting av åker og bømark som før hadde lege i småbytt teigbyte. Til å hjelpe seg med denne utskiftinga valde dei to brukarane Martinus Pedersen Dravlaus og Klaus Amundsen Hole. Den 7. oktober 1839 var utskiftinga ferdig.

Då fekk dei to bruka enga og åkerlandet sitt i to stykke kvar. Mange stadnamn som no for det meste er gløynde finn ein i dette dokumentet: Buråget, Stabburskiftet, Teineledet, Søgårdsledet, Jelleskiftet, Storsagskiftet og Nybrotmuren.

I ei seinare utskifting har bruk nr. 2 fått sitt i eitt stykke. I eldre tid stod husa til bnr 2 jamsides med husa på bnr 1. Alle husa stod heilt opp til

Hovden.

utmarka, og dei hadde ei geil frå tunet til utmarka. Seinare flytte bnr 2 husa sine litt lenger ned og aust, og då bygde dei sommarfjøs framanfor Grønhaugen.

Kvern hadde Hovden i Svartebekkelva nær Hjellbakken, og hadde den saman med Hjellbakk og eit av Hatlemark-bruka.

I eldre tid hadde Hovden ein skråveg som dei køyrde med slepeslede ned gjennom Myrsetmarka og ned til vegskiftet i Utgård. Som nemnt under Kurset vart det vedteke i kommunestyret i 1883 at Hovdevegen ikkje skulle vere med i det offentlege vegnettet. Det hende først i 1906. No er der bilveg til Hovden frå hovudvegen over Storeidet, og den har berre slak stigning.

Før Hovden fekk oljemotor kring 1910 som drivkraft til trusking brukte bnr 1 ein liten pigmaskin som vart driven med handkraft, medan bnr 2 hadde eit vasshjul nedanfor løa.

EIGARAR

I 1626 åtte Jakob Rosenkrantz det meste av Hovden. Hjørundfjordkyrkja åtte ½ mællag. 10 år seinare vart det opplyst at eigaren var Anders Hoffmand, men at han var død og at landskyld av garden «herefter bør følge

kongelige majestets gods efterdi ingen arvinger er funden efter ham».

I 1646 er borgarmeister i Bergen Rasmus Larsen eigar og bygslar og deretter arvingane hans. I 1661 vart Hovden igjen kalla Rosenkrantzgods, likeeins i 1680, medan Hjørundfjordkyrkja stadig hadde sitt ½ mællag.

I 1683 er Hans Wilchersen i Bergen nemnd som eigar av Hovden, men har nok like etter selt det meste til presten Christopher Hiermann i Borgund, som same året vart skriven for 1 v 6 mk i Hovden. I 1695 hadde Nils Pedersen Assens kjøpt bnr 2, men i 1700 åtte Anders Danielsen i Finnmark heile Hovden. I 1704 åtte Assens igjen jord i Hovden, men då var det bnr 1.

I 1709 fekk sorenskrivar Henning Tygesen Castberg skøyte på 1 v 2 pd 6 mk i Hovden frå lagmann i Nils Knag, som selde på vegne av Anders Danielsen i Finnmark. I 1732 var madam Castberg eigar av Hovden. I 1740-åra åtte Elias Nordhus 3 ½ mællag, og enkja, Maren, åtte 2 mællag i 1752. Prost Nerem i Hjørundfjord åtte 3 ½ mællag i Hovden i 1768. I 1790-åra var der to eigarar, Hans Brandal og Claus Frimann. Etter århundreskiftet åtte sistnemnde heile garden, og etter han Peder Harboe Frimann. Ved sk. etter han i 1846 vart Henninge Tonning eigar. Ho g proprietær Knopf, som ved prokurator Sanne selde bnr 1 til brukaren. Bnr 2 var også Frimanngods. Sjå Jørgen Larssen og Knut Hanssen Hovden.

MATRIKKELGARDEN

Som hjørundfjordgard hadde Hovden gnr 7, sidan 154 og 113. Hørde først til skatteklasse øydegard, men vart i 1667 førd under halve gardar. Det året vart skylda sett opp frå 1 ½ v til 1 ½ v 18 mk. Dette vart sidan oftast skrive 1 v 2 pd 6 mk. Den nye skylda vart 2 skylddlr 6 mk på kvart bruk. No fekk bruka løpenr. 344 og 345. Rev. skyld 1890 M 3,30 på kvart bruk.

Tienda var i 1666 2 t havre 1 pd ost, i 1717 2 t havre 20 mk ost eller 30 skill.

Leidangen var i 1603 og utover 3 kalveskinn, i 1666 1 geiteskinn, og i 1714 2 ort 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603 2 mann.

1626 2 mann. Sår 5 t havre

1657 2 mann. Krøter: 2 hestar, 16 kyr

1661 2 mann. «Gold jord til åger og eng. Brendevedskog»

1666 3 mann. Sår 6 t havre, avlar 20 t, kan fø 18 kyr og 2 hestar. Ringt
. brennefang

1694 3 mann.

1717 2 mann. Sår 6 t havre, avlar 20 t. kan fø 16 kyr og 2 hestar.

Ei lita . kvern «på Hundevigs grund»

1724: 2 mann. Sår 6 t havre, avlar 24 t, kan fø 2 hestar, 6 kyr, 7 ungdyr,
. 8 sauer, 9 geiter. «Brændevedskog til fornødenhed, en liden sæter ½ mil frå gården, en liden kvern på fremmed grund af ringe verdi. Ligger noget op fra Søen, noget tungvunden og temmelig vis til korn. Graver rødder til tjærevirke»

1802: 2 mann. Sår 6 t havre, 1 t bygg, 6 foll. Fôrar 2 hestar, 14 kyr, 40 småfe. Nok skog til brenneved, dårleg beite. Kvart bruk verdsett til 140 rd

1845: 2 mann. Sår ½ t bygg, 4 t blk, 8 t havre, 3 t pot. Fôrar 2 hestar, 12 kyr, 24 sauer, 2 svin

1865: 2 mann. Sår 5 t blk, 7 t havre, 4 t poteter. Fôrar 2 hestar, 15 kyr, 24 sauer, 12 geiter. Matr.arb. i 1860-åra: 2 hestar, 21 storfe, 42 småfe. 5 ½ t blk, 7 ½ t havre, 4 t poteter.

1875: 2 mann. Sår 5 ½ t blk, 9 t havre, 6 t poteter. Fôrar 1 hest, 2 føl, 10 kyr, 8 kalvar, 24 sauer, 4 svin.

BRUKARAR

Bnr 1 LARSGARDEN (URKEGARDEN)

Nils

Br 15 . .-1603

Enkja Marit

Br 1603-1614

I lag med Peder Kurset reidde ho ut Anders Olsen Gjerde til krigen 1611.

Ho la i 1603 2 ½ fj i tiend, i 1610 1 ½ fj.

Knut Bendiksen d 1632

Br 1614-1632, enkja til 1633

Laurits Sætre skatta av 2 mællags odelsgoods i Hovden i 1619, men det er ukjent kva bruk det var av, eller om det var ein ideell part. I 1620 betalte Knut 3. års bygsel av 2 ½ mællag med 1 ort 6 skill. Vart i 1620 stemnd av lensmannen for eitt eller anna, men møtte ikkje, fekk ½ rd i bot.

Kva gale Knut gjorde, eller om han i det heile gjorde noko gale etter vår tids normer, er ukjent. Men i 1632 vart han dømd til å brennast på bålet «for adskillig signen og månen og anden spøgeri».

Av det han lét etter seg er nemnt: 1 gammal hest 2 rd, 6 kyr, 4 kalvar, 10 geiter, 12 t grøn havre.

Han hadde noko gjeld, m.a. kravde futen betaling «for hans fortæring i fogedgården i 10 uger 7 ½ rd, og 4 rd som er udlagde til scharpretteren». Då gjelden var betalt var der att 3 rd 1 ort 4 skill., og det fekk kongen.

Iver Iversen f ca. 1596 (?)

Br 1633-ca. 1664 (heile bnr 1)

Br ca. 1664-1778 (halve bnr 1, bnr 1 a)

For alt ein veit kan dei ha vore to Iver Iversen i denne brukstida. Men mest truleg var det berre ein, og at han var fødd fleire år etter 1600. Fødselsåret oppgitt her er etter aldersoppgåve frå 1666 (presten sitt manntal). Same kjelde har ei brukaroppgåve som òg skil seg ut frå oppgåvene for åra både før og etter. Der er førde tre menn som brukte 2 mællag kvar i 1666, medan kjeldene både for 1665 og 1667 har to bruk på 3 mællag. I 1658 fekk Iver 3 mk sølv i bot då han ikkje ville skyssse presten. I 1660 var det futen på tingferd han ikkje ville skyssse. Bot 2 mk sølv. I 1661 slost han med Ole Kursetgjerdje «på deres kirkevei», og i 1662 fór dei to Hovdekarane hardt fram mot husmannen Erik Myrset som dei «stødte hit og dit».

Iver var gift og hadde tenestjente i 1645. I 1657 betalte han 5 slettmark i krøterskatt for 1 hest, 1 okse, 8 kyr.

Som ein ser vart bnr 1 delt ca. 1664, og vi kallar dei to halve bruka for bruk 1 a og 1 b, kvar halve på 1 ½ mællag til 1667, deretter fekk kvar av desse gardpartane eit tillegg i skylda på 4 ½ mk. I 1675 brukte Iver 3 mællag i lag med ei enkje, og dei to la 2 mæler i tiend det året.

Neste brukar på bruk 1 a var

Jakob Arnesen

Br 1678-ca. 1697

Jakob hadde ei syster, Maritte Arnesd. Fauske. Då han døydde ca. 1697 vart det halde skifte etter han, og det var det nokre hundeidvikarar og ein velledaling som ordna med. Maritte melde dei, og dei vart dømde til å «skaffe Maritte hendes rett».

Etter at Jakob var død, vart dei to gardpartane 1 a og 1 b slegne saman att, men nokre år framleis med to brukarar. Det var brørne Kolbein og Ebbe Ebbesen. Både i 1699 og i 1705 vart dei begge nemnde som brukar, men oftast vart Kolbein nemnd åleine.

Bnr 1 b

Peder Einersen f ca. 1616

Br ca. 1664-ca. 1668

Etter Peder kom ei enkje som brukar av denne parten, og ein skulle då tru det var enkja etter Peder Einersen. Men han er nemnd så seint som i manntalet 1701. Då vert det opplyst at han har vore soldat og at han er 96 år (ei aldersoppgåve som gjer han 11 år eldre enn etter oppgåva frå 1666). Kven den nemnde enkja var gift med er ukjent.

Enkja

Br ca. 1668-ca. 1683

Bruket hennar var på 1 ¾ mællag, d.v.s. ¼ av Hovden. Etter henne kom på denne gardparten

Ebbe Arnesen f ca. 1643, levde i 1701

Br ca. 1683-ca. 1697

Born: 1. Knut f ca. 1672, g p br

2. Ebbe. levde i 1705, brukar eller gardsarbeidar

3. Kolbein f ca. 1674, g p br

Kolbein Ebbesen Hovden f ca. 1674 d 1709
g Gunilde Ellingsd.

Br ca. 1697-1704 (heile bnr 1), halve til 1709

Barn: Arne f ca. 1699, g 1726 Synnøve Olsd. Midtgård (br 3). Arne budde både i Utgård og Midtgård før han flytte til Røssevoll i Borgund i 1729.. Kolbein brukte 3½ mæling og la i 1706 1 mæle havre og 4 mk ost i tiend. Han «døde i Sygehuset», og det var sk. etter han 7. okt. 1709. Av skiftet går det fram at Gunilde var syskenbarn til Torstein Jakobsen Standal, og den største delen av buet er kalla «Tjønes-arven». Om det var Gunilde som var frå Tjønes må ho ha vore frå Sjurgarden. Av Tjønes-arven på 35 rd 4 ort kan nemnast: Kontantar 11 rd 4 ort, 2 kyr, 2 kviger, 5 småfe, eit svensk åklede. Av Hovde-parten: 1 liten båt, 3 kyr, 2 kviger, 4 småfe, 1 års fole. Brutto ca. 54 rd, netto ca. 43 rd.

Knut Ebbesen Hovden f ca. 1672 d 1720

g Anne Larsd. Abelvik frå Skodje f ca. 1672 d 1740

Br 1704-1709 br 1709-1720 (heile br 1).

Born: 1. Ebbe f ca. 1706 d 1769. Tente hos Jørgen Høeg. Det er Ebbe Som har gitt namn til Ebbegarden på Emlen, der han var brukar

frå 1733 til han døydde. G 1733 Marit Pedersd. Emlen (ca. 1705-ca. 1770)

2. Gjertrud f 1708, g 1733 Ole Sæmundsen Røssevik frå Haram

3. Ågåthe f ca. 1710

4. Knut f ca. 1713. Flytte til Emlen ca. 1738 og budde der i 1757.

Knut Ebbesen hadde vore tenar hos handelsmannen på Håkensholmen før han kom tilbake til Hovden. Der bygsla han først 1 pd 7 ½ mk av Nils Pedersen Assens i 1704. då broren Kolbein døydde bygsla han 1 mællag 3 fjerdinglag av Henning Tygesen Castberg, og sidan 1 pd 7 ½ mk (det same) av ny eigar. Enkja Anne Larsd. gifte seg att i 1721 med

Samuel Rasmussen

Br 1721-1746 (heile br 1)

g 2. Ragnild Jonsd. d 1740, 37 år

g 3. Marte Pedersd. Rørstad frå Hjørundfjord f Ullaland i Volda ca. 1656

g 4. N. N.

Samuel hadde ei syster. Brit, g Kristoffer Jørgensen Tusvik, bustad Stavset i Hjørundfjord. Bror til Kristoffer var Peder Jørgensen Midtgård (br 4A).

I 1746 «oplader» Samuel bruket godvillig til neste brukar, mot at han får eit mællag til å bruke og dyrke så lenge han orkar. Deretter skal han

ha kår: 2 t havre årleg, 1 ku, 2 sauer, 2 geiter. Av mællaget skal han svare landskyld.

Lars Simensen f ca. 1716 d 1766, sk. 27/2 1767

g Anne Jakobsd. f ca. 1714 d 1802

Br 1747-1766, enkja til 1768

Born: 1. Samuel f febr. 1748 d 8 dg

2. Berte f des. 1748, d 8 dg

3. Kari, f des. 1748, d 14 dg

4. Berte f 1750, g 1777 Knut Olsen Stadsnes. Ho døydde før 1/9 1834. Vart kalla Berte Larsd. Otterlien då.

5. Kari f 1753, g p br (også kalla Karen)

6. Jacobanna f 1756, unemnd 1767

7. Marte f 1759, g Gunder Arnesen Bakken frå Ålesund

8. Anna f 1763 d 1842, 1795 g Sjur Sjursen Andestad (1768-1842).

Bustad Nakkegjerde. Bd 2 s 59 Sk

1767: Brutto ca. 63 rd, netto ca. 9 rd.

Nils Hanssen Rise f 1739 i Hjørundfjord, d 1800

1768 g 1. Anne Knutsd. Standal (1715-1791)

1792 g 2. Karen Larsd. Hovden f 1753 d 1823

Br 1768-1800

Born: 1. Marte Pernille f 1774, g 1821 Sivert Hanssen Urke f ca. 1784, bustad Utgård bnr 10

2. Anna f 1777 d ug 1833

Fekk bygselsetel på 3 ½ mællag 20/4 1768 frå presten Nerem.

I Nils si brukstid var der ei beitesak mellom Hovde- og Myrset-karane på eine sida mot brukarane i Tusvik-grenda. I 1778 kravde Nils 14 rd etter svogeren Erik Knutsen Standal.

Sk. 1791: Brutto ca. 93 rd, netto ca. 39 rd. Sk. 1800: Brutto ca. 125 rd, netto ca. 70 rd.

Enkja gifte seg att i 1801 med

Salmund Knutsen Midtgård (Hansg.) f 1757 d 1832

Br 1801-1819

Oppgåvene over sånad etc. for 1802 er førde på Nils Hanssen, men høyrer heime her. Salmund sådde då 3 t havre og ½ t blk, Fôra 1 hest, 7 kyr og 20 småfe. Nok skog til brenneved, «kun mådelig beite».

Den seinare dannebrogsmannen Sivert Hatlemark tente her i sin ungdom, og så seint som i 1824 kravde han 1 års tenarløn.

Sk. etter Salmund og kona 1/9 1834, og off. auksjon 6/10 1832, Ved auksjonen vart det selt for ca. 57 rd, m.a. 8 torskegarn og mykje anna «sjørede», kua Lockrei, 1 skinnbukse, 1 ujustert vågesvekt, 1 strieskjorte, 1 lysekole. Netto ca. 40 rd.

Lars Johnsen Rise f 1783 d 1851

1817 g Ragnhild Bårdsd. Stokke f 1785 d 1854

Br 1819-1841

Barn: Karen Eline f 1819. g p br

Fekk byggesetel 1/9 1819 frå Claus Frimann. Var soldat frå 1808. Hadde ein bror Knut som tok handelsborgarskap i Bergen. I 1841 gav han frå seg bruket «formedelst tiltagende alderdom og svaghed». Då var han 55 år.

Ettermannen hans var svigersonen

Peter Olaus Madsen Tu (br 1) f 1814 d 1897

1841 g Karen Eline Larsd. Hovden f 1819 d 1869

Br 1841-1864

Born: 1. Lars Martinus Bastian f 1841, bustad Steinaplassen, Kurset

(bnr 16)

2. Anne Regine Severine f 1843, g p br

3. Karl Johan Edvard f 1848 d 1854. 6 ½ år

4. Ole Andreas Severin f 1850, bustad Hageplass, Kursetgjerde

(br3)

5. Karl Johan Martinus f 1855, d 1870, 15 ½ år

6. Iver Karolus Andreas f 1858, utvs nr 619

7. Peter Karolus f 1860. Budde i Ålesund.

Byggesetel på 2 pd 15 mk i Hovden frå Peter Harboe Frimann 1/8 1841.

Kår. 1845: 1 hest, 6 kyr, 12 sauer, 1 gris. Sår ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre,

1 ½ t poteter. Frå 1864 til 1866 brukte han garden i lag med svigersonen.

I 1860-åra hadde bruket 24 dekar åker og dyrka eng («meget god») og 57

dekar natureng («god»). Lite meir kunne dyrkast. Sådde 2 t blk, 4 t havre,

2 t pot. Avla 14 t blk, 16 t havre, 14 t poteter. Fôra 1 hest, 8 storfe, 14

småfe. Mindre god hamnegang. Tungbrukt. På dette bruket er der eit

tykke svært dårleg mark som dei kallar Helvete. Det var visst i Peter

Olaus si tid at lensmannen kom og spurde ei eldre kone om mannen

hennar var heime. «Ja, han è neri Helveta, øss he' kårstykket vårt der.» Då

lensmannen kom til Aure møtte han ein av dei fremste mennene i bygda

og sa: «Ja i dag har jeg vært både i himmelen og i helvete.» Den andre

svarte: «He' du vøre i himmela skulde du aldre gått derifrå. Dit kjem ikkje

du øftare.» Det vert fortalt at lensmannen var fæl til å banne.

Ole Andreas Andreassen Høgset f 1839 d 1914

1864 g Anne Regine Petersd. Hovden f 1843 d 1930

Br 1864-1910

Born: 1. Peter Andreas f 1865, d 1875, 10 ½ år

2. Karen Marie Lovise f 1869 d ug 1929. Budde på Valderhaug, sidan Grønhaug under Hovden

3. Andreas Karolus f 1872, utvs nr 618

4. Berte Marie f 1875, d 1898

5. Anna Lovise f 1878, bustad Ålesund. Barn: Astrid Borghild f 1905, far: Hans Larssen Vegsund f 1879, bustad Vigra-Blindheim. Astrid voks opp i Hovden.

6. Peter Andreas f 27/3 1882, d same dag

7. Anne Oline f 1884 d 1937, budde i Hovden og Ålesund.

8. Jensine Karoline f 1889, d 1 dg

Eigar av bruket i 1864 var proprietær Knopf, g Hlisabeth Margrethe Tønning, som ervde bruket etter Margrethe Frimann f Tønning og hennar mann. Det var prokurator Sanne i Ålesund som på vegne av Knopf selde bruket til Ole Andreas for 500 spd, skøyte 19/7 1866. 1865: 1 hest, 8 kyr, 12 sauer, 6 geiter. Sår 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter.

I 1875 sådde han 24 t blk, 5 t havre, 3 t poteter. Fôra 1 hest, 1 føl, 4 kyr, 3 kalvar, 10 sauer, 2 svin. Kårmannen hadde 1 ku og 4 sauer.

Etter at Ole Andreas vart eldre arbeidde han ein del i Ålesund og egnde liner. Den tida hadde dampbåtane faste egnarar på land.

Ole Andreas var av og til på vitjing på Høgset, og når han var på heimveg brukte han å stoppe på Myrset. Når dei spurde kvar han hadde vore, svarte han: «Eg kjeme derova og ska' derupp.»

Knut Olai Larssen Urke f 1874 d 1959

g Lovise Karolusd. Grande f 1872 i Geiranger, d 1955

Br 1910-1940

Born: 1. Aslaug f 1906, g 1930 Sverre Støbak frå Godøy

2. Leif f 1908, g p br

3. Konrad f 1910, d 2 mnd

Ved kjøpekontrakt dat. 25/1 1910 selde Hans Anderssen Langeland dette bruket til Knut, med hus, m.a. naust på Kurset og del i kvernfall og den gamle kverna, og i den kverna som er ny av året. To ovnar, den eine på setra. Alte gards- og kørereiskap. Kjøpesum 1900 kr. Av skøyta går det at Langeland kjøpte bruket av Ole Andreas Hovden 10/4 1908 for 1700 kr.

Knut var bygningsmann, m.a. i Bergen der han var med og bygde Riiberggården. Der fall han ned frå eit stillas i 1907 og fekk ein uførepen- sjon på kr. 33,75 pr. kvartal.

Ulf Harald Knutsen Urke f 1908

1940 g Oline Berta Bernhardsd. Bjørkavåg f 1918

Br 1940-

Born: 1. Rambjørg f 1941. g 1963 Ivar Bolli frå Eide i Nordmøre

2. Lise-Karin f 1943

3. Elsa f 1947

4. Knut Bjørn f 1949

5. Oddny Kjellaug f 1951

Saman med faren reiv han den eldgamle stovebygninga til Ole Andreas, g bygde nytt omtrent på same staden i 1943, 9 x 8 m på 2,3 m betong- mur. Huset vart utvida i 1960-åra. Leif dreiv vinterfiske i 15 år, for det meste frå Godøy.

Bnr 3 GRØNHAUGEN (NEDSTEHAUGEN)

Elias Stenersen Kursetgjerde f 1853 d 1938

1879 g Johanne Marie Knutsd. Hovden f 1854 d 1917

Br 1877-

Barn: Inga Karoline Birgitte f 1884 d 1961, g 1917 Petter Knutsen Lade f 1886 d 1969 (Bd 2 s 562)

Johanne Marie var frå bnr 2, men plassen var bygsleplass under bnr 1.

Elias fekk husmannssetel for bygselsummen 324 kr. 4/1 1877. Plassen fråskild som bnr 3 med skyld 0,55 i 1908, taksert som 1/6 av bnr 1.

Johanne Marie hadde sonen Karl f 1877 (far: Bernt Pettersen Kurset (Øvre). Karl var kjend som Smed-Karl, plm. under Hundeide. Han skreiv seg for Hovden, budde på Åneset.

(br 1) f 1869 d 1929

Ho fekk bruket av far sin Ole Andreas etter at Elias slutta. Då Karen døydde, vart plassen seld til eigedomsmeklar

Slettedal frå Ålesund.

Han reparerte stovebygninga og bygde hytte og leiger bort alt. Plassen hadde då lege øyde nokre år.

Bnr 2 KNUTGARDEN (HANSGARDEN)

Elling

Br 1603-ca. 1608

Han la 2 ort i skatt i 1603 og vart kalla Øydegardsmann.

Hans

Br ca. 1608-1612

I grannegarden i Hovden var der på denne tida ei enkje. Ho vart i alle kjelder kalla Hoffden, medan Hans i fleire kjelder vart kalla Hans Houg eller Hans Houge.

I 1611 var Hans saman med Ole Tu om å reie ut Christopher Tusvik til Kalmarkrigen. I 1608 la Hans 1 ½ i korntiend, i 1612 1 mæle.

Arne Helgesen

g Gjertrud

Br 1612-ca. 1617 og ca. 1623-1629, enkja til 1630 (heile)

Br ca. 1617-ca. 1623 (halve)

Som føremannen vart og Arne kalla Houge, medan grannen alltid vart kalla Knut i Hoffden. Gjertrud er nemnd i Bhl pk 52.

I 1628 var «full kontribusjon» 3 rd 9 skill. Av dei som er med i dette bandet var det berre 11 frå Sørestranda som greidde så mykje. Om andre vart då skrive: «Disse efterskrevne formådde ikke mere end som følger: ... I Hovden «formådde» Arne 1 rd, Knut 2 rd.

Johannes Olsen

Br ca. 1617-ca. 1623 (halve bnr 2)

Lite vert nemnt om Johannes, men i Bhl pk 52 (1620) står det at både han og grannen Knut la 3. års bygsel av 2 ½ mællag. Dette saman med andre kjelder viser at Arne og Johannes brukte kvar sin del av bnr 2 nokre år.

Jon

Br 1630-1655

I 1634 la han 5 ort i landskatt og i 1636 8 mk i fisketiend. Som nemnt under bnr 1 vart Jon og grannen Iver stemnde for overfall på husmannen Erik Myrset (1637).

I 1645 la Jon koppskatt for seg og kona.

g Brit Pedersd.

Br 1655-1695

Krøterskatten hans i 1657 var 5 slettmark for 1 hest, 1 okse og 8 kyr. kylda auka i hans brukstid frå 3 mællag i 1661, 3 til 3 ½ mællag i 1694. I 1680 vart han førd med 3 mællag og same året la han 3 fj i korntiend. Sk. 15/5 1704: Brutto 154-2-8, m.a. 1 sekkenot og 8 torskegarn.

Peder Larssen Myrset (br 1) f ca. 1674 d 1732

g Anne Ellingsd. f ca. 1657 d 1729

Br 1695-1732

Born: 1. Kari f ca. 1699 d 1721

2. Maritte f ca. 1700 d 1773, g 1730 Anders Anderssen Sætre f ca. 1713 i Hjørundfjord, d 1785. Budde på Skjåstad, på Kalvestad (Sula) og i Urvik-kråa

3. Magnhild f 1701, dp i Borgund, levde i 1729.

Peder fekk bygselsetel på 3 ½ mællag i Hovden 18/3 1695 frå Nils Pedersen Assens i Ålesund. I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og eit barn. Same året var han kausjonist saman med Knut Olsen Hole for Jan Brudevoll då sistnemnde vart stemnd for retten for trugsmål. I 1720 fekk Peder ny bygselsetel frå sorenskrivar Henning Tygesen Castberg.

I eit skriv frå Rentekammeret dat. 28/2 1728 vart det kravt at der skulle veljast 12 av dei «beste og (mest) suffisante» menn som på vegne av alle skulle sjå til at avtalar om m.a. tienda vart haldne. Mellom desse 12 var Peder Hovden, Erik Svartebekk og Arne Hundeide bnr 2. Sk. 14/9 1729: Brutto 22-1-6. Sk. 1732: «Intet at arve.»

Jon Knutsen Myrset f 1705 d 1748

1734 g Berte Andersd. Sætre f ca. 1707 i Hjørundfjord (dotter til Anders Nilssen Sætre f Leira og syster til Anders Anderssen Sætre nemnd ovanfor

under Peder Larssen).

Br 1734-1748

Bom: 1. Peder f 1734 d 1761

2. Knut f 1736, til Hareid 1763, d før 1765

3. Kari f 1738 d 1739, 8 dg

4. Anders f 1739, heim frå militærtjeneste 1763, tok teneste hos Ole Utgård same året. Utgård br 9a

5. Kari f 1742, kf i Hjørundfjord, d der 1763

6. Kirsten f 1745, d 2 veker

7. Kirsten f 1747, g Anders Paulssen Utgård (br 9 a) plm Midtgård.

Jon fekk bygselsetel på 3 mællag i 1734 frå mad. Castberg, og ny bygselsetel på 3 mællag 9 mk i 1742. Sk. etter Jon 5/6 1749: Brutto vel 33 rd, gjeld 30 rd.

Sk. 11/1 1765 etter syskena Peder, Knut og Kari: Brutto ca. 28 rd, netto 22 rd.

Ole Nilssen Valbø f 1722

g Gjõe Ellingsd. Brevik f ca. 1716 d 1788

Br 1748-1751, mindre part til 1753, truleg 2 mællag

Born: 1. Nils f 1755

2. Gunder f 1757, til Kråka, Ramstaddalen, plm.

3. Hans f 1762 d 1 ½ dg

4. Anna f 1762 (tvill.) d 1½ dg

5. Iver f ca. 1763, d 1787

6. Dorte f 1774

Ole Nilssen avstod 2 mællag til Ole Olsen i 1753. Det er noko uvisst kor lenge han var brukar. Yngste barnet hans var født i Hovden i 1774. Det året tek futens kassabok til for Sunnmøre, men då er Ole Nilssen ikkje nemnd. Også dødsåret er ukjent, men han døydde før kona. Ole Nilssen er heller ikkje nemnd under Hovden i 1762, så det er rimeleg å tru at familien budde ein annan stad nokre år. Dei budde nok i Hovden i mange år etter 1762, men då utan jord.

Ole Olsen Overvoll f 1720 d 1793, sk. 1794

1753 g 1. Dorte Olsd. Lianes f 1721 d 1763

1764 g 2. Eli Knutsd. Nordang f ca. 1734 d 1791

Br 1751-1793

Born i 1. ekteskap:

1. Peder f 1757 d 1784

2. Marte f 1759, g Ole Larss. Øvre Kurset

3. Ole f 1763

Born i 2. ekteskap:

4. Knut f 1769 d 14 dg

5. Dorte f 1774 g Torstein Knutsen Hundeide (Nedste). Ole Olsen er truleg fødd på Stavadal i Stordalen, men budde både på Stranda og på Glomset før han kom til Hovden.

Han bygsla først 3 ½ mællag i Hovden i 1751 av Maren Nordhus, så 13/4 1753 2 mællag av same eigar. Dei to mællaga hadde Ole Nilssen brukt til då. (SSTb nr 20 s 370b.)

I 1776 vart Ole Olsen stemmd for retten av Peder Mikkelsen Tu som skulda han for å ha teke hesten hans i Utgård utmark som ikkje hadde gjerde. Ole hadde teke hesten, men ville ikkje levere han tilbake utan betaling, og skulda Peder for å la hesten beite i annanmanns mark. Ved

domen 1/10 1778 vart begge frikjende for skuldingane og slapp å betale sakskostnader.

Sk. 15/4 1763: Brutto ca. 103 rd, gjeld 16 rd.

Sk. 1791: Brutto ca, 137 rd, gjeld 5 rd.

Sk. 17/2 1794: Brutto vel 63 rd, gjeld 30 rd.

Torstein Hanssen Sætre (br 2) f 1754 d 1834

1793 g Marte Kristoffersd. Midtgård (br 4A) f 1759 d 1829

Br 1793-1822

Bygselsetel på 2 pd 15 mk i Hovden 14/6 1793 frå Claus Frimann, presten i Davik.

Torstein og kona var barnlause. Mellom arvingane var på hans side handelsmann Ingebrigt Tandstad i Bergen og broren Jakob som tente i Bergen, og dotter til halvbror til Torstein, Marte Hansd. som vart den neste gardkona i Hovden. På Marte si side kan nemnast halvbroren Peder Kristoffersen Uren (sjå bd 1).

Skifte etter Torstein og kona 1834: Brutto ca. 45 rd, netto ca. 13 rd. Off. auksjon etter begge 27/10 1834: Brutto 35 rd, netto 30 rd. 1 koparkjel, 3 gamle hiter, 1 salmebok, Povel Andersens huspostill, 1 ku, 3 sauer. (N.Sm.auksjonsprot. nr 2 s 256.)

Jørgen Elias Larssen Eikrem f 1794 d 1853

1820 g Marte Hansd. Sætre br 2 f 1793 d 1853

Br 1822-1853

Born: 1. Torstein f 1821 d 1853

2. Lars Martinus f 1826 d 15/3 1852. Omkom i fiskja

3. Kristian Severin f 1833 d 1853

4. Karen Marie f 1835, g p br

Bygselsetel frå prost Frimann 9/7 1822. Kår. I 1845 sådde han ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre og 1 ½ t poteter. Fôra 1 hest, 6 kyr, 12 sauer og gris.

Han bygde på ei stovelengd på den gamle stova, tenkte å ha den til kårstove. Kort tid etter var nesten heile familien i bryllaup på Eikrem. en 6. juli 1853 var dei på heimveg derifrå i båt. Då kom ein vestavindsfloing og dei kollsiglde. Ein av dei som var med kom seg opp på kvelvet og vart berga av folk frå Kurset. Det var Bernt Olaus Hanssen Erstad. Alle dei andre omkom. Det var: Jørgen Elias og kona Marie, sonen Kristian Severin, sonen Torstein og kona hans, Olava Olsd. f Gjørvad 1819 og den vesle sonen deira Jørgen Elias Olaus f 1847. No var det berre Karen Marie att av familien. Ho var heime den dagen.

Knut Elias Hanssen Sætre (br 2) f 1823 d 1896
1854 g Karen Marie Jørgensd. Hovden f 1835 d 1915
Br 1854-1886

Born: 1. Johanne Marie f 1854, sjå Grønhaug (bnr 3) under Hovden bnr
1, g Elias Stenersen Kursetgjerde frå bnr 2. Bustad Hovden
br 3
2. Karl Johan Martinus f 1855 d 1870
3. Hans Johan Tomas f 1856, g p br
4. Anne Henninge Tomasine f 1868 d 1960, g Ole Larssen Tjønes
eller Blindheim, sjå Dynhaug, Blindheim.

Fekk skøyte frå Ingebrigt Tandstad 19/8 1854 for 350 spd. Var eit par
gonger i vanskar fordi han «skreiv på» for handelsmannen Lied i Tusvik.
I 1860-åra hadde bruket 30 dekar åker og dyrka eng («meget god») og 59
dekar natureng («god»). Sådde 3 ½ t blk, 3 ½ t havre og 2 t poteter. Avla
17 t blk, 19 t havre og 14 t poteter, Fôra 1 hest 9 storfe og 14 småfe.
Folketeljinga for 1865 har desse tala: Sånad 3 t blk, 3 t havre, 2 t poteter;
buskap: 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 2 griser.

I 1875 sådde Knut 3 blk, 4 t havre og 3 t poteter og fôra 1 føl, 5 kyr, 5
kalvar, 14 sauer og 2 griser.

Knut var ein svært hendig mann. Han laga det første hjulparet som fanst
på garden, laga mange gardsreiskap og mange kjørel av tre.

Hans Johan Knutsen Hovden f 1865 d 1927
1886 g Anne Oline Nilsd. Nakkegjerde f 1865 d 1919
Br 1886-1922

Anne Oline var enkje etter Ole Severin Martinussen Furstrand som
palmesundag i 1885 bleiv innanfor Rønes på veg til kyrkje, Dei hadde
sonen Martinus f 1883 som voks opp i Hovden. Han vart lærar og var ved
skular i Sykkylven og i Meløy i Nordland. Han døydde i 1909. Borna til
Hans Johan og Anne Oline:

1. Ole Kristian f 1887, g p br
2. Karen Lovise f 1889
3. Anna Nikoline f 1893

Då Hans Johan fekk skøyte frå faren i 1886 for 2000 kr. var det lite dyrka
jord. Det fanst såleis ikkje langorv på bruket. Men han tok til å bryte jord,
og då sonen Ole tok over hadde dei saman brote opp ca. 40 dekar. Som
attåtnæring dreiv Hans Johan fiske vintrane. Han åtte part i ein åttring.
Sjå bd 2 s. 57 om slekta til Anne Oline.

Ole Kristian Hanssen Hovden f 1887 d 1979
1922 g *Laura Larsine Knutsd. Alnes* f 1895 d 1979
Br 1922-1978

Born: 1. *Anny Marie* f 1925, sjå bnr 6
2. *Hans Karsten* f 1927, sjå bnr 11
3. *Dagny Lina* f 1929, sjå bnr 5
4. *Knut Bjarne* f 1931, p br

Ole var gardbrukar, fiskar og bygningsmann. Han dreiv garden saman med faren lenge før han tok over. Særleg var han med på det store nybrotarbeidet faren sette i gang. Etter at han tok over bruket nydyrka han 20 dekar jord. Mange dekar skog planta han og stelte vel med. I lang tid dreiv han fiske om vinteren og var medeigar i ein stor motorbåt.

Knut Bjarne Olsen Hovden f 1931

Br 1978-

Då faren døydde fekk dei 4 borna som ei mellombels ordning kvar sin like del av bruket med ideelle partar. Faren stod som brukar heilt til 1978 og det vart Knut som skulle drive garden med hjelp av sysken. Gardsdrifta vart nedtrappa i dei seinare åra av Ole si brukstid, og no er det lite att av krøter på bruket. Nokre kalvar til slakt og nokre sauer. Knut er bygningsmann.

Bnr 4 GRØNHAUG

Jens Severin Petersen Jarnes f 1837 d 1910
1859 g *Jensine Pedersd. Grebstad* f 1831 d 1910
Br 1859-1893, sidan i lag med svigersonen.

Jensine var frå Pegarden på Grebstad og Jens var plassemann på Grebstad før han kom til Hovden.

Born: 1. *Petter Johan* f 1857 d 1938, g 1884 *Anna Randine Berntsd. Slinning* frå Trandal (1858-1946). Han skreiv seg for *Juliebø*.
Fargeriarbeidar i Langevåg
2. *Severin Martinus* f 1860 d 1939, g 1. 1884 *Kjerstianne Johnsd Langset* d 1897. G 2. *Berte Eliasd. Kvangernes* frå Eikefjord d 1903, 46 år. G 3. 1904 *Ane Berte Larsd. Botn*. Han var skreddar i Volda. Skreiv seg for *Jensen*
3. *Anne Birgitte* f 1861, g p br
4. *Jens Johan* f 1864 d 1939, g 1893 *Marie Jakobsen*. Han var bakar i Langevåg. Kalla seg *Jensen*
5. *Hans Johan* f 1865 d 1946. Utvs nr 616



Parti frå Hundeidvik 1982

6. Petter Andreas f 1867, g til Løvoll (br 4), Søvikdal
7. Lovise f 1869 d 1940, g Fredrik Larssen Negaard, Emlen (1862-1938)
8. Bernt Andreas Olaus f 1871 d 1939. Utsv nr 615
9. Knut Karolus f 1874, g til Kursetgjerde (Steina-Knut) br 2 Ytrestrand

Jens hadde i 1865 1 ku og 5 geiter og sådde 1 t havre og 1 t poteter. Same sånad i 1875, hadde då 2 kyr og 4 geiter.

Jens slo høy i Gjøvestranda og på Saltre, førde det i båt til Hundeidvik og bar det på ryggen til Hovden. Ein gong var han på Vartdalstrand og truska med tust, og vekeløna var ei våg korn

Knut Andreas Knutsen Svartebekk f 1863 d 1947
1893 g Anne Birgitte Jensd. Hovden f 1861 d 1945
Br 1893-1947

- Born:
1. Anna Jensine Karoline f 1895, g p br
 2. Jens Peter Bastian f 1397 d 1898
 3. Klara Josefina f 1899, g 1917 steinarb. Johannes Olsen Bjørgvik f 1899 i Verdalen
 4. Edvard f 1901, g Maren Skjong frå Valderøy. Dei budde på Valderøy
 5. Martinus f 1905 d 1935
 6. Kristine f 1907, g 1929 Oskar Ingebrigtsen Godø f 1902. Plm og fiskar på Godøy.

I plassesetelen hans, dat. 26/4 1893, står det at Jens skal ha bruksrett til plassen og sidan kår. Dei hadde 14 dagars pliktarbeid i slåttene på hovudbruket og to dagar i skuronna. To dagars baking om hausten.

Det var først i 1934 at plassen vart utskild som bnr 4 med skyld 0,70 og same året kjøpte Knut plassen for 1850 kr.

Knut bygde løe i 1920. 10 x 8 m. Var parteigar i eit båtlag og dreiv mykje fiske. Ei tid dreiv han skinnhandel. Var mykje nytta som kjøkemeister.

Sigurd Hilmar Bendiksen Skarberg f 1897 i Tysfjord

1918 g Jensine Knutsd Hovden f 1895

Br 1947-1970

Born: 1. Bertine Amanda f 1919, g p br

2. Knut Agnar Bernhard f 1925, g 1949 Solveig Ludvigsen frå Erstad f 1926. Bur på Sætre, br 13

3. Magnhild Bergitte f 1936, g Olav Eilertsen. Bur på Jarnes, br 45

Skarberg var fiskar. Tok over bruket etter svigerforeldra. Reparerte husa. Var i seinare år mykje på vegarbeid.

Sverre Hermansen f 1918 i Ålesund, d 1961

g 1945 Bertine Sigurdsd. Skarberg f 1919

Br 1970-

Born: 1. Helge f 1945, sjå bnr 9

2. Sigurd f 1948, elektrikar, arb. utanriks

3. Bjørg f 1951, g 1975 Rolf Lillerovde f 1950

4. Svanhild f 1957, sjukepleierske

Sverre Hermansen var fabrikkarbeidar, budde ei tid på Hundeide, så på Erstad. Etter at Sverre døydde flytte Bertine tilbake til Hovden og tok over plassen der og stelte for faren etter at mora døydde.

Bnr 7

NYTUN

Utskilt frå bnr 4 i 1969 skyld 1 øre

Magnhild Eilertsen f 1936

Dette stykket fekk ho av foreldra sine. Det er ikkje bygt på stykket.

Bnr 8 SOLTUN

Knut Skarberg

fekk dette stykket frå foreldra sine. Utskilt i 1969. Det er ikkje bygt på stykket.

Bnr 9 FJELLTUN

Utskilt frå bnr 4 i 1970

Helge Lars Hermansen f 1945

1968 g *Bodil Judith Tandstad* f 1944

Born: 1. *Bente* f 1969

2. *Jan Egil* f 1974

Hermansen er sjåfør for S. S. Billag. Bygde stovehus i 1973.

Bnr 5 HØGTUN

Utskilt frå bnr 2 i 1959, skyld 5 øre

Bjarne K. Vedvik f 1930 i Vik i Sør-Flatanger

g 1956 *Dagny Lina Olsd. Hovden* (br 2) f 1929

Born: 1. *Kåre Hallgeir* f 1956

2. *Ole Dagfinn* f 1957, skipselektrikar

3. *Bjørnar* f 1962

4. *Steinar Roar* f 1967

Vedvik er fabrikkarbeidar. Bygde stovehus i 1959 og løe i 1966.

Bnr 6

Nikolai Olsen Strand f 1929 i Kvernes

1954 g *Anny Marie Olsd. Hovden* (br 2) f 1925

Born: 1. *Ottar* f 1956, fotograf. Bustad Hamar

2. *Leif Atle* f 1962

Strand er fabrikkarbeidar. Bygde stovehus i 1961.

Bnr 10 og 11

Knut Olsen Hovden f 1927 (br 2)

1975 g *Anna Sofie Fuglseth* f Hoel 1921 i Ålesund, d 1980.

Bnr 11 fekk han i 1973 og bygde hus der i 1977.

Han er treskjerar og har vore bygningsmann. Har gitt interessant stoff til gardssoga.

Nedlagd husmannsplass under Hovden

LIEN eller LIAPLASSEN

Bernt Martinus Jørgensen Blakstad f 1825 d 1904

1858 g Inger Jonsd. Narvik eller Svartebekk (1824-1911)

- Born: 1. Olave Jensine Tomasine f 1853 d 1941. Ho hadde sonen Ole Bastian Karl f 1884 (far: Jørgen Nilssen Sørnes f 1862 i Borgund). Ole kalla seg Myrset. Sjå Gjævenes bnr 5
2. Jens Johan Martinus f 1858, til Midtgård bnr 1
3. Ole Elias f 1860. til Midtgård bnr 2 (Johanpl.)
4. Johanne Marie Tomasine f 1862 d 1951. Arbeidde ved Langevåg Fabrikker
5. Berte Marie f 1866 d 1939, Ho hadde borna Klara Berntine Josefine f 1899 (far: skomakar Peter Andreas Toresen Grebstad f 1876). Berte Marie bodde på Lyshol då. Sjå Løvold bnr 1. Jenny f 1902, g 1928 fiskar Håkon Antonsen frå Sandnes i Ibestad, f i Bjugn 1901
Ole f 1902 (tvill-) (far: Peter Tomas Eliassen Lade f 1883). Bu stad Midtgård.

Lia-Bern skreiv seg for Myrset. Dette heng slik saman: Han bygsla først ein plass i Åsenden i Myrset si heimeutmark i 1863. Men han fann seg ikkje tent med den plassen og fekk i 1865 festesetel på Liaplassen under Hovden, i Langlia. Desse opplysningane har grunnboka, og dette har òg vore stadfest av folk frå Liaplassen, sist av Berte. Bernt må ha teke namnet Myrset då han kom til den første plassen (og så ikkje endra det til Hovden då han kom til Lia.

I 1865 sådde dei 1 ½ t havre og 1 t poteter, i 1875 var sånaden 2 t havre og 2 t poteter. I 1865 hadde dei 1 ku og 3 sauer, i 1875 1 ku og 6 sauer.

Det vert fortalt at Lia-Bern ein gong reid på bjørnen og at han fekk tak i tollekniven sin og sette han i nakken på bjørnen. Det er gløymt korleis det gjekk med bjørnen, men Bernt kom heilskinna frå rittet.

Husmenn i eldre tid.

Ole, nemnd 1609-1621

Mogens, nemnd 1611-1612

Håver, nemnd 1623-1624

Ole, nemnd 1627. Går og tiggjar. Kan vere identisk med den samnemnde ovanfor.

Peder, nemnd 1625

Peder Jørgensen Tusvik f ca 1700, nemnd som husmann i Hovden i 1730. Då var han gift og hadde eit barn.

Samuel Olsen g *Marte*. Dei er nemnde i 1762.
Hovden. Bnr 1a, 1b, 3
2, 4, 7, 8, 9, 5, 6, 10, 11, Liaplussen.

Gnr 53 MYRSET [Til innhald](#)

Namnet har i daglegtalen svært open, kort y i første staving, slik at Myrset rimar godt på Kurset med den uttalen som er nemnd der. Begge har einstavings tonelag.

Eldre former: Myraseter (Sunnmørsættlegga frå 1200-talet), 1606 Myrsetter, 1621 Miørsedtt, 1624 Mørsett, 1666 Myrsett.

Første del av namnet kjem av gn *mýrr* - myr. Set = bustad.

Myrset ligg nedanfor plassane under Hovden, i ei høgde på kring 100 m over havet. Grensar i nordaust mot Hovden, i sør og vest mot Utgård, og i nordvest mot utmarka til Kursetgjerde. Utmarka si med beite, seter og skogteigar har Myrset på austsida av Storeidet, med grenser til utmark som høyrer til andre Hundeidvik-gardar og til gardar i Tusvikgrenda. Og sidan der var lite eller inkje av gjerder, ville det lett bli tvistar mellom ymse gardar. Slike er alt nemnde under andre gardar. Her kan som døme nemnast ei sak frå 1770:

«Svend Svendsen Myrset, Lars Pedersen Myrset, Ole Olsen Hovden og Nils Hanssen Hovden har stevnt Knut Jakobsen Våtmyr, Peder Madsen Tusvik, Peder Mikkelsen Tu, Tore Larssen Tu. Paul Pedersen Svartebekk, Stener Paulsen Hatlemark og Elling Olsen Hatlemark, fordi de har ladet beite deres kreaturer og heste i deres eiendoms udmark og de indstevnte ei i mindelighed vil avverje og forhindre sine kreaturer at komme dit.

Vidnet Torkild Jørgensen Udgård vidste at Langelien med hensyn til fæbeite allene tilhørte Hovden, men den derværende skog Hovden og Myrset til sammen.

Hatlemarks oppsiddere oplyste at de havde sin sæter i nærheden af Citantene, og der er ikke gjerde mellem disse. (Citantene producerede en markegangsforretning med byttemerkers opgivelse og oplysning om skog beite. Enhver af de indstevnte bøter til Reknes hospital og erstatter Citantene for den forvoldte skade». (SSTb nr 22b s 545 og s 609b.) 1894 var der grensegangsforretning mellom Myrset mot Utgård og Kursetgjerde, med overskjøn i 1896 I 1943 var der utskifting over heimeutmark og setermark til gardane

Myrset og Hovden og setermarka til Kursetgjerde, med overutskifting i 1944.

Skogteigar har Myrset i Langelia. Begge bruka har hatt sag, og dei har husbygging.

Setra si har dei framanfor Uggarsstølen, setra til Utgård. Myrset og Kursetgjerde hadde setrane sine i lag, og av dei var det Myrset som først slutta med setring. Etter den siste utskiftinga har Myrset både skog og beite i setremarka. Før hadde Utgård skogteigar der.

Torvstykket hadde Myrset på Eidet. Der hadde dei torvløer og spadde ein god del torv kvart år med spesielle spader så torvstykket skulle få den rette form og storleik. Etter siste verdskrig vart det slutt med torvspainga og løene har dotte ned. Begge bruka hadde kvernhus ved Raudåa. Pegarden hadde og truskehjul der. Snorene gjekk over bygdevegen så det var vanskeleg å kome forbi når dei truska. Eliasgarden hadde truskehjulet sitt nedanfor løa og veitte vatn frå Raudåa heim til hjulet.

Mot slutten av første verdskrig fekk bygda elektrisk kraft og Myrset vart med i eit lag som kjøpte truskeverk. Etter siste krigen har det ikkje vore korndyrking på Myrset.

EIGARAR

Sidan Myrset er mellom dei gardane som er nemnde i dei gamle Sunnmørs-ættlegga, var garden på 1200-talet og før truleg ein del av det gamle Giskegodset. Eller så var brukarane som er nemnde i ættlegga i slekt med Giskemennene og åtte garden sjølve.

Arne på Myrset hadde sonen Torkjell Arnesen, og dotter hans var gift med Karl Berderson på Straumsheim.

Etter svartedauden låg Myrset truleg lenge øyde. Iallfall låg garden øyde kring 1530 og høyrde då til St. Olavs gods. Slik vart alt jordegods kalla som ikkje var krongods eller «stigtens» gods. (Det sistnemnde var eigedomar til geistlege institusjonar i eit bispedøme.)

Men Myrset vart snart krongods. I matrikkelen av 1626 står det at Myrset var «kongens, prestens eller bondegods». Bondegods då var halvparten av Pegarden som Jon Myrset åtte. I 1629 kjøpte Hans Gaas i Borgund den halvparten av Pegarden som til då hadde vore krongods, og fekk den andre halvparten i pant i 1640. Det året var Eliasgarden Elgesæter-gods.

I 1630-åra fekk slottsherren Oluf Parsberg jordegods på Myrset for «sølv-forstreking» til kongen, men i 1642 er delte igjen ført under krongods. I 1644 var halvparten av kvart bruk krongods. I 1647 vart Myrset kalla

kyrkjegods. I 1649 skøyte kongen 1 v i Myrset over til Hannibal Sehested, som ved makeskifte fekk anna jordegods i staden, slik at denne delen av Myrset vart krongods att same dagen.

I 1652 åtte Margrete Prebende heile Myrset. I 1661 berre 1 v, og Ørskog prestebord og brukaren Knut åtte ½ v kvar. Margrete Prebende hadde bygselretten til alt.

I 1683 var begge brukarane i lag om ½ v. I 1707 var Nykirken i Bergen eigar av Pegarden, Jon Myrset åtte 1 mællag og Jon Spjelkavikgjerde 1 mællag. I 1732 åtte Ørskog prestebord 1 pd 18 mk og Knut Myrset like mykje, etter at han same året kjøpte 1 mællag av futen Astrup som hadde kjøpt det av Peder Olsen Straumsheim (det var same mællaget som Jon Spjelkavikgjerde åtte).

I 1734 fekk Svend Myrset kjøpe halvparten av det Knut Myrset åtte i garden. I 1770-åra var Korskirken i Bergen eigar av Pegarden.

MATRIKKELGARDEN

Som hjørundfjordgard hadde Myrset gnr 9. sidan gnr 156 og 114. I 1830-åra fekk dei to bruka løpenr. 346 og 347.

Den gamle skylda var 2 v fisk og garden var i skatteklasse halvgard. Den nye skylda vart 2 dlr 4 ort 18 skill. på kvart bruk. I 1890 rev. til 4,86 på Pegarden og 4,80 på Eliasgarden.

Tiend: 1666 2 ½ t havre, 1 pd 6 mk ost, 1717 2 t havre, 4 skjepper bygg og 1 pd ost eller 36 skill.

Leidang: 1606 4 kalveskinn, 1615 1 geiteskinn, 1627 1 geiteskinn 1 kalveskinn, 1680 1 geiteskinn, 1714 3 ort.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 2 mann.

1626: 2 mann. Sådde 5 t

1657: 2 mann. Fôra 2 hestar, 1 okse, 16 kyr og 2 sauer

1714: 2 mann. Sådde 5 t havre. 4 skjepper bygg, avla 20 t havre, 5 t bygg.

Fôra 2 hestar og 20 kyr

1724: 2 mann. Sådde 1 t bygg, 6 t havre, avla 5 t bygg og 24 t havre. Fødde 2 hestar, 12 kyr, 8 ungdyr. 16 sauer og 4 geiter. Litt. brennevedskog «til fornødenhed». 1 lita seter ½ mil frå garden. Ligger lidt op frå søen, temmelig letvunden og vis til korn, er eller: noget vådlendt. Graver røtter til tjærevirke»

1791: 2 mann. 2 kvernar

1802: 2 mann. Sådde 2 t bygg, 2 t blk, 6 t havre, avla 7 foll. Fôra 2 hestar,

18 kyr og 32 småfe. Ofte slik storm at husa kan lide skade. Lite brenneved. Nok beitemark. Kvart bruk verdsett til 160 spd.

1845: 2 mann. Sådde 1 t bygg, 6 t blk, 8 t havre og 5 t poteter. Fødde: 2 hestar, 18 kyr, 28 sauer, 12 geiter og 1 gris

1865: 2 mann. Sådde 3 t bygg, 6 t blk, 7 ½ t havre og 5 ½ t poteter. Fôra 2 hester, 20 kyr. 50 sauer og 1 gris

1875: 2 mann. Sådde 6 t blk, 10 t havre, 8 t poteter. Fôra 2 hestar, 15 kyr, 6 kalvar, 32 sauer, 2 griser.

BRUKARAR

Bnr 1 PEGARDEN

Lars Jonsen d 1616, kona d 1617

Br 15 . .-1616

Han vert òg kalla Lasse og Laurits.

Barn: Jon, g p br

I 1603 la Lars ½ mæle i korntiend. I 1606 la han ½ rd i 3. års bygsel. Han åtte 2 mællag jord i 1603, 1 mællag i 1612. I lag med Paul Utgård reidde han ut Nils Jørgensen Myrset til krigsteneste i 1611.

Jon Larssen Myrset

Br 1617-1657

Var brukar av 4 mællag og la 12 rd i 1 bygsel. Var eigar av 2 mællag jord i 1624. Ved kontribusjonen i 1627-1628: «Formådde ikke mere end ½ rd», det same som grannen Knut. Tiend i 1637: 1 mæle 1 fj. I 1645 koppeskatt for seg og kona. Sonen som tok over var

Lars Jonsen Myrset f ca. 1622

g enkje Brit Pedersd.

Br 1657-1695

Born: 1. Jon f ca. 1660, til Spjelkavikgjerde

2. Peder f 1664, til Gjøvenes bnr 1

3. Hans f ca. 1674, til Gjøvenes bnr 1

4. Peder d.y. f ca. 1674, til Hovden bnr 2

5. Ågåthe, til Straumsheim?

6. Ingebrigt f ca. 1681, g 1. Berte Margrete Isaksd. g 2. 1716 Grete

. Olsd. - Ingebritt var gbr på Fyllingen etter Knut Arnesen Klokk (bnr 8). I 1757 budde Ingebrigt på Kjellingset.

Krøterskatt 1657: 1 slettdlr. av 1 hest og 7 kyr. Bot for skyssforsøming 1661. Tiend 1675 21 mk bygg, 2 pd 6 mk havre. Han åtte 1 mællag av bruket. Enkja g 2. med

Peder Olsen f ca.1652 sk. 1707

g 1. ek. Brit Pedersd. Myrset sk. 1704

g 2. ca. 1705 Marte Olsd. Stave (br C) f ca. 1668

br 1695-1707

Barn i 2. ekteskap: Brit f 1706, g 1727 em. Knut Jetmundsen Fauske f ca. 1688 d 1772.

Tiend i 1706: 1 mæle havre, 1 pd bygg, 4 mk ost. Peder åtte part i bruket.. Sk. 1704 etter Brit: Brutto vel 154 rd, netto ca. 109 rd. Peder fekk halvparten og kvart av borna vel 9 rd, brørne lét systera få likt med seg. 1 tinnkanne, tinnfat og tinntallerkar, ca. 24 rd i kontantar. Den eldste versonen Jon fekk 1 mællag odelsgoods i Myrset utan bygsel.

Sk 1707 etter Peder: Brutto vel 125 rd, netto ca. 107 rd, Enkja og dottera fekk likt. Sengklede 10 rd 3 ort, smireiskap, børs og tasak, 1 kjempfæring, færing, part i sekkenot, 8 torskegarn, 1 sildegarn, 8 kyr, 4 kviger, 8 sauer, 6 geiter, 1 merr, 1 årsof, tjørved for 15 rd, 4 t korn, vel 32 rd i kontantar.

Enkja Marie gifte seg att med

Lars Pedersen Tvergrov f ca 1678 d ca. 1728

Br 1707-1728

Born: 1. Hilde f ca. 1709, g p br

2. Marie f 1712, dp i Burgund, fadd. Eli Olsd. Hatlemark bar barnet, Kari Mørset, Siri Knutsd. Midtgård

Bygsla 1 v i Myrset «som Peder Olsen fradøde». Bygselsetel frå Ole Larssen Abelset.

I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og eit barn. Hadde dreng med 2 rd i årsløn, og skatta av 8 par skor. Skreiv i 1721 frå seg retten til bruket på Tvergrov i Hjørundfjord. Marte g 3. Ole Hansen Stave.

Svend Olsen Ytre Ekornes (br 1.) f ca. 1702 d 1778 1728 g Hilde Larsd.

Myrset f ca. 1709 d 1773

Br 1728-1761

Born: 1. Lars f 1729 d 1730. ½ år 13 veker

2. Marte f 1731 g Knut Hanssen Midtgård (br 1)

3. Lars f 1734 d ug 1768. Hadde barnet Guri f 1756 (mora Anne

. Olsd. Grebstad «bekjendte 2 dreng», den andre var Arne

. Askjellsen Velle).

4. Ole f 1737, g 1762 ek. Gunilde Nilsd. Glomset f 1719. Han fytte til Glomset og d 1788

5. Svend f 1742, g p br

6. Peder f 1745, bleiv 1790. Gbr på Eidsnes. Hadde to born utanom ekteskap: Guri f 1764 (mor: Kirsti Pedersd. Midtgård). Lars f 1769 (mor: Anne Arnesd. Sunde)

7. Lisbet f 1749, d 1793, g Ole Gundersen Kongshaug

Svend Olsen kom til Myrset frå Straume i 1726. Fekk auksjonskøyte på 18 mk i Myrset frå Jens Jørgen Heyde i 1734.

Om sonen Peder og Kirsti Pedersd. Midtgård veit vi at dei var syskenborn. Peder sin far og Kirsti si mor var sysken. Peder hadde alltid tedd seg bra og skikkeleg og jenta var «meget tåbelig og enfoldig». Peder vart dømd til 2 år på Bergenhus festning og Kirsti til arbeid på Bergens tukthus i 2 år. «Begge afstraffes på sin yderste formue og stande aabenbare skrifte.» I 1769 vart Peder gift med Lisbet Olsd. Veibuststrand.

Sk. etter Hilde 1773: Brutto vel 71 rd, netto ca. 36 rd.

Svend Svendsen Myrset f 1742 d 1802

1766 g Berte Pedersd. Fet f ca. 1746 d 1806

Br 1761-1798

Born: 1. Peder f 1767, g p br

2. Anne Berte f 1769, d 10 dg

3. Lars f 1770

4. Ole f 1773 d 1831 spedalsk. G 1811 Anne Olsd. Hundeide br 1 (1788-1857). Bustad Lyshol. Bd I s 260

5. Guri f 1775, g 1 1799 Knut Rasmussen Veibustreite. g 2. em. Arne Olsen Indre Årsnes f Øye i Ørsta

6. Guri f 1786

Ved Christopher Abelset fekk Svend bygselsetel frå Margrete Prebende 24/9 1761. I 1770 var der 2 kvernar på Myrset, i 1778 var ei av dei ubrukeleg og ei ny kom til året etter. I 1792 møtte han «for almuen» på tinget på Sæbø saman med Knut Våtmyr. I 1798 skulle han få dette kåret «i fall det fornødiges»: 4 t havre, 4 t bygg, 2 kyr, 6 småfe.

I 1800 gav han sonen Peder skøyte på 18 mk i Myrset for 10 rd.

Peder Svendsen Myrset f 1767 d 1848

1800 g Kirsten Kristensd. Riksheim br 1 f 1774 d 1842 (ho vart sidan mest

kalla Kristi, ved dåp står Kirsten).

Br 1798-1833

Bygselsetel frå C. M. Møller Abelset 6/6 1798. Kår. Som nemnt vart han

19/10 1805 redda i havsnaud då han saman med Jon Olsen Midtgård heldt på å drage line og båten vart kasta rundt av ein sjø. Dei kom seg opp på kvelvet, men båten gjekk rundt to gonger før dei vart redda.

I 1810 kjøpte Peder husa på Hjellbakken etter Jakob Olsen som rømde frå bygda med familien.

I 1831 var Peder med i matrikuleringskommisjonen. Den 2. juni 1833 fekk han kongeskøyte på bruket, 1 v fisk, av det 1 pd 12 mk utan bygsel, for 250 spd. Då sykkylvskyrkja vart seld på auksjon til «Søkelvens kirkesøgende almue» var Peder mellom dei 12 menn som skulle garantere at kjøpesummen vart betalt og at alle vilkår vart oppfylte.

Sk. etter begge 1/3 1848: Brutto ca. 163 spd, netto ca. 113 spd. 16 bøker av religiøst innhald 4-3-21.

Størker Størkersen Utgård br 1 d 1834, 33 ½ år

1831 g Laurentse Marie Kristensd. Riksheim br 1 f 1805 d 1840

Br 1833-1834, enkja til 1836

Born: 1. Peder Kristian f 1832 d 1 ½ dg

. 2. Peder Andreas f 1834, g p br

Sk. etter Størker 11/12 1834: Brutto ca. 409 spd. netto ca. 302 spd. Den

19/12 1835 vart bruket verdsett til 250 spd og enkja og sonen Peder

Andreas fekk kvar sin halvpart.

Enkja Laurentse gifte seg att med

Ole Severin Steffensen Bjørnevik f 1805 d 1895

g 1. 1836 ek. Laurentse Kristensd. Myrset (1805-1840)

g 2. 1841 Gjøre Marte Olsd Gjörvad f ca. 1813 d 1848

g 3. 1849 Olave Berntsd. Straumsheim br 1 f 1820 d 1864

Br 1836-1855

Barn i 1. ekteskap:

1. Severine *Kristofa* f 1837 g 1859 Syver Bastian Larss. Stave (br 1) f 1832

Born i 2. ekteskap:

2. Karl Ludvik Kristian f 1842 (Våtmyr)

3. Inger Severine f 1844, 1870 g Lars Karoluss. Honningdalsnes.

Born i 3. ekteskap:

4. Johanne Marie f 1850 g Jens Nilssen Midtgård, bustad Sætre, bnr 1

5. Ole Bastian f 1857 d 1862

Den 26. sept. 1836 var der auksjon over arvegodset til Peder Andreas etter faren, og den 25. sept. 1840 var der auksjon over meir av Peder Andreas sitt arvegods og over det Kristofa Olsd hadde ervt etter mor si.

På desse auksjonane vart det selt kyr (m. a. Reienkolle, Snerei og Dagrei), småfe, fiskereiskap, ein sølvtomling etc. Ole Steffensen kjøpte så mykje på desse auksjonane at han i 1849 hadde ein gjeld på auksjonspengar på vel 93 spd. I 1850 var gjelden hans ca. 79 spd, og han måtte setje i pant det han åtte i garden, den kyrkjeparten som høyrde til bruket, 1 grå 7 års hoppe, 6 kyr, 20 småfe etc. 3 kalvkyr var før pantsatte til Tommesen i Tusvik.

I 1838 la Ole Severin eid til konstitusjonen. I 1845 sådde han ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 2 ½ t poteter. Han Fôra 1 hest, 9 kyr, 16 sauer, 6 geiter og 1 gris.

Ole Steffensen heldt ute båt (sjå under Fiske i innleiinga til Hundeidvik).

Sk. 31/8 1840 etter Laurentse: Brutto, 287 spd, netto 249 spd. Sk. 2/3 1849 etter Gjõe: Brutto vel 380 spd, netto ca. 296 spd. Av dette fekk enkjemannen ca. 106 pd mot panterettsutlegg til dei to borna til Gjõe .

(Om foreldra til 3. Kona til Ole Steffensen, Olave, sjå Bernt Amundsen Straumsheim, Olag.)

Peder Andreas Størkersen Myrset f 1834 d 1911

1855 g Kanutte Berte Marie Hansd. Midtgård (Toreg.) (1831-1911)

Br 1855-1882

Born: 1. Hans Størker Olaus f 1856, g p br

2. Laurentse *Kristofa* f 1859 d 1909, 1882 g Peter Petersen Tjønes (1862-1934) (Rasmusg.)

3. Anne Olave f 1864, 1893 g Ole Martinus Bastian Iversen Hjorthol. Bustad Midtgård bnr 3

4. Berte Kristine Lovise f 1871, 1898 g Jørgen Ols. Løvoll (br 3)

I 1865 sådde han ½ t bygg, 3 t blk, 3 ½ t havre og 3 t poteter. Fôra 1 hest, 10 kyr. 20 sauer og 1 gris. Bruket hadde på denne tida 27 dekar åker og dyrka eng av mykje god kvalitet, 68 dekar natureng av god kvalitet, mindre god hamnegang, garden nokså lettbrukt. Matr.føreb. arbeidet frå 1860-åra har desse tala for avling: 3 t bygg. 18 t blk, 27 t havre og 21 t poteter.

I 1875 sånad 3 t blk, 5 t havre, 4 t poteter, buskap 1 hest, 6 kyr, 4 kalvar, 14 sauer og 1 gris. Kårmannen hadde 2 kyr og 3 sauer.

Hans Størker Olaus Pedersen Myrset f 1856 d 1947

1882 g 1. Marie Eline Johannesd. Midtgård br 3 (1862-1902)

1905 g 2. Berte Lovise Larsd. Fauske (1866-1929)

Br 1882-ca. 1930

- Born: 1. Petter Johannes f 1883, p br
2. Kanutte f 1888, g 1909 Andreas Iversen Mehl f 1880 på Nordfjordeid. Bustad Nordfjordeid
3. Olave Jensine Lovise f 1891, g 1914 til Jarnes bnr 8
4. Berta f 1898, d 1977

Fekk skøyte på bruket frå faren 22/10 1898 for 3000 kr. Kår. - Hans Ola reparerte Sykkylvsbrua ved Hjellbakk og rekninga han sende til kommunen vart anvist til betaling: kr. 1,50. - Han var medlem av heradstyret, overligningsnemnda og av styret for Sykkylven Sparebank. I 1880- og 1890-åra var han mykje med i Hundeidvik Misjonsforening, også som formann.

Peter Johannes Hanssen Myrset f 1883 d 1965

Br ca. 1930-1965

Peter var lenge fiskar. Var eigar av fiskebåt i lag med Ole J. Kurset til sistnemnde døydde i 1919, sidan saman med Lars J. Kurset. Det var ein 42 fots båt som sidan vart påbygd til 48 fot. Vinterfiske etter sild og torsk. Bygde nytt stovhus i 1931, 13,2 x 8,2 m på 2.6 m høg betongmur. Nokre år før hadde han bygt nytt sirkelsagbruk med elektrisk motor og det beste utstyret. Han var i mange år revisor i Sparebanken.

Systema Berta stelte huset for han. Etter at han døydde har der ikkje vore brukar på garden. Andre har slege graset der.

Bnr 2 ELIASGARDEN

Som alt nemnt låg Myrset øyde kring 1530. Det er ukjent kva år gardsdrift kom i gang att der. Men det ser ut til at dei enno i dei første tiåra på 1600-talet er etterverknad etter den lange stansen i drifta, og at det så gå jamt framover.

Ole

Br 15 . .-1606

Han la i 1603 ½ mæle i korntiend og åtte 2 mæling odelsjord. Ettermannen hans var truleg sonen.

Nils Olsen Myrset

Br 1606-1612

Korntiend hans var jamt over 2 ½ fj og han var eigar av 1 mållag jord i 1610.

Nils Jørgensen

Br 1612-1628

Nils vart utreidd til Kalmarkrigen av Lars Myrset og Paul Utgård i 1611, og det er ikkje nemnt at nokon gjekk ut i staden hans. Men i 1612 tok han over bruket, og kvart 3. år la han 3 års bygsel av 3 mællag med 1 ½ ort. Men i 1624 la han 3. års bygsel av 6 mællag med 3 ort. Tienda hans det året var 1 mæle korn. I 1628 la han ½ rd i odelskatt av 2 mællag odelsgoods. Han hadde ei dotter som vi ikkje kjenner namnet på, men som vart gift med

g N. N. Nilsd. Myrset

Br 1628-1664 (heile), 1664-1684 (i lag med sonen Jon). Etter aldersoppgåva i 1666 skulle Knut Olsen vere fødd kring 1592, men var truleg fødd mange år seinare. Han la i 1628 14 rd i 1. bygsel av 4 mællag som hans «svigerfader Nils Jørgensen for hannem oplod» (Bhl pk 47). I 1642 betalte han landskyld av ½ v Elgesætergods, som året etter var krongods. 16 skill. i koppskatt i 1645 for seg og kona. I 1650-åra odelskatt av 1 v i Indre Årsnes i Hjørundfjord.

I 1657 krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 9 kyr og 2 sauer med 5 ½ slettmark.

Knut Olsen la i 1675 21 mk bygg og 2 pd 6 mk havre i tiend, og var eigar av 18 mk i Myrset heilt til 1684.

Jon Knutsen Myrset f ca. 1640

Br 1664-1684 (i lag med faren)

Br 1684-1705 (åleine)

Born: 1. Ole Jonsen Straumsheim (bnr 5)

2. Knut, g p br

3. Sølvi, g Ole Sjursen Midtgård bnr 3

4. Anne f ca. 1671 g Lars Larssen Straumsheim (bnr 3) I tida 1664—1684 er Jon i nokre lister nemnd som brukar åleine, i andre saman med faren. Der er inga aldersoppgåve for Jon i prestane si liste i 1666. Det er nok mest i namnet at faren er brukar etter 1675.

Knut Jonsen Myrset f ca. 1680 d 1761

ca. 1703 g Kari Larsd, Straumsheim (br 3) f ca. 1674 d 1754

Br 1705-1747

Born: 1. Jon f 1705, til Hovden bnr 2

2. Lars f 1711 d 1744

3. Brit f 1713, g p br

4. Knut f 1716, svak, på fattig legd

Etter aldersoppgåve ved død skulle Knut Jonsen vere fødd ca. 1677, etter manntalet 1701 var han 20 år då. I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og eit barn og hadde dreng med 4 ort 8 skill. i årsløn. Først i 1720-åra fekk han skøyte på dei gardpartane i Myrset som syskena hans hadde ervt (skøyte 24/11 1721). Ny bygselsetel frå Christopher Abelset.

Knut Pedersen Utgård br 1 f 1722 d 1748 1/1 1748 g Brit Knutsd. Myrset f 1713

Br 1747-1748, enkja til 1749

Knut fekk bygselsetel på 1 v i Myrset frå magister Hollweg 17/4 1747
Enkja gifte seg att.

Jakob Jonsen Fet f ca, 1718 d 1756

1750 g ek. Brit Knutsd. Myrset f 1713

(ho vart no kalla Berte)

Br 1749-1756

Born: 1. Jon f 1750 d 1814, g 1787 Johanne Pedersd. Erstad bnr 1. Br.

Kristiang, på Sunde 1787-1807. Son hans vart plm i Utgård

2. Johanne f 1753, g til Kurset Nedre.

Jakob fekk bygselsetel 16/5 1749 frå Chrf. Abelset; det var Margrete Prebende-gods.

Enkja gifte seg for 3. gong, med

Lars Pedersen Aure f ca. 1725 d 1788

1757 g 1. ek. Berte Knutsd. Myrset f 1713 d 1784

1786 g 2. ek. Marte Størkersd. Hesseberg f ca. 1738 d 1811

Br 1757-1788, enkja til 1789.

Han hadde systera Tyri g sersjant Pihl på Aure, og broren Paul på Svartebekk. Saman med Paul kjøpte han ei hustomt på Varholmen (sjå Svartebekk). Marte Størkersd. hadde og slekt i Sykkylven: Ei syster med same namn var gift på Andestad, og Lars Størkersen Eidem var broren. Marte sjølv var frå Aure, mora frå Melset. Sjå B I s 421. 1768 var Lars under vårfiske i slagsmål med Halstein Grebstad som vart dømd til å betale 9 rd til Reknes hospital.

Sk. etter Lars 27/5 1788: Brutto vel 214 rd, netto ca. 163 rd. - Som enkje vart Marte etter stemning av Peder Paulsen Hellen dømd til å betale han tenarløn i klede etc. til 4 rd.

Marte var enkje etter Elias Mathiassen Kippervik då ho kom til Myrset. I første ekteskapet hadde ho dottera Berte Eliasd., og det vart ho og mannen hennar som tok over Eliasg. på Myrset. Ved giftarmålet vart Berte Eliasd. kalla Hesseberg.

Isak Olsen Nøre Kaldvatn d 1813, 48 år
1789 g Berte Eliasd. Hesseberg f ca. 1765 d 1819
Br 1789-1813

Born: 1. Elias Karolus f 1790, g p br
2. Ole Andreas f 1792, d 1841, g 1826 Anne Marie Ols. Kurset bnr
1 f 1796
3. Ingeborg Marta f 1795, g Nils Jørgensen Midtgård (bnr 4)
4. Lars f 1798 d 1829, bustad Lauvet, Jarnes, g 1826 Karen Lau-
rentse Olsd. Midtgård f 1803 (br 1) Ho g 2. Lars Hanssen Tand-
stad (Pålg.)
5. Ågot Oline f 1801, g 1839 Utgård bnr 6
6. Marte Severine f 1805, g 1839 Lars Jakobsen Hesseberg

Bruket hans var Margrete Prebentlegods og han fekk bygselsetel frå C.
M. Abelset 3/6 1789. Året etter fekk han skøyte på 18 mk jord som
svigermor hans hadde ått. Ved sk etter Isak 25/11 1814 fekk dottera
Marte Severine desse 18 mk. Hovudskifet etter Isak var 28/5 1813: Brutto
ca. 241 rbd, netto ca. 140.

Elias Karolus Isaksen Myrset f 1790 d 1877
1814 g 1. Nille Marie Olsd. Hundeide (br 1) f 1785 d 1837
1838 g 2. Marie Rasmusd. Andestad f 1805 d 1882
Br 1813-1845

Born: 1. Isak Olaus f 1814 d 1837, bleiv på havet
2. Ole Martinus f 1816, g p br
3. Elling Johannes f 1818, g 1849 Anne Severine Pedersd. Utgård
. br 3. Plm Utgård Lerskog bnr 7
4. Berte f 1820, g 1856 John Johnsen Brekke
5. Magnus *Martinus* f 1822. g 1857 Karen O. Magerholm
6. Bernt Olaus f 1825, g 1852 Ane J. Vik f 1826 i Nærøy
7. Johannes f 1828 d 1850, bleiv på Veddevika

Bygselsetel frå handelsmann Krey si enkje 11/6 1813. Kyrkjeparten som
låg til bruket vart seld til T. O. B. Knutsen som selde han til sorenskrivar
Holmboe for 17 spd i 1842. Elias Isaksen fekk kongeskøyte på bruket
14/12 1859. Året etter seide han bruket til Bernt Toresen Hundeide for
650 spd. Kår. Bruket fekk namn etter Elias.

Ole Martinus Eliassen Myrset f 1816 d 1854
1845 g Gjertrud Rasmusd. Andestad f 1812
(far og son gift med kvar si av to systre)
Br 1845-1854. enkjja til 1860

Born: 1. Marte Petrine f 1845, g p br
2. Borte Johanne f 1850 d 1912, 1889 g em. Hans Rasmussen
Solevågseid frå Furnes i Sunnylvn, alias Hans Korsedal f 1835
d 1930

I 1845 sådde Ole Martinus 1 t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 2 ½ t poteter, og
fôra 1 hest, 9 kyr, 16 sauer, 6 geiter, Gjertrud gifte seg att med

Peter Johannes Kristensen Solevåg f Hundeide. d 1866, 48 år
(son til Kristen Jonsen Solevåg f Midtgård br 3)
br 1860-1866, enkja til 1867

Bruket hadde i 1860-åra 25 dekar «mykje god» åker og dyrka eng, 67
dekar god natureng, nokså lettbrukt. Sådde ½ t bygg, 3 t blk, 4 ½ t havre
og 3 t poteter. Avla 3 t bygg, 18 t blk, 24 t havre og 21 t poteter. Etter
folketeljinga 1865: Buskap 1 hest, 10 kyr, 20 sauer.

Petter Hanssen Erstad (Hansg.) f 1838 d 1929
1867 g Marte Petrine Olsd. Myrset f 1845 d 1928
Br 1867-1919

Born: 1. Olave Fredrikke Eline f 1867 g til Kusetgjerde br 1
. 2. Hans Peter Johan f 1869 d ug 1949
3 Ole Andreas Martinus f 1872, g Malla Knudsd. Lillekalvøy
(1867-1934). Bustad Ålesund. Byggmeister
4 Lovise Petrine f 1874 d 1956, g 1897 Laurits Karlsen Brathaug.
f 1875 d 1959. Bustad Grønmyr
. 5. Berte Eline Karoline f 1877 d 5 veker
6. Berte Tomasine f 1878 d 1970. Ved Langevåg Fabrikker i ca.
50 år
7. Fredrikke Jensine f 1881 d 1951
. 8. Petter Elias Bastian f 1881 (tvill.) d 1908
. 9. Lars Olaus Martinus f 1884, g p br
. 10. Karl Johan f 1887 d 1960, fekk del av bruket.

Då Petter kom til Myrset var der mykje å ta fatt på. Han bygde i alt 11
hus: Stovehus, løe, stabbur, smie, sommarfjøs, seterfjøs, sel, kvernhus og
naust, vedhus og torvløe. Han bygde og mange båtar, laga truskemask- og
drøftemaskinar, dreia rokkar og smidde beslag til dei.

I 1875: Sår 3 t blk, 5 t havre, 4 t poteter, 1 hest, 1 føl. 5 kyr, 2 kalvar, 8
sauer. 1 gris. Kårmannen 2 kyr, 4 sauer. Gjertrud: 1 ku. 3 sauer.

Då branntrygdelaget kom i gang i 1886, vart Petter vald til å ta del i
takseringsarbeidet i kvar krins for å få større einskap i arbeidet, «og blev
der ham derfor bevilget 80 øre pr. dag».

Lars Pettersen Myrset f 1884 d 1955
1919 g Laura Larsd. Utgård br 3 f 1898
Br 1919-1955

Born: 1. Peter f 1919 d 1931
2. Olivia f 1921, g 1952 Peter Tomassen Riksheim br 26 f 1920
3. Lars f 1923, g 1954 Oddbjørg P. Trandal. Lars er møbeltapetserar. Bustad Gåseide.
4. Ole Jermund f 1924, g p br
5. Kåre f 1926, g 1948 Solveig B. Vangsmo f 1924. Han er salmakar. Bustad Borgund.
6. Petra Marta f 1932, kontordame i Oslo.

Lars nydyrka kring 10 dekar på garden, bygde nytt sommarfjøs og eit sagbruk.

Som bygningsmann var han med på att reisinga av Ålesund etter brannen i 1904. Dreiv elles lenge fiske, både som hovudyrke og som attåt-næring. Lars var lenge med i blandakoret i grenda som god bassongar.

Ole Jermund Larssen Myrseth f 1924
1955 g Anny Augustsd. Sunde f 1933 i Bud i Romsdal. (Sjåbnr 15 Erstad)
Br 1955-

Born: 1. Lars Eldar f 1955, stud. med. Har vore eit år i Indonesia i studietida
2. Arild Kato f 1958. elektrikar, bustad Ålesund
3. Linda Beate f 1960 d 1964
4. Merete Linda f 1965, vidaregåande skule
5. Ole Andrè f 1967
6. Kjetil Rytter f 1970

Ole bygde ny løe i 1955 og stovehus i 1960, og flytte då tunet ca. 65 m lenger ned. Løa vart innreidd med 2 siloar, drikkekar for alle dyra og ribbegolv til sauene. Eige rom for siling og kjøling av mjølk.

Bnr 3 BØEN

Karl Pettersen Myrseth f 1887 d 1960
1914 g Anna Jensd. Gjævenes br 2 f 1891 d 1922
Br 1922-1960

Born: 1. Marthe f 1915, g 1949 Jakob O. Utgård bnr 10 f 1908
2. Petter Johan f 1917, p br
3. Olava f 1918 d 1966
4. Jens f 1920, kontorsjef, Ålesund

Karl dreiv fiske før han tok over eit stykke av farsgarden. Bygde stovehus ca. 1920 og løe ca. 1923. Nytt stovehus i 1950. Stykket han tok over var for det meste udyrka, og han dyrka mesteparten.

Petter Karlsen Myrseth f 1917

Br 1960-

Før han tok over bruket var han først nokre år på møbelfabrikk, sidan i 17 år på margarinfabrikk på Hamar, og så bygningsmann i Ålesund i 20 år. Både medan han var på Hamar, og særleg seinare, var han ofte heime og arbeidde på bruket, særleg i våronn og slåttonn. Det var dårleg med arbeidshjelp etter at faren vart sjuk. Men Olava, som var invalid etter lungeoperasjon, greidde det utrulege. Dei hadde 5 mjølkekyr og 2-3 ungdyr. Tidlegare og sauer. Etter at Olava døydde, vart Petter åleine. Han reiste heim frå Ålesund kvar helg, og dei siste åra har han budd heime og drive bygningsarbeid. Var med i krigen i 1940,

Petter var tidlegare ein flink amatør fotograf, vann mange premiar og fekk diplom i ein landskonkurranse. Hobbyen hans i seinare år har vore å lage feler, særleg hardingfeler, ca. 20 til no.

Bnr 4 GAMLEHUSET

Petter Olsen Myrseth f 1895

1918 g Bergljot Ellingsen f 1895 i Ålesund

Petter er son til byggmeister Ole Myrseth i Ålesund og har hatt fast bustad

der som kontorsjef. Bnr 4 på Myrseth har vore brukt som feriestad. (Om Ole Myrseth sjå Ytre Ikornnes.)

Huset her var gamlehuset på bnr 2, og Petter kjøpte huset med tomt av Ole Myrseth på bnr 2 i 1960.

LIAPLASSEN

Sjå under Hovden.

Gnr 54 UTGÅRD

I dei første åra av 1600-talet vart både Utgård og Midtgård og av og til også Hundeide kalla Hundevig. Dette kan tyde på at der har vore ein eldre gard Hundevik som er vorten delt i tre. På den måten får ein den beste tydinga av Midtgård, garden med Utgård og Hundeide på kvar side.

På 1600-talet vart det Stundom skrive Hundevig Udgaard og Hundevig Midtgaard. Men snart fall Hundevig bort som gardsnamn og lever vidare berre i forma Hundeidvik som grendanamn.

Eldre former elles: 1520 Ytstegard, 1603 Udvig og Ytter Hundevig, 1621 Udgaard, 1667 «Hundevigen og Midgaard derunder» (Rekneskapen for sykkylvskyrkja). Dette vil berre seie at også Midtgård vart kalla Hundevigen, og tyder på ingen måte at Midtgård var underbruk under Utgård. Midtgård var den største garden i Hundeidvik. Elles ser det ut til at heile uttrykket her er brukt berre om Midtgård, etter som Utgård er nemnt for seg på same lista.

Så seint som 1699 finst forma Udgaard Hundevig, sidan berre Udgaard og Utgård. Daglegtalet har forma Uggaren, som mest har vore brukt om bnr 3. Også den vanlege skriveforma Utgård har einstavings tonelag (som i «sinnet» = sjela, og ikkje som «sinnet» = harmen).

Utgård er sentret i Hundeidvik, med landhandel, ferjestad etc. Grensar i nord til Kursetgjerde, i aust og nordaust til Myrset, i sør til Midtgård og i vest til sjøen. Den lengste tida har der vore tre hovudbruk i Utgård og alle husa låg samla om lag der bnr 3 vart åleine sidan. Dei eldste namna vi kjenner på hovudbruket er Størkågarden bnr 1, Jakobgarden bnr 3 og Andersgarden bnr 9. Kva tid Andersgarden flytte ut er uvisst, men truleg har det gått slik for seg. På 1700-talet var Andersgarden ei tid delt, og husa til den eine delen er vel då blitt bygde der Andersgarden vart verande etter at garden igjen vart eitt bruk. Størkågarden flytte ut og vart til Nygarden for mindre enn 100 år sidan.

Den 3. november 1834 møtte brukarane i Utgård i Nedre Søvik i forlikskommissjonen for å prøve å verte samde om ei minneleg utskifting, men det vart ikkje forlik. Året etter kom utskiftinga i gang med desse skjønsmennene: Klaus Amundsen Hole. Hans Rasmus Hanssen Straumgjerde, Martinus Pedersen Dravlaus og Bernt Knutsen Vik. Til då hadde det vore hopehav med teigbyte i åker, eng og skog. No fekk Andersgarden si innmark i eitt stykke, og dei to andre fekk sitt i 3-4 stykke. Av gamle åkernamn og andre stadnamn frå dette skiftet kan nemnast på bnr 1: Jellerøstskiftel, Storrusten, Lillerusten, Ytstemyr, Sætrebakken på bnr 3: Skalde, Størkåreit, Lillehaug. Ytsteåkeren, Siriåkeren, Vaadil, Rinden. På bnr 9: Nauståkeren, Niben, Gjellreiten.

Bnr 3 hadde ein teig, Hagardsteigen, heilt ut til bytet med Gjerdshagen. Vegen dit var ein sledeveg som gjekk etter bakkekanten ca. 80 m nedanfor den noverande Øvre Kursetvegen. «Storeveien» vart denne råsa kalla. Kvernane sine hadde Utgård i Raudåa nedanfor der løa til bnr 1 er no.

I gamle dokument finn ein mest om utmarka. Frå fjøsane i Utgård

gjekk det ei geil opp i utmarka . Dit vart kyrne jaga om morgonen og heimatt om kvelden. Først etter utskiftinga i 1900 vart det bygt sommarfjøsar i utmarka. Men seter hadde Utgård hatt frå gammalt av inn mot Myrset-stølen. Der var gjerde ved Høgslefonna så beitet vart delt i to. Om våren og hausten beitte dei heimanfor gjerdet. Og dei 6-7 vekene dei var på setra beitte dei frammanfor Høgslefonna.

EIGARAR

På 1500-talet var det meste av Utgård Giskegods. I 1582 selde Gyrvild Fadersd. Gyldensparre alt jordgodset sitt på Vestlandet og i Nord-Norge mot å få att jordegods i Skåne. Slik vart Utgård krongods. I 1586 fekk ein av kongens embetsmenn, Johan Svahe, forleningsbrev på tidlegare Giskegods. Etter som Giske vart eige len, vart gardane som høyrde til Giskegodset før det vart krongods, i lang tid framleis kalla Giskegods. Vi finn såleis lite om Gjævenes og Utgård i t.d. Bergenhus lensrekneskap, der manglar dei i dei fleste listene. Før 1912 var det berre hovudbruka som hadde sel på setra. då kjøpte 4 av dei mindre bruka stova på Gravaplassen og sette den opp som sel.

I 1946 vart det bygt ny veg dit. Men like etter vart setra nedlagd, og i dag er det ikkje krøter i utmarka. Før siste verdskrig vart det hogt mykje ved i utmarka, alle hadde skogteigar. No får vedskogen vekse som han vil.

Torvmyra nær setermarka vart delt i store teigar, og etter vårvinna brukte dei fleste brukarane i Utgård fleire dager til torvspaing, og torvløene vart fylte. Torva var godt brensel som heldt, varmen lenge. Etter krigen vart det slutt med torvspainga og dei fleste av torvløene er neddotne.

I utmarka hadde hovudbruka kvar sitt slåttegjerde: Rystegjerdet, Smågjerdet og Storegjerdet. Opphavleg slo dei desse stykka i lag, sette opp såter, og delte høyet etter skylda. Dei to største bruka hadde då to slåttekarar kvar, dei andre ein. Gjerda rundt slåtestykka var vedagardar som dei reparerte kvar vår, og etter at det var slege sette dei opne leda.

Utskiftinga i 1900 galdt både innmark og utmark, medan det i tida 1932 til 1943 var utskifting berre av utmarka. Før vegen over eidet vart bygd, brukte folket i Utgård å gå og køyre over Hoggaplassen når dei skulle til utmarka. Den delen av denne råsa som låg ovanfor Hoggaplassen kalla dei Gøtå. Namnet kjem av det gn. ordet gata som lyder veg.

Utgård var part i fleire beitesaker på 1700-talet, såleis 1/10 1764, 30/9 1776 og 25/9 1777. Nokre slike saker er nemnde under andre gardar.

I 1648 skøyte kongen garden Utgård over til Hannibal Sehested. I 1659 var framleis 2 ½ v av Utgård Giskegods, medan Hjørundfjord kyrkje åtte ½ v. Denne parten kjøpte sykkylvskyrkja kort tid etter og vart i 1672 førd med 2 mællag 1 fj, som er ½ v 4 ½ mk. I 1680 har parten auka til ½ v 11 ⅔ mk; då var det mag. Christopher Hiermann som åtte resten av Utgård og hadde bygselretten til alt. Heile Utgård hadde no ei skyld på 3 ½ v 9 mk.

I 1693 fekk Nils Pedersen Assens på Grimmergård i Ålesund skøyte på 3 v 9 mk i Utgård. I 1713 sette Assens egedomen sin i Utgård i pant ved eit lån frå svogeren Jørgen Dischington i Bergen. Ikkje lenge etter døydde Assens, og enkja selde Utgård til Jørgen Hanssen Høeg i Vegsund, bortsett frå kyrkjeparten, som var med i kyrkjesalet både då major Rømer kjøpte kyrkja i 1725 og då presten Hiort kjøpte den på auksjon etter Rømer i 1744.

I 1744 åtte Elisabet Høeg 1 v 3 mk i Utgård, i 1747 åtte Knut Høeg 1 v 15 mk.

Då kongen selde jordegods hadde han teke atterhald om løysingsrett, men i 1762 selde han reluisjonsretten sin (som det vart kalla) til 3 v 1 pd 20 ½ mk i Utgård til Knut Høeg for 21 rd. Knut Høeg døydde i 1772 og ved skifte etter han i 1775 gjekk egedomen hans i Utgård over til brordottera Cecilie. Men mannen hennar, Peter Hofcaresius, måtte same året overlata Andersgarden til kongen i valdsbøter.

I 1780 kjøpte Anders Davidsen Kremmernes 1 mællag i Utgård av Hans Høeg, som i 1786 selde 1 v 3 mk i Utgård til Nils Wind. Han kjøpte kort etter endå ½ pd og åtte altså 1 v 15 mk. Anders Kremmernes kjøpte òg meir: 1 v 1 mællag 33 ¾ mk av Jørgen Høeg. Av dette selde han 1 pd 19 ½ mk til brukaren Jakob Olsen Utgård på bnr 3.

Ved sk. etter Nils Wind i 1799 gjekk 1 v 3 mk i Utgård over til sonen Nils Wind d.y., som i 1802 selde det til mor si Barbra Wind. Det året åtte Sykkylven kyrkje 1 pd 12 mk. kongen 1 pd 13 ½ mk. og arvingane etter Anders Davidsen 1 pd 7 ½ mk.

Skøyte til Jørgen Høeg på jordegods i Utgård og Midtgård:

Kiendis Jeg underskrevne Martha Jacobsdatter Dischingthun sal. Niels Pedersen Assens' efterleverske og hermed for alle vitterliggiør at efter di den gaard Døvigen udi Dahle skibrede som velagtbare og fornemme mand Jørgen Hansen Høeg hafde udi pant for reede laante penger vorden solt af min sal Mand til velfornemme borger Niels Langloe saa haver ieg efter min sal Mands derimod giorte løfter til vederlag og fornøielse herved af fri villie og velberaad Hu med mine kiære Børn og Medarvingers sam- tycke solgt. schiødet og afhendet som ieg herved ved dette schiødes kraft

selger schiøder og afhender til bem. Jørgen Høeg, hans kiære hustrue Elisabeth Knudsdatter, deris Børn og sande arvinger efterskrevne Jordegodtz udi Jørgenfiord skibrede, nemlig Hundevigen Udgaard 3 voge 9 mk fisk, i Midgaard 1 vog 1 pd 3 mk og Næs 2 pd 6 mk. tilsammen 5 voge 18 mk med bøxelrett udi Hundevigen i alt til 6 voge 9 mk fisk, hvorfor han efter voris forening og efter det av min sal Mand hannem om kiøb i mod hans forrige pantgiorde løfte fornøied haver erstattet og betalt med penge et hundrede halftredsinds tjuge og siuv rigsdaler, siger 157 rigsdaler saa ieg og mine betacker hannem for god opriktig behandling i alle maader, thi skal samme 5 voge 18 mk fiske leie med bøxelsret som før bemeldt, item dessen tilhørende lotter og lunder inden og uden gierds frå field til fiære, skov og mark, agger og eng, fiskevand og fægang samt al anden herlighed at hvad nafn det nefnis kand som der nu tilligget haver eller herefter med rette tilligge bør, følge og tilhøre før^{nte} Jørgen Høeg og hans hustrue samt deris Børn og sande arvinger til eet stedzevarende frit og frelst upaaanket og ugienkaldet Odell og Eiendom til Evig tid. Dette ieg hannem og hans arvinger og herved alle og enhvers paatale fuldkommen skadisløs hiemler og tilstaar i alle optenkelige og paakommende tilfælde efter som foreskrevet er og efter Lovens formeldende. Dette til Bekref- telse under min haand og min salige mands signette og kierlig ombedet min hulde svigersøn velædle og velbaarne Christopher Lossius saa og min datter Anne Lusia Assens dette skiøde med mig til uryggelig befæstelse vilde underskrive og forseigle samt venlig anmodende Kgl. Maj` velforordnede sorenskriver over Sundmør edle og velfornemme Sr. Henning Castberg høiagtbare og velfornemme mænd Sr Hans Møller, Diderich Kohte og Niels Stockberg med os til vitterlighed som værende vidner vilde underskrive og forseigle actum.

Aalesund den 12. des. anno 1 719

(Underskrifter av de ovennevnte)

Publiceret for Retten paa gaarden Hundeid d. 14. Februaris anno 1720.
(Frå Tingbok,)

MATRIKKELGARDEN

Gnr i Hjørundfjord var 10, sidan 157, 115. Skatteklasser halv gard.

Matrikkelskylda var i 1627 og 1637 4 v, i 1644 3 ½ v, i 1661 3 v 1 fj, i 1667 3 ½ v 9 mk (oftast skrive 3-1-21). I 1670 3 v 4 ½ mk. i 1742 3 v 2 mællag 9 mk.

Ny skyld 6 dlr. 8 skill., rev. 1890: Dei 3 hovudbruka M 8,35, i alt med plassar M 11,29.

Tienda var i 1666 2 t 3 mæler havre, 1 mæle bygg og ½ v ost. I 1717 3 t havre. 2 skjepper bygg og ½ v ost eller 3 ort 6 skill.

Gisketiend i 1718: 3 ⅔ pd havre. 48 mk bygg og 4 mk ost på kvart bruk. I 1738 fisketiend til Giske: 10 skill. I 1827: 3 mæler havre. 36 mk bygg. 1 ½ mk ost og 4 skill. fisketiend.

Leidangen: Leidangen til Giske 1 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1650 2 geiteskinn, i 1705 2 ort.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 3 mann

1626: 4 mann. Sår 8 t.

1644: 3 mann.

1657: 3 mann. Av dei 2 Giskebønder: Peder la krøterskatt av 1 hest, 6 kyr. 5 sauer og 4 geiter. Jetmund 1 hest. 5 kyr, 1 sau og 2 geiter

1666: 3 mann. Sår 9 t avlar 30 t. Fôrar 3 hestar og 30 kyr

1672: 3 mann. Ei lita bekkvern

1717: 3 mann. Sår 9 t havre, 4 skjepper bygg, avlar 30 t havre, 3 t bygg Før 3 hestar og 24 kyr. 1 kvern. Brennefang

1724: 3 mann. brenneved og litt annan småskog «til gårdens fornødenhed». Ei lita seter ½ mil frå garden. No inga kvern på garden. Ligg ved sjøen, lett vunnen «dog maver» til høy, men nokså viss til korn. Sår ½ t bygg, avlar 2 ½ t, sår 9 t havre, avlar 36 t. Føder 3 hestar, 18 kyr, 9 ungdyr, 18 sauer og 15 geiter. «Graver røtter til tjærevirke. Høeavling uviss at beskrive»

1774: 5 mann. 2 kvernar

1778: 5 mann. 1 av kvernane øyde

1802: 4 mann. På dei to største bruka, bnr 1 og 3, sår dei kvar 3 ½ t havre og ¼ t bygg, 6 foll. Fôrar 1 hest 8 kyr 16 sauer. 7 arbeidsfolk. Kvart bruk verdsett til 174 rd. Dei to mindre bruka verdsett til 87 rd kvar

1845: Sår 1 ¾ bygg, 7 t blk, 9 ¾ t havre, 9 ½ t pot. Før 4 hestar, 26 kyr, 33 sauer, 13 geiter, 2 svin

1865: Sår ½ bygg, 12 ¼ t blk, 16 ¼ t havre, og 15 t poteter. Føder 4 hestar 28 kyr, 68 sauer, Matr.føreb.arb. 1860-åra: 3 hestar, 40 storfe, 67 småfe.

1875: Sår 14 ½ t blk, 16 t havre, 20 ½ t poteter. Før 2 hestar, 3 føl, 35 kyr, 8 kalvar, 80 sauer og 15 geiter.

BRUKARAR

I 1520 var der i Utgård to brukarar som betalte tiendpengeskatt. Det var Elling i Ytstegard med 2 lodd sølv og 1 lodd sølv for barnepenning, og Laurits med 2½ lodd sølv. Der var kanskje ikkje fleire brukarar då, og samanhengen mellom desse og brukarane vi kjenner frå slutten av 1500-talet er ukjend.

Bnr 1 STØRKÅGARDEN

Anders

Br 15.-1610

Ole Anderssen Utgård f ca. 1592 d etter 1666

Br 1610-1657

Brukte i 1615 1 v bondegods og 18 mk kyrkjegods. Gav 2 kalveskinn i leidang av bondeparten og 2 skill. i leidang av kyrkjeparten, (Danske kanselli skap 9 RA.) I kontribusjon i 1628 «formådde» han 1½ rd. I 1645 la han 16 skill. i koppskatt for seg og kona, og hadde både dreng og jente i teneste.

Peder Olsen Utgård

Br 1657-ca. 1676

Born: 1. Ole. Han hadde dottera Marte d 1727, g Jon Amundsen Myklebust i Borgund
2. Gjertrud f ca. 1668, g p br
3. Kirsti g Henrik Hansson Nes f ca. 1656. han d før 1727. Han var spedalsk og var på hospitalet i Molde i 1723.

Peder Olsen brukte 4 mællag jord. La i 1657 krøterskatt til Giske for 1 hest, 6 kyr, 5 sauer og 4 geiter.

Knut Olsen f ca. 1646 d 1710

g 1. Brit Olsd. Hatlemark f ca 1654

g 2. Gjertrud Pedersd. Utgård f ca. 1668 d 1735

(lagverje Knut Olsen Midtgard)

Br ca. 1676-1710

Born: 1. Ole f ca. 1689? g p br
2. Brit f 1691, g 1728 Kristen Amundsen Ålesund
3. Anne f 1694, g Rasmus Olsen Straume
4. Peder f ca. 1698, g p br
5. Inger f 1704

Knut Olsen hadde desse syskena: Jetmund Olsen Nørvesund eller Dyn-gen. Knut Olsen Roald og Ole Olsen som var tenar på Årskog i Hjørund-fjord i 1711. Halvbror hans var Henrik Hanssen Nes som var gift med moster hans, Kirsti,

Knut Olsen brukte 4 mællag 15 mk. I det militære var han i flåten. Var skyss-skaffar i Hundeidvik

Sk. 6/9 1710; Brutto ca. 47 rd, netto 34 rd. M.a. 5 kyr. 4 kviger, 1 svart hest 5 år, 5 sauer, 4 geiter, 6 t havre.

Ole Knutsen Utgård f ca. 1689? d på Leira i 1743

g 1. N.N.

g 2. 1742 enkje Marte Olsd.

Br 1710-1721

Bygselsetel på 1 v 15 mk frå Nils Pedersen Assens i Ålesund. Ny bygsel i 1720 på 1 pd 19½ mk frå Jørgen Høeg. - I 1719 selde Ole eit mællag jord i Indre Årsnes som han hadde beste retten til, til Ingebrigt Olsen Hatle-mark.

Då Ole Knutsen flyte til Leira, tok broren Peder over Størkågarden.

Peder Knutsen Utgård f ca. 1698 d 1770

1721 g Berte Pedersd. Molaup f ca. 1697 d 1752

Br 1721-1747

Born: 1. Iver f ca. 1721, g 1746 Eli Pedersd. Nordang. Bustad Velle. Sjå bd 2 s 413

2. Knut f 1722, g til Myrset bnr 2.

3. Inger f 1723, g p br

4. Peder f 1726, g p br

Sk. 21/5 1752: Brutto 53 rd, netto ca. 42 rd.

Peder Pedersen Utgård f 1726

Br 1747-1750

Bygselsetel frå Knut Høeg 20/10 1747 på 1 v 15 mk. I 1750 gifte Peder seg med Marte Knutsd. Gjævenes og flytte dit.

Ole Jetmundsen Kurset (br 2) f 1730 d 1803

1751 g Inger Pedersd. Utgård br 1 f 1723 d 1796

Br 1751-1788

Born: 1. Knut f 1752, g til Erstad (Hansg. br B)

2. Jetmund f 1755 d 1758, vel 2 år

3. Bernt f 1758, g 1784 Marte Pedersd. Erstad br 1

4. Peder f 1760 d 1765, 4½ år
5. Peder f 1763 d 1828. Sjå bd 2 s 375 (Dravlaus)
6. Ole f 1767, g p br

Ole Jetmundsen fekk bygselsetel frå Knut Høeg 18/5 1751. I 1771 vart han legdsman for 22. legd.

I Ole si brukstid vart begge grannebruka delte, slik at han lét etter seg eit bruk som var dobbelt så stort som dei andre i Utgård.

Sk. etter Ole Jetmundsen 30/1 1804: Brutto ca. 308 rd, netto 247 rd. Ved auksjon etter han vart det selt for ca. 185 rd. Nokre sølv-, kopar- og tinnsaker, 1 god skinnbukse med massingknappar, 1 Brochmanns huspostill.

Ole Olsen Utgård f 1767 d 1802
1792 g Guri Jonsd. Lyshol (Rasmusg.) f. 1772
Br 1788-1802

Born: 1. Jan f 1794, d 5 dg

2. Ingeborg Marie f 1796, d 2 timar

Bygselsetel frå Nils Wind på 1 v 15 mk 6/9 1788.

Då dei ikkje hadde born som voks opp, kom det nye folk på bruket, og no vart òg Størkågarden delt. Den eine halvdelen tok ein stordaling over. Det var

Knut Arnesen Nakken f 1769
g 1792 Brit Sivertsd. Lied f 1765 på Stranda.
Br 1802-1804 (halve bruket)

Born; 1. Severin Andreas f ca. 1800 g 1843 Marte Knutsd. Almås f ca. 1812

2. Nikolai Bern f 1803, d 6 veker

3. Karen Lovise f 1811 på Rødsetsæter. Fleire sysken f i Stordal. Knut kjøpte denne gardparten av Barbara Hendrikke Wind, 1 pd 13½ mk med overbyggesel til 6 mk. Dette selde han til brukaren av den andre halvdelen av Størkågarden 1/8 1804 og flytte frå bygda. Før dei kom til Hundeidvik hadde denne familien butt i Stokke i Oaldsbygda nokre år. I 1810 finn vi dei att på Rødsetsæter i Stordalen. Knut hadde bygsla 2 pd 6 mk i Sæter av Ebbe Stavdal 4/5 1805. Til den andre halvdelen av Størkågarden kom

Størker Størkersen Øvre Lande f 1765 d 1842
1795 g Tyri Iversd. Amdam f 1770 d 1840
Br 1802-1804 (halve), 1804-1826 (heile)

- Born: 1. Berte f 1796 d 1825
2. Størker Olaus f 1801, g p br
3. Anne Marie f 1804, d 14 dg
4. Iver Andreas f 1808, g p br

Skøyte frå Barbara Hendrikke Wind på 1 pd 19½ mk. dat. 27. sept. 1802 (heilt identisk med skøyta til Knut Arnesen). Skøyta på Knut sitt halve bruk fekk Størker 1. august 1804.

I 1811 vart Størker stemnd av Elling Olsen Valbø for å ha «forstyrret tingfreden på siste høstting på Blindem». Ved same høve skulle Størker ha «talt ærerørigen om Elling i Almuens nærvær». Størker vedgjekk ikkje noko av dette, men til slutt gjekk han med på å betale 9 rd til fattigkassa og 10 rd til Elling i reisekostnader.

Som før nemnt åtte sykkylvskyrkja part i Utgård. Ved sk. etter fru Mechlenburg i 1809 vart kyrkjeparten i Størkågarden taksert til 4 rd. Både denne parten og partane i dei tre andre Utgård-bruka var ideelle partar med landskyldrett utan bygsel.

Sk. 5/3 1842: Brutto 50-4-14. gjeld 21-4-6.

Størker Olaus Størkersen Utgård f. 1801 d 1834

1831 g Laurentse Kristensd. Riksheim br 1 f 1805

Br 1826-1833

Skøyte frå faren 16/10 1826 for 100 spd mot kår. I 1833 flytte han til Pegarden på Myrset, der det var nær slekt. Ho som vart kårkona der var faster til Laurentse Kristensd. Bror til Størker fekk så ta over Størkågarden.

Iver Martinus Størkersen Utgård f 1808 d 1858

1834 g Marte Cecilie Martinusd. Aurdal f 1815 d 1901

Br 1833-1858, enkja til 1862

Born: 1. Størker f 1836, gift til Hundeide br 1

2. Emte *Tomasine* f 1839 d 1874, g 1858 Andreas Olsen Velle, bnr 6 Jakobg.

3. Ingeborg Marie f 1847, d 3 veker

Skøyte frå broren Størker Olaus 8/12 1833 for 150 spd. Eid til konstitusjonen i 1835. Med i kommunestyret frå 1839.

I 1853 vart Iver vald som oppsynsmann for Hundeidvik for førebuingar for ein eventuell koleraeindemi. Alt i 1832 hadde slike tiltak starta. Der skulle skaffast eit bestemt tal likkister og takast ut gravplassar. Slike gravplassar vart uttekne i Tusvik, på Erstad, i Øvre Søvik og på Melset. Om det ikkje vart for stor mortalitet kunne kyrkjegarden nyttast. Det var

nokre tilfelle av kolera i Bergen i 1849 som gjorde at saka vart teken opp att i 1850-åra.

I 1845 sådde dei i Størkågarden i ½ bygg, 2 t blk, 3½ t havre og 3 t poteter. Krøter: 1 hest, 8 kyr, 10 sauer, 4 geiter, 1 gris.

Iver sat godt i det økonomisk. Han kjøpte to gardar, eit bruk på Andestad i 1845 og eit bruk på Grebstad i 1848. Og han hadde pengar å låne ut mot pant i jord. Ved giftarmålet vart han eigar av Rasmusgarden på Lyshol.

Enkja gitte seg att i 1862 med

Hans Peter Olsen Midtgård (Sjursg.) f 1833 d 1908

Br 1862-1866

Hans barn før ekteskap: Knut *Tomas* f 1855 (mor: Karen Marie Klausd. Hole) *Tomas* kom sidan til Stave br 1. Om *Marte Cecilie* og *Peter* har tradisjonen ei historie som eg diverre vert nøydd til å avlive. Ho er slik: «Medan ho var gift første gongen bar ho *Peter* til dåpen, og då ho gav dåpsbarnet tilbake til mora sa *Marte*: «Dette skal bli andregifta mi.» Og slik vart det.» - Men då *Peter* vart døypt var *Marte* ugift og 18 år, og 18 år gamle jenter vart ikkje sette til å bere dåpsborn. Her er fadrane til *Størkå-Peter*: *Peder Pedersen Fet*, *Gjertrud Pedersd. Kurset*, *Peter Torsteinsen Brunstad*, *Jakob Knutsen Kursetgjerde* og *Anne Olsd. Blindheim*. - *Marte* var ikkje med ved den dåpen.

Peder hadde 32 dekar mykje god åker og dyrka eng og 64 dekar natureng av tilsvarande kvalitet. Meir dyrkbar jord. Sådde 3½ t blk, avla 21 t, sådde 5 t havre, avla 20 t, sådde 3 t poteter, avla 21 t. Krøter: 1 hest, 9 storfe, 18 småfe. Litt bjørkeskog. Garden nokså lettbrukt. (Matr.-førebuingsarb.) 1865: 1 hest, 9 kyr, 18 sauer. Sår 3½ t blk, 4 t havre, 2½ t pot.

Peter åtte eit bruk på *Brunstad*. (Sjå bd 2 s 665 og 689.)

Jens Halkjellsen Høgset f 1838 d 1924

1864 g *Johanne Gurine Johnsd. Aure* f 1838 d 1909

Br 1866-1899

Barn: *Lovise Marie Petrine* f 1874, d 8 dg

Jens bygsla bruket av *Størker Hundeide*.

I 1875 sådde *Jens* 4 t blk, 4 t havre og 5 t poteter. Krøter: 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 2 kalvar, 8 sauer, 4 geiter, 1 gris. *Kårmannen Peter Olsen* hadde 4 kyr og 9 sauer.

I 1881 vart *Jens* vald til å passe på, i sin krins, at krøtera vart skikkeleg stelte. Var i lag med *Jakob Petersen Kurset* om dette i *Hundeidvik*.

Tomas Størkersen Hundeide br 1 f 1875 d 1962
1899 g Petrine Johanne Kristiansd. Dybdal (1876-1949)
Br 1899-1955

Born: 1. Sigvart Oskar f 1900 d 1977

2. Kristian Hermann f 1902 d 1970, g 1930 Palma Larsd. Utgård
(Gjerdshagen) f 1906

3. Bertha Mathea f 1903, g 1929 Knut Jakobsen Kursetgjerde br 1
f 1900

4. Harald f 1905, utvs nr 980. G Aslaug Sunde f 1917

5. Torleif Petter f 1912, g p br

6. Karl Anton Nikolai f 1909 (Bd 1 s 433, 438)

Størkågarden flytte ut etter utskiftinga i 1900 og vart sidan kalla Nygarden. Dit kom den første telefonstasjonen i Hundeidvik ca. 1914, og i 1934 tok Tomas over posten òg, då Lars A. Utgård slutta som postopnar. Tomas var postopnar til 1953. Han var med å starte Privatbanken i Sykkylven og var med i styret der. Var fleire periodar i heradstyret og skulestyret.

Tomas bygde både stove og løe i Nygarden. Kvernhus hadde dei i Raudåa nedanfor løa. I Raudåa var og rikeleg med truskevatn, og dei brukte vasshjul heilt til ca. 1935.

I ungdomstida dreiv Tomas bygningsarbeid. Mellom andre stader bygde han hus i Lom, og det vert fortalt at då han skulle dit gjekk han heile vegen frå Hundeidvik.

Dei første åra som brukar hadde han 3 kårfolk. Peter hadde eit kamers i sørenden av huset og Johanne og Jens hadde to rom i nordenden.

Torleif Petter Tomassen Utgård f 1912
1946 g Karen Eliasd. Roth f 1920 i Vartdal
Br 1955-1978

Adoptivbarn: Torkjel Petter f 1954 i Oslo, p br

Torleif arbeidde på bruket frå 1942. Han har vølt mykje på husa.

Torkjel Petter Utgård f 1954

Br 1978-

Bur 2 STRANDEN

Ole Nilssen Groven f 1766 i Liabygda, d 1841
1805 g Anne Marte Rasmusd. Kjølås f ca. 1784 på Stranda, d 1852
Br 1811-1841, enkja til 1846

Barn: Anne Regine f 1809, g p br

Ole Nilssen var «av middels statur, 2 hamburger alen og 17 tommer høy, hadde sort hår og blå øyne. Var sterk af skuldre og been». Og styrke var godt å ta med for ein bygdevektar. Det vart han då denne institusjonen vart innført i Sykkylven i 1815. Han fekk det som vart kalla første distrikt, som omfatta Hundeidvik, Tusvikgrenda, Sørestranda, og Velledalen ovanfor Vellebrauta. Løna hans var ein av dei såkalla «tollane» og var oftast litt korn. Han måtte sjølv gå rundt på gardane og hente det. I 1839 måtte han stemne ein mann for forlikskommissjonen fordi vedkomande nekta å betale det Ole skulle ha, 6 mk havre eller 6 skill. Den innstemnde vedgjekk at det var fjerde vinteren at han hadde nekta å betale denne tollan, medan klagaren påstod at han hadde fått betaling berre ein gong på 20 år av vedkomande. Forliket gjekk ut på at mannen innan nyåret skulle betale 2 bismarpund havre. Men klagaren måtte betale noko til stemnevitna.

Ein gong melde Ole ein tenestgut for heimebrenning. Men guten nekta bestemt å ha brent eller selt brennevin. Det einaste brennevin han hadde hatt var det han fekk av husbonden sin «til at vederkvæge sig med i julen», (NSSTb nr 3. For retten i Tusvik 13/12 1826.)

Plassen var eit stykke mark som han bygsla i 1811 av Størker Størkersen Utgård d.e. Groven vart den gongen oftast kalla Graven, og plassen vart heitande Gravaplassen. I bygselsetelen heiter det at «pladsen, der hidtil har lagt (!) uopdyrket, kaldes Stranden». Ole betalte 6 rd i bygsel, og skulle arbeide i 3 veker kvart år på hovudbruket, Dersom brukaren der ikkje trong slik hjelp skulle Ole betale 3 rd årleg. Han skulle få 3 lass brenneved for året, og eit stykke på «seks favne i firkant» der han kunne ta mold.

Sk. 17/4 1841: Brutto ca. 44 spd, netto ca. 23 spd. Svingersonen som tok over plassen var

Kristen Johnsen Gjævenes br 1 f 1818 d 1860
1846 g Anne Regine Olsd. Utgård f 1809 d 1882

Br 1846-1860, enkja til 1864

Born: 1. Berte Petrine Jensine f 1845, g 1888 1. Hans Oppsal, g 2. Jørgen Melset (Ryingen). Bustad Oppsal
2. Olave Birgitte f 1846 d 4 veker
3. Ole Martinus f 1848, d 13 veker
4. Johan Tomas Martinus f 1849, til Jarnes (Grava-Johan)
5. Karl Andreas f 1854 d 4 veker

Sk. etter Kristen, sl. 1/3 1865 Enkja fekk stovebygninga med stove, kam-

mers og gang for takst 14 spd. Det var medan enkja sat med bruket at det vart fråskylddelt (1862). Skyld 1 ort, 1890 rev. 35 øre. Plassen hadde i 1860-åra 6 dekar «middelmådig» åker og dyrka eng, 9 dekar god natureng, 2 storfe og 3 småfe.

Iver Martinus Klaussen Eidem f 1831 d 1911

g 1. Karoline Kristensd. Solevåg f 1827 d 1880

(faren Kristen var frå Midtgård (br 3) mora Olave frå Hundeide (br 2)

g 2. 1881 Lovise Petersd. Kursetgjerde f 1850 d 1898

Br 1864-1911

Hans barn før ekteskap: Johanne Karoline f 1855 (mor: Berte Jørgensd.

Blakstad (br 3). Johanne g 1887 Peter Olaus Pettersen Fet.

Barn i 1. ekteskap:

1. Tomasine f 1866 d ½ år

Born i 2. ekteskap:

2. Karoline Marie f 1882 d 2 veker

3. Anne *Karoline* Marie f 1883, g 1910 Knut Olsen f 1881 i Volda.

Skomakar i Ålesand.

4. Kanutte Petrine f 1890, g 1913 Olav O. Festøy f 1890, bustad Slinningen. Fiskeskipper.

5. Ingeborg Marie f 1895 d 1915

I 1865 sådde Iver ¾ t blk, ¾ t havre og 1 t poteter. Fôra 2 kyr og 4 sauer. I

1875: Sådde 1 t blk, 1 t havre og 1 t poteter. Hadde sjølv 1 kalv og 6

sauer og fôra 2 kyr og 1 sau for andre. Ca. 9½ dekar jord selt til bnr 7.

Lerskog i 1902.

Petter Hanssen Utgård (Stormyr) br 8 og *Lars L. Hovden*

(Steina-Lars) kjøpte plassen etter Iver og delte han mellom seg. Petter

fekk skøyte frå m.a. Tomas S. Utgård 17/10 1912 for 425 kr. Lars L.

Hovden (Steinapl. Kurset) fekk skøyte 12/10 1912 frå dei same til same

pris. Det var Petter H. Utgård sin del som heldt fram med bnr 2, som no

vart skyldsett til 18 øre. Den største delen av Petter H. Utgård sitt bruk

var frå bnr 3 og hadde bnr 8. Men bnr 2 og bnr 8 vart ikkje slegne saman

til eitt. Den andre halvparten av bnr 2 vart no

Bnr 16 SOLBAKKEN

Lars Larsen Hovden

(sjå Steinapl. Kurset)

Br 1912-1933

Lars var den einaste av syskena som skreiv seg for Hovden. Han var målar av yrke. Han selde sin del av den tidlegare Gravaplassen, som han bygde hus på, til

Bjarne Olsen Rotnes f 1905 i Vartdal

g 1. 1927 Ida Lovise Synnes frå Vigra (1904-1954)

g 2. 1956 Hjørdis Nikolaisd. Stoksund f 1915 i Herøy

Br 1933-

Born i 1. ekteskap:

1. Rolv f 1928, sjå bnr 31

2. Borgny f 1931, g 1955 Lars Aase f i Borgund

3. Solveig f 1932, g 1956 Jakob Knuts. Kursetgjerde br 1

4. Ingebjørg f 1936, g 1959 Karstein Alfredsen Våtmyr f 1934

5. Ola f 1940, g 1963 Elsa Tverberg f 1940 i Hjørundfjord. Begge er lærarar og bur på Åse.

6. Kjell Leiv f 1943, g 1969 Gunhild Klokk f 1948 i Ramstaddal.

Barn i 2. ekteskap:

7. Bjørn Harald f 1957

Bjarne Rotnes har vore fiskeskipper. Har òg hatt arbeid på fabrikk.

Då han kjøpte halve Gravaplassen, kjøpte han både jord og hus. Han starta landhandel der. Bruket fekk skylda 17 øre.

Han tok òg over bnr 4 Remmeuren med skyld 1 øre, som var utskilt frå bnr 3.

Bnr 31 SOLSTRAND

Utskilt frå bnr 2 i 1957, skyld 2 øre

Rolv Bjarnesen Rotnes f 1928 på Vigra

g 1. 1953 Karen Madsd. Kvalsvik f 1931 d 1970

g 2. 1973 Petra Abelseth f Utgård 1927

(ho er dotter til Hermann og Kristine Utgård; hennar 1. mann Kåre Abelseth d 1969). Sjå Utgård bnr 29 frå bnr 6

Born: 1. Idar Bjarne f 1954

2. Roger f 1956

3. Sindre f 1957 d 1958

4. Morten f 1957 (tvill.)

5. Ståle f 1964

Mor til Rolv var syster til Lars L. Hovden som faren Bjarne Rotnes kjøpte sitt bruk av. Rotnes bygde stovehus i 1957.

Bnr 44 BERGLI

Konrad Anders Johnsen f 1940 i Stod
1963 g Ann May Oddsd. Fjelde f 1944 i Øverbygd
Born: 1. Nina f 1961
2. Eva f 1964
3. Monika f 1970

Johnsen er sjåfør og anleggsarbeidar. Bygde hus i 1969. Bruket utskilt frå bnr 2, skyld 1 øre (1968).

Bnr 18 SOLHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1917, skyld 0,33
Lærabustad (Sykkylven Kommune)
Andreas Nikolaisen Lyshol (1876-1954)
1900 g Anne Gurine Olsd. Grebstad (1879-1961)
(sjå bd 1 s 239)

Bnr 20 NYTUN

Utskilt frå bnr 1 i 1943, skyld 30 øre

Kristian Tomassen Utgård br 1 f 1902 d 1970

1930 g Palma Hansine Larsd. Utgård (Gjerdshagen) f 1906

Br 1933-1970

Born: 1. Olga Bastiane Kirsten f 1930, g 1950 Arne Nordstrand, Mekanikar. Bustad Aure. Bd I s 456

2. Petrine Tonny f 1931, g Alf Alnes f 1924. Fiskar

3. Ingrid Laura f 1933, g Øyvind Hernes f 1931, frå Harpefoss. Forretningsmann der. Då Kristian døydde, flytte Palma dit.

Kristian dreiv for det meste fiske. Han bygde stovehus i 1932 og løe i 1933.

Kristian Nordstrand

Han fekk skøyte på bruket i 1973. Han er dotterson til Palma og fekk skøyte frå henne. Bur på Aure.

Bnr 54 SJØSTYKKET

Kristian Nordstrand

Eit jordstykke utskilt frå bnr 21 i 1977, skyld 1 øre.

Bnr 21 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1943, skyld 0,42

Torleif Tomassen Utgård

Dette stykket vart først fråskilt til Torleif, men då han tok over hovudbruket vart det ført over på broren Sigvart, som budde på hovudbruket og var fiskar. Men det var Torleif som heile tida brukte bnr 21 saman med hovudbruket. Etter at Sigvart døydde i 1977, vart det broren Karl som fekk skøyte på bnr 21. Før han døydde, selde Sigvart ei tomt som han hadde teke frå til seg, til Magnar Belden.

Bnr 32 SJØTUN

Utskilt frå bnr 21 i 1958, skyld 10 øre

Karl Tomassen Utgård (bnr 1)

Fekk dette stykket etter foreldra. Er medeigar i Vestlandske Møbel-fabrikk og bur på bnr 15 i Nakkegerde.

Bnr 35 HEGGLUND

Utskilt frå bnr 21 i 1960, skyld 3 øre

Hans Petter Olsen Utgård (bnr 6) f 1926

g 1956 Ragnhild Persd. Ulvestad f 1933 i Dalsfjord

Born: 1. Tove Marie f 1957

2. Frode f 1959

3. Per Ola f 1961

4. Hildegunn f 1965

Bnr 47 SKOGLUND

Utskilt frå bnr 21 i 1969, skyld 1 øre, u.fr.

Magnar Johannessen Belden f 1934 i Selje

1962 g Kari Lise Larsd. Utgård (bnr 3) f 1943

Born: 1. Jonny Lidvar f 1966

2. Turid Marie f 1969

3. Atle f 1974

Belden er møbeltapetserar og rutebilsjåfør. Han har bygt hus på tomta.

Bnr 30 NYHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1953, skyld 3 øre

Peder Larssen Utgård frå bnr 3.

Dette stykket lét Peder sonen overta.

Kjell Arne Pedersen Utgård f 1945

g 1966 *Ingunn Pilskog* frå *Jarnes* (bnr 23) f 1946

Han er bedriftsleiar ved *Toralf Utgård's Lenestolfabrikk* på Hareide og bur der. Har ikkje bygt på denne tomte.

Bnr 33 MYRA

Utskilt frå bnr 1 i 1958, skyld 5 øre

HUNDEIDVIK SKULE

Sykkylven kommune

Skulen vart bygd i 1960.

Bnr 41 JANBU

Utskilt frå bnr 1 i 1964, skyld 3 øre

Rolv Johansen Bueide f 1928 i Volda

1961 g *Jorunn Hermannsd. Utgård* (br 6) f 1930

Barn: *Jan Helge* f 1962

Bueide var skyttar på selfangst i mange år, seinare fiskar. No fabrikkarbeidar ved *Formfin A/S*. Bygde stovehus i 1965.

Bnr 49 BERGH EIM

Utskilt frå bnr 1 i 1972, skyld 1 øre

Per Asbjørn Pedersen Utgård f 1946 (frå bnr 23)

g 1972 *Grete Petrine Jarnes* f 1951 i Riksheimgjerde

Born: 1. *Ronny André* f 1973

2. *Kay Otto* f 1977

Dette er utskilt frå det stykket faren *Peder* kjøpte til fabrikkomt. *Per Utgård* er sjåfør ved *S. S. Billag*.

Bnr 55 BUTIKKTOMTA

Utskilt frå bnr 1 i 1978, skyld 1 øre

Brødrene Aure A/S

Bnr 3 JAKOGBARDEN

Peder

Br 15 . .-ca. 1610, enkja til ca. 1626

I ei skatteliste for Bhl 1603-1604 er han kalla Peder Udvig. Bruket hørde til Giskegodset i 1586. Sjølv åtte Peder i 1604 3 fjerdingsslag jordegods og la 3 skill. i odelsskatt.

Enkja Synnøve

Br ca. 1610-ca. 1618

Br ca. 1618-ca. 1626 (halve bruket)

Ho la ½ mæle i korntiend i 1612.

Knut Pedersen

Br ca. 1618-1627 (halve bruket)

Han var kanskje son til Peder og Synnøve. I matrikkelen for 1626 er både han og ettermannen Ole Pedersen nemnde som brukarar. Kan hende var dei brør. I 1627 var Knut «utarma».

Ole Pedersen

Br 1626-1627 (i lag med Knut)

Br 1627-1653 (heile br)

Barn: Erik, flytte til Hundsvær, og hadde sonen Jetmund Slyngstad.

I 1645 betalte han 1 ort i koppskatt for seg og kona og ein son.

Paul

Br 1653-ca. 1657

Bruket vart framleis kalla Giskegods.

Peder Rasmussen f ca. 1624 d ca. 1690

Br ca. 1657-ca. 1690

Born: 1. Oluf f ca. 1656

2. Arne f ca. 1658

I 1664 fekk han bot for skyssforsøming, slapp med 1 rd «for fattigdoms skyld». Det året brukte han 4¼ mællag, i 1675 4 mællag 15 mk. Buskap i 1657: 1 hest, 6 kyr, 5 sauer, 4 geiter.

Arne Knutsen Utgård f ca. 1651 d 1721, sk 1724

g Ragnilde Otsd, (Leknes?) f ca. 1656 d 1740

Br ca. 1690-1715 (heile), 1715-1721 (halve)

Born: 1. Synneve f ca. 1686, g p br

2. Ole f ca. 1698, d før 1763, g 1736 Marte Hansd. Lervik

3. Anne f 1703, d 1771, g 1749 cm. Ole Torsteinsen Aasen (Uren).

Ei sak nemnd i tingbok for 1691 tyder på at Ragnilde var syster til Siver Olsen Leknes i Hjørundfjord og at ho var frå Leknes.

I 1694 hadde Utgård ei skyld på 3 v 1 pd 21 mk. og kvart av bruka 4 mællag 15 mk.

Arne la i 1706 ½ pd bygg, 1 mæle havre og 4 mk ost i tiend. I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og to born. Fekk i 1720 nytt festebrev frå Jørgen Høeg på 1 pd 19½ mk.

Sk. 13/11 1724: Brutto 48 rd, netto ca. 14 rd. 1 koparkjel som enkja og son hennar har selt og difor svarar pengane for, 1 borse, 1 tasak, 5 famnar bjørkeved, 6 torskegarn, part i ei sekkenot, 3 t tjøre, 4 kyr, 1 kvige, 1 sau, 2 geiter, 1 føl, ½ i ein hest, 4½ t havre, ½ t bygg. Ole og Anne har til gode 8 rd kvar i heimafølgje. Til åbot av husa 4 rd 2 ort.

Jakob Torsteinsen Aasen f ca. 1686 d 1771

g 1. Synneve Arnesd. Utgård f ca. 1686 d 1741

g 2. 1742 Inger Olsd. Viddal f ca. 1691 d 1771

Br 1715-1721 (halve), heile til 1749, halve til 1758

Born: 1. Cecilie f ca. 1720 d 1737

2. Ragnhild f 1723 kf 1741

3. Anne f 1725, dp i Borgund ein fredag i romjula, g p br

Bror til Jakob, Ole, var gift med Anne, syster til Synneve.

Nytt festebrev frå Jørgen Høeg på 1 pd 19½ mk i Utgård. I 1734 nekta Jakob å skyssse futen sin fullmektig fordi denne ikkje ville betale noko for skyssen. Det måtte ende med at Jakob måtte betale bot og sakskostnader.

I 1738 la Jakob større tiend enn dei to grannane. Sk. etter Synneve 6/6 1741: Brutto ca. 35 rd, netto 16 rd. ½ i ei kvern, ½ i eit plogjarn, ½ i ein slipestein, 1 vevstol, 1 færing, part i ein fjørendfar med segl og mast, 1 merr, 5 kyr, 3 sauer, 3 geiter med kje, 2 fjorskje.

I 1749 vart Jakobgarden delt, og vi kallar den delen Jakob heldt fram på br 3 B, den andre br 3 A.

Br 3 A

Torkjell Jørgensen Kurset ca. 1717 d 1797 1750

g 1. Ellen Olsd. Kvistad f ca. 1722 d 1782 1784 g

2. Eli Jonsd. Pilskog f ca. 1742

Br 1749-1793

Fekk bygselsetel på 2 mællag 7½ mk i Utgård frå Knut Høeg 15/10 1749.

I 1770 vart det tinglyst eit gåvebrev mellom Torkjell og kona: Den lengstlevande skulle ha ¾ av sameiga. Eit liknande dokument vart sett opp mellom han og andrekona i 1788.

I 1764 vart Torkjell og dei andre Utgård-brukarane stemnde av Myrset-karane fordi «deres kreaturer har brudt sig gjennom deres gjerdesgaard og beskadiget citantenes agre». Og i 1770-åra vart Torkjell stemnd for å ha teke hesten til Peder Mikkelsen Tu i utmarka. Torkjell hevda at Tu-karane ikkje hadde retta seg etter eit vedtak ved markegangsforretninga i 1755 og gjekk til motstemning. Domen fall i 1778: Begge partar vart frikjende og slapp å betale sakskostnader. I 1793 fekk brukaren på br 3 B ta over etter Torkjell. Det var Jakob Olsen Utgård. Då Torkjell døydde skulle Jakob framleis betale kår til enkja Eli. Med brukaren i Andersgarden gjekk Eli til sak mot Jakob fordi ho ikkje fekk kåret ho skulle ha. Dette var i år 1800, og Eli hadde alt flytt tilbake til Pilskog. Ho kravde 2 t havre årleg og føring av 3 sauer. Havren forfall til levering med 4 t i 1799. Jakob sa at Eli reiste vekk og tok med seg lyklane til 4 hus, «hvorved han blev sat i største forlegenhed». Det vart forlik: Jakob skal betale dei 4 t havre han alt skuldar og sidan 2 t årleg. Men sidan ho har flytt frå garden gir ho avkall på føring av sauer. Jakob tok atterhald om rett til å tiltale Eli for å ha teke med seg lyklane. - Det var halvsystema Johanne Hansd. Eli flytte til og budde saman med på Pilskog. Eli hadde òg fleire rettesysken og mykje slekt på Hareid.

Br 3 B

Som nemnt brukte Jakob Torsteinsen denne delen til 1758. Den som tok over etter han var

Ole Askjellsen Velle f 1723 d 1779

1756 g Anne Jakobsd. Utgård f 1725 d 1777

Br 1758-1779

Born: 1. Jakob f 1756, g p br

2. Jørgen f 1757 d 1779, 11½ år

Bygsla 2 mællag 7½ mk av Knut Høeg 7/6 1758.

I 1775 skriv presten Astrup: «Med Ole Askildsen har det sig likeledes som med Paul Svartebekk, som visstnok er fattig, for han står oftest til rest med det han er pliktig.»

Sk. etter Anne 11/7 1777: Brutto ca. 56 rd. netto 31 rd. I 1770-åra var der i Utgård 5 bruk, Størkågarden og 4 bruk halvparten så store, alle på 2 mællag 7½ mk. eller som del oftast vart skrive, 1 pd 19½ mk.

Jakob Olsen Utgård f 1756 d 1819

1778 g Brit Andersd. Blakstadnes f 1750

Br 1779-1793 (br 3 B). 1793-1808 (heile br 3)

Born: 1. Jørgen Andreas f 1781 d 3 veker

2. og 3. Tvillingar d nyfødde 1787

4. Anne Eline f 1790, g p br

Jakob var først bygselmann under verfar sin, den kjende Snikkar-Anders, men Anders gav Jakob skøyte på 1 pd 19½ mk i 1789 (d.e. det bruket han då sat på) og på 1 pd 19½ mk i 1793 (bruket til Torkjell). Med det var Jakobgarden samla til eitt bruk att. Jakob gav 44 rd for første skøyta og 60 rd for den andre. Frå svigerfaren ervde han jordegods m.a. i Dravlaus. Av dette selde han 2 pd 4 mk i 1809 til Karolus Jakobsen og 1 pd 12 mk i 1811 til Peder Olsen. Det siste vart del rettssak om. Jakob ville ikkje gi skøyte fordi han syntest at han hadde fått for lite for garden, «som han hadde solgt i sin enfoldighed». Men han måtte ut med skøyta til slutt. I Utgård åtte han i 1802 1 v 9 mk og overbygsel til 9 mk. Bruket fekk namn etter han.

Peder Ellingsen Velle i 1774 d 1838

1809 g Anne Eline Jakobsd. Utgård f 1790 d 1843

Br 1808-1838, enkja til 1842

Born: 1. Anne Birgitte f 1811, g Jørgen Olsen Kurset (Nedre)

2. Joakim Olaus f 1814, sjå bnr 6

3. Lars Bernt Severin f 1816, g p br

4. Berte Marta *Lovise* f 1819 g 1844 Ole Jørgensen Blakstad (br 3)

5. Anne Berte Severine f 1823, g 1849 Elling Eliassen Myrset (br 2). Bustad Utgård br 7

6. Berte Marie f 1826, unemnd 1839

7. Karoline *Berte Marie* f 1829, g 1854 Hans Johan Severinsen Ekornes Indre br 1 (1831-1905)

Frå svigerfaren fekk han skøyte på 1 v 15 16/6 1808, og frå han og Knut Anderssen Svartebekk og Marte Andersd. Barstad fekk Peder skøyte på 1 pd 19½ mk 27/10 1809. I 1817 tok han over etter Lars Olsen bnr 9B (halve Andersg.).

I 1839 var det auksjon over arvegods som tre av døtrene hadde fått, m.a. 1 gulblakk hoppe, som enkja kjøpte, og ei kvit kollet geit som Målar-Ola kjøpte, 1 loden skinnbukse, 2 kalveskinnsfellar, 1 svart bukk, 3 kvite ersauer, 2 fjørslam, 1 par støvlar, etc. Hoppa gjekk for 9 spd.

Sk. 1843: Brutto 109 spd, netto 35 spd.

Lars Bernt Pedersen Utgård f 1816 d 1882

1842 g Berte Olave Olsd. Kurset br 2 f 1828 d 1888

Br 1842-1868

Var sjølveigar og la eid til konstitusjonen i 1843. Lars sådde i 1845 1 t bygg, 3 t blk, 3½ t havre og 4 t poteter. Buskapen var 2 hestar, 12 kyr, 14 sauer, 6 geiter og 1 gris. I 1865: ½ t bygg, 3 t blk, 5 t havre, 3 t poteter. 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer. Då hadde han 2 drenger og 2 tenestjenter.

Bruket hadde 36 dekar åker og dyrka eng, 71 dekar natureng, alt av mykje god kvalitet. Endå meir jord var dyrkbar. Mindre god hamnegang. Brenneved til husbruk, litt bjørk til sal. Lettbrukt.

Det vert fortalt at Lars heldt slåttekarane i arbeid i lengste laget utover kvelden ved småhøyslåtten om hausten. Men dei visste ei råd: Når bygslmenn eller tenarar syntest det vart seint kunne dei slå ljåen mot ein stein så det gneista, og sa då: «Du he' det att på ljåane dine no, Lars.» Då var Lars snar til å «ta kveld».

Ole Andreas Olsen Blindheim f 1840 d 1913

1867 g Petrine Jensine Joakimsd. Utgård f 1840 d 1923

Br 1868-1901

Born: 1. Anne Lovise f 1867 d 1946, til Stormyr, Utgård

2. Lars Martinus Andreas f 1869 d 1872

3. Lars Elias Martinus f 1872, g p br

4. Ole Andreas f 1874, til Joakimpl. bnr 6 Utgård

5. Joakim f 1877 d 1953, g Rasmine Listhaug frå Storholmen. Han var agent i Ålesund. Hadde utanom ekteskap sonen Hjalmar f 1903, d 1908 på Ørsnes av brannskader

6. Lovise f 1879 d 1955. Barn: 1. Henrik f 1907 d 1944 ug fiskar (far: Johan Andersen frå Sarpsborg, bustad Odda). 2. Hjørdis f 1913 d 1937. (Far: fiskar Ragnvald Blankholm, Åles.)

7. Hans Peter Bastian f 1882 d 1895 av sår etter overfall av bjørn.

8. Anna Severine f 1885 d 1890

Petrine var brordotter til Lars Pedersen, som gav skøyte til henne og mannen 3/10 1868 mot stort kår.

I 1875 hadde kårmannen 4 kyr og 8 sauer. Andreas hadde 1 hest, 1 føl, 4 kyr, 2 kalvar, 7 sauer, 3 geiter, 1 gris. Sånaden var 4 t blk, 4½ t havre og 4 t poteter.

Andreas hadde fått halve Larsg. på Brøvoll i arv, og den gardparten selde han i 1884. I 1887 selde han bruket sitt i Utgård til Ole Olaussen Roald frå Utgård (Ytstemyr).

Som attåtnering dreiv Andreas fiske og heldt ute båt. Han dreiv vinter-

fiske til ca. 1890, m.a. kveitefiske, som før den tida ikkje hadde vore så vanleg. Også laksefiske dreiv han i lang tid.

Då ymse firma i Ålesund tok til å eksportere fersk fisk, hadde dei bruk for is, og Andreas var ein av dei som skaffa det. Han fann is i fjella ved ei seter i Hjørundfjord, og bar han på ryggen den bratte stien ned til sjøen. Etter fleire vender fekk han fylt treringen som han brukte til å frakte isen til byen; 2½ mils rotur. Han var òg trondhjemshandlar, og for frå gard til gard inne i fjordane og kjøpte smør, ost, kjøt og skinn som han selde i Trondheim. Han var og med på skjerping etter metall i lag med Kraasbye i Ålesund og Bastian Klokkehaug.

I SET er ulukka med sonen Hans i 1895 fortalt som «soge» og ikkje alt er rett. Det var måndag 9. sept. 1895 det hende, to dagar før Hans fylte 13 år. I avisa stod det dagen etter (Sm. Fbl.): Gutten Hans Andreassen Udgaard i Søkvelven var igaar sammen med 2 voksne gutter og en mand oppe i Migaardsdalen paa søndre side af Skophornet for at sanke sauerner. De holdt sig saa nær at de kunde raabe til hinanden. Hans, der er 13 aar, var et lidet stykke frå de andre. Med et støder han paa en stor Bjørn der i et nu kaster seg over gutten, bed af hans sko, forrev ham stygt i hovudet, bed et stygt hul ved hans venstre øre, 2 hul i siden og et hul i den høire arm. Nu tog bamsen gutten haardt i «fanget» og rullede sig et godt stykke nedover med ham. Ved at tage Udyret alvorligt i skjægget fik gutten fri sit Hoved frå videre Bid. - Kameraterne kom til paa guttens skrig; men nu løb Bamsen efter en af de andre, dog tog den snart flugten da alle fire søgte at skremme den. Gutten var i stand til at gaa ½ fjerding af Hjemveien. Resten maatte han bæres. Nu ligger han her hos Doktoren, der har udtalt det Haab, at der ikke er fare for guttens liv.

Den 30/11 1895 har ei anna avis dette (Å. H. & Sj.): «. . . Gutten skal nu efter sigende være meget daarlig. Hjernen siges at være angreben og frygtes der derfor for guttens liv.» 8 dagar etter døydde guten.

Lars Andreassen Utgård f 1872 d 1940

1898 g Karen Marie Johansd. Indresæter f 1873 d 1931

Br 1901-1940

- Born:
1. Laura Berta f 1898, g Lars Pettersen Myrset br 2
 2. Josefina Kornelie f 1899, g 1918 Jonas Høgset frå Vestnes (1899-1972)
 3. Anna Petra f 1901, g Bernt Larssen Kurset br 5
 4. Olivia Johanne f 1903 d 1919
 5. Lars Andreas f 1905, g p br
 6. Konrad f 1906, g Johanne Skudal f 1913



Kronebrud frå Hundeidvik 1898. Karen Marie f Indresæter og Lars A. Utgård, bnr 3.

7. Peder Henrik f 1908, g Agnes Petterssen
8. Berta f 1910 g Ole P. Myrset, bustad Midtgård bnr 9
9. Toralf Gustav f 1912, g 1936 Hanna Ellingsd. Sætre f 1918. Bustad Hareide. Fabrikkeigar
10. Martin f 1914 d 1980, g Solfrid Holen f 1926
11. Ole f 1918 d 1933
12. Birger f 1918 (tvill.) d 1961, g Hjørdis Kristensen frå Drammen.

Alt før han tok over garden hadde Lars starta den første landhandelen i Hundeidvik, ovanfor bygdevegen. Det var i 1898, og han dreiv handelen til 1935. Men butikken vart flytt til nyehuset då det var ferdig. Sidan 1935 har fleire andre drive handelen der i kortare tid. Dei siste som dreiv der var Brødrene Aure, og dei flytte til nytt forretningsbygg på tomt under bnr 1. Lars var og første postopnaren i Hundeidvik, frå 1906 til 1934. Då vart postkontoret flytt til bnr 1. Det gamle våningshuset på bruket stod like nedanfor bygdevegen. Det nye huset vart bygt like nedanfor det gamle. Det skilde seg ut frå andre hus i grenda både i stil og storleik. Fundamentet var av gråstein, huset elles av sementstein. Det var 12,6 x 9 m, og 7 m til taket. Butikken var i 1. etasje, og over den var stoveetasjen med 4 stover, gang og kjøkken. Ny løyve vart bygd i 1915. Lars bygde og sjøbu og var dampskips- ekspeditør for rutebåtane. Sjøbua vart bygd i 1928 av reisverk, 15,95 x 9,5 m.

Etter Ålesundsbrannen dreiv Lars eit sandtak og selde sand til Ålesund. Han la vassrenne ned til sjøen og vaska sanden. Han hadde ein stor sandbinge der sjøbua står no.

I 1920-åra dreiv han sølvrevfarm. Ei tid dreiv han handel med sild på Slinningen i lag med svogeren Sivert Sæter. Sjå elles bnr 12.

Som ein ser var Lars ein pionér på mange område i grenda, og han var ikkje minst ein dugande gardbrukar.

Lars Andreas Larssen Utgård f 1905

1942 g Thea Karlsd. Jarnes bnr 3 f 1915

Br 1941-1977

Born: 1. Kari Lise f 1943, sjå bnr 47 Utgård

2. Oddny Kirsten f 1946, g Just Indstad frå Verdal

3. Laila Turid f 1952, g Svein Sætre. Bur på Sætre br 66

4. Lars Kåre f 1953, g p br

5. Terje f 1954 g 1982 Solfrid Hammernes f 1958

Lars Andreas tok over verksemdene etter faren, og måtte greie seg gjennom motgang dei første åra. Den 19. febr. 1943 tok stormen heile dampskipskaia. Ho låg som ein taregard i fjøra. Bygdefolket hjelpte til med 2 dagsverk frå kvar familie og kai vart bygd opp att. I 1946 brann sjøbua ned til grunnen. Det var eit trehus bygt på pillarar. No vart det fylt stein som grunnlag, og Lars sette opp eit nybygg i betong i same vidd som før og 1 m høgare.

Lars tok over som ekspeditør for fylkesbåtane, og då stormen tok kaia måtte «dampen» ekspederast med båt ei tid.

Han slutta som ekspeditør i 1975. I 1955 bygde han ferjekai og dreiv

den med aukande trafikk til vegstellet tok over. Han moderniserte butikken og lageret etter at andre hadde drive handelen ei tid. Den siste som dreiv handelen før Lars tok over var Slynngstadli. Etter eit par år slutta Lars og Brødrene Aure tok over. Dei driv handelen framleis, men sidan 1978 i nybygg på bnr 1, der det og er bank og posthus.

Lars Kåre Larssen Utgård f 1953

g 1978 Anita Jorun Stavik frå Sykkylven, f 1959

Br 1977-

Har bygt våningshus. Attåt eige bruk slær han Pegarden på Myrset og har ein buskap av oksar. Har òg teke over

Bnr 12 LARSGARDEN

Utskild frå bnr 3 i 1900, skyld 0,90

Lars Andreassen Utgård (sjå bnr 3)

Han kjøpte denne delen av bnr 3 av Ole Olaussen Roald som då var eigar, for 2400 kr. Med i handelen var stovehuset, fjøs- og løbygning, stabbur og naust. I 1907 gjekk landhandelen konkurs, og styret av konkursbuet lét kona til Lars, Karen, få kjøpe bnr 12 med hus og dampskipskai for ca. 7500 kr. etter at sameiga mellom Lars og Karen var oppheva.

I 1912 fekk Karen og skøyte på bnr 3 for 3000 kr. Same året vart det sett opp nytt kårbrev til svigerforeldra hennar der det vart fastsett at dei skulle ha $\frac{1}{3}$ av kåret frå bnr 12 og $\frac{2}{3}$ frå bnr 3.

Etter at Karen døydde sat Lars i uskift bu. I 1935 leigde han bort butikken til firmaet Bakke & Eidså for 5 år. Son til Lars,

Lars Andreas Larssen Utgård

fekk skøyte på bnr 12 i 1941. Sjå elles bnr 3. Som nemnt er bnr 12 no overteke av

Lars Kåre Larssen Utgård (sjå bnr 3).

Bnr 6 STØRKÅREIT

Utskilt frå bnr 3 i 1846, skyld 1 ort 23 skill. Fekk lnr 349b. Den første brukaren her var

Joakim Pedersen Utgård f 1814 d 1885

1839 g 1. Aagot Oline Isaksd. Myrset br 2 f 1801 d 1856

ca. 1858 g 2. Inger *Maria* Pedersd. Emmedal f 1824 d 1898

Br 1846-1878

Born: 1. Petrine Jensine f 1840, g p bnr 3

2. Anne Laurentse f 1845, d 18 dg

Joakim var jordagut på bnr 3. men lét den yngre broren Lars få overta garden. Sjølv tok han frå eit stykke opp mot bøgarden, og det vert sagt at grunnen var den at han handla med krøter og fann det best å ha bruket sitt nær utmarka med beita. Han fekk skøyte frå skifteforvaltaren 27/10 1846. Plassen har for det meste vore kalla Joakimplassen til dagleg.

Ved sk. etter Peder Ellingsen fekk Joakim Størkåreiten, skogteigen Rysteremmen, $\frac{1}{3}$ av eit stykke kalla Hjellen og $\frac{1}{3}$ av setra og den delen av Andersgjerdet som hørde til bnr 3, alt taksert til 55 spd. Skøyte på dette fekk han 28/10 1848. Ved skylddelingsforretning 12/8 1848 fekk Joakim $\frac{1}{2}$ av Lerskogen utan vederlag fordi han hadde gitt avkall på odelsretten sin til hovudbruket. Denne parten av Lerskogen var på 561 kvadrat-«roder» (1 rode = 5 alen). Med stykket følgde $\frac{1}{12}$ i Storegjerdet (eit slåttegjerde i utmarka) og rett til brenneved frå skogteigen Okslarimmen. Stykket vart rekna for $\frac{1}{24}$ av hovudbruket og skylda sett til 12 skill. Stykket fekk lnr 349 ca.

Størkåreiten fekk då i alt skyld 2 ort 11 skill. Bruket hadde i 1860-åra 10 dekar god åker og dyrka eng, 15 dekar god natureng, noko dyrkbar jord. Lettbrukt. Dei sådde $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og $\frac{1}{2}$ t poteter. Avla 9 t blk, 9 t havre og 10 t poteter. Fødde 3 kyr og 6 sauer. (1865: 1 t blk, 1 t h.).

I 1875: $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre. 2 t poteter; 4 kyr, 7 sauer, 3 geiter, 1 gris.

Neste brukar var gift med syster til Marta Pedersd.

Karl Martinus Berntsen Tu f 1841 d 1900

1878 g ek. Petrine Pedersd. Sve f Emmedal 1835 d 1928 (enkje etter Lars Andreas Olsen Sve (1826-1877))

Br 1878-1900, enkja til 1901

Karl fekk byggesetel 22/7 1878 mot kår.

I 1900 var der skylddelingsforretning over Størkåreiten og Lerskogen, sidan sistnemnde vart fråskilt ved skøyte av 23/10 1886. Størkåreiten fekk skyld 70 øre etter dette.

Ole Andreassen Utgård f 1874 d 1960

1900 g 1. Berte Oline Hansd. Øien f 1870 d 1909

1911 g 2. Marie Petrine Olsd. Kurset br 3 f 1885 d 1956

Br 1901-1949

Born i 1. ekteskap:

1. Hans Hjalmar f 1901, d 1 dg
2. Hermann Nikolai f 1903, d 1945, g 1926 Kristine Jensd. Kurset (br 1) f 1893. Born: Petra f 1927, Marie f 1928, Jorunn f 1930. Familien budde på Joakimplass, men Hermann var fiskar og dreiv ikkje plassen. Bygde tilbygg til faren sitt stovehus i 1932
3. Petra Emilie f 1905, d 1940, g 1928 Karl Humlen
4. Ragna Marie f 1907 d 1929

Born i 2. ekteskap:

5. Berta Ingvarda f 1912, g Knut Slåttelid, Ulstein
6. Olga Johanne f 1913, d 1974, g 1937 Edvin Olsen Brunstad frå Svartebekk (bnr 5)
7. Andreas Hilmar f 1914 d 1941
8. Bergljot Olivia f 1916 d 1947
9. Ole Karsten f 1918 d 1931
10. Jon Torleif f 1920, g p br
11. Oddlaug Marie f 1921 d 1937
12. Tomas Birger f 1924, sjå bnr 25
13. Hans Peter f 1926, g Ragnhild Ulvestad f 1933. Br 35 frå bnr 1

Broren Joakim som budde i Ålesund, fekk Størkåreiten frå Joakim Pedersen ved gåvebrev av 19/10 1878, og gav 26/7 1900 skøyte til Ole for 1300 kr. Ole hadde lært muraryrket og var òg flink skomakar. Dreiv sjøen som attåtning. Leigde lakseverpe om sommaren. Bygde stovehus i 1903. Var ein av dei beste songarane i grenda.

Jon Torleif Olsen Utgård f 1920

1946 g Signy Oddfrid Skåden f 1916 i Innvik

B r 1949-1976

Born: 1. Oddvin f 1947, ingeniør, bur i Oslo

2. Kari Bergljot f 1948, g p br

3. Mildrid Åse f 1952, sekretær ved Norsk Hydro, Oslo

4. Brit Synnøve f 1957

Fekk skøyte frå faren 12/3 1952. Solist i Hundeidvik Blandakor og har diplom frå Sunnmøre Songarlag. Med i Sykkylven Spelmannslag (fele). Snikkar.

Harry Johannes Mork f 1946 i Eide, Nordmøre

1969 g Kari Bergljot Jonsd. Utgård f 1948

Br 1976-

Born: 1. Hanne Merete f 1970
2. Cathrine f 1974

Mork er møbeltapetserer og bygde nytt stovehus i 1977.

Bnr 17 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 6 i 1916, skyld 1 øre
Hundeidvik Indremisjonsforening

Bnr 25 BAKKELY

Utskilt frå bnr 6 i 1950, skyld 1 øre
Tomas Birger Olsen Utgård f 1924 (frå bnr 6)
1948 g Margot Arnesd. Nøringset f 1928 på Sula
Born: 1. Arnfinn Ole f 1949, sjå bnr 26.

2. Torgeir Marvin f 1955, yrkesskule, examen artium
3. Bjørn Kjetil f 1958. Sjømann. Møbeltapetserer
4. Sveinung f 1962
5. Frank Willy f 1966

Fekk tomta i arv i 1952 og bygde stovehus i 1953. Var poststyrar i Hundeidvik 1953-1976, sidan poststyrar på Ikornnes. Har ôg vore møbeltapetserer. Har handelsskule og postskule. Margot var telefonstyrar 1953-1969.

Bnr 26 DALTUN

Utskilt frå bnr 6 i 1950, skyld 1 øre
Arnfinn Ole Olsen Utgård f 1949 (br 25)
1970 g Sølvi Henni Indstad f 1951 i Verdal.
Born: 1. Tom Freddy f 1970

2. Sten Ivan f 1972

Tomta vart først utskild til Hans Petter Olsen Utgård, vart vidareseid til Kåre Hausvik, så til Leif Slyngstadli, og i 1969 til Arnfinn Utgård, Han er møbeltapetserer. Bygde bustadhus i 1970.

Bnr 29 KÅRSTAD

Utskilt frå bnr 6 i 1953, skyld 1 øre
Kåre Abelset f 1921 i Ålesund, d 1969

g 1947 Petra Hermannsd. Utgård br 6 f 1927

Barn: Anne Karin f 1959

Abelset kom til Hundeidvik ca. 1945 som vedhoggar for Ålesunds kommune. Dreiv sidan fiske. Bygde bustadhus i 1954.

Petra gifte seg att med Kolv Rotnes, som adopterte Anne Karin. Sjå bnr 31 Utgård, frå bnr 2.

Bnr 36 TRUDVANG

Utskilt frå bnr 6 i 1961, skyld 1 øre

Hundeidvik Indremisjon

Bnr 7 LERSKOGEN

Dette var først ein umatrikulert husmannsplass under bnr 3, og den første som budde der var

Morten Olsen Barstad f ca. 1781 d 1821

g 1821 Olave Laurentse Paulsd. Fet f 1784

Br 1820-1821, enkja til 1823

Fekk festesetel på eit stykke bømark 9/6 1820 frå Peder Ellingsen Utgård.

Sk. 11/12 1821: Brutto 42 spd, netto 6 spd.

Enkja gifte seg att med

Lars Jonsen Sunde f ca. 1779 d 1847

1823 g 1. ek. Olave Paulsd. Utgård f Fet (1784-1838)

1839 g 2. Tyri Mari Henriksd. Blakstadnes f 1795 Sjø s 381

Br 1823-1847, enkja til 1853

Barn i 1. ekteskap: Johan Paul Martinus f 1824, g 1862 Berte Hansine

Larsd. Erstad (Larsg.) f 1829

Festesetel 14/10 1823 frå Peder Ellingsen Utgård. Far til Lars, Jon Jacobsen Sunde, var frå Myrset bnr 2.

Sk. etter Olave 1838: Brutto 57 spd, gjeld 7 spd.

Elling Johannes Eliassen Myrset br 2 f 1818 d 1903

1849 g Anne Berte Severine Pedersd. Utgård f 1823 d 1884

Br 1853-1875

Hennar barn før ekteskap: Hanna Cecilie f 1847 (far: Bernt Andreas Olsen Kurset br 3)

Barn i ekteskap: Petter Johannes f 1850, g p br

I 1865 sådde Elling 1 t blk, 1 t havre, 1½ t poteter. Fødde 3 kyr og 4 sauer.

Sk. 24/7 1885 etter Anne Pedersd.: 1 ny stovebygning med loft og kammers 220 kr., 1/24 i Hundeidvik sildenot, 1/3 i ei kastenot, 4 torskegarn, 3 sommarsildgarn, 2 vårsildgarn, 2 smågarn, bankinnskot 373 kr.

Petter Johannes Ellingsen Utgård f 1850 d 1924
1875 g Hansine Martinusd. Straumsheim br 2 (1849-1897)
Br 1875-1902

Born: 1. Elling f 1876, g p br

2. Lars Andreas Johan f 1885, g til Gjerdshagen br 4

Då Lerskogen vart fraskyddelt åtte Lars Pedersen og Joakim Pedersen Utgård kvar sin halvpart. Lars sin halvpart fekk Petter Johannes kjøpe i 1875 for 230 spd. Med i handelen var ei skogaløe og eit naust. I 1886 vart den andre delen av Lerskogen utskild frå Størkåreiten og slegen saman med bnr 7. Denne delen fekk bnr 13 med skyld 12 øre. Bnr 7 og bnr 13 fekk til saman revidert skyld 0,42 i 1890.

I 1875 sådde Petter Johannes 1½ t blk, 1 t havre og 1½ t poteter. Fôra 1 ku og 9 sauer.

Elling Martinus Pettersen Utgård f 1876 d 1938
1901 g Karoline Sivertsd. Indre Ekornes br 2 f 1880 d 1949
Br 1902-1938

Born: 1. Hans f 1904 d 1935

2. Lovise f 1912. g p br

Elling var både gardbrukar og fiskar. Etter utskiftinga i 1902 kjøpte han eit stykke frå Utgård bnr 1. Stykket var på ca. 9½ dekar, og han kjøpte samtidig 1/3 av skogteigen Fremste Breiremmen, som går frå fjellet og ned til Myrset sin setreveg. Parsellen frå bnr 1 fekk bnr 14. Elling bygde i 1911 løa som står på garden enno.

Karl Peder Johansen Tusvik br 2 f 1906
1938 g Lovise Ellingsd. Utgård f 1912
B r 1938-
Born: 1. Else Karoline f 1939, g Endre Gåsemyr f 1933 i Tingvoll
2. Jan Arnvid f 1941 d 1944
3. Jan Harald f 1947
4. Kjell f 1951, d 7 dg

Ved utskiftinga i Utgård i 1946 vart bnr 7, 13 og 14 slegne saman til eitt bruk med bnr 7.

Karl Tusvik var fiskar og fangstmann og var 19 turar på ishavet. På ein av turane var han med å finne dei som kom vekk på André-ekspedisjonen

i 1897. Det var i 1930 dei fann desse, og Karl var ein av dei som vart dekorert med ein svensk orden.

Karl Tusvik har og vore snikkar og fabrikkarbeidar, og i 18 år var han formann for Hundeidvik Skyttarlag.

Bnr 10 YTSTEMYR

Ole Olsen Eidem f 1780 d 1850

g 1817 Eli Larsd. Utgård (br 9) f 1781 d 1843

Br 1817-1844

Ole bygsla eit grunnstykke under bnr 3 24/6 1817. Det var same året som brukaren av bnr 3 overtok halve Andersgarden, bnr 9. Og på denne halve Andersgarden budde far til Eli, Lars Olsen. Det er difor ikkje heilt sikkert at Ole Olsen var den første i Ytstemyr. Kan hende stod husa til Lars Olsen i Ytstemyr. I så fall var, som vi skal sjå, kanskje heller ikkje Lars Olsen den første i Ytstemyr. (Sjå Andersg, bnr 9b.) Men Ole Olsen er altså den første vi veit heilt sikkert budde her.

Den nye skylda på plassen vart i 1838 20 skill.

Olaus Olsen Frøysa f 1818 d 1883

g Marit Olsd. Gjørva frå Geiranger, f 1815 d 1880

Br 1844-1872

Born: 1. Ole Elias f 1842 i Sunnlyven. Flytte til Herøy 18½ år gammal og gjekk i lære hos «Krøkjemeden». Kjøpte gard på Roald og tok det namnet. Gift med Nikoline Rørvik. Dreiv trelasthandel og flytte til Ålesund i 1880. Vart gardeigar i Hundeidvik. D 1921. Nekrolog Smp 22/3 1921

2. Ole Severin f 1845 Sjå bd 2 s 222. Tjønes

3. Marte Fredrikke f 1848, g p br

4. Oline Marie f 1850, d 3 veker

5. Peder f ca. 1850. Tok namnet Roald. - G. Jørgine Søvik, Borgund. Dreiv trelasthandel i lag med broren Ole Elias

6. Jørgen Martinus f 1851. Flytte til Haram i 1870

7. Lars Bernt f 1861. Utvs nr 972

I 1845 sådde Olaus ½ t blk, ¾ t havre, 1 t poteter. Fødde 2 kyr og 4 sauer. Stykket var på ca. 20 dekar og rakk ned til Storeveien, den gamle vegen til Kurset, nede på bakkekanten. I 1865 sådde han 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter, og fôra 3 kyr og 4 sauer.

I matrikkelførebuingarbeidet frå 1860-åra får vi vite at bruket hadde 8 dekar god åker og dyrka eng, 12 dekar god natureng, og hadde meir jord

som var dyrkbar. Her er sånaden oppgitt til 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter, avling 6 t blk, 6 t havre, 14 t poteter. Garden var lettbrukt.

1875: Då har brukaren Lars Petter og kårmannen Olaus kvar 2 kyr og 5 sauer, og sånaden var 1 t blk, 1 t havre og 3 t poteter.

Olaus var medlem av Hundeidvik Misjonsforening og var mange gonger utsending til større møter i andre bygder og i Ålesund. La eid til konstitusjonen i 1847.

Den 13. des. 1883 var Olaus på veg til Ålesund i båt saman med Peter Pedersen Midtgård, Lars Olaus Salmundsen Utgård og Martinus Olsen Midtgård. Dei kollsiglde og alle kom vekk. Kona til Olaus var syster til Olave Hovden som omkom på fjorden saman med mann og son i 1853.

Lars Petter Pettersen Velle f 1841 d 1922

1872 g Marte Olausd. Utgård f 1846 d 1903

Br 1872-1906

- Born:
1. Ole Petter Severin f 1873, g p br
 2. Berte Marie Olave f 1875 d 1935. Utvs nr 966
 3. Ole *Martinus* f 1877, utvs nr 971
 4. Regine Marie f 1880, g til Øvre Kurset
 5. Karl Johan f 1882 d 1915, utvs nr 969
 6. Johanne Petrine f 1885 d 1926, Utvs nr 967
 7. Laurits Edvard f 1887, d 1 dg
 8. Lars Bernt f 1887 (tvill.), d 1 dg
 9. Laura Jakobie f 1889 d 1941. Utvs nr 968
 10. Lars Karl Andreas f 1893, utvs nr 970

Mor til Lars Petter var frå Askjellg. på Velle, og han vart kalla Velle ved giftarmålet. Faren var frå Hjelle på Ørskog, men flytte til Riksheim (Kalvegjerdet). Som nemnt hadde Lars Petter og svigerfaren like stor buskap i 1875, så dei brukte kanskje garden i lag nokre år.

Svogeren Ole E. Roald kjøpte Utgård bnr 3 av Andreas Olsen Utgård 4/11 1886 for 2800 kr. I 1889 selde han eit stykke av bnr 3 til Lars Petter. Det fekk bnr 5 og namnet Sjøbakken med skyld 1 ort 6 skill., rev. 44 øre.

Bnr 5 SJØBAKKEN

Sjå ovanfor. Stykket var på 15 dekar og grensa mot Ytstemyr si innmark i aust og mot sjøen i vest. Med Sjøbakken fylgde eit 2 dekar stort torvstykke og skogteigane Hagardsteig og Høgstegjerdteigen.

No rakk Ytstemyr heilt til sjøen.

Ole Larssen Utgård f 1873 d 1921

1905 g Olave Jakobsd. Kurset br 2 f 1881 d 1981

Br 1906-1921, enkja til 1935

Born: 1. Lars Martin f 1906, g p br

2. Jakob Olai f 1908, sjå bnr 27

3. Martinus Bernhard f 1911, d 26/5 1915 (overkøyrd)

4. Olga Julie f 1914, g 1941 Ansgar Sønderland f 1907 på Vigra.

Han er båteigar og skipper

Ole bygde store, nye stovehus i 1902. Han førde fiskedampskip frå han var 25 år (sjå stykket om fiske i innleiinga til Hundeidvik). Ole var i nokre år bestyrar for sildesalteri for Ålesund Fiskeriselskap, i Siglufjord på Island om somrane og i Stoksund på Fosna om vintrane. Saman med H. Steffensen i Ålesund og andre bygde han sjøhus i Stoksund og dreiv sildesalting for eiga rekning. Men silda slutta å kome inn mot land i Stoksund og sjøhusa vart selde.

I 1906 kjøpte han bruk nr 5 Sjøbakken av faren, og 21/2 1909 bnr 10 Ytstemyr av arvingane etter Berte Olsd. Utgård f Kurset. Skylda på bnr 10 var 43 øre.

Lars Olsen Utgård f 1906

1936 g Oline Andersd. Hundeiide f 1907 på Nordfjordeid.

Br 1935-1973

Born: 1. Oddrun Margit f 1937, g 1961 Ola Pettersen Orvik f 1937 i

Vatne, fabrikkarbeidar i Vatne

2. Ole Martin f 1939, g p br

3. Arne Bård f 1941, sjå bnr 43

4. Leiv Hallgrim f 1946, g 1967 Hilde Fuglset f 1948 i Ålesund. Bur på Heissa, tekniskar.

Utv nr 977. Bygde løe i 1935. Var med å starte møbel fabrikk Formfin A/S i 1946 og var medeigar der. Selde seinare denne parten, men arbeidde på fabrikk til 1976. I 1940-åra vart bnr 5 og bnr 10 slegne saman til eitt bruk, bnr 10 Myren, skyld 85 øre.

I Ytstemyr var der eit truskehjul som stod nedanfor løa. Men det var nok berre når det var store nedbørsmengder at det kunne brukast. I nokre år hadde dei truskemaskin saman med Stormyr, bnr 8, ei tid seinare hadde dei oljemotor til å drive truskemaskinen, og var då saman med mange andre om den. Då bygda fekk elektrisk kraft vart det kjøpt elektrisk motor, som det òg var fleire om. Truskehjulet vart selt til Bakke-Andreas (Andreas A. Midtgård), og på Bakkane står visst hjulet enno.

Lars har vore medarbeidar i gardssoge-arbeidet. Han har gjort eit

kjemppearbeid med å samle stoff. Har gått frå hus til hus i heile Hundeidvik og intervjuar folk og skrive ned fakta og tradisjon. Og til dette arbeidet var han rette mannen. Han visste kva han skulle spørje om og kva som var viktig. Og han hadde sjølv vore interessert i slekt og tradisjon, og dette saman med hans gode minne kom vel med. Han var og med på intervju-turar i Tusvikbygda og på Sørestranda, og har hjelpt til med å finne fram gamle originaldokument i Hundeidvik.

Ole Martin Larssen Utgård f 1939

1970 g Ågoth Solveig Olavsd. Løset R br 1 f 1947

Br 1973-

Born: 1. Kirsti f 1971

2. Lennart Olav f 1973

3. Unni f 1978

Fekk skøyte på bruket i 1970 og tok over i 1973. Har vore fabrikkarbeidar ved Formfin A/S. Bygde hus i 1970.

Bnr 27 SOLHEIM

Jakob Olsen Utgård br 10 f 1908

1949 g Marte Karlsd. Myrset br 3 f 1915

Born: 1. Olav f 1950, g 1974 Målfrid Børnes f 1952. Sjå nedanfor.

2. Karl Arne f 1951, cand. jur., g 1975 Inger Johanne Feig f 1948 på Hamar. Bur i Oslo.

3. Halvor f 1953, handelsutdanning. Bur på Stranda.

4. Anne Berit f 1955. Distriktshøgskule

Stykket er utskilt frå bnr 10. Jakob starta i 1946 møbelfabrikken Formfin A/S i Utgård saman med broren Lars, Magne Bueide og Johnny Myrseth. Nokre år seinare flytte dei fabrikken til Hundelaide. Der er p.t. ca. 50 arbeidrarar. I 1949 bygde Jakob bustadhus.

Olav Jakobsen Utgård f 1950

1974 g Målfrid Lillian Børnes f 1952 i Hyllestad

Born: 1. Merete f 1975

2. Therese Kristin f 1979

Disponent for møbelfabrikken Formfin A/S.

Bnr 43 FJORDTUN

Utskilt frå bnr 10 i 1968, skyld 1 øre

Arne Bård Larssen Utgård f 1941

1965 g Oddfrid Arnesd. Bolstad f 1945 frå Lade, Velledalen, f i Stryn

Born: 1. Lidvard f 1966

2. Helge André f 1970

3. Marianne f 1975

Arne er mekanikar ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1971.

Bur 54 FJORDGLØTT

Utskilt frå bnr 10 i 1970, skyld 1 øre.

Dette er ei tomt som Lina og Lars Utgård heldt att då dei selde bnr 10 til sonen Ole. Det er ikkje bygt hus på stykket.

Ein gammal husmannsplass i Ytstemyr.

Sjur Hanssen Urke f ca. 1772 d 1849

1821 g Marte *Pernille* Nilsd. Hovden f 1774 d 1853. Legdsl.

Br 1835-1849

Namnet vart òg skrive Syver. Han fekk festesetel på plassen 7/5 1835 frå Peder Ellingsen Utgård. Husa deira stod nedanfor tunet i Ytstemyr, nede ved den gamle Kursetvegen. Dei hadde eit par åkerlappar, såleis Sjur-åkeren; og hustomta Pernilletufta har vore synleg til no. Også i Hovden hadde Sjur og Pernille ein åker som sidan vart kalla Myresjur-reiten.

Etter tradisjonen var Sjur med i krigen 1807-1814. Tradisjonen fortel òg at Sjur hadde sett opp eit lite stabbur som datt ned og at kona sa: «Din j forbannja krahlj (= kratl), Sjur!»

Bnr 8 STORMYREN

Utskilt frå bnr 3, som Ole E. Roald frå Ytstemyr hadde kjøpt. Han selde Stormyr i 1887 til Johannes Olsen Midtgård, som bygsla det bort til

Petter Hanssen Gjøvenes bnr 2 f 1868 d 1946

1891 g Anne Andreasd. Utgård br 8 f 1867 d 1946 (6 dg etter mannen)

Br 1891-1937

Born: 1. Anne Oline f 1892, d 1972. Arb. v/Langevåg fabr.

2. Hans Martinus Olai f 1893 d 1894, 8 mnd

3. Hansine f 1895 d 1910

4. Matea Jakobia Lovise (*Tea*) f 1898. Fekk Selskapet for Norges Vels medalje for lang og tru teneste ved Sunnmøre Meieri i Ålesund.

5. Andrea Klara Lovise f 1900 d 1954. Konfeksjonsarb.
6. Hans f 1902, g p br
7. Jakob Bernhard f 1904 d 1967, bustad Steinapl. Ytrestrand, Kursetgjerde bnr 2
8. Palma Astrid f 1907, g Hilmar Kurset (Øvre)
9. Olivia f 2/12 1908, d same dag

Petter la 12 kr. året i bygsel. Første året fødde dei ein sau som dei hadde i kjellaren. Høyet hadde dei i eit kammers. Dei bygde både stovehus og løe, og Petter la ned eit stort arbeid med grøfting og dyrking. Om somrane dreiv han og murararbeid og om vintrane fiske. I 1912 kjøpte han Grava-plassen i lag med Lars Larssen Hovden frå Kurset; den delen Petter tok over heldt fram som bnr 2 Stranden.

I 1924 bygde han ny løe, 23 x 13,5 m, med sementstein på taket. Og i 1933 måtte eigarane Hans Olaus og Petter Myrset, som hadde ervt bruket, la Petter få ta bruket etter jordlov-paragrafane 79-81, for 3000 kr.

Hans Olai Pettersen Utgård br 8 f 1902 d 1982

1937 g Marte Jensd. Kurset br 1 f 1915

Br 1937-1982

Adoptivbarn: Harald Martin f 1945, p br

Hans bygde om stovehuset, og ved sida av gardsarbeidet dreiv han som bygningsmann og fiskar.

Harald Martin Utgård f 1945

1967 g Gudrun Flatmark f 1947 i Ålesund

Br 1982-

Born: 1. Petter Ove f 1968

2. Øyvind f 1969

3. Dagfinn f 1973

Har i mange år vore med å drive bruket.

Bnr 28 KÅRHEIM

Utskilt frå bnr 8 i 1953, skyld 1 øre

Kåre Ingemann Rokstad f 1925

1955 g Anny Petra Hilmarsd. Kurset br 12 f 1932

Barn: Rune Idar f 1956

Bygde stovehus i 1954. Rokstad var i mange år på kvalfangst i Sydis-havet, seinare fiskar, mest frå Alnes.

Bnr 4 REMMEUREN

Utskilt frå bnr 3 i 1889, skyld 1 øre

Peter Larssen Kursetgjerde

kjøpte dette stykket i 1889 av Ole E. Olaussen Roald frå Ytstemyr for 32 kr. Sidan Peter døydde året etter vart det brukarane av Gravaplassen som tok over dette stykket som brukarar, først

Iver Klaussen.

Etter hans tid har stykket hatt same brukarar som bnr 16.

Lars Larssen Kurset

fekk skøyte frå Tomas Størkersen Utgård i 1912. Han selde i 1943 til

Bjarne Rotnes

både bnr 4 og bnr 16 for 4500 kr.

Sjå bnr 2 Stranden og bnr 16 Solbakken, begge frå bnr 1.

Bnr 19 SJØREITEN

Utskilt frå bnr 3 og 12 i 1943, skyld 4 øre

Konrad Larssen Utgård br 3 f 1907

1947 g Johanne Skudal f 1913 i Gaular

Barn: Jon Kåre Viktor f 1947.

Under krigen starta Konrad ei mylne. Bygde mylnehus som tillegg til sjøbua til broren Lars og kjøpte ¼ i sjøbua. Mylnehuset hadde tre motorar, kvern og drøftemaskin, branntakst 15 700 kr.

Under krigen dreiv han mylna lovleg om dagen og ulovleg om natta. Slutta i 1946, då han selde mylna og kjøpte stor lastebil. Sidan dreiv han lenge frakting med lastebil, men var og nokre år arbeidar ved Ekornes Fabrikker.

Jon Kåre Viktor Utgård f 1947

1971 g Mari Solfrid Nordal f 1945 i Bru

Born: 1. Ken f 1972

2. Venche f 1975

3. Merethe f 1976

I 1972 bygde han på stovehuset som faren hadde bygt i 1948/1949. I 1973 kjøpte han både huset og tomte av foreldra for 11 000 kr.

Bnr 23 SOLVANG

Utskilt frå bnr 3 og 12 i 1948, skyld 1 øre

Peder Larsen Utgård br 3 f 1908

1943 g Agnes Pettersen frå Ålesund f 1913

Born: 1. Kjell Arne f 1945, g 1966 Ingunn Pilskog f 1946. Bedriftsleiar ved Toralf Utgård sin lenestolfabrikk på Hareide

2. Per Asbjørn f 1946, sjå bnr 30 under bnr 1

3. Ole Andreas f 1951, g 1981 Lillian Fagerli f 1951 i Trondheim. Han er adjunkt, p.t. lærar ved ungd.skule i Rossfjordstraumen.

4. Amali f 1953, g 1979 Arnstein Dahl f 1943 i Volda, skipsfører.

Sjå gnr 51 bnr 17

Peder har vore snikkar, fabrikkengar og landhandlar. Han tok over handelen på bnr 3 etter Bakke og Eidså i 1940 og dreiv den til 1948, då Leiv Slyngstadli tok over. Peder starta lenestolfabrikk på sjøbua til ho brann i 1953, sidan kjellarverksemd i stovehuset sitt til han flytte verksemda inn i nytt fabrikkbygg i 1959 på tomt frå bnr 1 (bnr 37). Der dreiv han både lenestolfabrikk og lakkfabrikk. I 1961 selde han fabrikk til Norsk Lakkfabrikk i Oslo. Dei måtte slutte i 1966, og året etter kjøpte Peder fabrikk tilbake og dreiv han til 1970 då han måtte slutte p.g.a. sjukdom.

Vånehuset på bnr 23 bygde han i 1947.

Bnr 22 Fabrikktomt

Utskilt frå bnr 12 i 1947, skyld 1 øre

Lars og Jakob Utgård br 10

Møbelfabrikk Formfin A/S

Bnr 42 FORMFIN III

Utskilt frå bnr 3 i 1966, skyld 1 øre

Stol- og Møbelfabrikk Formfin A/S

Bnr 46 BAKKETUN

Utskilt frå bnr 12 i 1969, skyld 1 øre

Just Annar Indstad f 1946

1965 g Oddny Kristen Larsd. Utgård f 1946

Barn: Hilde Iren f 1966

Fabrikkarbeidar. Bygde stovehus i 1969.

Bnr 51 HUNDEIDVIK FERJEKAI OG HALDEPLASS

Utskilt frå bnr 3 i 1969, skyld 3 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 52 HUNDEIDVIK FERJEKAI OG HALDEPLASS II

Utskilt frå bnr 3 i 1976, skyld 1 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 53 VEGGRUNN

Utskilt frå bnr 3 i 1976, skyld 1 øre
Sykkylven Kommune

Bnr 54 UTGÅRDEN

Terje Utgård f 1954
Kjøpte denne hustomta av Lars Kåre Utgård i 1979.

Bnr 9 ANDERSGARDEN

Dei tre gamle bruka i Utgård var Størkågarden bnr 1, Jakobgarden bnr 3 og Andersgarden bnr 9. Desse tre br. finn vi på 1500-talet. Men både namna og bruksnr. fekk dei langt seinare.

Paul

Br 15. .-1612, enkja til 1618

I 1586 høyrde bruket til Giskegodset. I 1603 vart brukaren kalla Poull Ytter Hondevig. Saman med Lars Myrset reidde han i 1611 ut Nils Jørgensen Myrset til Kalmarkrigen. Enkja la i 1612 ½ mæle i korntiend. Dei hadde sonen

Laurits Paulsen Utgård

Br 1618-1628

Han vart i 1615 utreidd til krigsteneste i staden for Iver Lauritsen Øren. Kunne han ikkje gå ut sjølv, måtte han skaffe ein i staden. (Danske kanselli, RA. skap 9 pk 351 a.) Om han fekk nokon annan til å gå ut for seg veit vi ikkje.

Eiluf Nilssen
Br 1628-ca. 1630

Knut Olsen

Br ca. 1630-ca. 1655, enkja til 1657

Born: 1. Ole f ca. 1628 g til Midtgård (Toreg.)

2. Jetmund f ca. 1632, g p br

I 1645 la han 32 skill. i koppskatt for seg og kona, og hadde både dreng og tenestjente. Han åtte ½ v jord i 1652 (Bhl pk 121).

Jetmund Knutsen Utgård f ca. 1632

Br 1657-ca. 1702

Jetmund var lagrettemann i lang tid. I 1690 tok han og Oluf i Hundevig tjuvegods frå stortjuven Knut Knutsen Øren: 1 fløyelshue, 1 silkehue, 1 tobakksdåse, ein del silkety, 4 alen kvitt vadsmål, etc. I 1698 vart Jetmund stemnd av Maritte Arnesd. Fauske fordi han saman med nokre andre hadde vore med på å skifte etter bror hennar «av egen myndighed».

Jetmund brukte i 1664 4 mællag, i 1675 og seinare 4 mællag 15 mk. Då var der 3 like store bruk i Utgård med til saman 3 v 1 pd 21 mk. -Jetmund var takstmann ved skifte. La krøterskatt til Giskegodset av 1 hest, 5 kyr, 1 sau og 2 geiter (1657).

Erik Olsen f ca. 1678 d 1720

1702 g Maren Christensd. Havnsund f ca. 1672 d 1737

Br ca. 1702-1715, halve br 1715-1720, enkja til 1737.

Barn: Peder f 1703, budde på Grytebust i Borgund i 1755.

I 1701 tente Erik hos den rike jordeigaren Nils Pedersen Assens i Ålesund, og då Erik vart trulova i 1701 var Nils Pedersen Assens og bergenskjøpmannen Claus von Rocken trulovarar. Dette forstår ein betre når ein veit at far til Maren var bergensborgaren Christen Hanssen Haar og at kona hans var dotter til ein annan bergens borgar. I 1711 skatta han av 4 par skor. Same året vart han stemnd for skuldingar mot grannen Knut og mot fut og domarar. Han sa seg lei for det han hadde sagt og det «blev for denne sinde hannem efterladt». (SSTb nr 10 fol. 121b.)

I 1706 la han denne tienda: ½ pd bygg, 1 mæle havre, 4 mk ost.

I 1715 vart bruket delt. Vi kallar den delen Erik brukte i tida 1715-1720 bnr 9a, den andre delen bnr 9b. Etter at Erik døydde i 1720 fekk enkja ny bygselsetel frå Jørgen Høeg på 1 pd 19½ mk i Utgård.

Kona til Erik hadde brørne Claus Christensen Tennfjord, Didrik Hafnsund, systrene Gønnette g Knut Myklebust, og Ellen g Iver Christensen Storholmen.

Bnr 9b

Ingebrigt Jakobsen Gjøvenes br 2 f ca. 1673 d 1740

g Brit Pedersd. Nordang f ca. 1687

Br 1715-1740

Born: 1. Jakob f ca. 1707, g 1740 Gjertrud Johannesd. Tu br 1, f ca. 1714

2. Brit f 1716, g p br 9a

3. Bård f ca. 1720, kf 1739

4. Gjertrud f 1722, g 1756 Peder Davidsen Flåskjær (trulovar:

Anders Davidsen Blakstadnes)

Ingebrigt fekk først bygselsetel på 2 mællag 71 mk frå Nils Pedersen Assens 18/8 1716, så ny bygselselel 16/12 1720 frå Jørgen Høeg på 1 pd 19½ mk (= 2 mællag 7½ mk). I 1734 vart han stemnd fordi han ikkje ville skysse fullmektigen til futen. (Sjå bnr 3 Jakob Torsteinsen.) Brit Pedersd. var syster til Kari Pedersd., g Torstein Knutsen Kursetgjerde.

Knut Stenersen Indre Årsnes f ca. 1706 d 1740

g 1737 Brit Pedersd. Ytre Standal f ca. 1709 d 1768

Br 1737-1740, enkja til 1743

Born: 1. Steinar f ca. 1738, tenar på Tandstad frå 1763, g 1765 Sylvei

Ellingsd. Tandstad (1731-1781). Dei budde ei tid på Tandstad, sidan nokre år på Bukkeskinn. Sjå bd 2 s 679 og 270

2. Gjertrud f 1739

Enkja Brit gifte seg att i 1743 med

Knut Knutsen Hatlemark f 1717 d 3/1 1768

g 1743 ek. Brit Pedersd. Utgård, d 3/1 1768, 59 år

Br 1743-1768

Born: 1. Gjertrud f 1742, levde i 1768

2. Knut f 1743 d 1751

3. Marte f 1746, levde 21 år gammal

4. Berte f 1749, g 1798 em. Nils Larssen Sletvoll (Nilsg.) Stranda.

Deira dotter Berte g Aslak Pedersen Rønes.

Bygsla 2 mællag 7½ mk av Elisabet Høeg 14/2 1742. 3. januar 1768 var Knut og kona på veg til Tandstad for å vitje hennar son frå første ekte-skap, Steinar. Då dei skulle gå over isen ved Riksheim gjekk dei gjennom isen og omkom. Sk. etter begge 12/1 1768: Brutto ca. 55 rd, gjeld ca. 46 rd. (Sk.prot. nr 16 s 91.)

Både før og etter desse var der mange som miste livet på grunn av den usikre fjordisen her.

Jetmund Olsen Brusdal f 1745 d 1785
g Laurentse Sjursd. d på Vemø 1820, 73 år
Br 1768-1776

Born: 1. Elias f 1768 d 1826. Tenar på Leite i 1801, g 1808 Anne
Størkersd. Storhaug. Gbr. der
2. Berte f 1770, dp i Borgund, fadd. Knut Gjævenes
3. Siri f 1771, dp i Borgund
4. Ole f 1774
5. Margrete f 1777 d 1841, g 1799 em. Paul Olsen Vemø. Gbr. der.
Jetmund la landskyld og bygsel av 2 mællag 1½ mk. Overbyggesel til 6
mk som Sykkylven kyrkje hadde landskyld av.

Lars Olsen Lille Ringdal f ca. 1744 d 1814
g 1. Brit Iversd. Frøsøye f ca. 1742 d 1791
g 2. 1792 Siri Olsd. Hatlemark br 1 f 1750 d 1828
Br 1776-1814

Born: 1. Ole f 1775
2. Siri f 1777
3. Anne f 1779
4. Eli f 1781, g Ole Olsen Eidem, bustad Ytstemyr br 10, Utgård.
Kan hende hørde Ytstemyr til denne del av Andersgarden før,
slik at ein kan seie at Eli vart gift på bruket. Men det er uvisst.
Eli er det einaste av borna som er nemnt i 1791.

Lars Olsen fekk bygselsedel frå Anders Davidsen Blakstadnes i 1776 på 2
mællag 7½ mk.

Førstekona hans var moster til Målar-Ola (Gjævenes). Sk. 14/12 1814
etter Lars: Brutto ca. 185 rbd, netto ca. 134 rbd. Enkja Siri fekk kår i 1815
av Peder Ellingsen Utgård på bnr 3. Då ho døyde, fekk Peder kua Soprei
for den pleie Siri fekk på slutten. I 1817 vart Lars Olsen sitt bruk slege
saman med bnr 3 Jakobgarden.

Bnr 9a

Paul Hoversen Velle f ca. 1698 d 1765
1741 g Brit Ingebrigtsd. Utgård br 9b f ca. 1716
Br 1744-1765

Barn før ekteskap: Johanne f 1732 (mor: Mari Larsd. Riksheim), Han
budde ei tid på Riksheim. Sjå s 104.

Born i ekteskap:

1. Ingebrigt f 1741, g p br

2. Anders f 1744, g 1779 Kirsten Jonsd. Hovden (br 2). Bustad Midtgård, husmann.

Paul fekk bygselsetel frå Elisabet, enkja etter Jørgen Høeg, i 1744. Då vart det notert at han bygsla 1 v 3 mk. Og futerekneskapen for 1752 førde han som brukar av 1 v 15 mk. altså heile Andersgarden. Truleg er begge desse oppgåvene feil. Den nemnde futerekneskapen har og andre feil. Såleis er Ole Jetmundsen, som bygsla heile Størkågarden (1 v 15 mk) året før, førd med berre 1 pd 3 mk. Løysinga på problemet er vel at notatet for Paul i 1744 skal vere 1 pd 3 mk. og at tala for Ole Jetmundsen og Paul er bytte om i 1752. At Paul først bygsla mindre enn halve Andersgarden, er truleg.

Paul var soldat i kapt. Rodtvits kompani, utskriven i 1720, og alderen hans vart i militære rullar i 1731 oppgitt til 31 år. Andre oppgåver tyder på at han var eit par år eldre.

Sk. 2/10 1765: Brutto vel 46 rd, gjeld vel 71 rd. Gjelden var skattar, åbot på husa og kjøpmannsgjeld.

Ingebrigt Paulsen Utgård f 1741 d 1805
1766 g Brit Knutsd. Nordang f 1736 d 1806
Br 1765-1775

Born: 1. Paul f 1767 d 1768, 3 veker

2. Lars f 1764

3. Berte f 1771, g 1807 Peder Ols. Hundeide eller Gjøvenes, landeværn. Sjå Hundeide

4. Lars f 1773 d 1779

5. Synneve f 1775

6. Synneve f 1779, kf 1796

Brit Knutsd. var syster til Eli Knutsd. Hovden. Far deira var Knut Knutsen Nordang frå Midtgård.

I vanskelege år var det mange som måtte kjøpe korn, det såkalla «unnsetningskorn». I 1774 hadde Ingebrigt fått 1 t og betalte 1 rd 32 skill. Med det stod han til rest med 84 skill., som han aldri greidde å betale. Fute-rekneskapen for 1787 har ei liste over slike, m.a. Ingebrigt: «. . . er yderlig fattige og de fleste betlere. På grund av deres store armod har fogden ei fået det minste.»

I 1801 var Ingebrigt komen til Kursetgjerde som husmann, og i 1803 var han på legda. Etter at han døydde står det at han ikkje har etterlate seg noko til betaling av «unnsetningskornet». (Futerekneskap). I over 25 år vart Ingebrigt nemnd i arkivkjeldene kvart år på grunn av denne vesle gjelden.

Anders Jonsen Hovden br 2 f 1739 d 1812

1775 g 1. Johanne Olsd. Brunstad f 1744 d 1797, sk. 1798

1798 g 2. Anne Iversd. (Olsd.?)

Br 1775-1812

Barn: Berte f 1776, g p br

Sk. 4/1 1898: Brutto 63 rd. netto 46 rd. Anders var den som bruket vart oppkalla etter. Andrekona er kalla Iversd. ved giftarmålet, men Olsd. som kårkone.

Etter at Anders døydde vart det halde offentlig auksjon over bruket ved sommartinget på Blindheim. Bruket hadde skyld 1 pd 19½ mk. av det åtte kongen 1 pd 13½ mk. Brukaren svarte 1 t havre i kornavgift til kongen, men denne avgifta vart omrekna i pengar etter medelsprisen for havre dei siste 10 åra. Kåret til Anne skulle vere 5 v havre, 2½ v bygg, 2½ v blk, fôr til 1 ku og 3 sauer, eit stykke jord på ca. 600 kvadratalen til potetdyrking. Husrom og brensel.

Den som fekk tilslaget på auksjonen, for 260 rbd, var

Martinus Jørgensen Kurset br 2 f 1770 d 1839

ca. 1802 g Berte Andersd. Utgård f 1776 d 1868, legdslem

Br 1812-1834

Born: 1. Jørgen Johannes f 1801, g til Hatlemark

2. Ole f 1802, g p br

3. Gunder Olaus f 1803, kf 1818

I 1815 sette Martinus bruket i pant til pastor Kjelstrup ved obl. på 33 rd 2 ort sølvverdi eller 62 rd 48 skill. namneverdi. Ved sk. 30/4 1839 var buet fallitt: Brutto 10-2-4, gjeld 22-"-8. Auksjon 4/10 1839, selt for ca. 15 spd. Då Gunder Olaus vart døypt, vart faren kalla Martinus Jørgensen Solevåg.

Ole Martinussen Utgård f 1802 d 1876

1834 g Karen *Olave* Matsd. Tu br 1 f 1803 d 1876, to dg etter mannen

Br 1834-1854

Born: 1. Henning Martinus f 1834, g p br

2. Jens Bastian f 1843. Hadde barn: Johanne Marie f 1869 (mor: Agnete Petersd. Jarnes br 1). Han var trondheimshandlar, og døydde på ei reise til Trondheim. Buet etter han vart styrt av lensmannen. «Der mangler opfostringsbidrag for hans barn for 7 år, kr. 32 pr. år.» Fattigkommisjonen krev at pengar til dette vert haldne attende.

Ole fekk skøyte frå faren 21/10 1834 for 80 spd. I 1835 vart han stemnd for forliksskommisjonen av skulehaldaren Torstein Knudsen Gjerde m.a. for ærekrenkjande skuldingar: At han skal ha gjort at «folk har kommet fra sin dåbspakt». At han har slege skuleguten Bernt Eliassen Myrset så blodet rann. Han har dessutan nekta skulehaldaren å halde skule i huset hans dersom han brukar «de nødvendige og lovbealede skolestraffer». Endeleg har han «taget skoleholderen i brystet og rystet ham og hans klæder». Etter lang samtale vart partane forlikte: Ole bad om tilgjeving, som han fekk dersom han i framtida både i ord og gjerning lét vere å krenkje skulehaldaren, og betalte 2 ort til fattigkassa og 3 ort til klagaren. I 1836 la Ole eid til konstitusjonen. I 1845 sådde han ¼ t bygg, 1½ blk, 2 t havre, og 1½ t poteter. Fôra 1 hest, 4 kyr, 5 sauer, 3 geiter.

Henning Martinus Olsen Utgård f 1834 d 1907
1855 g Oline Marte Gurine Severinsd. Grebstad (1831-1916) (faren Severin Jonsen var frå Midtgård br 3).
Br 1854-ca. 1881

Born: 1. Anne Oline f 1856 d 1917
2. Ole Severin f 1859, g p br
3. Severine Kanutte f 1863, d 1922, g 1886 Jakob Larssen Riksheimgjerd f 1858. Bustad Emlemsvåg
4. Marte Petrine f 1867. Utvs nr 965
5. Peter Andreas f 1871 cd 1879

Skøyte frå faren i 1854 for 190 spd. Kår til mora. Sådde i 1865 1½ t blk, 3 t havre, 2½ t poteter. Fôra 1 hest, 5 kyr, 10 sauer. Bruket hadde 16 dekar god åker og dyrka eng, 34 dekar god natureng, og meir dyrkbar jord. Lettbrukt.

I 1875 sådde dei 1 t blk, 2 t havre og 2 t poteter. Buskap: 1 føl, 4 kyr, 2 kalvar, 9 sauer og 1 geit. Kårmannen hadde 2 sauer.

Ole Severin Henningsen Utgård f 1859 d 1938
1881 g Berte *Jensine* Amundsd. Velle f 1861 d 1934
Br ca. 1881-1920

Born: 1. Henning Severin f 1882 d 1883
2. Hanna Oline f 1884. Utvs nr 973
3. Anton Bastian f 1887. Utvs nr 975 d 1955
4. Henning Olai f 1889, g p br
5. Berte Laura f 1891, g 1915 Andreas Johannessen Åsen f 1889.
Bustad Ikornnes, bnr 11
6. Karoline Tomasine f 1893. Utvs nr 974

7. Olaf Bernhard f 1896 d 1917
8. Karl Johan f 1899, utvs nr 976
9. Kristine Petra Jenny f 1902 d 1938
10. Signe Laura f 1905 d 1947

Ole Severin bygde nytt stovehus i 1891, på nedsida av øvste del av Andersbakken (del av gamlevegen). Løa stod på bakkekanten litt lenger nede. Midt i 1920-åra bygde Ole Severin seg kårløe ovanfor stovehuset. Ovanfor husa hadde han truskehjul med vatn frå Raudåa. I mellomkrigs-tida braut han mykje jord ovanfor husa.

Henning Olsen Utgård f 1889 d 1976
1919 g Laura Johansd. Furnes f 1893 i Mauseidvåg
Br 1920-1964

- Born:
1. Elisabet Josefine f 1919
 2. Borgny Oddlaug f 1921, g 1940 Petter Tomassen Tynes f 1914.
Bustad bnr 28 Tjønes
 3. Ole Rolf f 1925 d 1945. Fiskar. Drepen ved flyattakk under krigen
 4. Lilly Henny f 1932, g p br

Henning dreiv lenge fiske, men var òg med på det store nybrotsarbeidet på den øvre delen av bruket. I 1920 bygde han ny løe eit godt stykke ovanfor den gamle, slik at då nyevegen kom lag både stove og løe ovanfor vegen, samtidig som Andersbakken vart mindre bratt. Løa var 18,5 x 9,3 m på betongmur og med skiftertak.

Johan Albert Kvalvåg f 1933 i Frei
1956 g Lilly Henny Henningsd. Utgård f 1932
Br 1964-

- Born:
1. Magnar Terje f 1957
 2. Henning Lidvar f 1960
 3. Geir Ivar f 1960
 4. Aina Helen f 1973

Kvalvåg har vore maskinsnikkar. Han har utvida bruket ved å dyrke eit stort stykke av utmarka. Dei kan no fø 9 mjølkekyr og nokre oksar. Andersgarden er einaste bruket i Utgård som driv med mjølkeproduksjon. Bygde nytt stovehus 1964-1965.

Bnr 11 HOGGAPLASSEN eller HJELRYST

(Namn etter plassen Hoggen, Tvergrov i Hjørundfjord.)

Peder Olsen Tvergrov f 1799 d 1864

1828 g *Ane Maria* Arnesd. Indre Årsnes f 1807 d 1898

Br 1840-1864, enkja til 1873

Born: 1. *Cecilie* f 1828. g p br, oppkalla etter mormora

2. *Helen* f 1831, g 1853 *Paul Olsen Fauskekam*. Han budde på Riksheim i 1853. Br Midgård br 5

3. *Ingeborg Pernille* f 1833 d 1840

4. *Anne Oline* f 1836 d 1842

5. *Peter Olaus Martinus* f 1839 d 1883 g 1867 enkje *Karen Martinusd*. Midtgård bnr 1

6. *Peter Johannes* f 1841

7. *Andreas* f 1844 kf 1859

8. *Oline Gurine* f 1849, g *Kristian Didriksen Juliebø* (1850-1907). Budde på Moldværhaugen.

Peder Olsen var nr 3 av 8 sysken. *Jetmund Olsen Tvergrov* på *Straumsheim* var ein yngre bror.

Kjøpte i 1828 eit bruk på *Halvorsæter* der han vart kalla *Fjords-Pe*, sidan han kom «innja fjordå». Etter nokre år bytte han gard med *Peder Iversen Gjævenes* (på *Halvorsæter* kalla *Års-Pe* i motsetnad til *Fjors-Pe*). *Peder Olsen* vart paktar av bnr 2 på *Gjævenes*, men måtte flytte frå garden, og fekk då denne husmannsplassen i *Utgård*. (Sjå *Gjævenes* bnr 2.)

Peder var ein staut kar og vart ståarkonge (bygdevektar). Ein lang stav hørde med til utstyret, og han fekk låne støvlar av *Myrset-Elias*.

I 1865 sådde enkja ½ t blk, ½ t havre og 1 t poteter. Fødde 1 ku og 2 sauer. *Marta* vart snart ein av dei såkalla «husarme» og fekk pengar og medisin av fattigvesenet.

I matriklane vert bnr 11 vanleg kalla *HJELRYST*, medan bnr 15, som vart lagt til seinare, vert kalla *Hoggaplassen* (også med uttalen *Høggaplas-sen*). At plassen vart kalla slik alt i *Peder Olsen* si tid er tvillaust.

Lars Olaus Salmundsen Emlen f 1844 d 13/12 1883

1868 g *Cecilie Pedersd*. *Utgård* f 1828 på *Årsnes*, d 1919

Br 1873-1883, enkja til 1900

Born: 1. *Peter Andreas Edvard* f 1869 d 1870, ½ år

2. *Peter Martinus Johan* f 1873, g p br

Lars fekk husmannssetel frå *Henning Olsen Utgård* på plassen *Jelrysten*

(som det vart skrive då) med ymse utmarkstykk, dat. 10/12 1877.

I 1875 sådde han ½ t blk, 1 t havre, 2 t poteter, og fôra 2 kyr, 1 kalv, 4 sauer og 3 geiter.

I 1884 fekk Cecilie 4 kr av Tandstads legat. Lars omkom på fjorden på tur til byen.

Peter Johan Larssen Utgård f 1873 d 1945, murar og gbr.

1900 g Ingeborg *Marie* Olsd. Hustadvik f 1875 i Hjørundfjord d 1956.

Br 1900-1945, enkja til 1948

Born: 1. Lars f 1901 d 1964. Utvs nr 979

2. Cecilie f 1903 g 1. 1928 Anton Kalvø frå Storekalvøy, drukna i 1933. G 2. 1936 Severin Giske frå Giske, han d 1958. Budde i Åneset

3. Marie Bastiane f 1805 d 1906

4. Ole Martin f 1907 d 1948

5. Kristian f 1908, utvs nr 978

6. Olivie f 1908 (tvill.), d 3 timar

7. Hans Hilmar f 1910, fiskar, Utgård bnr 40

8. Karen Marie f 1911 d 1960, g Laurits Sørnes f 1898 i Borgund

9. Petter Ingebrigt Bernhard f 1914. g p br

10. Marie f 1916, sjå bnr 40

11. Oluf f 1918 d 1919

I 1912 fekk Peter skøyte på eit stykke frå bnr 3 frå Ole E. Roald, Hoggaplassen bnr 15, skyld 0,39. Og i 1926 fekk han kjøpe bnr 11 av Peter Andreas Paulsen Midtgård.

Petter Ingebrigt Bernhard Pettersen Utgård f 1914

1962 g Ingrid Johanne Andersd. Næs f 1923 på Eid

Br 1948-

Born: 1. Marit Karin f 1963

2. Per Atle f 1965

Petter fekk skøyte frå mora i 1946 på bnr 11 og bnr 15 for 4000 kr. Kår.

Petter var lenge sjømann.

Bnr 40 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 15 i 1963, skyld 1 øre.

Hans og systera Marie fekk dette stykket av farsgarden og bygde hus på det i 1963. Hans har vore fiskar og sjømann.

Hundeidvik Misjonskvinneforening.

Misjonskvinneforeninga i Hundeidvik 1950. Teke ved gullbrvllupsdagen til Anna og Tomas Gjøvenes. Sitjande frå venstre: Johanne Gjøvenes, Anna Gjøvenes. Marie Utgård. Til høgre for dei står Karen Ytrestrand. I rekkja bak dei står: Regine Kurset, Susanne Myrset, Ida Rotnes, Laura Hovden, Anna Storvik, Nilla Hundeide, Olivia Gjøvenes og Kristine Utgård. Attanfor dei står: Hanna Kurset, Alfhild Skåden, Agnes Utgård, Olave Utgård, Anna Midtgård, Signe Bueide, Johanne Bolle, Inga Hagen (Kursetgerde), Palma Kurset, Berta Midtgård, Kristine Midtgård, Laura Utgård og Jensine Skarberg.

Brir 24 HUNDEIDVIK IDROTTSPLASS

Utskild frå bnr 9 i 1949, skyld 2 øre

Hundeidvik Idrottslag

vart skipa 14. mai 1944. Første formannen var Ole Bjørkavåg. Dei første åra dreiv dei friidrott og skisport og spelte fotball på atteleger i grenda. Då dei fekk kjøpe tomt til idrottsplass, vart det bygt fotballbane, der første kampen gjekk for seg i 1951. Grasbane vart ferdig i 1972. I staden for å byggje til berre garderobe og dusjar vart det vedteke å få til eit møtelokale på tomta òg. Dei fekk tilskot av tippemidlar og frå fylke og kommune. Men storparten av innsatsen gjorde bygdefolket. Det vart nedlagt ca. 9000 dugnadstimar på huset, som vart ferdig i 1976. Idrottslaget driv no med fotball og ski, og grenda har eit fint møtelokale.

Bnr 34 UNGDOMSREITEN

Utskilt frå bnr 9 i 1958, skyld 1 øre
Sykkylven kommune

Bnr 50 HUNDEIDVIK IDROTTSPLASS II

Frå bnr 9 i 1974,

Bnr 51 HUNDEIDVIK IDROTTSPLASS III

Frå bnr 11 i 1974

UTGÅRD

Bnr 1, 2, 16, 31, 44, 18, 20, 54, 21, 47, 30, 32, 33, 35, 41, 49, 55
3, 3A, 3B, 12
6, 17, 25, 26, 29, 36, 7, 10, 5, 27, 43, 54, 8, 28, 4, 19, 23, 32, 42, 46, 51,
52, 53, 54
9, 9B, 9A
11, 40, 24, 34, 50, 51 [Til innhald](#)

Gnr 55 MIDTGÅRD

I 1520 vart namnet skrive Midgardh (NRJ II 108), på 1600-talet først Hundevig, av og til Hundevig Midgaard, sidan i lang tid Midgaard. For ca. 100 år sidan vart forma Midtgaard vanleg. Denne forma nemner Rygh frå ei kjelde frå 1617 og finst også i Bhl pk 85 (1639).

Daglegtalen har vore Megarden, med tostavings tonelag, medan skriveforma Midtgård har einstavings tonelag. Forma Megard er brukt i skifteprotokoll XV s 451 (1765).

Av det Rygh skriv under Hundeid, ser det ut til at han ikkje var merk-sam på at det var Utgård og Midtgård som vart kalla Hundevig.

Namna Utgård og Midtgård skulle tyde på at her opphavleg var ein gard som vart delt i tre, med Midtgård i midten. Men tredje garden måtte då vere Hundelaide. Men sjølv om Hundevig finst brukt også om Hundelaide, er det uvisst om Hundelaide opphavleg var del av ein større gard. Det er vel heller berre ei samanblanding av Hundevig og Hundelaide på grunn av namnelikskapen.

Midtgård var største garden i Hundeidvik, med gammal skyld 5 v. Som hjørundfjordgard var Midtgård stundom tingstad.

Tuna låg i eldre tid samla om lag der Hansgarden og Toregarden er i dag. Den eldste Tore-stova folk veit om stod nedanfor vegen, og Sjursgarden sine hus stod ovanfor vegen sør for den noverande Tore-stova. Nord for den stod det gamle stabburet i Toregarden. Det vart rive ca. 1952.

Sjursgarden flytte ut i 1835 og som takk for det fekk dei alt sitt i eitt stykke.

Toregarden var ei tid delt i to bruk, Nilsbruket (oppkalla etter ein brukar) og Vollsadalbruket (oppkalla etter ein eigar). Der står enno bytesteinar i utmarka mellom dei to bruka.

Bøgarden gjekk mykje lenger nede før, langs bakkerøra. I marka som låg ovanfor bøgarden reiv dei vekk kratt og småskog og eit stykke vart lagt inn til slåttemark. Slike stykke som vart lagde inn av utmark vart kalla «gjære». Dei store gjæra var teigdelte, dei mindre i utmarka lenger frå garden var sameige. Der og i setergjæret delte dei høyet. Dei hadde kvar si løe i det store gjæret, samla utmarkshøyet der og køyrde det heim om vinteren.

I utmarka nærast dei innlagde «gjæra» var det lyngmark som var sameige, men med visse teigar til lyng og mold.

Alt beite var sameige. Setra hadde dei inne i Dalen (Megardsdalen). Alle hovudbruka hadde både sel og fjøsar der, ein plassing hadde berre fjøs.

Halvvegs inn i Dalen ligg Heimsetra (Stølane). Kva tid den vart nedlagd veit ingen no, men der stod sel til etter siste århundreskifte. Setringa i Dalen vart det slutt med først i 1947.

I Megardslia var så mykje bjørkeskog at dei kunne selje ein god del famneved i byen. Til å føre veden dit brukte dei treringane sine.

I 1945 kjøpte Ålesund kommune ein del skog i Megardslia, og då vart det bygt køyreveg til Stølane. Der var slåttemark, og kvart bruk hadde 20 teigar som alle hadde namn. Der var det vanleg med kappslått mellom dei tre bruka. 1913 var siste året dei slo der,

Alle hovudbruka hadde truskehjul. Torebruket hadde sitt nedanfor løa i Hansgarden, som hadde sitt hjul tvers overfor løa på andre sida av vegen, slik at når dei truska måtte folk gå eller køyre nedanfor løa. Sjursgarden hadde sitt hjul framanfor løa. Der hadde dei òg ei geil som gjekk frå løa opp i utmarka.

Alle tre bruka hadde kvernane sine på Øyra i Kvennaelva. Fremst stod Hanskverna, nedanfor den stod Torekverna, og Sjurskverna stod nedst, sør for nausta. Hansgarden hadde ei tørkarstove som stod ovanfor vegen, like ovanfor Vollane.

På Vollane stod ein gong eit hus som dei brukte til dans. Ei jente danste seg i hel, vert det fortalt, og huset vart rive.

Toregarden hadde ei smie tett nedanfor gamlebrua over Kamboelva. Sjursgarden hadde ei smie nede ved sjøen attmed nausta. I seinare tid hadde dei ei smie ovanfor stovehusa. Den brukte Smed-Karl før han flytte til Åneset,

Henning Midtgård i Toregarden heldt ute ein åtring. Åtringnaustet står nær dei andre nausta enno. Då notlaget vart oppløyst kjøpte Tore-Jakob naustet. På Insteøyra var der notanaust og notavoll, der dei hadde sildenota til notlaget. Størkå-Petter (Utgård) som var frå Sjursgarden, var bas ei tid.

Det var mest om somrane og haustane dei brukte nota. Ein sommar ca. 1870 var dei med nota på Bjørke i Hjørundfjorden, 4 mil frå Hundeidvik. Då fekk dei høyre at det skulle kome eit songkor til Grodås i Nordfjord. Dei tok då båtane og rodde til Hundeidvik, skifte klede og rodde tilbake til Bjørke, altså ein rotur på 8 mil. Så gjekk dei over fjellet og fekk vere med på den store hendinga. Og då dei kom heim att vart Hundeidvik blandakor skipa som eitt av dei første i landet. Dirigent var Karl Habostad, læraren.

EIGARAR

Det lét seg gjere å følgje eigedomstilhøva i Midtgård i detalj, men det vert då ei lang lekse, som vi får komprimere ein god del.

I 1626-matrikkelen er Midtgård kalla kyrkje- og bondegods, men i ei kjelde frå same tid er Rosenkrants-familien nemnd som medeigar (Statt-haldararkivet D IX pk 7 Adelsjordebøker XVI, RA).

Bondegodset var det brukarane som åtte, til Ole Endresen Blindheim vart eigar av ½ v 9 mk av Sjursgarden. Kyrkjegodset skifte ein del frå tid til anna mellom Hjørundfjordkyrkja, Sykkylvskyrkja og Margareta kyrkja i Borgund. Rosenkrantsparten vert ikkje nemnd seinare. Ca. 1670 vart borgundpresten Christopher Hiermann eigar av 1 v 18 mk og fekk bygselretten til alt. I 1693 kjøpte Nils Pedersen Assens på Grimmergård i Ålesund Hiermann-parten og auka sin part seinare til 1 v 2 pd. I 1719 kjøpte Jørgen Høeg det meste av Assens-parten og fekk bygselretten til alt. I 1723 kjøpte Henning Christophersen Abelset 1 v 9 mk. Høegfamilien hadde sin part i Midtgård uendra til 1780, då Anders Davidsen Kremmernes fekk kjøpe 2 pd 12 mk.

I 1791 var der samfrendeskifte mellom Christen Wallin og Elisabet Maria Abelset, enkja etter futen Ramshart. Dette var del av skiftet etter

madam Elisabeth Høeg, enkja etter Knut Høeg. Maren Elisabet Høeg fekk 1 pd 6 i Midtgård og madam Ramshart like mykje. Begge desse partane vart i 1798 selde til Lars Nilssen Aurdal av Christen Wallin og kaptein Johan Halle. Same året selde Anders Davidsen Kremmernes 2 pd 12 mk til Knut Jonsen Slyngstad og Sjur Knutsen Vaksvik. I 1820 selde Lars Nilssen Aurdal 2 pd 12 mk til Knut Iversen Voldsdal. I 1840 åtte Lars Sjursen Skarbø og Karl Slyngstad 2 pd 12 mk.

Heile tida åtte brukarane sjølve ein god del av jorda dei sat på.

MATRIKKELGARDEN

Som hjørundfjordgard hadde Midtgård bnr 11, sidan 158 og 116, til det i den nye matrikkelen fekk gnr 55 med lnr frå 352 til 355.

Gammal skyld 5 v, ny 10 dlr 10 skill., rev 1890 M 17,13.

Tienda var i 1615 3 mæler, i 1638 3½ mæler, i 1666 4 t havre, ½ t bygg, 2 pd 6 mk ost. I 1717 3½ t havre, 1 t bygg, 2 pd ost eller 4 ort 8 skill.

Leidangen var i 1607 3 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1624 3 geiteskinn, i 1636 3 geiteskinn 1 kalveskinn, i 1664 3 geiteskinn 2 kalveskinn, og i 1705 3 ort 16 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDHN

1626: 3 mann. Sår 9 t

1657: 3 mann. Krøter: 3 hestar, 3 oksar, 28 kyr, 21 sauer. 20 geiter

1667: 3 mann. Sår 10½ t, avlar 45 t, fôrar 3 hestar og 36 kyr. Brenneved

1714: 3 mann. Sår 9 t, avlar 35 t havre, sår 6 skjeeper bygg, avlar 10 t. Fôrar 3 hestar, 30 kyr

1717: 3 mann. Sår 10½ t havre, avlar 45 t, fôrar 3 hestar og 36 kyr. Brenneved. Årleg kvernavgift: 3 mark for Hanskverna, 4 mark for kvar av dei andre

1724: 3 mann. Brenneved og litt annan småskog «til gårdens fornødenhed». 1 lita seter ½ mil frå garden, 3 små kvernar der dei kan male for seg sjølve og noko til andre. Garden ligg ved sjøen, er lett vunnen til høyr og nokså viss til korn. «Graver røtter til tjærevirke».

Sår 1 1/8 t bygg, 10½ t havre, avlar 5 5/8 t bygg og 42 t havre.

Fôrar 3 hestar, 24 kyr, 12 ungdyr, 18 sauer og 24 geiter

1802: 4 mann Avl. 6 foll, nok brensel, ringt beite. Br 1 og 3 kvart verd 220 rd.

1845: Sår 1½ t bygg. 9 t blk, 12 t havre, 6 t pot. Fôrar 3 hestar, 24 kyr, 42 sauer, 15 geiter og 2 svin.

- 1865: Sår 1 t bygg, 10½ t blk, 15½ t havre og 9½ t poteter. Fôrar 3 hestar, 34 kyr, 64 sauer og 2 geiter
1875: Sår 11 t blk, 21 t havre, 20 t poteter. Fôrar 3 hestar, 1 føl, 25 kyr, 14 kalvar, 71 sauer og 2 griser.

BRUKARAR

I 1520 var der ein

Erland som la 3½ lodd sølv i tiendpenningsskatt og ein

Nils, som la 1 lodd 1 kvintin sølv 4 skill. (1 kvintin = ¼ lodd = 4 ort).

Det er ukjent kva samanheng der var mellom desse og dei brukarane vi kjenner til frå først på 1600-talet.

Bnr 1 HANSGARDEN

Ole Jonsen Midtgård

Br ca. 1600-1645

Born: 1. Knut, g til Myrset br 2

2. Hans, g p br

I 1650 er nemnde som fullvaksne ungdomar Peder Olsen og Paul Olsen, Desse kan òg vere sønnene til Ole, men det er uvisst, for i 1612 er nemnd ein husmann Ole i Midtgård, og Peder og Paul kan vere husmannssøner.

Ole Jonsen vart i 1611 utreidd til Kalmarkrigen av grannen i Sjursgarden og ei unkje i Utgård. I 1615 reidde han sjølv ut Laurits Paulsen, 20 år, til krigen (Danske kanselli, skap 9, 351 A, RA).

I 1635 la Ole 4½ ort i tiend og året etter 1 rd.

Ved sida av gardsbruket dreiv Ole sagbruk. Sagskatten av flaumsaga var 2 rd årleg. I 1603 skar han 30 tylfter bord, og 3 tylfter tiendbord var verd 6 mark då. Det året var han den einaste i heile Hjørundfjord som dreiv sagbruk. I 1612 skar han 30 tylfter, men deretter var saga nokre år «efter kongelig befaling udi forbud». I 1618 skar han 20 tylfter, men det var nok ulovleg, for i 1619 fekk han bot fordi han leverte bord medan det var ulovleg å bruke saga. Og både han og grannane vart bøtelagde fordi dei hadde trelast som dei ikkje hadde meldt frå om.

I åra 1622 til 1638 skar han så å seie kvart år, med eit gjennomsnitt på vel 20 tylfter pr. år. I desse oppgåvene står det for 1628: Ole Jonsen med consorter. Så grannane var kanskje med oftare utan at dei er nemnde. Ole Jonsen var lagrettemann, (I bd 3 og 4 av gardssoga er lagrettemenn etter 1680-åra ikkje nemnde).

Hans Olsen Midtgård f ca. 1616

Br 1645-1675

Born: 1. Anne f ca. 1650? g Lars Gundersen Kalvestad på Sula

2. Ole f ca. 1653, g p br

3. Knut f ca. 1655, g p br

4. Anne d.y.

Som ungar og gardbrukar med tenestjente la Hans 16 skill. i koppskatt i 1645. I krøterskatt la han i 1657 5 ort av 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 8 sauer og 8 geiter. Han brukte i 1675 6 mællag 12 mk. og åtte av det 1 v 18 mk. Han var lagrettemann.

Ole Hanssen Midtgård f ca. 1653

Br 1675-ca. 1684

Barn: Hans f ca. 1675, p br

Første året la han 21 mk bygg og 1 v 2 mk havre i korntiend, og vart førd som brukar av 6½ mællag 3 mk. altså det same som faren.

Den neste brukaren vart kanskje gift med en kja etter Ole Hanssen.

Hans Knutsen

Br 1685-1696

Han er førd med same skyld som føremannen og som eigar av 1 v 18 mk.

Den neste brukaren er truleg stykson til Knut. Han er son til den tidlegare brukaren Ole Hanssen Midtgård.

Hans Olsen Midtgård f ca. 1675

Br 1696-1697

Han har truleg døydd tidleg og vart etterfølgt på bruket av farbroren

Knut Hanssen Midtgård f ca. 1655 d 1726

g Magnhild Knutsd. f ca. 1655 d 1726, før mannen.

Br 1697-1714

Born: 1. Hans f ca. 1690, g p br

2. Peder f ca. 1690, g p br

3. Anne, g Ole Nilssen Røysen, Ulstein

4. Knut f ca. 1702, d 1723

Knut var eigar av det meste av bruket før han tok over som brukar. I 1690 fekk han kjøpt 1 mællag av kvar av systrene Anne Kalvestad og Anne d.y. som dei hadde ervt etter faren, og før åtte Knut sjølv 1½ mællag. Og av formyndaren for brorsonen Hans Olsen Midtgård kjøpte Knut 1½ mællag, og åtte dermed 5 mællag. Vitne ved denne handelen var brørne Ole Knutsen Midtgård i Toregarden og Jetmund Knutsen Utgård i Andersg.

I 1711 skatta han av 10 par skor = 30 skill. Hadde kone og to born å skatte for, og ei tenestjente med 4 ort 8 skill. i årsløn: Tenarlønskatt 12 skill.

Knut Hanssen var legdsman fra 1701. I 1721 kjøpte han jordpart i Nordang av m.a. Ole Jelmundsen Kurset. Saman med grannen i Sjursgarden, Ole Sivertsen, fekk han Nils Pedersen Assens til å gi avkall på all bygselrett av deira bruk då han kjøpte Hiermann-parten i Midtgård. Sk. etter Knut og kona 25/5 1726: Brutto ca. 17 rd, netto ca. 6 rd.

Peder Knutsen Midtgård f ca. 1690

Br 1714-1721

Peder bygsla først $3\frac{3}{4}$ mællag i Nordang av grannen i Toregarden Knut Olsen Midtgård som var lagverje for Brit Jetmundsd. Deretter fekk han bygselsetel frå Nils Pedersen Assens på $6\frac{1}{2}$ mællag i Midtgård 5/11 1714.

Skøyte frå faren på 5 mællag i Midtgård 15/7 1717. Ny bygselsetel på 1 pd $19\frac{1}{2}$ mk i Midtgård frå Jørgen Høeg 16/12 1720.

Han døydde truleg i 1721, for det året tok broren over. Det er uvisst kven som var eldst av dei to brørne som etter tur var brukarar etter faren. I skøyta faren gir til Hans i 1721 nemner han Hans som sin eldste son, men det kan vel tydst som «min eldste nolevande son». Det ligg nærare å tru at Peder var eldst sidan det var han som fekk skøyte i 1717. Skøyta av 1721 står i SSTb nr 13 s 246b.

Hans Knutsen Midtgård f ca. 1690 d 1733, 43 år

1722 g Siri Knutsd. Midtgård (Toreg.) f ca. 1697 d 1758 eller seinare.

Br 1721-1733, enkja til 1735

Born: 1. Knut f 1722, unemnd i 1733

2. Peder f 1723 d 1741, $18\frac{1}{2}$

3. Knut f 1725, g p br

4. Synneve f 1728

Skøyte frå faren 8/8 1721 på 5 mællag i Midtgård.

Sk. 15/10 1773: Brutto ca. 86 rd, netto vel 72 rd. Arne Kolbeinsen Hovden kravde 1 rd i soldatløn. Jordegods: Enkja 1 pd 21 mk. Peder og Knut 1 mællag kvar, Synneve $\frac{1}{2}$ mællag.

Siri Knutsd. gifte seg att i 1735 med

Ole Knutsen Ringstad f 1699 d 1749

Br 1735-1748

Born: 1 Amund f 1735

2. Hans f 1738

Ole Knutsen brukte i 1742 1 v 2 mællag 12 mk. det same som brukaren i Sjursgarden.

Sk. 20/1 1750: Brutto 125 rd, netto 87 rd. Buet åtte 3 mællag 3 fj med bygsel i Barstad, taksert til 30 rd. Av dette fekk enkja 1 mællag 15¼ mk. og kvar av sønene ½ mællag 7 7/8 mk. I 1758 selde enkja sin part i Barstad til sonen Hans.

Knut Hanssen Midtgård f 1725 d 1791

g 1754 Marta Svendsd. Myrset (Peg.) f 1731 d 1771

Br 1748-1774

Born: 1. Ole f 1754, g p br

2. Salmund f 1757, g 1. 1792 Sidsel Olsd. Tjønes (1755-1798), g 2.

1801 Karen Larsd. Hovden f 1753. Han Hytte til Hovden.

Skøyte frå verfaren Ole Knutsen i 1748 på 2 mællag 16½ mk og frå systema Synneve på 12 3/5 mk. Sjølv hadde han ervt 1 mællag 7½ mk. slik at han no åtte 5 mællag. (Tb nr 20 s. 64.)

Sk. etter Marta 21/1 1772: Brutto 214 rd, netto 196 rd. I 1774 overlét Knut bruket til sonen

Ole Knutsen Midtgård f 1754 d 1814

g 1. 1774 Dorte Olsd. Tjønes i 1745 d 1798, 53½ år

g 2. 1800 Tyri Ellingsd. Kjemphol f 1770 d 1848

Br 1774-1814

Born i 1. ekteskap:

1. Marte f 1776 d 17 dg

2. Marte f 1778, unemnd i 1814

3. Peder f 1780 d 2 dg

4. Marte f 1782 d 3 veker

Born i 2. ekteskap:

5. Dorte *Kanutte* f 1800, g p br

6. Karen Laurentse f 1803 d 1850, g 1. Lars Isaksen Myrset (br 2), g 2.

1830 em. Lars Hanss. Tandstad, g 3. 1836 Amund Larssen Tandstad

7. Marte Severine f 1803 (tvill.) d 1850, g 1838 Lars Peter Jansen

Høgnes.

8. Anne *Cecilie* f 1811, g 1. 1835 Peter Hanssen Strømsheim (br 2), g

2. 1843 Ole *Martinus* Hanstensen Fauske, bustad Straumsheim (br 2)

Skøyte frå faren 26/8 1774. Åtte 1 v 18 mk og brukte 1 v 2 pd. Svarte 17 skill. i årleg landskyld til sykkylvskyrkja som åtte 18 mk i bruket hans.

Dorte ervde 3½ mællag i Tjønes i 1776. Dette skøyte Ole Knutsen over til svogeren Lars Olsen Tjønes same året. Bror til Dorte, den vanføre

skreddaren Ole Olsen Tjønes, budde lenge i Hansgarden og døydde der i 1831.

Sk. 21/4 1814: Brutto 590 rbd, netto 496 rbd.
Enkja Tyri Ellingsd. gifte seg att i 1814 med

Lars Olaus Kristensen Riksheim br 1 f 1790 d 1860

Br 1814-1823

Lars kjøpte først Eilevgarden, Straumgjerde, i 1804. Den bygsla han bort i 1811 og i 1846, og i 1858 selde han den.

I Midtgård brukte han 1 v 2 pd. Av det åtte han sjølv 18 mk. I 1819 vart det skrive kontrakt mellom han og Peder Svendsen Myrset, formyndaren for Kanutte Olsd. Midtgård, der Lars skreiv frå seg bruksretten til Hansgarden. Men han sat på garden til Kanutte og mannen hennar kunne overta. Og då dei tok over i 1823 fekk Lars og kona kår av 1 v 1 pd 2 mk i Hansgarden. I 1842 var han med og redda Tomas Olsen Stave i havsnaud.

Sk. 1849 etter Tyri: Brutto ca. 449 spd, netto ca. 385 spd.

Lars Jonsen Straumsheim br 3 f 1793 d 1879

1823 g 1. Dorte *Kanutte* Olsd. Midtgård (1800-1843)

1844 g 2. Henninge Olsd. Fauske f 1806 d 1895

Br 1823-1858

Born i 1. ekteskap:

1. Ole Elias f 1824, g p br
2. Johan Karolus f 1827 d 1830, 3½ år
3. Lars Martinus f 1829 d 1848, 19½ år
4. Johan Elias Karolus f 1832, sjå bnr 2 Johanpl.
5. Helge Tomasine f 1837, g Jens Berntsen Tu br 1
6. Jens Olaus Andreas f 1840, sjå Toregarden

Barn i 2. ekteskap:

7. Dorte Kanutte f 1845, d 14 dg

Før ekteskap hadde Henninge: Anne Oline f 1838 (far: Jakob Bastiansen Grebstad, utvs nr 409).

I 1827 la Lars denne tienda: 1¼ mæle havre, 1 pd bygg, 8 skill. i oste-tiend og 4 skill. i fisketiend. Eid til konstitusjonen i 1832. Den nye skylda på bruket vart i 1819 sett til 3-3-10, men i 1830-åra sett ned til 3-1-19.

Sk. etter Dorte 17/6 1843 (då vart ho kalla Dordei): Brutto 435 spd, netto 356 spd. 1 v fiskeleige i Hansg. vart taksert til 283 spd og utlagt enkjemannen til eigedom mot 31-2-5 i panterettsutlegg til kvar av sønene og 15-3-15 til dottera Helge.

I 1845 sådde Lars ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 2 t poteter. Buskapen var 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris.

Ole Elias Larssen Midtgård f 1824 d 1866

1851 g Karen Rasmusd. Kjelstad f 1825 i Sunnylvn

Br 1858-1866

Born: 1. Lars Martinus f 1851 d 1879

2. Tomas Olaus f 1853 d 1881, ug. skomakar

3. Dorte Kanutte f 1856 d 1862, 7 år

4. Ole *Martinus* Andreas f 1857 d 13/12 1883

5. Iver Karolus f 1859 d 1932, g Oline Hatlehol, d 1935. Iver flytte til Haram i 1881, brukte Karlgården i Kipperberg eit par år, var sidan skipstømmermann i Ålesund

6. Anna Lovise f 1862, g 1888 fiskar Ole Severin Rasmussen Rødset f 1865 i Volda. Budde i Ålesund. Kalla Ole R. Kipperberg i 1911

7. Lovise Kanutte f 1864. fabrikkarbeidar ved Langevåg Fabrikker.

Hadde dottera Olave f 1891 med Johannes Nymark frå Langevåg

Karen vart oftast kalla Karen Martinusd. Ho var dotter til den seinare sorenskrivaren Rasmus Martinus Blakstad og Anne Knutsd. Kjelstad som sidan vart gift til Ljøen. Ho flytte seinare til Hansg. og døydde der i 1870.

Hansg. hadde i 1860-åra 26 dekar mykje god åker og dyrka eng og 41 dekar god natureng, og meir kunne dyrkast. Sådde ¼ t bygg, 5 t blk, 6 t havre og 3 t poteter. Avla 3 t bygg, 25 t blk, 24 t havre og 21 t poteter. Folketeljinga 1865 har noko mindre tal for sånaden av korn og poteter. Buskap: 1 hest, 10 kyr, 22 småfe (folketeljinga har 18 sauer). Bjørkeved til sal. Lauv som førsurrogat. Lettbrukt. Karen gifte seg att med

Peter Olaus Martinus Pedersen Utgård (Hoggapl. br 11) f 1839, omkom på Flisfjorden saman med versonen Martinus og Olaus Utgård (Ytstemyr).

Br 10 13/12 1883.

1867 g ek. Karen Rasmusd. Midtgård (br 1) f 1825 d 1912

Br 1867-1883

Born: 1. Olave Petrine f 1868 d 1917, g Karl Johan Martinussen Blindheim f Brunstad (1870-1941), han g 2. 1920 Anna Knutsd. Riksheim (Teigen)

2. Andreas Edvard f 1870, g 1895 Aslaug Engelsgård frå Ålesund f 1876. Dei budde i Ålesund og i Oslo.

I 1875 sådde Peter 3 t blk, 6 t havre og 5 t poteter og fôra 1 føl, 4 kyr, 3

kalvar, 7 sauer og 1 gris. Då hadde kårmannen Lars Jonsen 2 kyr, 1 kalv og 7 sauer.

I 1869 ville Peter ha minst 9 spd årleg for å ha mor til kona hos seg. Til då hadde han fått berre 3 spd for året.

Ved sk. etter 1. mannen til Karen, Ole Larsen, 25/9 1867, vart Hansgarden taksert til 845 spd. I 1873 selde Peter garden for 620 spd til Lars Pedersen Utgård på bnr 3 mot kår. Han fekk bygselsetel av Lars Pedersen 28/10 1873.

Neste brukar var son til Karen i 1. ekteskap

Ole Martinus Olsen Midtgård f 1857 d 1883

1882 g Bastiane Tomasd. Grebstad (bnr 1)

Br 1883 i 14 dagar, enkja til 1888

Fekk bygselsetel frå arvingane etter Berte Olsd. Utgård og Lars Pedersen Utgård 29/11 1883.

Martinus var på ferd til byen med ein vedafarm då alle i båten omkom å Flisfjorden.

Bastiane gifte seg att med

Jens Johan Berntsen Blakstad eller Myrset (Lien) f 1858 d 1919

1888 g 1. ek. Bastiane Tomasd. Midtgård f 1854 d 1905

1907 g 2. Berte Oline Johansd. Midtgård f 1871 d 1932

Br 1888-1919, enkja til 1921

Born i 1. ekteskap:

1. Ole Petter Tomas f 1886. Utnr 736

2. Jens Tomas Bastian f 1890, utnrs nr 734

3. Petter Severin Karolus f 1891, utnrs nr 737

4. Johan Bastian Laurits f 1893, utnrs nr 735

5. Anna Marie Josefine f 1895 d 1/8 1915, drukna i eit vatn i Megardsdalen.

Barn i 2. ekteskap:

6. Berta Jenny f 1908, g Svabø, Åles.

Jens tok namnet Myrset då han bygsla ein plass under Myrset, og brukte det også då han var plassemann i Lien under Hovden. Til dagleg vart familien kalla Lia-folket.

8/7 1889 gav Lars Larssen Riksheimgjerde, Jakob Petersen Kurset, Peter Hanssen Ekornes og Peder Ellingsen Utgård skøyte på Hansg. til Iver Andreassen Velle for 2800 kr. Same dag bygsla Iver bruket bort til Jens Berntsen med kår til Henninge Olsd. Og i 1911 fekk Jens Jensen Midtgård skøyte på bruket med hus for 3800 kr.

Den tragiske ulukka i Megardsdalen kan ein lese om i ålesundsavisene frå dagane etterpå, Sm. Fbl. 4/8: Orsaki til at baaten kvelvde var at ho som rodde miste ei år. Då ho bøygde seg over ripi etter den skar båten full. Den andre gjenta som var med heldt seg fast i baatkanten og kara seg til land paa den maaten. Sidan gjekk ho mest ei mil og bar den tunge bodi om ulukka fram til folk.» (Jenta som redda seg lever enno. Det var Olivia Olsd. Gjævenes f Midtgård.)

Jens J. Midtgård i Amerika hadde gitt Jens Jørgensen Gjævenes fullmakt til å selje Hansgarden, og på hans vegne gav Jens Gjævenes skøyte på bruket til brorson til Jens Berntsen for 9000 kr med kår til Berte Johansd. 3/1 1922.

Tomas Olsen Midtgård br 2 f 1897 d 1958, drukna på fjorden
1937 g Anna Jensine Petersd. Hundeide f 1899
Br 1921-1958, enkja til 1974
Tomas reparerte lòa i 1937.

Det var 29/4 1958 Tomas og broren Oluf heldt på å dra liner på fjorden ut for Hundeide. Då gjekk båten rundt og begge omkom. Begge vart funne dagen etter, den ein ein time før den andre, av hundeidvikarar. Froskemenn frå Ålesund tok dei opp.

Jenny, systerdotter til Anna, fekk overta bruket.

Jenny Nilsen

Br 1974-

Ho er gift med Knut Nilsen frå Østfold. Han er i det militære og dei bur i Bergen.

Bnr 28 SANDBAKKEN II, grustak

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 1 øre
Sykkylven kommune

Bnr 29 SANDBAKKEN III, grustak

Utskilt frå bnr 1, 3 og 4 i 1974, skyld 1 øre

Bnr 30 SANDBAKKEN IV, grustak

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 1 øre

Bnr 2 HØSTTEIGEN, sidan BAKKEN
dagleg kalla Johanplassen)

Johan Larssen Midtgård f 1832 d 1886

1863 g Olave Jensine Olsd. Straumsheim br 3 f 1836 d 1910

Br 1863-1886, enkja til 1890

Born: 1. Lars Olaus f 1863 d 1866, 3½ år

2. Lovise Kanutte f 1868, g p pl

3. Berte Oline f 1871, g til bnr 1

Johan og Olave (frå Tormodg.) var syskenborn. Johan bygde stove alt i 1860. Ho vart riven i 1935. Fekk festesetel frå Ole Larssen 15/11 1863. Plassen vart utskild i 1871 og fekk namnet Bakken, med skyld 1 ort 16 skill. Revidert 1890 til 0,55.

I 1865 sådde Johan 1 t havre og 1 t poteter og fødde 2 kyr, 2 sauer og 2 geiter. I 1875 sådde han 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter, og hadde då 2 kyr, 1 kalv og 9 sauer.

I 1873 selde Peter Pedersen i Hansg. bruket til Jens Larssen Midtgård, som gav bygselsetel til Johan Larssen 28/10 1873.

Ole Elias Berntsen Myrset (Blakstad) f 1860 d 1915

1890 g Lovise Johansd. Midtgård f 1868 d 1955

Br 1890-1915

Born: 1. Jens Johan f 1894, g p pl

2. Tomas Peter f 1897, sjå bnr 1

3. Olivia Berntine f 1902. Stelte huset for Lars Hellen i lang tid

4. Andreas Ingvald f 1905 d 1976. Fiskar, fabrikkarbeidar. Utvs nr 738. Drukna i Trondheimsfjorden

5. Hanna Laura f 1908, d 8 dg

6. Oluf f 1909, sjå bnr 10, utskilt frå bnr 3

Lovise fekk bygselsetel på plassen frå Jens Larssen Midtgård alt 2/5 1887. Ved sida av bruket dreiv Ole fiske. Sjå Lien under Hovden.

Jens Olsen Midtgård f 1894 d 1964

1920 g Berta Bastiansd. Hundeide br 1 f 1895 d 1965

Br 1918-1964

Born: 1. Oddlaug Borghild Olava f 1924, g Arnfinn Moen f 1920 i Odal. Bur i Oslo

2. Haldis Bastiane f 1933 d 1934

3. Haldis Bastiane f 1937, g 1963 Lars Petter Jenssen Opshaug f 1933. Bur på Stranda.

Jens fekk skøyte på plassen 4/1 1912. Utvs nr 739. Bygde løe i 1924 og geitefjøs vart tilbygt løa i 1933. I 1934 bygde han stovehus. Etter at døtrene var gifte og fraflytte vart bruket selt til uskyld. Sigmund Dahle frå Romsdal kjøpte det først.

Sigmund Dahle

Bygde om stovehuset i 1971. Selde til Egil Dahle i 1973. (Ikkje i slekt.)

Egil Olav Dahle f 1939 i Ålesund

1965 g Alfhild Hagen f 1941 i Ålesund

Born: 1. Ragnhild f 1967

2. Egil Peder f 1969

3. Synnøve Kristine f 1975

Egil Dahle gav 80 000 kr for plassen med hus. Han er rosemålar og porselensmålar.

Bnr 7 NOVA

Utskilt frå bnr 1 i 1927, skyld 7 øre

Petrine P. Drabløs

Tillegg til Pålplassen bnr 5, utskilt frå bnr 4.

Bnr 9 SOLHEIM

Ole Pettersen Myrset f 1902 d 1967

1934 g Berta Larsd. Utgård (bnr 3) f 1910

Br 1933-1967

Born: 1. Karsten f 1936, g p br

2. Birger f 1938, sjå bnr 26

Parsellen vart utskilt frå bnr 1 16/5 1933 med skyld 0,45.

Ole var lenge fiskar, og ei tid var han med på fraktfart med Jarnesbåtane. Bygde stovehuset i 1933 og lòa i 1934.

Karsten Levin Myrseth f 1936

1963 g Nancy Ingebjørg Tomasd. Jarnes br 13 f 1942

Br 1967-

Barn: Tor Ove f 1966

Karsten er sjåfør i S. S. Billag. Han har bygt på huset. Har vore mykje med i leiinga av idrettslaget i krinsen.

Bnr 26 SANDVOLL

Utskilt frå bnr 9 i 1969, skyld 2 øre

Birger Olsen Myrseth f 1938

g Svanhild Karin Ingesd. Tandstad f 1946

Barn: Ellinor Beate f 1973

Birger har vore bygningsmann og er sjåfør ved S. S. Billag. Har bygt eige bustadhus.

Bnr 23 FORMFIN II

Ein del av dette vart utskilt frå bnr 1 i 1966.

Bnr 3 SJURSGARDEN

Også kalla Sjursbakken.

Endre Olsen

g Tora

Br ca. 1595-1648

Born: 1. Ole, g til Blindheim?

2. Einer, g p br

Endre la dei første åra ½ mæle i tiend, i 1617 1 mæle, og i dei neste åra opp til 1 mæle 2½ fj. I 1619 åtte han 1 mællag jord, i 1626 ½ v, og i 1645 ½ v 18 mk. Han la 1 ort i koppskatt i 1645 for seg og kona og ei tenestjente. Han var lagrettemann.

Einer Endresen Midtgård

g Barbra Larsd. Trandal

Br frå ca. 1640 i lag med faren, enkja 1648-1651. Einer var med på å ta ei flaske brennevin frå ei jekt på heimveg frå Bergen. Far hans betalte mulkta, 4 rd. I 1643 la Einer ½ rd i frivillig kontribusjon saman med faren (Bhl pk 98).

Sjur Ingebrigtsen

f ca. 1615? d ca. 1705

Br 1651-1693

Born: 1. Ingebrigt f ca. 1655

2. Endre f ca. 1657. Bustad Fjørtoft. Har etterslekt «ute på øyane»

3. Jørgen f ca. 1664, g til Nedre Kurset (br 2)

4. Ole f ca. 1665, g p br

5. Eli, f etter 1666, d 1739, g 1713 Knut Pedersen Nordang (Knute-garden).

Sjur tok over bruket etter to enkjer, Barbra Larsd. f Trandal, og Tora.

I 1652 vart Sjur stemnd av Barbra Larsd. fordi han ikkje ville gi henne kår. Den tidlegare brukaren hadde lovt henne at ho skulle «njude i hendes Lifstid et nødsfoster og halfandet mæle sæd». Sjur sa at han fekk feste garden på lovleg vis utan desse vilkår. Men han gjekk likevel med på å ta henne i sitt hus og gi henne 2 mæler korn så lenge ho levde. I 1653 hadde Sjur fått barn med tenestjenta si, Gunilde Knutsd. Austrem. Ho hadde gått til Tusvik, fått skyss over fjorden, og hadde gått gjennom Skodje og Ørskog til Tomrefjorden, der ho arbeidde i 8 dagar. Då ho gjekk vidare derifrå kom ho til ei stor myr. Der svima ho av, og då ho kom til seg sjølv var ho forløyyst og barnet låg der livlaust. Ho la liket under ei bjørkerot og kom seg til folk att.

Saka kom fram på tinget i Vågnesholen i august 1653, 14 dagar etter fødselen. Gunilde fortalde at ho hadde tenkt seg til ein slektning, Jens Parelius, som var prest i Stjørdalen. Det hadde Sjur òg rådd henne til. Ho vart ikkje dømd for å ha teke livet av barnet, noko som ikkje kunne provast, men det ho elles hadde gjort var den tida nok til dødsdom. Og Sjur hadde «forbrutt sitt gods» som skulle tilfalle kongen. For ikkje å verte «slett busleden» bad Sjur om å få løyse inn att buet sitt med hjelp av vener, og det fekk han for 26 rd i 1654.

Det ser ikkje ut til at Sjur etter denne tragiske saka var skremd av «øvrigheita». I 1667 fekk han 7 rd i bot «for oprør på et skatteting». (Bst pk 15.) Men seinare vart han kalla dannemann, som berre vart brukt om velvyrde menn.

Ole Endresen Blindheim åtte halve Sjursgarden til Sjur fekk kjøpe denne gardparten i 1691 av ettermannen til Ole Endresen.

Sjur brukte 6½ mællag, og la i 1657 krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 7 sauer og 6 geiter. Bruket vart kalla Sjursgarden frå hans tid. Han var lagrettemann.

Ole Sjursen Midtgård f ca. 1665 d 1747

g 1. Solvei Jonsd, Myrset br 2 sk. 16/12 1710

g 2. 1712 Siri Olsd. Brusdal f ca. 1675 d 1757

Br 1693-1732 (heile), 1732-1741. (halve)

Born i 1. ekteskap:

1. Synneve f ca. 1695, g 1726 Arne Kolbeinsen Røssevoll, frå Hovden br lb; han budde ei tid i Utgård og Midtgård før han kom til Røssevoll

2. Ingebrigt f ca. 1698, d 1749 g ca. 1725 ek. Kari Ingebrigtsd. Mo (ca. 1688-1749). Bustad Myrhol, Hjørundfjord (sonen Ingebrigt Hovdenakk, Ørsta var skulehaldar)

3. Jon f ca. 1700, budde på Rise og i Midtgård, d 1755
4. Sjur f ca. 1702, g 1726 Berte Andersd. Alnes f 1694 d 1766. Bustad bnr 5 Slotsvik (Sjursgarden, oppkalla etter Sjur)
5. Guri f 1703, dp i Borgund, g 1735 Ole Larssen Eikrem frå bnr 1, g 2. 1743 Kari Jetmundsd. Brunstad frå Jørng. Dei budde på Flaskjær og på Buset
6. Jetmund f ca. 1705, g p br

Born i 2. ekteskap:

7. Sylvei g David Andersen Stadsnes
8. Peder f ca. 1716, g p br
9. Synneve f ca. 1717, g 1747 Jon Olsen Ystenes eller Ytre Stennes f ca. 1719. Begge døydde i 1785 og var siste brukarar der.

I 1706 la Ole Sjursen denne tienda: 1 pd bygg, 5 fj havre og 5½ mk ost,

Sk. 16/12 1710 etter Solvei: Brutto 116 rd, netto 87 rd. 1 koparkjel 6 rd, 1 kårde, 1 borse, 1 kvern med reie 8 rd, torskegarn for 4 rd, 1 gammal kjempefæring 1 rd, 1 naust 4 rd, part i kastenot 4 rd 2 ort, 1 vevstol 3 ort, 8 kyr 24 rd, 1 gammal merr 1 rd 1 ort 8 skill., 6 geiter med kje 3 rd, 2 sauer med lam 1 rd, 3 sauer utan lam 1-1-8, 1 gris 3 ort, 1 t bygg 1-3-», 9 t havre 9 rd. 1 skap i stova, plogreiskap, 5 mællag med bygsel i Midtgård. Av jorda fekk sønene Jon, Sjur og Jetmund ½ mællag kvar, døtrene Synneve og Guri ¼ mællag kvar, og enkjemannen resten.

Sk. etter Ole 13/5 1748: Brutto 28 rd, netto 20 rd.

Som nemnt gav Ole Sjursen frå seg halve bruket i 1732. I tida etter at han gav frå seg andre helvta i 1741 vart garden framleis verande delt ei tid. Vi kallar den delen Ole Sjursen gav frå seg sist for br A, den andre br B.

Br A

Peder Olsen Midtgård f ca 1716 d 1/7 1742

1741 g Guri Olsd. Ytre Ekornes br 1 f ca. 1712 d 1755

Br 1741-1742, enkja til 1747

Born: 1. Kirsti f 1741

2. Peder f 1743, kf i Hjørundfjord 1762, d 1770

Peder Olsen fekk skøyte frå faren på 2½ mællag, som Ole arva etter sin «sal. kvinde ifølge skiftebrev av 16/2 1710 for hvilke Peder Olsen har betalt 20 rd». (Pantebok for Sunnmøre 1724-1743.)

Enkja gifte seg att i 1750 med Ole Ellingsen Hjortdal (Peg.) og flytte dit. Ho døydde i 1755, 43 år. Bd 2 s 481.

Jon Olsen Midtgård f ca. 1698 d 1755, sk 16/6 1756

g Brit Jetmundsd. Årset frå Hjørundfjord (ca. 1696-1763)

Br 1747-1755

Born: 1. Ågåte f 1729 d 1750

2. Ole f 1730, g p br

3. Jetmund f ca. 1732 på Rise, sjå Midtgård, Toreg. B.

4. Sølvei f ca. 1736 d 1767

5. Katarine f 1739, levde i 1759.

Jon Olsen var først bygsjar på Mo 1724-1736 av 2 pd 15 mk. så husmann på Rise til 1739, deretter på Sæbønes til han kom til Midtgård. I 1741, medan han var på Sæbønes, selde han 5 mællag i Midtgård til broren Jetmund.

Sk. 1756: Brutto 69 rd, gjeld ca. 17 rd.

Br B

Jetmund Olsen Midtgård f ca. 1705 d 1766

1732 g Marte Olsd. Ytre Ekornes br 1 f ca. 1705 d 1766

Br 1732-1757

Born: 1. Sylvia f 1732 d 1750, 17½ år

2. Hans f 1733 d 1805, g 1760 Karen Jonsd. Nedre Glomset f 1741, d 1827. Han flytte dit.

3. Ole f ca. 1740, g 1. 1763 Guri Pedersd. Løvoll g 2. Anne Jonsd. Budde på Løvoll br 5

Jetmund kjøpte ½ mællag arvegods (morsarv 1710) av kvar av desse syskena: Jon Olsen Rise, Ingebrigt Ols. Myrhol og Sjur Olsen Slotsvik, og fekk skøyte på 24 mællag i Midtgård 13/2 1741. Dette selde han 24/5 1757 til brorsonen Ole Jonsen Midtgård for 25 rd.

Ole Jonsen Rise f 1730 d 1803

g 1. 1756 Berte Olsd. Ytre Stennes f ca. 1719 d 1762

g 2. 1763 Johanne Paulsd. Utgård f 1732 d 1796

(dotter til Paul Hoversen Utgård og Mari Larsd. Riksheim)

Br 1755-1757 br A, sidan heile Sjursg. til 1790

Barn i 1. ekteskap:

1. Jon f 1757, g p br

Born i 2. ekteskap:

2. Bård f 1764, omkom på sjøen 1786

3. Tore f 1768

4. Berte f 1770, d 13 veker

5. Marte f 1772, d 1797, ug legdsl.

Buet etter 1. kona åtte 5 mællag i Midtgård og overbyggesel til 2 mællag 3

mk, taksert til 65 rd. Av det fekk enkjemannen og sonen Jon kvar sin halvpart.

Sk. 1762: Brutto 142 rd netto 76 rd.

Far til Ole Jonsen var frå Midtgård. Aldersoppgåvene for Ole sprikjer svært: Han var 62 år i 1801 og 75 år i 1803!

Jon Olsen Midtgård f 1757 d 1835

1789 g Anne *Marte* Kristensd. Riksheim br 1 f 1764 d 1828

Br 1790-1821

Born: 1. Ole Johannes f 1790 d 1791, 8 veker 4 dg

2. Ole Johannes f 1792 g p br

3. Kristen f 1795, g 1. 1825 Olave Torsteinsd. Hundeide br 2, g 2. 1838 Johanne Gurine Hansd. Sætre br 2 f 1794. Gbr. Solevåg 1824-1843 (Jetmundg.)

4. Johannes Martinus f 1798 g 1823 Agate Torsteinsd. Hundeide br 2. Han flytte dit

5. Severin f 1801 d 1882, g 1830 Anne *Cecilie* Hansd. Aure (1796-1884). Bustad Grebstad. Bd I s 171

6. Bernt Olaus f 1804, g 1833 Gjertrud Karoline Pettersd. Kurset. Bustad Kurset br 1

7. Martinus f 1808, d 1819, 10 år

Jon Olsen fekk skøyte frå faren på 1 v 18 mk i Midtgård med overbygssel til 1 pd 6 mk. 3/1 1790. Jon Olsen saman med Peder Svendsen Myrset heldt på å drage line då båten vart kasta rundt av ein stor sjø. Dei kom seg på kvelvet, men båten gjekk rundt to gonger før dei vart redda av to Hatlemark-karar. Det var 19/11 1805.

Ole Johannes Jonsen Midtgård f 1792 d 1856

1821 g Berte *Eline* Jakobsd. Drabløs f 1801 d 1888

Br 1821-1854

Born: 1. Ingeborg Marie f 1822, g 1840 Peter Elias Gulliks. Tjønes f 1805

2. Bernt *Johannes* f 1823, g p br

3. Marte Jakobine f 1825, g 1844 Ole Iversen Hjorthol f 1818, skulehaldar, d 1902. Ho d 1861. Bd 2 s 479

4. Berte Johanne f 1827 d 1887. g 1846 Amund Larssen Velle. Sjø bd 2 s 416

5. Helge Pernille f 1829, d like etter fødselen

6. Jakob Olaus Martinus f 1830, d 1875, g 1860 ek. Ingeborg Berntsd. Hole f. Dravlaus. Sjø bd 2 s 607

7. Hans *Peter* f 1833, g 1862 ek. Marte Cecilie Martinusd. Utgård.
Bustad Størkåg. Utgård bnr 1
8. Bernt Petter f 1835, d 1836, ½ år
9. Berte *Tomasine* f 1838, 1858 Rasmus Hanssen Austremsreite
f ca. 1828. Ho d 1896, skreiv seg då Akslen
10. Olave Severine f 1841, g Henning Larssen Riksheimgjerde,
bustad Toreg. Midtgard:

Fekk skøyte frå faren på 5 mællag i Midtgard for 120 spd 26/10 1821. Kår.

I 1827 tiend: 1¼ mæle havre, ¼ mæle bygg, 8 skill. i ostetiend, 4 skill. i fisketiend.

Sådde i 1845 ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. Fødde 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 5 geiter.

Etter minneleg utskifting vart husa i 1835 flytte dit dei står no. Før låg husa tett saman med husa på dei to andre bruka.

Bernt Johannes Olsen Midtgård f 1823 d 1912

1850 g Juliane Laurentse Iversd. Vik f 1828 d 1902

Br 1854-1889

Born: 1. Oline Jensine Bastiane f 1857 d 1864

2. Anne Petrine f 1859 d 1865

3. Marte Eline f 1862, g Hans Olaus Peders. Myrset br 1

4. Lars Olaus f 1863 d 1866, 3½ år

5. Ole Andreas f 1870, g p br

Fekk skøyte frå faren 28/6 1854 for 400 spd. Kår. Bruket hadde i 1860-åra 29 dekar mykje god åker og dyrka eng, 52 dekar god natureng, hadde utslåttar og særst god hamnegang, bjørkeved til sal, lauvskog som førsurrogat. Garden lettbrukt. Sådde i 1865 ½ t bygg, 3½ t blk, 4½ havre og 2½ t poteter. Fødde 1 hest, 11 kyr og 20 sauer. I 1875: Sådde 3 t blk, 6 t havre, 6 t poteter. Fødde 1 hest, 5 kyr, 4 kalvar, 20 sauer og 1 gris. Kårkona hadde 2 kyr, 1 kalv og 5 sauer. Dei hadde to drenger og tenestjente.

Johannes heldt ute båt med 4 mann på båtlaget. Han var med i heradstyret, og i Hundeidvik misjonsforening frå starten.

Ole Andreas Johannesen Midtgård f 1870 d 1891, sk. 1893

1889 g Anne Olave Pedersd. Myrset br 1 f 1865

Br 1889-1891, enkja til 1893

Barn: Jensine Olivie f 1890, g Karl Johan Ekornes Indre br 1, budde på Lande på Ørskog

Sk. 20/6 1893: Enkja får ½ av garden, Jensine den andre ½, kvar ½ taksert til 2400 kr.

Anne Olave gifte seg alt med

Ole Martinus Iversen Hjorthol f 1866 d 1946
1893 g ek. Anne Olave Pedersd. Midtgård f 1865 d 1952
Br 1893-1936

Born: 1. Olivia Josefine f 1894, g til Gjævenes bnr 2
2. Petter Ingvald f 1897, g p br
3. Tea Margit f 1904

Fekk bygselsetel på ½ bruket mot kår til Johannes og kone 18/12 1893. Ole bygde nye hus 1893-1894. I 1911 fekk Jensine skøyte på ½ garden for 2400 kr. mot forkjøpsrett for Ole Iversen eller eitt av hans born om Jensine ikkje ville ha garden. Jensine selde sin part i garden i 1928 medan Petter enno var ugift, og foreldra brukte garden i lag med han enno i mange år. Før Jensine selde sin part brukte Ole Iversen den mot ei årleg avgift på 48 kr.

Petter Ingvald Olsen Midsgård f 1897
27/6 1936 g Helene Nikoline Nilsd. Nordstrand f 1902 på Valderøy, d 20/9
1936

B r 1936-

Petter fekk skøyte frå Karl Ekornes og kona Jensine på deira part i Sjursgarden for 14 000 kr. 18/5 1928 og dei skreiv frå seg odelsretten til bruket.

Ein dag Petter og kona var på Skopshornet fall kona utfor og slo seg i hel. Sidan styrte Tea huset for Petter. Han dreiv fiske nokre år.

YTREBAKKEN

Husmannsplass under bnr 3 Midtgård
Andreas Karlsen Kurset f 1850 d 1904, 53 år
1880 g Susanne Berntsd. Erstad (br 1) f 1854 d 1936(dei var syskenborn)
Br 1894-1904, enkja til 1906

Born: 1. Andreas f 1882, g p pl
2. Emte f 1889 d 1936, g 1911 Hans Toresen Slåttelid f 1884 i Austefjorden. Budde Leikongsæter
3. Berta f 1891, g 1914 Lars Eliassen Håvik f 1890. Bustad Tjørnvåg i Herøy. Han omkom ved Isstjernen-ulukka i 1925. Ho g 2. Henrik Fredbo frå Spangereid.

Fekk husmannssetel frå Johannes Olsen Midtgård 30/6 1894 på eit stykke urydda mark og eit slåttegjerde. Rett til ved frå ein skogteig. Plassen var

på ca. 14 dekar, men der var fôr berre til ein sau første året. Stova kjøpte han i Stordalen for 200 kr. og sette henne oppatt som ho var. Der var ikkje kjellar, men Andreas grov plass under stovehuset og fekk plass både til eit par sauer og til kua dei fekk i 1885. Bygde løe og fjøs i 1887. Andreas dreiv fiske i open båt i 38 vintrar.

I 1904 bar Andreas ei høybør heimover frå slåttegjerdet, bar ein ljà framfor seg, datt og fekk ljàsodden i magen. Dei tok båt til doktor i byen, men livet stod ikkje til å redde.

Andreas Andreassen Midtgård f 1882 d 1959

1906 g Petrine Hansd. Gjævenes f 1870 d 1968

Br 1906-1959

Fekk husmannssetel 25/1 1907 på levetid for seg og kona. Fekk òg ein 40 m brei skogteig og rett til brennetorv i ein del av Kråkemyra. Årleg landskyld 8 kr. og 1 veke slåttearbeid. 1 dag gjetsle for kvart vinterfôra dyr, og sauesanking etter krøtortal. Sal av ved frå skogteigen var ikkje tillate.

I boka om husmenn av prof. Ingrid Semmingsen står eit langt og særst interessant stykke om Andreas og foreldra hans s. 116-119. Stykket har overskrifta «Slåttegrauten var herleg god mat.» Stykket har med eit riss av roma i stovehuset og eit teikning av husa. Andreas lærde skreddaryrket som han dreiv i ca. 20 år. Fekk òg utdanning i orgelspel, kjøpte seg eit orgel til 180 kr. og vart frå 1917 fast organist i bedehuset i grenda, spelte dessutan ofte i sykkylvskyrkja. Han førde dagbok i lang tid, mykje av det i almanakkar der det kunne vere plass til notatar. Her er nokre spreidde utdrag:

1913: Spadde torv i 3 dagar 20-22 juni. Slakta grisen 16. oktober og selde han 17. okt., 27½ kg a kr. 1,05. Truska 20/10, drøfta 21/10: 5¾ t. Vårsildfisket var det beste på 100 år.

1914: Avla 13½ t poteter. 1920: Fekk inn for døra det siste 25/9, 15 t poteter. Sauesanking 27.-29. sept. 1921: Flytte på setra 28/7, heimatt 25/8. Lauving ferdig 21/9, 247 kjørv. 1922: Leverte siste tørrfisk for året 18/9. 1923: Spelte orgel i kyrkja for første gong. 1927: Tok inn for døra siste potetkålet 28/9. La nytt golv og nye åsar i fjøsen og endra dei 40 år gamle båsane. 1928: Heldt sundagsskule for første gong. 1929: Selde hagebær for 24 kr. 1930: Her kom takefisk til tørking 25. februar. Flytte på setra 1/7. Selde over 100 l hagebær i byen for brutto kr., 28,40, netto kr. 26,40. Heim frå setra 8/8. Fin sommar. 1931: Drakk jul hjå granne. 1932: Kjørde meg med automobil for første gong 4. sept. frå Jarnes til Tusvik. Hogg 18 golv potetlauv. 1933: Hadde to færingar. Selde den eine

for 25 kr. 1935: Sådde berre perlehavre. 1938: Selde solbær for 30 øre literen. 1941: Måtte levere 26 kg høy til tyskarane for 18 øre pr. kg. Rasjonering av poteter. Kona er 70 år og får 540 kr. i alderspensjon. Har 2 kyr, 2 sauer og 3 lam. Prøvde meg med kopping på foten til Myre-Johan. Trur ikkje eg skal prøve det oftare. (Men han prøvde det att i 1946 på foten til Marie O. Utgård.)

1945: Gjekk fredsmarsj Utgård-Gjævenes tur og retur på 39 minuttar.

Etter Andreas og Petrine gjekk plassen tilbake til hovudbruket. Utdrag frå lokalpressa om «Bakketunet»: Tunet har stovehus, fjøs, skot og kvernhus. Grunneigaren vil gjerne rive eller brenne husa. Ein av grannane meiner at plassen er verneverdig og at kulturstyret bør ordne dette. Kulturkonsulenten meiner plassen er ei perle og vil høve til bygdetun. Ein av arvingane (Arthur Håvik) vil prøve å få eigedomsrett til tunet, og så restaurere husa og samle ting med tanke på eit bygdetun. Kommunen ventar på at heimelsspørsmålet skal avklarast.

Bnr 10 BJØRKLUND

Oluf Olsen Midtgård br 2 f 1909 d 1958

1943 g Karen Nedre Sollid f 1907

Br 1949-1958

Var gardsdreng ymse stader som ung. Dreiv sildefiske frå Valderøy i 20 år. Fisketørking og vegarbeid. Kjøpte urudt stykke på 3 dekar frå bnr 3 i 1949. Bygde stovehus i 1953 og løe eit par år etter. Fødde nokre sauer. Oluf og broren var ute og drog line, men det bles opp og dei måtte slutte. Var på veg mot land då ulukka hende. Begge omkom.

Adoptivson: Olgar Karsten f 1949 i Trondheim.

Bnr 22 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 3 i 1962, skyld 1 øre

Alf Helgesen Garli f 1929 i Verdal

1952 g Mathilde Haraldsd. Haugen f 1931 i Verdal

Born: 1. Hildur f 1952, 1969 g Magne Sivertsen Kalvatn f 1947. Bustad Sætre br 53

2. Stig Audun f 1957, fabrikkarbeidar

3. Arve Magnar f 1964

Garli er møbeltapetserar. Budde eit år i Sjursgarden, sidan på Øvste-Hundeid til han bygde eige hus i 1963. Då dei bygde kom dei over murane av huset til Sagar-Hans, Hans Pedersen Voll.

Bnr 23 FORMFIN II

Utskilt frå bnr 3 i 1966, skyld 1 øre.

Bnr 31 SANDBAKKEN V, grustak

Utskilt frå bnr 3 i 1974, skyld 1 øre
Sykkylven kommune

Bnr 4 TOREGARDEN

Størker Olsen

Br 15 . .-1616, enkja til 1617

Barn: Halvor f ca. 1593

Ein Størker vart utreidd til Kalmarkrigen i 1611 av Peder Kursetgjerde og Elling Hundevig. Han var truleg son til Størker Olsen og bror til Halvor. Og denne Størker d.y. var vel far til Gudfast Størkersen Midtgård som er nemnd i ei liste over «dygtige karle» i 1653 (Danske kanselli, skap 8, RA).

Størker Olsen la i 1607 den største korntienda i Midtgård. I 1612 åtte han 4 mællag jord og la 16 skill. i odelsskatt. I 1615 1 geiteskinn og ½ kalveskinn i leidang + 2 skill. i leidang av den kyrkjeparten han brukte. Same året reidde han ut sonen Halvor til krigsteneste. (Danske kanselli, skap 4, 351 A, RA.) Halvor kom heimatt og tok over bruket. Størker Olsen dreiv og sagbruk. Skar i 1603 40 tylfter bord, i 1612 30 tylfter, i 1614 40 tylfter (4 tylfter tiendbord selde for 3 rd).

Halvor Størkersen Midtgård f ca. 1593

Br 1617-1635

Han åtte i 1626 1 pd 3 mk jord (Bhl pk 42).

Ole Jonsen d.y. d 1650

g Guri

Br 1635-1650, enkja til 1651

Vart i 1639 stemnd for å ha «mislaget et læ» (eit kje) frå namnebroren i Hansgarden. Bot 1½ rd. Åtte 1 mællag jord i 1635. I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei jente, 1 ort. Kona Guri er nemnd i Bhl pk 112 i 1649. Ole kan vere far til den Gjervald Olsen Midtgård som er nemnd i ei liste frå 1655 over unge karar som høver til båtsfolk.

Guri gifte seg att med

Ole Knutsen Utgård br 9 f ca. 1628, d etter 1701

Br 1651-1700

Born: 1. Knut f ca. 1658, g p br

2. Guri f ca. 1663 g Ingebrigt Olsen Hatlemark

3. Jon f ca. 1664

Ole Knutsen hadde broren Jetmund Knutsen i Andersg. Utgård.

I 1657 la Ole 1 rd 10 skill. i krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 6 sauer og 10 geiter. I ei tiendliste frå 1664 står det i ein rubrikk for ostetiend: «skaffer». Det tyder vel at han er skyss-skaffar og at han derfor slepp å betale småtiend.

I 1674 skatta Ole av 1 v odelsgoods i Indre Årsnes. Av det fekk sonen Knut seinare 22½ mk og dottera Guri 18 mk. Det er nemnt at Ole var med å ta tjuvegods frå ein stortjuv frå Øren. Før hadde Ole vore ute for tjuvar. I 1664 var det nokre borgund-karar som stal frå han 3 torskegarn, 300 famnar snøre og 15 ferske torsk frå eit naust. Han kom over karane medan dei sat og greidde dei stolne garna.

Ole bygde ei glas-stove. Den fekk sonen Knut overta. Frå 1660 til 1668 var der ein tvist om eigedomsretten eller løysingsretten til Torejorda, som hørde til den delen av Midtgård som borgundpresten Christopher Pedersen Hiermann åtte. Det var Amund Torsteinsen Store Fylling som sa at han hadde ervt denne parten i Midtgård etter faren Torstein, og som no hadde sett jordparten i pant til borgundpresten.

Ole Knutsen Midtgård stemnde Amund til tinget i Hjørundfjord 20/3 1667 og kravde at Amund skulle leggje fram dokument som viste med kva rett Amund og faren hadde teke over denne jorda. Ole meinte at han sjølv hadde odels- og løysingsretten til bruket. For andre gong lét Amund vere å møte.

Den 1/7 same året stemnde borgundpresten Ole Knutsen for resterande landskyld av 1 v 18 mk i Midtgård som presten hadde i pant frå Amund. Ole Knutsen var på reis til Bergen og broren Jetmund Utgård møtte for han. På tinget 20/11 same året sa Ole Knutsen at han i mange år hadde betalt landskyld til Amund, men han hadde vist han til presten som hadde jorda i pant.

Den 1. mai 1668 stemnde Ole Knutsen Amund Torsteinsen igjen, men heller ikkje denne gongen møtte Amund. Meir har ikkje tingbøkene om dette. Men i 1695 er Ole Knutsen framleis eigar av berre 9 mk av den jorda han brukte, medan begge grannane eig 1 v 18 mk kvar.

Knut Olsen Midtgård f ca. 1658 d 1713

g Brit Olsd. Hatlemark br A f ca. 1654

Br 1700-1713

Born: 1. Ole f ca. 1685?

2. Torstein f 1687, g til Kursetgjerde br 1
3. Knut f ca. 1696 d 1748, g Synneve Olsd. Nordang f ca. 1693 d 1749. Bustad Nordang
4. Siri f ca. 1697, g 1722 Hans Knutsen Midtgård, bnr 1
5. Marte f ca. 1700, g p br
5. Jon f ca. 1704, g til Indre Årsnes, Hjørundfjord

Knut brukte 6 2/3 mællag. Han var legdsman. Skatta i 1711 av 10 par skor.

Sk. 21/11 1713 (sk. prot. nr 3 s. 283b). I dette skifte står det at eldste sonen Ole er gift til Utgård, men den einaste Ole Knutsen ein finn der med høveleg alder er Ole Knutsen på bnr 1 og han er fødd i Størkågarden. Så her er det eitt eller anna som ikkje stemmer. Brutto ca. 101 rd, netto 82 rd. 1 sølv signet, 1 sølvskei, 1 tinn smørkanne, 1 tinnfat, 3 koparkjellar, 1 kvern med reie, sengkledde for ca. 7 rd, 2/3 i ein fjørendfar med segl og reie, 10 torskegarn, part i sekkenot og i kastenot, 1 raud hest, 7 kyr, 4 kalvar, 10 geiter, 2 kje, 6 sauer, 1 t bygg 1 rd 3 ort, 4 t havre 4 rd. Jordegods 1½ mællag i Årsnes.

Glas-stova som faren bygde og som han har bortfest, vart sett som pant for åbot av husa. Når desse er «forsvarlig laugfør efter loven» skal glas-stova tilfalle arvingane.

Enkja gifte seg att med

Tore Mortensen Ytterdal f 1689 d 1742

g 1. Brit Olsd. Midtgård f ca. 1654 d 1732

g 2. 1733 Sylvie Andersd. (sjå br B)

Br 1713-1729, br A til 1742 (halve garden)

Bygselsetel frå Nils Pedersen Assens 26/9 1713. Ny bygsel av 6 mællag 12 mk 9/12 1720 frå Jørgen Høeg. Bruk A er på 3 mællag 6 mk.

Sk. etter Brit 7/10 1732: Brutto ca. 41 rd, gjeld 31 rd. I 1734 vart Tore dømd for skyssforsøming (far hans var skyss-skaffar!).

Sk. 5/12 1742: Brutto 54 rd, netto 25 rd.

Enkja gifte seg att med

Jetmund Tosteinsen Kursetgjerde, som flytte til Toreg. Midtgård br B.

Br A

Peder Jørgensen Tusvik f ca. 1696 d 1742

1729 g Marte Knutsd. Midtgård f ca. 1700

Br 1729-1742, enkja til 1744

Born: 1. Kristoffer f 1729, g p br
2. Knut f 1732, d 765, ug 32½ år
3. Jørgen f 1735 d 1736, d 6 dg

Peder Jørgensen fekk skøyte på 1 pd 21 mk i Midtgård 13/2 1741.

Sk. 5/12 1742: Brutto ca. 62 rd, m.a. koparsaker for 6 rd, sjøreiskap 10 rd, krøter 22 rd, korn 5 rd. Gjeld 17 rd. Enkja gifte seg att med

Peder Olsen Barstad (Maldegarden) f ca. 1714 d 1770

1744 ek. Marte Knutsd. Midtgård f ca. 1700 d 1772

Br 1744-1770, enkja til 1772

Bygselsetel frå Elisabet, enkja etter Jørgen Høeg på 2 mællag 13½ mk.

Han var av ein syskenflokk på 9 og skal etter tradisjonen vere av Synnes-ætta. Sk. 29/4 1770: Brutto 134 rd, netto 79 rd.

Kristoffer Pedersen Midtgård f 1729 d 1794

g 1. 1756 Lisbet Rasmusd. Osdal frå Volda (1726-1763)

g 2. 1764 Kari Ellingsd. Tandstad (ca. 1715-1772)

g 3. 1773 Marte Larsd. Midtbust f 1774 d 1789

Br 1772-1790

Bygselsetel på 2 pd 12 mk 1772. Han bygsla først 1½ mællag på Grebstad.

3. kona hans var dotter til Lars Jenssen Grebstad. Sjå bd 1 s. 122.

Born i 1. ekteskap:

1. Berte f 1756, g p br
2. Marte f 1759, g til Hovden bnr 2

Born i 3. ekteskap:

3. Peder f 1774 d 1813, til Uren, sjå bd 1 s. 91
4. Tyri f 1776, d 1843 g 1807 Jetmund Jetmundsen Brøvoll f 1777 d 1844. Budde på Blakstad br 3, flytte til Mørkeset. Flytte til sonen Jørgen i Brusdal på sine gamle dagar
5. Elisabet f 1780, til Hjellegjerde, sjå bd 1 s. 122. Sidan til Jarnes (br 4).

Kristoffer var skyss-skaffar. Om slekta hans sjå sk. Eidem 12/8 1774 etter Kristi Jørgensd. (i sk. står rangt namn: Bjørnsen for Jørgensen). Sonen Peder var låghalt regimentskusk (1803). Sk, 1794: Eige 14 rd, netto 6 rd.

Tore Olsen Midtgård (frå Sjursg.) f 1768 d 1837

1791 g Berte Kristofersd. Midtgård (1756-1829)

Br 1790-1818

Bygsla 2 pd 12 mk av Nils Wind (på vegne av mad. Høeg) 31/5 1790.

- Born: 1. Marte Jakobine f 1793 d 1808
2. Lisbet Marie f 1793 (tvill.) d 1810
3. Kristofa f 1795, g p br
4. Dorte Johanne f 1798 (unemnd i 1801)

Tore var skyss-skaffar frå 1794 så lenge garden høyrde til Hjørundfjord skipreide. Fekk kår 2/11 1818.

Hans Jakobsen Kursetgjerde f 1792 d 1877
1818 g Kristofa Toresd. Midtgård (1795-1874)
Br 1818-1845

- Born: 1. Petrine f 1816
2. Lisbet Marie f 1821, g 1838 em. Lars Olaus Ols. Riksheimgjerde f 1808
3. Berte Petrine f 1826 d 1911, g p br
4. Kanutte Berte Marie f 1831, g til Myrset. (Peg.)

Bygsla 2 pd 12 mk av Lars Nilssen Aurdal 2/11 1818. Var medhjelpar og skreiv under visitasprotokollen i 1824 med eiga hand. La eid til konstitusjonen i 1829. Tiend: 2½ fj havre, ½ fj bygg, 4 skilling i ostetiend, 4 skill. i fisketiend (1827). Saman med dei andre Midtgård-brukarane klaga han over den nye skylda, som først vart sett til 1-4-5 for hans bruk. Den vart då sett ned til 1-3-10. Fekk 28/10 1840 skøyte på bruket frå Lars Sjursen Skarbø og Karl Slyngstad.

Sådde i 1845 ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 2 t poteter. Fødde 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris.

Bruk B

Jetmund Torsteinsen Kursetgjerde f ca. 1720 d 1766
1744 g 1. ek. Sylvie Andersd. Midtgård (enkje etter Tore Mortensen Midtgård) br A

g 2. Brit Jetmundsd. Årset f ca. 1696 d 1763
1764 g 3. Anne Olsd. Grebstad f ca. 1717 d 1797

Br 1743-1766, enkja til 1767

2. kona var truleg frå Årset i Hjørundfjord. 3. kona hadde dottera Guri (far: Lars Svendsen Myrset br 1). Ho budde truleg i Midtgård frå 10-års alder og vart sidan gift på bruket, med Peder Pedersen Erstad f 1761. Jetmund fekk bygselsetel frå Elisabet Høeg 9/5 1743. Sk. 1766: Brutto vel 100 rd, netto ca. 63 rd.

Enkja gifte seg att med

Jetmund Jonsen Rise f ca. 1732 d 1795

g 1767 ek. Anne Olsd. Midtgård f Grebstad (Ellingg.)

Br 1767-1788

Fekk bygselsetel først 4/12 1772 på 3½ mælag, frå dødsbuet etter Knut Høeg ved Jørgen Abelset

I 1759 var Jetmund tenar på Viddal og vart då utskriven til militærteneste i København. Næraste slekta hans var i Sjursbakken i Midtgård.

Peder Pedersen Erstad br 1 f 1761 d 1797 1790

g Guri Larsd. Midtgård f 1756

(dotter til Anne Olsd. Midtgård og Lars Svendsen Myrset)

Br 1788-1797

Bygsla bruket av Anders Davidsen Blakstadnes 14/4 1788

Born: 1. Ragnilde Petrine f 1790, g 1820 proprietær Hans Widerø på Moldvær f ca. 1783

2. Anne Marie f 1792 d 1876, g 1825 Syver Syversen Stadsnes (1800-1878)

3. Petrine f 1795, d 14 dg

4. Karen f 1795 (tvill.) d 18 dg

5. Jetmund f 1796, d 1878, g 1822 ek. Pernille Jakobsd. Stadsnes f Solevåg (1791-1871). Bustad Stadsnes (Jetmundg. bnr 5)

Sk. 15/4 1797: Brutto vel 101 rd, netto 82 rd. Guri Larsd. gifte seg att med

Elling Monsen Hundeide br 1 f 1753 d 1810

g 1798 ek. Guri Larsd. Midtgård f 1756 d 1830 på Moldvær

Br 1798-1810, enkja til 1811

Barn: Petter Kristoffer f 1800 d 1861, flytte til Borgund i 1828, vart tenar for glasmeister og brennevinsbrennar Jakobsen på Store Nørve. Gifte seg 1832 med Olave Karlsd. Eidem f 1798. Bygsla Lille Årset same året.

Elling var skulehaldar i Nøre krins frå 1786, sidan i Søre krins. Fekk godt vitnemål av presten. Men han hadde veik songrøyst og kunne ikkje bli klokkar.

Sk. 24/4 1810: Brutto 111 rd, netto 71 rd. Offentleg auksjon over arvegods til sonen Petter: 1 eggjaline med anglar, 200 famnar 2 rd 2 ort 6 skill., husdyr etc. for i alt 58 rd.

Nils Jørgensen Sollid f 1784 d 1839

g 1. 1812 Anne Eberhardsd. Giskemo f 1777 d 1826

g 2. 1828 Ingeborg *Marta* Isaksd. Myrset br 2 f 1795 d 1867

Br 1811-1839, enkja til 1845

Born i 1. ekteskap:

1. Karl Severin f 1812, d 20 dg
2. Gjertrud Severine f 1818 d 1903, g 1842 Karl Peders. Hole. Sjø bd 2 s 613

Born i 2. ekteskap:

3. Anne *Bertine* f 1828, g 1854 Johan Knutsen Andestad. Bustad Riksheim brn 8
4. Karen Laurentse f 1830 d 1898, g 1882 Rasmus Larssen Tusvik f 1842. Bustad Blakstad br 4
5. Rasmus Severin f 1833 d 1904. Ein av dei mange stubbane om han: Nokre svenskar var i ein kranjel i Ålesund. Solliguten, som han kalla seg, bykste opp, tok av seg trøya og sa: «E' det so ej ska udbrede min store styrke for anden gang her i Kipperviken, så skjer det blodbad.» Svenskane vart skremde.
6. Størker Andreas f 1835 d 1867, g 1867 Marie Kristiansd. Barstadvik (1833-1911). Plm i Olsvik. Rodde seg opp på eit skjer ved Larsg. med ein bordfarm og drukna.
7. Jens f 1837, sjå Sætre, bnr 1

Anne Eberhardsd. ætta frå ståtarkongen Alexander Persen. Nils fekk bygselsetel frå Lars Sjørnsen Vaksvik og Carl Slyngstad 6/5 1811. Kår til Guri Larsd.

Nils Jørgensen var med i krigen 1808-11 og 1814. Han var den einaste frå Sunnmøre som vart meld sakna etter slaget ved Berby 12/9 1808. Han hadde fått ei kule i herda og gøynde seg i ei løe. Men blodet rann ut mellom steinane under vegg og han vart fanga. Etter fangenskapet stod han i tenesta til krigen var slutt. Kula kapsla seg inn.

Sk. etter 1. kona 1827: Brutto 109 spd, netto 61 spd. Nils la eid til konstitusjonen i 1832. I 1835 vart det halde auksjon hos Nils for å dekkje gjeld til kjøpmann O. Strøm i Ålesund: 1/6 i ein nesten ny åttring med segl, framtau og reie, 1/6 i eit åttringsnaust, 1 gryte på 5/8 t, 1 høyend med fjørfyll, 1 raudåla geit, 2 kyr, 1 grå vêt («kreperet»), etc, for ca. 35 spd.

Sk. 25/2 1839: Eige 44 spd, gjeld 72 spd.

Auksjon 4/10 1839: ½ i ei kvern, 1 kar på 2 t, 1 høvlebenk, 1 ridesal, 1 lysekøle. 6 torskegarn, etc for 38 spd.

I 1840 vart enkja stemnd av eigarane for resterande landskyld. Ho matte betale 4 spd og setje i stand taket på stova og på naustet om ho skulle få halde fram som leigending.

Ved den nye matrikkelen i 1830-åra fekk bruka vi har kalla bruk A og bruk B nye løpenr. Br B fekk lnr 354 og br A lnr 355. I 1845 fekk dei to same brukar, men endeleg samanslåing av dei to kom først seinare.

Lars Petter Larsen Sætre br 1 f 1823 d 1863
1845 g Berte Petrine Hansd. Midtgård (br A) f 1826
Br 1845-1863, enkja til 1865

Lars fekk bygselsetel på lnr 355 18/11 1844. Kår til Hans Jakobsen, som m.a. skulle få fri bruk av Langåkeren og eit lite stykke skrinmark. Skøyte frå Hans Jakobsen på lnr 354 13/10 1845. Kontrakt med Henning Larssen Riksheimgjerde som får rett til å kjøpe ½ av garden for 280 spd når Lars Larssen vil la han få overta, dat. 21/10 1863.

Berte Hansd. gifte seg att i 1865 med

Jens Andreas Larssen Midtgård (Hansg.) f 1840 d 1889
Br 1865-1870 (heile Toreg.), lnr 354 til 1889.

Han var skulehaldar i 2. distrikt i full post frå 1858 til 1863. I 1861 hadde han 25 spd i løn, i 1863 42 spd. Så er han nemnd att i 1875 med 18 spd.

I 1865 sådde han ¼ t bygg, 3½ t blk, 4½ t havre og 2½ t poteter. Fødde 1 hest, 10 kyr og 24 sauer,

Bruket hadde 28 dekar mykje god åker og dyrka eng, 50 dekar god natureng, nokre utslåttar, og meir dyrkbar jord. Særs god hamnegang. Lauvskog som førsurrogat. Bjørkeved til sal.

Jens og Berte hadde ikkje born, og tok til seg Lars Bernt Paulsen Midtgård frå Pålplassen.

I 1870 fekk Jens og kona kår av lnr 355 (Voldsdalsbruket), med fri bruk av Isakåkeren på ca. ½ dekar og markstykket Meledhaugen på 2 dekar.

I 1876 (8/6) fekk Jens og kona skøyte på lnr 354 (Nilsbruket) frå medarvingane til Lars Larssen Midtgård: Jakob Larssen Søvik som g.m. Johanne Larsd., og Severine Jensd. Straumgjerde (enkja etter Ole Larsen) for 350 spd. Nokre månader seinare (24/10) vart lnr 355 fråskylddelt som bnr 6, som fekk same skyld som bnr 4 (lnr 354): 1 skylddalar 3 ort 10 skill. Stova til Jens stod på bnr 6. Den stod enno under siste verdskrig og vart då flytt litt nordover til bakkekanten. Stova vart sidan restaurert av Petter J. Midtgård og brukt som verkstad.

I 1875 hadde Jens 1 hest, 1 føl, 3 kyr, 2 kalvar og 6 sauer.

Jens var medhjelpar. Med i styret for Hundeidvik misjonsforening.

Henning Olaus Larssen Riksheimgjerde f 1845 d 1911
1870 g 1. Olave Severine Olsd. Midtgård br 3 (1841-1887)
1889 g 2. ek. Karoline Karlsd. Dypdal f 1849 d 1930
Br 1870-1889 (bnr 6), 1889-1909 (heile Toreg.)
Born: 1. Hans Ludvik Olaus f 1871 d 1931, ug. lærar
2. Jakob f 1876, g p br
3. Lars Jens f 1887 d 1890

Førstekona var frå Sjursbakken. Andrekona var dotter til gbr Karl Larsen Solevågseide og var først g.m. Kristian Anderssen Gjerde frå Nordfjord (1841-1883). Av dei tre borna frå hennar 1. ekteskap vart to hundeidvikarar: Petrine f 1876, g til Utgård bnr 1. og Karl Johan f 1882, utvns nr 741.

Henning fekk bygselsetel på lnr 355 i 1870. Han bygde først stove, og i 1873 løe som står den dag i dag. I 1875 hadde han 3 kyr, 2 kalvar og 6 sauer. Kårmannen Hans Jakobsen hadde 1 ku og 4 sauer.

Skøyte frå Jens Larssen Midtgård for 280 spd 24/10 1876 mot kår. Berte Hansd. hadde fått kår alt i 1873, med m.a. fri bruk av markstykket Høstteigen på 75 kvadratroder.

Skifte og auksjon etter Olave 1888: Netto 1775 kr.

Som attåtnæring dreiv Henning fiske. Han hadde eige båtlag og var høvedsmann på åttring.

Enkja Karoline selde Toreg. til brørne Hans og Jakob i 1911 for 4000 kr mot kår, m.a. bruk av åkeren «Nyåkersalda» på 18½ kvadratstenger.

Jakob Henningsen Midtgård f 1876 d 1948

1909 g Sofie Petersd. Fet (Åragjerdet) f 1891 d 1955

Br 1909-1948

Born: 1. Henna Olave f 1911, d 1963, g 1940 Ingolf Ingvaldsen Garnes frå Ulstein

2. Hans Ingvald f 1912, tok over bruket

3. Petter Johan f 1915. Sjå bnr 12, 14, 19 og 20

4. Olav Lars f 1917. Sjå bd 2 s 326

5. Josef f 1919, Sjå bnr 13 og 21

6. Jon Bertrand f 1921, sjå bnr 24

7. Henning Karolus f 1924, sjå bnr 18

8. Jørgen Martin f 1926, sjå bnr 11

9. Bjarne Norvald f 1928, sjå bnr 17

10. Eilert Johannes f 1930. Sjå bnr 15 og 19

Jakob kjøpte orgel i 1916. Bygde om og utvida stovehuset i 1932, og la i 1934 bølgeblekktak på det taklause åttringsnaustet. Dreiv lenge fiske som attåtnæring.

Hans Ingvald Midtgård f 1912

Br 1948-

Bnr 4 og bnr 6 vart i 1952 slegne saman til eitt bruk og fekk bnr 4. Alle brørne har tatt seg hustomt av bruket. Hans kjøpte traktor med ein del reiskap i 1960. Har drive fiske som attåtnæring.

Bnr 11 LUNDEMO

Utskilt frå bnr 4 og 6 i 1952, skyld 2 øre

Jørgen Martin Jakobsen Midtgård f 1926 d 1975

1951 g Anne Johannesd. Bjørgvik f 1931 i Verdal

Born: 1. Kirsti Sofie f 1952, kontordame ved Norsk Hydro

2. Marit Karin f 1955, lærar

3. Janne-Grete f 1960, fabrikkarbeidar

4. Trond Jørgen f 1966

Bygde hus på tomte. Hadde handelsskule og vart arbeidsformann ved Ekornes Fabrikker. Formann i Hundeidvik Idrottslag. Kona har folkehøgskule. I 1976 selde Sykkylven kommune *bnr 25* som tilleggstomt til Lundemo.

Bnr 12 HEIMSTEØYRA

Utskild frå bnr 4 i 1953, skyld 4 øre

Petter og Jørgen J. Midtgård

Sjå bnr 11 og 14.

Bnr 13 VOLLEN og bnr 21 KVENNASKIFTET

Bnr 13 utskilt frå bnr 4 i 1953, bnr 21 i 1956, skyld 3 øre og 1 øre

Josef Jakobsen Midtgård f 1919

g 1947 Borgny Arnesd. Nøringset f 1926 på Hareid

Barn: Svein Arne f 1947

Josef er møbeltapetserar. Kordirigent, og organist i kyrkja frå 1968. Tok over bnr 32 som tilleggstomt frå sonen Svein Arne.

Bnr 14 SMETUN og bnr 20 ELVEBAKKEN

Utskilt frå bnr 4 i 1953, skyld 2 øre, bnr 20 utsk. 1956 skyld 1 øre

Petter Jakobsen Midtgård f 1915

1958 g Karen Karsld. Tu (br 2) f 1919

Sjå bnr 12. Der innreidde han verkstad som han dreiv frå 1952 til 1965.

Har sidan arbeidt ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 15 ELVETUN og bnr 19 ELVEKILEN

Utskilde 1953 og 1956, skyld 2 og 1 øre

Eilert Johannes Jakobsen Midtgård f 1930

1953 g Judith Arnesd, Nøringset f 1932 på Hareid,

Born: 1. Sigrun Palma f 1954, g 1975 Oddgeir Hatlemark f 1954. Han er
fabrikkarbeida
2. Egil f 1964
Bygde bustadhus i 1956.

Bnr 16 ØVREØYRA

Utskilt frå bnr 4 i 1956, skyld 2 øre
Olav Jakobsen Midtgård f 1917
Sjå bd 2 s. 326. Straumgjerde.

Bnr 17 HØGTUN

Utskilt frå bnr 4 i 1956, skyld 1 øre
Bjarne Jakobsen Midtgård f 1928 d. 1974 (sjå Kurset br 15)

Bnr 18 BJØRKLY

Utskilt frå bnr 4 i 1956, skyld 0,65
Henning Jakobsen Midtgård f 1924

Bnr 23 FORMFIN II

Utskilt frå bnr 4 i 1966

Bnr 24 SJØLYST

Utskilt frå bnr 4 i 1967, skyld 3 øre
Jon Jakobsen Midtgård f 1921
g 1957 *Magda Arnesd. Nøringset* f 1934

Bnr 5 INSTEBAKKEN

Paul Olsen Fauskekam f 1825 d 1900
1853 g 1. *Helene Pedersd. Utgård* (Hoggapl. br 11) (1831-1869)
1871 g 2. *Anne Oline Klausd. Eidem* f 1821 d 1893
Br 1853-1892

Born: 1. *Olave Petrine Marie* f 1853, d 1937, g 1883 fiskar *Hans Pettersen*
f 1855 i Bohus. Ei tid gardsgut hos *Devold*. Bustad Ålesund
2. *Ole Petter Rasmus* f 1855 d 1855, ¾ år

3. Petter Andreas f 1857, fabrikkarbeidar hos Devold og i Hardanger. Kjøpte gard nær Haugesund. Sjå Utgård br. 11.
4. Hans Kristoffer f 1860. Utvs nr 740
5. Karl Johan f 1864. Måtte som ung opererast fleire gonger i ein fot. Flytte til Kristiania, vart fargeriarbeidar. Bygde seg hus på Lysaker. Ugift. Leigde bort del av huset
6. Lars Bernt f 1864 (tvill.), voks opp i Toreg. Fekk «skulepisk» fordi han åt litt av grisematen i grannegarden. Gjekk på Stord lærarskule, vart sjuk og kunne ikkje fullføre. Var huslærer hos doktoren på Ørskog ½ år, sidan skulehaldar, sist i Ørsta, d 1892
7. Ole Andreas, f 1867, g p pl

Paul budde på Riksheim i 1853. Han rydde plassen, som var berre utmark. Plassen vart utskild frå bnr 4 lnr 354 i 1876, skyld 16 skill.

Sånad 1865: 1 t havre, 1 t poteter. Fôra 1 ku 4 sauer. 1875: 1½ t havre, 2 t poteter. 3 kyr, 7 sauer. Var med i styret for ei «moderat høireforening» i Hundeidvik i 1894.

Ole Paulsen Midtgård f 1867 d 1918

1892 g Petrine Kristofa Petersd. Kurset br 1 f 1874.

Før han gifte seg dreiv han litt småhandel. Var med i heradstyret og i styret for Hundeidvik misjonsforening som vart rekonstruert i 1891. Sundagsskulelærer.

Petrine g 2. 1920 med em.

Jens Helgesen Drabløs f 1856 d 1925

Bnr 8 FREMSTEBAKKEN

Utskilt frå bnr 4 i 1932 etter jordlova §§ 79-81, som gav bruks- og eigedomsrett til Sykkylven kommune

Stykket vart selt for 1100 kr til Petrine Drabløs

Skøyte 27/7 1933. Skylda var 21 øre. Vart slege saman med bnr 5 og 7 til eitt bruk, bnr 5 Instebakken, skyld 51 øre.

Bnr 7 NOVA (sjå under bnr 1)

Petrine selde bnr 5 til

Johannes Jansen Belden f 1892 i Selje d 1954

I første ekteskap hadde Johannes borna Sverre Belden, Sykkylven og Jenny Ervik på Stadlandet.

g 2. Marie Nilsd. Sætren f 1905 i Selje

Born: 1. Nelly f 1928, g Kåre Hausvik frå Stadlandet

2. Magnar f 1934, sjå gnr 54 bnr 47 under bnr 3

Bruket vart selt til Sykkylven kommune til sandtak, men dei heldt att utmarka.

Bnr 27 SANDBAKKEN I

Utskilt frå bnr 5 i 1970, skyld 25 øre

Marie Belden f 1905

HUSMENN

Frå 1600-talet kjenner vi berre nokre fornamn på husmenn som gjerne betalte 1 kalveskinn i leidang. I tida 1603-1607 *Hans*, i 1612 *Ole*. I 1650-åra er nemnde nokre unge menn som kan vere husmannssøner: Bård Pedersen, Ole Amundsen og Gjørvald.

Ein husmann *Ole* g 1742 Marte Olsd., hadde ein son *Ole*, dp i Borgund 9/7 1741.

Anders Paulsen Utgård br 9a f 1744 d 1806

1779 g Kirsten Jonsd. Hovden br 2 f 1747 d 1804

Born: 1. Peder f 1779

2. Berte f 1779 (tvill.)

3. Augustinus f 1781, vart utskriven til sesjon alt 16 år gammal, var då under 1,50 m høg. Var med i krigen i 1810, og var blitt 1,69 m då han var ferdig med militærtjenesta i 1813

4. Berte f 1783, g Sagar-Hans, sjå nedanfor.

Hans Pedersen Åse, Vold, Gjøvenes eller Midtgård f

ca. 1769 d 1849

1820 g Berte (Berit) Andersd. Midtgård f 1783

Born før ektesap:

1. Petrine Kristiane f 1816, g 1847 Nils Rasmussen Lyshol f 1803. Ho d 1899, han 1858

2. Else f 1819, g 1856 Ole Jetmundsen Straumsheim f 1827 på Frøland d 1900

I ekteskap:

3. Kristen Gullik f 1821, g 1858 Berte *Karoline* Jonsd. Vik (Lånag.) f 1825.
Før ekteskap hadde Kristen dottera Berte f 1855 (mor: Johanne Olsd. Riksheimgjerde)

Hans gjekk under namnet Sagar-Hans etter arbeidet han dreiv med. I innflyttingslista i kyrkjeboka er han kalla Hans Pedersen Åse og kom då frå Tresfjord. Elles brukte han etternamnet Vold. Budde ei tid på Gjævenes før han kom til Midtgård. Der budde han i eit lite steinmura hus nordaust for nausta. Murane tetta dei med mose. Til seng brukte dei eit kvernaslök.

MIDTGÅRD

Bnr 1, 28, 29, 30, 2, 7, 9, 26, 23

3, bruk A, bruk B, 10, 22, 23, 31

4, bruk A, bruk B, 11, 12, 13, 21, 14, 20, 15, 19, 16, 17, 25, 18, 23, 24.

5, 8, 7, 27

Til innhald

Gnr 56 HUNDEIDE

Før er fortalt at både Utgård og Midtgård vart kalla Hundevig. Det hende òg at Hundeiide vart kalla Hundevig. Av eldre former elles kan nemnast: Under Eide (1626, 1631), Undereide (1629), Huneid (1645), Honde (1765), Hund-Eide (1794), Hundeid (1890, med merknaden: «almindelig skrevet Hundeiide»).

Første ledd kan kome av ei eldre form av eit elvenamn, meiner Rygh, som skriv: «Ved -eid sigtes her til den lave overgang frå Hundevigen til Tu.» Det er Utgård som ligg nærast dette eidet, og «eid» høver ikkje på nokon av Hundevik-gardane.

Dagleptalen har Hondei, som i samansetjingar meir kan lyde som Honda-: Hondaløå, hondakarane.

Garden grensar i nord til Midtgård og på sørsida er der eit kort stykke utmark før ein kjem til Gjævenes. Tuna ligg på ei lita høgd med flat innmark nedafor mot sjøen. Før utskiftinga i 1900 åtte begge bruka innmark nedanfor løa i grannegarden, men ved den minnelege utskiftinga vart dette endra.

Ovanfor tuna er og ein god del innmark, m.a. eit innlegg som var sameige, der dei delte høyet fangvis. Ovanfor tunet på bnr 1, på ei flate som ligg høgare, er bnr 3, eit stykke som vart utskilt i 1920-åra.

Bnr 2 hadde innmarka si i to stykke. Det fremste stykket vart ikkje

fråggerdt med det same. Dei slo der, og sleppte sidan krøtera inn på stykket.

I Megardsdalen har Hundeide hatt tre setrar, ei som vart nedlagd for lang tid sidan, og to som var i bruk til midten av 1900-talet, Ålen og Dalen. Ålen ligg halvvegs til Dalen, som ligg mykje høgare med fleire små vatn i nærleiken.

I Gjævestranda har Hundeide hatt eit par skogteigar dei siste 100 år. Der går eit gjel gjennom teigane, og i gamle dagar slo dei kvar sin del skiftevis. No er det for lenge sidan slutt med slått i Gjævestranda.

I etterkrigstida har det vore utskifting i utmarka mellom Hundeide og Gjævenes.

Langs stranda sør for hovudbruka låg to plassar som låg under begge bruka og som no er nedlagde og inndregne. Ovanfor desse plassane på Åneset, er det ovanfor bygdevegen selt fleire utmarkstomter som fabrikkarbeidarar har kjøpt og bygt på.

Hundeide må vere ein av dei eldste gardane i bygda. Som ein vil sjå under Eigargar må ein tilbake til heidensk tid for å finne dei eldste kjende namna. Og det er ikkje noko merkeleg ved at Hundeide var mellom dei første bustadane her. Både lægjet og lendet er av det beste, både for husdyrhald og korndyrking, og garden ligg lunt til.

Det er ikkje lett å forstå grunnen til at Hundeide ikkje har brukarar nemnde i tiendpenninglista frå 1520. Om garden låg øyde etter Svartedauden er ukjent, men der budde sikkert folk i 1416, for om garden låg øyde då ville det nok ha vore nemnt i diplommet frå det året (sjå s. 652). Og at der skulle ha vore eit avbrot i busetnaden mellom 1416 og 1520 er usannsynleg.

I den tida Hundeide var hjørundfjordgard var garden stundom tingstad.

I eit gjerde mellom utmarka til Hundeide og utmarka til Gjævenes er der eit led (ei grind) som vert kalla Vanjilje-ledet. Frå dette ledet går det ein sledeveg som vart kalla Breiveien. Når det ikkje var preikesundag og veret var lagleg, møtttest folket på Hundeide og Gjævenes ved ledet for å lese «vanjilja» (= evangeliet) i lag. Dette var før der kom hjulveg til Gjævenes nærare sjøen.

Under Matrikkelgarden vert gjort greie for avtak på grunn av flaum i eldre tid. Den siste store flaumen hadde ikkje slike konsekvensar, men i 1926 tok flaumen med seg brua. Sidan den tid har elva ikkje gjort skade, og noko trugsmål mot folk og fe har elva aldri vore. Ho kjem frå vatna i Megardsdalen, renn ut i fjorden ved Hundeide og dannar grensa mellom Hundeide og Midtgård. Vert til dagleg kalla Storelva.

Hundeide har ikkje hatt ein einaste utvandrar.

Þes kennezst ek Tidhike Wistenakker riddare oc ek Margareta Eilifs dot-
tor med Pesso waaro opno brefue at wi hafuom giort iordhaskifte med
wælborin man oc ærlighan Magnus Magnusson j swa matto at wi
laathom honom oc fulkmliga faom swa lenge wi andra skipan aa gørom
jordh waara som Hundheidh eiter som ligger i Aura kirkiu sokn oc alla
andra waara æydhe jordher som liggia aa Sudmære sma oc storar ææ hwar
helzst Þeira ligger æder leghit hefuer frå forno oc nyo wthan gardz oc
innan. J Þe iordh som Eikenes eiter oc adernempder Magnus Magnusson
oss fore waara iorder aather faar er Þet aller nædra gaardhin som ligger j
Ostre j Hamars kirkiu sokn. med allom Þeim luthom oc lunnendom som
honom till liggia æder lighat hafuu fra forno oc nyo vthan gardz oc
innan swa lenge at adernempder Magnus Magnusson oc wi fyrnempd
Tidhike Viste-nakker oc Margareta Eilifsdotter andra skipan aa gærom.
Þo med Polikin skell at huilkin af os fyrnempd som af annars meir vp
bær, han skall Þeim andra fult oc reth Þer fore gæra. Til sanninda her vm
satto wi waar insigle fore Þetta bref som giort war j Bergwin aa sancte
Egidius dag anno domini m. quadringentesimo sextodecimo.

Bagpaa med samtidig Haand: Vm iarde skipte millum Margretar oc hustru
Sigrid. - Og med yngre Haand: ligger i Oster i Hamars kirke sokn huoss
Bern. (Diplomatarium norvegicum, bd 2).

EIGARAR

Bård Nesjakonge åtte m.a. Hundeidvik. Sønene hans var Torstein Blåfot på
Hundeid og Eilif Jarl på Godøy. Torstein Blåfot vart hauglagd på
Hundeid på heidensk vis og hadde sikkert butt der, for det var vanleg å
gravleggje brukarane på garden dei budde på.

På 1800-talet var der fleire gravhauger på Hundeid, vert det sagt.

I 1412 var tyskaren Didrik Wistnakker eigar av Hundeid. Han var gift
med Margrete Eilifsd. i Naustdal i Nordfjord. I 1416 gjorde han makeskifte
med Magnus Magnusson g.m. Sigrid Erlingsdotter frå Losna i Sogn, enkja
etter Håkon Sigurdsson på Giske. Magnus og Sigrid vart då eigarar av
Hundeide. Sjå Dipl. Norv. II, s 477.

I 1626 er Hundeid kalla herremannsgods. I 1651 var arvingane etter
Rasmus Larsen eigarar. I 1659 var Hundeid Rosenkrantzgods. Mot slutten
av 1600-talet var Margrete de Fine eigar, og det var vel på hennar

vegne at Hans Møller bygsla bort eit av Hundeid-bruka i 1712, for i 1717 stod Margrete enno som eigar.

Men Møller-familien vart eigarar kort tid etter. I 1724 var Henninge Smith eigar og bygslar, og i 1732 vart Hans Møller sine arvingar førde som eigarar. I 1737 fekk Christopher Abelse garden Hundeið ved samfrendeskifte, og garden var i Abelse-eige der meste av 1700-talet. Frå 1782 var det Astrup-familien som åtte garden i lang tid.

MATRIKKELGARDEN

Under Midtgård er nemnt at den garden var den største i Hundeidvik, men på Hundeið var dei største bruka. Med sine to bruk hadde Hundeið i 1626 ei skyld på 4½ v, berre ½ v mindre enn Midtgård med 3 brukarar. I første halvdel av 1600-talet var Hundeið i skatteklasse heil gard. I 1667 var der eit avtak på grunn av skade ved «elvebrudd» og skylda vart sett ned til 3½ v. I 1669 nytt avtak til 3 v. I 1694 vart skylda sett opp att til 3½ v. Som Hjørundfjordgard hadde Hundeið bnr 12, sidan 159 og 117.

Tienda var i 1667 2 t 2 mæler havre, 1 mæle bygg og 1 pd 8 mk ost. I 1675 var tienda på kvart av dei to bruka 2 pd 6 mk havre, 1 pd 4 mk bygg. I 1717 2½ skjeper havre, 6 skjepper bygg og 1 pd ost eller 36 skill.

Leidangen var i 1640 2 geiteskinn 1 kalveskinn, i 1667 2 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1675 1½ geiteskinn 3 kalveskinn, i 1714 5 ort 4 skill. og i 1800 2 geiteskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 2 mann

1615: 3 mann

1626: 2 mann. Sår 9 t.

1657: 2 mann. Krøter: 1 hest, 1 okse, 11 kyr, 10 sauer, 4 geiter

1667: 2 mann. Sår 7 t havre avlar 26½ t, fôrar 2 hestar og 24 kyr. Brennefang

1714: 2 mann. Sår 7 t havre, 1 t bygg, avlar 28 t havre og 8 t bygg. Fôrar 2 hestar og 20 kyr. 2 kvernar

1724: 2 mann. Sår 1½ t bygg, 9 t havre, avlar 7½ t bygg og 36 t havre. Fôrar 2 hestar, 18 kyr, 8 ungdyr, 17 sauer og 8 geiter. Brenneved og litt annan skog til vedlikehald av garden, ei lita seter ½ mil frå garden, 2 små kvernar der dei kan male til seg sjølve og noko til andre. «Graver røtter til tjærevirke.» Garden er lett vunnen til hø og nokså viss til korn.

- 1802: 2 mann. Kwart bruk sår 5 t havre og ¼ t bygg, 6 foll. 1 hest, 11 kyr og 20 småfe. Noko furuskog til husreparasjon, men ikkje nok. Bjørkeskog nok til brenneved. Beitet er magert, Nokså viss kornavl. 7 arbeidsfolk. Kwart bruk verdsett til 250 rd.
- 1845: 2 mann. Fôrar 2 hestar, 16 kyr, 30 sauer, 14 geiter og 2 griser. Sår 1 t bygg, 6 t blk, 8 t havre og 8 t poteter
- 1865: 2 mann. 2 hestar, 22 kyr, 32 sauer, 20 geiter. Sår ½ t bygg, 7½ t blk, 10 t havre, 6 t poteter
- 1875: 2 mann. 2 hestar, 1 okse, 19 kyr, 5 kalvar, 36 sauer, 29 geiter og 3 griser. Sår 9 t blk, 10 t havre, 10 t poteter.

BRUKARAR

Bnr 1 ØVSTE-HUNDEIDE

Jetmund d 1613

Br 15 . .-1613, enkja til 1614

I 1606 la Jetmund berre halvparten så stor tiend som grannen på bnr 2 som la 2 mæler i tiend.

I 1611 reidde Jetmund i lag med Salmund Gjævenes ut Henrik Nes til Kalmarkrigen. Ved sida av garden dreiv Jetmund sagbruk, men i mindre omfang enn grannen. Den som tok over etter enkja var

Tore Anderssen f ca. 1585 d ca. 1660

Br 1614-1657

I 1615 var der tre brukarar på Hundedeide, men det ser ut til at Tore var åleine om sitt bruk. Han la ½ mæle i tiend første året. Garden Strandabø hadde på denne tida ei skyld på ½ v, av det åtte Tore Anderssen 27 mk. altså størsteparten av garden. I 1637 åtte han 2 mællag jord, men sidan herre 1½ mællag att. I 1645 la han koppskatt for seg og kona, og hadde dreng og to jenter i teneste. Dotter hans vart gift på bruket.

Ole Pedersen Kursetgjerde f ca. 1624 d ca. 1685

g N.N. Toresd. Hundedeide

Br 1657-1683

Born: 1. Tore f ca. 1652, g p br

2. Mari, g Jakob Larssen Riksheim (Peg.)

3. Jon f ca. 1662

4. Peder f ca. 1664

I 1657 hadde Ole 3 kyr, 4 sauer og 4 geiter og krøterskatten var 1½ ort. Same året vart han stemnd fordi han ikkje reiste til Trondheim i lag med dei andre skyttarane som var innkalla, og i 1660 vart han stemnd for skyssforsømming. Men han «gjorde bevisligt med det hele grandskab at han lå syk da han skulle ha skysset fogden».

Tore Olsen Hundeide f ca. 1652 d 1731

g Berte Jetmundsd. f ca. 1655 d 1727

Br 1683-1714 (heile), br 1714-1720 (halve bruket)

Born: 1. Anne f ca. 1670 d 1730, g Tore Jetmundsen Nøre Vartdal (ca. 1696-1733)

2. Marte g ca. 1702 Hans Jonsen Hustad. Han d 1740, ho i 1738

3. Ole f ca. 1696, g p br

4. Ragnhild f ca. 1698 d ug 1724

5. Ingeborg f ca. 1700, g em. Tore Jetmundsen Nøre Vartdal, enkjemannen etter systera Anne.

I 1694 brukte Tore 7 mællag. I 1714 fekk han bygselsetel frå Hans Møller på 4 mællag.

Han var ein av underskrivarane både på klagebrevet til kongen i 1704 (SSTb nr 5 s 57) og på klagebrevet til Hans Nobel frå sunnmørsbøndene i 1709.

I 1711 betalte han ekstraskatt for seg og kona og eit barn, skatt av 10 par skor, hadde dreng med 2 rd i årsløn og jente med 4 ort 8 skill.

Sk. etter kona 5/4 1728: Brutto vel 13 rd, netto 6-3-2. I sk.prot. nr 7 s. 978 står m.a.: Træfang fantes ikke. Sengeklæder fantes ikke heller. Korn fantes ikke. 1 gammel kjempefæring, uduelig, 2 ort, 2 kyr, 1 sau. Dorte Jakobsd. hadde 3 ort tilgode i buet. Ho fekk ein tasak! (kort sabel).

Ole Toresen Hundeide f ca. 1696 d 1752

g Berte Jetmundsd. Nøre Vartdal f ca. 1688 d 1762

Br 1714-1720 (halve), 1720-1752 (heile bruket)

Born: 1. Anna f ca. 1719? g 1738 Lars Viddal f ca. 1710, d 1762. Han bleiv.

2. Berte f 1722 d 1723, ½ år

3. Berte f 1723 d 1792, g 1. 1748 Ole Ellingsen Dravlaus, g 2. Helge Salmunds. Dravlaus. Sjå bd 2 s 381

4. Mons f 1727, g p br

Berte Jetmundsd. er ikkje nemnd i syskenflokket i Vartdalsboka s. 349.

Ole Toresen gav i 1733 saman med andre skøyte til Jetmund Toresen Nøre Vartdal, son til Tore Jetmundsen, på 2 mællag 1 mk i vartdalsbruket.

Ole var takstmann ved skifte.

Mons Olsen Hundeide f 1727 d 1790

1749 g 1. Marte Ellingsd. Dravlaus f 1725 d 1765

1766 g 2. Ragnilde Knutsd. f ca. 1734 d 1790

Br 1747-1783 (heile), 1783-1789 (halve bruket)

Born i 1. ekteskap:

1. Anne f 1749 d 1790, g 1773 Elling Ols. Hatlemark br 1, g 2. Ole Olsen Hatlemark br 1
2. Ole f 1751, g p br
3. Elling f 1753, skulehaldar, g til bnr 4 Midtgård
4. Tore f 1756, unemnd 1765
5. Ole d.y. f 1758 d 1823, g 1788 ek. Johanne Eriksd. Emlemsvåg f Fausa (1752-1825). Bustad Emlemsvåg. Forhøyrd etter opprøret i Borgund i 1817. Sa seg usamd i det som var gjort, men vart tvinga til å gjere som dei andre. Ropte ikkje hurra
6. Berte f 1762, g 1800 em. Martinus Pedersen Eidsnes f ca. 1770, bustad Solevågseid

Born i 2. ekteskap:

7. Marte f 1767, sjuk, fattiglem, d 1807
8. Berte f 1775, d 1847. Im 1806 med Hans Rasmus Hanssen Straumgjerde

Sk. 1765: Brutto 132 rd, netto ca. 114 rd. Sk. 22/1 1790: Brutto ca. 109 rd, netto 104 rd.

Ole Monssen Hundeide f 1751 d 1802, sk. 1803

1782 g Johanne Knutsd. Kursetgjerde br 1 f 1750 d 1827

Br 1783-1789 (halve) 1789-1802 (heile bruket)

Born: 1. Tore f 1782, g p br

2. Nille *Marie* f 1785, d 1837, g til Myrset bnr 2
3. Anne f 1788 d 1857, g 1811 Ole Svendsen Lyshol f Myrset br 1, f 1773, d 1831, spedalsk. Bd I s 260
4. Mons Rasmus f 1792 d 1865, hadde barn Berte Olave f 1816 (mor: Petrine Bernsd. Erstad) og Berte Johanne f 1830 (mor: Nille Hansd. Jarnes). Bustad Kriken u. Capralg. Aure.

Bygselsetel på 3½ mællag 12/5 1783 frå mad. Abelset, og på 3½ mællag 25/9 1789 frå Nikolai Astrup.

I 1782 fekk Ole Monssen ein bibel frå presten Nikolai Astrup. Bibelen er enno på garden. Sk. 1803: Brutto 235 rd, netto 203 rd.

Tore Olsen Hundeide f 1782 d 1836

1808 g Berte Larsd. Aurdal f 1787 d 1841

Br 1806-1836, enkja til 1840

- Born: 1. Bernt Olaus f 1809, g p br
2. Johanne Laurentse f 1811, g 1834 em. Knut Olsen Stave (1797-1884) br 2
3. Stine Cecilie f 1814 d 1883 g 1. Bernt MadsenTu br 1, og 2. 1876 em. Peder Ellingsen Tandstad f 1813 d 1887
4. Lars Petter Gullik f 1817, g 1. 1844 ek. Johanne Olsd. Hellen, g 2. 1876 ek. Karoline Guttormsd. Reite, bustad Brunstad. Lars budde på Hellen
5. Karolus f 1820, g 1852 Tomasine Kristensd. Riksheim. Bustad Riksheim br 1

Kontrakt frå prostenkja Astrup 30/10 1806 om bruksrett på livstid av 2 pd 6 mk i Hundeide. I 1829 fekk han bygselsetel frå mad. Abelsset mot kår til enkja Johanne Knutsd. Sk. 1836: Brutto vel 130 spd, netto 126 spd.

Bernt Toresen Hundeide f 1809 d 1880

1840 g Oline Laurentse Eliasd. Blakstad br 1 f 1822 d 1897

Br 1840-1862

- Born: 1. Berte Kristine Karoline f 1843. g p br
2. Lovise Tomasine f 1848 d 1899, g 1867 Jens Petersen Tjønes (1842-1915)

Bernt la eid til konstitusjonen i 1842 etter to år som sjølveigar. Skøyte frå jomfru Astrup for 370 spd 21/8 1840. Sådde i 1845 ½ t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 4 t poteter. Fødde 1 hest, 8 kyr, 15 sauer, 7 geiter og 1 gris.

Størker Iversen Utgård br 1 f 1836 d 1919

1861 g Berte Berntsd. Hundeide f 1843 d 1909

Br 1862-1894

- Born: 1. Iver *Bastian* f 1863, g p br
2. Charlotte Ingeborg Marie f 1866, g bnr 2
3. Peter Olaus f 1872 d 1883
4. Tomas Martinus f 1875, til Utgård bnr 1
5. Oline Bastiane f 1881, g 1906 Ole Jenss. Sætre br 1

Bruket hadde i 1860-åra 25 dekar mykje god åker og dyrka eng, 78 dekar god natureng, og meir dyrkbar jord. Hamnegangen var «udmerket god i enhver henseende». Bjørkeved og bandstakar til sal. Lauv som førsurrogat. Sånad ¼ t bygg, 3½ t blk, 5½ t havre og 3 t poteter. Avling: 3 t bygg, 23 t blk, 27 t havre og 21 t poteter. Krøter: 1 hest, 10-11 kyr, 16 sauer og 10 geiter. I 1875 sådde han 4 t blk, 5 t havre og 4 t poteter. Då var buskaperen 1 hest, 5 kyr, 3 kalvar, 14 sauer, 8 geiter og 1 gris. Kårmannen Bernt hadde 4 kyr, 5 sauer, 3 geiter og 1 gris.

I 1875 bygde Størker nytt stovehus. Ved sida av garden dreiv han mange år vinterfiske frå Gjørund. Hadde eige båtlag og var styrmann på åttring. Han ervde halvparten av Rasmusg. på Andestad, og i 1871 kjøpte han Tormodg. på Eidem for 370 spd. Eidemgarden selde han i 1903. I 1888 betalte Styrker 19 kr. og 18 øre i skatt, og var med det største skattytaren på strekninga Straumsheim-Gjævenes. Han var lenge med i heradstyret.

Iver Bastian Størkersen Hundeide f 1863 d 11/10 1929

1893 g Hansine Pettersd. Kurset (Øvre) f 1862 d 1954

Br 1894-1929, enkja til 1930

Born: 1. Berta Sofie f 1895, g Jens Ols. Midtgård (Johanpl.)

2. Kristine f 1901. Sjøå bnr 3 Reitane

3. Sverre Petter f 1905, g p br

Bastian dreiv fiske til kring århundreskiftet. Var med på båtlaget til Pjuskholt-Johan i lag med m. a. broren Tomas og grannen Petter. Bygde løe i 1896-1897. Då var Lyshol-Syver formann for murarane og Karl Johan Hatlemark var byggmeister.

Bastian var revisor i Sykkylven Sparebank, var med i heradstyret og i kommunale nemnder, var formann og rekneskapsførar for Hundeidvik meieri og formann for Hundeidvik bondelag.

Den 11. oktober 1929 var Bastian og svigersønene Petter og Jens Midtgård på ferd til Langevåg med ein båtlast med kjøt. Då kom det brått stormbyger frå sørvest og dei kollsiglde. Alle tre kom seg opp på kvelvet. Men så gjekk båten rundt att, og då var Bastian og Petter vekk. Jens kom seg opp på kvelvet att, og etter ein times tid vart han berga då rutebåten kom. Bastian vart sidan funnen, men ikkje Petter.

Sverre Bastiansen Hundeide f 1905

1935 g Nilla Jenny Tomasd. Gjævenes br 1 f 1907

Br 1930-1980

Born: 1. Bastian Harald Arne f 1937, g p br

2. Tor Andreas f 1943, d 2 dg

3. Asbjørg Tordis f 1945

Fekk skøyte frå mora mot kår 5/12 1940. Slutta med seterdrift det året. Rudde ca. 30 dekar kulturbeite av småhøyemark. Kjøpte 2-hjuls traktor i 1952 og 4-hjuls i 1961. Bygde første siloen i 1949 og ein til i 1963. Som attåttnæringar har han drive fisketørking, dreiv fiske nokre år, og arbeidde i sildesesongen på Statens fryseri frå 1948 til 1959. — Sverre gjorde krigs-tjeneste i 1940.

Bastian Sverresen Hundeide f 1937
1970 g Anne Karin Rønning f 1948 på Urke
Br 1980-

Born: 1. Wenche Peggy f 1974
2. Sverre Birger f 1977

Bygde stovehus ovanfor bygdevegen i 1972. Gardsdrifta er lagt om. Dei fôrar berre oksar, 10-12, og sel dei til slakt når dei er ca. 2 år gamle, då veg dei ca. 200 kg. Bastian arbeider og ved møbelfabrikken Formfin som ligg like ved.

Bnr 3 REITANE

Petter Severin Jenssen Midtgård br 1 f 1891 d 1929
1926 g Kristine Bastiansd. Hundeide f 1901

Br 1926-1929, enkja til 1974

Barn: Jon Bernhard f 1928. g p br

Bruket vart utskilt frå bnr 1 i 1928, skyld 1,15. Petter kom heimatt frå Amerika ca. 1925. Utvs nr 737. Bygde ny løy i 1927, 13 x 8 m, og stovehus i 1928, 9,2 x 8,3 m. Drukna på Flisfjorden i lag med svigerfaren Bastian Hundeide (s.d.). Kristine fekk skøyte på bruket frå mor si 18/11 1940.

Jon Bernhard Pettersen Midtgård f 1928

1964 g Kitty Sigvarda Vangen f 1931 i Torsken

Br 1974-

Born: 1. Jan Petter f 1965

2. Arnfinn Kjartan f 1968

Utanom arbeidet som gardbrukar har Midtgård vore møbeltapetsrar.

HUNDEIDVIK MEIERI

vart starta i 1894. Bøndene leverte mjølk som vart separert og dei fekk med seg heimatt skummamjølka. På meieriet vart kjerna smør som vart eksportert til eit engelsk firma Faber. Betaling for smøret fekk meieriet kvar månad gjennom Ålesund Landmandsbank, og ein viss prosent av pengane vart avsett til drifta. I 1896 var Hans O. Myrset største leverandøren med 5182 l, og i 1899 leverte Bastian Hundeide mjølk for 252 kr. og var største leverandør det året. I 1895 tok meieriet imot 77 000 l mjølk, i 1897 121 000 l og i 1898 116000 l

Meiersker var Hansine Høgset, sidan g Tu, Lovise Fauske, Marie Emmedal, Inga Bjørdal, Marie Gjævenes og Berte J. Kurset. Dei hadde frå 16 til 19 kr. i månadsløn.

På meieriet kunne ein kjøpe smør (kr. 1,50 pr. kilo i 1898), fløyte (50 øre literen i 1898) og saup.

I februar 1899 vart det stole verdiar for over 125 kr. på meieriet, men tjuven vart teken i Ålesund.

I 1908 vart meieriet nedlagt, og mjølka vart send til Ålesund med «mjølkebåten», som t.d. «Primo». På meieria i Ålesund fekk dei opp til 10 øre literen, medan Hundeidvik meieri hadde greidd å betale berre 6 øre, då med tilbakelevering av skummamjølka.

Etter at meieriet vart nedlagt stod huset tomt nokre år, men vart så selt til Anton Emlen, fosterson til Karen og Knut Ytrestrand. Han selde huset til Lia-Berte, Berte Myrset, og i 1925 vart det innreidd til stovehus for henne. Ho selde seinare til Lovise Utgård frå bnr 3.

Bnr 4 LUNHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1934, skyld 1 øre

Henrik J. Utgård f 1907 d 1944

(son til Lovise Utgård d 1955)

Dette var det tidlegare meieriet med hus og tomt. Arvingane etter Lovise Utgård lét i 1955 ein av medarvingane få overta bnr 4 mot å betale gjelda buet hadde. Den som tok over var

Bergljot Nupen f 1910

Ho er dotter til Joakim Utgård i Ålesund og gift med Sverre Nupen. Dei brukar huset til feriestad.

Bnr 7 LUNHEIM II

Tilleggstomt til Lunheim, utskilt frå bnr 1 og seld til Bergljot Nupen for 900 kr.

Bnr 5 NYBØ

Utskilt frå bnr 1, 2 og 3 i 1940, skyld 18 øre

Severin Johansen Giske f 1894 d 1958

1936 g *Cecilie Pettersd. Utgård* (Hoggapl.) br 11 f 1903

Dei tok i 1946 til seg eit barn, *Synnøve Turid* f 1944 i Stavanger, g p br *Severin Giske* var sjømann og fiskar, og *Cecilie* arbeidde i 8 år ved *Ekornes Fabrikker*. Stykket dei kjøpte var utmark. Dei kjøpte løa etter *Iver Svartebekk* i 1942. Bygde nytt stovehus i 1946.

Rolf Ragnarsen Slyngstadli f 1943 i Vatne 1963

g *Synnøve Turid Giske* f 1944

Born: 1. *Svein Roger* f 1964

2. *Halvard Ståle* f 1965

3. *Anita* f 1970

Dei tok over bnr 5. Utviding av stovehuset 1969-1972. *Slyngstadli* er kontormann.

Bnr 6 Garasjetomta

Utskilt frå bnr 1 i 1958, skyld 1 øre

Stranda og Sykkylven Billag

Bnr 8 FORMFIN

Utskild frå bnr 1 i 1966, skyld 1 øre

Bnr 10 FORMFIN II

Utskild frå bnr 1 i 1974, skyld 1 øre

(Sjå gnr 54 bnr 22 og 42)

Bnr 22 i Utgård vart kjøpt frå bnr 3 i 1946 av brørne *Lars O. Utgård* og *Jakob O. Utgård*. Dei bygde hus på stykket og tenkte å starte stålullfabrikk, men det vart vanskar med å få gode maskinar. Då starta dei i lag med *Johnny Myrseth* og *Magne Bueide* ein stol- og møbelfabrikk som fekk namnet FORMFIN A/S, og *Jakob O. Utgård* vart disponent. Ved starten hadde dei 10 arbeidarar. I 1953 vart det bygt ny fabrikkbygning i mur i tilknytning til den gamle. Men då det vart vanskeleg å få kjøpe nok grunn til utviding i Utgård, vart det kjøpt tomter på *Hundeide*. I 1965 vart det bygt ein fabrikk på 1500 m² og med bygget som vart ferdig i 1976 har fabrikk på *Hundeide* no eit areal på 4000 m² og har ca. 50 arbeidarar. Fabrikk i Utgård har sidan for det meste stått tom. Formfin A/S har skaffa grenda mange gode arbeidsplassar.

Bnr 9 FREDLY

Utskilt frå bnr 1 i 1974, skyld 1 øre

Harry Sigmund Helgesen Garli f 1933 i Verdal

1956 g *Oddrun Aslaug Jensd. Gjævenes* br 2 f 1931

Born: 1. *Jermund Otto* f 1957, g 1978 *Mona Janette Alden* f 1958 i Bergen

2. Sigrun Helen f 1960, g Ole Kåre Grebstad f 1957 frå bnr 3
Blakstad
3. Sissel Torun f 1965
4. Frode Torbjørn f 1968

Harry Garli var langtransportsjåfør og rutebilsjåfør, men har no lenge vore tilsett ved Ekornes Fabrikker. Bygde hus i 1974. Er med i kommunestyret, og har vore aktiv i idrottslaget og i leiinga av det.

Bnr 11 SOLGLØTT

Utskilt frå bnr 1, 2, 3 og 5 i 1974, skyld 1 øre
Terje Ingvarsen Rotmo f 1950 i Verdal
1972 g *Berit Henrysd. Furunes* frå Verdal f 1954
Barn: *Trine* f 1972

Dei kom til Hundeidvik i 1973. Bygde hus i 1974. Rotmo er fabrikkarbeidar og kona er poststyrar.

Bnr 12 FJORDGLYTT

Utskilt frå bnr 1, 2, 3 og 5 i 1974
Steinar Magne Myrseth f 1953 på Gjævenes br 5
1975 g *Dagrun Hansd. Erstad (Peg.)* f 1954
Born: 1. *Irene* f 1975

2. *Ole Johnny* f 1977

Bygde hus i 1975. Fabrikkarbeidar.

Bnr 13 NAKKEBU

Utskilt frå bnr 1, 2, 3 og 5 i 1974, skyld 1 øre
Jarle Hegg f 1946
Voks opp på Gjævenes bnr 1.

Bnr 2 NEDSTE-HUNDEIDE

Elling d 1615

Br 15 . .-1615, enkja ½ br til 1617

I Elling si brukstid var dette det største bruket på Hundelaide. Tienda hans var dobbelt så stor som grannens, og han var òg den som dreiv mest sagbruk. Han skar 50 tylfter bord i 1610 og 40 i 1611.

I lag med Peder Kursetgjerde reidde han ut Størker Olsen Hundevig (= Midtgård (Toreg.)) til Kalmarkrigen i 1611. Det året åtte Elling 4 mællag jord.

I dei neste 10-15 åra etter Elling er det eit broket bilete ein kjem fram til når det gjeld brukarane her. Ein av brukarane er

Henrik Stiensen

Opplysningane om han er så knappe at det er uråd å finne ut noko heilt sikkert om brukstida hans. Det ser helst ut til at han brukte ein gardpart her frå kring 1617 til 1628. Sikkert er det at han åtte 2 mællag jord, men uvisst kvar. Det er òg sikkert at der i 1625 var to brukarar med namnet Henrik på Hundedeide. Dei to andre brukarane vi finn her på denne tida var truleg brør frå Kvassnes.

Ole Anderssen Kvassnes

Br 1615-1625

Det ser ut til at han brukte den største delen av bruket i denne tida. Han la såleis i 1619 1 mæle ½ fj i tiend, det same som brukaren på Øvst Hundedeide. Alt talar for at han er identisk med den Ole Anderssen Kvassnes som er nemnd bd 3 av Borgund gardssoge s. 64. Der står at han var brukar der frå 1621. Men opplysningane om Hundedeide viser at han flytte frå Hundedeide til Kvassnes i 1625 og bytte gard med broren Henrik som då kom til Hundedeide. Det må då helst ha vore Henrik som var brukar på Kvassnes frå 1621. I eit ope brev datert 2. juli 1627 står det: «Ole Anderssen Hunde bor på Kvassnes og Henrik Endresen haver gården igjen.» Overalt ellers er denne Henrik kalla Henrik Andersen og nokre stader Henrik Andersen Kvassnes,

Henrik Anderssen Kvassnes

br 1625-1633, truleg ½ br i tida 1625-1628.

Han kom altså frå Kvassnes til Hundedeide i 1625 (sjå Bhl pk 46) etter ei tid som brukar på Kvassnes, men hadde visst vore på Hundedeide før, då truleg saman med broren Ole. Henrik åtte 2 mællag jord, akkurat som Henrik Stiensen.

Hans Arnesen

Br 1633-1653

Born: 1. Arne f ca. 1626, g p br

2. Anne f ca. 1645 d 1690, g Mats Olsen Kongshaug, brukar der 1680-1690

I 1645 la Hans koppeskatt for seg og kona. Hadde ei jente i teneste. I 1650 ervde han odelsgoods i Håskjold etter verfar sin, så kona hans var nok frå Håskjold.

Arne Hanssen Hundeide f ca. 1626

Br 1653-1683

Barn: Hans f ca. 1654, g p br

Arne la 5 slettmark 6 skill. i krøterskatt i 1657 av 1 hest, 1 okse, 8 kyr og 6 sauer. I hans brukstid var der avtak på garden på grunn av skade etter flaum.

Hans Arnesen Hundeide f ca. 1654 d 1724

g Brit Gundersd. f ca. 1652 d 1732

Br 1683-1712

Born: 1. Eli f ca. 1684? d 1759, g Jon Olsen Lervåg (ca. 1651-1725).

Etterslekt på Vestre.

2. Hilde f ca. 1686? g Jetmund Anderssen Sætre br 2

3. Sara f ca. 1688 d 1758, g 1. 1722 em. Ole Knutsen Ytre Standal (Nilsg.), g 2. Samund Pedersen Y. Standal f Molaup, sk. 13/10 1741

4. Arne f ca. 1692, g p br

Ekstraskatt i 1711 for seg og kone og 3 born, av 12 par skor. Har ein liten dreng med 1 rd i årsløn.

Vart i 1709 stemnd av Brit Olsd. Indre Trandal fordi han skulle ha skulda henne for å ha teke pengar frå han for 10-12 år sidan. Han sa no at han ikkje hadde noko vondt å seie om henne.

Sk. 2/10 1724: ½ i ei kvern, part i koparkjel 4 rd, 4 kyr, 2 ungdyr, 3 smaler, ½ i ein raud hest og i ei raud 2-års gammal merr. Brutto 47 rd, gjeld ca. 13 rd.

Arne Hanssen Hundeide f ca. 1692 d 1757

ca 1712 g 1. N.N.

1718 g 2. Brit Knutsd. Spjelkavikgjerde (ca. 1697-1775)

Br 1712-1749

Born: 1. Anne f 1722, g 1747 Knut Torsteinsen Gjerde br 1

2. Jan f 1723 d 1749, ug 25½ år

3. Brit f 1728, d 8 dg

4. Brit f 1729, g p br

5. Hans f 1732, g ek. Guri Olsd. Stave. Flytte dit til br 2

6. Nils f 1735, d 7 veker

7. Knut f 1740, g p br

Faren er nemnd som brukar i lag med Arne så seint som 1719. I 1728 er Arne nemnd som ein av dei «beste og (mest) suffisante» menn som skal garantere på vegne av alle at tienda vert betalt til rett tid, etc.

På hausttinget på Årskog 14/11 1728 vart det gjort kjent at der aldri hadde vore betalt kvernskatt av kvernane på Hundeide og i Midtgård, «da de alltid har ligget under bemeldte gårde og derpå bliver intet mere malet end til huusfornøden». (Futerekneskap.)

Sk. 12/1 1758: Brutto 83 rd, gjeld 78 rd.

Petter Torsteinsen Gjerde br 1 f ca. 1717 d 1794

1750 g Berte Arnesd. Hundeide f 1729 d 1798

Br 1749-1761 (heile), 1761-1791 (halve)

Born: 1. Arne f 1753 d 3 veker

2. Einer f ca. 1766, 1,63 m høg, litt tunghøyr

3. Berte f 1769, g 1795 Lars Olsen Fet (Nilsg.)

I 1764 vart det sett opp to kvernar på Hundeide, kvar taksert til ei årsavgift på 6 skill. (Futerekneskap.) Sk. 10/12 1794: Brutto vel 25 rd, netto 20 rd.

Knut Arnesen Hundeide f 1740 d 1805

1763 g Agate Ellingsd. (Dravlaus?) d 1802, 71 år

Br 1761-1791 (halve br)

Born: 1. Berte f 1764, d 1765, 10 mnd

2. Torstein f 1766, g p br

Bygselbrev 26/11 1761 på 2 pd 15 mk frå Chrf. Abelset. I 1770-åra er det Knut som har mest å gi i frivillig avgift av dei 3 Hundeid-brukarane.

Han var legdsman for 24. legd. Agate var visst syster til Marte Ellingsd. på Øvste-Hundeide.

Torstein Knutsen Hundeide br 2 f 1766 d 1843

1793 g Dorte Olsd. Hovden br 2 f 1774 d 1842

Br 1791-1823

Born: 1. Olave Petrine Eline f 1795, g Kristen Jonsen Midtgård br 3.

Bustad Solevåg. Son før ekteskap: Petter Johannes f 1822

2. Agate f 1797

3. Peder f 1800, d 1821

4. Agate f 1804, g p br

5. Berte Kanutte f 1806 d 1821, 16 år

6. Inger Oline f 1810, g til Hatlemark br 2

7. Kristen f 1815 d 1821, 5½ år

Bygsselsetel på 1 v 2 pd 6 mk frå Nikolai Astrup 26/5 1791. - Var med på gardsdrifta heilt til 1828, då han fekk fullt kår.

Sk. 5/3 1842: Brutto 58 spd, netto 45 spd. Sk. 27/9 1843: Brutto 48 spd, netto 41 spd.

Johannes Martinus Jonsen Midtgård f 1797 d 1889 1823 g
Agate Torsteinsd. Hundeide f 1804 d 1887 Br 1823-1867

Born: 1. Torstein Johannes f 1824, g p br

2. Bernt *Martinus* 1 1830 d 1914, g 1. 1851 Eline Jakobsd. Kjemphol, 1883 g 2. Johanne Larsd. Fauske. Bustad Kjemphol (Stølen).

Bygselbrev frå enkjefru Astrup 13/10 1823. Kår. Skøyte frå enkjefru Ingeborg Astrup $\frac{6}{8}$ 1844. I grønnåret 1812 var Johannes tenar på Solnørdal.

1845: Sånad $\frac{1}{2}$ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Krøter: 1 hest, 8 kyr, 15 sauer, 7 geiter, 1 gris. 1865: Sånad $\frac{1}{4}$ t bygg, 4 t blk, 5 t havre, 3 t poteter. Krøter; 1 hest, 11 kyr, 16 sauer, 10 geiter.

Bruket hadde i 1860-åra 25 dekar mykje god åker og dyrka eng. 78 dekar god natureng, meir dyrkbar jord. Sal av bjørkeved og bandstakar.

Johannes var med i kommunestyret i 1838.

Torstein Johannessen Hundeide f 1824 d 1918
1853 g 1. Johanne Marie Paulsd. Eidem i 1833 d 1856
1859 g 2. Olave Jørgensd Brunstad f 1828 d 1913
B r 1867-1890

Barn i 1. ekteskap:

1. Petter Johannes f 1855, g p br

Born i 2. ekteskap:

2. Jens Petter f 1860, g Karoline Skjåstad

3. Johan Edvard f 1863 d 1882

4. Anna Jensine f 1865 d 1956, g 1888 Peter Andreas Karlsen Grebstad (Klokkerg.) (1854-1948)

5. Tomasine f 1868 g Jens Narvik frå Gjøvenes.

Før ekteskap hadde Torstein dottera Karoline Marie f 1851 (mor: Cecilie Pedersd. Utgård) g 1886 Iver Storvik f 1828 i Norddalen.

1875: Sånad: 5 t blk, 5 t havre, 6 t poteter. Krøter: 1 hest, 1 okse, 7 kyr, 1 kalv, 14 sauer, 7 geiter, 1 gris. Kårmannen hadde 3 kyr, 3 sauer og 11 geiter.

Peter Torsteinsen Hundeide f 1855 d 1942
1889 g Skarlotte Størkersd. Hundeide br 1 f 1866 d 1923
Br 1890-1920

Born: 1. Jens Peter f 1890, p br

2. Tomas Sigvard Martin f 1895, g 1920 Hjørdis Ramberg f 1900 i Glemmen, d 1932, g 2. 1934 Marie Svarstad frå Langevåg

3. Anna f 1899, g 1939 Tomas O. Midtgård br 1 (sjå br 2)

4. Johanne f 1901, g 1925 fiskar Edvard Kalnes f 1893 i Hjørundfjord

5. Borghild f 1905, ug. på kvileheimen i 1882

Peter bygde nye stovehus 1890-1892. Han dreiv fiske i yngre år og var med i båtlaget til Pjuskhof-Johan frå Vegsund saman med Lia-Ole (Ole Midtgård), Ivar Hovden, Karl Tu og grannegutane Bastian og Tomas Hundeide (sistnemnde sidan til Utgård).

Skarlotte var ute for ei ulukke som ung. Medan ho gjette fall ho utfor ein hammar og slo seg i hovudet,

Lærer A. Lyshol med huslyd budde her då dei kom til Hundeidvik frå Salangen; etter nokre år til lærarbustad i Utgård.

Jens Petersen Hundeide f 1890, d ug 1975

Br 1920-1973

Fekk skøyte frå faren 28/12 1926. Han dreiv mykje nydyrking. Dreiv vinterfiske i 20 vintrar. Var mykje med i lagsarbeid i grenda, særleg i losje Morgengry av Den Norske Godtemplar-orden, der han var fremste mann i mange år. Var med i heradstyret.

Hadde lite arbeidshjelp på garden og sleit seg ut. Gjekk svært saman-krøkt dei siste åra og var sjukleg. Han hadde kjensla av å fryse alltid og gjekk med votter heile sommaren. Han sat på ein stol og slo. Leigde større born for timebetaling til å hjelpe seg med arbeidet med høyet og anna. Etter at han måtte gi seg i 1973 fekk grannen slå graset.

Da han døydde tok Staten hand om garden ved Møre og Romsdals fylkeslandbruksstyre.

Under begge bruka på Hundeid var der to husmannsplassar. På den eldste budde

Lars Olaus Karlsen Kurset f 1853 d 1942

g 1878 Lovise Jensine Bastiansd. Riksheim (br 3) (1851-1933)

Br 1880-1933

Barn: Karl Johan Martinus f 1877 d 1885

Lars fekk husmannssetel frå Størker og Torstein Hundeide 19/6 1880. Han skreiv seg for Hundeide og vart til dagleg kalla Ånes-Lars. Plassen låg på Åneset, mellom bygdevegen og fjorden. Han var frå Karlsplassen, Kurset. Kona var frå Pegarden, Riksheim.

Fødde ei ku og nokre få sauer. Hadde båt og naust. Han var ein original. Då bygda skulle få elektrisk straum, sa han at ingen skulle få innbille han at ein kunne få «ljøs ta vatn», og då lina vart strekt ei 30 m ovanfor husa hans, ville han ikkje ha straum. Han brukte parafinlampar all sin dag. Han ville ikkje gå med på at jorda var rund. Om så var, ville sjøen renne vekk. Han trudde ikkje at Amundsen hadde vore på Sydpolen. «Kven so helst kanj ro uti Vegsundet og seie at dei he' vøre i byen.» sa han. Stova hans stod like nedanfor vegen, og når ein kom gåande stod Lars ofte ved vegen. Han likte å prate med folk. Då kom praten først gjerne inn på veret. Men same kva ver det var, sa Lars: «Å, anj e' no norvest i grunnj.» Han var liten og tettbygd. Gutar i slyngelalderen likte å erte han, og han lét seg erte og sprang etter dei. Då kona døydde flytte han til slektningar i Borgund, og plassen vart inndregen att.

Karl Berntsen Hovden f 1878 d 1961

g 1. Anna Saltre f 1865 d 1922

g 2. Lisa Severinsd. Ekornåsvåg f 1879 d 1943

Br 1911-1961

Han var son til Bernt Kurset frå bnr 1 og Johanne Marie Hovden, sidan gift med Elias Hovden, Grønhaug. Karl skreiv seg for Hovden. Plassen låg sør for plassen til Ånes-Lars og var teken av utmark. Karl vart kalla Smed-Karl etter sitt yrke. Smia hadde han i kjellaren. På plassen fødde dei 1 ku og 2 sauer. Husmannssetelen hans finst i ein av pakkane av «Uavhentede dokumenter frå Sorenskriveren» i ST. Han betalte ingen festesum, men skulle som årleg landskyld arbeide 6 slåttedagar, 3 til kvar av hovudbruka. Etter Karl kjøpte Anna og Iver Storvik frå Tafjord huset. Dei hadde nær slekt på Nedste-Hundeide. Sidan vart plassen inndregen,

Husmenn i eldre tid.

På 1600-talet er nemnde nokre få namn, såleis *Hans*, nemnd 1603, *Oluf*, nemnd 1612, og *Olle* (kanskje den same som Oluf, nemnd 1616. Desse la 1 kalveskinn kvar i leidang.

Peder Olsen d 1847, 80 år

1807 g Berte Ingebrigtsd. Utgård f 1771 d 1867 (dotter til Ingebrigt Paulsen Utgård br 9a). Peder var husmann på Gjævenes før han kom til Hundeide (Nedste).

Born: 1. Petrine Marie Eline f 1802. Fødd på Gjævenes, men skreiv seg for Hundeide då ho flytte til Borgund i 1829. Ho var gift to gonger, andre g. 1873 em. Ole Knutsen Hessen (han 57 år)

2. Annanias f 1807, f på Gjøvenes. Til Borgund 1837. Budde lengst på Kvistad i Hjørundfjord

3. Berte Pauline f 1812, g 1851 Iver Iversen Hagen frå Borgund

Ei dotter til Annanias (mor: Halfri Toresd. Brunstad) Tyri Petrine f 1832, vart gift 1883 Ole Severin Olsen Fauskekam f 1 822. Han d 1905, ho 1922. Stor etterslekt etter Annanias.

Hundeide

Bnr 1, 3, 4, 7, 5, 6, 8, 10, 9, 11, 12, 13, 2, Åneset [Til innhald](#)

Gnr 57 GJÆVENES

Gamle skriftformer: Geffuenes (1603), Gieffuenes (1617), Gieffnes (1626), Gievenæs (1694), Gievenes (1723). Ei tid, særleg i første halvdel av 1800-talet vart forma Gieve eller Gjøve brukt, noko som førde til at ikkje lokalkjende blanda saman desse med Giere og Giære i avskrifter. I daglegtalet seier ein enno t.d. «Han er inn på Gjøvå,» eller «Han skal inn på Gjøvinje». Ikkje lokalkjende skriv òg om Gjøvenes-stranda, medan det heiter Gjøve- i samansetjingar: Gjøve-stranda, Gjøve-Jens.

Rygh vil tyde namnet som eit elvenamn og skriv: «Der løber en Bæk noget søndenfor Gaarden.» Å ja, ein aldri sa liten bekk finst vel her og der i Gjøve-stranda. Men dei er så små, for det meste tørrlagde, og ligg dessutan så langt frå garden at det er meningslaust å ty til elvenamntyding her. Anten får ein finne ein skikkeleg bekk på eller i nærleiken av garden, eller så må ein finne ei anna tyding. Forfattaren av dette bandet har ikkje funne nokon av delene.

Gjøvenes grensar i nord og aust mot eiga utmark og fjell og i sør og vest mot fjorden. Garden ligg like nedanfor den 600 m høge Gjøvenakken, som er så bratt at somme framande har kjensla av at fjellet kan velte seg over dei kva tid som helst.

I søraust ligg Gjøve-stranda, ei skogklædd fjellside på ca. 6 km som høyrer garden til, bortsett frå to skogteigar som Hundeide har fått. Bytet mellom Gjøvestranda og utmarka til Strandabø er Honsvagjelet, eit gjel som går heilt til fjells.

Granneskapen mellom Gjøvenes og Hundeide har vore så god at der ikkje finst eit einaste dokument frå eldre tid om tvistar mellom dei, ikkje ein gong i forlikskommisjonen, Likevel har brukarane på dei to gardane til tider vore usamde om rettar i utmarka. Nyleg er ei utskifting avslutta

som det vil føre for langt å kome nærare inn på. Det som eg skriv i det følgjande byggjer på opplysningar som Institutt for samanliknande kulturforskning har samla og på det som er bevart av tradisjon frå eldre tid. Ei utgreiing om tradisjonen skreiv Jens J. Gjævenes ned det siste året han levde. Det var i 1926. Han nemner òg fleire gonger det gode tilhøve mellom grannane. Han var fødd i 1860 og voks opp på garden, og tok over bruk nr 2 i 1882. Han hadde teke vare på det han hadde høyrte frå eldre folk på garden, særleg Tore Madsen på bnr 1 og fosterfaren Hans Johan Pettersen som var gjætargut på Øvste-Hundeide og sidan gardsdrenge på same bruket.

I eldre tid brukte dei bandstakar til så mangt, ikkje herre til tønneband, men og til kaser, kuband, meiser, laksenøter o.a. Hatleskog hadde Hundeide for lite av, og brukarane på Hundeide bad om å få lov å hogge bandstakar i Gjævestranda. Det enda med at dei fekk to teigar der det voks hatl. Som vederlag skulle Gjævenes få større bruksrett i heimeutmarka slik at krøtera for dei to gardane kunne gå meir om kvarandre. Før hadde kyrne frå Gjævenes halde seg til strekninga som låg ovanfor Gjæveråsa, som gjekk oppover Grønebakkbrauta, over Koldasanden til Bjørnehammaren og derifrå til Ålsetra. Der hadde Gjævenes liggjeplass, som dei kalla det, med eit vakthus då bjørnen var nærgåande. Hundeide hadde på same tid sin liggjeplass på Stokkhaugen. Dei vart då samde om at krøtera kunne beite i lag i heimeutmarka. Setra i Dalen hadde dei alltid hatt i lag.

Den eldste setra var Gamlestølen, der både Hundeide og Gjævenes hadde slåttegjære. Sidan var det ei deling med ei framseter i Dalen og ei heimseter på Ålen. Begge desse hadde Gjævenes og Hundeide i lag. Grensa mot Midtgård var Storelva.

I teigane sine i Gjævestranda tok brukarane på Hundeide til å hogge famneved, og snart slo dei litt gras der. Det sistnemnde var i så liten målestokk at dei slutta med det kring århundreskiftet.

Våren 1874 kom brukarane på Hundeide til Gjævenes og bad om å få ha geitene sine i Stranda ei 14 dagars tid i lag med gjævegeitene. Det fekk dei lov til, men måtte då love å passe geitene når dei fór fram og tilbake over gjævebøen så dei ikkje gjorde skade. Same året fekk dei lov til å gjete sauene sine i lag med gjævesauene utanfor Klungregjelet fordi det var så mykje snø og sterk kulde det året.

Men brukarane på Gjævenes var ikkje tilfredse med den måten hund-eidgeitene vart passa, særleg ikkje etter at Gjævenes hadde slutta med geiter i 1890.

I 1904 prøvde gjævebrukarane for første gong å sleppe sauene sine i

Frå Gjøvenes. Til venstre bnr 2, til høgre bnr 1.

Gjøvestranda. Det gjekk så bra at også hundeid-karane snart tok til å føre sauene sine inn i Stranda og sleppe dei der, utan at nokon gjorde noko med det.

I Gjøvestranda er der grupper av teigar, og kvar gruppe og kvar teig har sine namn. Nokre av desse har personnamn i seg. Den teiggruppa som er nærast Gjøve-gardane er Elling-teigane. Eit gjel heiter Jørn-gjelet. Så er der Arneskreda, Hansflåna og Ellinghammaren. Av stadnamn samansette med dyr- og plantenamn kan nemnast Skarvesteinen, Kalvhammaren, Bukkebenkjen, Seljefonna, Almhola, Bringehærskredene og Furehjellen. Eit gjel heiter Halvtunge-gjelet og på Halvtunga nær sjøen budde folk i slutten av 1620-åra. Seinare har folkefantasia laga denne segna: Ein sykkylving som var i Bergen kom i snakk med ein mann som kunne fortelje at han var fødd «innji Gjøvestrand'ne».

Dei to bruka har ikkje hatt faste namn. «Dei bort i garda» og «Eg skal bort i garden» har det vore vanleg å seie på begge bruka. Ei tid høyrde ein nok stundom tale om Tomasgarden og Jensgarden og noko liknande kan det ha vore før utan at namna har fest seg.

Tuna har vore flytte fleire gonger. Den eldste tunstaden kan ha vore på Bøbakken, i utkanten av innmarksområdet etter som det har vore funne oldsaker i nærleiken. Ein gammal byggeplass har det vore funne merke etter nede ved sjøen, like nord for nausta. Etter tradisjonen eller rettare

segna brann husa ned der, men om det er rett, må det ha vore i mellomalderen. Ein tredje tunplass har det vore ovanfor den noverande. Minne om den er gamle åkernamn som Fjøsåkeren og Løåkeren. Derifrå flytte dei på grunn av steinsprang, vert det sagt. Då vart husa flytte lenger ned enn dei er no, og vart så på 1800-talet flytte litt oppover att for betre livd mot stormen.

På grunn av lægjet i ein utkant av bygda har vegspørsmålet vore viktig. I eldre tid gjekk det ei postrute frå Volda over Gjøvenes. Posten kom då med båt til Gjøvenes frå Standal, og gjekk vidare som berepost til Tusvik og Ikornnes og så med båt til Aure. På tinget på Blindheim 26/10 1821 vart det lagt fram eit skriv frå fylket som bad om ein plan for den laglegaste ruta for «Budstikkens gang» i skipreidet. Det vart då gjort vedtak om å dele inn postruta i 6 «roder», med m.a. 5. rode frå Straumsheim til Gjøvenes og 6. frå Ørsnes til Ramstad.

I 1840-åra vart det gjort mindre utbetringar av det som fanst av veg, og Gjøvenes vart skyss-stasjon med køyreplikt til Drotninghaug for ei 3-4 ort i betaling. I 1865 sende grendafolk søknad til kommunestyret om å få køyreveg frå Myrset til Gjøvenes. Det vart samrøystes vedtak om å utsetje saka til ein fekk greie på om alle hundeidvikarane ville ha vegen, og var villige til å vere med på vegarbeidet og til å avstå fri grunn til vegen. Ny søknad vart send 22. jan. 1866. Svaret frå kommunestyret var at vegen ikkje var så viktig at det ville kome på tale å rekne han som offentleg veg, og at hundeidvikarane sjølve måtte byggje vegen. Den 18. april 1868 gjorde kommunestyret endeleg vedtak om at vegen frå Tu til Gjøvenes skulle gjerast ferdig, og i 1870 var alt 65 spd brukt til dette vegprosjektet. Nytt vedtak i 1876: Veglinjene Myrset-Gjøvenes, Ikornnes-Straumsheim og Klokk-Nysæter vert godkjende om dei vert fullførde innan utgangen av 1877 utan utgift for kommunen.

EIGARAR

Knut Alvson, eigar av Gjøvenes, vart myrda i 1502. Også før 1500-talet hadde Gjøvenes høyrte til Giskegodset, og den siste eigaren før Knut var faren Alv Knutson, som var av den svenske familien De 3 Rosor. Knut hadde dottera Bodil, som vart gift med Fader Nilsson Sparre. Dotter deira, Gjørvil Fadersdatter, ervde Giskegodset etter farbrørne sine. Gjørvil skøyte som barnlaus enkje det meste av Giskegodset over til kongen i 1582. Christian IV var 11 år då han fekk Gjøvenes i gåve; då vart han nok glad!

Men Gjøvenes og dei andre Giskegardane vart ikkje førde saman med anna krongods, for Giskegodset vart eige len under Krona.

I 1586 fekk Johan Svave lenet, og etter han Fredrik Rosenkrantz. Tre andre hadde hatt lenet då kongen i 1648 gav Giskegodset til statthaldaren, svogeren Hannihal Sehested for lån til kongen. Men statthaldaren måtte gi frå seg godset kort tid etter. I den tida kongen åtte Giskegodset var det ikkje lensherrane sjølve som styrde godset, men ombodsmannen deira, Giskefuten. I 1652 fekk Giskefuten Henning Hanssen Smith forpaktningbrev på lenet. Men alt i 1657 selde kongen heile Giskegodset til Gabriel Marcelius, «voris residerende commissarius udi Amsterdam». Sistnemnde selde godset til lagmann Hans Smith Lillianskjold og brørne hans, og med det tok oppstykinga av Giskegodset til.

I 1673 vart amtmann Jonas Lillianskjold eigar av Gjævenes. (Jordeboka hans finn ein i Bst. pk for 1680 i RA.) Etter han fekk enkja Cecilia Kaas garden ved sk. i 1692. Enkja selde til tollaren Christen Sæd, som sette Gjævenes i pant minst 4 gonger. Kring 1730 kjøpte amtmann Christian Solgård garden Gjævenes av Christen Sæd.

I 1740 åtte amtmann Hagerup part i Gjævenes, sidan heile garden, og på hans vegne gav Hans Holtermann relisjonskøyte på Gjævenes for 16 rd til Iver Høeg. (D.e. skøyte på forkjøpsrett til garden.) I 1762 fekk så Iver Høeg kongeskøyte på Gjævenes. I 1771 kjøpte Ole Pedersen Honningdal garden på auksjon, men selde att i 1775 til Nils Pedersen Rørvik, som i sin tur selde til Knut Andersen Svartebekk i 1784.

Sa langt følgde begge bruka kvarandre i eigarskifta. Men i 1791 hadde far til Knut Andersen teke over bnr. 1, slik at far (Anders Davidsen Blakstadnes) og son åtte kvar sitt bruk.

I 1816 gav Knut Anderssen sitt Gjæve-bruk til Torstein Jonsen Svartebekk, som seinare måtte overlate det til Tommesen i Tusvik. Bnr 1 vart selt til Paul Fjelde som i 1819 gav dottera Gurine skøyte på det. Seinare eigarar m.a. Peder Sjursen Standal og Knut Knutsen Volsdal. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Til 1799 var dette hjørundfjordgard nr 13, sidan gnr 160. I 1582 var skylda 1½ v fisk og heldt seg på det nokre ti-år ut på 1600-talet. I 1648 var skylda 2 v og med det kom Gjævenes i skatteklasse halv gard.

Den nye skylda i 1830-åra vart 4-2-22 (4 skylddalar 2 ort 22 skill.) rev. i 1890 M 8,04.

Tienda var i 1666 1½ t havre 1 pd ost, i 1717 1 t 6 skjepper havre 1 pd ost eller 36 skill.

Leidangen var i 1624 4 kalveskinn, i 1717 3 ort.

22. Sykkylvssoga band III

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1603: 2 mann
1626: 2 mann. Sår 3 t havre. 1 lakseverpe. 1 mann på Halvtunga: «Sår korn slet intet.»
1657: 2 mann. 2 hestar, 11 kyr, 10 sauer, 3 geiter
1667: 2 mann. Sår 5 t havre, avlar 15 t. Buskap: 18 kyr, 2 hestar
1717: 2 mann. «Under gardens takst ligger et lidet laxeverpe.» Sår 6 t avlar 18 t, før 16 kyr og 2 hestar
1724: 2 mann. Nok brenneved. Ei lita seter $\frac{3}{4}$ mil frå garden, 1 lite lakseverpe, «hvorudi noget lidet årlig kan fåes». «Noget tungvunden til høe men temmelig viss til korn.» Sår 6 t havre avlar 24 t. Føder 2 hestar, 12 kyr, 4 ungdyr, 14 sauer, 14 geiter. 16 skill. årleg avgift på lakseverpet
1802: 2 mann. Kvar av dei to brukarane sår 3 t havre, $\frac{1}{4}$ t bygg, 6 foll. 1 hest, 7 kyr, 16 smaler. Nok skog til brenneved. «Beite i hjemmegjerdet, utmark kun tarvelig. Temmelig årviss kornavling». 6 arbeidsfolk. Kvart bruk verdsett til 160 rd
1845: 2 mann. Sår 1 t bygg, 3 t blk, 6 t havre, 4 t poteter. Før 2 hestar, 14 kyr, 24 sauer, 16 geiter, 2 griser
1865: 2 mann. Sår 1 t bygg, 6 t blk, $7\frac{1}{2}$ t havre, 7 t pot. Før 2 hestar, 21 kyr, 40 sauer, 27 geiter
1875: 2 mann. Sår 7 t blk, $10\frac{1}{2}$ t havre, 10 t poteter. Før 2 hestar, 1 føl, 29 kyr, 54 sauer, 3 geiter, 2 griser.

BRUKARAR Bnr 1

Mons

g Brit

Br 15. -1626, enkja til 1635.

Saman med Erik Urke reidde han ut ein «knekt» til Kalmar-krigen i 1611

Han er sist nemnd som brukar i 1626 (Bh1 pk 42)

Peder f 1644

Br 1635-1644, enkja til 1646

I 1645 la enkja koppskatt og hadde både dreng og jente i si teneste.

Jordebok for Giske i 1641 og 1642 viser at Gjævenes la 1 mæle i tiend og 4 kalveskinn i leidang. Peder $\frac{1}{2}$ av dette.

Rasmus

Br 1646-1648

Saman med grannen Engebret la han to ort i fôrnavtpengar i 1646, ei avgift gardeigarane ta på leiglendingane i staden for å krevje at dei skulle ta mot krøter til vinterfôring.

Anders

Br 1648-1657

Han brukte 4 mællag og la 5 ort i kontribusjon i 1657. Han er nemnd i ei kontribusjonsliste så seint som 1660 (Bhl pk 145), men sidan det er ettermannen som betalar krøterskatt i 1657, må brukarskiftet ha gått for seg då.

Peder Jonsen Br

1657-1688

Første året truleg i lag med føremannen Anders. I 1657 la han krøterskatt av 1 hest, 5 kyr, 6 smaler og 2 geiter. I 1658 vart han stemnd fordi han ikkje som dei andre skyttarar reiste til Trondheim då dei vart utkommanderte. Han var ein av dei som skreiv under ei klage til kongen frå «bønder af Søndmøre» i 1661. I 1662 vart han stemnd for ikkje å ha skyssa futen, men han kunne bevise at han var sjuk ved det høvet. (Sjå Ole Hundeide.)

Peder var lagrettemann.

Sonen Jon var berre 6 år då Peder døydde. Enkja gifte seg att med

Peder Larssen Myrset f ca. 1667 d 1725

Br 1688-1710, saman med broren Hans 1710-1725

Stykson: Jon Pedersen f ca. 1682 d 1774. Han var soldat i kapt. Rodtvits kompani i 1721. Var truleg tenar hos Knut Ols. Utgård, kravde 2 rd i buet etter Knut.

Peder Larssen hadde mange sysken, m.a, ein samnemnd bror i Hovden, og broren Hans som vart ettermannen hans på Gjøvenes. Peder var legds-mann og var med i ei nemnd som skulle ordne med dagskattelikninga for Hjørundfjord skipreide i 1718.

Hans Larssen Myrset f ca. 1674 d 1740

g Marte Persd. f ca. 1674 d 1751

Br 1710-1725 (halve), 1725-1739 (heile)

Born: 1. Lars f ca. 1707 d ug 1745

2. Berte f 1708 dp i Borgund

3. Berte f 1710, g p br

4. Erik f 1714, d 28/12 1736, drukna på Flisfjorden
5. Hans f ca. 1720 d 1743
6. Peder f 1723 d 1738
7. Johanne f 1726, g 1747 Fredrik Kllingsen Lyshol

Hans Larssen og grannen Nils Arnesen er mellom dei som klagar over jordeigaren Christen Sæd over for høge avgifter og anna. I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona og to born, og hadde ei tenestjente med 2½ rd i årsløn. Då sonen Erik drukna var han i lag med den to år eldre Iver Gammelsen Trandal som òg omkom.

Hans Larssen fekk bygselbrev på 1 v fiskeleige 4/12 1720 (Uldrichs).

Jon Knutsen Blakstad br 1 f 1705 d 1776

g 1. 1739 Berte Hansd. Gjævenes f 1710 d 1755

g 2. 1757 Guri Nilsd. Indre Trandal f ca. 1715 d 1796

Br 1739-1776

Born: 1. Anne f 1742, d ug legdslem 76 år

2. Hans f 1744, g p br

3. Marte f 1750 d 1782

4. Peder f 1758 d 1762

5. Bernt f 1762 d 6 dg

Det var i 1739 Jon fekk bygselbrev frå Solgård, men då berre på ½ v. Papir på resten av bruket fekk han truleg året etter.

Sk. 1755 etter Berte: Brutto eige 87 rd, netto ca.61 rd. Sk. 1776: Brutto 43 rd, gjeld 51 rd (fallitt).

Hans Jonsen Gjævenes f 1744 d 1812

g 1. 1776 Ingeborg Olsd. Riksheimgjerde f 1742 d 1805

g 2. Elisabet Knutsd. d 1812, 73 år

Br 1777-1791

Barn: Johanne f 1778, d 1 5 dg

Fekk bygselsetel på 1 v 10/9 1777 frå Nils Pedersen Rørvik. Ingeborg var moster til Mais Toresen Tu, så slekta kom att på bruket seinare. Sk. 1805: Brutto ca. 118 rd, netto ca. 35 rd. Sk. 1812: Brutto ca. 52 rd, netto ca. 35 rd. (etter Elisabet). Der var auksjonar både etter Ingeborg og Hans.

Etter Ingeborg 5/10 1805: 1 koparkjel 8 rd, 16 mjølkeringer 3 ort, 6 trieskjorter à 3 ort 4 skill., 1 kledekiste med lås, lykel og beslag 1 rd., i alt 114 rd.

Auksjon etter Hans 8/2 1813 (Auksjonsprot. for Nordre Sm. nr 1 b 1812-1820): 1 liten gammal trering med årar og segl 5 rbd, 1 god færing 17 rbd, 5 sildegarn, 11 torskegarn, 4 smågarn, 2 hiter, Povel Andersens

huspostill, 1 brunflekka hornet ku 51 rbd, 2 vaksne geiter 22 rbd, 1 mørkegrå ersau 10 rbd, 1 t såhavre 15 rbd, 1¼ t halvbygg 21 rbd, ½ t bygg 8 rbd, etc. i alt ca. 315 rbd.

Nils Olsen Dravlaus (Jakobg.) f 1758 d 1839
1791 g Synnøve Knutsd. Stavseng f 1754 d 1831
Br 1791-1813

Bygselbrev frå Knut Andersen Svartebekk 25/9 1791. Nils Olsen døydde på Hjortdal, og det var sk. etter han der i 1840. Nils hadde truleg fått bu hos Iver Olsen Hjorthol mot at Iver fekk det han lét etter seg (fletført seg til Iver, som dei kalla det). Brutto eige ca. 74 spd, gjeld ca. 76 spd. All gjelden var til Iver. Der var òg auksjon på Hjortdal etter Nils og kona 24/7 1841.

Ragnhild Jørgensd. var tenar på dette br på Gjævenes i 1801. Ho vart sidan plassekone på Gjævenes.

Jon Knutsen Hole f 1782 d 1858
1812 g Berte Marie Knutsen f 1784 i Bergen, d 1835
1836 g Helge Olsd. Rørstad f 1789 d 1865
Br 1813-1843

Born: 1. Karen Andrine f 1814, g p br
2. Nikoline Katrine f 1815, g Jørgen Eriks. Aure, bustad
Dynhaug, Blindheim. Bd 1 s 261. Bd 2 s 172
3. Kristen Martinus f 1818, g 1846 Anne Olsd. Utgård, Gravaplass
4. Severin Martinus f 1820, plm på Gjævenes
5. Petrine f 1823, g p br 2
6. Magnus f 1825 d 1912. G 1. Oline Karlsd. Brunstad, g 2. Karen Marie Syversd. Tjønes. Sjå bd 1 s. 420, bd 2 s. 665, 668, 152
7. Berte Petrine Karoline f 1831, d ug 1860

Jon Knutsen var jekteskipper, og har vel drive litt handel sidan han i 1803 vert kalla «borgar». I det militære gjorde han teneste i artilleriet og vart i 1812 kalla «tjenestgjørende jæger». Kona vert i tradisjonen berre kalla «Berte frå Bergen». Det var òg det einaste forf. av dette bandet visste før ein tur til Statsarkivet i Bergen; fann då Berte sin dåp i Nykirken, konfirmasjon i Domkirken og giftarmålet i Korskirken. Far hennar døydde ung, og slekta hans kom for det meste frå Hardanger.

Etter tradisjonen miste Jon det meste av eigedommen sin ved eit forlis med jekta si, og det at han tok bruket på bygsel kort tid etter at han hadde kjøpt det tyder på at tradisjonen har rett. Han kjøpte bruket 1/4 1813 av Knut Anderssen Svartebekk for 129 rbd. «navneverdi» mot kår til Nils

Olsen. Alt 2/11 same året selde han bruket til Paul Gulliksen Fjelde og fekk bygselsetel frå han. (NSSTb nr 1 s 365.)

Litt bergenshandel dreiv han nok sidan òg. Såleis var han ein tur til Bergen med varer i 1816 i lag med 3 velledalingar. Jekteveita, der han skulte setje jekta på land, vart ikkje ferdig før forliset; syner enno.

Sk. 1835: Brutto vel 93 spd, netto 29 spd. Kort etter var der auksjon over arvegods borna fekk etter Berte, som appendiks til ein annan auk-sjon på Blakstad. Foreldra til Berte frå Bergen budde i nr 33, 15. rode og vart vigde i Domkirken.

Tore Matsen Tu br 1 f 1821 d 1905

1843 g Karen Jonsd. Gjøvenes f 1814 d 1891

Br 1843-1868

Bom: 1. Helge Karoline f 1846, g p b r

2. Johanne Marie f 1850, g Ole Pelter Berntsen Kurset f 1853.

Bustad Kurset

3. Anne Bergitte f 1855, d 1928, vanfør skreddar

Tore fekk bygselsetel frå Peder Sjursen Indre Standal for bygselavgift 100 spd. mot å halde «gårdens hus og have i åbodsfri og lovforsvarlig stand». Avgift til jorddrotten 4 spd. I den summen er med «landskyld, skydsfærd, tredjeårstage og enhver anden jorddrotlig rettighed». Både jorddrotten og leiglendingen skulle ha rett til å hogge i skogen; leiglendingen kunne òg hogge ved til sal, men skogen måtte ikkje «forhugges». Kåret: 5 v bygg, 9 v blk, 14 v havre, 3 t poteter. 2 kyr, 3 sauer, 3 geiter, og bruk av eit stykke mark Flatebergskiftet. «Sveinane» vart innlagde i hans tid. Det er dei siste innlegga av småhøyemark, eit stykke til kvart av dei to bruka, og grensar mot utmark i nord.

I 1845 sådde Tore ½ t bygg, 1½ t blk, 3 t havre og 2 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 8 geiter og 1 gris. 1865: Sånad ½ t bygg, 2 t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter. Krøter: 1 hest, 9 kyr, 18 sauer og 10 geiter. Tore bygde stovehus i 1859.

Bruket hadde i 1860-åra 30 dekar åker og dyrka eng «af udmerket god beskaffenhed» og 25 dekar god natureng. Hamnegangen var «udmerket god i enhver henseende». Bjørk og bandstakar til sal. Lauvskog til fôr-surrogat. Lægjet: «Til søen meget god, mindre bekvem til vei.» Garden er noko lettbrukt.

I 1898 hadde Tore 3 kyr og ei geit.

Det vert fortalt at Tore gjekk med to stavar på sine gamle dagar. Det gjorde han òg kring 1890 då det som her vert fortalt må ha hendt:

Dotterdottera Karoline var seterjente og fortalde seinare dette, her for-

talt med ein del dialektord, utan å prøve på å gi att ekte sykkylvsdialekt frå den tida:

Det var i n'nji Dala og dei var et forferdele' stuggever og skodde. Då kom hunden ho hadde me' se' snøtt forskremde og etter hånå' kom kynnje. Då skynte ho at det va' odyr i markjinnje, og for å berge se' onda krytela, som vilde ta følkje når bjønne kom, kom ho se' upp på enj store stein, og kyrnnje flokka se' rundt steinen og la mulane innpå og belja. Og hunden sjaua ti bjønne lenger framme. Ho hadde ei vinnjålstrøye og den la ho rundt haudet og la se` på steinen. Ette ei ri haure ho det haukte heimi. Ho såg ikkje upp med det same, men so haure ho det ropte «Karolina» og då såg ho upp og då såg ho heimi skøddene enj mannj so va' so fole store (i skodde ne bli' alt so stort), og so tenkte ho det: Ja, viss det e' troll te no so kjeme der et troll me' og tek meg attåt bjønne. Men so haure ho det ropte «Karolina» enj gong te, og då kjende ho stemma te goffaren og han sa: «Du må kome med enj einaste gong, for bjønne e' tett innja de`» Goffaren kom me' ei geit so dei ha lagt gift i. Det va' komne to kara' roande frå Trandal der bjønne hadde drøpe so mykje geite f yre dei, og vilde ha hånå' te å leggje ut gift, for det va' Tore ekspert til. So kom ho se' velberga heim, og dei la ut gifta, og dei haure ljøen ta honda i fleire dage innjover hjørengfjorfjellja. (Fortalt av Klara Straumsheim 1977 etter mora Karoline Gjævenes g Aure (Bakkane).)

Karolus Berntsen Kurset br 1 f 1842 d 1900
1866 g Helge Toresd. Gjævenes f 1846 d 1910
Br 1868-1900

Born: 1. Tomas f 1869, g p br

2. Karoline Bastiane f 1871 d 1954, g 1894 Sivert Johansen Aure (1865-1935)

3. Petter Johan f 1874, utvs nr 399, g Tomasine Larsd. Grebstad-gjerde (1878-1915), utvs nr 464. Døydde i 1977, 103 år. Bd 1 s. 198

4. Olave Jensine f 1877 d 1953

5. Jensine f 1879 d 1957, g 1909 Karl Kristiansen Dybdal f 1882 i Langevåg. Utvs nr 471

6. Kanutte Johanne Hansine f 1883, d 1976

Helge var i romjula 1910 med ein motorbåt til Aure for å vitje dottera Karoline. Ho må ha gått seg ut for kaia kvelden 31/12 1910 og dei fann henne att nyttårsdag. 1865: 1 hest, 9 kyr, 1 sauer, 10 geiter. Sår ½t bygg, 2 t blk, 3½ havre, 2½ t pot.

I 1875 sådde Karolus 3 t blk, 5 t havre og 5 t poteter. Fôra 1 hest, 1 føl,

4 kyr, 2 kalvar, 12 sauer og 1 gris. Då hadde kårmannen 4 kyr og 12 sauer.
Karolus dreiv mykje fiske og åtte part i åttring.

Tomas Karolussen Gjævenes f 1869 d 1959
1900 g Anna Nilsd. Kjemphol (Ingarden) f 1869 d 1960
Br 1900-1939

Born: 1. Karoline f 1901, bur hos broren Sivert
2. Severine f 1901 (Tvill.) d 1 time
3. Sivert f 1904, g p br
4. Nilla f 1907. g Sverre B. Hundeide br 1
5. Ragnvald f 1909, g Borghild Fausa frå Eidem, sjå Blindheim
bnr 28

Den dyrka og dyrkbare jorda ligg på kvar side av bnr 2. I Tomas si brukstid vart det nedlagt mykje arbeid på nydyrking og betring av jorda, særleg i den flate nordlege delen av bruket. Han kjøpte slåmaskin i 1905 og hesterive i 1919. Truskehjulet stod eit stykke frå løa, nord for ysteriet. Bygde på løa i 1915. Dreiv vinterfiske i 10 år.

Tomas var ein stillfarande mann og ein hyggeleg granne.

Sivert Tomassen Gjævenes f 1904
1950 g Astrid Sandvik br 2 f 1913 på Furstranda
Br 1939-1980

Sivert nydyrka 32 dekar jord, delvis i lag med faren. Bygde 2 siloar i 1950-åra og la inn stykke til kulturbeite. Dyrka både kveite og rug under krigen, men slutta med all korndyrking nokre år etter. Starta med geitehald i 1922, på same tid som på bnr 2. Då fekk dei 13 øre literen for geitemjøl, no over 3 kr. I mange år hadde han både kyr og geiter, men kutalet vart mindre, 4-6 mjølkekyr. Også sauetalet minka sterkt, til 4-5 sauer (nokre år ingen). Slutta heilt med mjølkekyr i 1971. Som attåttnæring dreiv han sølvreval frå 1933 til 1953, og tente på det pengar til å byggje stovehus for i 1940, 9,5 x 8,5 m på 2,5 m betongmur, 4 m frå mur til raft. Har og gjort store reparasjonar på løa, som har fått nye murar og nytt tak. Har selt tønneband og mykje famneved, eitt år 37 famnar.

Men snart vart det geitehald framom alt, og geitene til Sivert vart mellom dei aller fremste i heile fylket med omsyn til mjølkeyting og feittprosent. Ei geit var best i heile fylket, og ei nr 3. Og geiteflokken til Sivert vart nr 2 i fylket med omsyn til feittprosent i mjølka. På det meste hadde han over 50 geiter, no ca. 30.

Sivert har vore med i styret for Sykkylven bondelag. Brordotter hans og mannen hennar har teke over bruket.

Arvid Vedvik f 1952 på Vågsøs
g 1973 *Randi Ragnvaldsd. Gjævenes* f 1951 i Sykkylven
Born: 1. *Anne-Britt* f 1974
2. *Marita* f 1976
3. *Ragnhild* f 1979

Vedvik var først fabrikkarbeidar på Blindheim møbelfabrikk, seinare har han drive i bygningsbransjen. Bygde moderne driftsbygning på Gjævenes i 1980 til 100 geiter og ein del sauer. Teikna bygget sjølv og var sjef for byggjearbeidet. Tok over dyra på bruket 1/1 1981. Bygde stovehus 1982.

Husmannsplass under bnr 1

HAUGEN (til dagleg kalla PARAK-HAUGEN)

Severin Martinus Jonsen Gjævenes f 1820 d 1899
1852 g 1. *Elisabet Olsd. Urke* f 1808 d 1878
1878 g 2. *Johanne Jakobie Olsd. Riksheimgjerde* (1816-1890)
Plassen låg på ein haug i nærleiken av geila som gjekk nordover til bøgarden. I 1865 sådde han ½ t blk, ½ t havre og 1 t poteter. Fødde 1 ku, 4 sauer og 4 geiter. I 1875 sådde han ½ t havre og 1 t poteter og fødde 4 sauer og 3 geiter for seg sjølv, 2 kyr og 6 geiter for andre. Alt då fekk han delvis stønad frå fattigstellet. I 1887: «Husarme som må støttes.»

Bnr 5 NESBØ (til dagleg kalla BØBAKKEN)

Ole Bastian Jørgensen Myrset f 1884 d 1964
g 1910 *Susanne Nilsd. Kjemphol* (Ingarden) f 1890 d 1958
Br 1916-1954
Born: 1. *Normann* f 1912 d 1976, g *Elisabet Mathiesen* f 1908 i Trondheim. Normann var rutebilsjåfør i Oslo
2. *Alma Ida* f 1914, 1936 g 1. *Klaus Ellingsen Røsberg*. Molde, f 1903 d ca. 1970. G 2. *Elias Kleppe* frå Askøy
3. *Marie Olea Selma* f 1922, g *Sverre Hagen*, Haugesund. Skreddar. I seinare år handelsstyrar
4. *Johnny Lewis* f 1925, g p br
5. *Solveig* f 1928, g 1949 *Gunnar Monsholm* f 1924 i Flusund i Herøy
Bade Ole og Susanne var i Amerika og vart gifte der. Utvs nr 742 og 659. Ole var frå Lien under Myrset og Hovden, son til *Olave Berntsd. Myrset*

og Jørgen Nilsen Sørnes. Plassen vart utskild frå bnr 1 med skyld 64 øre 2/11 1916. Ole bygde stove i 1915 og løe i 1916.

Fødde eit par kyr og nokre sauer. Bygde geitefjøs i 1925 og geitehald vart hovudnæringa sidan.

Johnny Lewis Olsen Myrseth f 1925

1950 g Oddlaug Kvalsvik frå Hareid f 1929 d 1982

Br 1954-

Born: 1. Ottar Svein f 1951, g Reidun Berg-Rusten frå Volda, f 1950.

Han er sokneprest i Rødtvedt, Oslo

2. Steinar Magne f 1953, g Dagrund Erstad f 1954

3. Randi f 1955. lærar og bur i Tromsø

4. Jan Otto f 1957, stud. teol.

5. Solveig f 1966

Fekk skøyte frå faren i 1958. Etter ein brann i stovehuset utvida dei dette i tida 1958-1962. Heldt fram med geitehald til 1966 og hadde opp til 40 geiter. Har no berre sauer. ca. 25. Har to traktorar med ymse reiskap.

Var med i fabrikk Formfin A/S frå starten i 1946 der dei lagar stoppa møblar, m.a. sofaen Pollyx, som Rolf Wesenlund sat på som representant for sofaveljarane i TV. Myrseth har heile tida vore medeigar i fabrikk, har vore arbeidsformann og er no salssjef.

Har vore aktiv i kristeleg arbeid, m.a. som formann for Hundeidvik indremisjonsforening. og som medlem av heradstyret for kristeleg folkeparti i 20 år. I 4 år med i fylkestinget.

Bnr 2

Anders

Br 15. -1609

I 1582 er Anders nemnd åleine som brukar av 1½ v fisk under Giske, men det ser ut til at bruket vart delt alt midt på 1580-talet, slik at Anders frå ca. 1585 vart brukar av halvdelen av eit større bruk han til då hadde hatt åleine. Om dette var første delinga av Gjævenes til to bruk, er ukjent.

Salmund Ellingsen

Br ca. 1610-1634, enkja til 1640

Barn; Anders, som var ein av dei 400 båtsfolk som 21/3 1653 vart sende til militærtjeneste i København under kaptein Søren Ørbech. Med her var òg Ole Larssen Riksheim og Anders Jakobsen Riksheim. Salmund var eigar av litt jord.

Ingebrigt Pedersen d 1664

Br 1640-1664

Born: 1. Gjertrud f ca. 1642 d 1728, enkje

2. Salmund f ca. 1646. Var gardsdreng i 1666

I 1645 la Ingebrigt koppskatt for seg og kona og hadde både dreng og jente i teneste, skatt 32 skill. I 1657 krøterskatt til Giske av 1 hest, 6 kyr, 4 sauer, 1 geit. (Giske len, pk 140, legg 6.) I tida 1664-1666 var enkja brukar i lag med

Jakob Einersen

Br 1664-ca. 1685

Born: 1. Einer f ca. 1658

2. Ingebrigt f ca. 1674, tenar i Midtgård i 1701, seinare brukar i Utgård br 9b d 1740

3. Sylvia, g em. Syver Jørgensen Veibust f Nedre Kurset

Erik Knutsen Sledal sk. 18/9 1699

g Gjertrud Olsd. f ca. 1665 d 1728

Br ca. 1685-1699, enkja til 1700

Born: 1. Henrik f ca. 1695

2. Jetmund f ca. 1696

3. Ole f ca. 1698, g p br

Før ekteskap hadde Gjertrud dottera Marte Knutsd.

Sk. 1699: 1 koparkjel, 1 seksring, ½ i ei laksenot, part i ei sekkenot, 6 torskegarn. 1 hest, 8 kyr, 6 geiter, 2 sauer; 1 rye. Ingen gjeld. 93 rd. Formyndarar for borna; farbrørne Knut Knutsen Haugen i Volda og Jetmund Knutsen Raustad.

Enkja gifte seg att med

Nils Arnesen f ca. 1671

g ek. Gjertrud Olsd. Gjævenes f ca. 1665 d 1728 Br

1700-1723, halve 1723-1732

Born: 1. Sara f 1702 dp i Borgund (Magnilde Knutsd. Megard bar barnet)

2. Sara f 1704, g 1730 Knut Knutsen Kvistad. Deira dotter Marte f ca. 1733 kom seinare til Gjævenes. Sara d 1772

Nils fekk ny bygselsetel frå Uldrichs i 1720. I 1711 skatta han av 10 par skor og hadde i teneste ei jente med 2½ rd i årsløn.

Ole Eriksen Gjævenes f ca. 1698 d 1774

g 1. Eli Larsd. Årset f ca. 1681 d 1758

g 2. 1760 Anne Knutsd. Straumsheim br 1 f 1725

Br 1723-1732 (halve), 1732-1749 (heile)

Anne Knutsd. hadde sonen Knut Jonsen som voks opp på Gjævenes, brukar, d i 1774, og det var skifte etter han og stefaren same dag.

Ole fekk hygselsetel på 2 mællag + ¼ i lakseverpet 11/4 1723 frå Christen Sæd. Ole skaut fleire bjørnar i åra 1732-1734. Han og grannen Hans, Peder og Tore Midtgard. Ingebrigt og Jakob Utgård vart bøletagde fordi dei ikkje ville skyssse fullmektigen til futen då han ikkje ville betale dei skysskaffarpengar.

Ved gåvbrev av 11/11 1748 gav han sin halve hovudlott til systerdottera Marie Knutsd. Kvistad, som ved sk. etter han var einaste arving.

Sk. etter Eli 29/10 1758: Brutto 38 rd, netto 24 rd. Sk. 1774 etter Ole: Brutto 9 rd, gjeld 6-4-.

Ole var mykje nytta som takstmann ved skifte.

Peder Pedersen Utgård br 1 d 1752, 26 år

1750 g Marte Knutsd. Kvistad f ca. 1733

Br 1749-1752 (halve br), enkja til 1753

Born: 1. Knut f 1751, d 2 dg

2. Ole f 1752, levde i 1792

Peder fekk bygselsetel på 2 mællag 13/6 1749 frå amtmann Hagerup. Sk. 25/5 1752: Brutto 80 rd, netto 70 rd.

Mor til Marte Knutsd., Sara Nilsd., var frå Gjævenes. Marte gifte seg att 1753 med

Ote Paulsen Fet f ca. 1718 d 1771

Br 1753-1771

Born: 1. Eli f 1754, g p br

2. Peder f 1756

3. Brit f 1758, unemnd i 1771

4. Paul f 1760

5. Peder f 1763

6. Berte Marta f 1767, g 1819 em. Martinus Halkjellsen Oppsal

7. Randi f 1770 d 1842, g 1802 Mons Knutsen Strandabø

Bygselsetel på ½ v 10/1 1753 frå etatsråd Hagerup.

Sk. 1771: Brutto 53 rd. netto 26 rd.

Knut Jonsen Gjævenes d 1774

g 1771 ek. Marte Knutsd. Gjævenes d 1776. 42½ år

Br 1771-1774, enkja til 1775

Barn: Olave f 1772

Knut fekk bygselsetel 15/5 1773 på 4 mællag frå Ole Honningdal. Sk. 1774:
Brutto 56 rd. netto 50 rd.

Peder Jenssen Emlen f 1739 d 1817

1776 g 1. Eli Olsd. Gjævenes f 1754 d 1792 (barsel)

1794 g 2. Lisbet Olsd. Straume f 1758 d 1832

Br 1775-1804

Bygselbrev frå Nils Pedersen Rørvik 20/8 1775,

Sk. 1792 etter Eli: 108 rd, netto 72 rd.

Sk. 1819 etter Peder: 108 spd, netto 104 spd.

Sk. 1832 etter Lisbet: Lars K. Vik kjøper stovebygninga, ei lita røykstove med blyvindaug og med «fordør og sval» for 8-2-12. - 1 koparkjel, 1 djupt tinnfat, 1 sølv fingerring, 1 ku, 3 bakslekjevler, 2 gamle hiter, 4 ryer, 1 kvitt dreiels tørkle, 1 blå kledestrøye, 1 bordduk, 50 leiver flatbrød, 1 Møllers huspostill, 1 salmebok, 1 «Bedendes Kjede», 4 gamle bøker 4 skill. Brutto 67 spd, netto 59 spd.

Han fekk kår av ettermannen Målar-Ola i 1804.

Ole Kristiansen Vegsundrabben d 1849, 74

1803 g Ragnhild Jørgensd. Fet f 1774 d 1859

Br 1804-1807

Fekk bygselsetel frå Knut Anderssen Svartebekk 24/6 1804. Som så ofte elles vart namnet til ein Ola skrive Ole. Ole gjorde militærtjeneste i sjøetaten. I 1805 vart han stemnd for forlikskommisjonen fordi han «egenmægtigen indledet sin kone i Søkvelven kirke uden at ville lægge den med sådanne forretningar brugelige betaling». Ole nekta å betale og saka vart vist til retten. Den tida måtte det betalast ei avgift når ei kone kom til kyrkje att etter ein fødsel.

I 1807 vart Ole plassenmann under bruket. Sjå br 3.

Peder Iversen Overvoll f 1771 på Stranda

1807 g Petrine Olsd. Gjerde F. f 1785 på Stranda

Br 1807-1832

Born: 1. Ole f 1806, d 1896 på Halvorsæter

2. Marie f 1809

3. Marie f 1811, d ug 1855

4. Iver f 1812 d 1895, 1844 g Anne Birgitte Olsd. Vestre

5. Olave Marta f 1815 d 4 veker

6. Peter Karolus f 1816 d 1819

7. Olave Petrine f 1819, d 1911, g 1853 plm Peter Andreassen Lid
8. Karen Marte f 1822 d 1894, g 1849 Rasmus Nikolaisen Overå f 1816
9. Johanne Marie f 1824 d 1892, g em. Annanias Ols. Standal (1813-1903), bustad Tranvåg
10. Karoline Elisabet f 1828
11. Petter Karolus f 1830 d 2 mnd

Peder fekk bygselsetel 29/10 1807 frå Knut Anderssen Svartebekk. Kår til Ole Kristiansen. Familien flytte til Halvorsæter i 1832. Peder var legdsman.

Peder Olsen Tvergrov f 1799 d 1864

1828 g Anne Marte Arnesd. Årsnes f 1807 d 1898

Br 1832-1840

Born: 1. Eline f 1830 på Halvorsæter

2. Ingeborg Pernille f 1833 på Gjævenes

3. Anne Oline f 1836 d 1842, 6½ år

Peder bygsla i 1828 ein plass under Halvorsæter av Martinus Knutsen. Seinare same året kjøpte han bruket til Martinus, bnr 3 for 125 spd. Men i 1838 var 70 spd av dette enno ikkje betalt. I Hundeidvik fortel tradisjonen at Peder Ols. Halvorsæter og Peder Iversen Gjævenes i eit bryllaup vart samde om å byte gard, slik at dei kom nærare kvar sin heimstad. (Det siste stemmer knapt for Peder Iversen som var frå Stranda.) Men dei bytte gard. På Ørskog var Peder Olsen kalla Fjords-Pe (han kom frå Hjørundfjorden). Då det no kom ein ny Pe, vart han kalla Års-Pe (motsett Fjors-Pe).

At Peder Olsen var komen til Gjævenes alt i 1832 ser vi av eit notat i forliksprotokollen, der Peder Olsen lovar å betale for korn han hadde fått frå bygdemagasinet med Lars Olsen Vestre som kausjonist. Peder skreiv under med eiga hand og skreiv Peder Olsen Gjæve.

I 1833 bygsla Peder Olsen bort bruket på Halvorsæter til son til «Års-Pe», Ole Pedersen Sæter.

I 1834 vart Peder Olsen stemnd for forlikskommisjonen fordi han ikkje hadde betalt slåtteløn til Ole Andreas Olsen Søvik. Peder Olsen «udeblev aldeles» og saka gjekk til retten.

Den 29. des. 1834 skreiv Peder Olsen under ein forpaktningkontrakt med jordeigaren, handelsmann Tommesen i Tusvik.

Det vert fortalt at Peder var lat. Ein gong var eitt eller anna på taket laust og måtte festast. Til det brukte Peder stornavaren, og der vart navaren ståande.

Den 5. des. 1836 var Peder stemnd for forlikskommissjonen av jord-eigaren «for ikke å ha vedlikeholdt husene . . ., samt for å ha gitt andre lov til å hugge i skogen, likeså for at han ikke holder gården i tilbørlig stand, ei heller har betalt forpaktningssavgift eller kirketienende. Uagtet lang mægling kunde intet forlig opnåes, altså blev saken henvist til retten»,

Peder vart utkasta ved dom, og bygda laut hjelpe han til å få seg ein plass i Utgård (Hoggapl.). Meir under bnr 11 Utgård.

Jørgen Olsen Kurset br 2 f 1810 d 1862

1836 g 1. Anne Birgitte Pedersd. Utgård f 1811 d 1853 (frå Utgård bnr 3)

1855 g 2. Petrine Jonsd. Gjævenes f 1823 d 1864 (frå Gjævenes bnr 1)

Br 1840-1862, enkja til 1864

Born: 1. Berte Severine Nikoline f 1838 d 1840

2. Bernt Olaus f 1855 d 3 mnd

3. Berte Marie f 1858 d 1945, g 1882 Nikolai Olsen Fet (Jørng.) f 1859

4. Jens Bastian f 1860, g p br

Fekk skøyte frå Tommesen 13/6 1840.

I 1845 sådde han ½ t bygg, 1½ t blk, 3 t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 8 geiter, 1 gris.

Eid til konstitusjonen i 1842. Medlem av heradstyret. Den 7. febr. 1851 møtte han ikkje til heradstyremøte på grunn av fiske. Kring halvparten av heradstyret møtte ikkje då av same grunn. - Jørgen reparerte husa og dreiv garden skikkeleg, men dreiv mykje fiske. Han vart berre vel 51 år. Det vert fortalt at han fekk «blodstyrning» då han var ute og rodde i ein fæl storm.

Stovehuset hadde ein gang i midten med ei stove på kvar side. I kvar ende var eit kammers. Løbygninga hadde høy- og kornløe med hestestall og to fjøsar under. I 1847 vart husa på garden takserte slik: Stovehuset 100 spd, løa 90 spd, stabburet 18 spd, båtnaustet 14 spd, sela (eitt av tømmer og eitt av mur) 3 spd.

I 1864 vart dei same husa takserte slik: 150 spd for stovehuset, løa 100 spd, stabburet 16 spd, treringsnaustet 8 spd og sela 2 spd.

Bruket i det heile vart i 1847 taksert til 600 spd, i 1864 til 800 spd.

Sk. 5/12 1863 etter Jørgen: Brutto 907 spd, netto 865 spd. Etter Petrine var der sk. i 1864 og same året (27/5) auksjon med sal for 304 spd.

Ved sk. etter Jørgen fekk enkja ½ av bruket, sonen Jens den andre ½. Ved sk. etter mora vart Jens eigar av heile bruket, 4 år gammal.

Frå skifta etter begge kan nemnast: 1 sølvskei med rundt blad, 1 sølv-tomling, 1 gryte på nesten 70 l, 1 på 17 l, 1 på 6 l og 1 på 2 l. 1 smørkinne,

bakstehelle, 2 skjæringar på 9 og 13 lag, jarnkakkeldomn på to etasjer, ei seng måla J.O.S.G. 1847 A.B.P.D.G. 1 rennebom, 1 vevstol, 2 rokkar, 15 mjølkeringjer, 2 koparkjellar, 1 stoveklokke med blylodd, 1 brunblakk hoppe 1½ år 12 spd, kyrne Lukrei, Skautrei, Kindfaks, Gulltavle, Gullrand, Rype. 3 geiter, 5 ersauer, 1 gris, kalvar og kje. 300 leivar flatbrød 1-3-8, 2 skinnstakkar, 2 par sjøstøvlar, 1 grå rundtrøye, 1 sjøtrøye med svart ullfor, 1 ny mørkegrå vadmålsbukse, 1 silkevest med blanke knappar, 1 blå kledesvest, 1 svart filthatt, 1 ny blå kledestrøye, 1 svart do., 1 svart blomstra kalemanes stakk, 1 ny grøn einskjeftes stakk, 1 blå einskjeftes stakk med rosa skoduk, 1 svart kledes snørliv, 1 mørk kattuns forkle, 1 svart silketørkle med bordar, 1 lomme med massinglås, 1 setelbok med massingkjede, 1 tinnfat, 1 tinn smørkanne, 1 stallveikje med reim, 1 revesaks, 1 trering med segl og reie 20 spd, 1 færing med segl og reie 6 spd, 1 eggjaline, 1 torskeline, 1 hyseline, 1 djupsogn med jarnstein, 2 tyskedubbel, 3 sommarsildgarn, 3 vårsildgarn, 2 smågarn, ½ i ei kastenot, høvlebens. $\frac{1}{11}$ i ei slengjenot, 2 slipesteinar (1 med jarnås), 1 langorv, 19 stutturv, 1 høvelbens, navrar, 3 ryer 12 spd. 1 Müllers huspostill, 1 Thomas Falster, 1 evangelisk-kristeleg salmebok, 1 Kingos salmebok, Adgang til Nådestolen.

Matrikkelførebuingar-arbeidet har desse oppgåvene som er førde på enkja: 30 dekar åker og dyrka eng «af udmerket god beskaffenhed», 25 dekar god natureng, meir kan dyrkast. Sår ½ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Avlar 3 t bygg, 12 t blk, 20 t havre. 21 t poteter. Hamnegangen er «udmerket god i enhver henseende». Bjørk og bandstaker til sal, lauvskog som førsurrogat, «noget letbrugt».

Ho som vart den neste gardkona på bruket var alt tenestjente på Gjævenes.

Hans Johan Pettersen Jarnes br 1 f 1833 d 1911
1864 Marte Jørgensd. Blakstad br 2 f 1838 d 1912
Br 1864-1882

Born: 1. Jens Peter f 1865, 1890 g Tomasine T. Hundeide br 2. Bustad Narvik (Svartebekk)
2. Petter Johan Bastian f 1868, g 1891 Anne Utgård f 1867 på bnr
3. Bustad Utgård (Stormyr) br 8
3. Petrine Bastiane f 1870, g Andreas A. Midtgård, pl. under br 3
4. Marie Regine f 1873, d ug 1917, syerske
5. Johanne Birgitte f 1873 (tvill.) d 1954, arb. ved Langevåg fabr.
6. Jens *Jørgen* Martinus f 1878, d 1963, g Lisa Jakobsd. Emlemsgvåg (1886-1963). Budde Emlemsgvåg.

Hans Johan var eigar av ein plass på Jarnes, men valde å verte paktar på Gjævenes. Han betalte 125 spd i bygselsum og fekk bygselsetel 21/6 1864. I årleg avgift skulle han svare 2 spd dei 2 første åra, sidan 4 spd årleg. Han skulle få same arbeidsdagar frå plassemannen på Bøen som Jørgen fekk. Skulle byggje nytt stabbur av høveleg storleik. Kunne hogge skog for sal, men ikkje kavleskog. Skulle utan vederlag oppfostre dei to borna til Jørgen og Petrine til dei var 16 år. Etter 18 år skulle han gi frå seg bruket og skulle då få dette kåret: 3 v bygg, 11 v halvbygg, 10 v havre. 2 kyr og 5 småfe, eit stykke udyrka mark til potetavling på 25 kvadrat alen, og yte 6 dagars arbeid om våren, 12 dagar i slåttan og 12 dagar om hausten.

I 1865 sådde han ½ t bygg, 2 t blk, 3½ t havre og 2½ t poteter. Fôra 1 hest, 9 kyr, 15 sauer og 10 geiter. I 1875: Sådde 3 t blk, 5 t havre, 4 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 4 kalvar, 21 sauer, 1 gris.

Jens Bastian Jørgensen Gjævenes f 1860 d 1926

1881 g 1. Jakobia Olsd. Bjørke f 1852 d 1897

1899 g 2. Marte Helgesd. Drabløs f 1860 d 1938

Br 1882-1920

Born i 1. ekteskap:

1. Peter *Johan* Edvard f 1882, d 1909. Utvs nr 396

2. Ole Andreas f 1884, utvs nr 398

3. Laurits Bastian f 1887 d 1911. Utvs nr 397

4. Hans Karl Olaus f 1889 d 1953. Utlærd bakar. Dreiv kolonialforretning i Ålesund frå 1916, sidan også mange mjølkeutsal. Flytte til Hamar i 1933 og starta Østlandske Margarinfabrikk. Hjelppte folk over grensa til Sverige under krigen, vart arrestert av tyskarane og sat lenge på Grini.

5. Anna Josefine f 1891 d 1922, g 1914 Karl P. Myrset

6. Jens Olai f 1894 d 1895, 9 mnd

7. Josefine Oline f 1894 (tvill.) d 1895

8. Jens Hjalmar f 1897, g p br

Born i 2. ekteskap:

9. Jakobia Karoline (Bia) f 1900 d 1958, g Ingvald Sellereite frå Hjørundfjord (1895-1958)

10. Olava f 1902 d 1918

11. Martin Hilmar f 1905, cand.philol., lektor

12. Monrad Ludvik Torolf f 1908 g 1933 Klara Jakobsen f 1908 i

Gildeskål d i 1974. Trygdesjef. Bustader Oslo, Gildeskål, Hamar.

I ungdomsåra dreiv Jens Jørgensen fiske. Han visste at han skulle ta over garden 22 år gammal. Han førde rekneskap som 18-åring. Døme på prisar

i 1878: 1 navar 5 skill., sylv 2 skill., 1 hammar 6 skill., notisbok 4 skill., 1 stang lakk 6 skill. 1879: Urkjede kr 9,60, hatt kr 7,20, hue kr 2,20, subskripsjon på Folkebladet kr. 1,20, subskripsjon på Stortingsefterretninger 30 øre, part i ein båt 40 kr., ½ ein færing 18 kr., ½ i ein trering 20 kr., 1 skrivepult 3 kr., 2 sildegarn 1 kr., 1 sleggje kr 1,40, 2 minebor 2 kr, høvle benk 20 kr.

20 år gammal var han med å starte eit samtalelag om samfunns spørsmål. Var med i heradstyre og formannskap og i første likningskommisjon etter skiljet frå Ørskog. Var medhjelpar, domsmann, åstadskommisær etc.

I nokså mange hus i bygda vil det finnast utkast til juridiske dokument av ymse slag som han skreiv for folk: skjønnsforretningar, skylddelingsforretningar, skøyter o.a. Og han vart ofte vald til oppmann i slike saker. Han skreiv lovene for Hundeidvik Meieri, og i 1890-åra skreiv han fleire artiklar i Ålesundsavisene om ymse spørsmål, t.d. om mjølkekontroll. Ein lang 1. sides artikkel er å finne i Smp for 30/11 1896.

Folk kom til han med sår som han stelte for dei. Særleg i dei første åra på 1900-talet hadde han mykje leigehjelp, til bryting, grøfting, fylling, rydding og steinkøyting, somme dagar opp til 7 mann. Daglønna deira var i 1901 kr.1,10. Ein av arbeidarane budde med familie på Gjøvenes. Det var Lidvard Olsen Høyby f 1854 i Vang på Hedmark. Son deira, Johan, vart fødd på Gjøvenes nyårsdag 1901. (Sjå Svartebekk).

I 1917 selde Jens Jørgensen 2 skogteigar i Gjøvestranda til Ålesund kommunes provianteringsråd. Dei kunne hogge all slags skog bortsett frå hatl, og ein flokk svenske skogsarbeidarar kom til Gjøvenes og budde der ei tid. Forfattaren av dette bandet, då 12 år, hugsar at svenskane smurte tjukt med meierismør på knekkebrødet, medan vi måtte bruke svinesmør.

Jens Jørgensen bygde nye stovehus i 1886 og ny løe i 1905. Av steinen som vart køyrd av bruket bygde han kai, og hadde endå rikeleg til å lage tørkeplass til fisketørking. Dyrka mykje jord og fekk i 1918 sølvmedalje og diplom frå Møre Landbruksselskap for nydyrking.

Jens Hjalmar Jenssen Gjøvenes f 1897

1920 g Olivia Olsd. Midtgård f 1894

Br 1920-1974

Born: 1. Jon f 1925 d 1926

2. Jon Laurits f 1927

3. Oddrun Aslaug f 1931, g Harry Garli f 1933. Bustad Ånes under Hundeide.

Jens dreiv borgundfjordfiske nokre år. Sette motor i treringen og brukte

den både til fiske og til frakting av famneved og andre varer til byen. Hadde geiter nokre år og sølvrev i 12 år. Bygde nytt sel på heimsetra i 1929, bygde siloar og køyrebru til øvstelåven. Kjøpte traktor med reiskap og brukte den både på garden og i arbeid for andre.

Var mykje med i kommunalt styre og stell: Med i kommunestyret i 5 bolkar, med i formannskapet, med i skjønnsnemnd i 20 år, med i forstandarskapet for Sykkylven Sparebank. Medhjelpar.

Har hatt teikning og landskapsmåling som hobby, sjøvlærd. Under krigen gøynde han engelske soldatar på garden og i Gjøvestranda slik at tyskarane ikkje fann dei, og etter krigen fekk han eit diplom frå England med denne teksten: «This certificate is awarded to Herr Jens Gjaevenes as a token of gratitude for and appreciation of the help given to the sailors, soldiers and airmen of the British Commonwealth of Nations, which enabled them to escape from, or evade the capture by the enemy.

Air Chief Marshal Deputy Supreme Commander, Allied Expeditionary Force 1939 - 1945.»

Den 6/9 1774 fekk sonen Jon skøyte på bruket, men Jens dreiv bruket endå nokre år, for Jon hadde stilling i Ålesund som utskiftingsmann. Han har examen artium, er kandidat frå Ås landbrukshøgskule på utskiftningslina. Dei siste åra har andre slege graset på bruket, og huset står tomt etter at Jens og kona flytte til kvileheimen.

Gnr 3 BØEN

Ole Kristiansen Vegsundrabben f ca.1775 d 1849

1803 g Ragnhild Jørgensd. Fet

Br 1807-1849, enkja til 1854

Born: 1. Lydiane Olave f 1803, d 1866, ug legdslem

2. Kristiane Johanne f 1804, g p pl

3. Jakobine Eline f 1807, g 1844 David Andersen Drabløs eller Loen

4. Magnus Elias f 1808, d 14 dg

5. Timoteus f 1810, d 17 veker

6. Berte f 1812, g 1846 Peter Martinus Petersen Grebstad f Hjelle

7. Hans f 1814 d 17 veker

Sjå bnr 2, der han var brukar nokre år. Fekk i oppdrag å måle sykkylvs-kyrkja, som bygdefolket hadde kjøpt i 1809. Medan han heldt på med det, budde han så å seie i kyrkja, vert det fortalt. Var elles mest kjend som rosemålar. Karen skreiv seg for Sandvik før han kom til Vegsundrabben og var kanskje frå Sandvik i Stryn. Då Målar-Ola døydde, trykte «Post-

budet» nr 13, «løverdagen» den 31. mars eit innsendt dikt «I anledning pladsemand og måler Ole Christiansen Gjævenes' Endeligt». Det var 8 sekslinja vers og byrja slik

Han er nu død, den elskte gode Gamle
min Faders, min og Manges edle Ven.

Bokstavane t.o.b. K. .n står for T.O.B. Knudsen frå Kursetgjerde.

Kristian Amundsen Trandal f 1828 d 1913

g 1. 1854 Kristiane Johanne Olsd. Gjævenes f 1804 d 1882

g 2. 1882 Berte Laurentse Pettersd. Riksheim (Velle) f 1845 d 1910

Br 1854-1909

Born: 1. Karl Andreas Martinus f 1885, g p pl

2. Petter Johan Bastian f 1887, utvs nr 401

Fekk byggesetel frå L. Tommesen 21/1 1854 på eit stykke bømærk og eit stykke utmark. Årleg landskyld 1 spd 1 ort. 6 dagars arbeid for Jørgen Olsen først i slåttan mot å få låne hest. Gjeting etter krøtortal. Får hogge ved i ein teig i Gjævestrande og slå innafør Halvtungegjelet.

Plassen vart taksert til 225 spd med hus eit par år seinare, og i 1863 var taksten 375 spd.

Sådde i 1865 1½ t blk, 1 t poteter. Fôra 2 kyr, 3 sauer, 3 geiter. I 1875: Sådde 1 t blk, ½ t poteter. Lærde rosemaling av 1. kona. Dreiv med blekkarbeid i 1900.

Karl Kristiansen Gjævenes f 1885 d 1969

1909 g Johanne Maria Nilsd. Kjemphol (Ingarden) f 1883 d 1968

Br 1909-1960

Born: 1. Kristine f 1910, g 1936 Astor Petter Vegsund f 1909

2. Sverre f 1911, sjå bd 1 s 251

3. Jenny Sigrid f 1913, g 1. 1934 Ragnvald Myklebust (1900-1934),
g 2. 1945 Jens Tandstad. Sjå bd 2 s 284

4. Nancy Laura f 1917, g 1949 Ragnvald Fiksdal f 1913. Bustad
Fiksdal

5. Johanne Karoline f 1920, g p pl

Utvns nr 400. I kjøpekontrakten av 1909 er plassen kalla «Lillebø». Plassen skal ha «havnegang i Gjævestranden og i den fælles beitemark i Hundeid-dalen efter pladsens vordende skyld». Gjeting etter krøtortal.

Karl hadde for det meste 3 kyr, nokre sauer og geiter. Var murar, dreiv fiske i Borgundfjorden, og fisketørking. Ca. 12 dekar dyrka mark. Bygde ny løe i 1937.

Ole Henriksen Bjørkavåg f 1916
1940 g *Johanne Karlsd. Gjævenes* f 1920
Br 1960-

Born: 1. Jarle f 1941, bygningsmann, bur på Kurset, s.d.
2. Ove f 1945 g *Lillian Odin* frå Horten. Bur i Horten, arb. formann på båtbyggeri
3. Kjell Henry f 1949, sjå bnr 6
4. Håkon f 1953 g *Jorunn Moldestad* frå Selje
5. Bodil f 1955, g *Jan Myrbostad*, bur i Fræna

Ole Bjørkavåg har vore fiskar og fangstmann på Ishavet. I seinare år møbelsnikkar og oppsynsmann for laksefiske. Bygde nye stovehus i 1946, 9 x 8 m, 2½ etasjer. Fekk skøyte på bruket frå Karl 11/8 1960.

Bnr 6 NYTUN

Utskilt frå bnr 3 i 1973, skyld 1 øre
Kjell Henry Olsen Bjørkavåg f 1949
1972 g *Eva Benjaminsen* frå Skjervøy f 1953

Born: 1. Mona Vibeke f 1972
2. Beate f 1973
3. Kjetil f 1979

Bygde stovehus i 1973. Var i fleire år stuert på fiskebåt. Frå ca. 1977 bygningsarbeid i lag med broren Jarle.

Husmenn under Gjævenes.

Peder Olsen d 1847, 80 år
g 1807 *Berte Ingebrigtsd. Utgård* d 1867, 94 ar
Etter nokre år på Gjævenes flytte desse til Hundeide og er tekne med der.

Hans Pedersen Vold (Sagar-Hans)
flytte frå Gjævenes til Midtgård, der han budde lengst, og er teken med der.

Arne Hågensen Valldal f 1757 d 1820
g *Kristi Olsd.* f c a . 1760

Born: 1. Berte f 1790, budde sidan i Eidsdal
2. Hågen f 1793, voks opp på Gjævenes og Muri, budde sidan på Alstadsæter. Gift 3 gonger
3. Bolette f 1798 d 1881

4. Andrine f 1800 (ei vart kalla Anne Boletta og er kanskje identisk med Bolette)

Arne Hågensen var nr. 5 av 10 sysken. Han flytte frå Gjøvenes til Muri, så til Mid-Hjelle. I folketeljinga for 1801 står det under Gjøvenes «Leier hus, ere fattige.» Ein av sønesønene til Hågen Arnesen vart skomakar i Ålesund. Denne huslyden budde i 1801 på Gjøvenes bnr 2. Frå Norddalen flytte Arne Hågensen til Romsdalen.

Gjøvenes. Bnr 1, 5
2, 3, 6.

BUMERKE FRÅ GNR. 34 - GNR. 57:

STRAUMSHEIM

34A Ole Jonsen Myrset 1721

RIKSHEIMGJERDE

35A Ole Jørgensen 1748

ERSTAD

37A Ole Larssen 1719

STAVE

38A Erik Olsen Åse 1729

38B Peder Olsen Ner-Ljøen 1808

INDRE IKORNNES

41A Ole Pedersen 1706

41B Peder Ellingsen 1745

41C Ole Ellingsen 1804

YTRE IKORNNES

42A Jakob Iversen 1629

42B Nils Ellingsen

42C Elling Nilssen

JARNES

43A Anders Ellingsen 1745

SVARTEBEKK

48A Erik Larssen 1710

48B Erik Larssen 1729

48C Lars Eriksen 1749

48D Paul Pedersen 1755

HATLEMARK

49A Ole Ellingsen 1629

49B Ingebrigt Olsen 1709

49C Stener Paulsen 1768

KURSET

50A Ole Jetmundsen 1721

50B Jetmund Jørgensen 1744

50C Jørgen Jetmundsen 1760

KURSETGJERDE

51A Knut Olsen

HOVDEN

52A Nils Hanssen Rise 1769

UTGÅRD

54A Ole Knutsen 1719

54B Peder Knutsen 1745

54C Ole Jetmundsen Kurset 1758

54D Jetmund Knutsen

54E Paul Hoversen Velle

MIDTGÅRD

55A Ole Jonsen 1626
55B Ole Jonsen 1627
55C Ole Jonsen 1629
55D Hans Olsen 1661
55E Knut Hanssen 1696
55F Endre Olsen
55H Ole Sjursen 1704
55I Ole Sjursen 1724
55G Ole Endresen
55J Peder Olsen 1741
55K Ole Jonsen Rise 1764
55L Ole Knutsen Myrset

HUNDEIDE

56A Tore Olsen

GJÆVENES

57A Peder Jenssen
57B Peder Larssen 1728
57C OlePaulsen Fet

Fleire bumerke er med i:
«Bumerke frå Sunnmøre» v/L.
Strømme

Kjelder **(arkivkjelder, litteratur, etc.)**

Aktstykket til norske stændermøders historie.
Amtmennes 5-års beretninger.
Aslak Bolts jordebok.
Auksjonsprotokollar.
Bergenhus lensrekneskap.
Bergens borgerbøg 1550-1751.
Bergen Stiftamtstue-rekneskap.
Bispearkivet SB (diverse protokollar).
Branntrygdslag-protokollar.
Brev frå bygdefolk.
Bugge: Aalesunds Historie.
Bygdebøker.
Dagbøkene til nokre frå bygda.
Dahl: Grunntrekk i historieforskningens metodelære.
Diplomatarium Norvegicum.
Ekstrarettsprotokollar.
Emigrantprotokollar.
Erslev: Historisk teknik.
Folketeljingar.
Formannsskapsprotokollar,
Forlikskommissjons-protokollar.
Futens kassabøker.
Futerekneskap.
Fylling: Folkesagn og historiske optegnelser.
Heimen.
Holmsen: Gård og gods i Norge i eldre tid.
Holmsen: Gård, skatt og matrikkel.
Hundeidvik meieris protokollar.
Instituttet for sammenlignende kulturforskning (innsamla opplysningar om gardane i Sykkylven).
Jordebøker.

Kiil: Arkivkunnskap.
Kongelige resolusjoner (RA).
Kyrkjebøker.
Lydbandopptak av samtalar med bygdefolk.
Manntal.
Militære rullar (SB).
Møre-aviser.
Norske Relations- og Resolutionsprotokoller (RA).
Norske rigsregistrarer og jordebøker.
Norsk historisk kjeldeskriftsinstitutt (1500-tals dokument).
Norsk historisk leksikon.
Olsen: Ættegard og helligdom.
Pantebøker og panteregister.
Rygh: Norske Gaardnavne.
Skifteprotokollar.
Skuleprotokollar for Sykkylven og Ørskog.
Strøm: Søndmørs Beskrivelse.
Strømmes Samlingar (SB).
Sunnmøre historiske lags tidsskrift.
Sykkylven kommunale kraftverk 50 år (1918-1968).
Tingbøker.
Uavhentede originaldokumenter fra sorenskriveren (ST),
Utrykte diplom (RA).
Utskiftningsprotokollar.
Vårt folks historie I-IX.
Ørskog kyrkje (protokollar om jordegods etc.).
Aasen: Norsk ordbok.
Åstadsarkivet i ST.

Dessutan må nemnast notat frå samtalar med bygdefolk, og opplysningar på spørjeskjema, som somme svarte på, andre ikkje.

Korrigering til side 593:(innkomne opplysningar frå Anne Karin)

Bnr 29 Kårstad.

Kåre Abelseth og Petra Abelseth.

Barn: Anne Karin f i Trondheim 1959, adobtert i 1962.

Petra gifte seg att med Rolf Rotnes.

Anne Karin tok over bnr 29 i 1974.

G Lars Petter Dahle f 1959. Dei vart skildt i 1999.

Born:1. Kristine Renate Abelseth f 1979

2.Espen Andrè Abelseth Dahle f 1984